



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2021

Utgiftskapittel: 200–292 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3292, 5310 og 5617



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2021

Utgiftskapittel: 200–292 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3292, 5310 og 5617

Innhold

Del I	Oversikt over budsjettforslaget frå Kunnskapsdepartementet ..	11	Kap. 241 Felles tiltak for fagskular	137
1	Hovudinnleiing	13	Kap. 242 Noregs grøne fagskule – Vea	138
2	Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskaps- departementet	20	Kap. 3242 Noregs grøne fagskule – Vea	139
3	Oppfølging av oppmodningsvedtak	25	<i>Programkategori 07.50</i>	
Del II	Nærare om budsjettforslaget ...	49	<i>Kompetansepolitikk og livslang læring</i>	140
4	Nærare om budsjettforslaget ...	51	Kap. 251 22. juli-senteret	147
	<i>Programkategori 07.10 Administrasjon</i>	51	Kap. 252 EUs utdannings- og ungdomsprogram	148
	Kap. 200 Kunnskapsdepartementet	51	Kap. 253 Folkehøgskular	149
	Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet	54	Kap. 254 Studieforbund mv.	151
	Kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag ...	54	Kap. 255 Tilskot til freds- og menneske- rettssenter	153
	<i>Programkategori 07.20 Grunnopplæringa</i>	57	Kap. 256 Kompetanse Noreg	156
	Kap. 220 Utdanningsdirektoratet	73	Kap. 3256 Kompetanse Noreg	157
	Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet	78	Kap. 257 Kompetanseprogrammet	157
	Kap. 221 Foreldreutvala for grunn- opplæringa og barnehagane	78	Kap. 258 Tiltak for livslang læring	160
	Kap. 222 Statlege skular og fjernunder- visningstenester	79	<i>Programkategori 07.60</i>	
	Kap. 3222 Statlege skular og fjernunder- visningstenester	80	<i>Høgare utdanning og forskning</i>	163
	Kap. 224 Tilskot til freds- og mennesker- ettssenter	81	Kap. 260 Universitet og høgskular	173
	Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa	82	Kap. 270 Studentvelferd	178
	Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa	91	Kap. 271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga	179
	Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	91	Kap. 3271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga	180
	Kap. 227 Tilskot til særskilde skular	105	Kap. 272 Direktoratet for inter- nasjonalisering og kvalitets- utvikling i høgare utdanning	180
	Kap. 228 Tilskot til frittstående skular o.a. ..	108	Kap. 273 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning	182
	Kap. 229 Noregs grøne fagskule – Vea	113	Kap. 274 Universitetssenteret på Svalbard .	183
	Kap. 3229 Noregs grøne fagskule – Vea	114	Kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forskning	183
	Kap. 230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem	114	Kap. 3275 Tiltak for høgare utdanning og forskning	185
	Kap. 3230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem	116	Kap. 280 Felles einingar	186
	<i>Programkategori 07.30 Barnehagar</i>	117	Kap. 3280 Felles einingar	188
	Kap. 231 Barnehagar	125	Kap. 281 Felles tiltak for universitet og høgskular	189
	<i>Programkategori 07.40</i>		Kap. 284 Dei nasjonale forskingsetiske komiteane	191
	<i>Høgare yrkesfagleg utdanning</i>	131	Kap. 285 Noregs forskingsråd	192
	Kap. 240 Fagskular	135	Kap. 286 Regionale forskingsfond	197
			Kap. 287 Basisløyving til samfunns- vitskaplege forskingsinstitutt	198
			Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak ...	202
			Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak ...	206
			Kap. 289 Vitskaplege prisar	207

<i>Programkategori 07.80 Utdanningsstøtte</i>	208	7	Nøkkeltal for barnehagesektoren	275
Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning ...	210			
Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning ...	220			
Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning	221	8	Likestilling og arbeid mot diskriminering	286
<i>Programkategori 07.90</i>		9	Oppfølging av FNs berekraftsmål 4	292
<i>Integrering og mangfald</i>	222			
Kap. 290 Integrerings- og mangfalds- direktoratet	231	10	Fornye, forenkle og forbedre ..	297
Kap. 3290 Integrerings- og mangfalds- direktoratet	232	11	Konsekvensar av covid-19- pandemien i kunnskaps- sektoren	299
Kap. 291 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara	233			
Kap. 3291 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara	244	Forslag		309
Kap. 292 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrara	245	Vedlegg		
Kap. 3292 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrara	248	1	Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak	320
Del III Omtale av særlege tema	249	2	Tildeling til universitet og høgskular	322
5 Oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgare utdanning	251	3	Byggtabellar for universitet og høgskular	324
6 Nøkkeltal for grunnopplæringa	259	4	Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder under Kunnskapsdepartementet ..	326
		5	Underliggande verksemder o.a. ...	350

Tabelloversikt

Tabell 3.1	Oppmodingsvedtak	25	Tabell 4.7	Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 i 2019	92
Tabell 4.1	Løyvingar på kap. 201, post 21 ...	56	Tabell 4.8	Oversikt over løyvingar til tiltak for å støtte målet om eit godt og inkluderande læringsmiljø ...	92
Tabell 4.2	Tilskot til freds- og menneskerettssenter	81	Tabell 4.9	Oversikt over løyvingar til tiltak for å støtte målet om å utvikla potensialet sitt	94
Tabell 4.3	Tal på grunnskuleelevar med samisk som første- og andrespråk	84	Tabell 4.10	Oversikt over løyvingar til tiltak for å støtte målet om kompetanse	95
Tabell 4.4	Talet på elevar/deltakara i fengsel og oppfølgingsklassar og tilbakeføringsprogram gitt i totaltal og gjennomsnitt, fordelt etter opplæringstype	87	Tabell 4.11	Oversikt over løyvingar til tiltak for å støtte målet om at alle lykkast	96
Tabell 4.5	Talet på søknader om tilskot for lærlingar og læreandidatar i perioden 2010–19	88	Tabell 4.12	Andre tiltak	99
Tabell 4.6	Fordeling av tilskot på kap. 225, post 75	90	Tabell 4.13	Fordeling av tilskot på kap. 227, post 63	106

Tabell 4.14	Fordeling av tilskot på kap. 227, post 78	107	Tabell 4.40	Fordeling av midlar til kommunale innvandrartiltak i 2019	237
Tabell 4.15	Friskular, tal på skular og elevar	109	Tabell 4.41	Fordeling av midlar til kommunale innvandrartiltak i 2021	239
Tabell 4.16	Fordeling av tilskot over kap. 228, post 79	112	Tabell 4.42	Fordeling av tilskot til integreringsarbeid i regi av sivilsamfunn og frivillige organisasjonar i 2019	240
Tabell 4.17	Fordeling av midlar til oppfølging av kompetansestrategien for barnehagar i 2019	126	Tabell 4.43	Tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet	242
Tabell 4.18	Fordeling av midlar til andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehagetilbodet i 2019	126	Tabell 4.44	Satsar for persontilskot	247
Tabell 4.19	Resultatrapportering 2019, kap. 241, post 21	137	Tabell 5.1	Foreslåtte løyvingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane	254
Tabell 4.20	Talet på besøkande ved 22. juli-senteret i perioden 2015–19	148	Tabell 5.2	Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet	255
Tabell 4.21	Elevtal i folkehøgskulane	150	Tabell 5.3	Overslag over løyvingane til FoU i statsbudsjettet i perioden 2006–21	256
Tabell 4.22	Aktivitet og deltaking i studieforbunda 2014–19	152	Tabell 6.1	Talet på elevar i ordinære grunnskular, frå skuleåret 2013–14 til 2019–20	259
Tabell 4.23	Kompetansepluss arbeid 2012–19 (beløp i mill. kroner)	159	Tabell 6.2	Fordeling på utdanningsprogram i vidaregåande opplæring, frå skuleåret 2013–14 til 2019–20	260
Tabell 4.24	Kompetansepluss frivilligheit 2017–19 (beløp i mill. kroner)	159	Tabell 6.3	Berekna årsverk til undervisning og andre oppgåver i grunnskulen, frå skuleåret 2013–14 til 2019–20	260
Tabell 4.25	Kompetansepluss 2019 (beløp i mill. kroner)	159	Tabell 6.4	Utvikling i talet på lærarårsverk i vidaregåande opplæring, frå skuleåret 2015–16 til 2019–20 ...	261
Tabell 4.26	Øyremerkte tilskot gjennom Noregs forskingsråd	193	Tabell 6.5	Gjennomsnittleg gruppestorleik på 1.–10. trinn, frå skuleåret 2013–14 til 2019–20	261
Tabell 4.27	Fordeling av midlane til regionale forskingsfond i 2021 ..	197	Tabell 6.6	Deltaking og foreldrebetaling i skulefritidsordninga (SFO)	274
Tabell 4.28	Basisløyvinga til dei samfunns- vitskaplege institutta	200	Tabell 7.1	Tal på barn i barnehage, dekningsgrad og gjennomsnittleg opphaldstid, 2014–19	275
Tabell 4.29	Norske kontingentbidrag til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar i 2021	204	Tabell 7.2	Tal på barn i barnehage etter eigarforhold, offentleg og privat, 2006–19	276
Tabell 4.30	Hovudtal for tildeling til elevar i vidaregåande opplæring med ungdomsrett	212	Tabell 7.3	Personalet i barnehagen, 2014–19	278
Tabell 4.31	Hovudtal for tildeling til høgare utdanning m.m.	213	Tabell 7.4	Bemanningstettleik og pedagogtettleik, 2016–19	279
Tabell 4.32	Fordeling av ulike stipendformer i dei to siste undervisningsåra ...	214	Tabell 7.5	Menn i barnehagane, 2014–19 ..	281
Tabell 4.33	Hovudtal for lån og renter i dei siste fire åra	215	Tabell 7.6	Utdanning av barnehagelærarar ved statlege og private høgskular og universitet, 2013–19	281
Tabell 4.34	Verkeleg verdi av utlånsporteføljen til Lånekassen	217			
Tabell 4.35	Noverdien av 1 krone i nytt utlån i Lånekassen	218			
Tabell 4.36	Avskrivningselement i Lånekassen	219			
Tabell 4.37	Tapselement i Lånekassen	220			
Tabell 4.38	Nøkkeltal for busetjing 2017–juni 2020	235			
Tabell 4.39	Satsar for integreringstilskot	235			

Tabell 7.7	Moderasjonsordningar i barnehagen, 2015–19	283
Tabell 7.8	Barn i barnehage som får spesialpedagogisk hjelp, 2013–19	283
Tabell 7.9	Driftsutgifter til barnehage i kommunane, 2013–19	284
Tabell 7.10	Finansiering av kommunale barnehagar, 2013–19	285
Tabell 8.1	Tilstandsrapport om kjønnsbalanse og lønn i Kunnskapsdepartementet	289
Tabell 8.2	Delen menn og kvinner i ordinære forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet (2019)	291
Tabell 11.1	Tiltak i Utdanningsløftet 2020	302
Tabell 11.2	Tiltak for barnehagar og skular	303
Tabell 11.3	Tiltak på utdanningsstøttefeltet	304
Tabell 11.4	Tiltak på integreringsfeltet	305
Tabell 11.5	Tiltak for høgare utdanning og forskning over Kunnskapsdepartementets budsjett	306
Tabell 11.6	Tiltak for høgare utdanning og forskning over budsjetta til andre departement	307
Vedlegg 2		
Tabell 2.1	Tildeling per universitet og høgskule i 2021	322
Vedlegg 3		
Tabell 3.1	Ordinære prosjekt under bygging i 2020, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 530, post 31 og 33 og kap. 2445, post 31 og 33 og brukarutstyrsprosjekt over kap. 530, post 45	324
Tabell 3.2	Brukarfinansierte prosjekt under bygging i 2020, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 2445, post 341	324
Tabell 3.3	Ferdig prosjekterte byggeprosjekt1	325
Tabell 3.4	Byggeprosjekt med prosjekteringsløyve, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 530, post 30 og kap. 2445, post 30 og 32	325

Vedlegg 4

Tabell 4.1	Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Utgifter og inntekter etter art	326
Tabell 4.2	Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Inntekter etter inntektskjelde	328
Tabell 4.3	Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) i perioden 2017–19	329
Tabell 4.4	Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art	330
Tabell 4.5	Noregs forskingsråd. Inntekter etter inntektskjelde	332
Tabell 4.6	Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskingsråd i perioden 2017–19	333
Tabell 4.7	Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art	334
Tabell 4.8	Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Inntekter etter inntektskjelde	336
Tabell 4.9	Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2017–19	337
Tabell 4.10	Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Utgifter og inntekter etter art	338
Tabell 4.11	Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Inntekter etter inntektskjelde	340
Tabell 4.12	Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning i perioden 2017–19	341

Tabell 4.13	Universitet og høyskular. Utgifter og inntekter etter art	343	Tabell 4.16	Universitet og høyskular. Balanse per 31. desember 2019	348
Tabell 4.14	Universitet og høyskular. Inntekter etter inntektskjelde	345	Tabell 4.17	Universitet og høyskular. Avsetningar 2017–19	349
Tabell 4.15	Universitet og høyskular. Samanhengen mellom kontant- beholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgskulesektoren i perioden 2017–19 (nettobalanse)	346			

Figuroversikt

Figur 1.1	Mål for Kunnskapsdepartementet for budsjettåret 2021	13	Figur 5.4	Utvikling i FoU-utgifter, BNP og FoU-intensitet (3-prosentmålet)	258
Figur 4.1	Prosentdelen gutar og jenter som svarer at dei blir mobba av medelevar to–tre gongar i månaden eller meir, fordelt på kjønn og klassetrinn hausten 2019.	60	Figur 6.1	Gjennomsnittleg gruppetorleik 2 på hovudtrinna i grunnskulen, frå skuleåret 2005–06 til 2019–20	262
Figur 4.2	Prosentdel som fullfører og består vidaregåande opplæring innan fem år, etter kor mange grunn- skulepoeng dei har. 2013-kullet. ..	68	Figur 6.2	Prosentdel grunnskular fordelte etter talet på elevar	263
Figur 4.3	Prosentdel som fullfører og består vidaregåande opplæring 5–10 år etter oppstart. 2009-kullet.	70	Figur 6.3	Del av årsverk i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetanse- krava for tilsetjing	265
Figur 4.4	Deltakarar i formell vidare- utdanning etter kjønn og arbeidsstyrkestatus, del av p ersonar i alderen 22–59 år	143	Figur 6.4	Del av lærarar i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetanse- krava for undervisning som gjeld frå 2025	265
Figur 4.5	Verksemder med udekte kompetansebehov 2016–19 i offentleg og privat sektor, del av verksemder	144	Figur 6.5	Delen innvandrarar og norskfødde med innvandrar- foreldre blant undervisnings- personalet* i grunnskular og i vidaregåande skular, 2017–19 (pst.) Statistisk sentralbyrå	266
Figur 5.1	Vekst til opptrappingsplanane i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, 2019–21	252	Figur 6.6	Delen innvandrarar og norskfødde med innvandrar- foreldre blant studentar under utdanning for å bli lærar, 2017–19 (pst.)	267
Figur 5.2	Vekst til oppfølging av måla, opptrappingsplanane og dei langsiktige prioriteringane i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, 2021.	253	Figur 6.7	SSBs overslag over tilbod og etterspurnad etter lærarar i framtida	268
Figur 5.3	Utvikling i FoU-løyvingar i statsbudsjettet og offentleg finansierte FoU-utgifter (1-prosentmålet)	257	Figur 6.8	Prosentdel av elevar med einskildvedtak av totalt tal på elevar, fordelt på årstrinn. Skuleåret 2019–20	269
			Figur 6.9	Grunnskulepoeng etter innvandringskategori og kjønn, 2017–19	270

Figur 6.10	Delen elever på dei to lågaste meistringsnivåa (1 og 2) i nasjonale prøver i faga engelsk, lesing og rekning på 8. trinn, etter innvandringskategori, 2019 (pst.)	271	Figur 7.2	Tal på barn i barnehage fordelt etter barnehagestorleik, 2008–19	277
Figur 6.11	Delen som starta i vidaregåande opplæring i skuleåret 2011–12 (2011-kullet) til 2013–14 (2013-kullet), og som fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av fem (studieførebuande) / seks (yrkesfag) år, etter innvandringskategori og kjønn (pst.)	271	Figur 7.3	Ulikskap mellom barnehagar, barn per årsverk i grunnbemanninga, 2013–19	280
Figur 6.12	Delen innvandrarar og norskfødde med innvandrareldre med læreplass som første ønske som har fått godkjent lærekontrakt eller plass som lerekandidat, 2017–19	272	Figur 7.4	Ulikskap mellom barnehagar, barn per årsverk pedagogisk leiar med godkjend utdanning, 2013–19	280
Figur 6.13	Delen i alderen 16–25 år som verken er i utdanning eller arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring, etter innvandringskategori og kjønn, 2017–19 (pst.). Dei med ukjend utdanning er ikkje talde med	272	Figur 7.5	Delen innvandrarar og norskfødde med innvandrareldre blant dei tilsette i barnehagane, 2017–19 (pst.)	281
Figur 7.1	Delen barn i barnehage blant minoritetsspråklege barn og andre barn, 2017–19 (pst.)	277	Figur 7.6	Delen innvandrarar og norskfødde med innvandrareldre blant studentane i barnehagelærerutdanninga, 2017–19 (pst.)	282
			Figur 7.7	Ulikskap mellom kommunar, korrigererte driftsutgifter per barn i kommunale barnehagar, 2019	284
Vedlegg 5					
			Figur 5.1	Underliggende verksemdar o.a. per 1. januar 2021	350



DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2021

Utgiftskapittel: 200–292 og 2410

Inntektskapittel: 3200–3292, 5310 og 5617

*Tilråding frå Kunnskapsdepartementet 21. september 2020,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

Del I
Oversikt over budsjettforslaget frå
Kunnskapsdepartementet

1 Hovudinnleiing

1.1 Utdanning gir auka deltaking til arbeid og samfunn


Utdanning og integrering er avgjerande for å utvikle eit berekraftig samfunn med kompetente borgarar. Menneske som får utnytta evnene og ferdigheitene sine på en god måte, får fridom til å realisere ønska og ambisjonane sine, og kan bidra til fellesskapet ved å delta i arbeids- og samfunnsliv. Derfor er det viktig å sørge for god kvalitet på utdanninga langs heile livsløpet til innbyggjarane, frå barnehagen til skulen, i høgare utdanning, forskning og kompetansepolitikk og i integreringa. Kunnskapsdepartementet har tre overordna mål for kunnskapssektoren:

- Alle deltek i arbeids- og samfunnsliv.
- Alle har den kompetansen som dei sjølve og samfunnet treng.
- Samfunnet har tilgang til oppdatert kunnskap av høg kvalitet.

Forskning og statistikk syner at utdanning og i kva grad folk deltek i samfunnet, heng nært saman.

Dei som tek ei utdanning, får mykje tilbake. Dei får lettare jobb, også når arbeidsmarknaden endrar seg. Arbeid har mykje å seie for einskildmennesket. Det gjer personleg og sosial utvikling mogleg og gir ei kjensle av å vere nyttig for seg sjølv og andre. Kompetanse og arbeid er nøkkelen for å kunne delta i samfunnet. Barnehage, skule, utdanning og arbeidsliv er viktige samfunnsinstitusjonar der menneske lærer og samhandlar. Den kunnskapen vi får gjennom desse, gir eit viktig grunnlag for å lykkast i livet.

Tal frå OECD syner at personar med utdanning utover grunnskulen har høgare tillit til institusjonar og til andre menneske, og dei deltek meir i frivillig arbeid. Dei har ei sterkare kjensle av å kunne påverke samfunnet og at meiningane deira blir høyrde. Tillit og deltaking er ein føresetnad



Figur 1.1 Mål for Kunnskapsdepartementet for budsjettåret 2021

for demokratiet og for å bygge eit godt og inkluderande samfunn for alle.

Statistikk frå SSB syner at dei med høg utdanning har høgast sysselsetjing, sjølv om dei med fagbrev frå vidaregåande utdanning lykkast nesten like godt. Med studieførebuande vidaregåande utdanning eller grunnskule som høgaste fullførte utdanning er sysselsetjinga mykje lågare. Innvandrara treng òg kvalifikasjonar tilpassa det norske samfunnet for å kunne delta i utdanning og i arbeidslivet.

Covid-19-pandemien har skapt ei økonomiske krise med rekordhøg arbeidsløyse i Noreg. Regjeringa har derfor sett i gang ei rekke tiltak for at fleire skal få utdanning og for å auke kompetansen til arbeidsstyrken. I tida framover vil det vere behov for omstilling og utvikling av kompetanse for dei arbeidstakarane og arbeidsgivarane som er ramma av krisa. Sjå kap. 11 Konsekvensar av covid-19-pandemien i kunnskapssektoren for ei oversikt over tiltaka under Kunnskapsdepartementet som blei gjennomførte våren 2020 og som er foreslåtte hausten 2020 som følge av covid-19-pandemien.

1.2 Mål, utfordringar og ambisjonar

Alle deltek i arbeids- og samfunnsniv

I Noreg har vi lagt arbeidslinja til grunn. Det er viktig for både innbyggjarar og samfunnet at alle som kan, deltek i arbeidsmarknaden. Vi har utvikla eit godt velferdssystem som legg til rette for at alle kan delta i arbeidsmarknaden viss dei kan og vil. Normalt har Noreg få arbeidsløse og ein meir inkluderande arbeidsmarknad enn mange andre land. Covid-19-pandemien har ført til stor vekst i arbeidsløysa og har råka dei med lågast utdanning hardest, og særleg innvandrara. For utsette grupper vil dessverre vegen tilbake til sysselsetjing bli lang. Derfor har regjeringa sett i gang særskilde kompetansetiltak for dei som treng det mest.

I Noreg er òg utdanningslinja viktig. Ungdom har rett til gratis utdanning til og med vidaregåande opplæring. Offentleg finansierte utdanning, gode ordningar for utdanningsstøtte og gode studentvelferdstilbod gir god tilgang til høgare utdanning i Noreg. Universitet, høgskular og fagskular med lærestadar eller tilbod over store delar av landet gjer tilgangen på høgare utdanning god. Eit godt utbygd utdanningssystem og høg deltaking i utdanning ut over grunnskulen bidreg til ei høgt kompetent befolkning og gjer attraktiv

arbeidskraft tilgjengeleg for føretak og arbeidsgivarar.

Regjeringa ønsker at alle skal få tilbod om barnehage, og har gitt barnehagepolitikken ein tydelegare sosial profil gjennom nasjonale moderasjonsordningar for barn frå familiar med låg inntekt. Barn frå familiar med låg inntekt går i mindre grad i barnehage enn andre barn. Departementet har gjort endringar som skal gjere det enklare for foreldre med låg inntekt å få brukt moderasjonsordningane. Sjå programkategori 07.30 for meir omtale.

Skulefritidsordninga (SFO) er ein viktig arena for inkludering, leik og vennskap. Det er stor variasjon i både pris, innhald og kvalitet i SFO-tilbodet. Ein del barn får ikkje ta del i tilbodet av økonomiske årsaker. Regjeringa har derfor sett i verk tiltak for å utvide høvet til å få delta i SFO gjennom moderasjonsordningar. For å sikre eit meir likeverdig tilbod i heile landet skal det også bli utarbeidd ein nasjonal rammeplan for SFO. Sjå programkategori 07.20 for meir omtale.

Det er nokre svake punkt og utfordringar ved dagens opplæringssystem, og ei rekke av desse er omtala i Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skule og SFO*. Regjeringa meiner det må byggast ein kultur for tidleg innsats og inkludering på alle nivå i systemet, frå barnehage, skule og SFO til eigar og myndighetsnivå og andre tenester rundt barnet og eleven. Målet er at alle kommunar og fylkeskommunar skal ha tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane for å kunne fange opp og gi eit inkluderande og tilpassa tilbod til alle. Sjå programkategori 07.20 for meir omtale.

Det er stadig fleire som fullfører vidaregåande opplæring, men det er også for mange som sluttar. Personar utan fullført vidaregåande opplæring er meir sårbar ved endringar i arbeidslivet. Den økonomiske krisa som følger av covid-19-pandemien, råkar særleg personar utan vidaregåande opplæring. Regjeringa har som mål at ni av ti elevar fullfører og består vidaregåande opplæring i 2030.

Universiteta og høgskulane har eit viktig samfunnsoppdrag i å utdanne kandidatar som samfunnet treng, og utføre forskning til beste for samfunnet. Hausten 2019 var det over 261 000 registrerte studentar som blei finansierte over Kunnskapsdepartementets budsjett, nesten 3 000 fleire enn året før. Det blei fullført over 48 000 gradgivande utdanningar, som er ein auke på 1 000 frå året før. Det blei også teke fleire studiepoeng enn nokon gong.

Fagskulane utdannar yrkesutøvarar til mange bransjar og bidreg til at arbeidslivet får nødvendig kompetanse. Hausten 2019 var det 18 300 studenter ved fagskulane, noko som er ein auke på nesten 10 pst. frå året før. Regjeringa vil at fleire skal ta høgare yrkesfagleg utdanning, i kombinasjon med arbeid eller på heiltid. Fagskulane er viktige for å kunne lykkast med kompetansereforma Lære heile livet.

Covid-19-pandemien har ført til høgare arbeidsløyse og auka etterspurnad etter utdanning. Historia viser at det er lønnsamt at folk tek utdanning og aukar kompetansen sin i periodar med høg arbeidsløyse. Det er derfor gledeleg at over 150 000 personar våren 2020 søkte om studie-plass ved universitet og høgskular via Samordna opptak. Det er om lag 12 000 fleire enn i 2019, noko som er den største veksten i søkartala sidan 2009. Det var i tillegg langt fleire søkarar til opptaka som skjer lokalt ved institusjonane (opptak til mange toårige masterstudium, vidareutdanningar m.m.). Det er derfor naudsynt med eit utvida tilbod av god høgare utdanning, både for å dekke dei behova for kompetanse som omstillingsutfordringa krev, og for å utnytte ressursane til dei særleg mange som no vender seg mot dei høgare lærestadene.

Regjeringa har ei klar forventning til universiteta og høgskulane om at dei tilpassar utdannings-tilboda sine i tråd med den kompetansen samfunnet har behov for no og framover i tid. Samtidig som dei skal ta hand om fleire unge som søker høgare utdanning for første gong, er det viktig at dei utviklar og gir tilbod om fleksible utdanningar retta mot dei som kjem tilbake til høgare utdanning undervegs i karrieren. I 2019 oppretta regjeringa ei ny ordning for tilskot til fleksible studietilbod, som vil betre tilgangen på relevante vidareutdanningar for personar som ikkje kan flytte for å studere ved ein sentral campus.

Innvandrarar og særleg innvandrarar med fluktbakgrunn har lågare sysselsetjingsgrad, lågare jobbtryggleik og høgare arbeidsløyse enn resten av befolkninga. Innvandrarar kjem til Noreg med kompetanse og ressursar, men mange manglar formell utdanning og kvalifikasjonar som det er behov for i den norske arbeidsmarknaden.

Mangfaldet i befolkninga og ressursane og kompetansen til innvandrarane må nyttast i større grad i arbeidslivet. Innvandrarar skal ha moglegheiter og fridom til å bidra og delta på alle arenaer i samfunnet. Diskriminering ved rekruttering kan gjere det vanskelegare for innvandrarar å kome inn i arbeidslivet og delta på linje med andre. Innvandrarar er oftare overkvalifiserte for stillingane

dei har, samanlikna med resten av befolkninga. Manglande medvit om etnisk mangfald som ein ressurs i arbeidslivet kan påverke integreringa av innvandrarar i samfunnet generelt, og medverke til utanforskap og dårleg utnytting av dei samla ressursane og kompetansen i samfunnet.

Alle har den kompetansen som dei sjølve og samfunnet treng

Kompetansenivået i Noreg er høgt. Samstundes blir samfunnet stadig meir teknologisk avansert, og arbeidsmarknaden er prega av eit høgt kunnskapsnivå og stor global konkurranse. Med det stig krava til kompetanse og evne til omstilling, hos både arbeidstakarar og arbeidsgivarar.

Ein god barnehage bidreg til god utvikling for barna, noko som er særleg viktig for barn frå ressursvake heimar. Reduksjonen av økonomiske og andre hindringar for bruk av barnehage er derfor svært viktig, og her er det gjort mykje dei siste åra. Barnehagar med høg kvalitet legg eit godt grunnlag for den vidare opplæringa, og kompetansen til personalet har mykje å seie for kvaliteten. Det er også innført ei plikt for barnehage- og skuleeigarar til å sørge for at barna får ein god overgang frå barnehagen til skulen.

Grunnopplæringa stiller store krav til kompetansen hos lærarane. Det er godt dokumentert frå forskinga at elevane lærer meir når lærarane har fordjuping i det faget dei underviser i. Regjeringa har som mål at alle lærarar skal ha fordjuping i faga dei underviser i, og vil halde fram med satsinga på vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar. I tillegg skal den desentraliserte ordninga for statlege kompetansemidlar sørge for at midlane blir nytta best mogleg ut frå lokale behov.

Sjølv om mykje er bra i den vidaregåande opplæringa i Noreg, er regjeringa oppteken av at det må gjerast noko med dei utfordringane som er der. Det er særleg følgande fem hovudutfordringar som regjeringa tek sikte på å kome tilbake til i ei stortingsmelding om vidaregåande opplæring våren 2021:

- Mange elevar begynner i vidaregåande opplæring med for svake føresetnader.
- Elevane får ikkje det dei treng for å bli best mogleg studieførebuide.
- Fagopplæringa dekker ikkje behova til elevane og arbeidslivet godt nok.
- Psykiske vanskar er eit aukande problem for mange elevar.
- Avgrensingar i retten til vidaregåande opplæring er eit hinder for at fleire skal fullføre.

Sjå programkategori 07.20 for meir omtale.

Våren 2020 la regjeringa fram Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereforma – Lære hele livet*. Kompetansereforma har to mål. Det første målet er at ingen skal gå ut på dato i arbeidslivet på grunn av manglande kompetanse. Alle skal få moglegheit til å fornye og supplere kompetansen, slik at fleire kan stå lenger i arbeid. Det andre målet er å tette gapet mellom kva arbeidslivet treng av kompetanse, og den kompetansen arbeidstakarane faktisk har. Sjå programkategori 07.50 for meir omtale av kompetansereforma.

Universitet og høgsular gir viktige bidrag til omstilling og innovasjon i alle delar av samfunnet. Høgare utdanning av høg kvalitet må vere tilgjengeleg både for dei som nyleg var ferdig med vidaregåande utdanning, og for dei som treng utdanning i andre fasar av livet. Det viktigaste bidraget er at dei får solid fagleg kunnskap og er i stand til å handtere eit arbeidsliv i stadig endring og får kompetanse som gjer dei i stand til å løyse utfordringane i arbeidslivet i dag – og til å skape arbeidslivet for i morgon. For at kandidatane skal bli betre budde på behova i arbeidslivet, er vi avhengige av at utdanningsinstitusjonane er i tettare dialog med relevante aktørar i arbeidslivet om dimensjonering av utdanningane og utvikling av studieprogram og læringsmåtar. Det må bli lettare å få tilgang til kunnskapen frå universitet og høgsular, også for personar som ikkje er registrerte studentar.

Som ein del av Utdanningsløftet 2020 la regjeringa våren 2020 fram fleire tiltak for å auke kapasiteten i vidaregåande opplæring, ved fagsular, høgsular og universitet, og andre kompetansetiltak. Tiltaka skulle mellom anna gi ledige og permitterte betre tilgang til utdanning og kompetanseutvikling, samtidig som det var viktig å ha meir kapasitet til å ta imot fleire førstegangssøkarar. Fleire av desse tiltaka er òg ein del av kompetansereforma. For meir informasjon om tiltaka i Utdanningsløftet 2020, som blei lagt fram i samband med handteringa av covid-19-pandemien, sjå kap. 11 Konsekvensar av covid-19-pandemien i kunnskapssektoren.

Samfunnet har tilgang til oppdatert kunnskap av høg kvalitet

Forskning og høgare utdanning står sentralt i utviklinga av eit berekraftig samfunn – miljømessig, sosialt, kulturelt, økonomisk og politisk. Klimaendringane og miljøproblema er blant dei største utfordringane i vår tid, og krev at vi finn nye svar på korleis vi kan dekke grunnleggjande

behov som tilgang på mat, vatn og energi, god helse og tryggleik. Covid-19-pandemien understrekar behovet for globale løysingar, der internasjonalt samarbeid om utdanning og forskning er naudsynt. For omtale av FoU i statsbudsjettet, sjå kap. 5 Oppfølging av Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning.

Kvaliteten i norsk høgare utdanning er gjennomgåande god, og universiteta og høgskulane jobbar generelt bra med utvikling av studiekvalitet. Norske studentar er jamt over godt nøgde med studia sine. Det er likevel stort behov for å stimulere til meir utviklingsarbeid for å utvikle framifrå utdanningsmiljø og studietilbod og å spreie kunnskapen frå desse. Mykje av undervisninga gir ikkje godt nok læringsutbyte, og fullføringsgraden er framleis for låg.

Noregs forskingsråd er ein sentral aktør i det norske forskings- og innovasjonssystemet og eit viktig verkemiddel for å nå dei forskingspolitiske måla til regjeringa. Noreg har mykje solid offentlig finansiert forskning, men ein for liten del av forskinga frå universitets- og høgsकुलेsektoren og instituttsektoren fører til nye forretningsidear og nye verksemder. Det er framleis eit problem at samfunnet ikkje har open tilgang til vitenskaplege artiklar. Noreg jobbar tett med ei rekke land internasjonalt for å oppnå større openheit i forskinga.

Internasjonalt samarbeid trengs for å nå dei overordna måla om utdanning og forskning av høg kvalitet, styrkt innovasjonsevne, betre velferd og ei berekraftig samfunnsutvikling. God norsk deltaking i EU-programma for forskning, innovasjon og utdanning gir Noreg tilgang på ny kunnskap, teknologi, nettverk, marknader, infrastruktur og kulturell kompetanse som er naudsynt i ein open verdsøkonomi. Deltakinga gir oss ein meirverdi som ikkje er mogleg å oppnå om Noreg vel å stå utanfor.

Ei evaluering frå Samfunnsøkonomisk analyse av norsk deltaking i Horisont 2020 konkluderer med at norsk deltaking i dei europeiske ramme-programma har stor betydning for auka kvalitet i norsk forskning. Men i lys av kor mykje Noreg investerer i forskning, har vi likevel framleis relativt få forskarar og forskingsmiljø på internasjonalt toppnivå.

Ein rapport frå Diku tyder på at deltakinga i utdanningssamarbeidet gjennom Erasmus+ har bidrege til å styrke kvaliteten, relevansen og attraktiviteten til det norske utdanningssystemet. Sjå programkategori 07.60 og kap. 5 for meir omtale av regjeringas innsats på forskning og høgare utdanning.

1.3 Hovudprioriteringar 2021

Utdanningsløftet 2020

Den største og viktigaste ressursen Noreg har, er kompetansen og arbeidskrafta i befolkninga. Den økonomiske krisa som følge av covid-19-pandemien har ført til høg arbeidsløyse og mange permitteringar. Det er fleire søkarar til grunnutdanningar og til etter- og vidareutdanningstilbod. Krisa kjem i tillegg til utviklingstrekk som digitalisering og det grønne skiftet og forsterkar behovet for ei omstilling i norsk arbeids- og næringsliv bygd på kompetanse.

Regjeringa lanserte våren 2020 Utdanningsløftet 2020, som er ei storstilt satsing på kompetanse-tiltak og større kapasitet i utdanningane på alle nivå. Løyvingane til tiltaka som inngår i Utdanningsløftet 2020, utgjer til saman 1,6 mrd. kroner i 2020.

Departementet meiner det er behov for å vidareføre Utdanningsløftet 2020 og foreslår derfor til saman 2,5 mrd. kroner til følgjande tiltak i statsbudsjettet for 2021:

- midlar for at permitterte og ledige kan fullføre vidaregåande opplæring
- midlar for at personar som går ut av vidaregåande opplæring utan studie- eller yrkeskompetanse, kan få eit tilbod
- ein auke av lærlingtilskotet våren 2021
- midlar for å legge til rette for eit utvida tilbod om Vg3 i skule for elevar som ikkje får læreplass, Fagbrev som elev
- midlar til tilbod om å ta eit fagbrev for personar som allereie har studie- eller yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring
- midlar til auka bruk av ordninga Fagbrev på jobb
- midlar til å utvide forsøket med modulstrukturert opplæring innanfor utvalde lærefag i fag- og yrkesopplæringa
- midlar til å vidareføre utvidinga av treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling, inkludert kompetanseløft for utsette industriklynger
- vidareføring og opptrapping av midlane til 1 600 studieplassar ved fagskular og om lag 500 nye studieplassar til Industrifagskolen i 2021
- vidareføring og opptrapping av midlane til 4 000 studieplassar ved universitet og høgskular i 2021
- vidareføring av 250 rekrutteringsstillingar ved universitet og høgskular
- ein auke i midlar til fleksible utdanningstilbod gjennom Diku

Sjå meir om Kunnskapsdepartementets respons til covid-19-pandemien under kap. 11 Konsekvensar av covid-19-pandemien i kunnskapssektoren.

Barnehage og grunnskule

Departementet foreslår å løyve 170 mill. kroner til oppfølging av sårbare elevar som har fått tapt progresjon som følge av stenginga av skulane delar av våren 2020.

Covid-19-pandemien og stenginga av skulene synleggjorde utfordringar med digital undervisning i fleire kommunar. Våren 2020 løyvde Stortinget 80 mill. kroner til tiltak i kommunar, fylkeskommunar og friskular som har utfordringar med overgangen til digital undervisning i samband med covid-19-pandemien. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga i 2021. Midlane skal nyttast både til å handtere behov ved nye periodar med stenging eller redusert skuletilbod og å vidareføre arbeidet med å utjamne forskjellar mellom kommunar når det gjeld digital undervisning. Midlane vil i 2021 òg støtte opp om mål i digitaliseringsstrategien og innføringa av fagfornyninga.

Departementet foreslår å bruke 430 mill. kroner i 2021 til tiltak for å fremje kvaliteten og kompetansen i barnehagane. 200 mill. kroner vil gå til den regionale ordninga for kompetansetilbak.

Private barnehagar har i snitt lågare pensjonsutgifter enn det dei får tilskot for. Derfor foreslår departementet å redusere pensjonstilskotet deira frå dagens 13 pst. til 11 pst. av kommunens lønnskostnader frå 1. januar 2021. For å gi private barnehagar med mindre økonomisk handlingsrom noko betre tid til å tilpasse seg inntektsbortfallet, foreslår regjeringa å innføre ei overgangsordning med gradvis reduksjon i pensjonstilskotet for einskildståande barnehagar.

Hausten 2020 starta innføringa av dei nye læreplanane i grunnopplæringa, noko som er den største endringa sidan reforma Kunnskapsløftet i 2006. Det er 1.–9. trinn i grunnskulen og 1. trinn i vidaregåande opplæring som får nye læreplanar frå hausten 2020, dei andre trinna følger etter dei neste åra. Departementet foreslår å løyve 180 mill. kroner til læremiddel i samband med fagfornyninga.

Hausten 2021 tek ny rammeplan for skulefritidsordninga (SFO) til å gjelde. Departementet vil fjerne økonomiske barrierar som hindrar barn frå familiar med låg inntekt i å få gå på SFO, og foreslår å løyve 25 mill. kroner i 2021 til å utvide ordninga med inntektsgradert foreldrebetaling i SFO ved offentlege skular til også å omfatte 3. og 4.

trinn frå hausten 2021, slik at ordninga dermed gjeld 1.–4. trinn. I tillegg foreslår departementet å løyve 3 mill. kroner til å opprette ei eiga tilskotsordning for SFO ved frittstående skular som ønsker å tilby tilsvarende inntektsgradering i SFO for elevar på 1.–4. trinn. Departementet foreslår også å løyve 15,2 mill. kroner til gratis SFO for familiar med låg inntekt i utvalde kommunar.

Arbeidet mot mobbing og for eit godt og inkluderande læringsmiljø i grunnopplæringa har høg prioritet hos regjeringa. Departementet foreslår å løyve 110 mill. kroner til dette arbeidet i 2021. Dette omfattar mellom anna midlar til fylkesmannen si handhevingsordning og dei fylkesvise mobbeomboda – tiltak som skal sikre at barn, unge og foreldre har moglegheit til å få hjelp, støtte og rettleiing når dei opplever manglande oppfølging frå skulen eller kommunen.

Gode lærarar med solid og oppdatert kunnskap er nøkkelen til at elevane skal lære meir. Regjeringa vil halde fram med den omfattande satsinga på kvalifisering av og vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar og foreslår å bruke 1,6 mrd. kroner til dette i 2021. Løyvinga gir mellom anna rom for å tilby vidareutdanning til om lag 6 300 lærarar hausten 2021 innanfor ordninga Kompetanse for kvalitet. Departementet foreslår å trappe opp satsinga på karrierevegar for lærarar til 229 mill. kroner i 2021. Med dette vil det vere mogleg å auke talet på lærarspesialistar frå 1 500 til 2 300 frå hausten 2021. Departementet foreslår i oppfølginga av Tett på-meldinga å løyve 50 mill. kroner i 2021 som del av eit kompetanseløft i spesialpedagogikk for tilsette i både barnehage, skule og PP-tenesta.

Vidaregåande opplæring

Utdanningsløftet 2020 er ei historisk satsing på vidaregåande opplæring. Regjeringa vil halde fram denne satsinga i 2021.

Våren 2020 vedtok Stortinget midlar for at ledige og permitterte utan vidaregåande opplæring kan få moglegheit til å oppnå studie- eller yrkeskompetanse. Departementet foreslår å vidareføre tilskotet på 300 mill. kroner i 2021.

Departementet foreslår òg å vidareføre eit tilskot på 150 mill. kroner for at personar som går ut av vidaregåande opplæring utan å oppnå studie- eller yrkeskompetanse, kan få eit tilbod. For å halde fram satsinga på auka bruk av ordninga med Fagbrev på jobb foreslår departementet 46 mill. kroner.

For hausten 2020 vedtok Stortinget midlar for å auke lærerlønningstilskotet. Departementet foreslår å vidareføre denne auken med 170 mill. kroner for

våren 2021. Departementet foreslår vidare 150 mill. kroner i 2021 for å legge til rette for eit utvida tilbod om Vg3 i skulen for elevar som ikkje får læreplass, Fagbrev som elev.

Kompetansopolitikk og livslang læring

Departementet foreslår å auke løyvingane til kompetansereforma Lære heile livet med til saman om lag 900 mill. kroner i 2021.

Våren 2020 blei ordninga med treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling utvida med 120 mill. kroner, noko som la til rette for fleire nye bransjeprogram og ei utviding av bransjeprogrammet for industri- og byggenæringa. Departementet foreslår å vidareføre utvidinga av bransjeprogramma med 110 mill. kroner i 2021. Innanfor løyvinga til bransjeprogram foreslår regjeringa 20 mill. kroner til kompetanseløft for utsette industriklynger i 2021.

Departementet foreslår 45,5 mill. kroner til tilbod om å ta eit fagbrev for personar som allereie har studie- eller yrkeskompetanse.

Stortinget vedtok midlar til 100 nye studie-plassar i høgare yrkesfagleg utdanning i statsbudsjettet for 2020 og 1 500 nye studie-plassar i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020. Departementet foreslår å løyve 178,6 mill. kroner for å vidareføre og trappe opp løyvinga til desse studie-plassane i 2021.

Departementet foreslår 37,8 mill. kroner til om lag 500 nye studie-plassar ved Industrifagsskolen. Inkludert utgifter til utdanningsstøtte er samla utgift for desse studie-plassane om lag 50 mill. kroner i 2021.

For å lykkast med kompetansereforma må det bli enklare å kombinere deltidsutdanning med deltidsarbeid. I dag kan regelverket i Lånkassen som avgrensar tida ein kan få utdanningsstøtte til åtte år, vere eit hinder for dette. Departementet foreslår derfor å gå over til ei studiepoengbasert tidsramme for lån og stipend. På den måten kan lån og stipend takast ut fleksibelt over lengre tid enn åtte år om ein studerer på deltid.

Høgare utdanning og forskning

Departementet foreslår 753 mill. kroner til utvida utdanningskapasitet ved universitet og høgskular. Av desse er 603 mill. kroner ei vidareføring og opptrapping av løyvinga til nye studie-plassar i samband med Utdanningsløftet 2020. Dette inneber at institusjonane kan halde fram med det auka opptaket med rundt 4 000 fleire studentar også i 2021. Resten av midlane er ei opptrapping av tidle-

gare tildelingar frå 2016 til 2020. Departementet foreslår i tillegg å auke tilskotet gjennom Diku til fleksible studietilbod med 46 mill. kroner.

Departementet foreslår 338 mill. kroner til å vidareføre dei 250 rekrutteringsstillingane som stipendiat eller postdoktor som blei oppretta i samband med Utdanningsløftet 2020.

Studentar som blei tekne opp til dei nye fem-årige grunnskulelærerutdanningane i 2017, vil starte på det femte året av utdanninga hausten 2021. Departementet foreslår å auke løyvinga med 89 mill. kroner til dei institusjonane som tilbyr grunnskulelærerutdanning.

Regjeringa held fram med å følge opp måla og dei langsiktige prioriteringane i Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*. Regjeringa foreslår 339 mill. kroner til oppfølging av dei tre opptrappingsplanane Teknologiløft, FoU for fornying og omstilling i næringslivet og Kvalitet i høgare utdanning.

Departementet foreslår å auke løyvinga til studentsamskipnadene med 20 mill. kroner for å styrke velferdstenestene til studentane.

Integrering

Regjeringa jobbar med å følge opp integreringsstrategien gjennom å reformere kvalifiseringstilbodet for flyktningar og andre innvandrarak, gjennomgå busettingsordninga og styrke sivilsamfunnet si rolle. Eit sentralt element i reforma er ny lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringslova), jf. Innst. 389 L (2019–2020) og Prop. 89 L (2019–2020). Lova skal bidra til at dei som kjem til Noreg og får opphald her, får nytta kunnskapane og evnene sine og delta i arbeids- og samfunnslivet. Satsing på utdanning, kvalifisering og kompetanse står sentralt i lova, som samla skal medverke til at fleire innvandrarak, særleg flyktningar, raskt blir integrerte i det norske samfunnet, får ei varig tilknytning til arbeidslivet og blir økonomisk sjølvstendige.

Departementet foreslår 25 mill. kroner til norskinnsats for å gjere tilbodet om frivillig norsk-trening betre kjent, for å rekruttere fleire frivillige norsktrenarak og til utvikling av eit fleksibelt tilbod om norsk-trening som eit supplement til tilbodet i kommunane. Vidare foreslår departementet 57 mill. kroner til nye satsingar på integreringsfeltet, mellom anna til tiltak som gir fleire flyktningar og andre innvandrarak utdanning og kvalifisering. Tiltaka er nærare omtala i boks 4.2 og under kap. 291, post 60.

Andre saker

Regjeringa bygger politikken sin på ein effektiv bruk av ressursane til fellesskapet. Det er eit potensial i offentleg forvaltning for å bli meir effektive. Regjeringa held derfor fram med avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma og føreset at alle statlege verksemder gjennomfører tiltak for å bli meir effektive. Reforma skaper handlingsrom for prioriteringar i statsbudsjettet. Den årlege effektiviseringa er sett til 0,5 pst. av alle driftsutgifter som blir løyvde over statsbudsjettet. For Kunnskapsdepartementet inneber dette at løyvinga totalt blir redusert med 251 mill. kroner på utgiftssida.

Kunnskapsdepartementet foreslår å rammeoverføre 2,2 mill. kroner til kap. 1605 Direktoratet for forvaltning og økonomistyring, post 01 Driftsutgifter for å styrke kapasiteten i Statens innkjøps-senter, slik at dei kan inngå og forvalte fleire lønnsame, sentrale innkjøpsavtalar på vegner av alle sivile verksemder i staten. Sjå Prop. 1 S for Kommunal- og moderniseringsdepartementet for meir.

Våren 2020 blei det avgjort å utsette årets lønnsoppgjer for det statlege tariffområdet til hausten 2020. Som følge av dette er verknader for 2021-budsjettet av inneverande års lønnsoppgjer for tilsette i det statlege tariffområdet førebels ikkje innarbeida i budsjetttrammene til departementa. Oppgjeret starta tysdag 1. september. Regjeringa vil kome tilbake til verknader for 2021-budsjettet av oppgjeret.

2 Oversikt over forslaget til budsjett for Kunnskapsdepartementet

Utgifter fordelt på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
Administrasjon					
200	Kunnskapsdepartementet	410 386	409 701	414 513	1,2
201	Analyse og kunnskapsgrunnlag	40 011	216 285	233 998	8,2
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>450 397</i>	<i>625 986</i>	<i>648 511</i>	<i>3,6</i>
Grunnoppfølginga					
220	Utdanningsdirektoratet	677 915	638 035	637 580	-0,1
221	Foreldreutvalget for grunnoppfølginga og barnehagane	15 849	15 913	16 014	0,6
222	Statlege skular og fjernundervisningstenester	122 063	138 029	145 145	5,2
224	Tilskot til freds- og menneskerettssenter			111 922	
225	Tiltak i grunnoppfølginga	1 242 854	1 179 380	1 624 718	37,8
226	Kvalitetsutvikling i grunnoppfølginga	4 845 569	3 132 215	3 396 679	8,4
227	Tilskot til særskilde skular	206 425	218 821	229 186	4,7
228	Tilskot til frittstående skular o.a.	5 245 036	5 428 995	5 793 844	6,7
229	Noregs grønne fagskule – Veia	32 135			
230	Statleg spesialpedagogisk støtte-system	776 661	720 897	692 388	-4,0
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>13 164 507</i>	<i>11 472 285</i>	<i>12 647 476</i>	<i>10,2</i>
Barnehagar					
231	Barnehagar	954 370	807 777	704 280	-12,8
	<i>Sum kategori 07.30</i>	<i>954 370</i>	<i>807 777</i>	<i>704 280</i>	<i>-12,8</i>

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
Høgare yrkesfagleg utdanning					
240	Fagskular	765 360	825 342	1 069 994	29,6
241	Felles tiltak for fagskular	28 509	30 893	31 723	2,7
242	Noregs grønne fagskule – Veia		31 570	31 656	0,3
	<i>Sum kategori 07.40</i>	<i>793 869</i>	<i>887 805</i>	<i>1 133 373</i>	<i>27,7</i>
Kompetansepolitikk og livslang læring					
251	22. juli-senteret	637	11 723	15 675	33,7
252	EUs utdannings- og ungdomsprogram	658 999			
253	Folkehøgskular	909 830	957 579	993 308	3,7
254	Studieforbund mv.	228 388	232 877	72 430	-68,9
255	Tilskot til freds- og menneskeretts-senter	106 342	108 451		-100,0
256	Kompetanse Noreg	69 660	113 183	128 169	13,2
257	Kompetanseprogrammet	176 181	172 134	376 134	118,5
258	Tiltak for livslang læring	222 183	233 376	159 940	-31,5
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>2 372 220</i>	<i>1 829 323</i>	<i>1 745 656</i>	<i>-4,6</i>
Høgare utdanning og forskning					
260	Universitet og høgskular	37 218 102	38 585 513	40 748 905	5,6
270	Studentvelferd	658 809	822 442	926 887	12,7
271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga		174 831	175 030	0,1
272	Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning		601 000	676 869	12,6
273	Unit – Direktoratet for IKT og felles-tenester i høgare utdanning og forskning		164 495	213 265	29,6
274	Universitetssenteret på Svalbard		142 463	36 322	-74,5
275	Tiltak for høgare utdanning og forskning		284 421	429 539	51,0
280	Felles einingar	961 113			
281	Felles tiltak for universitet og høgskular	515 523			
284	Dei nasjonale forskingsetiske komiteane	19 508	19 303	19 392	0,5

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
285	Noregs forskingsråd	4 856 574	4 793 985	5 254 950	9,6
286	Regionale forskingsfond		189 119	194 982	3,1
287	Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt	485 685	218 120	223 974	2,7
288	Internasjonale samarbeidstiltak	2 895 864	3 496 001	3 762 017	7,6
289	Vitskaplege prisar		44 969	46 408	3,2
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>47 611 178</i>	<i>49 536 662</i>	<i>52 708 540</i>	<i>6,4</i>
	Utdanningsstøtte				
2410	Statens lånekasse for utdanning	43 052 550	45 284 627	46 799 545	3,3
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>43 052 550</i>	<i>45 284 627</i>	<i>46 799 545</i>	<i>3,3</i>
	Integrering og mangfald				
290	Integrerings- og mangfalds- direktoratet	272 562	292 960	304 983	4,1
291	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar	11 754 678	9 768 290	7 644 283	-21,7
292	Opplæring i norsk og samfunns- kunnskap for vaksne innvandrarar	1 530 445	1 346 538	1 175 971	-12,7
	<i>Sum kategori 07.90</i>	<i>13 557 685</i>	<i>11 407 788</i>	<i>9 125 237</i>	<i>-20,0</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>121 956 776</i>	<i>121 852 253</i>	<i>125 512 618</i>	<i>3,0</i>

Utgifter fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
01–29	Driftsutgifter	7 067 836	7 308 343	7 507 538	2,7
30–49	Nybygg, anlegg o.a.	78 942	136 105	273 955	101,3
50–59	Overføringar til andre stats- rekneskapar	48 850 903	50 044 937	53 055 657	6,0
60–69	Overføring til kommunesektoren	17 253 136	13 148 721	11 326 659	-13,9
70–89	Overføring til private	19 810 997	20 485 430	20 997 507	2,5
90–99	Utlån, avdrag o.a.	28 894 962	30 728 717	32 351 302	5,3
	Sum under departementet	121 956 776	121 852 253	125 512 618	3,0

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
Administrasjon					
3200	Kunnskapsdepartementet	4 601			
	<i>Sum kategori 07.10</i>	<i>4 601</i>			
Grunnopplæringa					
3220	Utdanningsdirektoratet	23 821	14 907	13 977	-6,2
3222	Statlege skular og fjern- undervisningstenester	18 921	8 884	15 623	75,9
3225	Tiltak i grunnopplæringa	23 393	23 617	12 495	-47,1
3229	Noregs grønne fagskule – Veia	6 317			
3230	Statleg spesialpedagogisk støttesystem	38 296	45 863	47 094	2,7
	<i>Sum kategori 07.20</i>	<i>110 748</i>	<i>93 271</i>	<i>89 189</i>	<i>-4,4</i>
Høgare yrkesfagleg utdanning					
3242	Noregs grønne fagskule – Veia		6 146	6 316	2,8
	<i>Sum kategori 07.40</i>		<i>6 146</i>	<i>6 316</i>	<i>2,8</i>
Kompetansepolitikk og livslang læring					
3256	Kompetanse Noreg	5 172	8 803	9 039	2,7
	<i>Sum kategori 07.50</i>	<i>5 172</i>	<i>8 803</i>	<i>9 039</i>	<i>2,7</i>
Høgare utdanning og forskning					
3271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga		627	644	2,7
3275	Tiltak for høgare utdanning og forskning		10	10	0,0
3280	Felles einingar	8 801			
3288	Internasjonale samarbeidstiltak		6 236	14 582	133,8
	<i>Sum kategori 07.60</i>	<i>8 801</i>	<i>6 873</i>	<i>15 236</i>	<i>121,7</i>

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
Utdanningsstøtte					
5310	Statens lånekasse for utdanning	18 336 861	17 997 930	18 458 621	2,6
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	4 481 163	5 120 420	2 509 820	-51,0
	<i>Sum kategori 07.80</i>	<i>22 818 024</i>	<i>23 118 350</i>	<i>20 968 441</i>	<i>-9,3</i>
Integrering og mangfald					
3290	Integrerings- og mangfalds- direktoratet	53			
3291	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak	4 903	11 223	11 582	3,2
3292	Opplæring i norsk og samfunns- kunnskap for vaksne innvandrarak	19 615	28 055	21 151	-24,6
	<i>Sum kategori 07.90</i>	<i>24 571</i>	<i>39 278</i>	<i>32 733</i>	<i>-16,7</i>
	<i>Sum inntekter</i>	<i>22 971 917</i>	<i>23 272 721</i>	<i>21 120 954</i>	<i>-9,2</i>

Inntekter fordelt på postgrupper

(i 1 000 kr)					
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
01–29	Sal av varer og tenester o.a.	195 538	173 938	167 283	-3,8
50–89	Skatter, avgifter og andre overføringar	4 587 742	5 234 023	2 614 697	-50,0
90–99	Utlån, avdrag o. a.	18 188 637	17 864 760	18 338 974	2,7
	Sum under departementet	22 971 917	23 272 721	21 120 954	-9,2

3 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor er ei oversikt over oppfølging av oppmodingsvedtak under Kunnskapsdepartementet. Oversikta omfattar alle vedtak frå stortingssesjonen 2019–2020 og alle vedtak frå tidlegare sesjonar der rapporteringa ikkje blei varsla avslutta i Prop. 1 S (2019–2020), eller som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 373 S (2019–2020) meinte ikkje var følgde opp.

I kolonnen lengst til høgre i tabell 3.1 er det ført opp om departementet reknar med at rapporteringa om vedtaket no blir avslutta, eller om det vil rapportere konkret om det i budsjettframlegget neste år òg. Ei rapportering som inneber at depar-

tementet skal legge fram ei konkret sak for Stortinget, vil normalt først bli avslutta når slikt framlegg er gjort.

Sjølv om det i tabellen er oppgitt at rapporteringa blir avslutta, vil det stundom vere slik at oppfølging av alle sider av vedtaket ikkje er slutført. Dette kan til dømes gjelde oppmoding om å vareta særlege omsyn i politikktutforminga på eit område, og der oppfølginga vil kunne gå over fleire år. I slike tilfelle blir Stortinget orientert om oppfølginga slik som elles gjennom omtale av det relevante politikkområdet i andre dokument til Stortinget.

Tabell 3.1 Oppmodingsvedtak

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Følgd opp (ja/nei)
2019–2020	2	Desentralisert utdanning	Ja
2019–2020	410	Inntektsbortfall for studentar	Ja
2019–2020	456	Konvertering av ekstralån for studentar og elevar	Ja
2019–2020	458	Kartlegge ledig studiekapasitet	Ja
2019–2020	459	Korte utdanningstilbod ved fagskulane	Nei
2019–2020	460	Opplæringsløp for lærlingar og nye lærekontraktar	Ja
2019–2020	461	Kompetansehevingstiltak	Ja
2019–2020	466	Studentbustadar	Ja
2019–2020	468	FoU og det grønne skiftet	Ja
2019–2020	487	Barnehage og skule: Covid-19-pandemien og sårbare barn	Ja
2019–2020	497	Barn i utlandet	Nei
2019–2020	696	Bransjeprogram	Ja
2019–2020	697	Kompetansefunn Digital	Nei
2019–2020	699	Finansieringssystem for universitet og høgskular	Nei
2019–2020	700	Studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning	Nei
2019–2020	701	Vaksne utan rett til vidaregåande opplæring	Nei
2018–2019	51	Barnehage: Finansieringssystemet og ideelle barnehagar	Nei
2018–2019	197	Skule: Fritak frå skulefag	Nei

Tabell 3.1 Oppmodningsvedtak

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Følgd opp (ja/nei)
2017–2018	62	Kortkurs ved folkehøgskular	Nei
2017–2018	106	Skule: Fysisk aktivitet	Ja
2017–2018	461	Barnehage: Vilkår for private barnehagar	Nei
2017–2018	533	Tap av statsborgarskap	Ja
2017–2018	534	Rask domstolsbehandling, statsborgarskap	Ja
2017–2018	535	Tap av statsborgarskap pga. grunnleggande nasjonale interesser	Ja
2017–2018	600	Skule: Seksualitetsundervisning	Ja
2017–2018	785	Fleire sanksjonsmoglegheiter i tilfelle der barn blir etterlatne i utlandet mot sin vilje	Nei
2017–2018	800	Foreldrerettleingskurs i introduksjonsprogrammet og innføring i barnehage- og skulesystem og barnevern	Ja
2017–2018	801	Barnehage: Krav til stadleg leiar i barnehagar	Ja
2017–2018	802	Barnehage: Finansieringssystemet for private barnehagar	Nei
2017–2018	805	Barnehage: Etablere eit uavhengig tilsynssystem for barnehagesektoren	Ja
2017–2018	806	Barnehage: Gi informasjon til Stortinget om innføringa av bemannings- og pedagognorm	Ja
2017–2018	883	Skule: Avtalar for tilsetjing av skuleleiar/rektor	Ja
2017–2018	886	Skule: Setje ned utval for nasjonalt kvalitetsvurderingssystem	Nei
2017–2018	887	Rangering av søkarar til høgare utdanning	Nei
2016–2017	67	Skule: Hovudmål og målformgrupper	Nei
2016–2017	108, pkt. 26	Finansiering av private høgskular	Ja
2016–2017	642	Medlemskap i studentsamskipnad for fagskular	Nei
2016–2017	643	Evaluering av fagskulereforma	Nei
2016–2017	648	Fri rettshjelp ved tilbakekall av statsborgarskap	Ja
2016–2017	649	Tilbakekall av statsborgarskap	Ja
2016–2017	651	Tilbakekall av statsborgarskap for barn og barnebarn	Ja
2016–2017	672	Statlege oppreisingsordningar og mobbing	Ja
2016–2017	774	Skule: Vern av lærartittelen	Nei
2016–2017	897	Skule: Melding om kulturskule	Nei
2016–2017	900	Skule: Lærarar med fordjuping i spesialpedagogikk	Nei
2016–2017	901	Skule: Rett til spesialundervisning av fagpersonar	Nei
2016–2017	903	Skule: Spesialundervisning og lærarkompetanse	Nei

Tabell 3.1 Oppmodningsvedtak

Sesjon	Vedtaks nr.	Stikkord	Følgd opp (ja/nei)
2015–2016	439, pkt. 10	Auka karenstid for norsk statsborgarskap	Ja
2015–2016	480	Skule: Minoritetslevar og overnattingsturar	Ja
2015–2016	789	Barnehage: Kartlegging i barnehagane	Nei
2015–2016	791	Barnehage: Personopplysningar	Nei
2015–2016	792	Barnehage: Omsorgs- og læringsmiljø	Ja
2015–2016	796	Barnehage: Krav om norsk og samisk språk	Nei
2015–2016	800	Barnehage: Rekruttering av menn	Ja

Oppmodningsvedtak under kunnskaps- og integreringsministeren

Vedtaks frå 2019–2020-sesjonen

Vedtaks nr. 460, 31. mars 2020: Opplæringsløp for lærlingar og nye lærekontraktar

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 S (2019–2020), jf. Innst. 216 S (2019–2020).

«Stortinget ber regjeringa legge frem forslag som sikrer flyt i opplæringsløpet for lærlingar og at nye lærekontraktar blir tegnet, senest innan revidert nasjonalbudsjett for 2020.»

Departementet viser til Prop. 127 S (2019–2020) og forslag om totalt 350 mill. kroner til tiltak retta mot lærlingar. Departementet meiner at vedtak nr. 460, 31. mars 2020 med dette er følgt opp.

Vedtaks nr. 487, 7. april 2020: Barnehage og skole: Covid-19-pandemien og sårbare barn

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 73 S (2019–2020) og Prop. 70 LS (2019–2020), jf. Innst. 233 S (2019–2020).

«Stortinget ber regjeringa forsterke innsatsen for å ivareta hensynet til sårbare barn under virusutbruddet, slik at de sikres deltakelse i blant annet barnehage og SFO.»

Regjeringa er oppteken av konsekvensane virusutbrotet har og har hatt for sårbare barn og unge. Det er mellom anna sett ned ei koordineringsgruppe som følger med på status for barn og unge, og som gir tilbagemeldingar og råd til regjeringa. I tillegg til meir midlar til kommunesekto-

ren blei det gjennom behandlinga av Prop. 117 S (2019–2020) *Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet for 2020* løyvd 400 mill. kroner til tiltak for å betre situasjonen for sårbare barn og unge. Av dette var 170 mill. kroner for å følge opp levar med tapt progresjon på skulen i samband med virusutbrotet. Regjeringa foreslår å vidareføre 170 mill. kroner til dette tiltaket i 2021.

Det er òg gjort endringar i regelverket. Det har heilt frå nedstenginga vore reglar om at barn med særlege behov skulle kunne få eit tilbod når barnehagar, skular og SFO er stengde.

Det er no fastsett i mellombelse reglar at barnehage- og skuleeigarar skal sørge for at barn med særlege behov får eit tilbod i barnehage eller skule når barnehagar og skular er stengde eller har redusert opnings- eller opphaldstid etter enkeltvedtak eller forskrifter med heimel i smittevernlova. Denne plikta følger av mellombels forskrift om tilpassingar i reglane om barnehagar, grunnskular og vidaregåande opplæring som følge av utbrot av covid-19 §§ 2 og 3. Både innhaldet i og omfanget av tilbodet skal vareta barnets eller elevens behov.

Departementet viser vidare til omtale i Prop. 127 S (2019–2020) og budsjettforslaget i Prop. 1 S (2020–2021).

Departementet meiner at vedtak nr. 487, 7. april 2020 er følgt opp.

Vedtaks nr. 497, 14. april 2020: Barn i utlandet

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 130 L (2018–2019) og Innst. 208 L (2019–2020).

«Stortinget ber regjeringa i lys av Innst. 260 S (2017–2018) fremme en sak med forslag til inn-

retning som ivaretar barn som står i fare for å sendes til eller etterlates i utlandet mot egen vilje under tilrettelagte og organiserte uforsvarlige forhold, som kan bidra til at barn og unge utsettes for vold og tortur, negativ sosial kontroll eller radikalisering.»

Oslo Economics har gjennomført ei kartlegging av kommunane sin kjennskap til saker om barn etterlatne i utlandet mot si vilje, som ein del av regjeringa si oppfølging av særskilde tiltak for å hindre at barn vert etterlatne i utlandet, og regjeringa sin integreringsstrategi (2019–2022). Rapporten blei publisert i januar 2019. I byrjinga av 2019 sette regjeringa ned ei ekspertgruppe for å få råd om korleis ein kan førebygge at barn og unge vert etterlatne i utlandet utan at dei ønsker det. Rapporten «*Det var ikke bare ferie*» kom i mai 2020 med 45 tilrådingar. Forslaga blir vurderte i samband med utviklinga av ny handlingsplan om friheit frå negativ sosial kontroll og æresrelatert vald for 2021–24.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2018–2019-sesjonen

Vedtak nr. 51, 22. november 2018: Barnehage: Finansieringssystemet og ideelle barnehagar

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:231 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Bjørnar Moxnes om en mangfoldig barnehagestruktur der pengene går til barnas beste*, jf. Innst. 51 S (2018–2019).

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå finansieringssystemet for private og kommunale barnehager med sikte på å ivareta de små og ideelle barnehagene og en mangfoldig barnehagesektor.»

Departementet viser til *Forslag til endringer i barnehageloven med forskrifter (ny regulering av private barnehager)*, som blei sendt ut på offentleg høyring 26. april 2019. I kapittel 5 i høyringsnotatet har departementet vurdert moglege endringar i finansieringssystemet for private barnehagar. Departementet ser at det kan vere ei utfordring at finansieringssystemet ikkje gir gode nok driftsvilkår for små private barnehagar. Departementet vurderer at grunnprinsippa i dagens finansieringssystem skal vidareførast, slik at finansieringa av barnehagane framleis skjer gjennom statlege overføringar til rammetilskotet til kommunen. Departementet meiner at kommunens utgifter til

private barnehagar framleis skal spegle kommunens utgifter til tilsvarende kommunale barnehagar. Departementet meiner likevel at det kan vere tenleg å differensiere driftstilskotet til private barnehagar etter storleiken på barnehagen, slik at tilskota i større grad speglar dei reelle kostnadene ved dei private barnehagane. I høyringsnotatet varslar departementet ei nærare utgreiing av endringar i berekninga av driftstilskot til private barnehagar. I Prop. 96 L (2019–2020) viser departementet til at det er behov for å vurdere forslaga i høyringa om finansieringssystemet nærmare, mellom anna som følge av høyringsinnspel.

Departementet vil kome tilbake til vedtak nr. 51, 22. november 2018 overfor Stortinget på ein eigna måte. Jf. også vedtak nr. 802, 31. mai 2018 om modellar i finansieringssystemet som varetek eit mangfald av barnehagar.

Vedtak nr. 197, 12. desember 2018: Skule: Fritak frå skulefag

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2018–2019), jf. Innst. 12 S (2018–2019):

«Stortinget ber regjeringen sørge for at fritak for skolefag ikke blir gitt dersom dette ikke er i overensstemmelse med elev og foresattes ønsker, at fritaket må være faglig begrunnet, og at konsekvensene av et fritak er gjort godt kjent for eleven og foresatte.»

Departementet vil be Utdanningsdirektoratet sjå til at regelverket på området blir rett forstått og følgt opp ute i kommunane, og at elevane og foreldra får nødvendig rettleiing og informasjon. Opp-læringslovutvalet leverte i NOU 2019: 23 *Forslag til ny opplæringslov*. Departementet vil i oppfølginga av NOU-en vurdere om det er behov for justering av lovverket i denne samanhengen. Regjeringa tek sikte på å sende forslag til ei ny opplæringslov på offentleg høyring våren 2021 og deretter legge forslaget fram for Stortinget i ein lovproposisjon våren 2022.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2017–2018-sesjonen

Vedtak nr. 62, 4. desember 2017: Kortkurs ved folkehøgskular

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2017–2018), jf. Innst. 2 S (2017–2018).

«Stortinget ber regjeringen gå i dialog med folkehøgskolene med sikte på å finne en modell for å fase ut tilskudd til kortkurs der grunnbevilgningen i så fall må økes tilsvarende.»

I Prop. 114 S (2018–2019) varsla Kunnskapsdepartementet at det blir teke sikte på å fase ut tilskotet til kortkurs i folkehøgskulane frå 1. januar 2021. Folkehøgskulane får ein tilsvarende auke i grunnløyvinga. Dei to pensjonistfolkehøgskulane, Stiftelsen Nestor Seniorutvikling og Nordnorsk Pensjonistskole, vil framleis kunne halde kortkurs med rett til tilskot, med unntak av reisekurs utanfor Norden. Departementet tek sikte på at tilskotet til kortkurs blir fasa ut ved at kortkurselevar gradvis blir tekne ut av tilskotsgrunnlaget frå 2021. Stortinget slutta seg våren 2020 til forslaget til departementet om naudsynte endringar i folkehøgskulelova, slik at kortkurs ikkje lenger skal gi rett til statstilskot frå 1. januar 2021, jf. Prop. 96 L (2019–2020) og Innst. 302 L (2019–2020). Departementet sender forslag til endringar i forskrift til folkehøgskulelova på høyring hausten 2020. Der vil det mellom anna bli foreslått at det frå 2021 ikkje lenger vil vere høve til å nytte statstilskotet til kortkursverksemda.

Departementet har fått innspel frå Folkehøgskolerådet og folkehøgskulane om at avviklinga av tilskotet til kortkurs kan ha særlege negative konsekvensar for nokre få sårbare grupper. Departementet vil i dialog med Folkehøgskolerådet sjå nærare på dette.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 106, 7. desember 2017: Skule: Fysisk aktivitet
Oppmodingsvedtak gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:8 S (2017–2018) Representantforslag fra stortingsrepresentantene Kjersti Toppe, Marit Arnstad, Aslaug Sem-Jacobsen og Marit Knutsdatter Strand om å innføre en ordning som sikrer elever på 1.–10. trinn minst én time fysisk aktivitet hver dag, jf. Innst. 51 S (2017–2018):

«Stortinget ber regjeringen fremme sak for Stortinget om en ordning som sikrer elever på 1.–10. trinn minst én time fysisk aktivitet hver dag innenfor dagens timeantall.»

Vedtaket er omtala i Meld. St. 12 (2018–2019) Anmodnings- og utredningsvedtak i stortings sesjonen 2017–2018 og i Prop. 1 S (2018–2019). I desse dokumenta tilrådde departementet at det ikkje

blei innført ei ny obligatorisk ordning med fysisk aktivitet i skulen. Departementet tilrådde at det heller blir satsa på frivillige tiltak, erfaringsspreiing, dokumentasjon og forsvarleg evaluering av praksis i skulen. I argumentasjonen la departementet særleg vekt på at det ville vere vanskeleg å halde oppe metodefridomen og -ansvaret til lærarane dersom ein lovregulerte ein time fysisk aktivitet kvar dag.

I Innst. S 12 (2018–2019) sa Stortinget følgende:

«Komiteen ser frem til resultatene fra studien og mener denne vil kunne gi et bedre faglig grunnlag for å kunne vurdere hvordan man oppnår økt fysisk aktivitet i skolen. Komiteen mener at én times daglig fysisk aktivitet i skolen innenfor dagens timetall skal være et mål som ikke må gå på bekostning av metodefriheten til lærerne eller medføre ekstra forpliktelser til rapportering fra skolene. Målet bør heller ikke gå på bekostning av gode lokale løsninger som faste aktivitetsdager, ekskursjoner eller annen aktivitet i skoletiden.

Komiteen ber regjeringen legge lærernes metodefrihet til grunn i sitt videre arbeid med fysisk aktivitet, samt vurdere løsninger som ikke bidrar til unødig byråkratisering eller detaljstyring av sektoren. Komiteen er gjort kjent med at flere skoler prioriterer fysisk aktivitet i ulike former, og ber regjeringen i sitt videre arbeid se på hvordan man kan bidra til erfaringsdeling og spredning av kunnskap og pedagogiske opplegg som bygger opp under lærernes faglige skjønn og ansvar.

Komiteen mener den enkelte skole i samarbeid med lærerne må finne gode løsninger for hvordan man best mulig kan legge til rette for økt fysisk aktivitet, og hvor man tar hensyn til de ulike forutsetninger man har lokalt. Fysisk aktivitet i skolen bør bidra til at elevene opplever mestring og glede ved aktivitet, og det er dermed viktig at tiltakene er godt lokalt tilpasset og skapt av et lokalt, positivt engasjement.

Komiteen mener en sentral utfordring er kompetanse og ressurser som gir lærerne inspirasjon og gode faglige opplegg som innebærer bruk av fysisk aktivitet. Dette kan blant annet gjøres ved å etablere en nettressurs hvor skoler og lærerne får tilgang til gode fagdidaktiske eksempler som muliggjør god undervisning i enkeltfag samtidig som man har økt fysisk aktivitet. Slike ressurser kan utarbeides med bakgrunn i erfaringene fra forskningsprosjektet og med bakgrunn i erfaringer fra kommuner som allerede er kommet langt i å ha én times fysisk aktivitet hver

dag innenfor dagens rammetimetall. Det kan også være aktuelt å vurdere om ressurser laget med tilknytning til eksisterende læreplanverk kan fornyes og forbedres i forbindelse med nye læreplaner i fagfornyelsen. Den enkelte lærer og skole skal med dette kunne ivareta et godt innhold, god planlegging og god gjennomføring av tilbud og tiltak for økt fysisk aktivitet. Komiteen mener derfor regjeringen i sitt videre arbeid må ivareta at skolene får tilgang til undervisningsressurser og kompetanse som muliggjør at alle skoler på enkelt vis kan nå målet om én times fysisk aktivitet, og ber regjeringen komme tilbake til Stortinget på egnet måte med status i dette arbeidet.»

I Prop. 1 S (2019–2020) gjorde departementet på nytt greie for korleis fysisk aktivitet i skulen blir følgt opp. Departementet presenterte mellom anna resultata frå forskingsprosjektet Schools in motion frå Noregs idrettshøgskule og satsinga Barn og unge i bevegelse, som vil samle ei rekke tiltak for meir fysisk aktivitet i barnehage, skule og SFO. Departementet la til grunn at dei tiltaka som var nemnde her, samla sett gjer at vedtak nr. 106, 7. desember 2017 var følgt opp. I Innst. 373 S (2019–2020) sa likevel Stortinget følgande:

«Komiteen viser til ordlyden i anmodningsvedtaket, der Stortinget ba regjeringen legge fram en sak for Stortinget som sikrer elever på 1.–10. trinn minst én times fysisk aktivitet hver dag. Komiteen avventer dette før vedtaket kvitteres ut.»

Kunnskapsdepartementet viser til at det i einsskilde høve er naudsynt å kome med framlegg om å oppheve eit oppmodingsvedtak før saka kan avsluttast. Departementet foreslår derfor følgande, jf. forslag til vedtak VIII:

Oppmodingsvedtak nr. 106 (2017–2018) blir oppheva med bakgrunn i at målet om auka fysisk aktivitet i skulen blir følgt opp med satsinga Barn og unge i bevegelse.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 106, 7. desember 2017 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 461, 13. februar 2018: Barnehage: Vilkår for private barnehagar

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:18 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken, Mona Lill Fagerås og Solfrid Lerbrekk om profittfri barnehage*, jf. Innst. 114 S (2017–2018).

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan det kan sikres at private barnehager har lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår minst på linje med ansatte i offentlige barnehager, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Departementet viser til at Stortinget også har tilsvarende oppmodingsvedtak som gjeld andre tenesteområde enn barnehagar. Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) sette hausten 2018 ned eit offentleg utval som skal kartlegge ulike former for offentleg finansierte velferdstenester der private aktørar tek del i tenesteproduksjonen. Utvalet skal mellom anna kartlegge lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår hos leverandørar for om mogleg å få eit bilde av om det er store forskjellar mellom tilsette i offentleg og privat sektor. Utvalet skulle ifølge mandatet levere delutgreingar hausten 2019 og hausten 2020. Utvalet har fått utsett frist og vil etter planen levere ei samla utgreiing i løpet av 2020. Departementet vil derfor følge opp oppmodingsvedtak nr. 461, 13. februar 2018 i samband med oppfølginga av den offentlege utgreiinga frå dette utvalet.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 533, 15. mars 2018: Tap av statsborgarskap

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 146 L (2016–2017) *Endringer i statsborgerloven mv. (tap av statsborgerskap ved straffbare forhold eller av hensyn til grunnleggende nasjonale interesser)*, jf. Innst. 173 L (2017–2018).

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag om at tap av statsborgerskap, uavhengig av årsak, skal avgjøres av domstolen.»

Departementet har gjort ei grundig utgreiing av spørsmålet om domstolsbehandling i første instans av saker om tap av statsborgarskap. Departementet sende 5. november 2018 på høyring eit forslag om domstolsbehandling i første instans av saker om tilbakekall av statsborgarskap etter statsborgarlova § 26 andre ledd. I høyringsnotatet gjorde departementet også greie for korleis rettstryggleiken kan styrkast innanfor gjeldande system der forvaltninga gjer vedtak i første instans. Forslaget om domstolsbehandling i første instans blei møtt med sterk prinsipiell motstand frå dei sentrale aktørane i justissektoren. Det blei vist til at ei behandling av tilbakekallssakene i domstolen i første instans vil rokke ved maktfor-

delingsprinsippet som sikrar at statsmaktene er delte mellom lovgivande, utøvande og dømmende makt, og medverke til å svekke tilliten til domstolane. Det er domstolane si oppgåve å føre legalitetskontroll og ikkje drive forvaltning etter maktfordelingsprinsippet. På denne bakgrunnen vedtok Stortinget 9. desember 2019 å vidareføre og styrke dagens ordning med forvaltningsbehandling av saker om tilbakekall av statsborgarskap på grunn av uriktige opplysningar m.m., jf. Prop. 141 L (2018–2019), Innst. 62 L (2019–2020), Lovvedtak 10 (2019–2020).

Departementet meiner at vedtak nr. 533, 15. mars 2018 er følgd opp ved Stortingets behandling av Prop. 141 L (2018–2019).

Vedtak nr. 534, 15. mars 2018 Rask domstolsbehandling, statsborgarskap

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 146 L (2016–2017) *Endringer i statsborgerloven mv. (tap av statsborgerskap ved straffbare forhold eller av hensyn til grunnleggende nasjonale interesser)*, jf. Innst. 173 L (2017–2018).

«Stortinget ber regjeringen utrede om det kan etableres en ordning med rask domstolsbehandling av saker som gjelder tap av statsborgerskap av hensyn til grunnleggende nasjonale interesser.»

Departementet har gjort ei grundig utgreiing av spørsmålet om domstolsbehandling i første instans av saker om tap av statsborgarskap. Departementet sende 5. november 2018 på høyring eit forslag om domstolsbehandling i første instans av saker om tilbakekall av statsborgarskap etter statsborgarlova § 26 andre ledd. I høyringsnotatet gjorde departementet også greie for korleis rettstryggleiken kan styrkast innanfor gjeldande system der forvaltninga gjer vedtak i første instans. Forslaget om domstolsbehandling i første instans blei møtt med sterk prinsipiell motstand frå dei sentrale aktørane i justissektoren. Det blei vist til at ei behandling av tilbakekallssakene i domstolen i første instans vil rokke ved maktfordelingsprinsippet som sikrar at statsmaktene er delte mellom lovgivande, utøvande og dømmende makt, og bidra til å svekke tilliten til domstolane. Det er domstolane si oppgåve å føre legalitetskontroll og ikkje drive forvaltning etter maktfordelingsprinsippet. På denne bakgrunnen vedtok Stortinget 9. desember 2019 å vidareføre og styrke dagens ordning med forvaltningsbehandling av saker om tilbakekall av statsborgarskap på grunn av uriktige opplysningar m.m., jf.

Prop. 141 L (2018–2019), Innst. 62 L (2019–2020), Lovvedtak 10 (2019–2020).

I saker om tap av statsborgarskap av omsyn til grunnleggande nasjonale interesser er det i tillegg også ytterlegare argument som talar mot at domstolane skal gjere vedtak. For å kunne avverje eit terroranslag eller liknande er det avgjerande at tap av statsborgarskap og eventuelle utlendingsrettslege tiltak, for eksempel utvisning, kan setjast i verk raskt. Ved domstolsbehandling vil ikkje formålet om å avverje terror eller liknande kunne takast hand om i tilstrekkeleg grad, ettersom etterforskning og domstolsbehandling av straffbare forhold kan vere tidkrevjande. Departementet har på denne bakgrunnen fremja Prop. 134 L (2019–2020) om tap av statsborgarskap av omsyn til grunnleggande nasjonale interesser, der det blir foreslått at slikt tap skal vedtakast av departementet. Samtidig blir det foreslått å gi fri retts hjelp i form av fritt rettsråd utan behovsprøving ved forvaltningsbehandlinga av saka og fri sakføring utan behovsprøving ved eventuell etterfølgande domstolsbehandling av departementet sitt vedtak. Departementet vurderer at behandlingsmåten som blir foreslått for behandling av sakene, sikrar omsynet til grunnleggande nasjonale interesser og rettstryggleiken til den einskilde på best måte.

Departementet meiner at vedtak nr. 534, 15. mars 2018 er følgd opp.

Vedtak nr. 535, 15. mars 2018: Tap av statsborgarskap pga. grunnleggande nasjonale interesser

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 146 L (2016–2017) *Endringer i statsborgerloven mv. (tap av statsborgerskap ved straffbare forhold eller av hensyn til grunnleggende nasjonale interesser)*, jf. Innst. 173 L (2017–2018).

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag om tap av statsborgerskap av hensyn til grunnleggende nasjonale interesser, og at slikt tap skal avgjøres av domstolen.»

Departementet har gjort ei grundig utgreiing av spørsmålet om domstolsbehandling i første instans av saker om tap av statsborgarskap. Departementet sende 5. november 2018 på høyring eit forslag om domstolsbehandling i første instans av saker om tilbakekall av statsborgarskap etter statsborgarlova § 26 andre ledd. I høyringsnotatet gjorde departementet også greie for korleis rettstryggleiken kan styrkast innanfor gjel-

dande system der forvaltninga gjer vedtak i første instans. Forslaget om domstolsbehandling i første instans blei møtt med sterk prinsipiell motstand frå dei sentrale aktørane i justissektoren. Det blei vist til at ei behandling av tilbakekallssakene i domstolen i første instans vil rokke ved maktfordelingsprinsippet som sikrar at statsmaktene er delte mellom lovgivande, utøvande og dømmende makt, og bidra til å svekke tilliten til domstolane. Det er domstolane si oppgåve å føre legalitetskontroll og ikkje drive forvaltning etter maktfordelingsprinsippet. På denne bakgrunnen vedtok Stortinget 9. desember 2019 å vidareføre og styrke dagens ordning med forvaltningsbehandling av saker om tilbakekall av statsborgarskap på grunn av uriktige opplysningar m.m., jf. Prop. 141 L (2018–2019), Innst. 62 L (2019–2020), Lovvedtak 10 (2019–2020).

I saker om tap av statsborgarskap av omsyn til grunnleggande nasjonale interesser er det i tillegg også ytterlegare argumenter som talar mot at domstolane skal gjere vedtak. For å kunne avverje eit terroranslag eller liknande, er det avgjerande at tap av statsborgarskap og eventuelle utlendingsrettslege tiltak, for eksempel utvisning, kan setjast i verk raskt. Ved domstolsbehandling vil ikkje formålet om å avverje terror eller liknande kunne takast hand om i tilstrekkeleg grad, etter som etterforskning og domstolsbehandling av straffbare forhold kan vere tidkrevjande. Departementet har på denne bakgrunnen fremja Prop. 134 L (2019–2020) om tap av statsborgarskap av omsyn til grunnleggande nasjonale interesser, der det blir foreslått at slikt tap skal vedtakast av departementet. Samtidig blir det foreslått å gi fri rettshjelp i form av fritt rettsråd utan behovsprøving ved forvaltningsbehandlinga av saka og fri sakførsel utan behovsprøving ved eventuell etterfølgande domstolsbehandling av departementets vedtak. Departementet vurderer at måten som blir foreslått for behandling av sakene, sikrar omsynet til grunnleggande nasjonale interesser og rettstryggleiken til den einskilde på best måte.

Departementet meiner at vedtak nr. 535, 15. mars 2018 er følgt opp.

Vedtak nr. 600, 12. april 2018: Skule: Seksualitetsundervisning

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:71 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentant Bjørnar Moxnes om tiltak mot seksuell trakassering*, jf. Innst. 208 S (2017–2018).

«Stortinget ber regjeringen, i forbindelse med pågående fornying av læreplanene, om å sikre at seksualundervisningen i skolen inkluderer grensesetting og respekt for andres grenser.»

Vedtaket er omtala i Meld. St. 12 (2018–2019) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortings sesjonen 2017–2018*, og Stortinget seier dette i Innst. 291 S (2018–2019):

«Komiteen viser til at arbeidet med fornyelse av læreplaner er på gang og avventer ferdigstilling av dette før vedtaket kvitteres ut.»

Vedtaket gjeld innhald i læreplanane. I Granavolden-plattformen seier regjeringa at ho vil «betre seksualundervisninga i grunnskulen og vektlegge grensesetting og respekt for eigne og andre sine grenser». I dei nye læreplanane som blei fastsette hausten 2019, er temaet godt dekt i fleire fag og på ulike trinn i opplæringa. Dei nye læreplanane skal gjelde frå hausten 2020 for 1.–9. trinn i grunnskulen og 1. trinn i vidaregåande opplæring, frå hausten 2021 for 10. trinn i grunnskulen og Vg2 og frå hausten 2022 for Vg3.

Departementet legg til grunn at oppmodingsvedtaket er følgt opp gjennom dei nye læreplanane.

Vedtak nr. 785, 29. mai 2018: Fleire sanksjonsmuligheter i tilfelle der barn blir etterlatne i utlandet mot si vilje

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:118 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Jonas Gahr Støre, Masud Gharahkhani, Lene Vågs-lid, Siri Gåsemyr Staalesen, Maria-Karine Aasen-Svensrud og Jan Böhler om tiltak mot sosial kontroll og æresvold*, jf. Innst. 260 S (2017–2018).

«Stortinget ber regjeringen vurdere flere sanksjonsmuligheter i tilfeller der barn etterlates i utlandet mot sin vilje og under uforsvarlige forhold.»

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet utarbeidde Oslo Economics rapporten *Kommunenes erfaringer med barn og unge som etterlates i utlandet mot sin vilje*, lansert i januar 2020. Regjeringa sette i februar 2019 ned ei ekspertgruppe for å få råd om korleis ein kan førebygge at barn og unge blir sende på ufrivillige opphald i utlandet. Rapporten *«Det var ikke bare ferie»* låg føre i mai 2020 med 45 tilrådingar, som departementet no vurde-

rer. Departementet vil følge opp oppmodingsvedtak nr. 785, 29. mai 2018 i samband med oppfølginga av funna frå desse oppdraga.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 800, 31. mai 2018: Foreldrerettleiingskurs i introduksjonsprogrammet og innføring i barnehage- og skulesystem og barnevern

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 45 L (2017–2018) *Endringer i introduksjonsloven (opplæring i mottak og behandling av personopplysninger mv.)*, jf. Innst. 327 L (2017–2018).

«Stortinget ber regjeringen sikre at deltakere i introduksjonsprogrammet får foreldreveiledningskurs, samt innføring i norsk barnehage- og skulesystem og barnevern.»

Prop. 89 L (2019–2020) *Integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven)* er lagd fram for Stortinget. I proposisjonen foreslår departementet å innføre obligatorisk kurs i foreldrerettleiing for deltakarar i introduksjonsprogrammet som har barn eller som får barn medan dei går i programmet. Departementet vil forskriftsfeste minstekrava for kurset. Forskrifta har vore på offentleg høyring med høyringsfrist 1. oktober 2020. Integreringslova med tilhøyrande forskrift skal etter planen tre i kraft frå 1. januar 2021.

Asylsøkarar i mottak har plikt til å delta i opplæring i norsk og opplæring i norsk kultur og norske verdiar. Under tema 5 «Barns rettigheter og foreldrerollen» i opplæring i norsk kultur og norske verdiar blir det gitt opplæring i norsk barnehage- og skulesystem og barnevern. Deltakarar i introduksjonsprogram som har vore i mottak, har dermed fått innføring i norsk barnehage- og skulesystem og barnevern. I Prop. 89 L (2019–2020) foreslår departementet at opplæringa i norsk kultur og norske verdiar blir teken inn i læreplanen til opplæringa i samfunnskunnskap. Forslaget inneber at opplæringa i norsk kultur og norske verdiar skal opphøyre som eige tilbod, men at områda vil inngå i den nye opplæringa i samfunnskunnskap. Opplæringa i samfunnskunnskap vil bli delt inn i modular, og nokre av desse modulane vil bli obligatoriske for bebuarar i mottak. Dei som ikkje er busette gjennom mottakssystemet, men blir busette direkte i ein kommune, vil få heile samfunnskunnskapsopplæringa gjennom intro-

duksjonsprogrammet. Kompetanse Noreg har ansvaret for arbeidet med revidering av Læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrar. Den nye læreplanen skal etter planen tre i kraft 1. august 2021.

Departementet meiner at vedtak nr. 800, 31. mai 2018 er følgt opp.

Vedtak nr. 801, 31. mai 2018: Barnehage: Krav til stadleg leiar i barnehagar

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 L (2017–2018) *Endringer i barnehageloven mv. (minimumsnorm for grunnbemanning, plikt til å samarbeide om barnas overgang fra barnehage til skole og SFO mv.)*, jf. Innst. 319 L (2017–2018).

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå regelverket for krav til stedlig leder i barnehager, og tilse at unntaksbestemmelsen er slik at den ikke benyttes til å redusere kostnader i barnehagesektoren.»

Departementet viser til *Forslag til endringer i barnehageloven med forskrifter (ny regulering av private barnehager)*, som blei sendt ut på offentleg høyring 26. april 2019. I kapittel 14.1 i høyringsnotatet har departementet presisert at unntaksregelen ikkje kan brukast til å redusere kostnader i barnehagane. Departementet følger opp forslaget i Prop. 96 L (2019–2020) *Endringer i folkehøgskoleloven, barnehageloven og voksenopplæringsloven m.m. (samleproposisjon)*, jf. Innst. 302 L (2019–2020). Departementet viser her til at det er uheldig at unntaket frå hovudregelen om at kvar barnehage skal ha ein styrar, berre står i merknaden til lovføresegna og ikkje i lov eller forskrift. Dette gjer at regelverket blir mindre tilgjengeleg for barnehagane. Departementet meiner også at det som står i merknaden, er for uklart.

For å gjere regelverket tydelegare, vil departementet be Utdanningsdirektoratet om å greie ut og sende på høyring eit forslag til ei ny føresegn i forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar. Føresegna kan regulere når det kan gjerast unntak frå kravet om at kvar barnehage skal ha ein styrar. I høyringa av forskriftsføresegna vil det vidare blir greidd ut korleis unntaket frå kravet om at kvar barnehage skal ha ein styrar skal utformast, og om det eventuelt skal stillast krav til stillingsbrøk for styrar.

Departementet meiner at vedtak nr. 801, 31. mai 2018 er følgt opp.

Vedtak nr. 802, 31. mai 2018: Barnehage: Finansieringssystemet for private barnehagar

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 L (2017–2018) *Endringer i barnehageloven mv. (minimumsnorm for grunnbemanning, plikt til å samarbeide om barnas overgang fra barnehage til skole og SFO mv.)*, jf. Innst. 319 L (2017–2018).

«Stortinget ber regjeringen i sitt vidare arbeid med regulering av barnehagesektoren se på modeller i finansieringssystemet som så langt som mulig ivaretar et mangfold av barnehager og barnehageeiere, samt reduserer etterslepet i tilskuddsgrunnlaget overfor private barnehager.»

Departementet viser til *Forslag til endringer i barnehageloven med forskrifter (ny regulering av private barnehager)*, som blei sendt ut på offentlig høyring 26. april 2019. I kapittel 5 i høyringsnotatet har departementet vurdert moglege endringar i finansieringssystemet for private barnehagar. Departementet ser at det kan vere ei utfordring at finansieringssystemet ikkje gir gode nok driftsvilkår for små private barnehagar. Departementet vurderer at grunnprinsippa i dagens finansieringssystem skal vidareførast, slik at finansieringa av barnehagane framleis skjer gjennom statlege overføringar til rammetilskotet til kommunen. Departementet meiner at kommunens utgifter til private barnehagar framleis skal spegle kommunens utgifter til tilsvarende kommunale barnehagar. Departementet meiner likevel at det kan vere formålstenleg å differensiere driftstilskotet til private barnehagar etter storleiken på barnehagen, slik at tilskota i større grad speglar dei reelle kostnadene til dei private barnehagane. I høyringsnotatet varslar departementet ei nærare utgreiing av endringar i berekninga av driftstilskot til private barnehagar. Departementet ser også at det kan vere behov for eigne mekanismar i finansieringssystemet, slik at private barnehagar får ei finansiering som gjer at dei kan oppfylle nye lovkrav samtidig som kommunane. Departementet har bedt Utdanningsdirektoratet om å greie ut korleis dette kan gjerast. I Prop. 96 L (2019–2020) *Endringer i folkehøgskoleloven, barnehageloven og voksenopplæringsloven m.m. (samleproposisjon)* varsla departementet behov for å vurdere forslaga om endringar i finansieringssystemet nærare, og det vil komme tilbake til Stortinget med eventuelle forslag til endringar i regelverket.

Departementet vil kome tilbake til vedtak nr. 802, 31. mai 2018 overfor Stortinget på ein eigna måte. Jf. også vedtak nr. 51, 22. november 2018, om finansieringssystemet for private og kommunale barnehagar.

Vedtak nr. 805, 31. mai 2018: Barnehage: Etablere eit uavhengig tilsynssystem for barnehagesektoren

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 L (2017–2018) *Endringer i barnehageloven mv. (minimumsnorm for grunnbemanning, plikt til å samarbeide om barnas overgang fra barnehage til skole og SFO mv.)*, jf. Innst. 319 L (2017–2018).

«Stortinget ber regjeringen ved evalueringen av kommunens tilsynsansvar sikre at det etableres et uavhengig tilsynssystem for barnehagesektoren.»

Departementet viser til *Forslag til endringer i barnehageloven med forskrifter (ny regulering av private barnehager)*, som blei sendt ut på offentlig høyring 26. april 2019. I kapittel 10 i høyringsnotatet foreslår departementet å legge ansvaret for tilsyn med økonomiske forhold ved private barnehagar til departementet.

Departementet følgde opp forslaget i Prop. 96 L (2019–2020) *Endringer i folkehøgskoleloven, barnehageloven og voksenopplæringsloven m.m. (samleproposisjon)*, jf. Innst. 302 L (2019–2020). Stortinget har vedteke at det skal opprettast eit nasjonalt tilsyn for økonomiske forhold overfor private barnehagar, og at dette ansvaret skal leggest til Utdanningsdirektoratet. Direktoratet vil få ansvaret både for å føre kontroll og tilsyn med at offentlege tilskot og foreldrebetaling blir nytta i tråd med krava og for å gi rettleiing om dette regelverket. Det vil samtidig bli innført tilhøyrande reguleringar som sikrar direktoratet nødvendig dokumentasjon i samband med tilsyn, og reguleringar om kva for reaksjonar direktoratet kan nytte.

Departementet vil gjere ei nærmare vurdering av tidspunktet for overføring av ansvaret for å føre tilsyn med økonomiske forhold i private barnehagar. Inntil regelendringane trer i kraft, er det kommunane som har ansvaret for å føre økonomisk tilsyn og gi rettleiing til kommunane om regelverket. Det er sett av 10 mill. kroner til å starte arbeidet med eit nasjonalt tilsyn i 2020, jf. Prop. 1 S (2019–2020). I 2021 foreslår departementet å auke løyvinga med ytterlegare 10 mill. kroner til totalt 20 mill. kroner. I første omgang vil det nasjonale tilsynet få om lag 20 årsverk. Departementets førebelse overslag

tilseier at tilsynet på sikt bør bestå av om lag 30 årsverk. Departementet vil følge med på ressursbehovet til det nye tilsynet i åra framover.

Ansvarsfordelinga inneber at kommunen framleis vil vere tilsynsmyndigheit for andre reguleringar i barnehagelova og forskrifta. Kvalitet og innhald i barnehagetilbodet er ei oppgåve som krev innsikt i lokale forhold og prioriteringar. Slike tilsyn vil i større grad basere seg på stadlege tilsyn og kjennskap til den aktuelle barnehagen det blir ført tilsyn med. Slike tilsyn kan derfor best utførast av den einsskilte kommunen. Ved å flytte ansvaret for økonomitilsynet til nasjonalt nivå vil kommunen få betre høve til å prioritere tilsyn med andre forhold enn økonomi.

Departementet meiner at vedtak nr. 805, 31. mai 2018 er følgt opp.

*Vedtak nr. 806, 31. mai 2018: Barnehage:
Gi informasjon til Stortinget om innføringa av
bemannings- og pedagognorm*

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 L (2017–2018) *Endringer i barnehageloven mv. (minimumsnorm for grunnbemanning, plikt til å samarbeide om barnas overgang fra barnehage til skole og SFO mv.)*, jf. Innst. 319 L (2017–2018).

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget våren 2019 og våren 2020 med informasjon om hvordan innføringen av bemanningsnormen og skjerpet pedagognorm har påvirket pedagogtettheten og voksentettheten i barnehagene.»

Departementet viser til omtale av bemanningsnorm og pedagognorm i barnehage i Prop. 85 S (2018–2019) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2019* og i Prop. 117 S (2019–2020) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2020*.

Stortinget seier følgande i Innst. 373 S (2019–2020):

«Komiteen viser til regjeringens oppfølging av anmodningsvedtaket i Prop. 117 S (2019–2020) og kvitterer ut vedtaket på dette grunnlag.»

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 806, 31. mai 2018 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 883, 11. juni 2018: Skule: Avtalar for tilsetjing av skuleleiar/rektor

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:194 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Martin Henriksen, Torstein Tvedt Solberg, Mani Hussaini, Marit Arnstad, Marit Knutsdatter Strand, Audun Lysbakken, Mona Fagerås og Hadia Tajik om tillitsreform i skolen*, jf. Innst. 378 S (2017–2018).

«Stortinget ber regjeringen undersøke i hvilken grad detaljerte målkrav og indikatorer knyttet til elevresultater benyttes i ansettelsesavtaler med skoleledere og rektorer. Videre ber Stortinget regjeringen vurdere konsekvensene av dette sett i lys av overordnet del av læreplanen og melde tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Utdanningsdirektoratet fekk i oppdrag å la spørsmål om denne tematikken inngå i spørjinga til Skule-Noreg våren 2019. Dette er ei spørjing som omfattar grunnskular, vidaregåande skular, kommunar og fylkeskommunar. I spørjinga blei skuleeigarane i kommunar og i fylkeskommunar spurde om det er skriftleggjort/formelt nedfelt målkrav og indikatorar knytte til elevresultat i tilsetjingsavtalane for skuleleiarane. Resultata frå spørjinga låg føre hausten 2019, og dei viser at fleirtalet av skuleeigarar i kommunane og skuleeigarar i fylkeskommunane svarer nei på spørsmålet. Berre 10 pst. av skuleeigarane i kommunen og 2 av totalt 9 skuleeigarane i fylkeskommunen svarer ja på spørsmålet.

Resultata i spørjinga til skule-Noreg gir ikkje grunnlag for å tolke kva som ligg bak svara på spørsmålet. Departementet vurderer likevel at resultata frå spørjinga viser at dette ikkje er nokon omfattande praksis og har ikkje sett i verk fleire tiltak på området. Overordna del og dei nye læreplanane blei innført frå og med hausten 2020. Innføringa vil vere ein heilt sentral del av det lokale utviklingsarbeidet også i åra som kjem. Departementet vurderer at skulane og skuleeigarane i samarbeid er dei beste til å vurdere korleis dei driv dette utviklingsarbeidet lokalt. Departementet vil halde fram med å ha tett dialog med partane i fagfornyninga om viktige spørsmål når det gjeld innføringa av det nye læreplanverket. Departementet viser òg til omtalen av oppfølginga av oppmodingsvedtak nr. 886, 11. juni 2018, der vi gjer greie for korleis partane er involverte i gjennomgangen av Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem (NKVS).

Departementet viser til resultatene frå undersøkinga i spørjinga til Skule-Noreg våren 2019 og det pågåande og vidareførte samarbeidet med partane i fagfornyninga. Departementet legg til grunn at oppmodingsvedtak nr. 883, 11. juni 2018 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 886, 11. juni 2018: Skule: Setje ned utval for nasjonalt kvalitetsvurderingssystem

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:194 S (2017–2018) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Martin Henriksen, Torstein Tvedt Solberg, Mani Hussaini, Marit Arnstad, Marit Knutsdatter Strand, Audun Lysbakken, Mona Fagerås og Hadia Tajik om tillitsreform i skolen*, jf. Innst. 378 S (2017–2018).

«Stortinget ber regjeringen nedsette et utvalg der partene i skolesektoren er representert, for å gjennomgå Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem i lys av fagfornyelsen og fremme forslag til endringer på egnet måte.»

Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem (NKVS) skal gi eit kunnskapsgrunnlag, både nasjonalt og lokalt, om mellom anna læringsutbyttet og læringsmiljøet for elevane, og bidra til kvalitetsutvikling og dialog om verksemda i skulen. Departementet vil nytte seg av den eksisterande referansegruppa for fagfornyninga, der partane i skolesektoren sit, til å gå gjennom dei ulike elementa i kvalitetssystemet i lys av fagfornyninga. Referansegruppa er alt godt etablert og er gjennom sitt arbeid godt kjend med fagfornyninga. Departementet legg til grunn at ei slik organisering svarar til intensjonen i oppmodingsvedtaket.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2016–2017-sesjonen

Vedtak nr. 67, 22. november 2016: Skule: Hovudmål og målformgrupper

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:116 S (2015–2016) *Representantforslag fra stortingsrepresentantane Kjersti Toppe, Liv Signe Navarsete, Magne Rommetveit, Terje Breivik, Geir Sigbjørn Toskedal og Audun Lysbakken om å sikra alle elevar i grunnskulen rett til opplæring på hovudmålet sitt*, jf. Innst. 68 S (2016–2017).

«Stortinget ber regjeringen utrede en endring av opplæringslova § 2-5 og andre mulige tiltak som

kan sikre elever på ungdomsskolen rett til opplæring på hovedmålet og rett til å tilhøre en egen målformgruppe, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Regjeringa viser til det førebelse overslaget som Stortinget blei orientert om i budsjettproposisjonen for 2019, for kva det vil koste dersom elevar på ungdomstrinnet skal få rett til opplæring på hovudmålet sitt og rett til å høyre til ei eiga målformgruppe slik som elevar på barnetrinnet.

Opplæringslovutvalet leverte i NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*. Regjeringa vil vurdere ei eventuell endring av opplæringslova § 2-5 fjerde ledd til å gjelde heile grunnskolen i samband med oppfølginga av tilrådingane frå utvalet. Regjeringa tek sikte på å sende forslag til ei ny opplæringslov på offentleg høyring våren 2021 og deretter legge forslaget fram for Stortinget i ein lovproposisjon våren 2022.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 648, 9. mai 2017: Fri rettshjelp ved tilbakekall av statsborgarskap

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:33 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Heikki Eidsvoll Holmås, Karin Andersen, Heidi Greni, Marit Arnstad, Kari Henriksen, Rasmus Hansson, Trine Skei Grande og André N. Skjelstad om domstolsbehandling ved tilbakekall av statsborgarskap*, jf. Innst. 269 S (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringen legge frem forslag til lovendring om fri rettshjelp i saker om tilbakekall av statsborgarskap.»

Stortinget vedtok 9. desember 2019 å vidareføre og styrke dagens ordning med forvaltningsbehandling av saker om tilbakekall av statsborgarskap på grunn av uriktige opplysningar m.m., jf. Prop. 141 L (2018–2019), Innst. 62 L (2019–2020), Lovvedtak 10 (2019–2020).

Stortinget vedtok å gi fri rettshjelp i form av fritt rettsråd utan behovsprøving og at klagesaker skal behandlast i nemndmøte i Utlendingsnemnda med personleg frammøte. Departementet fremja i Prop. 141 L (2018–2019) etter ei heilskapleg vurdering ikkje forslag om fri rettshjelp i form av fri sakførsel utan behovsprøving ved eventuell etterfølgande domstolsbehandling av Utlendingsnemndas vedtak, men er oppe for at nokre fleire enn i dag kan få innvilga behovsprøvd fri sakførsel.

Departementet meiner at vedtak nr. 648, 9. mai 2017 er følgt opp ved Stortingets behandling av Prop. 141 L (2108–2019).

Vedtak nr. 649, 9. mai 2017: Tilbakekall av statsborgarskap

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:33 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Heikki Eidsvoll Holmås, Karin Andersen, Heidi Greni, Marit Arnstad, Kari Henriksen, Rasmus Hansson, Trine Skei Grande og André N. Skjelstad om domstolsbehandling ved tilbakekallelse av statsborgerskap*, jf. Innst. 269 S (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å endre statsborgerloven slik at tilbakekallelser av statsborgerskap etter statsborgerloven § 26 annet ledd skal skje ved dom.»

Departementet har gjort ei grundig utgreiing av spørsmålet om domstolsbehandling i første instans av saker om tap av statsborgarskap. Departementet sende 5. november 2018 på høyring eit forslag om domstolsbehandling i første instans av saker om tilbakekall av statsborgarskap etter statsborgarlova § 26 andre ledd. I høyringsnotatet gjorde departementet også greie for korleis rettstryggleiken kan styrkast innanfor gjeldande system der forvaltninga gjer vedtak i første instans. Forslaget om domstolsbehandling i første instans blei møtt med sterk prinsipiell motstand frå dei sentrale aktørane i justissektoren. Det blei vist til at ei behandling av tilbakekallssakene i domstolen i første instans vil rokke ved maktfordelingsprinsippet som sikrar at statsmaktene er delt mellom lovgivande, utøvande og dømmende makt, og bidra til å svekke tilliten til domstolane. Det er domstolane si oppgåve å føre legalitetskontroll og ikkje drive forvaltning etter maktfordelingsprinsippet. På denne bakgrunnen vedtok Stortinget 9. desember 2019 å vidareføre og styrke dagens ordning med forvaltningsbehandling av saker om tilbakekall av statsborgarskap på grunn av uriktige opplysningar m.m., jf. Prop. 141 L (2018–2019), Innst. 62 L (2019–2020), Lovvedtak 10 (2019–2020). Departementet meiner at vedtak nr. 649, 9. mai 2017 er følgt opp ved Stortingets behandling av Prop. 141 L (2018–2019).

Vedtak nr. 651, 9. mai 2017: Tilbakekall av statsborgarskap for barn og barnebarn

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:33 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Heikki Eidsvoll Holmås, Karin Andersen, Heidi Greni, Marit Arnstad, Kari Henriksen, Rasmus Hansson, Trine Skei Grande og André N. Skjelstad om domstolsbehandling ved tilbakekallelse av statsborgerskap*, jf. Innst. 269 S (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringen foreslå nødvendige lovendringer for å presisere at barn og barnebarn ikke kan miste statsborgerskapet som følge av feil begått av foreldre eller besteforeldre. Eventuelle unntak og avgrensninger med hensyn til umyndige barn må utredes og vurderes nærmere i lovarbeidet.»

Stortinget vedtok 9. desember 2019, jf. Prop. 141 L (2018–2019), Innst. 62 L (2019–2020), Lovvedtak 10 (2019–2020), at statsborgarskap som er erverva av ein person som var under 18 år på søknadstidspunktet, som hovudregel ikkje kan kallast tilbake som følge av feil gjorde av foreldra eller besteforeldra. Dette gjeld både personar som har blitt norske etter søknad eller melding, og personar som har erverva det norske statsborgarskapet ved fødsel eller adopsjon. Det gjeld eit avgrensa unntak frå hovudregelen, som opnar for tilbakekall i tilfelle der personen etter ei konkret vurdering ikkje kan seiast å ha sterk tilknytning til Noreg. Barns statsborgarskap skal ikkje tilbakekallast om barnet blir statslaust og ikkje på ein enkel måte kan få anna statsborgarskap. I saker som gjeld barn, skal barnets beste vere eit grunnleggande omsyn.

Departementet meiner at vedtak nr. 651, 9. mai 2017 er følgt opp ved Stortingets behandling av Prop. 141 L (2018–2019).

Vedtak nr. 672, 22. mai 2017: Statlege oppreisingsordningar og mobbing

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 57 L (2016–2017) *Endringer i opplæringslova og friskolelova (skolemiljø)*, jf. Innst. 302 L (2016–2017).

«Stortinget ber regjeringen foreta en gjennomgang av de statlige oppreisningsordningene med sikte på å innlemme en kompensasjons- og oppreisningsordning for elever som er påført skade eller læringstap som følge av mobbing.»

Departementet har følgd opp vedtaket ved å gå gjennom eksisterande ordningar for erstatning, oppreising og rettferdsvederlag og vurdert om eksisterande ordningar dekkjer formålet. Det finst ordningar som fangar opp dei mest alvorlege mobbesakene. Skuleeigaren kan bli erstatningsansvarleg etter reglane om arbeidsgivaransvar. I einiskilde tilfelle kan også valdsoffererstatning og rettferdsvederlag vere aktuelt, sjølv om mobbing som hovudregel fell utanfor desse ordningane. Vidare har opplæringslova kapittel 9 A reglar om tvangsmulkt og straff. Skuleeigaren har med andre ord fleire intensiv for å følge regelverket, også i form av sanksjonar.

Det overordna målet for regjeringa er at færre elevar skal bli utsette for mobbing og krenkingar, og at skulane skal oppfylle aktivitetsplikta si. Oppreising kan fungere som eit plaster på såret for den som har blitt mobba, og ei stadfesting av at det har skjedd urett. Elevar som blir utsette for mobbing, får allereie i dag ei stadfesting ved at fylkesmannen konstaterer at lova er broten. Det sentrale i mobbesaker er dessutan at skulen set inn nødvendige tiltak for å stanse mobbinga og hjelpe eleven vidare, og at barna og foreldra blir høyrde og tekne på alvor. Skulemiljøreglane og handhevingsordninga er relativt nye og bør få tid til å verke før ein vurderer ytterlegare tiltak. Det er også risiko for at ei oppreisingsordning vil ta tid, merksemd og ressursar bort frå førebyggjande arbeid. Regjeringa har derfor kome til at det ikkje er aktuelt å innføre ei oppreisingsordning for mobbesaker no.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 672, 22. mai 2017 er følgd opp.

Vedtak nr. 774, 7. juni 2017: Skule: Vern av lærartittelen
Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:96 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Iselin Nybø, Trine Skei Grande og Sveinung Rotevatn om Lærarløftet 2.0*, jf. Innst. 375 S (2016–2017).

«Stortinget ber regjeringen utrede om det er behov for å beskytte lærertittelen.»

Regjeringa meiner at det framleis er behov for eit lærarløft, og vil mellom anna vurdere ei sertifiseringsordning for lærarar og mogleg vern av lærartittelen i løpet av perioden. Departementet viser også til merknaden frå Stortinget i Innst. 275 S (2017–2018) om korleis ein strengare kan regulere bruken av undervisningspersonale som ikkje

oppfyller tilsetjingsvilkåra i opplæringslova, og andre tiltak for å auke statusen til læraryrket.

Opplæringslovutvalet leverte i NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*. Departementet vil i oppfølginga av denne innstillinga vurdere nærare spørsmålet om å verne lærartittelen og dei andre tiltaka. Regjeringa tek sikte på å sende forslag til ei ny opplæringslov på offentleg høyring våren 2021 og deretter legge forslaget fram for Stortinget i ein lovproposisjon våren 2022.

Regjeringa vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 897, 13. juni 2017: Skule: Melding om kulturskule

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:112 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Geir Sigbjørn Toskedal, Line Henriette Hjemdal, Geir Jørgen Bekkevold og Anders Tyvand om en stortingsmelding om en styrket kulturskole for fremtiden*, jf. Innst. 448 S (2016–2017).

«Stortinget ber regjeringen legge fram en egen stortingsmelding om en styrket kulturskole for framtiden.»

Vedtaket er seinast omtala i Meld. St. 12 (2019–2020) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortings-sesjonen 2018–2019, og Stortinget seier dette i Innst. 373 S (2019–2020)*:

«Komiteen avventer fremleggelse av melding om styrking av kulturskoler før vedtaket kan kvitteres ut.»

Departementet skal følge opp spørsmålet om ein styrkt kulturskule i den komande meldinga om barne- og ungdomskultur. Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet samarbeider om meldinga, som vil bli lagd fram våren 2021.

Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 900, 13. juni 2017: Skule: Lærarar med fordjuping i spesialpedagogikk

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:132 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Karin Andersen om styrket spesialpedagogisk oppfølging i en inkluderende skole*, jf. Innst. 446 S (2016–2017).

«Stortinget ber regjeringen i samråd med sektoren se til at alle skoler skal ha tilgang på lærere med fordypning innen spesialpedagogikk.»

Oppmodningsvedtak nr. 900 er omtala i Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*, som blei lagd fram i november 2019. Regjeringa vil vurdere korleis alle barnehagar og skular kan få tilstrekkeleg tilgang til spesialpedagogisk kompetanse. Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å greie ut dette nærmare, og denne utgreiinga vil inngå i kunnskapsgrunnlaget for moglege regelverk-sendringar som vil bli behandla saman med forslaga til opplæringslovutvalet i oppfølginga av NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 901, 13. juni 2017: Skule: Rett til spesialundervisning av fagpersonar

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:132 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Karin Andersen om styrket spesialpedagogisk oppfølging i en inkluderende skole*, jf. Innst. 446 S (2016–2017).

«Stortinget ber regjeringen sikre at alle elever med behov for spesialundervisning får rett til opplæring av fagpersoner med godkjent relevant utdanning.»

Oppmodningsvedtak nr. 900, 901 og 903 er omtala i Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*, som blei lagd fram i november 2019. I meldinga vert det lagt til grunn at barn og elevar med behov for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning skal få det av tilsette med relevant kompetanse. Regjeringa varslar ei tydeleggjering og ei innstramming av regelverket for bruk av assistentar som gir spesialpedagogisk hjelp i barnehagen og spesialundervisning i skulen. Regjeringa vil òg presisere i opplæringslova at den sakkunnige vurderinga skal ta stilling til kva for kompetanse dei som skal gjennomføre spesialundervisninga, skal ha. Desse forslaga vil bli behandla saman med forslaga til opplæringslovutvalet i oppfølginga av NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov* før lovforslag blir sendt på høyring.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 903, 13. juni 2017: Skule: Spesialundervisning og lærarkompetanse

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:132 S (2016–2017) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Audun Lysbakken og Karin Andersen om styrket spesialpedagogisk oppfølging i en inkluderende skole*, jf. Innst. 446 S (2016–2017).

«Stortinget ber regjeringen legge frem en plan for at alle elever med behov for spesialundervisning får opplæring av fagpersoner med pedagogisk eller spesialpedagogisk kompetanse.»

Oppmodningsvedtak nr. 900, 901 og 903 er omtala i Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*, som blei lagd fram i november 2019. I meldinga blir det lagt til grunn at barn og elevar med behov for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning skal få det av tilsette med relevant kompetanse. Regjeringa varslar ei tydeleggjering og innstramming av regelverket for bruk av assistentar som gir spesialpedagogisk hjelp i barnehagen og spesialundervisning i skulen. Regjeringa vil òg presisere i opplæringslova at den sakkunnige vurderinga skal ta stilling til kva for kompetanse dei som skal gjennomføre spesialundervisninga, skal ha. Desse forslaga vil bli behandla saman med forslaga til opplæringslovutvalet i oppfølginga av NOU 2019:23 *Ny opplæringslov* før lovforslag vert sendt på høyring.

Departementet vil kome tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2015–2016-sesjonen

Vedtak nr. 439, pkt. 10, 12. januar 2016: Auka karenstid for norsk statsborgarskap

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:37 S (2015–2016) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Jonas Gahr Støre, Trond Helleland, Harald T. Nesvik, Knut Arild Hareide, Marit Arnstad og Trine Skei Grande om et felles løft for god integrering*.

«Stortinget ber regjeringen om å vurdere å øke karenstiden for mulighet til å fremme søknad om statsborgerskap ved straffbare handlinger.»

Departementet vedtok 30. april 2020 endringar i statsborgarforskrifta som aukar karenstida for søkarar som har fått straff eller strafferettsleg særreaksjon. Endringane tredde i kraft 1. juni

2020. Karenstida for mindre alvorlege forhold blir moderat forlenga, medan karenstida for meir alvorlege forhold aukar meir. Til dømes auka karenstida for søkarar som har fått fengselsstraff på vilkår eller utan vilkår eller subsidiær fengselsstraff i meir enn to år, med fire år.

Departementet meiner at vedtak nr. 439, pkt. 10, 12. januar 2016, er følgd opp.

Vedtak nr. 480, 11. februar 2016: Skule: Minoritets-elevar og overnattingsturar

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:146 S (2014–2015) *Representantforslag fra stortingsrepresentantene Anne Tingelstad Wøien, Torgeir Knag Fylkesnes og Jenny Klinge om å lovfeste elevenes rett til leirskoleopplæring i løpet av grunnskolen*, jf. Innst. 155 S (2015–2016).

«Stortinget ber regjeringen utarbeide tiltak for å hjelpe skolene med å sikre minoritetselevers deltagelse på overnattingsturer i skolens regi.»

Vedtaket er omtala i Meld. St. 12 (2018–2019) *Anmodnings- og utredningsvedtak i stortingssejjonen 2017–2018*, og Stortinget seier dette i Innst. 291 S (2018–2019):

«Komiteen viser til at vedtaket gjelder tiltak for å hjelpe minoritetselevers deltagelse på overnattingsturer. Komiteen forutsetter at regjeringen kommer tilbake til Stortinget med forslag til konkrete tiltak før vedtaket kvitteres ut.»

Utdanningsdirektoratet har som oppfølging av oppdrag i tildelingsbrevet for 2018 innhenta kunnskap om utfordringsbildet når det gjeld deltakinga til minoritetsspråklege elevar på overnattingsturar i regi av skulen. Utdanningsdirektoratet har i samarbeid med Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring laga ein film om turar og leirskule. I samband med filmen er det laga støttemateriell som skulane kan bruke i samtale med føresette. Både filmen og støttematerialet er gjorde tilgjengelege for minoritetsspråklege foreldre, mellom anna gjennom omsetjing av lyd og tekst til desse store innvandringsspråka: arabisk, engelsk, pashto, somali, thai og tigrinja. Filmane og brosjyrane ligg tilgjengelege på nettsida morsmal.no.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 480, 11. februar 2016, er følgd opp.

Vedtak nr. 789, 7. juni 2016: Barnehage: Kartlegging i barnehagane

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 33 L (2015–2016) *Endringer i barnehageloven (tilsyn m.m.)*, jf. Innst. 344 L (2015–2016).

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag til ny § 2 første ledd i barnehageloven som ivaretar et eventuelt behov for lovhjemling av barnehagens behandling av personopplysninger, men som på ingen måte legger til rette for mer dokumentasjon, kartlegging og måling av det enkelte barn.»

Den nye personopplysningslova, som gjennomfører forordning (EU) nr. 2016/679 (generell personvernforordning) i Noreg, tredde i kraft 20. juli 2018. Departementet har i det oppfølgande lovarbeidet gjort ei vurdering av korleis reglane for innsamling, oppbevaring og bruk av personopplysningar om barn i barnehagar bør vere for å vareta både personvernet til barnet og kravet om at barnehagen skal gi eit tilrettelagt barnehagetilbod for det einskilde barnet. Etter planen vil det hausten 2020 bli sendt ut høyringsnotat som varetek behovet for klare og gode behandlingsgrunnlag for personopplysningar i barnehagar, og departementet tek sikte på å fremje forslag til lovregulering for Stortinget i løpet av stortingssejjonen 2020–2021.

Departementet vil kome tilbake til vedtak nr. 789, 7. juni 2016 overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 791, 7. juni 2016: Barnehage: Personopplysningar

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 33 L (2015–2016) *Endringer i barnehageloven (tilsyn m.m.)*, jf. Innst. 344 L (2015–2016).

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en sak som klargjør hjemmelsgrunnlaget for innsamling, oppbevaring og bruk av personopplysninger. Det understrekes at det ikke skal legges til rette for mer dokumentasjon, kartlegging og måling av det enkelte barn.»

Den nye personopplysningslova, som gjennomfører forordning (EU) nr. 2016/679 (generell personvernforordning) i Noreg, tredde i kraft 20. juli 2018. Departementet har i det oppfølgande lovarbeidet gjort ei vurdering av korleis reglane for innsam-

ling, oppbevaring og bruk av personopplysningar om barn i barnehagar bør vere for å vareta både personvernet til barnet og kravet om at barnehagen skal gi eit tilrettelagt barnehagetilbod for det einaskilde barnet. Etter planen vil det hausten 2020 bli sendt ut høyringsnotat som varetek behovet for klare og gode behandlingsgrunnlag for personopplysningar i barnehagar, og regjeringa tek sikte på å fremje forslag til lovregulering for Stortinget i løpet av stortingssesjonen 2020–2021.

Departementet vil kome tilbake til vedtak nr. 791, 7. juni 2016 overfor Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 792, 7. juni 2016: Barnehage: Omsorgs- og læringsmiljø

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 19 (2015–2016) *Tid for lek og læring. Bedre innhold i barnehagen*, jf. Innst. 348 S (2015–2016).

«Stortinget ber regjeringa fremme forslag om egen lovhjæmme om et trygt omsorgs- og læringsmiljø, jf. opplæringsloven § 9a.»

Departementet har foreslått lovreglar om psykososialt barnehagemiljø i Prop. 96 L (2019–2020) *Endringer i folkehøgskoleloven, barnehageloven og voksenopplæringsloven m.m. (samleproposisjon)*. Lovforslaga blei behandla og fekk tilslutning av Stortinget 8. juni 2020. Forslaga til endringar i barnehagelova omfatta barn og foreldre sin rett til medverknad, krav om nulltoleranse mot krenkingar, krav om å arbeide førebyggjande og ei aktivitetsplikt. Vidare blei det foreslått å lovfeste at i alle handlingar og avgjerder som gjeld barn i barnehagen, skal kva som er best for barnet, vere eit grunnleggjande omsyn.

Departementet meiner at vedtak nr. 792, 7. juni 2016, er følgt opp.

Vedtak nr. 796, 7. juni 2016: Barnehage: Krav om norsk og samisk språk

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 19 (2015–2016) *Tid for lek og læring. Bedre innhold i barnehagen*, jf. Innst. 348 S (2015–2016).

«Stortinget ber regjeringa utarbeide forslag til endringer i barnehageloven som sikrer at ansatte i offentlige og private barnehager behersker norsk språk, og at ansatte i samiske barnehager behersker samisk språk.»

Departementet viser til omtale i Prop. 1 S (2018–2019) om den delen av vedtaket som gjeld norsk språk, og at denne delen er følgt opp gjennom ei lovendring som tredde i kraft 1. august 2018, jf. barnehagelova § 18a.

Når det gjeld den delen av vedtaket som gjeld samisk språk, heng dette saman med oppfølginga av NOU 2016: 18 *Hjertespråket. Forslag til lovverk, tiltak og ordningar for samiske språk* og oppfølginga av Meld. St. 31 (2018–2019) *Samisk språk, kultur og samfunnsliv*, som blei lagd fram 21. juni 2019.

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 800, 7. juni 2016 Barnehage: Rekruttering av menn

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 19 (2015–2016) *Tid for lek og læring. Bedre innhold i barnehagen*, jf. Innst. 348 S (2015–2016).

«Stortinget ber regjeringa sikre tiltak som kan rekruttere flere menn til å arbeide i barnehagesektoren.»

Tal frå Database for statistikk om høgre utdanning for 2019 viser at prosentdelen menn ved opptak til barnehagelærarutdanninga er 18,7 pst., og prosentdelen menn blant uteksaminerte barnehagelærarar er 15,7 pst. Tal frå Utdanningsdirektoratet for same år viser at prosentdelen menn i grunnbemanninga i barnehagane er 9,8 pst. Prosentdelen menn i opptaket til utdanninga har vore relativt stabil i dei siste åra, medan han for uteksaminerte menn har auka med om lag 5 prosenteningar sidan 2013. Sidan 2014 har det vore ein liten auke på eitt prosentpoeng for menn i grunnbemanninga.

Regjeringa skal legge fram ein strategi for perioden 2021–24 for ein meir likestilt utdannings- og arbeidsmarknad. Strategien skal vise retning for regjeringas politikk på desse områda. Regjeringa har to hovudmål med strategien: fleire menn inn på kvinnedominerte område og fleire kvinner inn på mannsdominerte område. Blant dei prioriterte innsatsområda er fleire menn i grunnskulen og fleire menn i barnehagesektoren. I august 2020 arrangerte Kulturdepartementet innspelsmøte om desse temaa.

Kunnskapsdepartementet bestilte i 2018 rapporten *Rekruttering av menn i grunnskolelærerutdanning* frå Senter for profesjonsstudier ved OsloMet – storbyuniversitetet. Rapporten blei

publisert hausten 2019 og omfattar mellom anna svar frå spørjeundersøkingar retta mot både mannlege lærarstudentar og elevar i siste året på vidaregåande skule. Resultata er interessante for å få fram kva som ligg til grunn for at unge menn i dag ikkje tek lærarutdanning. Det seier òg noko om korleis og kva tid ein kan setje inn tiltak for at fleire menn skal finne det attraktivt å vere lærar for dei yngste barna. Kunnskapsdepartementet følger opp rapporten, noko som vil ha relevans også for vurdering av tiltak for å auke rekrutteringa av menn til barnehagelærarutdanninga. Viktige funn i rapporten er følgande:

- Studentane knyter negative opplevingar til det å høyre til det underrepresenterte kjønnet i utdanninga, men fagleg og sosial integrering ser ut til å motverke fråfall i studietida. Praksis kan motivere til å utjamne kjønnsforskjellane.
- Elevar i vidaregåande skule oppgir altruistisk (indre) motivasjon som ein viktig motivasjonsfaktor for læraryrket for både jenter og gutar. Låg løn er ei viktig årsak til at gutar ikkje vil bli lærar.
- Funna tyder på ein samanheng mellom det at gutar har erfaring med å jobbe med barn, og tendensen til å velje lærarutdanning. Derfor er prosjektet «Leikeressurs», som ein del kommunar har praktisert, særleg interessant. Der har gutar i ungdomsskulen fått tilbod om ekstrajobb i barnehage. Siktemålet er at dei skal få erfaring som kan motivere dei til å velje å arbeide med barn seinare, og dermed auke sjansen for at dei tek ei lærarutdanning.

I 2019 tildelte Kunnskapsdepartementet 5 mill. kroner for at Høgskulen på Vestlandet skulle leie eit nasjonalt prosjekt med bruk av mannlege rollemodellar i arbeidet med rekruttering til grunnskulelærarutdanninga for 1.–7. trinn. Dette er ei oppfølging av forslag i rapporten. Erfaringane frå tiltaket vil gi verdifull kunnskap til arbeidet med rekruttering til barnehagelærarutdanninga. I 2020 blei tildelinga auka med 6 mill. kroner og oppdraget utvida til mellom anna å omfatte rekruttering av menn til barnehagelærarutdanninga. Skulebesøka var førebudde og skulle kome i gang våren 2020 og intensiverast fram mot søknadsfristen 15. april. Tiltaket blei utsett på grunn av covid-19-pandemien.

Tiltaket «Leikeressurs» er òg omtala i strategien *Kompetanse for fremtidens barnehage: Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018–2022*. Det er barnehageeigarane som har ansvaret for og høve til å vareta likestillingsperspektivet i rekrutteringa av tilsette i barnehagane, noko som

blir understreka i strategien. Østlandsforskning, Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærarutdanning og Likestillingscenteret har saman publisert *Ressurshäfte for å rekruttere og beholde menn i barnehagen: «Leikeressurs» som tiltak*, som er tilgjengeleg for alle barnehagar på nettet.

Barne- ungdoms- og familiedirektoratet bestilte i 2019 ein rapport som undersøker korleis ein kan rekruttere gutar og menn til helse- og omsorgsutdanningar. Rapporten *Utredning om rekruttering av menn til helse- og omsorgssektoren* låg føre 4. mai 2020 og viser at mange unge har stereotype og einsidige oppfatningar av kva det inneber å arbeide i helse- og omsorgssektoren. Dette kan vere ei medverkande årsak til at mange unge menn ikkje vel å utdanne seg i denne retninga. Funna er òg relevante for barnehagelærarutdanninga, og Kunnskapsdepartementet vil følge med på oppfølginga av prosjektet.

Effekten av alle desse tiltaka vil ikkje bli synleg før om fleire år, men på bakgrunn av alle tiltaka som er i gang, og den oppfølginga som departementet legg opp til, meiner departementet at intensjonen i vedtaket om å sikre tiltak som kan rekruttere fleire menn til å arbeide i barnehagesektoren, er følgt opp på ein god måte.

Departementet legg til grunn at vedtak nr. 800, 7. juni 2016 med dette er følgt opp.

Oppmodingsvedtak under forskings- og høgare utdanningsministeren

Vedtak frå 2019–2020-sesjonen

Vedtak nr. 2, 4. oktober 2019: Desentralisert utdanning

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 1 S (2019–2020), jf. Innst. 2 S (2019–2020).

«Stortinget ber regjeringen sørge for at høyere utdanningsinstitusjoner vektlegger sitt regionale ansvar og desentralisert utdanning i hele landet.»

Regjeringa har sett i gang ei stor satsing på fleksible studietilbod, som skal møte behova for høgare utdanning som òg er tilgjengeleg utanfor dei faste lærestadane. I samband med Revidert nasjonalbudsjett 2019 tildelte regjeringa midlar til ei ny ordning, der universitet og høgskular kunne søke Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) om midlar til fleksible utdanningstilbod, jf. Prop. 114 S (2018–2019). Ordninga blei auka til over 60 mill. kroner i

2020, jf. Prop. 1 S (2019–2020). I tillegg tildelte regjeringa midlar til fleksibel utdanning gjennom Diku i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020, jf. Prop. 117 S (2019–2020).

Midlane til fleksibel utdanning må sjåast i samanheng med kompetansereforma Lære heile livet som regjeringa har sett i gang, jf. Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære heile livet*. Meldinga inneheld tiltak som skal bidra til at arbeidslivets behov for oppdatert kompetanse i heile landet blir vareteke. Regjeringa vil òg legge fram stortingsmeldingar om arbeidslivsrelevans i høgare utdanning og styringspolitikken for statlege universitet og høgskular. Meldingane skal mellom anna legge til rette for gode og relevante utdanningstilbod i heile landet.

Kunnskapsdepartementet følger òg opp det regionale ansvaret og tilbodet av desentralisert utdanning i styringsdialogen med institusjonane.

Kunnskapsdepartementet meiner at dei nemnde tiltaka vil medverke til at institusjonane vektlegg sitt regionale ansvar og tilbyr desentralisert utdanning i heile landet, og at vedtak nr. 2, 4. oktober 2019 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 410, 19. mars 2020: Inntektsbortfall for studentar

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 52 S (2019–2020) og Prop. 53 LS, jf. Innst. 197 S (2019–2020).

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake med ein midlertidig ordning gjennom Lånekassen for studentar som opplever inntektsbortfall som følge av korona-pandemien så raskt som mulig.»

Departementet viser til omtale i Prop. 67 S (2019–2020). For å hjelpe dei studentane som vanlegvis finansierer utdanninga med arbeidsinntekt, men som har vurdert å avslutte studia for å kvalifisere for dagpengar, blei søknadsfristen i Lånekassen utvida til 15. april 2020. Likviditeten til studentane er styrkt ved å utbetale heile det resterande støttebeløpet for våren 2020 (tre månader) i april. Studentar som kan stadfeste at dei har mista inntekt på grunn av covid-19-pandemien, kunne òg søke om eit tilleggslån på 26 000 kroner, og av dette kan 8 000 kroner gjerast om til stipend på eit seinare tidspunkt. Departementet meiner at vedtak nr. 410, 19. mars 2020 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 456, 31. mars 2020: Konvertering av ekstralån for studentar og elevlar

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 S (2019–2020), jf. Innst. 216 S (2019–2020).

«Stortinget ber regjeringa foreslå en ordning som innebærer 1 mrd. kroner til konvertering av ekstralån til stipend for studenter som kan dokumentere inntektsbortfall.»

Departementet viser til omtale i Prop. 73 S (2019–2020) og Prop. 117 S (2019–2020). I berekninga som låg til grunn i Prop. 67 S (2019–2020), er det anslått auka utlån på om lag 3,1 mrd. kroner. Stortinget har vedteke at delar av beløpet skal gjerast om til stipend, og sett av 1 mrd. kroner til dette formålet. Konverteringa på 1 mrd. kroner svarer til om lag 8 000 kroner av tilleggslånet til studentar og ein avgrensa gruppe vaksne som tek vidaregåande opplæring med ungdomsrett. Utdanningsstøtta blir utbetalt som lån og kan gjerast om til stipend i ettertid dersom studentane og elevane kan stadfeste at dei har mista inntekt på grunn av covid-19-pandemien. For våren 2020 har det kome inn søknadar for om lag 400 mill. kroner i stipend, og etterspurnaden har slik vore lågare enn rekna med. Departementet meiner at vedtak nr. 456, 31. mars 2020 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 458, 31. mars 2020: Kartlegge ledig studiekapasitet

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 S (2019–2020), jf. Innst. 216 S (2019–2020).

«Stortinget ber regjeringa gå i dialog med høyere utdanningssektoren, inkludert høyere yrkesfaglig utdanning, for å kartlegge hvor raskt sektoren kan ha ledig kapasitet for nye studenter, og kortere moduler i den perioden arbeidstakere er permittert.»

Departementet viser til omtale av oppmodingsvedtaket i Prop. 127 S (2019–2020), jf. Innst. 360 S (2019–2020). Departementet har gitt Kompetanse Noreg og Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) i oppdrag å lage ei oversikt over nettbaserte, fleksible og nettstøtta utdanningstilbod. I tillegg bad departementet alle universitet og høgskular med løyving frå departementet om å rapportere kor mykje dei kunne auke opptaket allereie frå og med haus-

ten 2020. Innrapporteringa frå institusjonane låg til grunn for fordeling av løyvinga til 4 000 nye studieplassar. Departementet meiner at vedtak nr. 458, 31. mars 2020 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 459, 31. mars 2020: Korte utdanningstilbod ved fagskulane

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 S (2019–2020), jf. Innst. 216 S (2019–2020).

«Stortinget ber regjeringen se på muligheten av raskt å foreslå nødvendige lovendringer slik at fagskolene kan tilby kurs av kortere varighet.»

Departementet viser til Prop. 127 S (2019–2020) med omtale av at det ikkje er nødvendig å gjere raske lovendringar for å kunne tilby utdanningstilbod på under 30 studiepoeng. Det kan likevel vere behov for å endre kravet til minste omfang for nye tilbod som ikkje er ein del av ei lengre utdanning. Forslag til lovendring om dette er på høyring. Departementet vil etter planen legge fram ein lovproposisjon for Stortinget om saka våren 2021.

Vedtak nr. 461, 31. mars 2020: Kompetansehevings-tiltak

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 S (2019–2020), jf. Innst. 216 S (2019–2020).

«Stortinget ber regjeringen i samarbeid med arbeidslivets parter komme raskt tilbake med et konkret forslag til kompetansehevingstiltak med en ramme på 150 mill. kroner.»

Departementet viser til omtale i Prop. 73 S (2019–2020) med tiltak for å auke kompetansen i befolkninga på totalt 190 mill. kroner. I samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2020 er det vedteke midlar til nye studieplassar til universitet, høgskular og fagskular. I Prop. 127 S (2019–2020) la regjeringa fram ytterlegare kompetanse-tiltak på totalt 1 mrd. kroner. Dette omfatta tiltak for at permitterte og ledige skal fullføre vidaregåande opplæring og andre tiltak som raskt kan få permitterte og ledige over i utdanning. Kunnskapsdepartementet har hatt ein god dialog med partane i arbeidslivet om kompetansetiltaka. Departementet meiner at vedtak nr. 461, 31. mars 2020 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 466, 31. mars 2020: Studentbustadar

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 S (2019–2020), jf. Innst. 216 S (2019–2020).

«Stortinget ber regjeringen vurdere forsert utbygging av studentboliger.»

Departementet viser til omtale av oppmodingsvedtaket i Prop. 127 S (2019–2020), jf. Innst. 360 S (2019–2020). Som følge av at alle søknadene om nye prosjekt som kunne starte opp i 2020, allereie har blitt innvilga, er det ikkje grunnlag for å gi tilsegn til fleire nye studentbustadar i 2020. Løyvinga er i staden auka med 250 mill. kroner i 2020 for å kunne gi tilskot til å oppgradere studentbustadar. Departementet meiner at vedtak nr. 466, 31. mars 2020 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 468, 31. mars 2020: FoU og det grønne skiftet

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Prop. 67 S (2019–2020), jf. Innst. 216 S (2019–2020).

«Stortinget ber regjeringen vurdere å foreslå bevilgninger knyttet til forskning og utvikling, samt satsinger som kan underbygge det grønne skiftet.»

Departementet viser til omtale av oppmodingsvedtaket i Prop. 127 S (2019–2020). Som ein del av dei økonomiske tiltaka i møte med covid-19-pandemien løyvde regjeringa ein forskingspott for å halde oppe FoU-aktiviteten i bedriftene. Av den skal 40 mill. kroner gå til prosjekt på miljø og det grønne skiftet gjennom Forskningsrådet over Kunnskapsdepartements budsjett, 75 mill. kroner skal gå til forskning på lågutsleppssamfunnet over budsjettet til Klima- og energidepartementet, i tillegg til at løyvingane til energiforskningsprogrammet ENERGIX blir auka med 20 mill. kroner over budsjettet til Olje- og energidepartementet. Det er også løyvd 333 mill. kroner årleg over tre år til ein ny felles konkurransearena i regi av Innovasjon Noreg, Forskningsrådet og Siva, som skal fremje grøn omstilling, over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet. Kunnskapsdepartementet meiner at vedtak nr. 468, 31. mars 2020 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 696, 15. juni 2020: Bransjeprogram

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

«Stortinget ber regjeringen opprette et bransjeprogram for olje- og gassindustrien, og et for maritim sektor.»

Hausten 2020 er det oppretta eit bransjeprogram for kompetanseutvikling i olje-, gass- og leverandørindustrien. Med budsjettforslaget for 2021 er det lagt til rette for å vidareføre dette programmet og å opprette eit bransjeprogram for maritim sektor. Departementet meiner at vedtak nr. 696, 15. juni 2020 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 697, 15. juni 2020: Kompetansefunn Digital

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

«Stortinget ber regjeringen utrede en ny insentivordning, Kompetansefunn Digital for at små og mellomstore bedrifter skal investere i økt digital-/teknologikompetanse for sine ansatte.»

Regjeringa vil setje ut eit oppdrag for å få oversikt over insentivordningar som liknar på Kompetansefunn Digital i andre land, og korleis desse ordningane verkar. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 699, 15. juni 2020: Finansieringssystem for universitet og høyskular

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

«Stortinget ber regjeringen senest i forbindelse med stortingsmeldingen om styringspolitikken for statlige universiteter og høyskoler om å legge frem forslag til nytt finansieringssystem for universiteter og høyskoler. Forslaget må utarbeides i tett samarbeid med utdanningssektoren og arbeidslivet. Incentiver/faktorer i forslaget til nytt finansieringssystem skal være

- *Relevant arbeid etter endt studium og arbeidslivsrelevans i studiet.*
- *Ulike opplegg for etter- og videreutdanning.*
- *Opprettelse av mindre og fleksible emner og moduler som arbeidslivet etterspør, og som kan tas i kombinasjon med jobb.»*

Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 700, 15. juni 2020: Studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning

Oppmodningsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

«Stortinget ber regjeringen opprette inntil 1 000 nye studieplasser innen høyere yrkesfaglig utdanning fra høsten 2020, i tillegg til at de 1 000 studieplassene som regjeringen varslet i Prop. 117 S (2019–2020), skal bli permanente, og at det videre utarbeides en forpliktende opptrappingsplan med 1 000 nye studieplasser årlig over fem år.»

Stortinget vedtok midlar til samla 1 600 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning i statsbudsjettet for 2020 og i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020, jf. Innst. 12 S (2019–2020) og Innst. 360 S (2019–2020). Til grunn for auken i talet på nye studieplassar er mellom anna ei kartlegging i fylkeskommunane av kapasiteten i fagskulesektoren våren 2020. I behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2020 hadde utdannings- og forskingskomiteen følgande merknad:

Flertallet viser til Stortingets anmodningsvedtak i kompetansereformen hvor det bes om at det opprettes inntil 1 000 nye studieplasser innen høyere yrkesfaglig utdanning fra høsten 2020, i tillegg til de 1 000 regjeringen varslet tidligere i vår. På grunn av søkertall, kapasitet og tidsaspektet er det utfordrende å nå hele denne målsettingen allerede i høst, og flertallet legger derfor inn 500 ekstra studieplasser til høyere yrkesfaglig utdanning fra høsten 2020. Flertallet forutsetter at regjeringen følger opp Stortingets vedtak om nye studieplasser i statsbudsjettet for 2021, gitt at det er søknader fra fagskoler som oppfyller intensjonen i Stortingets anmodningsvedtak. Studieplassene skal prioriteres til fagskoletilbud som det er behov for i arbeidslivet, og flertallet legger til grunn at økning i fagskoleplasser vurderes i sam-

svar med antall søkere og kapasitet i fagskolesektoren.

I statsbudsjettet for 2021 foreslår departementet å vidareføre og trappe opp løyvinga til studieplassane oppretta i 2020. Auken i 2020 er den største kapasitetsutvidinga i høgare yrkesfagleg utdanning nokon gong. I tillegg foreslår regjeringa midlar til om lag 500 nye studieplassar frå våren 2021. Studieplassane skal gå til tilbod ved Industrifagskolen.

Satsinga til regjeringa på utvida kapasitet i høgare yrkesfagleg utdanning i 2020 og 2021 inneber ein vekst på totalt 2 100 nye studieplassar. Det gir ein auke i det statlege driftstilskotet til høgare yrkesfagleg utdanning på 45 pst. frå 2019 til finansieringa av dei nye studieplassane er fullt opptrappa i 2024.

Ein auke i kapasiteten utover denne satsinga bør etter regjeringas vurdering vente til det er meir informasjon om både etterspurnad etter høgare yrkesfagleg utdanning og om fagskolesektoren er i stand til å bygge ut tilboda så raskt som oppmodingsvedtaket frå Stortinget legg opp til. Det vil i løpet av hausten 2020 komme informasjon om korleis kapasitetsauken i år har blitt utnytta i fagskolesektoren. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 701, 15. juni 2020: Vaksne utan rett til vidaregåande opplæring

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, jf. Innst. 370 S (2019–2020).

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med forslag om å utvide retten til realkompetansevurdering til også å gjelde voksne uten rett til videregående opplæring.»

Departementet vil følge opp vedtak nr. 701, 15. juni 2020 i arbeidet med å følge opp forslaget til opplæringslovutvalet om ny opplæringslov. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2017–2018-sesjonen

Vedtak nr. 887, 11. juni 2018: Rangering av søkarar til høgare utdanning

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Dokument 8:196 S (2017–2018)

Representantforslag fra stortingsrepresentantene Hans Fredrik Grøvan, Olaug V. Bollestad, Knut Arild Hareide og Steinar Reiten om å gi bibelskolelever to tilleggspoeng, jf. Innst. 387 S (2017–2018).

«Stortinget ber regjeringa foreta en gjennomgang av dagens regelverk for rangering av søkere til høyere utdanning, inkludert utdanning som i dag ikke gir poeng, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Kunnskapsdepartementet har starta arbeidet med ein heilskapleg gjennomgang av regelverket for rangering, inkludert alle kvotar og tilleggspoeng i systemet for opptak. Som eit ledd i gjennomgangen har Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) på oppdrag frå departementet levert ein rapport i mars 2020, med ei evaluering av rangeringsregelverket. Departementet har hausten 2020 sendt denne rapporten på høyring. Mellom anna med bakgrunn i denne høyringa vil regjeringa setje ned eit offentlig utval som skal sjå på systemet for opptak til høgare utdanning. Utvalet vil tidlegast levere sin rapport i starten av 2022. Regjeringa vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak frå 2016–2017-sesjonen

Vedtak nr. 108, pkt. 26, 6. desember 2016: Finansiering av private høgskular

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 1 (2016–2017) *Nasjonalbudsjettet 2019*, jf. Innst. 2 S (2016–2017):

«Stortinget ber regjeringa fremme en sak om kriteriene for innlemming av nye akkrediterte private høgskoletilbud i de statlige finansieringsordningene.»

Nye kriterium for statstilskot til private høgskuletilbod tok til å gjelde 1. januar 2020, jf. Innst. 76 L (2019–2020) og Prop. 9 L (2019–2020). Endringa inneber at private høgskular må ha institusjonsakkreditering for å kunne få statstilskot. For å halde på mangfaldet og bidra til utvikling i den private delen av universitets- og høgskulesektoren er det mogleg å gjere unntak frå hovudregelen om institusjonsakkreditering for institusjonar med akkrediterte studietilbod viss det er grunnlagt med særskilte samfunnsbehov.

Departementet meiner at vedtak nr. 108, pkt. 26, 6. desember 2016 med dette er følgt opp.

Vedtak nr. 642, 2. mai 2017: Medlemskap i studentsamskipnad for fagskular

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden. Fagskoleutdanning*, jf. Innst. 254 S (2016–2017).

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med evalueringen av de kvalitetshevende tiltakene vurdere om fagskoler etter bestemte kriterier bør ha plikt til medlemskap i studentsamskipnad.»

Kunnskapsdepartementet vil følge opp vedtaket i samband med ei evaluering av innføring og verknad av tiltaka i fagskulereforma, jf. Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*. Evalueringa er sett i gang i 2020. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Vedtak nr. 643, 2. mai 2017: Evaluering av fagskulereforma

Oppmodingsvedtaket blei gjort i samband med behandlinga av Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*, jf. Innst. 254 S (2016–2017).

«Stortinget ber regjeringen foreta en midtveisevaluering av fagskolereformen etter 3 år og en full evaluering etter 5 år.»

Kunnskapsdepartementet har i 2020 sett i gang ei evaluering av innføringa og verknadene av tiltaka i fagskulereforma, jf. Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*. Evalueringa vil innehalde tre leveransar. Ein midtvegsrapport skal vere klar i 2021. Rapporten vil i hovudsak gi ein status for innføring av tiltaka. Ein endeleg rapport skal vere klar i 2023 og ta omsyn til ei evaluering av finansieringssystemet for fagskulane og funna i midtvegsevalueringa. Departementet vil kome tilbake til Stortinget på ein eigna måte.

Del II
Nærare om budsjettforslaget

4 Nærare om budsjettforslaget

Programkategori 07.10 Administrasjon

Utgifter under programkategori 07.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
200	Kunnskapsdepartementet	410 386	409 701	414 513	1,2
201	Analyse og kunnskapsgrunnlag	40 011	216 285	233 998	8,2
	Sum kategori 07.10	450 397	625 986	648 511	3,6

Inntekter under programkategori 07.10 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
3200	Kunnskapsdepartementet	4 601			
	Sum kategori 07.10	4 601			

Kap. 200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	392 277	389 977	394 257
21	Særskilde driftsutgifter	16 821	16 712	17 160
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	1 288	3 012	3 096
	Sum kap. 0200	410 386	409 701	414 513

Post 01 Driftsutgifter, post 21 Særskilde driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overføres

Mål for 2021

Dei faglege måla for departementet er omtala i dei aktuelle fagkapitla og i kap. 1 Hovudinnleiinga. Følgande mål gjeld for arbeidet i Kunnskapsdepartementet:

- Departementet skal ha eit godt kunnskapsgrunnlag for utforminga av kunnskapspolitikken og integreringspolitikken.
- Departementet skal sikre at kunnskaps- og integreringspolitikken blir sett i verk.
- Departementet skal ha ein god dialog med alle relevante aktørar i samfunnet.
- Departementet skal legge til rette for at barnehagebarn, elevar, studentar og tilsette skal vere trygge ved verksemdene der dei oppheld seg store delar av dagen.

Kunnskapsdepartementet har formulert eit sett med verdiar som er rettesnorer for arbeidet med å nå måla:

- profesjonalitet
- openheit
- gjennomføring

Resultat i 2019

Alle måla denne proposisjonen set for sektoren, er rettesnorer for departementet. Samanhengen mellom arbeidet i departementet og resultatata i sektoren er likevel avleia og indirekte. Det meste av innsatsen skjer i utdanningsinstitusjonar, forskingsinstitutt og i tenester som arbeider med å integrere innvandrara. Rolla departementet har, er å førebu avgjerder som Stortinget og regjeringa tek om overordna rammer, og å setje i verk dei tiltaka avgjerdene fastset.

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å utvikle og setje i verk politikken for integrering, barnehage, grunnopplæring, høgare utdanning og forskning. Med dette ansvaret følger ansvar for kunnskapsutvikling i sektoren, både til bruk for departementet sjølv og for andre avgjerdstakarar. Kunnskapsgrunnlaget om utdanning, forskning og integrering er godt. Mykje kunnskap er tilgjengeleg i forskning og statistikk. Dertil arbeider Kunnskapsdepartementet vedvarande med å legge til rette for utdanningsforskning. Resultat frå dette arbeidet blir rapportert under kap. 201. Internasjonalt samarbeid gir tilgang til å vere med i undersøkingar som kastar lys over kva vi oppnår i

Noreg samanlikna med andre land. Elev- og studentorganisasjonar, innvandrorganisasjonar og arbeidstakar- og arbeidsgivarorganisasjonar formidlar viktig kunnskap om korleis målgruppene for politikken opplever politikken.

Målet om godt kunnskapsgrunnlag føreset ikkje berre at kunnskapen finst, men òg at departementet bruker kunnskapen som grunnlag for avgjerder. Kunnskapsdepartementet meiner vi har eit godt kunnskapsgrunnlag, men at det er rom for å bruke kunnskapen meir og betre i dei avgjerdsprosessane departementet har.

Særskilt om tryggleik og beredskap

Dei store menneskesamlingane på avgrensa område gjer at sektoren under Kunnskapsdepartementet har utfordringar med omsyn til samfunnstryggleik og beredskap innanfor ulike scenario som smittefare, ulykker, vald og terror. Dette handlar i stor grad om å ta vare på menneskeliv og helse. Samfunnstryggleik handlar òg om at til dømes personopplysningar ikkje kjem i feil hender. I tillegg forvaltar universitet og høgskular store verdiar, som historiske bygningar, vitenskapleg utstyr, forskingsdata og vitenskaplege og historiske samlingar som kan vere særleg utsette og må tryggast.

Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet har utarbeidd ulike dokument med krav, tilrådingar og rettleiingar for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i kunnskapssektoren. Revidert utgåve av *Styringsdokument for arbeidet med samfunnssikkerhet i Kunnskapsdepartementets sektor*, publisert i juni 2019, samlar krav og føringar som gjeld for alle verksemder i sektoren. I 2019 publiserte Utdanningsdirektoratet òg nye nettsider om samfunnstryggleik og beredskap.

Ein viktig føresetnad for eit solid førebyggjande arbeid med samfunnstryggleik og formålstenleg handtering av uønskte hendingar er god kompetanse hos den einskilde for korleis hen bør handle. Sikresiden.no er ein webapp som gir om lag 400 000 studentar og tilsette og 30 verksemder i universitets- og høgskulesektoren brukarvennleg informasjon og opplæring på feltet. I 2019 utvikla sikresiden.no i samarbeid med Råd for samfunnstryggleik og beredskap i kunnskapssektoren (Beredskapsrådet) nye faner og e-læring for å sette i verk innhald frå Tiltaksliste mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme i universitets- og høgskulesektoren på sida. Den seinare tida har sikresiden.no publisert nyttig materiale om mellom anna sjølvsmordsførebygging.

Boks 4.1 Proposisjonar og meldingar Kunnskapsdepartementet har lagt fram for Stortinget i 2019–2020

- Prop. 2 L (2019–2020) *Midlertidig lov om ansettelser i stillinger med regionale integreringsoppgaver*
- Prop. 2 L (2019–2020) *Endringer i introduksjonsloven (Nasjonalt tolkeregister)*
- Prop. 9 L (2019–2020) *Endringer i universitets- og høyskoleloven (vilkår for statstilskudd til private høyskoler)*
- Prop. 47 L (2019–2020) *Endringer i statsborgerloven og introduksjonsloven (personopplysninger og automatiserte avgjørelser)*
- Prop. 89 L (2019–2020) *Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringsloven)*
- Prop. 96 L (2019–2020) *Endringer i folkehøgskoleloven, barnehageloven og voksenopplæringsloven m.m. (samleproposisjon)*
- Prop. 98 L (2019–2020) *Endringer i statsborgerloven (krav om ferdigheter i norsk muntlig)*
- Prop. 102 L (2019–2020) *Midlertidig lov om tilpasninger i barnehageloven, opplæringslova og friskolelova for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av covid-19*
- Prop. 103 L (2019–2020) *Midlertidig lov om tilpasninger i introduksjonsloven for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av covid-19*
- Prop. 123 L (2019–2020) *Endringer i midlertidig lov om tilpasninger i introduksjonsloven for å avhjelpe konsekvenser av utbrudd av covid-19*
- Prop. 134 L (2019–2020) *Endringer i statsborgerloven (tap av statsborgerskap av hensyn til grunnleggende nasjonale interesser)*
- Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*
- Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*

Dei faste budsjettproposisjonane er ikkje med i oversynet.

Departementet har stor merksemd på informasjonstryggleik. I 2019 stilte departementet krav til dei underliggende verksemdene om at dei må utvikle ein rutine for handtering av digitale hendingar.

Oppfølging av sikkerheitslova

Lov om nasjonal sikkerheit (sikkerheitslova) tok til å gjelde 1. januar 2019, og alle sektorar arbeider med å implementere lova. Formålet med lova er å trygge dei nasjonale sikkerheitsinteressene våre og å førebygge, avdekke og motverke sikkerheitsstruande verksemd. Dei nasjonale sikkerheitsinteressene blir trygga ved at departementa identifiserer grunnleggande nasjonale funksjonar (GNF) innanfor sine ansvarsområde, verksemdar av avgjerande tyding for GNF vert underlagde sikkerheitslova, og naudsynte sikringstiltak for skjermingsverdige verdiar vert gjennomførte. For å vareta formålet med lova vil GNF-prosessen vere kontinuerleg.

Kunnskapsdepartementet har identifisert følgende grunnleggande nasjonale funksjon i eigen sektor: «KD GNF 1: Kunnskapsdepartementets

verksemd, handlefridom og avgjerdsdyktigheit» omfattar departementet si rolle som fagleg sekretariat for politisk leing, utøving av myndigheit og styring og oppfølging av underliggende verksemdar. Departementet har ikkje identifisert andre GNF i eigen sektor, men det kan vere verksemdar i eigen sektor som er vesentlege eller avgjerande for at GNF i ein annan sektor skal fungere, som evna til å halde oppe visse typar elektroniske kommunikasjonstenester. Vurderinga blir gjennomført i samanheng med Kommunal- og moderniseringsdepartementets oppfølging av aktuelle aktørar på området.

Budsjettforslag for 2021

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 394,3 mill. kroner over post 01, 17,2 mill. kroner over post 21 og 3,1 mill. kroner over post 45 i 2021. Departementet foreslår følgende flyttingar til post 01:

- 1,1 mill. kroner frå kap. 201, post 21 for å kompensere for bortfallet av midlane departementet har motteke frå EU etter at det nasjonale ansvaret for Eurydice er flytta til Diku. Midlane gjeld planlagde faste lønnsutgifter til ei stilling

innanfor analyse og kunnskapsgrunnlag i departementet.

- 1,1 mill. kroner frå kap. 220, post 01 for flytting av eitt årsverk i samband med at departementet har teke over styringa av Statped frå Utdanningsdirektoratet.
- 0,95 mill. kroner frå kap. 275, post 21 til faste lønnsutgifter til ei stilling innanfor lærarutdan-

ning. Forslaget er ei oppfølging av vedtak gjort i samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjettet 2020.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3200, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3200 Kunnskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
02	Salsinntekter o.a.	4 601		
	Sum kap. 3200	4 601		

Resultat i 2019

Kunnskapsdepartementet har ikkje verksemd som vanlegvis gir inntekter, men det hender at det

kjem tilfeldige inntekter. Inntektene i 2019 skriv seg mellom anna frå vederlag for tilsette som har vore lånte ut til andre verksemdar, og frå sal av utrangert IKT-utstyr.

Kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
21	Særskilde driftsutgifter	40 011	216 285	233 998
	Sum kap. 0201	40 011	216 285	233 998

Utdanningsforskning

Utdanningsforskninga skal, forutan å gi ny kunnskap og erkjening generelt, bidra til god praksis og høgare kvalitet i barnehagane, i skulane, i høgare utdanning og i kompetansepolicen, og gi eit solid grunnlag for politikktvikling. Gode miljø for utdanningsforskning skal bringe fram eit godt kunnskapsgrunnlag som gir rom for ein meir opplyst debatt om innhald, læring, ressursbruk og resultat.

Forskinga på barnehagen, grunnopplæringa, fagskulen, høgare utdanning og læring blant vaksne har auka i omfang dei siste åra. Kvaliteten og relevansen til forskinga er blitt betre, og fleire gode og produktive fagmiljø har vakse fram. Departementet vil følge opp måla i *Kunnskapsdepartementets strategi for utdanningsforskning. Forskning, kunnskapsmeistring og bruk 2020–2024*

for å finne løysingar på dei utfordringane sektoren står overfor, og vidareføre den positive utviklinga i utdanningsforskninga.

Program og ordningar i Forskingsrådet, FoU-innsats i underliggende etatar, departementets eigne utlysingar, og senterordningar er verkemiddel regjeringa tek i bruk for å følge opp dei langsiktige måla for utdanningsforskninga. I samspel med basisløyvingane til forskingsinstitusjonane skal dette bidra til kontinuitet og vidare oppbygging av utdanningsforskninga i Noreg.

Noreg treng forskning av høg kvalitet om utdanningssystemet. I strategien for utdanningsforskning blir nokre område framheva. Utdanning er ei viktig kjelde til sosial mobilitet, særleg blant norskfødde med innvandarforeldre. Departementet vil derfor stimulere til utdanningsforskning som rører temaet integrering gjennom heile utdanningsløpet. Vi treng òg meir kunnskap om

kva digitaliseringa inneber, til dømes med omsyn til opplæring og undervising, læring hos barn, elevar og studentar, rolla til lærarane og førelesarane, og dessutan for oppvekstvilkåra for barn og unge. Dette gjeld òg utilsikta konsekvensar av digitaliseringa. Ekspertgrupper og forskarar har vidare peikt på eit behov for å styrke spesialpedagogikk som forskingsfelt. Det er generelt eit behov for meir forskning som viser korleis ein kan førebygge og avhjelpe lærevanskar frå tidleg barndom til vaksenlivet.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten finansierer aktivitetar som styrker analyse- og kunnskapsgrunnlaget om dei sektorane departementet har ansvaret for.

Mål for 2021

Eit godt kunnskapsgrunnlag for utforminga av kunnskaps- og integreringspolitikken.

Resultat i 2019

Ei evaluering Forskingsrådet gjorde i 2018 av utdanningsforskninga i Noreg viste ei positiv utvikling av norsk utdanningsforskning dei seinare åra. Det er grunn til å tru at den positive utviklinga heldt fram i 2019. Fleire av fagmiljøa har både god forskingskvalitet og høg kapasitet, og utdanningsforskninga har generelt stor påverknad på politikkutforming og praksis.

Evalueringa viste samstundes store skilnader mellom forskargruppene som blei evaluerte. Der nokre er særst gode med potensial til å bli framifrå, har andre grupper langt att før dei når tilstrekkeleg høg standard. Vidare konkluderte evalueringa med at vi treng meir publisering i internasjonale tidsskrift og meir profesjonell forskingsleiing. Satsing på forskingsleiing vil kunne betre moglegheita for å utvikle framifrå miljø og samarbeid med sterke miljø i utlandet. Det er òg for lite strategisk samarbeid mellom forskarar og brukarar, og behov for midlar til forskning på praksisorienterte problemstillingar.

Vidare treng vi forskning som stimulerer til nærare samarbeid mellom lærarutdanningane og forskninga der, og den forskinga som elles går føre seg i sektoren. Tverrfagleg forskning og samarbeid

på tvers av fagdisiplinar og fagmiljø nasjonalt og internasjonalt er svak, og det trengst meir forskning som tek for seg samansette problem i oppvekst- og utdanningssektoren.

Ifølge den siste NIFU-rapporten *Ressursinnsatsen til FoU innenfor tematiske satsingsområder* i 2017 har det vore ein stor samla vekst i midlar til utdanningsforskning i Noreg dei siste 10–15 åra. Samstundes har antalet forskarar på feltet, og kompetansen blant utdanningsforskarane, auka merkbart. Volumet på utdanningsforskninga har gått opp. Kvinnedelen i utdanningsforskninga er høgare enn i forskarpopulasjonen totalt, medan delen med doktorgrad og delen stipendiatar er relativt låge.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 234 mill. kroner på post 21 i 2021.

Departementet har gitt Diku det nasjonale ansvaret for koordinering av Eurydice-arbeidet. Departementet foreslår å flytte 1,1 mill. kroner frå posten til kap. 200, post 01 for å kompensere for bortfallet av midlane departementet har motteke frå EU til dette arbeidet. Midlane er knytte til planlagde faste lønnsutgifter til ei stilling innanfor analyse og kunnskapsgrunnlag i departementet.

På oppdrag frå departementet har Unit gjort ei konseptutgreiing for framtidig deling av data om utdanning, forskning og integrering. Målet er ein infrastruktur for data som gir rask, rimeleg og sikker tilgang, og der data kan koplast på tvers av kjelder, innanfor og på tvers av verksemdar og sektorar. Regjeringa foreslår å løyve 10 mill. kroner til eit forprosjekt i 2021 som skal konkretisere det tilrådde konseptet.

Statped skal ikkje lenger forske eller finansiere forskning. Kunnskapsdepartementet foreslår derfor å flytte FoU-midlar frå Statped til å opprette eit senter for forskning på spesialpedagogikk og inkludering. I 2021 utgjer dette 3 mill. kroner. Dette er ei oppfølging av tiltak varsla i Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Forskingsrådet vil lyse ut senteret, som får oppstart i 2021. Formålet med senteret er ei styrking av den spesialpedagogiske forskninga og auka kvalitet, kompetanse og kapasitet på feltet.

Tabell 4.1 Løyvingar på kap. 201, post 21

	i 1 000 kroner
Forskningsprogrammet FINNUT i Noregs forskingsråd. FINNUT finansierer forskings- og innovasjonsprosjekt i utdanningssektoren på alle nivå i utdanningsløpet.	176 400
Forskning for forskings- og innovasjonspolitik (FORINNPOL) ved Noregs forskingsråd, som skal medverke til eit sterkt og relevant kunnskapsgrunnlag for utforming og gjennomføring av politikk for forskning og innovasjon hos relevante aktørar.	12 500
Kunnskapssenter for utdanning ved Universitetet i Stavanger (KSU). Senteret skal ha oversyn over og formidle nasjonal og internasjonal forskning som kan gi innsikt i kva som medverkar til kvalitet i utdanninga og opplæringa.	12 400
Forprosjekt: Konsept for framtidig deling av data om utdanning, forskning og integrering.	10 000
Centre for Educational Measurement (CEMO) ved Universitetet i Oslo. Senteret skal medverke til nasjonal og internasjonal kompetanseutvikling innanfor pedagogiske målingar.	7 800
Fagmiljø for læringsanalyse (Center for the Science of Learning & Technology SLATE) ved Universitetet i Bergen. Senteret skal styrke forskinga på og bruken av læringsanalyse i Noreg.	5 700
Kunnskapsdepartementets statistikkavtalar med SSB, OECD og EU.	3 200
Senter for forskning på spesialpedagogikk og inkludering.	3 000
Nye analysar, forsøk og utgreiingar.	3 000

Programkategori 07.20 Grunnopplæringa

Utgifter under programkategori 07.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
220	Utdanningsdirektoratet	677 915	638 035	637 580	-0,1
221	Foreldreutvala for grunnsopplæringa og barnehagane	15 849	15 913	16 014	0,6
222	Statlege skular og fjernundervisningstenester	122 063	138 029	145 145	5,2
224	Tilskot til freds- og menneskeretts-senter			111 922	
225	Tiltak i grunnsopplæringa	1 242 854	1 179 380	1 624 718	37,8
226	Kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa	4 845 569	3 132 215	3 396 679	8,4
227	Tilskot til særskilde skular	206 425	218 821	229 186	4,7
228	Tilskot til frittståande skular o.a.	5 245 036	5 428 995	5 793 844	6,7
229	Noregs grønne fagskule – Vea	32 135			
230	Statleg spesialpedagogisk støtte-system	776 661	720 897	692 388	-4,0
	Sum kategori 07.20	13 164 507	11 472 285	12 647 476	10,2

Inntekter under programkategori 07.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
3220	Utdanningsdirektoratet	23 821	14 907	13 977	-6,2
3222	Statlege skular og fjernundervisningstenester	18 921	8 884	15 623	75,9
3225	Tiltak i grunnsopplæringa	23 393	23 617	12 495	-47,1
3229	Noregs grønne fagskule – Vea	6 317			
3230	Statleg spesialpedagogisk støtte-system	38 296	45 863	47 094	2,7
	Sum kategori 07.20	110 748	93 271	89 189	-4,4

Innleiing

Kunnskap er grunnlaget for demokrati, verdiskaping og velferd, og legg grunnlaget for at alle skal ha like moglegheiter og fridomen til å ta egne val. Skulen skal gi alle elevar trygge rammer og bygge opp nødvendige ferdigheiter til å oppnå draumar og ambisjonar. Gjennom formålsparagrafen i opplæringslova har samfunnet gitt grunnopplæringa eit omfattande og viktig mandat. Opplæringa skal gi alle elevar ferdigheiter, haldningar og verdiar som gjer dei i stand til å meistre sitt eige liv, delta i arbeids- og samfunnslivet og ta vare på seg sjølve og andre i samfunnet. Alle skal ha høve til å realisere potensialet sitt i ein inkluderande skule.

Departementet har fastsett følgande overordna mål for grunnopplæringa:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt.
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.
- Alle lykkast i opplæringa og utdanninga.

Grunnopplæringa er i hovudsak finansiert gjennom dei frie inntektene til kommunane og fylkeskommunane, det vil seie rammetilskotet og skatteinntekter. Kommunane og fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar for å budsjettere midlar til grunnopplæringa etter lokale behov. Dette gjeld midlar til både drift, investeringar og kvalitetsutvikling av grunnopplæringa ved skulane og i lærebedriftene. Fylkeskommunane gir tilskot til lærebedriftene etter satsar som er fastsette av departementet.

KS og Kunnskapsdepartementet inngjekk i 2018 ein ny samarbeidsavtale om kvalitetsutvikling i barnehagen og grunnopplæringa som skal gjelde ut 2021. Avtalen skal bidra til koordinert ressursinnsats, legge til rette for lokale løysingar og bidra til å nå dei nasjonale måla for grunnopplæringa. Avtalen blir følgt opp gjennom konsultasjonsordninga, som er ein fast møteplass for dialog og samarbeid mellom KS og regjeringa.

For statistikk og informasjon om ressursbruken i grunnopplæringa, sjå del III, kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa. Sjå òg relevant omtale i del I, kap. 3 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Hovudprioriteringar for 2021

Covid-19-pandemien og den fysiske stenginga av skulane delar av våren 2020 har òg konsekvensar for 2021. Departementet foreslår å løyve 170 mill. kroner til oppfølging av sårbare elevar som har fått tapt progresjon.

Covid-19-pandemien og stenginga av skulene synleggjorde utfordringar med digital undervisning i fleire kommunar. Våren 2020 løyvde Stortinget 80 mill. kroner til tiltak i kommunar, fylkeskommunar og friskular som har utfordringar med overgangen til digital undervisning i samband med covid-19-pandemien. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga i 2021. Midlane skal nyttast både til å handtere behov ved nye periodar med stenging eller redusert skuletilbod og for å vidareføre arbeidet med å utjamne forskjellar mellom kommunar når det gjeld digital undervisning. Midlane vil i 2021 òg støtte opp om mål i digitaliseringsstrategien og innføringa av fagfornyninga.

Den økonomiske krisa som følge av covid-19-pandemien, råkar særleg personar utan vidaregåande opplæring. Det er derfor ei hovudprioritering for regjeringa å få fleire til å fullføre vidaregåande opplæring. Våren 2020 blei det løyvd nær 850 mill. kroner til tiltak som mellom anna skal gjere det mogleg for fleire å fullføre vidaregåande opplæring og gi fleire læreplassar, jf. Innst. 360 S (2019–2020) og Prop. 127 S (2019–2020). Regjeringa vil halde fram denne satsinga i 2021.

Gode og mange nok læreplassar er ein viktig føresetnad for at fleire skal ta fagbrev. Covid-19-pandemien sette mange lærlingar i ein vanskeleg situasjon våren 2020. Fleire tusen blei permitterte. Regjeringa vil halde fram satsinga for å gi fleire læreplass i 2021 og foreslår å løyve 170 mill. kroner til ein ekstraordinær auke i lærlingtilskotet på 4 250 kroner per kontrakt våren 2021. Regjeringa foreslår vidare 150 mill. kroner for å legge til rette for eit utvida tilbod om Vg3 i skule for elevar som ikkje får læreplass, kalla Fagbrev som elev.

Regjeringa foreslår å løyve 300 mill. kroner for at permitterte og ledige kan fullføre vidaregåande opplæring. Vidare foreslår regjeringa å løyve 150 mill. kroner for at avgangselevar med høl i vitnemålet kan få moglegheit til å fullføre. Regjeringa vil også halde fram satsinga på auka bruk av ordninga med Fagbrev på jobb og foreslår å løyve 46 mill. kroner til denne i 2021.

Departementet foreslår eit nytt tilskot på 45,5 mill. kroner for å gi personar som allereie har studie- eller yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring, tilbod om å ta eit fagbrev. Tiltaket er ein del av kompetansereforma Lære heile livet.

Hausten 2020 starta innføringa av dei nye læreplanane i grunnopplæringa. Regjeringa foreslår å løyve 180 mill. kroner til læremiddel i samband med fagfornyninga.

Regjeringa la hausten 2019 fram Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inklude-*

rende fellesskap i barnehage, skole og SFO. Målet med meldinga er å styrke arbeidet med tidleg innsats og å legge til rette for eit godt tilpassa og inkluderande tilbod for alle barn og unge – uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn og kognitive og fysiske skilnader. Regjeringa foreslår i oppfølginga av meldinga å løyve 50 mill. kroner i 2021 som del av eit kompetanseløft i spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Regjeringa foreslår også lovendingar i ei rekke særlover for å gi betre samordna tenester til barn og unge med behov for langvarige og samansette helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester. Dette omfattar felles reglar for individuell plan og innføring av rett til barnekoordinator for familiar som har behov for dette.

Hausten 2021 tek ny rammeplan for skulefritidsordninga (SFO) til å gjelde. Gjennom rammeplanen vil regjeringa tydeleggjere verdigrunnlaget for SFO og legge rammene for arbeidet til kommunane med å utvikle kvaliteten på tilbodet. Rammeplanen vil gi rom for lokale variasjonar, og det blir utvikla støtte- og rettleiingsmateriell. Regjeringa vil fjerne økonomiske barrierar som hindrar barn frå familiar med låg inntekt i å få gå på SFO, og foreslår derfor å løyve 114,5 mill. kroner for å dekke heilårseffekten av ordninga med inntektsgradert foreldrebetaling i SFO ved offentlege skular for elevar på 1. og 2. trinn og gratis SFO for elevar med særskilde behov på 5.–7. trinn. Vidare foreslår regjeringa å løyve 25 mill. kroner i 2021 i halvårseffekt for å utvide ordninga med inntektsgradert foreldrebetaling i SFO ved offentlege skular til også å omfatte 3. og 4. trinn frå hausten 2021. I tillegg foreslår regjeringa å løyve 3 mill. kroner til å opprette ei eiga tilskotsordning for SFO ved friskular som ønsker å tilby tilsvarende moderasjonsordning for elevar på 1.–4. trinn. Regjeringa foreslår òg å løyve 15,2 mill. kroner til gratis SFO for familiar med låg inntekt i utvalde kommunar.

Arbeidet mot mobbing og for eit godt og inkluderande læringsmiljø har høg prioritet hos regjeringa. Departementet foreslår å løyve om lag 110 mill. kroner til dette arbeidet i 2021. I tillegg blir desentralisert kompetansemodell styrka, mellom anna for å følge opp arbeidet med eit godt læringsmiljø.

I tråd med Granavolden-plattformen foreslår regjeringa å auke husleige- og kapitaltilskotet til frittstående skular i Noreg med 15 mill. kroner i 2021.

Gode lærarar med solid og oppdatert kunnskap er nøkkelen til at elevane skal lære meir. Regjeringa vil halde fram med den omfattande sat-

singa på kvalifisering av og vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar og foreslår å bruke 1,6 mrd. kroner til dette i 2021. Løyvinga gir mellom anna rom for å tilby vidareutdanning til om lag 6 300 lærarar hausten 2021 innanfor ordninga Kompetanse for kvalitet. Departementet forventar at kapasiteten vil vere god nok til å gi tilbod til alle som ønsker vidareutdanning i matematikk, norsk, engelsk, norsk teiknspråk og samisk.

Regjeringa vil trappe opp satsinga på karriereveggar for lærarar og foreslår å bruke 229 mill. kroner på dette i 2021. Løyvinga gir rom for å auke talet på lærarspesialistar frå 1 500 til 2 300 frå hausten 2021.

I tillegg til hovudprioriteringane foreslår Kunnskapsdepartementet å vidareføre fleire andre sentrale tiltak innanfor grunnopplæringa i 2021, jf. omtale i teksten under.

Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø

Utviklingstrekk og utfordringar

Utfordringar ved skulestart og oppfyltinga av lærarnorma

Overgangen frå barnehage til skule og SFO kan vere vanskeleg for ein del barn, og spørsmålet om utsett skulestart kan dukke opp. Regjeringa har sørgd for at det frå hausten 2018 blei innført ei gjensidig plikt for barnehage- og skuleeigarane til å samarbeide om overgangen frå barnehage til skule og SFO. Regelverket gir rom for fleksibel skulestart, altså at barn kan få tidlegare eller seinare skulestart, men det er få som bruker denne moglegheita i dag. For både 2018 og 2019 var det 0,6 pst. av seksåringane som framleis gjekk i barnehage i staden for skule. Det ligg ikkje føre tal for femåringar som har starta tidlegare på skulen.

Lærarnorma blei innført hausten 2018 og skjerpa hausten 2019 slik at det samla for kvart hovudtrinn på skulane skal vere maksimalt 16 elevar per lærar på 1.–4. trinn og maksimalt 21 elevar per lærar på 5.–10. trinn. Høvet til å gjere unntak frå lærarnorma blei våren 2019 utvida frå 1. januar 2019 til 1. august 2020. Det er ikkje planlagt å forlenge dispensasjonshøvet ytterlegare. Per 1. oktober 2019 oppfylte 81 pst. av skulane lærarnorma. For meir statistikk, sjå del III, kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa.

Utfordringar ved kvalitet og høvet til å få gå på SFO

SFO er ein viktig arena for inkludering, leik og vennskap. Minoritetsspråklege elevar kan i tillegg


ha nytte av SFO som ein stad å få brukt norsk språk i leik med andre barn.

Det er stor variasjon i både pris, innhald og kvalitet i SFO-tilbodet. Det er ei utfordring at ein del barn ikkje får delta fordi familien ikkje har råd. Mange kommunar har ikkje eigne planar for SFO ut over dei vedtektene kommunane er pålagde å ha. Foreldra er stort sett nøgde, men foreldra til barn med særlege behov er meir misnøgde enn andre foreldre. For statistikk om SFO, sjå del III, kap. 6 Nøkkeltal for grunnsopplæringa.

Læringsmiljøet er generelt sett godt, men framleis blir mange elevar mobba

Alle barn og unge har rett til eit trygt og godt læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring,

jf. opplæringslova kap. 9A. Det er derfor positivt når den siste elevundersøkinga frå skuleåret 2019–20 viser at prosentdelen elevar som har blitt mobba to–tre gongar i månaden eller oftare, har gått ned det siste året frå 6,1 pst. til 6,0 pst. Dette er elevar som svarer at dei i ein eller annan kombinasjon er mobba av medelevar, digitalt mobba av nokon på skulen eller mobba av vaksne på skulen. Det er det lågaste talet som har blitt målt sidan starten i 2007. Ein rapport frå Universitetet i Bergen i juni 2020 viser liknande god utvikling på mobbetala.



Figur 4.1 Prosentdelen gutar og jenter som svarer at dei blir mobba av medelevar to–tre gongar i månaden eller meir, fordelt på kjønn og klassetrinn hausten 2019.

Kjelde: Elevundersøkinga 2019

Omfanget av mobbing er klart størst på barneskulen. Det er små kjønnskilnader når det gjeld mobbing, men forskjellar i type mobbing. Jenter opplever meir indirekte mobbing, som å bli haldne utanfor og baksnakka, medan gutar opplever meir direkte og fysisk mobbing, som å bli slått, dytta eller halden fast. 1,8 pst. av elevane rapporterer at dei har blitt mobba digitalt. Det er ein svak nedgang frå 1,9 pst. året før. 1,6 pst. av elevane rapporterer at dei har blitt mobba av ein lærar eller ein annan tilsett på skulen. Det er på same nivå som året før.

Dei nye reglane for skulemiljø som tok til å gjelde 1. august 2017, inkluderte ei ny handhevsordning som gir elevar og foreldre høve til enkelt å melde saker til fylkesmannen. I 2019 blei det meldt inn 1 585 slike mobbesaker. I fire av fem saker der fylkesmannen tok stilling til om aktivtetsplikta var oppfylt eller broten, fekk elevane medhald. Omfanget av saker og kompleksiteten i sakene gjer at saksbehandlingstida kan bli lang.

Lærlingundersøkinga 2018 viser at lærlingane stort sett trivst i opplæringa, er motiverte til å lære og er fornøgde med førebuinga til læretida. 3,4 pst. av lærlingane og 7,2 pst. av lærekandida-

tane melder om at dei blir mobba. Undersøkinga viser også at lærlingane i dei største bedriftene er meir nøgde enn dei i små bedrifter, og at eldre lærlingar er mindre nøgde enn yngre.

Strategiar og tiltak

Tiltak for ein god skulestart og for oppfølginga av lærarnorma

Det er for tidleg å seie noko om erfaringane med den gjensidige plikta for barnehage- og skuleeigarar til å samarbeide om overgangen frå barnehage til skule og SFO, men departementet vil følge med på korleis kommunane oppfyller plikta.

I 2019 inviterte regjeringa kommunane til å prøve ut ulike ordningar innanfor regelverket for fleksibel skulestart. Trondheim og Kristiansand har søkt om å få prøve ut modellar for fleksibel skulestart.

Lærarnorma er fullfinansiert, og i 2020 blei midlane til lærarnorma innlemma i kommuneramma og fordelte etter særskild fordeling. Ein revidert delkostnadsnøkkel for grunnskulen blir teken i bruk frå 2021 for å ta høgde for endringane i forskriftene om lærartettleik. For meir detaljar om fordelinga av midlane i 2021, sjå Kommunal- og moderniseringsdepartementets grøne hefte. Stortinget har vedteke at lærarnorma skal evaluerast undervegs, og at evalueringa skal sjåast i samanheng med tiltak for å rekruttere tilstrekkeleg mange kvalifiserte lærarar. Utdanningsdirektoratet fekk hausten 2018 i oppdrag å setje i gang evalueringa. Direktoratet har inngått ein avtale med Norsk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) om evalueringa, som mellom anna skal gi kunnskap om etterleving, struktur- og styringseffektar o.a. Prosjektet skal ha fire delrapportar, og sluttrapport kjem i mai 2022.

Tiltak for kvalitet og deltaking på SFO

I oppfølginga av Tett på-meldinga vil departementet styrke kvaliteten i SFO gjennom ein nasjonal rammeplan for SFO og også auke høvet til deltaking gjennom moderasjonsordningar. Hausten 2021 tek ny rammeplan for SFO til å gjelde. Gjennom rammeplanen vil departementet tydeleggjere verdigrunnlaget for SFO og legge rammene for arbeidet til kommunane med å utvikle kvaliteten i SFO. Rammeplanen skal gi rom for lokale variasjonar, og støtte- og rettleiingsmateriell skal følge med.

Hausten 2020 blei det innført ei nasjonal ordning med inntektsgradert foreldrebetaling i SFO ved offentlege skular på 1.–2. trinn og gratis SFO for elevar med særskilde behov på 5.–7. trinn.

Som del av regjeringas arbeid mot fattigdom vil regjeringa utvide ordninga med inntektsgradert foreldrebetaling i SFO til også å omfatte 3.–4. trinn frå hausten 2021 og opprette ei eiga tilskotsordning for SFO ved frittstående skular som ønsker å tilby tilsvarende moderasjonsordning for elevar på 1.–4. trinn. Sjå meir omtale under kap. 228, post 84. Regjeringa foreslår å løyve 28 mill. kroner til dette. I tillegg foreslår regjeringa å løyve 15,2 mill. kroner til gratis SFO for familiar med låg inntekt i utvalde kommunar frå hausten 2021. Sjå meir omtale under kap. 226, post 21.

Tiltak mot mobbing og for eit betre læringsmiljø

Innsats mot mobbing og for eit godt og inkluderende læringsmiljø er eit høgt prioritert område for regjeringa. Dette er dei tre viktigaste tiltaka mot mobbing:

- Lovverket (opplæringslova kap. 9A) med aktivitetsplikt for skulen og ei rettsleg overprøving av om skulen har oppfylt aktivitetsplikta overfor einskildelevar i skulemiljøsaker (handhevingsordninga)
- Kompetanseutviklingstiltak om mobbing og læringsmiljø for tilsette i barnehagar og skular
- Fylkesvise mobbeombod for barnehagar og skular

Dei nye reglane for skulemiljø blei evaluerte i 2019 av Deloitte på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Departementet starta hausten 2019 arbeidet med å følge opp funna frå evalueringa. Fleire av tilrådingane frå evalueringa gjeld behov for betre rettleiing om konkrete problemstillingar som skulane og fylkesmennene står overfor i praktiseringa av regelverket. For desse punkta fekk Utdanningsdirektoratet i tildelingsbrevet for 2020 i oppdrag å revidere dagens rettleiingsmateriell om skulemiljøreglane og utarbeide ny rettleiing om dei temaa som ikkje er dekte i dag.

Når det gjeld spørsmålet om personvernet til elevane og dei tilsette, så vil denne problemstillinga bli følgd opp nærare i samband med departementets pågåande arbeid med å gå gjennom sektorregelverket, mellom anna opplæringslova, for å sikre at dette er i samsvar med det nye personregelverket. Dei resterande tilrådingane frå evalueringa vil bli vurderte i samband med oppfølginga av NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*.

Finansieringa av handhevingsordninga for skulemiljøsaker er auka for å styrke kapasiteten hos fylkesmannen sidan lovverket tok til å gjelde

hausten 2017. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga til handhevingsordninga.

Departementet foreslår å vidareføre løyvingar til tiltak for kompetanseheving og rettleiing for barnehagar, skular og barnehage- og skuleeigarar når det gjeld å skape og halde ved like gode barnehage- og skulemiljø. Departementet gjennomfører i 2020 i samarbeid med Utdanningsdirektoratet ei intern evaluering av fleire av kompetansetiltaka som gjeld arbeidet mot mobbing. Evalueringane vil bli ferdigstilte innan utgangen av 2020. Evalueringane skal legge grunnlaget for eventuelle endringar i innrettinga av kompetansemidlane.

Partnerskap mot mobbing er eit samarbeid mellom regjeringa og relevante samfunnsaktørar for eit inkluderande lærings- og oppvekstmiljø. Den siste avtalen gjeld for perioden 2016–20. Våren 2020 blei det gjort ei evaluering av Partnerskap mot mobbing. Resultata vil bli drøfta av leiar-møtet i partnerskapet hausten 2020, og behov for eventuelle endringar vil bli vurdert. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga til Partnerskap mot mobbing i 2021.

Departementet vil òg gi tilskot til organisasjonar som arbeider for eit betre læringsmiljø, jf. omtale under kap. 225, post 74 og 75.

Ein evalueringsrapport om ordninga med mobbeombod blei lagd fram i juli 2020. Rapporten viser at skuleeigarane og barnehageeigarane er nøgde med ordninga. Det same gjeld elevane og foreldra som har vore i kontakt med omboda. Dei opplever å møte forståing og å få god informasjon og råd. Mobbeomboda er plasserte i fylkeskommunen, noko som kan føre til ulik praktisering av mandatet. Omboda manglar ein organisasjon som kan sørge for lik praksis, og mange av omboda opplever rolla si som midt mellom skulen og fylkesmannen. Dette inneber at foreldre vender seg til ombodet som ein nøytral tredjepart eller ein mellomstasjon før foreldra eventuelt vel å bruke den formelle klageretten som ligg i opplæringslova (handhevingsordninga). Rapporten blir avslutta med spørsmål som kan gi retning til den vidare diskusjonen om utviklinga av ordninga med fylkesvise mobbeombod. Departementet vil med utgangspunkt i desse spørsmåla vurdere den vidare innrettinga og finansieringa av ordninga.

Elevundersøkinga blir revidert for mellom anna å samsvare med fagfornyninga. Ny undersøking vil vere klar til bruk hausten 2022.

Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt

Utviklingstrekk og utfordringar

Det er behov for ei styrking av tidleg innsats og meir inkluderande praksis i grunnopplæringa

Tett på-meldinga tek utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget frå rapporten til ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging frå 2018 (Nordahl-rapporten) og delar av Stoltenberg-utvalets rapport, NOU 2019: 3 *Nye sjansar – bedre læring*, om kjønnsforskjellar i skuleprestasjonar. Rapportane peika på ei rekke svakheter og utfordringar ved dagens system. Stortinget behandla meldinga 24. april 2020, jf. Innst. 188 S (2019–2020).

Ein del elevar slit psykisk

Ei rekke undersøkingar viser at mange unge slit psykisk. Dette er omtala mellom anna i NOU 2018: 15 *Kvalifisert, forberedt og motivert* og Prop. 121 S (2018–2019) *Opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse (2019–2024)*. Undersøkingar viser at mange unge slit med depresjonar, angst og søvnproblem, og at psykiske vanskar er ei viktig årsak til at elevar ikkje fullfører vidaregåande opplæring. Offentlege tenester som ligg utanfor skulen, kan derfor vere svært viktige for å betre den psykiske helsa og hindre fråfall. Utsette barn og unge treng ein skule som samarbeider godt med andre offentlege tenester.

Ein del barn og unge og familiane deira har av ulike årsaker samansette utfordringar som gjer at dei støyter på ekstra problem ved at offentlege tenester ikkje er samordna seg imellom. Dette blei ekstra tydeleg under covid-19-pandemien våren 2020.

Skulen er ein viktig arena når det gjeld hjelp og støtte til barn og unge som er utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Alle tilsette har meldeplikt til barnevernet ved mistanke om alvorlege forhold, jf. opplæringslova § 15-3. Statistikk frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at skulen i 2019 melde 17 pst. av sakene for barn og unge i alderen 6–17 år.

Nettovergrep mot barn og unge ser ut til å bli eit stadig større samfunnsproblem, og skulen har derfor ei viktig rolle i å gi elevane kunnskap om grensesetjing for eigen kropp og varsemd i brukken av digitalt utstyr.

Det er store forskjellar i korleis skulen møter elevar med stort læringspotensial

Prinsippet om tilpassa opplæring gjeld alle elevane. Elevar med stort læringspotensial må få møte forventningar og utfordringar i skulen, slik at dei opplever meistring og anerkjenning. Skulane må ha kunnskap om, og kompetanse til, å møte elevar med stort læringspotensial. Regelverket gir gode høve til forsering og fleksibilitet. Slik kan skulane gi utfordringar og motiverande undervisning til barn og elevar med stort læringspotensial. NOU 2016: 14 *Mer å hente. Bedre læring for elevar med stort læringspotensial* viste likevel at det er store forskjellar i korleis skulane tilpassar undervisninga til elevar med stort læringspotensial.

Strategiar og tiltak

Tiltak for å styrke tidleg innsats og betre inkluderande praksis i grunnopplæringa

Departementet er i gang med å følge opp tiltaka i Tett på-meldinga. Tiltaka må sjåast i samanheng, og dei må byggast opp over tid. Det må skapast ein kultur for tidleg innsats og inkludering på alle nivå i systemet, frå barnehage, skule og SFO til eigar- og myndighetsnivå og andre tenester i laget rundt barnet og eleven.

God allmennpedagogisk og spesialpedagogisk kompetanse er grunnleggjande for å kunne oppdage, følge opp og legge til rette for barn som har behov for særskild tilrettelegging. Derfor satsar departementet vidare på dei kompetanseordningane og vidareutdanningstilboda for lærarar og andre tilsette i barnehage og skule som er i gang. I tillegg blir det i samarbeid med KS sett i gang eit kompetanseløft i spesialpedagogikk og inkluderande praksis for kommunar og fylkeskommunar. Kompetanseløftet startar opp hausten 2020 og skal byggast opp over ein periode på fem år og sjåast i samanheng med dei endringane som er varsla for Statped, jf. omtale under kap. 230. Kompetanseløftet skal sjåast i samanheng med eksisterande kompetanseordningar og vidareutdanningstilbod. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til kompetanseløftet med 25 mill. kroner til totalt 50 mill. kroner i 2021. Kompetanseløftet skal omfatte både tilsette i barnehage og skule, PP-tenesta og eventuelt andre tenester som inngår i laget rundt barna og elevane. Målet er at alle kommunar og fylkeskommunar skal ha tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane til å kunne fange opp og gi eit inkluderande og tilpassa peda-

gogisk tilbod til alle, inkludert dei med behov for særskild tilrettelegging.

Fleire av regelverksendringane og presiseringane av regelverket som er varsla i meldinga, vil bli vurderte i oppfølginga av NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*. Dette gjeld mellom anna presiseringar i regelverket for å sikre at fagpersonar med rett kompetanse gir spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning.

Fleire tiltak i meldinga gjeld forskning og pilotprosjekt for å styrke kunnskapen om inkluderande praksis og spesialpedagogikk. Det skal opprettast eit senter for forskning på spesialpedagogikk og inkludering. Noregs forskingsråd vil lyse ut senteret, med oppstart i 2021. Sjå meir omtale under kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag.

Sjå også del III, kap. 8 Likestilling og arbeid mot diskriminering for omtale av *Et samfunn for alle. Regjeringens strategi for likestilling av mennesker med funksjonsnedsettelse for perioden 2020–2030*.

Styrking av psykisk helse i grunnopplæringa

Regjeringa la i juni 2019 fram Prop. 121 S (2018–2019) *Opptrappingsplan for barn og unges psykiske helse (2019–2024)*. Gjennom tiltaka i planen vil regjeringa at fleire skal få god psykisk helse og god livskvalitet, og at dei som treng det, skal få eit godt behandlingstilbod. Planen inneheld både helsefremjande, førebyggjande og behandlingsretta tiltak og omfattar barn og unge i alderen 0–25 år.

Helsedirektoratets tilskotsordning Psykisk helse i skulen har som mål å styrke psykisk helse i skulen for å få betre læringsmiljø, auka kompetanse, tidleg innsats og samhandling mellom sentrale instansar og tenester for barn og unge. Ei evaluering frå NIFU i 2019 konkluderer med at både staten, gjennom tilskotsordninga, og dei som tilbyr program innanfor området psykisk helse i skulen, har ei viktig rolle i å støtte kommunane i arbeidet med den psykiske helsa til elevane. Forskarane peikar på at fagfornyninga og det tverrfaglege temaet Folkehelse og livsmeistring kan gjere at skulane får meir eigarskap til temaet psykisk helse, og at skulane vil ta ei meir aktiv rolle i å definere kva dei treng av kunnskap.

100 mill. kroner av veksten i dei frie inntektene til kommunane i 2021 er grunnlagt med ei særskild satsing på den psykiske helsa til barn og unge. Psykisk helse vil også bli omtala i stortingsmeldinga om vidaregåande opplæring, som blir lagd fram våren 2021, jf. omtale av meldinga under målet Alle lykkast i opplæringa og utdanninga.

Tiltak for betre tverrsektorielt samarbeid til beste for utsette barn og unge

Kunnskapsdepartementet leier 0–24-samarbeidet, der Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet deltek. Satsinga skulle i utgangspunktet gjelde perioden 2015–20. Forseinkingar på grunn av den ekstraordinære situasjonen med covid-19-pandemien og smitteverntiltak i 2020 gjer at 0–24-samarbeidet blir forlengd noko inn i 2021. Målet er å styrke oppfølginga av utsette barn og unge i alderen 0–24 år gjennom betre samarbeid mellom tenestene for å hindre fråfall i vidaregåande opplæring og seinare utanforskap i samfunnet. Sjå meir omtale under kap. 226 post 64.

I juni 2020 blei det sendt på høyring eit forslag om endringar i ei rekke sektorlover for å gi betre velferdstenester til barn og unge med behov for eit samansett tenestetilbod. Regjeringa foreslår mellom anna å innføre rett til barnekoordinator for familiar med barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne og å harmonisere reglane om individuell plan. Høyringa har frist 1. november 2020.

Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)* har sitt siste år i 2021. Planen omfattar mellom anna tiltak som gjeld meir kompetanse om vald og overgrep blant dei tilsette i skulen, og tiltak som skal gjere barn og unge betre i stand til å forstå kva vald og overgrep er, og korleis ein kan få hjelp dersom ein er utsett for dette. I samband med planen leier Justis- og beredskapsdepartementet arbeidet med ein tverrdepartemental strategi mot internettrelaterte overgrep mot barn. Strategien blir lagd fram hausten 2020.

Kunnskapsdepartementet deltek i områdesatsinga i Groruddalen for perioden 2017–26 og områdesatsingane i Oslo sør og indre Oslo aust for perioden 2018–26, jf. kap. 226, post 21, programkategori 07.90 Integrering og mangfald og Prop. 1 S (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Regjeringa legg etter planen fram ein strategi for barn og unge i låginntektsfamiliar hausten 2020. I samband med strategien foreslår regjeringa å løyve 200 mill. kroner til tiltak mot fattigdom blant barn og unge. Mellom tiltaka er utviding av inntektsgradert foreldrebetaling i SFO med 3. og 4. trinn, tilskotsordning til inntektsgradert foreldrebetaling i SFO for 1.–4. trinn for frittstående skular og gratis SFO for låginntektsfamiliar i utvalde kommunar. For heilskapleg omtale

av strategien, sjå Prop. 1 S (2020–2021) for Barne- og familiedepartementet.

Arbeidet med strategien BarnUnge21 starta hausten 2019. Målet er å skape ein målretta, heilskapleg og koordinert nasjonal innsats for forskning, utvikling og innovasjon for utsette barn og unge. To av fire arbeidsgrupper er særleg relevante for kunnskapssektoren: arbeidsgruppa for forskning, som skal støtte praksis, utdanning og innovasjon, og arbeidsgruppa for utdanning, som skal støtte kunnskapsbasert, samordna og brukarretta praksis. Strategien skal etter planen bli lagd fram i desember 2020.

Tiltak for å betre tilbodet til elevvar med stort læringspotensial

Utdanningsdirektoratet utarbeidde i 2019 ein rett-leiar og ei kompetansepakke om elevvar med stort læringspotensial. Dette skal vise skulane og skuleeigarane kva handlingsrom dei har når det gjeld å legge til rette for denne elevgruppa, og auke kompetansen om elevvar med stort læringspotensial.

I oppfølginga av *Realfagsstrategien* blei det hausten 2016 starta ei treårig utprøving med etablering av talentsenter for elevvar med høgt læringspotensial i realfag på 7.–10. trinn og i dei to første åra i vidaregåande opplæring. Talentsentera er plasserte ved vitensentera i Oslo, Bergen, Tromsø og Trondheim. NIFU har i 2019 gjennomført ei evaluering der konklusjonen er at talentsentera har etablert eit tilbod som er imponerende i kvalitet og omfang, og som inspirerer og løftar elevane. I behandlinga av statsbudsjettet for 2020 blei det løyvd ekstra midlar til talentsentra. Eit nytt talentsenter starta opp skuleåret 2020–21 på Jæren.

Regjeringa vil i oppfølginga av NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov* vurdere endringar i opplæringslova for elevvar med stort læringspotensial.

Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse

Utviklingstrekk og utfordringar

Mange lærarar manglar relevant kompetanse

Grunnopplæringa stiller store krav til kompetansen hos lærarane. Det er godt dokumentert frå forskinga at elevane lærer meir når lærarane har fordjuping i det faget dei underviser i. Regjeringa er derfor bekymra over at så mange lærarar anten ikkje har fordjuping i faget dei underviser i, eller ikkje er formelt kvalifiserte for tilsetjing. Statistikk frå Grunnskolen Informasjonssystem (GSI) viser

at 24 pst. av matematikklærarane, 17 pst. av norskklærarane og 35 pst. av engelsklærarane i grunnskulen mangla fordjuping i faget i skuleåret 2019–20. Talet på lærarar som ikkje oppfyller kompetansekrava i matematikk, norsk og engelsk, har gått ned med omtrent 10 700 frå 2015 til 2019. I skuleåret 2019–20 var om lag 3 800 personar i undervisningsstillingar i grunnskulen ikkje kvalifiserte for tilsetjing. Dette utgjør ifølgje GSI 5,4 pst. av alle lærarane i grunnskulen og er ein nedgang frå 5,8 pst. i skuleåret 2018–19.

Meir bruk av IKT i opplæringa i form av system, plattformer, digitale einingar og digitale læremiddel krev auka kompetanse hos lærarar og skuleleiarar om samanhengar, moglegheiter og utfordringar. God forståing av informasjonstryggleik og personvern er også viktig for å lykkast med digital utvikling. NIFU-rapporten om covid-19-pandemien våren 2020 viser at det er store skilnader mellom lærarar, skular og kommunar i den digitale kompetansen. Dette er i samsvar med TALIS-studien frå 2018, der 20 pst. av lærarane seier at dei har eit stort behov for betre kunnskap om å integre IKT i undervisninga.

Utfordringa med mogleg framtidig lærarmangel

9,5 pst. av lærarane i grunnskulen er 60 år eller meir, og 18,5 pst. er i aldersgruppa 50–59 år. I vidaregåande skule er 15,4 pst. av lærarane 60 år eller meir, medan 26,9 pst. er 50–59 år. Framskrivningar frå SSB viser at underskotet på grunnskulelærarar i dag kjem til å auke framover, og at det i 2040 kan komme til å mangle så mykje som 5 800 grunnskulelærarar. For dei andre lærarutdanningane er det berekna eit overskot, og lærarar med andre utdanningar enn grunnskulelærarutdanning kan dermed kunne avhjelpe noko av underskotet. Eit lærarunderskot vil derfor truleg i størst grad råke 1.–4. trinn, då dei fleste andre lærarutdanningane ikkje kvalifiserer for tilsetjing på desse trinna.

Tal frå SSB viser at 90 pst. av grunnskulelærarane som er sysselsette i skulen eitt år etter fullført utdanning, framleis er sysselsette i skulen fem år etter dette (tal for 2013–2018). For dei som har fullført ei lektorutdanning, er talet 85 pst., for faglærarar er talet 81 pst., for dei med praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) 83 pst. og for dei med praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag (PPU-Y) 78 pst.

Mange lærarar opplever overgangen frå utdanninga til yrket som vanskeleg. Dei første åra som nyttilsett lærar kan vere krevjande, men er på

same tid viktige for å utvikle seg i lærarrolla. Det er framleis mange nyutdanna nyttilsette lærarar i grunnopplæringa som ikkje får rettleiing. Ein delrapport frå Rambøll våren 2020 viser likevel ein liten auke i prosentdelen som får rettleiing, frå 61 pst. i 2016 til 65 pst. i 2020.

Fafo-rapporten *Fra gallionsfigur til overarbeidet altmuligmann?* frå januar 2020 handlar om rekruttering av skuleleiarar og peikar på at det er ei utfordring å få søkarar til utlyste stillingar, særleg i små kommunar. Samstundes ser 50–70 pst. av dei spurde skuleleiarane for seg å bli verande i stillinga ut yrkeskarrieren. Fafo finn at over halvparten av skuleleiarane er over 50 år, og at ei sentral utfordring er å få unge nyttilsette skuleleiarar til å trivast i jobben.

Strategiar og tiltak

Tiltak for å gi fleire lærarar relevant kompetanse

Styrking av lærarutdanningane

Regjeringa ønsker at læraryrket skal vere attraktivt for fleire, og at elevane skal møte lærarar med god fagkunnskap i faga dei underviser i. Etter innføringa i 2005 av karakter- og poengkrav for opp- tak til lærarutdanningane har det vore ein auke i delen studentar som fullfører. I 2016 blei det innført krav om karakteren 4 i matematikk for å kome inn på grunnskulelærar- og lektorutdanningane. Sett under eitt er det fleire studentar som startar no, enn før innføringa av kravet. Dei siste åra har det vore færre studentar som fell ifrå etter første studieår, enn tidlegare. Det er ikkje grunnlag for å seie at 4-kravet gir færre lærarstudentar i eit lengre perspektiv. Rekrutteringa til grunnskulelærarutdanninga for 1.–7. trinn har vist seg meir sårbar enn rekrutteringa til dei andre utdanningane. 4-kravet gir likevel mest meining for studentane ved denne utdanninga, sidan dei skal greie minst 30 studiepoeng i matematikk. Erfaringa viser at mange studentar slit med matematikkfaget, noko som kan ha medverka til sviktande gjennomføring tidlegare.

Våren 2017 lanserte regjeringa *Lærarutdanning 2025. Nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærarutdanningane*. Strategien er retningsgivande for arbeidet med å utvikle lærarutdanningane. Det er eit sentralt mål å utvikle samarbeidet mellom universitet, høgskular og barnehage- og skulesektoren. Sjå også omtale av barnehagelærarutdanninga i programkategori 07.30 Barnehagar og omtale av høgare utdanning under kap. 260 Universitet og høgskular.

Den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling skal sikre at tiltaka er betre tilpassa lokale behov

I oppfølginga av Meld. St. 21 (2016–2017) *Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen* blei det i 2017 innført ei desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen. Målet med ordninga er å møte dei lokale utfordringane meir treffsikkert og at alle skular, kommunar og fylkeskommunar gjennom samarbeid med universitet og høgskular skal ta ansvar for og ha handlingsrom til å drive kvalitetsutvikling lokalt. Alle fylka har etablert samarbeidsforum der skuleeigarar, universitet, høgskular og fylkesmannen er med. Utdanningsdirektoratet fordeler det statlege tilskotet til kompetanseutvikling gjennom fylkesmannen til kvart einskilt samarbeidsforum. Direktoratet arbeider systematisk med tiltak for å koordinere dei desentraliserte ordningane for kompetanseutvikling i barnehage, skule, spesialpedagogikk og inkludering, og for yrkesfag, for å styrke det lokale arbeidet med kompetanseutvikling.

Hausten 2020 vil departementet fastsetje retningslinjer for tildeling av midlar til tre tilskotsordningar for kompetanseutvikling:

- desentralisert ordning for kompetanseutvikling i grunnskule og vidaregåande skule
- regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage
- kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis

Retningslinjene gjer greie for målsetjingar, roller og oppgåver i ei ny felles tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring. Kunnskapsdepartementet legg til grunn at det er barnehage- og skuleeigarar og universitet og høgskular som er mottakarar av tilskot i ordningane. Retningslinjene er sende på høyring.

Det kan bli aktuelt å tildele ekstra midlar til tilskotsordninga til lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring hausten 2021 dersom det er handlingsrom til det.

Vidareutdanning skal bidra til at fleire lærarar får fordjuping i faga dei underviser i

Regjeringa har som mål at alle lærarar skal ha fordjuping i faga dei underviser i, og vil halde fram med satsinga på vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar. I perioden 2014–20 har Utdanningsdirektoratet gitt om lag 40 000 tilbod om vidareutdanning til lærarar gjennom *Kompetanse for kvalitet – strategi for lærere og skoleledere frem*

mot 2025. Det er stadig mange lærarar som søker vidareutdanning. Vidareutdanninga har medverka til at fleire lærarar har tilstrekkeleg utdanning i undervisningsfaga sine. Samtidig vil det framleis vere utfordringar med å oppfylle kompetansekrava innan 2025. Departementet vil framleis følge utviklinga nøye. I studieåret 2020–21 har 1 247 lærarar fått innvilga søknad om vidareutdanning i engelsk. Samtidig er det innvilga 1 456 søknader i matematikk og 1 160 søknader i norsk. Sjå også omtale under kap. 226, post 22.

Karrierevegen som lærarspesialist skal bidra til at erfarne lærarar blir i yrket

Regjeringa ønsker å halde på gode lærarar i klasserommet, og starta i 2015 eit pilotprosjekt for ein ny karriereveg for lærarar som lærarspesialist. Regjeringa har som mål å auke talet på lærarspesialistar til totalt 3 000 innan utgangen av 2022 og gi alle skular tilgang til lærarspesialist i begynnaropplæring. Det vil vere ein styrke for kompetanseutviklinga i skulen at det finst spesialistar i dei fleste sentrale skulefaga og i tillegg innanfor område som begynnaropplæring, profesjonsfagleg digital kompetanse, opplæring av minoritetspråklege elevar og spesialpedagogikk.

Regjeringa foreslår å auke satsinga på karrierevegar for lærarar til 229 mill. kroner i 2021. Løyinga gir rom for å auke talet på lærarspesialistar frå 1 500 til 2 300 frå hausten 2021. NIFU gjennomfører ei evaluering av karrierevegar for lærarar. Ein delrapport skal etter planen kome våren 2021, og sluttrapporten hausten 2021.

Tiltak for å bidra til at nyttilsette lærarar og skuleleiarar blir i yrket

Regjeringa ønsker at nyutdanna nyttilsette lærarar skal få god støtte og rettleiing, slik at dei blir trygge i lærarrolla og får nytta kompetansen sin. I samarbeid med organisasjonar for barnehage, skule og høgare utdanning følger regjeringa opp dei nasjonale rammene for rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i barnehagen og skulen. Sluttrapporten for Rambøll si evaluering om dette er venta tidleg i 2021. Utdanningsdirektoratet forvaltar også eit tilskot på om lag 62 mill. kroner som kommunar og friskular kan søke på til rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i grunnskulen. Sjå også omtale under kap. 226, post 21, 22 og 61, kap. 231, post 21 og kap. 260, post 50.

Det er viktig å setje inn tiltak som gjer at unge, relativt nyttilsette skuleleiarar trivst, sidan det er dei som i størst grad er usikre på den vidare

yrkeskarrieren sin. Skuleleiar- og rektorutdanninga er eit viktig rekrutteringstiltak i denne samanhengen.

Tiltak for å heve den digitale kompetansen blant lærarar

For å kome i møte fleire av dei behova for kompetanseutvikling som lærarar sjølv melder om i TALIS-studien frå 2018, er det i dei siste åra starta opp vidareutdanning i profesjonsfagleg digital kompetanse og programmering. Det finst òg lærarspesialistutdanning og moglegheit for å bli lærarspesialist i profesjonsfagleg digital kompetanse. I tillegg skal alle vidareutdanningstilbod til lærarar legge til rette for refleksjon om kva den digitale utviklinga betyr for innhaldet og arbeidsmetodane i faget, og gi lærarane erfaring med å bruke digitale ressursar for å nå kompetansemålet til faga. Digitalisering av opplæringa er også eit vanleg tema i etterutdanning i den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling.

Tiltak for å heve kompetansen til yrkesfaglærarane

Den nye tilbudsstrukturen for fag- og yrkesopplæringa tok til å gjelde frå hausten 2020 for Vg1. For Vg2 blir han innført hausten 2021 og for Vg3 hausten 2022. Gode yrkesfaglærarar med oppdatert fagkunnskap bidreg til relevant og praktisk opplæring for elevane, noko som vil kunne føre til at fleire fullfører og består fagopplæringa. Regjeringa sette derfor hausten 2015 i gang ei satsing på yrkesfaglærarane – Yrkesfaglærarløftet – for fagarbeidarar i framtida. Satsinga skal bidra til å rekruttere fleire yrkesfaglærarar og sørge for at fleire får ei godkjend lærarutdanning, og at yrkesfaglærarar får høve til å delta i etter- og vidareutdanning. Regjeringa foreslår å styrke Yrkesfaglærarløftet med 10 mill. kroner i 2021.

Som del av Yrkesfaglærarløftet er det moglegheiter for ei rekke vidareutdanningstilbod som skal gi yrkesfaglærarane den kompetansen dei treng for å undervise elevar som møter eit arbeidsliv i utvikling. Som del av satsinga finst det mellom anna fleire vidareutdanningstilbod som skal utvikle den digitale kompetansen til yrkesfaglærarane.

Fylkeskommunane er med i den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling. Det er ei rekke tiltak som inngår i denne ordninga, mellom anna midlar til hospitering og fagleg oppdatering i regi av arbeidslivet. Midlane som gjeld yrkesfag, er skilde frå dei etablerte samarbeidsforuma. Ein viktig grunn er at det innanfor yrkesfaga er andre

aktuelle tilbydarar av kompetanseutvikling enn universitet og høgskular, til dømes bedrifter, opplæringskontor, bransjeorganisasjonar og fagskular.

Nye retningslinjer for tilskotsordninga for lokal kompetanseutvikling i fag- og yrkesopplæringa med tydeleg omtale av mål, roller og oppgåver blir fastsette av departementet hausten 2020.

Alle lykkast i opplæringa og utdanninga

Utviklingstrekk og utfordringar

Det må gjerast endringar i vidaregåande opplæring

Vidaregåande opplæring skal førebu elevane på vidare studium og deltaking i yrkes- og samfunns livet. Skal ein lykkast med det, må strukturen og innhaldet i opplæringa vere tilpassa behova i høgare utdanning og arbeidsmarknaden. Vidaregåande opplæring må òg vere betre tilpassa behova til elevane og utfordringar og moglegheiter vi kan sjå i framtida. Framleis er det altfor mange som ikkje fullfører vidaregåande opplæring. Regjeringa vil derfor setje i gang arbeidet med ei fullføringsreform.

Sjølv om mykje er bra i den vidaregåande opplæringa, er regjeringa oppteken av at det må gjerast noko med dei utfordringane som er der. Derfor arbeider departementet no med ei stortingsmelding om vidaregåande opplæring. I arbeidet med stortingsmeldinga er det blitt peikt på fem overordna utfordringar i vidaregåande opplæring. Desse er:

1. Mange elevar begynner i vidaregåande opplæring med for svake føresetnader.
2. Elevane får ikkje det dei treng for å bli best mogleg studieførebudde.
3. Fagopplæringa dekkjer ikkje behova til elevane og arbeidslivet godt nok.
4. Psykiske vanskar er eit aukande problem for mange elevar.
5. Avgrensingar i retten til vidaregåande opplæring er eit hinder for at fleire skal fullføre.


Psykiske vanskar er omtala under målet Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø.

Mange elevar begynner i vidaregåande opplæring med for svake føresetnader

Mange elevar begynner i vidaregåande opplæring med for svake faglege føresetnader. Resultat frå grunnskulen er den einskilde faktoren som i størst grad påverkar kor sannsynleg det er at elevar kjem til å fullføre og bestå vidaregåande opp-

læring. I stor grad er det elevar med svake resultat frå grunnskulen som ikkje fullfører. Dess viktigare studie- eller yrkeskompetanse er for ei stabil tilknytning til arbeidslivet, dess meir alvorleg er situasjonen for dei som ikkje fullfører og består.

Figuren under viser samanhengen mellom karakterane elevane har frå ungdomsskulen (grunnskulepoeng), og i kva grad dei gjennomfører vidaregåande opplæring.



Figur 4.2 Prosentdel som fullfører og består vidaregåande opplæring innan fem år, etter kor mange grunnskulepoeng dei har. 2013-kullet.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

For skuleåret 2019–20 mangla 6 pst. av elevane karakter i meir enn halvparten av faga, og dei fekk derfor ikkje utrekna grunnskulepoeng. Dette er ein auke frå 5,3 pst. for skuleåret 2018–19. Årsakene til at elevar manglar karakterar er samansette.

Stoltenberg-utvalet peikar i NOU 2019: 3 *Nye sjansar – bedre læring* på at kjønnsforskjellen i grunnskulepoeng i favør til jentene blir forsterka av utdanningsnivået til foreldra. Gutar som har foreldre med låg utdanning, har nesten tolv færre grunnskulepoeng enn jenter som har foreldre med høg utdanning.

Dei nasjonale prøvane i engelsk og rekning har målt utviklinga sidan 2014 og dei nasjonale prøvane i lesing sidan 2016. Over tid er det på nasjonalt nivå inga stor endring for elevar på 5. trinn i engelsk og rekning. For lesing er det ein reduksjon i prosentdelen elevar både på lågaste nivå og på høgaste nivå. For elevar på 8. trinn er det i snitt inga endring frå tidlegare, men delen elevar på dei lågaste meistringsnivåa har gått noko ned i både lesing, engelsk og rekning. For elevar på 9. trinn, som tek dei same prøvane som elevane på 8. trinn, er det fleire som skårar på dei

to høgaste nivåa, noko som er forventa sidan desse elevane har gått eitt år meir på skulen.

Norske elevar har delteke i Programme for International Student Assessment (PISA) i 2018. Norske elevar gjer det svakare i lesing og naturfag samanlikna med førre PISA-undersøking i 2015. Resultata for matematikk er uendra. Norske elevar er framleis på eller over OECD-snittet i alle tre fagområda. Sett over fleire år er dei norske resultata i PISA stabile.

Elevar som nyleg har kome til Noreg, og som derfor ikkje har delteke i ordinær undervisning i alle fag, utgjer den største gruppa som ikkje får karakter i alle fag i grunnskulen. Butida har stor innverknad på meistringsnivået til elevane, sidan tida har mykje å seie for utvikling av gode norskerferdigheiter. Dei som har budd i Noreg i 7–8 år, nærmar seg nivået til dei norskfødde elevane med innvandrarforeldre i lesing.

Skulane bidreg i varierende grad når det gjeld læringa til elevane

Det er stort mangfald i den norske skulen, og familiebakgrunnen til elevane, som utdanninga og

inntekta til foreldra og eventuell innvandrarbakgrunn, forklarar mykje av skuleprestasjonane deira. For å seie noko om kva som er skulane sitt bidrag til læringa utarbeidar Utdanningsdirektoratet årleg såkalla skulebidragsindikatorar.

Skulebidragsindikatorane for grunnskulen for 2018 og 2019 viser at éin av fem kommunar ligg under forventa skulebidrag på mellom- og ungdomstrinnet. Det er store forskjellar mellom skular, og også mellom kommunar og til dels fylke, når det gjeld bidraget til læringa i grunnskulen. Det er ikkje nødvendigvis samanheng mellom bidraget til skulane på tvers av trinna. Ein skule kan gjere det godt på barneskuletrinna, og mindre godt på ungdomsskulen. Undersøkingane seier ikkje noko om årsakene til forskjellane.

Resultata for vidaregåande skule for 2018–19 viser at det er tydelege forskjellar mellom skulane når det gjeld kor mykje dei bidreg med, særleg når det gjeld å få elevane til å bestå. Det blir berekna tre ulike indikatorar: karakterpoeng, årsbestått og deltaking. Analysen viser at det er større forskjellar mellom fylka når det gjeld årsbestått, enn for dei andre indikatorane. Eit anna funn er at det er større forskjellar mellom fylka på yrkesfag enn på studieførebuande program. Sjå kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa for meir omtale.

Elevane får ikkje det dei treng for å bli best mogleg studieførebuade

Det formelle kravet til å vere studieførebuade er å ha fullført studieførebuande utdanningsprogram med godkjent vitnemål. Det er ikkje nødvendigvis like klart kva det vil seie å vere godt førebudd for å studere. Eit av hovudmåla med dei studieførebuande studieprogramma er å gjere elevane i stand til å gjennomføre høgare utdanning. Elevar med gode karakterar frå vidaregåande opplæring fullfører i større grad høgare utdanning dei har starta på, enn dei som ikkje har så gode karakterar.

NOU 2019: 25 *Med rett til å mestre* er klar på at den vidaregåande opplæringa må førebu elevane betre på studiar enn det som er tilfellet i dag. Mange studentar manglar kompetanse i å skrive og lese lengre akademiske tekstar. Utgreiinga etterlyser også meir generelle kompetansar som sjølvstende, kritisk sans, korleis ein skal lære å lære, og det å skilje strukturar, tankesett og metodar i ulike fag frå kvarandre.

Studiebarometeret 2018 viser at studentane jamt over gir ein moderat til låg skår på spørsmåla om vidaregåande opplæring førebudde dei godt på høgare utdanning.

Fagopplæringa dekkjer ikkje behova til elevane og arbeidslivet godt nok

Framskrivingar viser at Noreg kjem til å mangle fagarbeidarar i framtida. Derfor er det viktig å satse på fag- og yrkesopplæringa.

I NOU 2019: 25 *Med rett til å mestre* tek Liedtvalet til orde for at opplæringa i større grad må bygge opp om den yrkesfaglege sluttkompetansen, og at det er behov for å få fleire til å fullføre med yrkeskompetanse. For at fleire skal fullføre med yrkeskompetanse, blir det peika på behov for tiltak som gir støtte undervegs i opplæringa, inkludert tiltak for å skaffe fleire læreplassar.

I 2018–2019 blei det teikna rundt 23 000 nye lærekontraktar. Sidan 2012–13 har talet på nye lærlingar per år auka med rundt 20 pst. 78 pst. av søkerane fekk læreplass i 2019, noko som er den største delen nokon gong. Det er likevel for mange som ikkje får læreplass, og dette er i mange tilfelle ei årsak til at elevar ikkje fullfører opplæringa. Mange elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram sluttar i overgangen mellom skule og læreplass. I ein situasjon der mange verksemdar slit økonomisk, er det grunn til å tru at det blir endå vanskelegare å få læreplass.

På grunn av covid-19-pandemien blei mange lærlingar permitterte våren 2020. Det er stor usikkerheit knytt til konsekvensane covid-19-pandemien vil ha for lærlingar og talet på læreplassar på sikt.

Avgrensingar i retten til vidaregåande opplæring er eit hinder for at fleire skal fullføre

Regjeringa har som mål at ni av ti elevar fullfører og består vidaregåande opplæring i 2030. Av elevane som starta i 2013, fullførte 78,1 pst. med studiekompetanse (innan fem år) eller yrkeskompetanse (innan seks år). Det er stadig fleire som fullfører, men det er framleis for mange som ikkje gjer det.

Kvart år er det om lag 5 500 personar som mistar retten til vidaregåande opplæring utan at dei har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse. Desse personane er særleg sårbare i økonomiske nedgangstider.


I dag har ein rett til opplæring på full tid i tre år. Denne ordninga er til hinder for at fleire skal fullføre med studie- eller yrkeskompetanse. Liedtvalet foreslår i NOU 2019: 25 *Med rett til å mestre* at retten til vidaregåande opplæring ikkje skal knytast til tid, men at retten skal vere knytt til å fullføre med studie- eller yrkeskompetanse. Utvalet peikar på at eit slikt skifte inneber at ein må

fjerne dei mange hindringane for fullføring som er innebygde i systemet som finst i dag. Systemet må i større grad bli tilpassa føresetnadene til den einskilde eleven.

Opplæringslovutvalet la i desember 2019 fram NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov*. Arbeidet til utvalet gir også viktige innspel til korleis vidaregåande

opplæring kan sjå ut i framtida. Opplæringslovutvalet tek også til orde for ein utvida rett til vidaregåande opplæring.

Det betyr mykje for tala for fullføring kor mange år etter oppstart ein ser på. Det er mykje høgare fullføring om ein ser på tala ti år etter oppstart, særleg når det gjeld yrkesfag.



Figur 4.3 Prosentdel som fullfører og består vidaregåande opplæring 5–10 år etter oppstart. 2009-kullet.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Sluttrapporten frå evalueringa av fráværsgrensa (Fafo-rapport 2020: 09) peikar på at fráværsgrensa har vore vellykka for dei fleste elevane. Forskarane finn at elevane er om lag 20 pst. meir til stades på skulen og oppnår noko betre læringsresultat etter at fráværsgrensa blei innført hausten 2016. Alle elevgruppene reduserer fráværet, men den største reduksjonen finn ein i gruppene som hadde høgast frávær frå før. Forskarane argumenterer for tiltak som kan kompensere for gruppa med sårbarar elevar som framleis har høgt frávær. Dei kan stå i fare for å ikkje få vurdering i fleire fag enn tidlegare. Det er for tidleg å slå fast om fráværsgrensa har konsekvens for fråfallet i skulen.

Manglande digitale ferdigheiter og bruk av IKT i opplæringa

Covid-19-pandemien og fysisk stenging av skulane våren 2020 førte til at svært mange skuleeigarar tok i bruk verktøy som videokonferanse, nettpatløysingar og digitale læremiddel i undervisninga. Situasjonen avdekte samstundes at

ikkje alle kommunar var like godt rusta når det gjaldt infrastruktur, utstyr, digitale ressursar/læremiddel og kompetanse. Fleire hendingar i 2019 og 2020 har vist at det er naudsynt med auka merksemd om personvern og informasjonstryggleik i kommunane. Det manglar også kunnskap om positive og negative effektar ved auka teknologitettleik og digitalisering i både skule og barnehage om bruk av digitale verktøy og korleis dette påverkar barnehagebarn og elevar.

Regjeringa viser i *Framtid, fornying og digitalisering. Digitaliseringsstrategi for grunnopplæringa 2017–2021* til at digitale ferdigheiter og bruk av IKT i opplæringa er ein svært sentral del av læringa til elevane. Digitale ferdigheiter er like grunnleggande som lesing, skriving, rekning og munnlege ferdigheiter, og inngår i det vi omtalar som kompetansar for det 21. hundreåret. Bruk av teknologi i undervisninga opnar for nye moglegheiter og utfordringar i opplæringa. God implementering av bruk av IKT krev derfor ei målbevisst og strategisk tilnærming.

Ei av dei mest samfunnskritiske oppgåvene til Utdanningsdirektoratet er å utarbeide og gjen-

nomføre prøvar og eksamenar. Dagens IKT-løysingar for digital prøve- og eksamensgjennomføring er over ti år gamle og utdaterte, både teknologisk og funksjonelt. Mange elevar er ekskluderte frå å delta på nasjonale prøvar, kartleggingsprøvar og læringsstøttande prøvar fordi løysinga i dag ikkje er universelt utforma. Marknaden for system for prøvegjennomføring har òg utvikla seg raskt og kan tilby ei rekke nye funksjonar som dagens system ikkje har.

Strategiar og tiltak

Det må gjerast endringar i vidaregåande opplæring

Regjeringa vil våren 2021 legge fram ei stortingsmelding om vidaregåande opplæring i eit livslangt læringsperspektiv. Det har vore få endringar i vidaregåande opplæring sidan Reform 94, trass i at samfunnet har endra seg mykje. Målet er at vidaregåande opplæring skal gi alle eit godt grunnlag for å ta del i arbeids- og samfunnslivet gjennom vidare utdanning og arbeid, og eit grunnlag for å lære heile livet.

Stortingsmeldinga vil kome med tiltak som mellom anna svarer på dei fem hovudutfordringane som er identifisert i arbeidet:

- Mange elevar begynner i vidaregåande opplæring med for svake føresetnader.
- Elevane får ikkje det dei treng for å bli best mogleg studieførebuade.
- Fagopplæringa dekkjer ikkje behova til elevane og arbeidslivet godt nok.
- Psykiske vanskar er eit aukande problem for mange elevar.
- Avgrensingar i retten til vidaregåande opplæring er eit hinder for at fleire skal fullføre.

Regjeringa vil kome tilbake til fleire og meir konkrete tiltak når stortingsmeldinga blir lagd fram våren 2021.

Tiltak for å bidra til at fleire elevar går ut av grunnskulen med eit godt fagleg grunnlag for vidaregåande opplæring

I oppfølginga av Meld. St. 28 (2015–2016) *Fag – Fordypning – Forståelse. En fornyelse av Kunnskapsløftet* og Innst. 19 S (2016–2017) er læreplanane for grunnskulen og fellesfaga i vidaregåande opplæring fornya. Innføringa skjer trinnvis. Hausten 2020 kom det nye læreplanar for 1.–9. trinn i grunnskulen og 1. trinn i vidaregåande opplæring, hausten 2021 følger 10. trinn i grunnskulen og Vg2, og hausten 2022 får også Vg3 nye læreplanar. Dette er den største endringa i skulen

sidan Kunnskapsløftet i 2006. Målet er å ruste elevane best mogleg for framtida. Med nye læreplanar er det behov for å fornye læremidla, og det er allereie løyvd midlar til dette i 2019 og 2020. For 2021 foreslår departementet å løyve ytterlegare midlar, jf. omtale under kap. 226, post 21.

For meir omtale om oppfølging av tiltaka i Tett på-meldinga, sjå under måla Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø og Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt.

Regjeringa har som mål å gi barn og unge med innvandrarbakgrunn gode norskkunnskapar, grunnleggjande ferdigheiter og fagleg kompetanse gjennom likeverdige utdanningsløp frå barnehage til vidaregåande opplæring, jf. omtale av strategien *Integrering gjennom kunnskap* for perioden 2019–22 i programkategori 07.90 Integrering og mangfald.

Dei to hovudgrepa når det gjeld minoritetspråklege i barnehagen og grunnopplæringa, er

- å styrke tidleg innsats for utvikling av norskkunnskapar, grunnleggjande ferdigheiter og fagleg kompetanse
- å auke kompetansen blant tilsette i barnehage, grunnskule og vidaregåande opplæring for å vareta minoritetsspråklege barn og unge i heile utdanningsløpet

Departementet har frå hausten 2020 gjort utviklingsprosjektet *Fleksibel opplæring* om til ei permanent ordning. Ordninga gir nykomne elevar tospråkleg opplæring i matematikk og naturfag på nett, dette i kombinasjon med den ordinære opplæringa. *Fleksibel opplæring* skal bidra til raskare norskinnlæring og gi eit betre grunnlag for det vidare opplæringsløpet. I 2020 blei det sett av 3,6 mill. kroner til mellom anna ei utviding av ordninga med begynnarpplæring i faget engelsk, jf. Prop. 117 S (2019–2020).

Tiltak for å støtte grunnskulane i læringsarbeidet

Regjeringa har innført ei nedre grense for skulekvalitet i grunnskulen. Skuleeigarar som har for dårlege resultat over tid, får gjennom oppfølgingsordninga nasjonal hjelp til å løfte kvaliteten på skulen, mellom anna gjennom eit nasjonalt rettleiar-korps av skuleekspertar. Kommunane som er omfatta av ordninga, blir identifiserte gjennom eit indikatorsett for kvalitet i opplæringa, og desse kommunane vel aktuelle tiltak for kvalitetsutvikling i dialog med fylkesmannen.

Regjeringa har sett ned ei ekspertgruppe, som, basert på mellom anna skulebidragsindikator-

rane, skal kome med anbefalingar om korleis skular og skuleeigarar som bidreg mindre til elevane si læring enn det vi kan forvente, kan løfte resultatane sine.

Fleire skal fullføre vidaregåande opplæring

Regjeringa har som mål at ni av ti skal fullføre vidaregåande opplæring i 2030. Personar utan gjennomført vidaregåande opplæring stiller svakare i arbeidsmarkanden enn andre, særleg i tider med økonomisk krise. Regjeringa vil derfor setje i gang arbeidet med ei fullføringsreform.

Som ein del av regjeringa sin plan for å få Noreg ut av krisa som følger av covid-19-pandemien, blei Utdanningsløftet 2020 lansert våren 2020, jf. Prop. 127 S (2019–2020) og Innst. 360 S (2019–2020). Mellom anna inneheld satsinga 450 mill. kroner til fylkeskommunane for å gi eit tilbod til ledige og permitterte som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, og for å gi eit tilbod til personar som gjekk ut av vidaregåande opplæring våren 2020 utan å ha fullført. Regjeringa foreslår å vidareføre desse tiltaka i 2021, jf. omtale under kap. 225, post 69.

Fag- og yrkesopplæringa skal styrkast

Regjeringa satsar på fag- og yrkesopplæringa og gjennomfører eit yrkesfagløft i samarbeid med skuleeigarane og partane i arbeidslivet. For å møte dei utfordringane som covid-19-pandemien og den økonomiske krisa har skapt, har regjeringa kome med ei rekkje tiltak for å betre situasjonen for dei som skal ut i lære.

I Utdanningsløftet 2020 blei lærlingtilskotet auka med 4 250 kroner for hausten 2020. Det blei òg løyvd 175 mill. kroner til eit særskilt lærlingtilskot som fylkeskommunane til dømes kan bruke til å stimulere einskildbransjar og bedrifter til å ta inn fleire lærlingar. Regjeringa foreslår å vidareføre den ekstraordinære auken av lærlingtilskotet òg våren 2021, og kompenserer fylkeskommunane med 170 mill. kroner gjennom rammetilskotet til dette. I tillegg til denne ekstraordinære auken har det ordinære lærlingtilskotet auka reelt med over 25 000 kroner per kontrakt sidan 2013.

Elevane som ikkje får læreplass, får tilbod om Vg3 i skule. Tilbodet er som regel eittårig og blir sett på som mangelfullt av elevar, fylkeskommunane og partane i arbeidslivet. Resultatet kan ofte vere at elevane som har det største behovet for oppfølging, får det dårlegaste tilbodet. 4 500 av ungdommane som søkte om læreplass i 2019, stod utan plass ved utgangen av året. Konsekvensane

av covid-19-pandemien vil truleg gjere denne utfordringa større. Departementet vil derfor forsterke og utvide tilbodet til dei som ikkje får læreplass. Departementet foreslår 150 mill. kroner til eit tilskot til fylkeskommunane som skal legges til rette for eit utvida tilbod om Vg3 i skule for elevar som ikkje får læreplass. Departementet foreslår å kalle tilbodet Fagbrev som elev. Departementet vil utforme tilbodet i dialog med Samarbeidsrådet for fag- og yrkesopplæring og fylkeskommunane innfor ramma av målet om eit tilbod som er likeverdige med ein læreplass.

Regjeringa har i Granavolden-plattformen varsla at ho vil gjere det enklare å ta fleire fagbrev. Bakgrunnen er at krava til kompetanse i arbeidslivet aukar og at fleire derfor har behov for ein ny yrkeskompetanse. I dag har ein berre rett til meir vidaregåande opplæring om ein ikkje allereie har gjennomført dei åra ein har rett til. Framskrivningar frå SSB viser at Noreg vil ha for få fagutdanna i framtida, og behovet for at fleire får ny yrkeskompetanse blir forsterka av konsekvensane av covid-19-pandemien. Etter- og vidareutdanningsutvalet (NOU 2019: 12) og Lied-utvalet (NOU 2019: 25) har foreslått å utvide moglegheita til å ta fleire fagbrev. Departementet foreslår 45,5 mill. kroner til eit tilskot til fylkeskommunane for at fleire som allereie har studie- eller yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring skal få tilbod om å ta eit fagbrev (yrkesfagleg rekvalifisering). Tiltaket er ein del av kompetansereforma Lære heile livet.

Kunnskapsdepartementet har gitt Kompetanse Noreg og Utdanningsdirektoratet i oppdrag å greie ut korleis eit nasjonalt lærlingstorg, som er ein nasjonal digital portal, kan forenkla prosessen med å formidle læreplassar, og kva behov det er i formidlingsprosessen. Dei skal mellom anna greie ut modellar for, og kostnadene ved, utvikling og drift av ei slik løysning. På bakgrunn av desse råda vil Kunnskapsdepartementet arbeide vidare for å få på plass eit nasjonalt lærlingstorg.

I 2018 er det etablert ei ordning med Fagbrev på jobb, jf. Innst. 290 L (2017–2018) og Prop. 52 L (2017–2018). Ordninga skal gjere det enklare å kombinere arbeid og opplæring. I samband med Utdanningsløftet 2020 blei det våren 2020 løyvd 46 mill. kroner for å stimulere fylkeskommunane til å tilby ordninga. Regjeringa foreslår å vidareføre tilskotet i 2021.

Regjeringa har sett i verk forsøk med modulstrukturert opplæring på grunnskulenivået og forsøk med modulstrukturerte læreplanar i lærefag i vidaregåande opplæring for vaksne. Forsøket blei utvida med 7,5 mill. kroner i 2020 innanfor utvalde lærefag, som ein del av Utdanningsløftet 2020, og

departementet foreslår å vidareføre utvidinga med heilårseffekt i 2021, sjå programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring.

Hausten 2020 blei ein ny tilbodsstruktur for fag- og yrkesopplæringa innført. Det er den største endringa i yrkesfagutdanningane sidan Kunnskapsløftet i 2006. Fleire elevar skal få spesialisere seg frå dei startar i vidaregåande opplæring. Strukturen i dei yrkesfaglege tilboda i vidaregåande opplæring er endra, slik at dei blir meir relevante for elevar, lærlingar og arbeidslivet. Læreplanane er eller er i ferd med å bli endra, i tråd med fagfornyninga. Dei skal bli meir relevante og gi betre moglegheit for fordjuping.

I 2020 blei det etablert ei tilskotsordning for fylkeskommunar som etablerer og gjennomfører tilrettelagd fag- og yrkesopplæring for vaksne innvandrarar. Ordninga blir foreslått vidareført i 2021 med 15 mill. kroner.

Digitaliseringsstrategien skal bidra til betre utnytting av IKT i opplæringa

Strategien *Framtid, fornying og digitalisering. Digitaliseringsstrategi for grunnopplæringa 2017–2021* er tett kopla til fagfornyninga. Tiltak for både auka profesjonsfagleg digital kompetanse for lærarar og utvikling og innkjøp av digitale læremiddel skal støtte opp under innføringa av nye læreplanar i grunnopplæringa. Strategien legg også vekt på at staten kan støtte skuleeigarane ved å utvikle digitale fellesløysingar. Regjeringa foreslår å sette av til saman 95 mill. kroner til Den teknologiske skulesekken i 2021.

Covid-19-pandemien våren 2020 synleggjorde både moglegheiter og utfordringar for grunnopplæringa når det gjeld bruk av digitale løysingar. Det blei løyvd 80 mill. kroner til å betre den digitale undervisninga, 60 mill. kroner til innkjøp av digitale læremiddel og 5 mill. kroner til å auke

kunnskapen om bruken av digitale verktøy i skulen. Dette vil bidra til å løfte dei kommunane som har hatt store utfordringar med digital undervisning, og gjere fleire digitale læremiddel tilgjengelege for elevar og lærarar. Departementet foreslår å vidareføre 80 mill. kroner til dette i 2021. Midlane skal nyttast både til å handtere behov ved nye periodar med stenging eller redusert skuletilbod og til å vidareføre arbeidet med å utjamne forskjellar mellom kommunar når det gjeld digital undervisning. Dette vil vere ulike former for støtte til kommunar og friskular, og kan inkludere midlar til digital infrastruktur, fellesløysingar og kompetansetiltak. I einsskilte kommunar og fylkeskommunar er også forskjellar i levekår ei utfordring for god heimeundervisning. Midlane vil i 2021 òg støtte opp om mål i digitaliseringsstrategien og innføringa av fagfornyning.

Hausten 2020 lanserer regjeringa ein ny handlingsplan knytt til digitaliseringsstrategien for grunnopplæringa. Handlingsplanen styrker delar av strategien, særleg når det gjeld digital infrastruktur og trygg og god bruk av IKT i skulen. Med nokre få konkrete tiltak er målet å setje i gang prosessar som eit oppspel til ny digitaliseringsstrategi når den gjeldande går ut i 2021. Sjå også omtale av digitalisering i del III, kap. 10 For nye, forbetre, forenkle.

Utdanningsdirektoratet er i gang med innkjøp av eit nytt digitalt system for gjennomføring av prøvar og eksamenar. Systemet skal gi elevane og eksamenskandidatane ei intuitiv og brukarvennleg teneste der dei kan få vist kompetansen sin på fleire måtar enn i dag. Løysinga skal bidra til at alle prøvar og eksamenar kan utviklast og gjennomførast i ei ny, felles digital løysing. Dette vil mellom anna gjelde kartleggingsprøvar på 1.–3. trinn. Systemet vil ha brukaren i sentrum og skal støtte krava om universell utforming. Sjå meir omtale under kap. 226, post 45.

Kap. 220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	386 552	364 427	356 265
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	215 450	203 059	208 508
70	Tilskot til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	75 913	70 549	72 807
	Sum kap. 0220	677 915	638 035	637 580

Utdanningsdirektoratet har oppgaver innanfor myndighetsutøving, vurdering, analyse, utvikling, støtte og rettleiing i barnehagesektoren og grunnopplæringssektoren. Arbeidet med digitalisering og bruk av IKT i det pedagogiske arbeidet skal vere integrert i anna arbeid direktoratet gjer, og i dei statlege tiltaka som blir gjennomførte på utdanningsområdet.

Løyvingane under kap. 220 finansierer ordnære driftsoppgåver i direktoratet. I tillegg kjem oppgåver som direktoratet har ansvaret for, men som blir finansierte over andre kapittel. Det er til dømes mellombelse oppgåver som gjeld kvalitetsutvikling og -vurdering i grunnopplæringa og i barnehagen, jf. kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa og kap. 231 Barnehagar. Omtale av verksemda til direktoratet er derfor dels plassert under andre budsjettkapittel. Direktoratet er delegert mynde i forvaltningssaker som gjeld

- etatsstyring av statlege skular som gir grunnopplæring, jf. kap. 222
- etatsstyring av fylkesmannen på barnehageområdet og grunnopplæringsområdet
- tilsynsarbeid som følger av barnehagelova, opplæringslova, friskulelova, vaksenopplæringslova kap. 4 Diverse skular, og folkehøgskulelova
- tolking av og rettleiing om barnehagelova, opplæringslova, friskulelova, vaksenopplæringslova kap. 4 Diverse skular, og folkehøgskulelova med forskrifter på nasjonalt nivå
- tilskot til styrking av norskspråkleg utvikling for minoritetsspråklege barn i barnehage, eksamensavvikling, friskular, folkehøgskular, freds- og menneskerettssenter og andre formål, jf. kap. 224, 225, 226, 227, 228, 231 og 253

Post 01 Driftsutgifter

Mål for 2021

Dei måla som er omtala i innleiinga til programkategoriane 07.20 Grunnopplæringa og 07.30 Barnehagar, er førande for arbeidet til direktoratet.

Måla for verksemda til direktoratet i 2021 er:

- Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter varetek utvikling, læring og trivsel hos barn og unge i barnehagar, skular og lærebedrifter.
- Barnehageeigarar og skuleeigarar har tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa behova til barn og unge.
- Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter forstår, formidlar og etterlever regelverket.

- Barnehageeigarar og skuleeigarar arbeider kunnskapsbasert i utviklinga av barnehagane og skulane sine og overfor lærebedrifter.
- Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir, i læringsarbeid og administrative prosessar.

Resultat i 2019

Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter varetek utvikling, læring og trivsel hos barn og unge i barnehagar, skular og lærebedrifter

Barnehageeigarar og alle som arbeider i barnehagen, skal saman bidra til å oppfylle måla og krava i rammeplanen med utgangspunkt i erfaringane sine og kompetansen sin. Direktoratets rolle handlar om å støtte innføringa av rammeplanen, mellom anna gjennom å utvikle og gjere rettleiings- og støttemateriell tilgjengeleg. Støttemateriellet på nett hadde mange besøk i 2019, særleg ulike rettleiingar er godt besøkte. Alle fylkesmennene har sett i verk tiltak for å bidra til at rammeplanen blir teken i bruk.

Resultata frå den internasjonale undersøkinga TALIS Starting Strong Survey 2018 viser at både foreldre og tilsette er fornøgde med samarbeidet mellom barnehagen og heimen.

Direktoratet legg i dag til rette for eit omfattande kompetansetilbod retta mot barnehagesektoren knytt til inkludering og barnehagemiljø.

Fagfornyninga har vore eit prioritert område i 2019. Saman med partane i strategien og sektoren elles har direktoratet jobba med å utvikle både sjølve læreplanverket og støtte til innføringa. Læreplanane for grunnskulen og fag som er gjennomgåande til vidaregåande opplæring, blei fastsette av departementet i november 2019 og blir tekne i bruk hausten 2020.

Direktoratet har òg jobba med fagfornyninga for studieførebuande utdanningsprogram. Organiseringa og gjennomføringa av denne prosessen følger dei same prinsippa og retningslinjene som for fagfornyninga for grunnskulen og gjennomgåande fag, med opne og involverande prosessar.

Fagfornyninga for yrkesfag blei sett i gang i 2018. Dei overordna måla for dette arbeidet er å bidra til auka rekruttering til yrkesfaga, auka gjennomføring og auka verdsetjing av kompetansen i arbeidslivet. I 2019 er det utvikla ti læreplanar for Vg1, og fire av dei er for heilt nye utdanningsprogram. Parallelt har direktoratet arbeidd med å utvikle om lag 270 læreplanar for Vg2 og Vg3. Læreplanane på Vg1 blei lanserte i februar 2020,

og planane på Vg2 og Vg3 blir lanserte i februar 2021.

Dei aller fleste elevane trivst på skulen og har eit godt læringsmiljø. Nærare 90 pst. av elevane frå 5. trinn i grunnskulen til Vg3 trivst godt eller svært godt på skulen.

I Elevundersøkinga er det ein liten nedgang i prosentdelen elevar som oppgir at dei blir mobba på skulen, i 2019 samanlikna med i 2018. Det er positivt å sjå at det er færre elevar som svarer at dei blir mobba, men det er framleis for mange elevar som blir mobba. PISA 2018 viser at prosentdelen som gir positivt uttrykk for at dei føler at dei høyrer til, at dei lett får venner, og at dei andre elevane liker dei, er på samme nivå som i PISA 2015, men lågare enn i 2003.

I slutten av januar 2019 lanserte direktoratet nettressursen Tiltak i skulemiljøsaker på udir.no. Ressursen inneheld både pedagogisk fagstoff og rettleiar om regelverksetterleving. Formålet med ressursen er å presentere kvalitetssikra informasjon om eigna tiltak for eit trygt og godt psykososialt miljø og å førebygge eller handtere mistrivsel, krenking eller uønskte hendingar.

Barnehageeigarar og skuleeigarar har tilsette med kompetanse som fremjar utvikling, læring og trivsel tilpassa behova til barn og unge

For å sikre eit godt barnehagetilbod og ei god opplæring er kompetansen til dei tilsette heilt avgjerande. Det er i dei seinare åra innført og justert krav til personaltettleiken og kompetansekrava innanfor både barnehage- og skulefeltet for å styrke kvaliteten i sektorane.

Strategien *Kompetanse for fremtidens barnehage* skal støtte opp om arbeidet med rekruttering og kompetanseutvikling. Strategien Kompetanse for kvalitet skal bidra til god fagleg og pedagogisk kvalitet i grunnopplæringa for å styrke læringa til elevane, slik at dei er godt rusta for livslang læring, for framtidig arbeidsliv og for å delta aktivt i samfunnet. Rolla til direktoratet i arbeidet med å nå måla i strategiane er å utarbeide føringar for innhaldet og organiseringa av dei studia som blir oppretta for strategien. Satsinga på vidareutdanning er vidareført i 2019, og det finst i dag ei rekke vidareutdanningstilbod retta mot ulike målgrupper.

Totalt er det 42 pst. som er barnehagelærarar eller har tilsvarande utdanning, blant tilsette i grunnbemanninga. 21 pst. er barne- og ungdomsarbeidarar. Prosentdelen tilsette som er barnehagelærarar eller tilsvarande, auka frå 38 pst. til 42 pst. frå 2016 til 2019.

Kompetansehevingstiltaka er særleg knytte til vidareutdanning og tilrettelegging av ordninga for barnehagebaserte kompetanseutviklingstiltak gjennom regional ordning. Vidareutdanningstilboda har god dekning. I 2019 var det totalt 1 440 deltakarar i tilbodet knytt til barnehagesektoren, fordelt på vidareutdanning for barnehagelærarar (900 deltakarar), tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk (172 deltakarar) og leiarutdanning for styrarar (368 deltakarar).

Strategiane Lærarløftet og Kompetanse for kvalitet legg rammene for den nasjonale satsinga for å styrke kompetansen i skulen. Tiltaka er særleg knytte til vidareutdanning for lærarar, utvikling av nye karrierevegar for lærarar (lærarspesialistar) og styrkt skulebasert kompetanseutvikling gjennom desentralisert ordning.

I perioden 2015–19 har over 30 000 lærarar fått tilbod om vidareutdanning. I den same tidsperioden har det vore ei positiv utvikling i retning av at ein stadig større del lærarar oppfyller kompetansekrava for tilsetjing i matematikk, engelsk, norsk og norsk teiknspråk. Samisk er unntaket, med ein aukande del som ikkje oppfyller kompetansekravet.

Vidareutdanningstilboda i skulesektoren har god dekning. Totalt fekk over 7 500 lærarar eller leiarar tilbod om deltaking i 2019 fordelt på vidareutdanning for lærarar (6 842 deltakarar), lærarspesialistordninga (262 deltakarar) og rektorutdanninga (450 deltakarar).

For å støtte arbeidet med kvalitet i tilboda er direktoratet i dialog med universitet og høgskular. Direktoratet gir føringar for innhaldet i tilboda gjennom utlysinga til institusjonen. Dei følger òg korleis vidareutdanningstilboda utviklar seg, ved å gjennomføre deltakarundersøkingar og følge opp desse i dialog med institusjonen som grunnlag for betring og utvikling.

Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter forstår, formidlar og etterlever regelverket

Direktoratet har fleire verkemiddel som samla og kvar for seg kan bidra til å støtte målet. Dei bruker aktivt udir.no som formidlingskanal, men også gjennom vedtak i klagesaker eller tilsyn er dei opptekne av å omtale regelverket på ein måte som medverkar til at mottakarane forstår kva regelverket betyr for dei og i den konkrete samanhengen.

Fylkesmannen har rettleiingsansvaret overfor kommunane. I tildelingsbrevet for 2019 gav direktoratet eit særskilt krav til fylkesmannen om målretta og tilpassa regelverksrettleiing med auka

merksemd på tilpassa rettleiing ut frå behova til kommunane.

For å bidra til at fylkesmennene praktiserer regelverket for skulemiljø og handhevingsordninga likt, har direktoratet vore oppteke av å gi dei felles arbeidsverktøy gjennom oppdatert saksbehandlingsrettleiing og tolkingsutsegner. I tillegg har temaet blitt teke opp jamleg på felles fagmøte og fagsamlingar med fylkesmannsembeta. Tilbakemeldingar frå embeta tyder på at desse tiltaka har bidrege til meir einsarta og lik praksis av regelverket for skulemiljø og i forvaltninga av handhevingsordninga. I 2019 har merksemda vore retta mot meir førebyggjande og systematisk arbeid opp mot skuleeigarar og skuleleiarar for å bidra til eit trygt og godt skulemiljø.

For tilsyna med dei frittståande skulane har eitt av måla for 2019 vore å ha fleire og meir treffsikre tilsyn, mellom anna ved å føre fleire mindre tilsyn baserte på konkrete risikovurderingar. Bakgrunnen for dette målet er at direktoratet stadig ser ein stor risiko for brot på regelverket. Derfor er det sentralt å bruke tilsynsressursane der dei kjem best til nytte.

Barnehageeigarar og skuleeigarar arbeider kunnskapsbasert i utviklinga av barnehagane og skulane sine og overfor lærebedrifter

Direktoratet arbeider systematisk med å vidareutvikle og formidle kunnskap i form av forskning, statistikk og analysar. Det er stor interesse for fleire av direktoratets statistikk- og brukarundersøkingar. Statistikk for elevresultat og læringsmiljø inngår i verktøy som ståstadsanalysen og tilstandsrapportar. Desse verktøya blir nytta av skuleeigarar, skular, barnehagar og andre til å vurdere sin eigen sektor og si eiga verksemd. Udir.no er den viktigaste informasjonskanalen for direktoratet. Samla sett hadde udir.no 11,5 mill. besøk og over 50 mill. sidevisingar i 2019. Udir.no er under stadig utvikling.

For å gjere kunnskapen betre tilgjengeleg har direktoratet sett i gang eit prosjekt for å modernisere og fornye Skuleporten. Det nye grensesnittet skal vere meir dynamisk og brukarvennleg. Brukargruppa vil vere heile grunnopplæringa, inkludert barnehage og skule. Udir.no/statistikk hadde i overkant av 140 000 brukarar i 2019, ein auke frå 2018 på om lag 40 pst.

Kvalitetsvurderingssystemet i opplæringa skal gi eit kunnskapsgrunnlag, både nasjonalt og lokalt, om mellom anna læringsutbyttet for elevane, og bidra til kvalitetsutvikling og dialog om verksemda i skulen.

Statistikkportalen og Skuleporten er viktige verktøy der direktoratet legg til rette for at skuleeigarar og skuleleiarar skal få enkel tilgang til relevante og pålitelege tal for eiga eining. Til dømes har 600 skular brukt ståstadsanalysen i Skuleporten 2019.

Skulebidragsindikatorar skal gi skuleleiarar og -eigarar ein indikasjon på kva skulen bidreg med til resultata elevane får. I 2019 har Udir publisert skulebidragsindikatorar for grunnskular for første gong. Desse tala har vore etterspurde, og dei er dei klart mest besøkte tala i Skuleporten. Det er òg publisert tal for vidaregåande skular. Desse blei publiserte første gong i 2018.

Brukarundersøkingane gir nyttig informasjon til politikktutvikling, men dei er òg verktøy som gir eit godt grunnlag for at barnehage- og skuleeigarar skal kunne bruke informasjonen om eiga verksemd i utviklingsarbeidet sitt. Undersøkingane rettar seg mot høvesvis elevar, lærlingar, vaksenopplæring, foreldre i barnehage, foreldre i skule, lærarar og lærebedrifter.

Direktoratet har høg aktivitet knytt til kunnskapsgrunnlaget. Det er også i 2019 utvikla og publisert ei rekke statistikk, analysar og forskings- og evalueringsrapportar. For å gjere kunnskapsgrunnlaget med statistikk, forskning, rapportar og analysar enkelt tilgjengeleg er det oppretta ein eigen inngang på udir.no for dette. Sidene har i 2019 hatt 523 000 besøk og 2,1 mill. sidevisingar, ein kraftig vekst frå 2018.

Direktoratet har i 2019 sett i gang større evalueringar av lærarnorma, fagfornyninga og ny kompetansemodell. I tillegg har direktoratet andre store forskingsprosjekt i gang på skule- og barnehagefeltet. Desse større prosjekta vil bidra til eit meir heilskapleg kunnskapsgrunnlag.

Barnehageeigarar, skuleeigarar og barnehagemyndigheiter utnyttar dei moglegheitene digitaliseringa gir, i læringsarbeid og administrative prosessar

I 2019 har direktoratet jobba med støtte til opplæring i digital kompetanse og pedagogisk bruk av IKT. Til dømes er det utarbeidd kompetansepakkar innan teknologi, programmering og algoritmisk tenking i samband med innføringa av nye læreplanar. Dette er eit viktig bidrag for å støtte sektoren i å nå målsetjingane med fagfornyninga.

Digitaliseringsstrategien for grunnopplæringa har tiltak knytte til både elevens læring, kompetanse hos lærarane og infrastruktur. Gjennom nye læreplanar etter fagfornyninga, den teknologiske skulesekken og tiltak i strategiane Kompetanse for kvalitet og Yrkesfaglærarløftet bidreg direkto-

ratet til å støtte digitaliseringsstrategien. Av dei 29 tiltaka som skal gjennomførast i strategiperioden, er 13 tiltak allereie gjennomførte og dei resterande tiltak er i prosess, primært gjennom fagfornyninga, den teknologiske skulesekken, kompetanse for kvalitet og yrkesfaglærarløftet.

Direktoratet arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle Feide. For å sikre at det er tilgang til den nyaste tilgjengelege funksjonaliteten, og at det er denne som blir brukt, er det i 2019 lagt spesielt vekt på oppgradering til skjemaversjon 2.0.

Kompetanseportalen er eit sentralt tiltak for å spreie god praksis som òg når breitt ut. Ved inngangen til februar 2020 var det registrert om lag 50 000 brukarar frå i overkant av 3 000 skular. Denne nettbaserte tenesta er laga for tilsette i skular og barnehagar. Innhaldet i kompetansepakane blir utarbeidd av UH-institusjonar i samarbeid med direktoratet.

I 2019 blei det etablert ei ny tilskotsordning der kommunane kan søke om tilskot til kjøp av digitale læremiddel. Både læremiddelbransjen, KS og Utdanningsforbundet har vore involverte i prosessen. Direktoratet vurderer at tilskotsordninga har hatt ein positiv effekt på marknaden for slike læremiddel.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 356,3 mill. kroner på posten. I løyvingsforslaget er det teke omsyn til følgande forslag til flyttingar av midlar frå posten:

- 7,3 mill. kroner til kap. 256, post 01 i samband med flytting av oppgåver frå direktoratet til Kompetanse Noreg på områda læring for vaksne og kompetansomobilisering.
- 1,1 mill. kroner til kap. 200, post 01 for flytting av eitt årsverk i samband med at Kunnskapsdepartementet har teke over styringa av Statped frå Utdanningsdirektoratet.

Regjeringa har sett i gang eit arbeid med meir effektive kontorleigeavtalar for statlege verksemdar, og departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 0,3 mill. kroner.

Departementet foreslår at løyvinga på posten kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3220, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan nyttast under post 70

Løyvinga går til kostnader direktoratet har til utviklingsprosjekt og oppdragsverksemd. Forvalt-

ning av IKT-verktøy retta mot sektorane er finansiert over denne posten. Løyvinga finansierer også utarbeiding av eksamensoppgåvene og materiell for rettleiing til sentralt gitt eksamen i grunnskulen, i vidaregåande opplæring og i den sentralt gitte delen av fag- og sveineprøvar innanfor yrkesfaga. Løyvingane på post 21 og 70 må sjåast i samanheng.

Mål for 2021

Målet med løyvinga er å gi rom for utviklingsprosjekt og oppdragsverksemd innanfor ansvarsområdet til Utdanningsdirektoratet.

Resultat i 2019

Arbeidet med å utarbeide eksamensoppgåvene og materiell for rettleiing til sentralt gitt eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring blei gjennomført som planlagt.

Arbeidet med å utarbeide og gjennomføre nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar blei gjennomført som planlagt.

Statistikksystemet i direktoratet er hovudkanalen for publisering av statistikk og indikatorar i og for sektoren. I 2019 har direktoratet utvida funksjonaliteten og lagt inn nye statistikk for å gi barnehage- og skuleeigarar og -leiarar endå breiare tilgang til statistikk og indikatorar.

Felleskomponenten Feide er etablert som ei nasjonal fellesløyving for sikker autentisering og pålogging i grunnopplæringa, og ved utgangen av 2019 var Feides teneste for pålogging tilgjengeleg for 99,9 pst. av elevane i offentlege skular, med 180 mill. påloggingar.

I 2019 blei det etablert ei tilskotsordning for oppgradering av Feide for kommunar og fylkeskommunar. Verknader av tilskotsordninga vil vise seg utover i 2020, men interessa for ordninga er stor.

Bruk av nye Feide vil vere ein nøkkelfaktor for å vareta informasjonstryggleik og personvern i grunnopplæringa ved auka deling av data mellom digitale læremiddel og andre tenester i sektoren. Vidare har Feide bidrege til å forenkle og forbetre administrasjonen av pålogging og digitale tenester og gjort det mogleg å tilby nye typar tenester for utdanningssektoren.

For å betre funksjonalitet i Feide og utnytte dei moglegheitene som ligg i deling av data, har direktoratet starta arbeidet med ny kundeportal. Dette arbeidet blir ferdig i desember 2020.

I arbeidet med å utvikle og spreie standardar for læringsteknologi har direktoratet i 2019 identi-

fisert utfordringar og funne løysingar på samordningsbehov i sektoren. Direktoratet har formannskapet for Standard Norges komité for læringsteknologi. I 2019 har direktoratet arbeidd med å utvikle standardar for å betre tilgangen på digitale læringsressursar, inkludert å legge til rette for å finne relevante ressursar som er tilpassa behovet til den einskilde eleven.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 208,5 mill. kroner på posten.

Post 70 Tilskot til læremiddel o.a., kan overførast, kan nyttast under post 21

Løyvinga på post 70 gjeld utvikling av læremiddel. Løyvingane på post 21 og 70 må sjåast i samanheng.

Mål for 2021

Løyvinga på post 70 skal medverke til at det blir utvikla og produsert læremiddel der det ikkje er

grunnlag for kommersiell produksjon, slik at elevane har tilgang på dei læremidla dei treng. Dette gjeld læremiddel for smale fagområde, nynorske parallellutgåver, særskilt tilrettelagde læremiddel, universelt utforma læremiddel og læremiddel for språklege minoritetar.

Resultat i 2019

Det blei i 2019 gitt midlar til totalt 42 nye prosjekt med denne fordelinga:

- smale fagområde (8 prosjekt)
- særskilt tilrettelagde læremiddel (16 prosjekt)
- universell utforming (4 prosjekt)
- nynorske parallellutgåver (4 prosjekt)
- læremiddel for språklege minoritetar (10 prosjekt)

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 72,8 mill. kroner på posten.

Det blir foreslått ei tilsegnfullmakt knytt til posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Kap. 3220 Utdanningsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Inntekter frå oppdrag	17 348	13 612	13 977
02	Salsinntekter o.a.	6 473	1 295	
	Sum kap. 3220	23 821	14 907	13 977

Inntektene gjeld oppdragsverksemd, salsinntekter og refusjonar.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 3220, post 02 med 1,3 mill. kroner knytt til avvikling av Bestillingstorget. Bestillingstorget er

ei handelsløysing for sal av trykksaker og papirbasert informasjon til sektoren og er vedteke avvikla mellom anna som følge av at etterspurnaden etter papirbasert informasjon i all hovudsak har falle bort.

Kap. 221 Foreldreutvala for grunnsopplæringa og barnehagane

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	15 849	15 913	16 014
	Sum kap. 0221	15 849	15 913	16 014

Post 01 Driftsutgifter

Foreldreutvalet for barnehagar (FUB) og Foreldreutvalet for grunnopplæringa (FUG) er sjølvstendige rådgivande organ for Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet. Løyvinga gjeld drift av utvala og det felles sekretariatet deira. Dagens utval er oppnemnde for perioden 2020–23.

Mål for 2021

FUB og FUG skal fremje eit godt samarbeid mellom barnehage/skule og heim og vareta interessene til foreldra i barnehage- og skulesamanheng.

Mål for verksemda til foreldreutvala i 2021 er:

- Foreldreutvala og sekretariatet gir råd og innspel til Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet i saker som gjeld samarbeid mellom barnehage/skule og heim.
- Foreldreutvala og sekretariatet gir informasjon og rettleiing om samarbeid mellom barnehage/skule og heim.
- Foreldreutvala og sekretariatet samarbeider med relevante aktørar i saker som gjeld samarbeid mellom barnehage/skule og heim.

Resultat i 2019

Sekretariatet flytta hausten 2018 til Bø i Telemark, og det har kravd mykje av dei tilsette i 2019. Sam-

stundes hadde utvala det siste året sitt i utvalsperioden. FUB og FUG løyste oppgåvene sine på godt vis. Dei har bidrege til godt samarbeid mellom heim og barnehage/skule og gjort synleg foreldreperspektivet og verdien av godt foreldresamarbeid i kontakten sin med relevante organisasjonar og institusjonar. Dei har delteke i arbeids- og referansegrupper på nasjonalt nivå og halde foredrag i ulike fora. Dei har gitt råd til Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet gjennom møtepunkt og høyringssvar. Dei har informert og rettleidd foreldre og tilsette i barnehagar og skular ved å utarbeide og distribuere materiell, ved å publisere på nettsidene eller gjennom direkte møte. Det blei mellom anna brukt 0,5 mill. kroner til utvikling av digitalt materiell til fleirkulturelle miljø. Materialet blei utvikla i samarbeid med Nasjonalt senter for fleirkulturell opplæring og blei ferdig våren 2020.

I 2019 blei det brukt 0,8 mill. kroner over kap. 226, post 21 til dekning av ekstraordinære kostnader som følge av flyttinga av sekretariatet til Bø i Telemark.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 16 mill. kroner på posten.

Kap. 222 Statlege skular og fjernundervisningstenester

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	120 711	136 065	143 126
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	1 352	1 964	2 019
	Sum kap. 0222	122 063	138 029	145 145

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvingane på kapittelet gjeld

- drift av Sørsamisk kunnskapspark i Hattfjelldal
- drift av Samisk vidaregåande skule i Karasjok og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino

- drift av Diamanten (tidlegare Skådalen) skole for elever med døvblindhet
- lønn etter rettsvilkårsavtalen for personale ved nedlagde statlege skular og ventelønn for personale frå avvikla statsinternat i Finnmark

Opplæringa ved Sørsamisk kunnskapspark og dei vidaregåande skulane følger Kunnskapsløftet – Samisk.

Mål for 2021

Målet med løyvinga til Diamanten skole for elever med døvblindhet er å medverke til at døvblinde barn og unge i Oslo-regionen får opplæring.

Målet med løyvinga til drift av Sørsamisk kunnskapspark i Hattfjelldal, Samisk vidaregåande skule i Karasjok og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino er å medverke til å utvikle samisk identitet, språk og kultur.

Resultat i 2019

Sørsamisk kunnskapspark

Sørsamisk kunnskapspark tilbyr fjernundervisning for elevar som har rett til språkopplæring i samisk, men som ikkje har tilbod om språkopplæring i sin eigen kommune. I 2019 har det vore ein sterk auke i talet på elevar, aktivitetar og tilsette. Per 1. oktober 2019 var det 60 elevar som fekk samisk som fjernundervisning. Det er ein auke på tolv frå førre skuleår. Frå desember 2019 tilbyr kunnskapsparken også opplæring i lulesamisk. Ved utgangen av 2019 fekk 39 elevar fjernundervisning i sørsamisk, 17 fekk fjernundervisning i nordsamisk, og tre fekk fjernundervisning i lulesamisk. I tillegg til fjernundervisning blei det arrangert seks språksamlingar for kvart hovudtrinn i løpet av året.

Samiske vidaregåande skular

Begge skulane er opne for elevar frå heile landet og har både heiltids- og deltidslevar. Dei samiske vidaregåande skulane har eit særleg ansvar for å gi undervisning på og i samisk. Skulane har ei ordning med vertsfamiliar for dei yngste tilreisande elevane. I tillegg til den ordinære undervisninga gir skulane fjernundervisning i samisk.

I skuleåret 2019–20 hadde Samisk vidaregåande skule i Karasjok 96 elevar. Skulen hadde òg 56 elevar som fekk fjernundervisning. I skuleåret 2018–19 hadde skulen 110 elevar.

Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino hadde 86 elevar i skuleåret 2019–20, det same som året før. Skulen hadde òg 33 elevar som fekk fjernundervisning.

Skådalen skole for døvblindfødte

Statped driv Skådalen skole for døvblindfødte. Skulen flyttar til nye lokale i skuleåret 2020–21 og endrar namn til Diamanten skole for elever med døvblindhet. I 2019 fekk skulen midlar over kap. 230, post 01, 21 og 45. Sjå der for resultatrapportering for 2019.

Ventelønn

I samband med tidlegare nedlegging av statlege skular og statsinternat i Finnmark er det i 2019 utbetalt 0,7 mill. kroner i ventelønn til tidlegare tilsette ved desse skulane og statsinternata.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 143,1 mill. kroner på post 01 og 2 mill. kroner på post 45. Løyvinga på post 01 inkluderer ein auke på 6,5 mill. kroner som følge av auka inntektsløyving til dei statlege vidaregåande skulane, jf. omtale under kap. 3222, post 02. Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3222, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

I samband med revidert nasjonalbudsjett 2020 vedtok Stortinget å løyve midlar til forprosjektering av eit samlokalisert nybygg for Det Samiske Nasjonalteateret Beaivváš (SNTB) og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule. På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet har Statsbygg sett i gang forprosjektfasen i 2020. Utgiftene til forprosjekteringa blir løyvede over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet kap. 2445, post 30.

Kap. 3222 Statlege skular og fjernundervisningstenester

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
02	Salsinntekter o.a.	18 921	8 884	15 623
	Sum kap. 3222	18 921	8 884	15 623

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna kurs og vaksenopplæring, sal frå kantine, hybelutleige og betaling frå heimeskulane for fjernundervisning. For å gi betre samsvar mellom budsjetterte og

faktiske inntekter ved dei statlege vidaregåande skulane foreslår departementet å auke løyvinga med 6,5 mill. kroner, jf. også omtale under kap. 222, post 01.

Kap. 224 Tilskot til freds- og menneskerettssenter

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
70	Freds- og menneskerettssenter			100 838
71	Det europeiske Wergelandsenteret			11 084
	Sum kap. 0224			111 922

Kunnskapsdepartementet gir tilskot til sju freds- og menneskerettssenter. Sentera er uavhengige stiftingar.

Tilskotet for seks av freds- og menneskerettssentera blei i statsbudsjettet for 2020 samla på kap. 255, post 77. Departementet foreslår å flytte forvaltninga av tilskotet til dei seks sentera frå Kompetanse Noreg til Utdanningsdirektoratet i 2021. Flyttinga verkar ikkje inn på nivået på tilskotet. Flyttinga inneber at løyvinga over kap. 255, post 77 i 2021 blir flytta til kap. 224, post 70. Mål for 2021 og budsjettforslag for 2021 for dei seks sentera er samla under kap. 224, post 70. Resultata for 2019 for dei seks sentera er omtala under dei postane midlane blei løyvde over for 2019.

Det europeiske Wergelandsenteret er forankra i ein samarbeidsavtale mellom Noreg og Europarådet og får tilskot direkte frå Kunnskapsdepartementet. Løyvinga til senteret over kap. 255, post 75 blir i 2021 flytta til kap. 224, post 71. Mål for 2021 og budsjettforslag for 2021 for senteret er gitt under kap. 224, post 71. Resultata for 2019 for senteret er omtala under posten midlane blei løyvde over for 2019.

Post 70 Freds- og menneskerettssenter

Posten inneheld tilskot til desse freds- og menneskerettssentera:

- Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (Oslo)
- Falstadsenteret (Ekne i Trøndelag)
- Stiftelsen Arkivet (Kristiansand)
- Nansen Fredssenter (Lillehammer)
- Narviksenteret (Narvik)
- Raftostiftelsen (Bergen)

Mål for 2021

Freds- og menneskerettssentera skal arbeide med dokumentasjon av, forskning på og formidling av demokrati, fred og menneskerettar, fangehistorie og folkemord.

Dei einskilde sentera kan ha særskilde oppgåver som er nærare definerte i tilskotsbrev til sentera.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 100,8 mill. kroner på posten. Sjå tabell 4.2 for forslag til fordeling av tilskot over posten til freds- og menneskerettssenter.

Tabell 4.2 Tilskot til freds- og menneskerettssenter

(i 1 000 kr)	
Freds- og menneskerettssenter med tilskot over kap. 224, post 70	Beløp 2021
Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter	39 535
Falstadsenteret	22 779
Stiftelsen Arkivet	16 779
Nansen Fredssenter	6 954
Narviksenteret	9 049
Raftostiftelsen	5 742
Sum	100 838

Post 71 Det europeiske Wergelandsenteret

Det europeiske Wergelandsenteret (EWC) samarbeider med Europarådet om opplæring i interkulturell forståing, menneskerettar og aktivt medborgarskap, jf. Innst. S. nr. 9 (2008–2009) og St.prp. nr. 86 (2007–2008) *Om samtykke til inngåelse av samarbeidsavtale av 16. september 2008 mellom Norge og Europarådet om Det europeiske ressurscenteret for opplæring i interkulturell forståelse, menneskerettigheter og demokratisk medborgerskap*

Mål for 2021

Tilskotet skal bidra til at Wergelandsenteret kan vere eit ressurscenter for opplæring på områda interkulturell forståing, menneskerettar og aktivt medborgarskap for ulike målgrupper som arbeider på utdanningsfeltet.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 11,1 mill. kroner på posten. Departementet foreslår òg midlar til sentret over kap. 226, post 21 til drift av det nasjonale læringstilbodet i samarbeid med 22. juli-senteret og Utøya AS, jf. omtale under kap. 226, post 21.

Kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	26 088	23 611	23 973
21	Særskilde driftsutgifter	105 135	109 614	112 556
60	Tilskot til landslinjer	231 367	240 373	243 207
63	Tilskot til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i>	68 047	80 107	87 660
64	Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg	65 307	62 111	36 265
65	Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i>	215 037	248 556	
66	Tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme	69 104	15 480	15 480
67	Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk	7 699	8 967	9 185
68	Tilskot til opplæring i kriminalomsorga	297 721	292 537	302 816
69	Tiltak for fullføring av vidaregåande opplæring			691 500
70	Tilskot til opplæring av lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar med særskilde behov	62 867		
74	Prosjekttilskot	9 195	9 437	6 739
75	Grunntilskot	85 287	88 587	95 337
	Sum kap. 0225	1 242 854	1 179 380	1 624 718

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga på post 01 finansierer dei kostnadene som fylkesmannen har ved å administrere sentralt

gitt eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring.

Løyvinga på post 21 dekkjer utgifter til lærarar som har teke på seg sensoroppdrag ved sentralt gitt eksamen (sensur og klagebehandling). Fyl-

kesmannen utbetaler midlane. Ordninga er heimla i forskrift til opplæringslova § 3-25 og i Kunnskapsløftet om gjennomføring av eksamen i grunnskulen og vidaregåande opplæring, inkludert den sentralt gitte delen av fag- og sveineprøven innanfor yrkesfaga.

Utarbeiding av sentralt gitt eksamen og elektroniske prøve- og eksamenstenester blir finansiert av løyvinga på kap. 220, post 21.

Mål for 2021

Målet med løyvingane er å medverke til at det blir gjennomført sentralt gitt eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring.

Resultat i 2019

Våren 2019 blei det teke 75 800 sentralt gitte eksamenar i grunnskulen, av desse var 2 500 frå grunnskuleopplæring for vaksne. I vidaregåande opplæring blei det teke 186 800 sentralt gitte eksamenar våren 2019. Av desse var 79 pst. eleveksamenar og 21 pst. privatisteksamenar.

Hausten 2019 blei det teke til saman 37 800 sentralt gitte eksamenar i vidaregåande opplæring. Av desse var 85 pst. privatisteksamenar, medan resten blei tekne av elevar med rett til særskild, utsett eller ny eksamen. Oppmøtet på hausteksamen er framleis langt lågare enn på våreksamen. Totalfråværet for vidaregåande på våreksamen var 7,6 pst., medan det på hausteksamen var 17,4 pst.

Det blei behandla 1 600 klager i grunnskulen og 13 600 klager vår og haust for sentralt gitt eksamen med sentral sensur i vidaregåande opplæring. Totalt deltok 1 200 sensorar i sensorarbeidet i grunnskulen og 2 500 i vidaregåande opplæring for sentralt gitt eksamen med sentral sensur.

Eksamenar som fylkeskommunen har ansvar for å utarbeide (lokalt gitte eksamenar), er ikkje rekna med i desse tala.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 24 mill. kroner på post 01 og 112,6 mill. kroner på post 21.

Post 60 Tilskot til landslinjer

Tilskotet går til fylkeskommunar med landslinjer, til drift av landslinjene og til innkjøp av utstyr.

Landslinjeordninga omfattar eit breitt spekter av utdanningstilbod, frå særskilt små tilbod som

berre finst éin stad i landet, til særskilt utstyrskrevjande tilbod som finst fleire stadar. Ordninga har eksistert i den forma ho har i dag, sidan 1996.

Sidan ordninga blei oppretta, har det ikkje vore fastsett klare kriterium for å få landslinjestatus. Dei fleste landslinjetilboda har blitt oppretta på bakgrunn av lokale initiativ og politiske prioriteringar. Det har ført til at landslinjetilskotet i nokre tilfelle har bidrege til å vri ressursane i vidaregåande opplæring i ei anna retning enn det fylkeskommunane sjølv ønsker. Det er òg stor variasjon i kor mykje fylkeskommunane får i landslinjetilskot.

Departementet vil endre retningslinjene for landslinjeordninga frå 2021. Endringane gjeld nye landslinjetilbod og utvidingar av eksisterande tilbod. Det blir eit krav at søknadene skal vere støtta av alle fylkeskommunane. Søknadene skal òg bli vurderte av Utdanningsdirektoratet. I vurderinga vil det mellom anna bli lagt vekt på nasjonale og regionale kompetansebehov. Endringane vil gjere søknadsprosessen og kva som blir lagt vekt på i vurderinga av søknadene om landslinjer, meir oversiktleg for søkerane.

Vidaregåande opplæring blir i hovudsak finansiert med dei frie inntektene til fylkeskommunane. Fylkeskommunane er kompenserte for å gi eit tilbod til alle som har rett til vidaregåande opplæring, og dette inkluderer elevar ved landslinjer. For å unngå dobbeltfinansiering vil nye landslinjetilbod og utvidingar av eksisterande tilbod bli finansierte med eit trekk i det samla rammetilskotet til fylkeskommunane, tilsvarande budsjetteffekten av opprettinga av ei ny eller utvida landslinje. Nivået på trekket blir berekna det året landslinja blir oppretta/utvida, og deretter vidareført som eit varig trekk utan justering for eventuelt endra elevtal innanfor godkjent elevtal.

Mål for 2021

Målet med tilskotsordninga er at elevar frå heile landet kan få eit nasjonalt tilbod i små og/eller kostbare kurs i vidaregåande opplæring.

Resultat i 2019

I skuleåret 2019–20 var det 1 673 heilårsplassar fordelte på 51 landslinjetilbod. Hausten 2019 brukte fylkeskommunane 81 pst. av kapasiteten ved alle landslinjene. For våren 2020 var talet 79 pst. I dei siste åra har i overkant av 80 pst. av elevplassane ved landslinjene blitt nytta.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 243,2 mill. kroner på posten. 2,8 mill. kroner av løyvinga følger av budsjettvedtak for tidlegare budsjettår om å opprette nye landslinjer. Dette gjeld

- 1,3 mill. kroner for å dekke vøreffekten av Vg2-tilbodet og hausteffekten av Vg3-tilbodet for landslinja i sjømat som blei oppretta ved Vardø vidaregåande skole hausten 2019
- 1 mill. kroner for å dekke vøreffekten av Vg1-tilbodet og hausteffekten av Vg2-tilbodet for landslinja i bratt friluftsliv som blei oppretta ved Rauma vidaregåande skole hausten 2020
- 0,6 mill. kroner for å dekke vøreffekten av Vg3-tilbodet for landslinja i jazz som blei oppretta ved Molde vidaregåande skole hausten 2018

Departementet vil vidareføre satsane for tilskotsordninga på same nominelle nivå som i 2020.

Post 63 Tilskot til samisk i grunnopplæringa, kan overførast

Under denne posten er det tre tilskotsordningar:

Tabell 4.3 Tal på grunnskuleelevar med samisk som første- og andrespråk

Skuleår	2016–17	2017–18	2018–19	2019–20
Samisk som førstespråk	927	935	952	954
Samisk som andrespråk	1 197	1 333	1 442	1 455
Totalt	2 124	2 268	2 394	2 409
Endring frå året før i pst.	-1,8	6,8	5,6	0,6

Kjelde: Grunnskolens Informasjonssystem (GSI)

I 2019 blei det utbetalt 3,5 mill. kroner til studiepermisjonar for vidareutdanning i samisk for lærarar i grunnopplæringa. Til samanlikning blei det utbetalt 3,4 mill. kroner i tilskot i 2018 og 0,4 mill. kroner i tilskot i 2017. Departementet ser positivt på at ordninga no blir utnytta betre.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 87,7 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 5,1 mill. kroner som følge av at fleire elevar får opplæring i samisk.

- ei ordning for samiskopplæring i grunnskulen
- ei ordning for samisk i den vidaregåande opplæringa
- ei ordning for studiepermisjonar for vidareutdanning i samisk for lærarar i heile grunnopplæringa og rekrutteringsstipend for lærarstudentar

Mål for 2021

Tilskotet skal bidra med finansiering til kommunar, fylkeskommunar og frittstående skular som tilbyr samiskopplæring i samsvar med § 6-2 og § 6-3 i opplæringslova. Tilskotet skal òg bidra til at lærarar får vidareutdanning i og lærarstudentar tek utdanning i samiske språk.

Resultat i 2019

Talet på elevar som vel samisk språk i grunnskulen, har auka frå 2016 til 2019, jf. tabell 4.3.

Post 64 Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg

Løyvinga skal finansiere opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg. Dette omfattar asylsøkarar og personar som søker om familiesameining. Løyvinga inkluderer tilskot til tre grupper:

- barn og unge til og med 15 år som har rett og plikt til grunnskuleopplæring
- ungdom mellom 15 og 18 år som søker opphald, og som har rett til grunnskuleopplæring
- ungdom mellom 15 og 18 år som søker opphald, og som har rett til vidaregåande opplæring

Tilskotsordninga er avgrensa til dei som bur på mottak/omsorgssenter eller oppheld seg lovleg i landet medan dei ventar på å få avgjort søknad om opphaldsløyve inntil dei fyller 18 år, eller har fullført det skuleåret dei fyller 18 år.

Mål for 2021

Tilskotet skal bidra til at barn og unge som søker opphald i Noreg, får grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring, jf. opplæringslova § 2-1 andre ledd og § 3-1 tolvte ledd.

Resultat i 2019

I gjennomsnitt fekk 694 barn som var busette i mottak eller omsorgssenter eller som budde privat, grunnskuleopplæring i skuleåret 2018–19. Det er ein reduksjon på 589 elevar samanlikna med skuleåret 2017–18. I vidaregåande opplæring var det i skuleåret 2018–19 i aldersgruppa 16–18 år i gjennomsnitt 19 elevar. Det er ein reduksjon på 41 elevar samanlikna med skuleåret 2017–18.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 36,3 mill. kroner på posten. Løyvinga er redusert med 27,8 mill. kroner som følge av ein venta reduksjon i talet på elevar som utløyser tilskot til grunnopplæring.

Post 65 Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg, kan overførast

Mål for 2021

Løyvinga skal nyttast til å innfri tilsegner om rentekompensasjon i perioden 2002–16. Målet med å gi tilsegnene har vore å stimulere kommunar og fylkeskommunar til å bygge nye skule- og symjeanlegg og rehabilitere og ruste opp eksisterande anlegg.

Resultat i 2019

Det blei utbetalt 215 mill. kroner i rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg i 2019.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår inga løyving på posten i 2021 som følge av at renteføresetnaden for ordninga er 0 pst. for 2021.

Post 66 Tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme

Til og med 2019 gjaldt posten tilskot til leirskule, men frå 2020 blei midlar til leirskule innlemma i rammetilskotet til kommunane under kap. 571, post 60, jf. Prop. 1 S (2019–2020) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. For nærare omtale av lovfesting av plikt for kommunane til å tilby leirskule eller annan skuletur med overnatting som del av grunnskuleopplæringa, sjå Prop. 88 L (2018–2019) *Endringar i opplæringslova, folkehøgskolelova, friskolelova m.m. (samleproposisjon)*.

For 2019 gjaldt posten også tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme. Dette omfatta skuleturar for ungdom i alderen 12–16 år til tidlegare konsentrasjonsleirar og minnestader frå den andre verdskrigen. *Handlingsplan mot antisemittisme 2016–2020* går ut ved årsskiftet 2020–21. Regjeringa skal etter planen lansere ein revidert handlingsplan mot antisemittisme i 2021.

Frå og med 2020 omfattar denne posten berre tilskotsordninga til turar i samband med handlingsplanen mot antisemittisme. Departementet har fastsett reviderte retningslinjer som gjeld frå og med skuleåret 2020–21, der også elevar i vidaregåande opplæring blir omfatta av ordninga.

Mål for 2021

Målet med tilskotsordninga er å stimulere til at skuleeigarar, skular og foreldregrupper organiserer turar til tidlegare konsentrasjonsleirar eller minnestader for elevar på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring.

Resultat i 2019

Tilskot til leirskuleopplæring blei tildelt på grunnlag av kommunane sine registreringar i Grunnskolen Informasjonssystem (GSI), og i 2019 blei det utbetalt tilskot for i alt 57 190 grunnskuleelevar som var på leirskule i løpet av 2019. Dette utgjer 9,4 pst. av gjennomsnittleg elevtal i kommunale grunnskular for skuleåra 2018–19 og 2019–20. Sidan grunnskulen omfattar ti årstrinn, var det eit mål for tilskotsordninga at 10 pst. av elevane fekk dra på leirskule kvart år. Det samla talet på leirskuleelevar i 2019 gir grunn til å tru at dei fleste, men ikkje alle, elevane i målgruppa fekk eit leirskuleopphald i løpet av grunnskulen i 2019.

Til tilskotsordninga til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme kom det

inn 390 søknader i 2019. Det blei gitt tilskot for i alt 16 550 ungdommar i alderen 12–16 år, for skuleåret 2019–20. Alle søknader som fylte kriteria i tilskotsordninga, fekk tilskot.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 15,5 mill. kroner på posten.

Post 67 Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk

Under denne posten er det tre tilskotsordningar:

- ei for opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk i grunnskulen
- ei for opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk i vidaregåande opplæring
- ei ordning med studiepermisjonar for vidareutdanning i kvensk eller finsk for lærarar i grunnskulen

Mål for 2021

Målet med løyvinga er å gi elevar med kvensk/norskfinsk bakgrunn i Troms og Finnmark opplæring i kvensk eller finsk som andrespråk ved kommunale og frittstående grunnskular i samsvar med rettane som går fram av § 2-7 i opplæringslova. Vidare er målet med løyvinga å gi elevar og lærlingar med kvensk/norskfinsk bakgrunn opplæring i kvensk eller finsk ved fylkeskommunale og frittstående vidaregåande skular. Det er òg eit mål å styrke kompetansen i kvensk og finsk for lærarar i grunnskulen.

Resultat i 2019

Talet på elevar i Troms og Finnmark som vel kvensk eller finsk som andrespråk i grunnskulen, er lågare enn åra før. Hausten 2019 var det 468 elevar. Dette er 46 elevar færre enn i 2018.

Våren 2019 var det i alt 23 elevar som fekk opplæring i kvensk eller finsk i vidaregåande opplæring. Det er 10 fleire elevar enn i 2018.

Frå den årlege løyvinga til to heile studieheimlar for vidareutdanning av lærarar i kvensk eller finsk språk, blei det innvilga tilskot til ein kvart studieheimel i 2019 og til halvannen studieheimel i 2018.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 9,2 mill. kroner på posten. Departementet foreslår å redusere løy-

vinga med 0,1 mill. kroner som følge av oppdatert anslag for talet på elevar som vil få opplæring i kvensk eller finsk.

Frå våren 2021 blir tilskotsordninga for opplæring i kvensk eller finsk endra. For vidaregåande opplæring blir tilskotet rekna ut frå elevtal ved den einskilde skulen i staden for på fylkesnivå. Læreplantimane i faga vil danne grunnlag for tilskotet, og elevane blir inndelt i tilskotsgrupper. For studiepermisjon i vidareutdanning i kvensk eller finsk vil fylkeskommunar og friskular kunne ta imot tilskot, i tillegg til kommunale skuleeigarar. Tilskotsnivået for studiepermisjon blir auka frå lærarlønn til adjunktlønn.

Post 68 Tilskot til opplæring i kriminalomsorga

Innsette i fengsel har rett til opplæring under soning av straff. Tilskot til opplæring i kriminalomsorga skal bidra til at dei innsette får den opplæringa dei har krav på. Fylkeskommunane har ansvaret for opplæringa i norske fengsel, og dei vidaregåande skulane står for den praktiske gjennomføringa.

Fylkeskommunar med særskilde oppgåver vil få særskilt tilskot for tilbod som ungdomseiningar, oppfølgingsklassar, eining for tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning (TAFU), eining for narkotikaprogram med domstolskontroll (ND) og den felles IKT-løysinga Desktop for skolen (DFS).

Mål for 2021

Målet med tilskotsordninga er at innsette som ikkje har fullført grunnskulen eller vidaregåande opplæring, og som har rett til og ønsker slik opplæring, får det. I tillegg skal lauslatne kunne fullføre opplæring som er begynt under soning. Opplæringa skal bli gitt etter kompetansemål frå læreplanverket for Kunnskapsløftet og opplæring i grunnleggande ferdigheiter.

Resultat i 2019

Det er etablert opplæringstilbod for innsette i alle fengsla i Noreg. I tillegg finst det oppfølgingsklassar for å lette overgangen etter lauslating, ti stadar i landet. Om lag 7 550 personar tok del i ei eller anna form for opplæring i 2019, som er færre enn i 2018, då talet var om lag 9 500 personar. I 2019 var det fleire innsette som tok opplæring på grunnskulenivå enn i 2018. Ei forklaring til begge endringane er at stadig fleire innsette som har etablert tilknytning til arbeidsliv eller utdan-

ning, soner utanfor fengsel med fotlenke eller elektronisk kontroll, slik at ein større del av dei dømde som sit i fengsel har svak tilknytning til arbeidsliv og låg utdanning. Denne gruppa er meir krevjande å motivere for opplæring, sjølv om dei har rett til det.

I samarbeid med kriminalomsorga bruker skuleverket ressursar på ulike opplæringstilbod

for å stimulere innsette til å kome i gang med grunnskule- og/eller vidaregåande opplæring. Slik opplæring er kategorisert som «anna opplæring» i tabell 4.4. Kriminalomsorga legg òg til rette for dei innsette som ønsker å ta fatt på høgare utdanning.

Tabell 4.4 Talet på elevar/deltakarar i fengsel og oppfølgingsklassar og tilbakeføringsprogram gitt i totaltal og gjennomsnitt, fordelte etter opplæringstype

	2018				2019			
	Heiltid		Deltid		Heiltid		Deltid	
	Reg. elevar	Snitt	Reg. elevar	Snitt	Reg. elevar	Snitt	Reg. elevar	Snitt
Grunnskule	13	3	137	45	9	2	189	81
Vidaregåande skule	485	179	3 274	678	312	157	2742	716
Korte opplæringstilbod	464	58	2 864	277	152	27	2791	310
Anna opplæring	263	9	1 925	293	8	11	1348	222
Sum	1 225	259	8 200	1 293	481	201	7 070	1 336
Fagskule ¹	30	8			21	4		
Høgskule/universitet	161	65			133	65		

Reg. elevar vil seie kor mange som har fått opplæring i løpet av kalenderåret.

Snitt vil seie gjennomsnittleg tal på elevar/deltakarar basert på fire rapporteringstidspunkt i løpet av året.

Korte opplæringstilbod er tilpassa opplæringstilbod heimla i fagplanverket for den vidaregåande skulen.

¹ Tala for fagskule og høgskule/universitet er ikkje differensierte etter heiltid/deltid.

Kjelde: Fylkesmannen i Vestland

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 302,8 mill. kroner på posten. Endringar i fengselsstrukturen fører til desse justeringane i tilskotet til opplæring i kriminalomsorga for 2021:

- ein auke på 3,2 mill. kroner til heilårseffekt av opplæringsutgifter ved Agder fengsel
- ein reduksjon på 4,5 mill. kroner på grunn av nedtrapping av dublering av fengselsplassar
- ein auke på 1,5 mill. kroner i samband med ei ungdomseining ved Indre Østfold fengsel, avdeling Eidsberg
- ein auke på 1,1 mill. kroner til opplæringsutgifter ved Arendal fengsel, avdeling Evje

Delar av løyvinga vil gå til drift av Desktop for skolen, som er eit IKT-system for sikker bruk av digitale verkty i opplæringa i fengsla.

Departementet foreslår ei tilsegnfullmakt på posten, jf. forslag til vedtak III nr. 2.

Post 69 Tiltak for fullføring av vidaregåande opplæring

Posten blei oppretta ved behandlinga av Prop. 127 S (2019–2020), jf. Innst. 360 S (2019–2020). Tiltaka som blir finansierte over posten, er ein del av Utdanningsløftet 2020, som er regjeringa si satsing på kompetanse for å motverke konsekvensane av den økonomiske krisa som følgde av covid-19-pandemien.

Mål for 2021

Tilskotet skal føre til at fleire fullfører vidaregåande opplæring og at fleire med studie- eller yrkeskompetanse tar fagbrev.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 691,5 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår 150 mill. kroner til eit nytt tilskot til fylkeskommunane for at tilbodet til dei som ikkje får læreplass (Vg3 i skule) skal bli utvida og forsterka. Ungdommane skal få opplæring over lengre tid, tilbodet skal starte opp tidlegare og kvaliteten på innhaldet skal styrkast. Departementet foreslår å kalle det nye utvida tilbodet Fagbrev som elev. Departementet vil utforme tilbodet i dialog med Samarbeidsrådet for fag- og yrkesopplæring og fylkeskommunane inn- anfor ramma av målet om eit tilbod som er likeverdig med ein læreplass. Tilskotet skal leggje til rette for eit utvida tilbod våren 2021 for elevar som ikkje får læreplass hausten 2020, på same tid som elevar som ikkje får læreplass neste haust får det same utvida tilbodet. Forslaget tek utgangspunkt i at 1 000 elevar i kvart kull får eit utvida tilbod. Tilskotet vil bli fordelt etter delkostnadsnøkkelen for vidaregåande opplæring i inntektssystemet for fylkeskommunane.

Departementet foreslår 45,5 mill. kroner til eit nytt tilskot til fylkeskommunane for at fleire som allereie har studie- eller yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring skal få tilbod om å ta eit fagbrev. Målgruppa inkluderer ledige med omstillingsbehov og unge med studiekompetanse som ikkje er motivert for eller ikkje kjem inn i høgare utdanning. Tilskotet legg til rette for 1 000 nye deltakarar i yrkesfagleg utdanning frå hausten 2020. Det er lagt til grunn at halvparten har behov for eit tilnærma fullt løp i yrkesfagleg utdanning (opptil 3,5 år), medan den andre halvparten berre treng eitt år i lære. På sikt legg tilskotet til rette for ein anslått auke i talet på deltakarar i vidaregåande opplæring som ikkje har rett til opplæringa på om lag 20 pst. Tilskotet vil bli fordelt etter delkostnadsnøkkelen for vidaregåande opplæring i inntektssystemet for fylkeskommunane. Tiltaket fører til større utgifter til utdanningsstøtte, som blir løyde på postar over programkategori 07.80. Utdanningsstøtte.

I løyvinga inngår vidareføring av fleire av tilskota som blei oppretta i 2020 som ein del av Utdanningsløftet 2020, jf. Prop. 127 S (2019–2020). Det gjeld følgjande tilskot til fylkeskommunane:

- 300 mill. kroner for at ledige og permitterte utan vidaregåande opplæring kan få moglegheit til å oppnå studie- eller yrkeskompetanse. Tilskotet legg til rette for at anslagsvis 5 000 personar kan fullføre i 2021.
- 150 mill. kroner for at personar som går ut av vidaregåande opplæring våren 2021 utan å oppnå studie- eller yrkeskompetanse, kan få eit tilbod. Tilskotet legg til rette for at anslagsvis

2 500 personar i avgangskullet i 2021 kan fullføre hausten 2021.

- 46 mill. kroner for å stimulere til auka bruk av ordninga Fagbrev på jobb. Målgruppa for ordninga er vaksne i arbeidslivet som har fullført grunnskulen eller tilsvarande opplæring, og som har praksis frå lærefaget, men som har behov for rettleiing for å gå opp til fagprøva.

Tiltaka retta mot ledige og permitterte og avgangselevar inneber utgifter til utdanningsstøtte under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Departementet vil kunne omprioritere mellom tilskota dersom vurderingar frå fylkeskommunane om ressursbehov tilseier det.

Innanfor løyvinga kan det òg bli gitt tilskot til friskular.

Post 70 Tilskot til opplæring av lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar med særskilde behov

Målgruppa for tilskotet har vore lærlingar, praksisbrevkandidatar og lærekandidatar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet, og/eller som har svake ferdigheiter i norsk og har budd kort tid i Noreg.

Tilskotsordninga er avvikla frå 1. januar 2020 og innlemma i rammetilskotet til fylkeskommunane.

Resultat i 2019

Tabell 4.5 Talet på søknader om tilskot for lærlingar og lærekandidatar i perioden 2010–19

År	Tal på søknader	Lærlingar	Lærekandidatar
2010	357	176	181
2011	326	122	204
2012	528	194	334
2013	551	214	337
2014	626	226	400
2015	855	301	554
2016	952	344	608
2017	971	383	5 881
2018	964	407	557 ¹
2019	950	426	524

¹ Til saman gjaldt tre søknader praksisbrevkandidatar i 2017 og 2018.

Søknader om tilskot for lærekandidatar utgjorde 55 pst. av søknadene i 2019. Tilskotet blei i 2019 avkorta med 33,5 pst. for alle tilskotsmottakarane, fordi samla timetal for alle søkarane var høgare enn det talet som låg til grunn for løyvinga.

Post 74 Prosjekttilskot

Utdanningsdirektoratet forvaltar tilskotsordninga. Private og frivillige organisasjonar kan få tilskot.

Departementet vil endre innrettinga av ordninga frå 2022-budsjettet slik at ho blir meir avgrensa enn i dag. På den måten kan ordninga rettast inn mot prosjekt på område der departementet meiner det er eit særleg behov for at private og frivillige organisasjonar gjennomfører tidsavgrensa tiltak. Departementet vil presentere den nye innrettinga i budsjettforslaget for 2022.

Mål for 2021

Formålet med tilskotsordninga er å stimulere organisasjonar til å setje i verk prosjekt som på ulike måtar kan bidra til å nå dei måla departementet har sett for grunnopplæringa, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Verksemda til organisasjonane skal ha ein nasjonal verdi, og aktivitetar/tiltak skal nå flest moglege elevar og skular.

Resultat i 2019

Følgande organisasjonar fekk tildelt til saman 9,2 mill. kroner frå tilskotsordninga for private og frivillige organisasjonar i 2019: Stiftinga Magasinet, Stiftinga Pirion, Redd Barna, Landslaget for norskundervisning, MOT, Sex og Politikk, FRI – Rosa kompetanse skole, Skeiv Ungdom, Dysleksi Norge, Hvorfor det? AS, Organisasjonen Voksne for barn og Barnevakten.

I tillegg blei 1 mill. kroner av tilskotsmidlane på posten forvalta av Sametinget i 2019, for å gi tilskot til private og frivillige organisasjonar som gjennomfører tiltak mot mobbing blant barn og unge, relatert til samisk bakgrunn, språk og kultur.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 6,7 mill. kroner på posten.

Som ein del av omlegginga av ordninga som departementet vil gjennomføre frå 2022, foreslår departementet å flytte 3 mill. kroner av løyvinga til grunntilskotet. Sjå kap. 225, post 75 for omtale av kva organisasjonar som vil få grunntilskot som følge av flyttinga.

Post 75 Grunntilskot

Departementet tek sikte på å legge om ordninga frå 2022-budsjettet ved at det blir stilt tydelegare krav til organisasjonane som skal få tilskot. Organisasjonane som får grunntilskot i 2021, vil bli bedt om å gi informasjon om planlagt bruk av tilskotet. Dette vil danne grunnlag for vurderingar av kva for organisasjonar som skal få tilskot i 2022, og nivået på tilskotet.

Mål for 2021

Målet med ordninga er å sikre langsiktige og stabile rammevilkår for nasjonale organisasjonar og aktørar som på ein særskild måte bidreg til å nå dei måla departementet har sett for grunnopplæringa, jf. kategoriinnleiinga.

Resultat i 2019

Grunntilskot til organisasjonar mv.

I 2019 fekk følgande organisasjonar tildelt til saman 33,5 mill. kroner frå ordninga for grunntilskot til private og frivillige organisasjonar: Elevorganisasjonen, FIRST Scandinavia, Operasjon Dagsverk, WorldSkills Norway, Foreningen Norden og Norsk håndverksinstitutt, Forandringsfabrikken, Blå Kors – Snakk om mobbing, Teknisk Senter AS, Ungt Entreprenørskap Norge, Blikk AS, Barnevakten – Nettvettprogram til innføring av fagfornyelsen, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjonar, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og Unge funksjonshemmede.

Grunntilskot til NAROM

I 2019 fekk Nasjonalt senter for romrelatert opplæring (NAROM) 16,2 mill. kroner over posten. I 2019 deltok 9 406 personar på ulike aktivitetar i regi av NAROM. 7 177 var elevar i grunnopplæringa, 3 385 fleire enn i 2018. NAROM gjennomførte i 2019 ei rekke etter- og vidareutdanningskurs for lærarar og hadde ansvaret for fleire nettbaserte læringsressursar.

Grunntilskot til friskuleorganisasjonane

I 2019 fekk fire friskuleorganisasjonar eit samla tilskot på 0,8 mill. kroner. Organisasjonane utførte samordningsoppgåver for til saman 288 godkjende medlemskular.

Grunntilskot til kunst- og kulturarbeid i grunnopplæringa

Norsk kulturskoleråd, Fellestrådet for kunstfagene i skolen og Samarbeidsforum for estetiske fag fekk 34,9 mill. kroner over posten i 2019. Organisasjonane har arbeidd med ei rekke tiltak og satsingar for å betre kvaliteten i kulturskulane og i arbeidet med kunst og kultur i grunnopplæringa. Kvar tilskotsmottakar har fordelt ein del av tilskotet vidare til underliggende medlemsorganisasjonar og prosjekt.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 95,3 mill. kroner på posten.

Tabell 4.6 Fordeling av tilskot på kap. 225, post 75

	(i 1 000 kr)
Tilskotsmottakar	Tilskot 2021
Elevorganisasjonen	2 905
Operasjon Dagsverk	589
FIRST Scandinavia	11 000
WorldSkills Norway	3 909
Foreningen Norden	1 152
Norsk håndverksinstitutt	6 211
Interesseorganisasjonar for funksjonshemma	1 279
Forandringsfabrikken	3 528
Blå Kors – Snakk om mobbing	3 028
Teknisk Senter, Flekkefjord	829
Ungt Entreprenørskap	529
Blikk AS	229
Barnevakten – Nettvettprogram til innføring av fagfornyninga i 2020	250
NAROM	16 195
Friskuleorganisasjonar	805
Grunntilskot til kunst- og kulturarbeid i opplæringa	34 899
Faktisk.no – skuleprosjektet TENK	5 000
Landslaget for norskundervisning	500
Sex og Politikk	500
FRI – Rosa kompetanse skole	2 000
Sum	95 337

I løyvinga inngår ein auke på 5 mill. kroner som følge av at departementet foreslår å vidareføre tilskotet til Faktisk.no til skuleprosjektet TENK med heilårseffekt. Organisasjonen fekk tilskot i 2020 i samband med behandlinga av revurdert nasjonalbudsjett.

Vidare foreslår departementet å flytte 3 mill. kroner til posten frå kap. 225, post 74, slik at tre organisasjonar som fekk prosjekttilskot i 2020, får grunntilskot i 2021. Desse organisasjonane er Landslaget for norskundervisning, Sex og Politikk og FRI – Rosa kompetanse skole.

Tabell 4.6 viser forslag til fordeling av grunntilskot til organisasjonar i 2021.

Kap. 3225 Tiltak i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	23 393	23 617	12 495
	Sum kap. 3225	23 393	23 617	12 495

Visse innanlandske utgifter til flyktingar kan etter statistikkdirektiva til OECD bli definerte som offentlig utviklingshjelp. Ein del av løyvinga på kap. 225, post 64 blir rapportert som utviklings-

hjelp. Kunnskapsdepartementet foreslår ei tilsvarende løyving på kap. 3225, post 04. Refusjon av ODA-godkjende utgifter er rekna til 12,5 mill. kroner i 2021.

Kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	1 219 206	1 296 726	1 572 195
22	Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar	1 617 852	1 543 467	1 600 858
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	6 181	57 400	35 826
60	Forskning på tiltak for betre kvalitet i barnehagen og grunnopplæringa	44 229		
61	Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna nytilsette lærarar	59 620	61 920	61 919
63	Forskning på effektane av auka lærartettleik	1 824 706	50 687	
64	Programfinansiering av 0–24-samarbeidet		39 310	40 529
71	Tilskot til vitensenter	73 775	82 705	85 352
	Sum kap. 0226	4 845 569	3 132 215	3 396 679

Skuleeigarane har hovudansvaret for å utvikle kvaliteten på opplæringa i skular og lærebedrifter. Regjeringa legg stor vekt på å støtte og rettleie skular og skuleeigarar gjennom kompetanse- og utviklingstiltak. kap. 226 omfattar statlege løyvingar til kvalitetsutvikling i grunnopplæringa.

Utdanningsdirektoratet har i stor grad ansvaret for å forvalte midlane og gjennomføre tiltaka. Delar av løyvingane på post 21 og 22 dekker utgifter til lønn og administrasjon i Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet og hos eventuelle andre statlege aktørar som har ansvar/delansvar for drift av dei ulike prosjekta og tiltaka.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga på posten finansierer mellom anna kompetanse- og profesjonsutvikling i grunnopplæringa, tiltak for betre læringsmiljø, digitalisering, styrking av fag- og yrkesopplæringa og utvikling av læreplanverket for grunnopplæringa. Løyvinga på posten dekker òg element i kvalitetsvurderingssystemet for grunnopplæringa, mellom anna internasjonale undersøkingar, brukarundersøkingar, utdanningsstatistikk, forskning og evaluering. Løyvinga dekker drift av tidsavgrensa prosjekt i den sentrale utdanningsadministrasjonen, tilskot

til offentlege og eventuelle private aktørar som blir involverte i kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, og eventuelle utgifter til offentlege utval og ekspertutval som departementet har sett ned. Det kan òg bli gitt tilskot til samordningsoppgåver i kommunesektoren over posten.

Resultat i 2019

Samla blei det brukt 1 219,2 mill. kroner over posten i 2019. Hovuddelen av midlane gjekk til kompetanseutviklingstiltak. Tabell 4.7 viser samla rekneskap for posten i 2019, med tiltak samla for dei ulike måla for posten.

Mål for 2021

Midlane på posten skal medverke til å utvikle kvaliteten i grunnopplæringa for å nå dei statlege sektormåla, jf. omtalen av desse i kategoriinnleiinga.

Tabell 4.7 Oversikt over løyvingar på kap. 226, post 21 i 2019

Mål	(i mill. kr) Rekneskap 2019
Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø	126,7
Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt	35,4
Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse	475,7
Alle lykkast i opplæringa og utdanninga	498,2
Andre tiltak	83,2
Sum	1 219,2

Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø

I 2019 blei det brukt 126,7 mill. kroner til tiltak som støttar opp under målet om at alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø, over denne posten.

Tabell 4.8 Oversikt over løyvingar til tiltak for å støtte målet om eit godt og inkluderande læringsmiljø

Tiltak	(i mill. kr) Rekneskap 2019
Kompetanseutvikling for å skape gode barnehage- og skulemiljø	39,9
Handhevingsordninga for skulemiljøsaker	36,5
Forsøk med gratis deltidstilbod i SFO	20,0
Mobbeombod	10,0
Dembra	8,5
Program mot mobbing	4,0
Læringstilbod om 22. juli	3,0
Pilotar for inkludering	3,0
Partnarskap mot mobbing	1,8
Sum	126,7

Kompetanseutvikling for å skape gode barnehage- og skulemiljø

Løyvingane gjekk til kompetanseheving og rettleiing til barnehagar og skular inkludert tre kompetansetiltak: læringsmiljøprosjektet, nettbasert tilbod og samlingsbasert tilbod. FAFO evaluerer tilboda. Ein delrapport frå februar 2020 viser utfordringar ved å få til kollektiv kompetanseutvikling i alle barnehagane og skulane som deltek i Læringsmiljøprosjektet og det samlingsbaserte tilbodet. I det nettbaserte tilbodet ønsker fleire styrarar og skuleleiarar meir oppfølging. Deltakarane opplever at tilbodet har høg fagleg kvalitet, og at dei har auka kompetansen sin. Mange rapporterer at dei raskare set inn tiltak. Tidlegare evalueringar av Læringsmiljøprosjektet viste også at skulane som deltok, reduserte mobbetala sine.

Handhevingsordninga for skulemiljøsaker

Fylkesmennene rapporterer om mange førespurnader frå barn, foreldre og skular for å få hjelp til å løyse skulemiljøsaker. I 2019 kom det inn 1 585 meldingar til fylkesmannen frå elevar og foreldre. I mange saker der fylkesmannen tok stilling til om aktivitetsplikta var oppfylt eller broten, fekk elevane medhald. Omfanget av saker og kompleksiteten i sakene gjer at saksbehandlingstida kan bli lang.

Forsøk med gratis deltidstilbod i SFO

Elevar med innvandrarbakgrunn og/eller frå familiar med låg inntekt går i mindre grad enn andre elevar på SFO. For minoritetsspråklege barn blir det dermed mindre høve til å utvikle norskkompetansen gjennom lek og samvær med norskspråklege barn. Forsøket blei sett i gang ved utvalde skular i Drammen, Oslo, Stavanger og Trondheim hausten 2016 og blei avslutta etter fire skuleår i juni 2020.

Fylkesvise/regionale mobbeombod

Ordninga med fylkesvise mobbeombod blei etablert hausten 2018 og blir finansiert som eit spleiselag mellom staten og fylkeskommunane. Alle fylkeskommunane deltek i ordninga. Omboda merkar sterk pågang frå born og unge som treng hjelp.

Tiltak mot rasisme og antisemittisme – Dembra

Kurstilbodet Dembra blir koordinert av Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HLSenteret). I 2019 blei det brukt 2 mill. kroner til Dembra for lærarutdannarar (Dembra LU), som omfattar kurstilbod til lærarstudentar, lærarar, skuleleiarar og andre tilsette i skulen for å auke kompetansen deira om korleis dei kan legge opp det pedagogiske arbeidet for å førebygge gruppebaserte fordommar hos elevane. I 2019 blei det brukt 6,5 mill. kroner til Dembra-arbeidet i grunnopplæringa. For nærare omtale av Dembra, sjå del III, kap. 8 Likestilling og arbeid mot diskriminering.

Støtte til program mot mobbing

I 2019 blei det sett av midlar til skuleomfattande læringsmiljø- og antimobbeprogram som kan bidra til å redusere mobbing i skulen. Programma legg mellom anna vekt på skjult mobbing, digital mobbing og psykisk helse.

Tilskot til læringstilbod om 22. juli

I 2019 blei det gitt eit tilskot på 3 mill. kroner for å gi fleire elevar og lærarar moglegheit til å delta i opplæringstilbodet om 22. juli og demokratisk medborgarskap som er utvikla av 22. juli-senteret, Utøya AS og Det europeiske Wergelandsenteret.

Pilotar for inkludering

Utdanningsdirektoratet sette i 2019 i gang pilotprosjekt for meir inkluderande praksis i barnehage, skule og SFO i fem kommunar, og for å evaluere dette. Prosjekta skal vere avslutta innan utgangen av 2022.

Partnerskap mot mobbing

Partnerskap mot mobbing består av regjeringa og 14 organisasjonar i oppvekst- og utdanningssektoren. Partnerskapet har i 2019 arrangert seminar, utvikla nettressursar og gitt støtte til tiltak som kan bidra til å auke lokal kompetanse.

Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt

I 2019 blei det brukt 35,4 mill. kroner til tiltak som støtter opp under målet om at alle barn og unge får utvikla potensialet sitt over denne posten.

Tabell 4.9 Oversikt over løyvingar til tiltak for å støtte målet om å utvikla potensialet sitt

Tiltak	(i mill. kr) Rekneskap 2019
Områdesatsingane i Groruddalen og Oslo sør	10,5
Symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar	9,3
Innovasjonsordninga Et lag rundt eleven	8,2
0–24-samarbeidet	7,4
Sum	35,4

Områdesatsing i Groruddalen og Oslo sør

I 2019 blei det brukt høvesvis 10 mill. kroner og 0,5 mill. kroner til prosjekt innanfor barnehage og skule i områdesatsingane i Groruddalen og Oslo sør. Målet med områdesatsingane, som er eit samarbeid mellom stat og kommune, er å betre miljø, butilhøve og levekår i eit geografisk avgrensa område. Eit delmål på opplæringsfeltet er at fleire elevar skal gjennomføre grunnopplæringa. Områdesatsingane er vedtekne til 2027. Sjå meir omtale i programkategori 07.90 og Prop. 1 S (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar

Målet med tilskotet er å gi nykomne minoritetsspråklege barn, unge og vaksne i grunnskuleopplæringa meir og betre symjeopplæring og med det redusere risikoen for ulykker. Også andre elevar som ikkje kan symje eller har hatt moglegheit til å delta i symjeundervisninga, kan omfattast av ordninga. Tilskotet har sidan 2016 vore budsjettert med 10 mill. kroner. I 2019 blei det nytta 9,3 mill. kroner, mot 8,6 mill. kroner i 2018.

Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet har sendt ein evalueringsrapport til fylkesmennene med forslag til korleis dei kan lyse ut og informere om tilskotet meir målretta. Dei har også forslag til tiltak for å styrke organiseringa av opplæringa og framtidige tiltak som ser symjeopplæringa i samanheng med den desentraliserte kompetanseordninga. Rapporten som blei lagd fram i februar 2019 blir følgd opp av fylkesmennene og brukt til å motivere endå fleire til å søke midlar til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar.

Innovasjonsordninga Et lag rundt eleven

Utdanningsdirektoratet tildelte midlar til prosjektet Et lag rundt eleven for å dokumentere effektar av systematisk satsing på tverrfagleg kompetanse gjennom to forskingsprosjekt. Det første er eit samarbeidsprosjekt mellom Nordisk institutt for studiar av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU), Læringsmiljøsenteret ved Universitetet i Stavanger og Folkehelseinstituttet. Forskarane undersøker kva effekt auka bruk av helsesjulepleiarar på skulen har på læringsmiljø og læringsutbytte. Det andre prosjektet blir gjennomført av OsloMet og undersøker effekten av styrkt skuleleiing. Sluttrapport kjem hausten 2020. Direktoratet har utløynt opsjonar på dei to prosjekta, som medfører forlengingar til høvesvis 2021 og 2022.

0–24-samarbeidet

0–24-samarbeidet skal styrke oppfølginga av utsette barn og unge i alderen 0–24 år og familiene deira gjennom betre samarbeid mellom tenestene. Målet er å hindre fråfall i vidaregåande opplæring og seinare utanforskap i samfunnet. Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet, Barne, ungdoms- og familiedirektoratet, Integrerings- og mangfaldsdirektoratet og Arbeids- og velferdsdirektoratet gjennomfører ei rekke delprosjekt knytte til samordning av økonomiske, juridiske og pedagogiske verkemiddel i tilknytning til tverrsektorielt arbeid for utsette barn og unge. Frå hausten 2019 har også Politidirektoratet og Sekretariatet for konfliktråda blitt koplå på arbeidet.

Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse

I 2019 blei det brukt 475,7 mill. kroner til tiltak som støttar opp under målet om at dei tilsette i

kunnskapssektoren har høg kompetanse, over denne posten. Mesteparten av midlane til vidare-

utdanning blei løyvde over kap. 226, post 22, sjå meir omtale i rapporten for 2019 om den posten.

Tabell 4.10 Oversikt over løyvingar til tiltak for å støtte målet om kompetanse

Tiltak	(i mill. kr) Rekneskap 2019
Desentralisert ordning for kompetanseutvikling	239,3
Nye karrierevegar for lærarar	126,5
Yrkesfaglærarløftet	97,6
Rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar	6,8
Kompetansetiltak for opplæring til asylsøkarar	3,0
Vurderingskompetansen til lærarane	2,5
Sum	475,7

Desentralisert ordning for kompetanseutvikling

Av midlane blei 221,7 mill. kroner fordelte til fylkesmennene i alle fylka etter lærarårsverk, og nytta til ulike kompetansetiltak etter prioritering i samarbeidsforum. Skuleeigarar, universitet og høgskular samarbeider om innhald og organisering. Blant tema som peika seg ut i 2019, var arbeid med nytt læreplanverk, skulemiljø og digitalisering. I vidaregåande opplæring peikar desse temaa seg ut: arbeid med nytt læreplanverk, digitalisering, vurderingspraksis og fagområde.

12,5 mill. kroner blei nytta til fylkesmannens administrasjon av ordninga, 0,4 mill. kroner gjekk til administrasjon av ordninga i direktoratet, og 4,7 mill. kroner blei nytta til koordinering av arbeidet med ordninga og evalueringsarbeid med bistand frå OECD.

Nye karrierevegar for lærarar

Hausten 2019 var 1 053 lærarar i funksjon som lærarspesialistar innanfor elleve fag og fagområde. Hausten 2019 studerte totalt 446 lærarar ved ulike lærarspesialistutdanningar. 37,3 mill. kroner gjekk til piloteringa av spesialistfunksjonen. I tillegg kjem bidraget frå arbeidsgivarane på om lag tredjeparten av lønnskostnadene. 89,1 mill. kroner av den samla løyvinga gjekk til lærarspesialistutdanningane.

Yrkesfaglærarløftet

Studieåret 2019–20 kunne yrkesfaglærarar søke på 26 vidareutdanningstilbod ved åtte universitet og

høgskular. Tilboda kan både takast som reine vidareutdanningstilbod (med studiepoeng) eller som etterutdanning (utan studiepoeng). Totalt 411 yrkesfaglærarar fekk tilbod om å delta i 2019–20. Desentralisert ordning for yrkesfag blei etablert hausten 2019, og fleire nasjonale etterutdanningstiltak blei ein del av ordninga, inkludert hospiteringsordninga.

Rettleiing av nyutdanna lærarar

Universitet og høgskular kunne søke på midlar til mellom anna informasjonstiltak og nettverksarbeid mellom barnehage- og skuleeigarar og lærarutdanningsinstitusjonane, slik at fleire nyutdanna nyttilsette lærarar fekk rettleiing. Same formål har også fått midlar over kap. 231, post 21. Sjå også omtale av midlar løyvde over kap. 226, post 61 Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna nyttilsette lærarar, som blei oppretta i 2019.

Hausten 2018 blei Kunnskapsdepartementet og organisasjonar for barnehage, skule og høgare utdanning einige om eit sett av prinsipp og forpliktingar for rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i barnehage og skule. Dette er ein del av dei nasjonale rammene for rettleiinga av nyutdanna nyttilsette lærarar. I 2019 blei det sett i verk ei evaluering av oppfølginga av dette. Evalueringa skal også sjå på målt utvikling når det gjeld omfang og kvalitet av rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar. Sluttrapporten er venta tidleg i 2021.

I 2019 utvikla Utdanningsdirektoratet ein rettleiar om kjenneteikn på gode lokale rettleiingsordningar og laga nye rammer for vidareutdanningstilbod i rettleiing som starta opp hausten 2020.

Alle lykkast i opplæringa og utdanninga

I 2019 blei det brukt 498,2 mill. kroner til tiltak som støttar opp under målet om at alle lykkast i opplæringa og utdanninga.

Tabell 4.11 Oversikt over løyvingar til tiltak for å støtte målet om at alle lykkast

Tiltak	(i mill. kr) Rekneskap 2019
Digitaliseringsstrategien og Den teknologiske skulesekken	129,9
Fornyng av innhaldet i skulen og læreplanforvaltning	81,8
Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem	57,7
Oppfølgingsordninga, inkl. Rettleiarkorpset	43,6
Realfagsstrategien	41,2
Språk-, lese- og skrivestrategien, inkludert utvikling av skulebibliotek	32,8
Forsøk retta mot ungdom utanfor opplæring og arbeid	22,9
Tiltak retta mot fag- og yrkesopplæringa:	
Lokal rekruttering av lærebedrifter	19,8
Yrkesfaglærer 2 (lektor 2-ordninga for yrkesfag)	12,8
Yrkesfagleg fordjuping	11,0
Forsking på fag- og yrkesopplæringa	5,0
Tiltak for minoritetar, inkludert fleksibel opplæring	13,8
Lektor 2-ordninga for realfag	12,0
Den virtuelle matematikkskulen	5,7
Samiske tiltak	4,2
Den naturlege skulesekken	4,0
Sum	498,2

Digitaliseringsstrategien, inkludert Den teknologiske skulesekken

Bruk av Feide er ein nøkkelfaktor for å vareta informasjonstryggleik og personvern i grunnopplæringa ved auka deling av data mellom digitale læremiddel og andre tenester i sektoren. Vidare har Feide bidrege til å forenkle og forbetre administrasjonen av pålogging og digitale tenester og gjort det mogleg å tilby nye typar tenester for utdanningssektoren. Nær alle kommunar hadde ved utgangen av 2019 oppgradert til Feide 2.0. Eit fåtal fylkeskommunar står att. Det blei nytta totalt 14 mill. kroner i 2019 til vidareutvikling av Feide.

I perioden 2016–19 blei det gjennomført eit pilotprosjekt med programmering som valfag i

ungdomsskulen. I skuleåret 2019–20 blei forsøkslæreplanen vidareført i påvente av ny læreplan som del av fagfornyng. Faget er eit permanent tilbod frå august 20. I løpet av forsøksperioden har 148 skular frå 55 kommunar og sju friskular delteke i forsøket med programmering som valfag. Av desse har 31 kommunar og tre friskular fått økonomisk støtte.

Innanfor Den teknologiske skulesekken blei mellom anna satsinga Programmering i skulen forsterka. Vitensentera fekk 10 mill. kroner i tilskot i 2019. Målet er å gi over 100 000 elevar på mellomtrinnet og lærarane deira kompetanseheving i programmering i perioden 2018–21. Det blei også løyvd 20 mill. kroner til innkjøp av utstyr til bruk i programmering i undervisninga.

Dette var ei dobling frå 2018. 83 skuleeigarar, som også kunne dokumentere satsing på kompetanseutvikling i programmering, fekk eit slikt tilskot.

I 2019 blei det gjennom Den teknologiske skulesekken tildelt om lag 64 mill. kroner til innkjøp av digitale læremiddel. Ordninga skal stimulere kommunar og fylkeskommunar til innkjøp av digitale læremiddel. Tilskotsordninga varer frå 2019 til 2022. Tilskot blei utbetalt til 234 kommunar/fylkeskommunar etter søknad.

Fagfornyninga

I 2019 blei det brukt 49 mill. kroner til arbeidet med fagfornyninga. Midlane blei nytta til førebuinga av innføring av læreplanar, mellom anna den digitale læreplanvisninga og kompetansepakkar for å støtte forståing og bruk av læreplanverket. Det blei også tildelt midlar til fylkesmannens aktivitetar for å støtte førebuinga av fagfornyninga. I tillegg gjekk det midlar til utvikling av nye læreplanar for yrkesfag og studieførebuinge programfag i vidaregåande opplæring.

Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem for grunnskulelæringa

Kvalitetsvurderingssystemet består av eit kunnskapsgrunnlag basert på statistikk og undersøkingar som skulane har tilgang til, og digitale verkøy, rutinar og andre tiltak som skulane kan ta i bruk for å gjere sin eigen praksis betre.

Utdanningsdirektoratet har i 2019 sett i gang større evalueringar av lærarnorma, fagfornyninga og ny kompetansemodell.

Stortinget har bedt om ein gjennomgang av kvalitetsvurderingssystemet sett opp mot fagfornyninga, jf. omtale i del I, kap. 3, av oppmodingsvedtak nr. 886, stortingssesjonen 2017–2018. Dette vil bli følgt opp i samarbeid med referansegruppa for fagfornyninga, der organisasjonane i skulen er representerte.

Oppfølgingsordninga og rettleiarkorps

Oppfølgingsordninga blei etablert med bakgrunn i Meld. St. 21 (2016–2017) *Lærelyst – tidleg innsats og kvalitet i skolen*. Målet med ordninga er å gi støtte og rettleiing til kommunar som er under den nedre grensa for kvalitet på sentrale områder av opplæringa. Til saman 68 kommunar var i 2019 omfatta av ordninga. Rettleiarkorpsset er eit sentralt verkemiddel innanfor oppfølgingsordninga og blir nytta i 32 av kommunane. Dei resterande

kommunane møter utfordringane med nye eller allereie pågåande tiltak. Frå 2020 har 39 nye kommunar blitt identifiserte. Tiltaksperioden er for desse kommunane utvida frå to til tre år. Fylkesmannen følger opp alle kommunane som er med i ordninga.

Oppfølging av realfagsstrategien

Målet med *Tett på realfag – nasjonal strategi for realfag i barnehagen og grunnskulelæringa (2015–2019)* er at barn og unge skal bli betre i realfag. I 2019 blei det brukt om lag 41,2 mill. kroner til tiltaket over denne posten. Sjå også omtale under kap. 231, post 21.

Realfagskommunar er eit hovudtiltak i strategien. I 2019 var 49 kommunar med som realfagskommunar og har fått fagleg og økonomisk støtte for å drifte lokale nettverk i barnehage og skule. Dei utarbeider den lokale realfagsstrategien sin med utgangspunkt i lokale og nasjonale mål og utfordringar knytte til realfagsstrategien.

Realfagsløyper.no er eit anna hovudtiltak i strategien og eit verkøy for lokalt arbeid med didaktisk kompetanseutvikling i realfag i barnehagar og skular. I løpet av 2019 kom dei siste kompetansepakkane for barnehagar og skular, og realfagsløyper.no er ferdigutvikla.

I 2019 blei det avgjort at talentsenter for elevar med høgt læringspotensial i matematikk, naturfag og teknologi blir ei permanent ordning. Realfagsstrategien blir evaluert av NIFU, og delrapport 2, som kom i mars 2019, viser mellom anna at talentsentra fungerer særst godt.

Oppfølging av språkstrategien

Målet med *Språkløyper – nasjonal strategi for språk, lesing og skriving (2016–2019)* er at barn og elevar skal få betre ferdigheiter i språk, lesing og skriving. Den nasjonale strategien omfatta òg barnehage, med midlar frå kap. 231, post 21. I 2019 blei det nytta til saman 32,8 mill. kroner på strategien over kap. 226, post 21:

- 15,3 mill. til tiltaka språkkommunar, nettbaserte kompetanseutviklingspakkar og samlingar.
- 14 mill. kroner i tilskot til kommunar som vil utvikle skulebiblioteka for å stimulere til betre lesing, og sette i gang ei evaluering av tilskotsordninga.
- 3,5 mill. kroner i tilskot til private og frivillige organisasjonar for å tilby lesestimuleringstiltak i skulen.

I tillegg blei det nytta 11 mill. kroner over kap. 231, post 21. NIFU evaluerer den nasjonale strategien for språk, lesing og skriving.

Oppfølging av ungdom utanfor opplæring og arbeid

Målet med dette tilskotet til utvalde fylkeskommunar har vore å utarbeide fleksible løysingar for ungdom som står utanfor opplæring og arbeid, gjennom tiltak som kombinerer opplæring og arbeidstrening. Tiltaka har vore samarbeidsprosjekt med andre aktørar, til dømes kommunar, og dei skulle føre fram til kompetansegivande løp. 2019 var det siste året for ordninga. Prosjekta blir evaluerte, og Utdanningsdirektoratet skal rapportere til departementet innan utgangen av 2020.

Tiltak retta mot fag- og yrkesopplæringa

I tråd med samfunnskontrakten for flere læreplasar (2016–2020) blei det i 2019 gitt tilskot til fylkeskommunane for å styrke arbeidet med å rekruttere nye lærebedrifter lokalt gjennom oppsøkjande arbeid. Det blei òg utbetalt midlar til fylkeskommunane for å styrke samarbeidet mellom skular og bedrifter om faget yrkesfagleg fordjuing. Nokre av tiltaka er utsette til hausten 2020.

Yrkesfaglærer 2 (tidlegare lektor 2-ordninga for yrkesfag) skal bidra til å gjere opplæringa meir relevant for elevane ved å styrke samarbeidet mellom skular og arbeidsliv. Det blei òg brukt 5 mill. kroner til forskning på kva som gir fag- og yrkesopplæringa framifrå kvalitet.

Fleksibel opplæring

Gjennom utviklingsprosjektet *Fleksibel opplæring* fekk 300 minoritetsspråklege elevar tilbod om tospråkleg fagopplæring i matematikk og naturfag på 8. og 9. trinn på arabisk, somali og tigrinja. Tilbodet blei levert av NAFO ved OsloMet i perioden 2017–20. I tillegg til ungdomsskuleelevar har også elevar i innføringstilbod i vidaregåande opplæring, kombinasjonsklassar og vaksenopplæringa delteke. Det blei nytta 7,2 mill. kroner til *Fleksibel opplæring* i 2019.

Lektor 2 for realfag

Lektor 2 for realfag skal bidra til at skular og næringsliv knyter tettare band, og at næringslivets kompetanse kan nyttast i opplæringa. Lektor 2 for realfag skal òg bidra til auka relevans i opplæringa og auka rekruttering til realfaga. Skuleåret 2019–20 deltok 195 skular, der 48 deltok for første gong. 108 av deltakarane er ungdomsskular og 87 er vidaregåande skular.

Den virtuelle matematikkskulen

Frå 2011 til og med 2019 har Utdanningsdirektoratet gjennomført pilotprosjektet *Den virtuelle matematikkskulen* med ulike tilbod for fjernundervisning i matematikk. For skuleåret 2019–20 var det om lag 300 elevar på ungdomstrinnet som følgde teoretisk matematikk 1T frå vidaregåande trinn. Tilbodet blei levert av Nettskolen i Nordland og Nettskolen i Vestfold.

Samisk fjernundervisning

Det blei nytta 1,8 mill. kroner til fjernundervisning i sørsamisk, 1,1 mill. kroner til fjernundervisning i lulesamisk og 1,3 mill. kroner til fjernundervisning i nordsamisk.

Den naturlege skulesekken

Den naturlege skulesekken skal bidra til at skular får auka kompetanse i å undervise for berekraftig utvikling. Skular som deltek, får eit økonomisk tilskot og fagleg rettleiing i arbeidet med å utvikle og teste undervisningsopplegg for berekraftig utvikling.

Andre tiltak

I 2019 blei det brukt 83,2 mill. kroner til andre tiltak som støttar opp under målet for posten, jf. tabell 4.12.

Tabell 4.12 Andre tiltak

Tiltak	(i mill. kr) Rekneskap 2019
Forskning	39,8
Andre kvalitetsutviklingstiltak	8,0
Internasjonalt arbeid	2,2
Ny tilbudsstruktur i fagopplæringa	1,9
Skolekassa.no	1,5
Prøveutvikling (Udir og Kompetanse Noreg)	1,5
Oppdatering og drift av svømmedyktig.no	1,0
Fagleg råd for lærarutdanningane	0,7
Diverse (forvaltning av ulike utval m.m.)	26,6
Sum	83,2

Forskning

33,1 mill. kroner blei tildelt Noregs forskingsråd til forskingsprogrammet FINNUT, 4 mill. kroner blei tildelt doktorgradsstipend til forskning om anti-semittisme og gruppebaserte fordommar, og 2,7 mill. kroner blei tildelt Folkehelseinstituttet som delfinansiering for Mor, far og barn-undersøkinga.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 1 572 mill. kroner på posten til ulike tiltak for kvalitetsutvikling i grunnopplæringa. Departementet foreslår følgende flyttingar av midlar til og frå posten:

- 1 mill. kroner til Espeland fangeleir blir flytta frå kap. 258, post 21 fordi forvaltninga av tilskotet blir overført til Utdanningsdirektoratet frå Kompetanse Noreg.
- 3,5 mill. kroner blir flytte til kap. 258, post 21. Midlane går til tiltak for yrkesfag, inkludert Finn lærebedrift, og blir tildelt Kompetanse Noreg.
- 25 mill. kroner til kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis blir flytta frå kap. 230, post 01.

Nedanfor følger omtale av dei viktigaste prioriteringane innanfor løyvingforslaget. Departementet vil ved behov omdisponere midlar mellom dei ulike satsingane på posten.

Departementet foreslår ei tilsegnfullmakt på 35 mill. kroner på posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø

Departementet foreslår å løyve

- 35 mill. kroner til handhevingsordninga for mobbesaker
- 15,2 mill. kroner til gratis SFO for familiar med låg inntekt i utvalde kommunar
- 12,5 mill. kroner til Dembra, jf. meir omtale i del III, kap. 8 Likestilling og arbeid mot diskriminering
- 10 mill. kroner til ordninga med fylkesvise eller regionale mobbeombod og fagleg oppfølging av omboda. Departementet vil delfinansiere ordninga ut 2021 og vurdere den vidare finansieringa og innretninga i lys av evalueringa av ordninga, sjå nærare omtale i kategoriinnleiinga
- 5 mill. kroner til eit nasjonalt læringstilbod om 22. juli. Det europeiske Wergelandsenteret er mottakar av tilskotet.
- 0,5 mill. kroner til støttegruppa etter 22. juli

Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt

Tiltak for å redusere tapt progresjon i skulen for sårbarare elevar

I samband med behandlinga av Prop. 117 S (2019–2020) løyvde Stortinget midlar til tiltak for å redu-

sere tapt progresjon i skulen for sårbare elevar i samband med covid-19-utbrotet. For nokre elevar kan nedstenginga ha langvarige konsekvensar. Det kan også vere nødvendig med forsterka tiltak ved nye periodar med nedstenging eller forsterka smitteverntiltak. Departementet foreslår derfor at løyvinga blir vidareført med 170 mill. kroner i 2021.

Oppfølginga av Tett på-meldinga

Departementet vil setje av midlar på posten til arbeidet med oppfølging av Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Departementet foreslår å løyve 50 mill. kroner i 2021 for eit kompetanseløft i spesialpedagogikk og inkluderande praksis i barnehage, skule, PPT og eventuelt andre tenester.

Andre tiltak

Departementet foreslår vidare å løyve

- 12,6 mill. kroner til strategiplan og talentsenter for realfag
- 10 mill. kroner til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar. Alle elevar som ikkje kan symje eller har hatt moglegheit til å delta i symjeundervisninga, kan omfattast av ordninga
- 10 mill. kroner til områdesatsinga i Groruddalen og 0,5 mill. kroner til områdesatsinga i Oslo sør. For samla omtale av midlar over Kunnskapsdepartementets budsjett til dei statlege områdesatsingane, sjå programkategori 07.90 Integrering og mangfald

Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse

Desentralisert ordning for kompetanseutvikling

Departementet foreslår for 2021 å bruke om lag 260 mill. kroner til den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling. Det er 30 mill. kroner meir enn i 2020. Ordninga gjeld både kommunar og fylkeskommunar. Nye retningslinjer for ordninga blir fastsette av departementet hausten 2020 etter omfattande høyring i sektoren.

Karriereveggar for lærarar

Departementet foreslår å bruke til saman 229 mill. kroner i 2021 til satsinga på karriereveggar for lærarar som ønsker profesjonell utvikling. Av desse midlane skal 213 mill. kroner gå over kap. 226, post 21 og 16 mill. kroner over kap. 226, post 22. Løyvinga gir rom for å auke talet på lærarspesialistar frå 1 500 i 2020 til 2 300 hausten 2021.

Andre tiltak

Departementet foreslår vidare å løyve

- 100 mill. kroner til å gjennomføre kompetanseutvikling innanfor strategien Yrkesfaglærarløftet. Det er ein auke på 10 mill. kroner.
- 9 mill. kroner til å vidareføre lektor-2-ordninga for realfag
- 7 mill. kroner til stimuleringsmidlar til rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i barnehage og skule som universitet og høgskular kan søke på

Alle lykkast i opplæringa og utdanninga

Fagfornyninga i grunnopplæringa

Departementet foreslår ei løyving på 100 mill. kroner til læremiddel i kommunane. Vidare foreslår departementet å løyve 15 mill. kroner til læremiddel der det ikkje er kommersielt grunnlag for utvikling. Departementet foreslår også at 15 mill. kroner blir tildelt Sametinget, og at desse midlane kjem i tillegg til andre midlar Sametinget nyttar til læremiddel, under dette omsetjing, tilpassing og utvikling av digitale læremiddel på samisk. Vidare vil Utdanningsdirektoratet følge opp implementeringa av fagfornyninga med midlar til læreplanforvaltning og vidareutvikling av undervegs- og sluttvurdering.

Den teknologiske skulesekken

Departementet foreslår å løyve til saman om lag 95 mill. kroner i 2021 til satsinga Den teknologiske skulesekken. Dette inkluderer 50 mill. kroner til ei tilskotsordning for innkjøp av digitale læremiddel. Målet med tilskotsordninga er å gi elevar og lærarar betre tilgang til eit mangfald av digitale læremiddel av høg kvalitet til fagfornyninga, og det må sjåast i samanheng med satsinga på læremiddel til fagfornyninga og tilskotet til omsetjing, tilpassing og utvikling av digitale læremiddel på samisk. I tillegg vil arbeidet med Feide i grunnopplæringa halde fram i 2021. Tilskotet til vitensentera til programmering i grunnopplæringa blir ført vidare med 10 mill. kroner. Tilskot til utstyr til skuleeigarar som prioriterer vidareutdanning og kompetanseheving innanfor programmering, vil òg bli ført vidare med opptil 15 mill. kroner.

Nettbasert opplæring

Departementet foreslår å løyve til saman 14 mill. kroner til satsinga på nettbasert opplæring og Fleksibel opplæring. Utdanningsdirekto-

ratet har oppretta Digilær.no, ei permanent plattform for nettbasert undervisning som fellesløyving for sektoren. Gjennom plattformen skal elevar på ungdomstrinnet som ønsker større utfordringar i matematikk, kunne nytte det nettbaserte tilbodet Forsering matematikk 1T (tidlegare Den virtuelle matematikkskulen). Plattformen skal også nyttast til ordninga Fleksibel opplæring. Etter evalueringa av utviklingsprosjektet Fleksibel opplæring i 2019 vidarefører regjeringa tilbodet som ei permanent ordning frå hausten 2020.

Tiltak i kommunar for betre overgang til digital undervisning

Våren 2020 løyvde Stortinget 80 mill. kroner til tiltak i kommunar, fylkeskommunar og friskular som har utfordringar med overgangen til digital undervisning i samband med covid-19-pandemien. Departementet foreslår å vidareføre løyvinga i 2021. Midlane skal nyttast både til å handtere behov ved nye periodar med stenging eller redusert skuletilbod og til å vidareføre arbeidet med å utjamne forskjellar mellom kommunar når det gjeld digital undervisning. Dette vil vere ulike former for støtte til kommunar og friskular, og kan inkludere midlar til digital infrastruktur, fellesløyvingar og kompetansetiltak. I ein skilde kommunar og fylkeskommunar er også forskjellar i levekår ei utfordring for god heimeundervisning. Midlane vil i 2021 òg støtte opp om mål i digitaliseringsstrategien og innføringa av fagfornyninga.

Tiltak retta mot fag- og yrkesopplæringa

Departementet vil i 2021 nytte 25 mill. kroner til eit forsøk med ulike ordningar for å stimulere til investeringar i utstyr på yrkesfag. Målet er å få betre kunnskap om kva for modellar for finansiering av utstyr som fører til finansiering frå fylkeskommunane. Forsøket blei starta i 2020 og har ei totalramme på 50 mill. kroner. Av dette skal 5 mill. kroner nyttast til forskning i samband med forsøket.

I tillegg foreslår departementet å vidareføre 10 mill. kroner til Yrkesfaglærer 2-ordninga og 5 mill. kroner til forskning på kva som gir fag- og yrkesopplæringa framifrå kvalitet.

Departementet vil setje av midlar til å utvikle eit nasjonalt lærlingstorg. Det vidare arbeidet med torget er avhengig av ei utgreiing som Kompetanse Noreg og Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å gjere.

Forskning og evaluering og internasjonale undersøkingar

Departementet vil setje av midlar på posten til arbeidet med å utvikle Skuleporten, brukarundersøkingar, statistikk og indikatorar og deltaking i internasjonale undersøkingar. Det vil òg bli sett av midlar til forskning og evaluering i grunnopplæringa, inkludert kartleggingar, evalueringar og forskingsbaserte analysar av statlege tiltak som er under utprøving eller har starta opp.

Våren 2020 blei det løyvde store beløp til tilskot for å auke fullføringa av vidaregåande opplæring, jf. omtale i del III, Konsekvensar av covid-19-pandemien. Tiltaka skal motverke konsekvensane av utbrotet av covid-19. Det er starta eit forskingsprosjektet som skal vurdere effektane av desse tiltaka. Departementet vil setje av midlar til dette forskingsprosjektet i 2021.

Departementet foreslår å løyve 1 mill. kroner til eit samarbeid med Kommunal- og moderniseringsdepartementet om ei «regulatorisk sandkasse» for kunstig intelligens og personvern, dette er ei ordning for utprøving av nye idear for fastsetjing av regelverk, til dømes når det gjeld samanhengande digitale tenester. Midlane kan mellom anna fremje prosjekt om læringsanalyse og adaptive læremiddel.

Andre tiltak

Departementet foreslår vidare å løyve

- 43 mill. kroner til oppfølgingsordninga, inkludert rettleiarkorpset for kommunar som hamnar under ei nedre grense for kvalitet i skulen. Kommunane skal få tilbod om støtte og rettleiing, tilpassa dei lokale utfordringane. Tiltaket blir ført vidare i 2021 på om lag same nivå som i 2020.
- 14,5 mill. kroner til tiltak for lesestimulering og folke- og skulebibliotek.
- 10 mill. kroner til den fylkeskommunale oppfølgingstenesta for ungdom utanfor opplæring og arbeid. Tilskotet blei i 2020 utbetalt til oppfølgingstenesta som ein del av Utdanningsløftet 2020.
- 2,5 mill. kroner til prosjektet Venneslabroa, som er eit prosjekt der Vennesla vidaregåande skole utviklar nye tiltak for å få ungdom gjennom skuleløpet.
- 1 mill. kroner til Eidsvoll 1814 og demokrati-nettstaden Min Stemme. Løyvinga må sjåast i samanheng med fagfornyninga.
- 1 mill. kroner til Espeland fangeleir.

- 1 mill. kroner i tilskot til stiftinga Gestapomuseet i Bergen. Tilskotet skal legge til rette for skulebesøk og koordinering av kontakt med skular.

Post 22 Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar

Løyvinga finansierer regjeringa si satsing på vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar, jf. *Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning for lærere og skoleledere frem mot 2025*. I strategiperioden er engelsk, matematikk, norsk, norsk teiknspråk og samisk prioriterte fag i vidareutdanningsordninga for lærarar. Dette er i samsvar med krava til formell kompetanse for å undervise i desse faga.

Løyvinga finansierer også rektorutdanning, modulbasert vidareutdanning for skuleleiarar, vidareutdanning for rettleiing av nyutdanna lærarar og lærarspesialistutdanningane. For tilsette i skulen som manglar lærarutdanning, er det stipendordningar for 2-årig praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag (PPU-Y) og 3-årig yrkesfaglærerutdanning (YFL). Staten har også finansiert stipendmidlar for at skuleeigarar kan rekruttere personar utanfrå som ønsker å ta ei yrkesfaglærerutdanning for å jobbe i skulen.

Mål for 2021

Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar og kvalifisering av lærarar skal bidra til god fagleg og pedagogisk kvalitet i grunnopplæringa. Dette skal føre til at elevane lærer meir.

Resultat i 2019

Vidareutdanning for lærarar

I 2019 blei det brukt over 1,4 mrd. kroner til vidareutdanning for lærarar gjennom strategien Kompetanse for kvalitet. I skuleåret 2019–20 blei det gitt tilbod om vidareutdanning til 6 842 lærarar. Ei evaluering viser at lærarar som har teke vidareutdanning, meiner at elevane deira lærer meir, og at dei sjølve har blitt meir engasjerte og betre til å undervise.

Rektorutdanninga og vidareutdanning for skuleleiarar

Rundt 74 mill. kroner gjekk til rektorutdanninga og modulbasert vidareutdanning for skuleleiarar. I 2019 begynte om lag 450 på rektorutdanninga og

om lag 440 på den modulbaserte vidareutdanninga for skuleleiarar. Evalueringa av rektorutdanninga viser at deltakarane er svært nøgde med tilbodet. Dei opplever at utdanninga har høg kvalitet, og at dei blir meir bevisste på sin eigen lei-arpraksis og dermed tryggare leiarar.

Stipendordning for tilsette som manglar lærarutdanning, og til rekruttering av personar utanfor skulen

84,8 mill. kroner gjekk til kompetansetiltak for ikkje-kvalifisert undervisningspersonell i 2019. Det blei utbetalt 671 nye stipend til personar for studiar på PPU, PPU-Y og YFL. Av desse gjekk 112 stipend til å rekruttere personar utanfor skulen. Det blei også utbetalt den andre halvparten av stipenda til deltakarane frå stipendordninga i 2016 og 2017 etter fullførte studium.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 1 601 mill. kroner på posten. Løyvinga gir mellom anna rom for å tilby vidareutdanning til om lag 6 300 lærarar hausten 2021 innanfor ordninga med Kompetanse for kvalitet. Departementet forventar at kapasiteten vil vere god nok til å gi tilbod til alle som ønsker vidareutdanning i matematikk, norsk, engelsk, norsk teiknspråk og samisk.

Utdanningsdirektoratet har ansvaret for å finansiere studieplassar i vidareutdanning i rettleiing av nyutdanna lærarar. Dette er ein del av dei nasjonale rammene for rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar. I løyvingsforslaget er det derfor teke omsyn til heilårseffekten av studieplassar i rettleiarutdanning for dei som skal rettleie nyutdanna lærarar. For nærare omtale, sjå programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning, kap. 260, post 50.

Som følge av dei stipendordningane som blir finansierte av løyvinga på posten, der delar av stipendet først blir utbetalte når vidareutdanninga er fullført, er det behov for ei tilsegnsmakt på 237 mill. kroner knytt til posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga skal finansiere innkjøp av eit nytt digitalt system for gjennomføring av prøvar og eksamenar, jf. omtale i kategoriinnleiinga. Satsinga held på i treårsperioden 2019–21.

Mål for 2021

Målet med løyvinga er å gi elevane og eksamen-skandidatane ei intuitiv og brukarvennleg teneste der dei kan få vist kompetansen sin på fleire måtar enn i dag. Tenesta skal vareta nye krav til universell utforming. Løysinga skal bidra til at alle prøvar og eksamenar kan utviklast og gjennomførast i ei ny, felles digital løysing. Dette vil mellom anna gjelde kartleggingsprøvar på 1.–3. trinn.

Resultat i 2019

Hovudprosjektet for å kjøpe inn og ta i bruk eit nytt digitalt system blei starta opp i 2019. Kontrakt med leverandør blei underteikna og arbeidet med å setje opp og ta i bruk løysinga blei sett i gang. Prosjektet er i rute, men med nokre faseforskyvingar på grunn av endringar i prøvar og eksamenar etter fagfornyinga.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 35,8 mill. kroner på posten. 2021 er siste året for satsinga, og løyvinga blir derfor trappa ned i 2021.

Digitalt system for gjennomføring av prøvar og eksamenar vil gi ei årleg nettoinnsparing for kommunar og fylkeskommunar. Det blir derfor trekt ut 7,4 og 0,8 mill. kroner i 2021 frå høvesvis rammetilskot til kommunane over kap. 571, post 60 og rammetilskot til fylkeskommunane over kap. 572, post 60.

Post 60 Forsking på tiltak for å betre kvaliteten i barnehagen og grunnopplæringa

Løyvinga blei for 2020 flytta til kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag, post 21 Særskilde driftsutgifter. Sjå der for mål og budsjettforslag for 2021.

Resultat i 2019

Til og med 2018 var namnet på posten Tilskot til forskning på tiltak for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Målet var å få meir forskingsbasert kunnskap om kva for tiltak som bidreg til at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring. Tilskotet finansierte forskning som inngjekk i satsinga Program for bedre gjennomføring i vidaregåande opplæring for fireårsperioden 2016–19.

Frå 2019 blei namnet på budsjettposten endra og tilskotet skulle i tillegg finansiere forskingspro-

sjekt som måler effekten av tiltak for auka kvalitet i barnehage og skule. Forskringsrådet fekk i oppdrag å lyse ut desse midlane.

Forskinga som blei finansiert av løyvinga, inngår i innovasjonsordninga, jf. omtale av denne i Meld. St. 21 (2016–2017) *Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen*.

Desse forskingsinstitusjonane og fylkeskommunane inngjekk i forskingsprosjekta i Program for bedre gjennomføring av vidaregåande opplæring:

- Senter for økonomisk forskning (SØF) i samarbeid med fylkeskommunane Nordland, Rogaland, Trøndelag og Vest-Agder
- Statistisk sentralbyrå i samarbeid med Oslo kommune
- Universitetet i Bergen i samarbeid med Voksne for Barn og fylkeskommunane Hordaland, Nordland, Troms og Sogn og Fjordane
- OsloMet – storbyuniversitetet i samarbeid med fylkeskommunane Hedmark, Oppland, Trøndelag, Aust-Agder og Akershus

Post 61 Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna lærarar

Målgruppa for tilskotet er nyutdanna nyttilsette lærarar i grunnskulen. Kommunar og friskular som gir rettleiing til nyutdanna nyttilsette lærarar i grunnskulen, kan søke om tilskot til å planlegge og gjennomføre sjølve rettleiinga. Tilskotet skal brukast til direkte kostadar til rettleiinga. Tilskotet skal også dekke evalueringa som Rambøll gjennomfører om rettleiinga av nyutdanna nyttilsette lærarar, inkludert bruken av tilskotet.

Mål for 2021

Målet med løyvinga er både å bidra til at skuleeigarane varetek ansvaret sitt for å ha rettleiingsordningar lokalt, og å styrke rettleiinga til den einskilde nyutdanna nyttilsette læraren. Målet med rettleiinga er at fleire nyutdanna nyttilsette lærarar får ein god overgang frå utdanninga til yrket, og at dei dermed blir verande i skulen.

Resultat i 2019

I 2019 blei det innvilga 226 søknader som omfatta til saman 2 137 nyutdanna nyttilsette lærarar. 182 kommunar fekk tilskot for 2 051 lærarar, medan 44 friskular fekk tilskot for 86 lærarar. Satsen per lærar blei om lag 28 000 kroner.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 61,9 mill. kroner på posten i 2021.

Post 63 Forsking på effektane av auka lærartettleik

Namnet på posten var for budsjettåret 2019 «Tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1.–10. trinn». Frå 2020 blei namnet endra til «Forsking på effektane av auka lærartettleik», fordi det i 2020 berre var midlar til forsking, ikkje til auka lærartettleik.

Skuleåret 2019–20 var det siste året som blei omfatta av forskingsprosjektet LÆREEFFEKT, og tilskotet blir derfor ikkje vidareført i 2021. Forskingsprosjektet LÆREEFFEKT har omfatta 228 offentlege skular i 62 kommunar. Prosjektet starta opp hausten 2016. Prosjektet blir administrert av Forskingsrådet og gjennomført av Universitetet i Stavanger og Nordisk institutt for studier av innovasjon, forsking og utdanning (NIFU). Målet med prosjektet er å utvikle kunnskap om effektane av ulike ordningar med fleire lærarar i småskulen. Resultata frå prosjektet vil komme i 2021.

Resultat i 2019

Det blei nytta 1,8 mrd. kroner på posten i 2019. Om lag 12 mill. kroner blei nytta til å finansiere forskingsprosjektet LÆREEFFEKT. Resten av midlane på posten blei nytta til å finansiere lærarårsværk i kommunane, også på skulane som deltok i forskingsprosjektet. For nærare omtale av auka lærartettleik, sjå kapittel 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa.

Post 64 Programfinansiering av 0–24-samarbeidet

Posten blei oppretta i 2020 og skal finansiere ein treårig pilot for perioden 2020–22, jf. omtale av 0–24-samarbeidet i kategoriinnleiinga for 07.20 Grunnopplæringa. Arbeids- og sosialdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Barne- og familiedepartementet bidrog med midlar som blei rammeoverførte til posten i 2020.

Mål for 2021

Målet med piloten er å prøve ut om programfinansiering er eit effektivt verkemiddel for å gi betre samordna tenester til utsette barn og unge i alderen 0–24 år og familiane deira. Programfinansier-

inga går ut på å slå saman delar av eksisterande tilskotsordningar retta mot utsette barn og unge i ein pott som kommunane kan søke om midlar frå. På denne måten kan midlane bli betre tilpassa lokale behov.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 40,5 mill. kroner på posten.

Post 71 Tilskot til vitensenter

Eit vitensenter er eit lærings- og opplevingssenter for teknologi, naturvitskap og matematikk der besøkande lærer ved å eksperimentere. Vitensentera er eit viktig verkemiddel for auka kunnskap i teknologi og realfag og bidreg til å skape interesse for og rekruttering til eit kompetanseområde Noreg treng. Sentera fungerer som ei støtte og gir verktøy til skulane og lærarane i opplæringa og bidreg til å følge opp nasjonale strategiar. Tilbodet er basert på læreplanar i realfag. Hausten 2020 er det tolv vitensenter i Vitensenterprogrammet i Forskingsrådet:

- Jærmuseet – Rogaland
- Nordnorsk vitensenter – Tromsø
- Vitensenteret i Oslo v/Norsk Teknisk Museum
- Vilvite – Bergen
- Vitenlaben – Grenland
- Vitensenteret i Trondheim
- Vitensenteret Innlandet – Gjøvik
- Inspira Science Center – Østfold
- Sørlandet vitensenter – Arendal og Kristiansand
- Vitenparken Campus Ås
- Atlanterhavsparken – Ålesund
- Vitensenter Nordland – Mo i Rana

Mål for 2021

Målet med tilskotet er å auke interessa for teknologi og realfag.

Resultat i 2019

I 2019 fekk tolv regionale vitensenter midlar frå denne posten. I 2019 var det samla talet på besøkande 921 000. Dette er 86 000 fleire enn året før. Vitensentera leverte i 2019 undervisning til 228 000 elevar og lærarar. Dette er 23 000 fleire enn året før. Tala omfattar ikkje Atlanterhavsparken og Vitensenter Nordland, som fekk midlar på posten for første gong hausten 2019. Ifølgje læra-

rane er vitensentera eit viktig supplement til undervisninga i realfag.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 85,4 mill. kroner på posten.

Kap. 227 Tilskot til særskilde skular

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
63	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar	40 181	41 467	42 752
78	Tilskot	166 244	177 354	186 434
	Sum kap. 0227	206 425	218 821	229 186

Post 63 blir nytta når midlane går til kommunar og fylkeskommunar, medan post 78 blir nytta til tilskot til aktørar som ikkje er offentlege.

Post 63 Tilskot til kommunar og fylkeskommunar

Mål for 2021

Målet med løyvinga er å støtte offentlege skular som ikkje har lovheimla rett til tilskot, men som departementet likevel ønsker å støtte fordi verksemda ved skulane dekkjer viktige behov.

Tilskot til Murmanskskolen

Tilskotet går til Troms fylkeskommune og skal nyttast til drift av norskrussisk vidaregåande skule i Murmansk (Murmanskskolen). Skulen gir tilbod om tilpassa studieførebuande Vg3 til norske elevar.

Tilskot til vaksenopplæring i Sandefjord kommune

Stiftelsen Signo har ein institusjon og ein skule for døvblinde og døve med tilleggsfunksjonshemmingar i Sandefjord kommune. Kommunen er etter opplæringslova ansvarleg for å finansiere vaksenopplæring. Tilskotet skal bidra til å dekke meirutgifter Sandefjord kommune har som følge av ansvaret for å gi vaksenopplæring til bebuarar ved Stiftelsen Signo.

Tilskot til Fjellheimen leirskule

Tilskotsmottakar er Engerdal kommune, og tilskotet skal nyttast til drift av Fjellheimen leirskule. Fjellheimen leirskule er ein leirskule for

barn, unge og vaksne med psykisk utviklingshemming eller lærevanskar. Leirskulen finansierer drifta ved statstilskot, betaling frå elevane/deltakarane og medverknad frå Engerdal kommune, som eig og driv Fjellheimen leirskule.

Tilskot til dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv

Tilskotet finansierer drift av dei kommunale samekulane i Snåsa og Målselv med tilhøyrande internat. Skulen i Snåsa gir opplæring på sørsamisk, medan skulen i Målselv gir opplæring på nordsamisk. Skulane har heile landet som opptaksområde.

Resultat i 2019

Tilskot til Murmanskskolen

Hausten 2019 var det ti elevar frå Noreg som starta på Vg3 ved Murmanskskolen. Dette er like mange som året før. Sju elevar fullførte skuleåret.

Tilskot til vaksenopplæring i Sandefjord kommune

Tilskotet kommunen fekk i 2019, gjekk til kjøp av vaksenopplæringstenester frå stiftelsen Signo. Totalt 28 elevar fekk opplæring i 2019.

Tilskot til Fjellheimen leirskule

Skulen kan ta inn opptil 1 000 deltakarar kvart år. I 2019 var det 867 deltakarar. Dette er ein nedgang samanlikna med året før, då 873 personar fekk eit opphald ved skulen.

Tilskot til dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv

Sameskulen i Snåsa hadde 18 elevar hausten 2019. Det er like mange som året før. I tillegg fekk seks elevar ved Snåsa ungdomsskule undervisning ved sameskulen. Ti elevar fekk fjernundervisning, mot sju året før. Sameskulen i Målselv hadde 25 elevar hausten 2019, mot 19 elevar året før. I tillegg fekk 13 elevar fjernundervisning. Det er seks fleire enn året før.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 42,8 mill. kroner på posten. Tabell 4.13 viser forslag til fordeling av tilskotet.

Tabell 4.13 Fordeling av tilskot på kap. 227, post 63

	(i 1 000 kr)
Tilskotsmottakar	Tilskot 2021
Murmanskolen	2 585
Vaksenopplæring i Sandefjord kommune	5 874
Fjellheimen leirskule	6 998
Dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv	27 295
Sum	42 752

Post 78 Tilskot

Mål for 2021

Målet med løyvinga er å støtte private verksemder som ikkje har lovheimla rett til tilskot, men som departementet likevel ønsker å støtte fordi verksemda ved skulane dekkjer viktige behov.

Tilskot til Den franske skolen i Oslo

Noreg har inngått ein avtale med Frankrike som forpliktar Noreg til å gi eit årleg tilskot til Den franske skolen i Oslo, mot at Frankrike legg til rette for opplæring av lærlingar frå Noreg i Frankrike. På skulen går det elevar frå Frankrike og Noreg i tillegg til elevar frå mange andre land. Tilskotet skal styrke samarbeidet med Frankrike og stillinga til det franske språket i Noreg.

Tilskot til internatdrifta ved Krokeide videregående skole

Krokeide videregående skole AS er godkjend etter friskulelova § 2-1 bokstav f for å tilby særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma elevar. Skulen gir eit landsdekkande tilbod som er godkjent for 220 elevar, og har plass til drygt 115 elevar på internatet. Tilskotet skal bidra til drifta av internatet ved Krokeide videregående skole og det sosialmedisinske hjelpeapparatet ved skulen, slik at skulen kan tilby yrkesretta vidaregåande opplæring for personar med fysiske eller psykiske utfordringar.

Tilskot til Røde Kors Nordisk United World College

United World Colleges (UWC) er ein internasjonal organisasjon som arbeider for å fremje fred og forståing gjennom utdanning. Det er i alt 18 UWC-skular i 18 land. Tilskotet går til Røde Kors Nordisk United World College i Fjaler i Sogn og Fjordane (RKNUWC). Skulen fører elevane fram til ein International Baccalaureate (IB)-eksamen.

Tilskot til Signo grunn- og videregående skole og Briskeby videregående skole

Målgruppene til Signo grunn- og videregående skole er døvblinde og døve elevar med tilleggsfunksjonshemmingar, medan målgruppa til Briskeby videregående skole er høyrselshemma elevar. Tilskotet skal bidra til at skulane kan halde fram med drifta på om lag same nivå som før dei blei godkjende som frittstående skular frå skuleåret 2012–2013. Tilskotet skal òg bidra til å dekke heimreisekostnader for elevane ved skulane og drift av internatet ved Signo grunn- og videregående skole.

Tilskot til opplæring i rusinstitusjonar

Tilskotet skal finansiere opplæringstilbodet som rusinstitusjonane Tyrilistiftelsen og Stiftelsen Fossumkollektivet har i Viken og Innlandet. Tilskotet skal dekke kostnader til opplæring som ligg utanfor ramma av opplæringslova, og som derfor ikkje ligg under ansvaret til fylkeskommunane.

Tilskot til Lycée International de Saint-Germain-en-Laye

Tilskotet skal medverke til at det blir gitt grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring til norske elevar ved den norske seksjonen ved skulen, i dei faga seksjonen tilbyr.

Tilskot til internatdrifta ved Feiring videregående skole
Feiring videregående skole AS er godkjend etter friskulelova § 2-1 bokstav f for å tilby særskilt tilrettelagd opplæring for funksjonshemma elevar. Skulen gir eit landsdekkande tilbod som er godkjent for 192 elevar. Tilskotet skal bidra til drifta av internatet ved Feiring videregående skole og det sosialmedisinske hjelpeapparatet ved skulen, slik at skulen kan tilby yrkesretta vidaregåande opplæring for personar med fysiske eller psykiske utfordringar.

Resultat i 2019

Tilskot til Den franske skolen i Oslo

I skuleåret 2019–20 hadde Den franske skolen i Oslo 268 elevar på barnetrinnet, 180 elevar på ungdomstrinnet og 81 elevar i vidaregåande opplæring. Totalt hadde skulen 529 elevar, mot 486 elevar i skuleåret 2018–19.

Tilskot til internatdrifta ved Krokeide vidaregåande skole

I 2019 var det 106 elevar på internatet om våren og 99 elevar om hausten. I 2018 var det til samanlikning 104 elevar om våren og 113 elevar om hausten ved internatet. Skulen er godkjend for 220 elevar og har plass til 115 elevar på internatet. Utnyttinga av kapasiteten til internatet er derfor god.

Tilskot til Røde Kors Nordisk United World College

I skuleåret 2019–20 hadde RKNUWC 200 elevar frå 86 land. 68 av elevane kom frå nordiske land. Elevtalet og fordelinga mellom kva regionar elevane kjem frå, har vore relativt stabile i dei siste åra.

Tabell 4.14 Fordeling av tilskot på kap. 227, post 78

	(i 1 000 kr)
Tilskotsmottakar	Tilskot 2021
Den franske skolen i Oslo	32 606
Internatdrifta ved Krokeide vidaregåande skole	29 187
Røde Kors Nordisk United World College	39 981
Signo grunn- og vidaregåande skole og Briskeby vidaregåande skole	49 666
Opplæring i rusinstitusjonar	12 238
Lycée International de Saint-Germain-en-Laye	5 356
Internatdrifta ved Feiring vidaregåande skole	17 400
Sum	186 434

Tilskot til Signo grunn- og vidaregåande skole og Briskeby vidaregåande skole

Signo fekk i 2019 tilskot for tolv elevar på grunnskulenivå og 19 heiltidselevar på vidaregåande nivå om våren. Om hausten var det elleve elevar på grunnskulenivå og 18 heiltidselevar på vidaregåande. Tilskotet til Briskeby blei utbetalt for 36 heiltids- og 13 deltidsselevar på vidaregåande nivå våren 2019 og 37 heiltids- og 14 deltidsselevar på vidaregåande nivå om hausten. Elevtalet ved dei to skulane har vore relativt stabilt i dei siste skuleåra og ligg på eit høgt nivå i høve til det elevtalet skulane er godkjende for.

Tilskot til opplæring i rusinstitusjonar

Fossumkollektivet hadde i 2019 77 elevar ved skuleavdelingane i Viken og 27 elevar ved dei to avdelingane i Innlandet. Ved dei to verksemdene Tyristiftelsen har i Innlandet, har 89 bebuarar hatt eit opplæringstilbod i regi av Frankmotunet, og 91 bebuarar har delteke på ulike skuletilbod i Lillehammer.

Tilskot til Lycée International de Saint-Germain-en-Laye

Hausten 2019 var det 20 elevar på barnetrinnet, ni elevar på ungdomstrinnet og elleve elevar i vidaregåande skule som fekk opplæring i den norske seksjonen ved skulen.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 186,4 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 8,7 mill. kroner til heilårseffekten av internattilskotet til Feiring vidaregåande skole. Tabell 4.14 viser forslag til fordelinga av tilskotet.

Kap. 228 Tilskot til frittstående skular o.a.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
70	Frittstående grunnskular, <i>overslagsløyving</i>	2 771 821	2 875 033	3 154 601
71	Frittstående vidaregåande skular, <i>overslagsløyving</i>	1 635 623	1 678 612	1 718 569
72	Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, <i>overslagsløyving</i>	156 480	169 916	161 878
73	Frittstående grunnskular i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	113 394	124 389	128 845
74	Frittstående vidaregåande skular i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	20 397	23 235	22 133
75	Frittstående skular for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i>	338 772	347 299	365 466
76	Andre frittstående skular, <i>overslagsløyving</i>	42 571	41 071	42 046
77	Den tysk-norske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i>	27 636	28 288	30 104
78	Kompletterande undervisning	24 595	24 004	24 772
79	Toppidrett	47 533	48 808	56 903
81	Elevutveksling til utlandet	2 056	2 122	2 190
82	Kapital- og husleigetilskot til friskular	64 158	66 218	83 337
84	Redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga			3 000
	Sum kap. 0228	5 245 036	5 428 995	5 793 844

Lov av 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skolar (friskulelova) skal medverke til at det kan bli oppretta og drive frittstående skular i Noreg, slik at foreldre og elevar kan velje andre skular enn dei offentlege, jf. menneskerettslova § 2 nr. 2.

Løyvingane over kap. 228 går til tilskot til frittstående skular som er godkjende etter friskulelova. Tilskotet oppfyller dei finansielle pliktene staten har overfor frittstående skular som er godkjende etter lova. I tillegg blir det over dette kapitlet gitt tilskot til kompletterande undervisning, jf. friskulelova § 6-4, Den tysk-norske skolen i Oslo, toppidrett og elevutveksling i utlandet.

Satsane for tilskot til dei fleste frittstående skulane bygger på dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege skulen, jf. friskulelova kap. 6.

Mål for 2021

Målet med tilskotsordningane er å medverke til at det kan bli oppretta og drifta friskular etter friskulelova.

Resultat i 2019

Tabell 4.15 viser endringar i talet på elevar og frittstående skular som fekk tilskot over post 70–76, frå skuleåret 2017–18 til skuleåret 2019–20. For grunnskulen gjeld tala frå elevteljinga 1. oktober. For vidaregåande skule gjeld gjennomsnittet av talet på elevar frå elevteljingane 1. oktober og 1. april.

Tabell 4.15 Friskular, tal på skular og elevar

Post	Skuletype	Skular			Elevar		
		2017–18	2018–19	2019-20	2017–18	2018–19	2019–20
70	Grunnskular	228	237	249	21 616	23 270	24 993
71	Vidaregåande skular	79	79	81	13 807	13 628	13 680
72	Frittstående skular godkjende etter kap. 4 i vaksenopplæringslova	29	30	29	1 373	1 383	1 265
73	Grunnskular i utlandet	9	9	9	748	741	765
74	Vidaregåande skular i utlandet	3	3	3	131	153	138
75	Skular for funksjonshemma elevar	16	16	15	819	857	869
76	Andre frittstående skular	2	2	1	178	178	119
	Sum	366	376	387	38 672	40 210	41 829

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Hausten 2019 gjekk 3,9 pst. av grunnskuleelevene i frittstående skular, mot 3,7 pst. året før. Hausten 2019 gjekk 7,3 pst. av elevane i vidaregåande opplæring i frittstående skular mot 7,2 pst. i 2018. I dei siste ti åra har det vore ein liten auke i prosentdelen elevar i frittstående grunnskular og i frittstående vidaregåande skular. I skuleåret 2009–10 gjekk 2,4 pst. av elevane i grunnskulen i friskular og 6,4 pst. av elevane i vidaregåande opplæring.

Post 70 Frittstående grunnskular, overslagsløyving

Frittstående grunnskular som er godkjende etter friskulelova, får tilskot tilsvarende 85 pst. av tilskotssatsen.

I 2019 blei det løyvd 15 mill. kroner i tilskot til å gjennomføre lærarnorma, jf. Innst. 12 S (2018–2019). Tilskotet blir fordelt til dei skulane som per 1. oktober 2018 mangla meir enn 0,2 lærarårsverk for å oppfylle same lærartettleik som norma i offentleg skule. Det gjeld 22 skular. Rapporteringa frå GSI (Grunnskolen Informasjonssystem) per 1. oktober 2018 dannar grunnlaget for å berekne og utbetale tilskot. Tilskotet blir gitt med ein sats per ekstra lærarårsverk, og det blir fasa ut når ressursane kommunane har til fleire lærarar for å oppfylle lærarnorma, inngår i tilskotsgrunnlaget til friskulane.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 3,2 mrd. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 279,6 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2020 som følge av oppdaterte elevtal og nye satsar.

Det følger av friskulelova at statstilskotet til frittstående grunnskular skal ta omsyn til storleiken til skulane. Satsane i tilskotsmodellen blir berekna basert på gjennomsnittleg elevtal og gjennomsnittleg skulekostnad per kommune. Det blir stadig færre kommunar med lågt gjennomsnittleg elevtal. Berekningsmodellen gir derfor ikkje lenger eit eintydig svar på kva satsane bør vere, eller kva som bør reknast som ein stor og ein liten skule. Departementet vil starte eit arbeid med å greie ut ein ny tilskotsmodell. I statsbudsjettet for 2021 er det lagt til grunn dei same satsane som i 2020, prisjustert til 2021-prisar.

Departementet foreslår å vidareføre 15 mill. kroner til å gjennomføre lærarnorma i friskulane innanfor løyvinga.

Post 71 Frittstående vidaregåande skular, overslagsløyving

Vidaregåande skular som er godkjende etter friskulelova, får tilskot tilsvarende 85 pst. av tilskotssatsen. Satsane for tilskot til frittstående vidaregåande skular bygger på dei gjennomsnittlege utgiftene i den offentlege skulen to år tidlegare. Det blir rekna ut ein sats for kvart utdanningspro-

gram. For dei nye utdanningsprogramma som kom med ny tilbudsstruktur hausten 2020, vil departementet inntil vidare vidareføre satsane frå dei tilsvarande utdanningsprogramma i den gamle tilbudsstrukturen. Desse satsane blir frosne og prisjusterte inntil ein har grunnlag for å berekne nye satsar. Posten omfattar òg eit særskilt årleg tilskot til Kongshaug Musikkgymsnas, Oslo by steinerskole og Kristen VGS Vennessla.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 1,7 mrd. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 40 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2020 som følge av oppdaterte elevtal og nye satsar.

Post 72 Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, overslagsløyving

Med verknad frå 1. januar 2021 blir føresegnene i kapittel 4 i vaksenopplæringslova om diverse skular flytta frå vaksenopplæringslova til kapittel 6A i friskulelova, jf. lov av 19. juni 2020 nr. 91. Satsane for tilskot til skular som er godkjende etter kap. 6A i friskulelova, med unntak av Norsk Yrkesdykkerskole, er baserte på tre av satsane for frittstående vidaregåande skular. Dei tre satsane er dei same som for utdanningsprogram for studiespesialisering, idrettsfag og musikk, dans og drama. Skular som er godkjende etter kap. 6A i friskulelova, får 75 pst. av tilskotssatsane.

Oxford Research har gjennomgått tilskotsordninga i 2020 på oppdrag av Kunnskapsdepartementet, som no vil vurdere korleis tilrådingane bør følgast opp.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 161,9 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein reduksjon på 8 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2020 som følge av oppdaterte elevtal og nye satsar.

Post 73 Frittstående grunnskular i utlandet, overslagsløyving

Skulane får tilskot etter same grunnlag som frittstående grunnskular i Noreg, men satsen blir høgare fordi desse skulane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift. Posten omfattar òg avrekning mellom Noreg og Sverige for svenske elevar i norske skular i utlan-

det og for norske elevar ved svenske frittstående grunnskular i utlandet. I tillegg omfattar posten utgifter til spesialundervisning.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 128,8 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 4,5 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2020 som følge av oppdaterte elevtal og nye satsar.

Post 74 Frittstående vidaregåande skular i utlandet, overslagsløyving

Skulane får tilskot etter same grunnlag som frittstående vidaregåande skular i Noreg, men satsen blir høgare sidan desse skulane ikkje er omfatta av ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift. Posten omfattar òg utgifter til spesialundervisning.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 22,1 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein reduksjon på 1,1 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2020 som følge av oppdaterte elevtal og nye satsar.

Post 75 Frittstående skular for funksjonshemma elevar, overslagsløyving

Grunn- og vidaregåande skular for funksjonshemma elevar får tilskot tilsvarande 100 pst. av ein normalsats per elev. Nokre av skulane får i tillegg statstilskot til husleigeutgifter på same nivå som i 2003, jf. Innst. O. nr. 80 (2002–2003).

Kunnskapsdepartementet gav i 2019 Utdanningsdirektoratet i oppdrag å gjennomgå tilskotsordninga for å få meir kunnskap om elevgrunnlaget ved skulane, kva for opplæring som blir gitt, og kva slags meirverdi skulane har. Oxford Research har gjennomgått ordninga og leverte sin rapport i mai 2020. Departementet vil vurdere tilrådingane i rapporten og kome tilbake til korleis han vil bli følgd opp.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 365,5 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 18,2 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2020 som følge av oppdaterte elevtal og nye satsar.

Post 76 Andre frittstående skular, overslagsløyving

Posten omfattar Unge Sjømenns Kristelige Forening (MS Gann). Skulen får tilskot per elev etter satsen for utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon eller elektro. Skulen får 85 pst. av tilskotssatsen. I tillegg får skulen eit fast tilskot for ekstrakostnader ved skuledrift på skip.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 42 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 1 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2020 som følge av oppdaterte elevtal og nye satsar.

Post 77 Den tysk–norske skolen i Oslo, overslagsløyving

Avtalen mellom Noreg og Tyskland om Den tysk–norske skolen i Oslo blei ført vidare og godkjend av Stortinget i april 2018, jf. Innst. 337 S (2017–2018) og Prop. 78 S (2017–2018). Tilskotet blir rekna ut på same måte som tilskotet til frittstående skular som er godkjende etter friskulelova, men med 54,4 pst. av tilskotssatsen. I tillegg blir det gitt eit særskilt tilskot som kompensasjon for at skulen ikkje lenger får tilskot til kompletterande undervisning, og for å dekke høgare husleigekostnader til nye, større lokale for skulen.

Mål for 2021

Tilskotet skal styrke samarbeidet med Tyskland og stillinga til det tyske språket i Noreg.

Resultat i 2019

Hausten 2019 var det til saman 326 elevar ved Den tysk–norske skolen i Oslo, der 287 elevar gjekk i grunnskolen og 39 elevar i vidaregåande skule. Dette er ein auke på 19 elevar samanlikna med hausten 2018.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 30,1 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår eit særskilt tilskot på 9,2 mill. kroner. Samla foreslår departementet ein auke på 1,8 mill. kroner i høve til saldert budsjett for 2020 som følge av oppdaterte elevtal og nye satsar.

Post 78 Kompletterande undervisning

Tilskotsordninga medverkar til å finansiere kompletterande undervisning i norsk, samfunnsfag og kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE) for norske elevar ved utanlandske eller internasjonale grunnskular i utlandet. Tilskotsmottakarar i ordninga er to sertifiserte nettskular – Globalskolen og Norskskolen.

Mål for 2021

Målet med tilskotet er at norske elevar ved internasjonale eller utanlandske grunnskular i utlandet skal ha moglegheit til å få nettundervisning i norsk, samfunnsfag og kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE).

Resultat i 2019

Eit øvre elevtak blir fastsett på grunnlag av løyvinga til formålet. For 2019 var dette elevtaket på 1 600 elevar. I 2019 gav nettskulane kompletterande undervisning til i alt 1 583 elevar. Dette er om lag same nivå som i 2018.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 24,8 mill. kroner på posten. Elevtaket skal fordelast mellom nettskulane etter same forhold som i 2019.

Post 79 Toppidrett

Ordninga gjeld skular som i tillegg til godkjenninga etter friskulelova er godkjende som toppidrettsgymnas av Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF). Ordninga omfattar desse skulane: Haugesund Toppidrettsgymnas, Norges Toppidrettsgymnas (NTG) i Bærum, Geilo, Kongsvinger, Lillehammer og Tromsø, Telemark Toppidrett gymnas, Wang i Fredrikstad, Oslo, Stavanger og Tønsberg. Departementet foreslår at NTG Bodø og Wang Hamar blir ein del av ordninga frå 2021.

Det blir gitt eit fast tilskot til kvar av desse skulane. Det er ein føresetnad at skulane har elevar på tilbodet om særskilt tilrettelagd vidaregåande opplæring i kombinasjon med toppidrett. Dersom det blir fleire godkjende skular som har tilbod om slik opplæring, og som samtidig blir godkjende av NIF, vil dei ikkje automatisk bli omfatta av ordninga med særskilt toppidrettstilskot.

I ein fleirtalsmerknad til statsbudsjettet for 2019 trekker utdannings- og forskingskomiteen i

Stortinget fram behovet for ein gjennomgang av finansieringa for dei toppidrettsgymnasa som er godkjende av Olympiatoppen, og som har ein integrert modell for skule og trening. Fleirtalet viser til at skulane får ulikt tilskot målt i tilskot per elev. Vidare peikar fleirtalet på at tilskota til toppidrettstilboda ikkje er sett i samanheng med kostnadene til den einskilde idretten og bidreg til ytterlegare økonomisk skeivdeling mellom skular, jf. Innst. 12 S (2018–2019).

Departementet er i dialog med skulane om forslag til ei ny innretting av toppidrettstilskotet. Departementet vil kome tilbake til Stortinget om saka.

Departementet foreslår eit forvaltningstilskot til Olympiatoppen for arbeidet dei gjer med å kvalitetssikre toppidrettsdelen av tilboda til skulane etter toppidrettsfaglege kriterium. Forvaltningstilskotet skal mellom anna medverke til at kvalitets sikringa blir gjennomført etter gode forvaltningsprinsipp. Departementet vil fastsetje retningslinjer for forvaltningstilskotet.

Tabell 4.16 Fordeling av tilskot over kap. 228, post 79

Skular som får toppidrettstilskot	Særtilskot 2021 (i 1 000 kr)
Haugesund Toppidrettsgymnas AS	5 303
Norges Toppidrettsgymnas Bodø AS	1 940
Norges Toppidrettsgymnas Bærum AS	8 060
Norges Toppidrettsgymnas Geilo AS	2 688
Norges Toppidrettsgymnas Kongsvinger AS	2 721
Norges Toppidrettsgymnas Lillehammer AS	5 528
Norges Toppidrettsgymnas Tromsø AS	1 784
Stiftelsen Telemark Toppidrett gymnas	4 595
Wang AS (Oslo)	7 809
Wang Fredrikstad AS	3 727
Wang Hamar AS	4 243
Wang Toppidrett Stavanger AS	3 802
Wang Tønsberg AS	4 351
Sum	56 553

Post 81 Elevutveksling til utlandet

Tilskotsordninga gjeld utveksling til utlandet for elevar ved tre frittstående vidaregåande skular med rett til statstilskot. Dei frittstående vidaregå-

Mål for 2021

Målet med tilskotet er at dei skulane som er omfatta av ordninga, kan legge til rette for at toppidrettsutøvarar kan kombinere trening med vidaregåande opplæring.

Resultat i 2019

Hausten 2019 var det totalt 2 548 elevar ved desse skulane. Dette er 53 færre enn i 2018.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 56,9 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 6,2 mill. kroner for å innlemme to nye skular, NTG Bodø og Wang Hamar, i ordninga. I tillegg foreslår departementet ein auke på 350 000 kroner til å opprette eit årleg forvaltningstilskot til Olympiatoppen.

ande skulane som er godkjende for å bli tildelte slikt tilskot, er

- Danielsen vidaregåande skole i Bergen
- Heltberg Private Gymnas i Oslo
- Drottningborg vidaregåande skole i Grimstad

Det ordinære statstilskotet skulane får etter friskulelova, kan ikkje nyttast til elevutveksling til utlandet. Skulane kan søke om støtte til administrasjon, oppfølging av og tilrettelegging for elevutveksling. Tilskotet kan bli gitt til godkjende samarbeidsprosjekt mellom norske frittstående vidaregåande skular med rett til statstilskot og utlandske skular.

Mål for 2021

Målet med tilskotsordninga er å stimulere dei skulane som er omfatta av ordninga, til å tilby elevutveksling til utlandet for elevane ved skulane.

Resultat i 2019

For skuleåret 2019–20 fekk kvar av skulane eit basistilskot på 109 100 kroner. Resten av tilskotet blei fordelt etter talet på elevar innanfor ordninga. Det blei betalt ut tilskot for 34 elevar for skuleåret 2019–20.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 2,2 mill. kroner på posten. Det er same nivå som i 2020. Departementet vil kome tilbake til korleis tilskotet skal fordelast i 2021, sidan covid-19-pandemien har ført til at mange utvekslingsavtalar er avlyste.

Post 82 Kapitaltilskot til friskular, kapital- og husleigetilskot

Mål for 2021

Målet med tilskotsordninga er å medverke til at frittstående skular i Noreg skal kunne finansiere vedlikehald og rehabiliteringar av bygg, og husleige.

Kap. 229 Noregs grønne fagskule – Ve

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	29 939		
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	2 196		
	Sum kap. 0229	32 135		

Løyvingane på kapittelet blei flytta til kap. 242 i statsbudsjettet for 2020.

Resultat i 2019

I 2019 fekk frittstående skular 64,2 mill. kroner i kapitaltilskot. Tilskotet er ei rammestyrt ordning og blei fordelt på grunnlag av elevtal mellom dei frittstående grunn- og vidaregåande skulane i Noreg som får driftstilskot over kap. 228, post 70 og 71.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 83,3 mill. kroner på posten i 2021. Det er ein auke på 15 mill. kroner frå 2020. Forslaget er ei oppfølging av Granvolden-plattformen.

Post 84 Redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga

Mål for 2021

Målet med tilskotsordninga er å medverke til at skulefritidsordninga (SFO) ved frittstående skular kan tilby redusert foreldrebetaling for elevar på 1.–4. trinn frå familiar med låg inntekt, på same måte som i SFO ved offentlege skular.

Ordninga inneber at foreldrebetalinga for ein SFO-plass maksimalt skal utgjere 6 pst. av hushaldets samla personinntekt etter skattelova kapittel 12 og skattepliktig kapitalinntekt.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 3,0 mill. kroner på posten.

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overføres

For å samle midlane til høgare yrkesfagleg utdanning er løyvinga til drift av Noregs grønne fagskule – Veia frå 2020 i programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning. Resultat i 2019 er omtala nedanfor. Sjå kap. 242 for mål og forslag til løyving til Veia for 2021.

Resultat i 2019

Ved utgangen av 2019 hadde Noregs grønne fagskule – Veia 14 fagskuletilbod og tre tilbod i vidaregåande opplæring, i tillegg til korte kurs til dei same målgruppene. Hausten 2019 var det 160 studentar og elevar ved skulen, noko som er ein auke på fem elevar og studentar frå året før. Ved skulen var det 71 fagskulestudentar og 89 vaksne elevar i vidaregåande opplæring. Tilboda i vidaregåande opplæring hadde i 2019 høgare søkartal per elevplass enn fagskuletilboda. Skulen arbeider med å auke rekrutteringa til fagskuletilboda.

Kap. 3229 Noregs grønne fagskule – Veia

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
02	Salsinntekter o.a.	5 442		
61	Refusjon frå fylkeskommunar	875		
	Sum kap. 3229	6 317		

Kap. 230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	739 232	676 395	646 680
21	Særskilde driftsutgifter	28 752	35 088	36 030
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	8 677	9 414	9 678
	Sum kap. 0230	776 661	720 897	692 388

Det statlege spesialpedagogiske støttesystemet Statped er eit verkemiddel for å støtte kommunar og fylkeskommunar i arbeidet med å nå sektormåla og realisere samfunnsmandatet for grunnopplæringa for barn, unge og vaksne med særskilde behov. Statped har som verksemd vore underlagd Utdanningsdirektoratet til og med 2019. Frå 1. januar 2020 er Statped underlagd Kunnskapsdepartementet direkte. Frå 2020 til 2024 er Statped i ein omstillingsprosess for å følge opp endringane som blei varsla i Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*.

I oppfølginga av Tett på-meldinga og i omstillingsperioden blir det arbeidd med å avgrense og ramme inn verksemda til Statped. Målet er at det skal bli tydelegare kva for tenester kommunar og fylkeskommunar kan få bistand til frå Statped.

Post 01 Driftsutgifter, post 21 Særskilde driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overføres

Løyvingane gjeld drift av Statped, inkludert ventelønn og lønn etter rettsvilkårsavtalen for overtalige. I tillegg blir det over post 01 gitt midlar til

internasjonalt samarbeid mv., dekning av utgifter til medlemskap i og nasjonal koordinator for The European Agency for Special Needs and Inclusive Education og utgifter til å følgevaluere omstillinga i Statped.

Statped skal yte tenester til kommunar og fylkeskommunar på små og spesialiserte fagområde og i særleg komplekse saker. Verksemda skal gjennom tenestene sine bidra til å spreie kunnskap og kompetanse til kommunar og fylkeskommunar, slik at dei blir i stand til å gi eit tilpassa og inkluderande opplæringstilbod som omfattar alle barn, unge og vaksne uavhengig av føresetnader. I tillegg har Statped særlege oppgåver overfor samiskspråklege barn, unge og vaksne som har behov for særskild tilrettelegging i barnehage og opplæring.

Statped driv Skådalen skole for døvblindfødte. Skulen flytta til nye lokale i Oslo frå og med skuleåret 2020–2021. Skulen endrar namn til Diamanten skole for elever med døvblindhet.

Mål for 2021

Statped skal arbeide etter desse måla i 2021:

- Barnehage- og skuleeigarar får målretta tenester på det spesialpedagogiske området.
- Barnehage- og skuleeigarar har tilsette som får kunnskap og kompetanse som fremjar utvikling og inkludering knytt til det spesialpedagogiske området.

Resultat i 2019

Barnehage- og skuleeigarar får målretta tenester på det spesialpedagogiske området

Samhandlinga med kommunar og fylkeskommunar har hatt stor merksemd i 2019 i Statped, nett som tidlegare år. Statped gav tenester til brukarar i 403 av dei 422 kommunane i landet. Samarbeidet er formalisert gjennom rammeavtalar.

For å gjere kompetansen til Statped meir tilgjengeleg innførte Statped lågterskeltilbodet *Spør oss* i 2019. Dette er ei anonym teneste der brukarar, PP-teneste, foreldre, barnehage og skule kan ta kontakt på telefon, chat eller e-post for å få spesialpedagogisk rådgiving.

Brukarmedverknad er viktig i Statped. Brukarar kan kome med innspel til konkrete tiltak, og medverke i vedtaksprosessar og utforming av tenestetilbod i Statped gjennom Nasjonalt brukarråd, regionale og faglege brukarråd og Ungdomspanelet. Totalt er det 93 brukarrådsrepresentantar og 54 vararepresentantar. Brukarmedverknaden

blei evaluert i 2019. Resultata viser at fleirtalet opplever å bli godt involverte i relevante saker.

Statped har i 2019 arbeidd vidare med å utvikle, legge til rette for og produsere læremiddel. Læremiddel i punktskrift og på teiknspråk og materiell på området alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) har vore spesielt høgt prioriterte. Utlånet av skulelydbøker er aukande for fjerde året på rad, og Statped opplever stor etterspurnad etter tilrettelagde punktskriftbøker.

I 2019 har Statped arbeidd med å auke kompetansen om alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) hos tilsette i barnehage og grunnopplæring og i PP-tenesta. Alle Statpeds regionar har stor etterspurnad frå kommunar og fylkeskommunar på dette området.

I løpet av året har Samisk spesialpedagogisk teneste (SEAD) arbeidd med å sikre at samiskspråklege brukarar får god og likeverdig tilgang på læringsressursar. SEAD har mellom anna bidrege med samiskspråklege rådgivarar og samiske tema i deltidsopplæring av teiknspråklege elevar.

Statped tilbyr deltidsopplæring i norsk teiknspråk til elevar som får opplæringa si i og på teiknspråk, eller som får teiknspråkopplæring som del av eit vedtak om spesialundervisning. I 2019 har 180 elevar fått deltidsopplæring. Hausten 2019 blei det også sett i gang fjernundervisning i og på norsk teiknspråk for elevar og lærarar.

Statped driv Skådalen (no Diamanten) skole for elever med døvblindhet. Skulen har elleve elevar, og dei er jamt fordelte mellom opplæring i grunnskule og vidaregåande skule.

Barnehage- og skuleeigarar har tilsette med kunnskap og kompetanse som fremjar utvikling og inkludering

Statpeds målgrupper er svært samansette, og Statped legg vekt på universell utforming i formidlinga av kunnskap og kompetanse. Statped bruker statped.no og sosiale medium aktivt for å formidle kunnskap og ha dialog med brukarar. Gjennom 2019 har talet på brukarar av desse kanalane auka, og brukarstatistikken viser at målgruppene blir nådde i stor grad.

Konferansar, kurs og andre arrangement når større delar av målgruppa med spissa informasjon og tilpassa kunnskap. Desse arenaene har fleire deltakarar i 2019 enn i tidlegare år. I 2019 heldt Statped 420 kurs og konferansar for 10 560 deltakarar. I tillegg kjem deltakarar som følgde videooverføringar frå arrangementa. Statped har i 2019 prioritert fleire digitale kurs og etablert e-læringsstudio.

Statped har bidrege i dei spesialpedagogiske utdanningane, mellom anna med forelesingstimar. Samarbeidet mellom Statped og universitet og høgskular er med på å sikre utdanning av personar med spesialpedagogisk fagkompetanse. Samstundes bidreg det til at rådgivarane i Statped held seg fagleg oppdaterte med særleg vekt på sanse- og taptsoner.

Utdanningssektoren har tilgang til forskings- og erfaringsbasert kunnskap på det spesialpedagogiske området

Statped har kompetanse på fleire små fagområde som universitet og høgskular sjølve ikkje har kompetanse på. Statped har utarbeidd kunnskapsoversikter på små og spesialiserte fagområde, som ASK og teiknspråk. Desse oversiktene bidreg til positiv utvikling på fagområda ved at vedtak og tiltaksutforming i større grad er kunnskapsbaserte.

Avtalebasert samarbeid og god dialog med universitet og høgskular gjer at Statped kan bidra

til å utvikle studium, mellom anna gjennom innspel til emneplanar, pensumlitteratur og samarbeids- og formidlingsformer.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 692,4 mill. kroner på kapitlet i 2021. Fordi mandatet til Statped skal bli avgrensa er løyvinga på post 01 redusert med 25 mill. kroner som skal gå til kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, jf. omtale under kap. 226, post 21. Vidare er løyvinga på post 01 redusert med 5 mill. kroner på bakgrunn av at Statped skal avvike arbeidet med forskning og forskingsretta utviklingsarbeid. I tillegg er løyvinga på post 01 redusert med 1,3 mill. kroner knytta til avviking av Bestillingstorget, jf. omtale under kap. 3220, post 02.

Departementet foreslår å løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3230, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3230 Statleg spesialpedagogisk støttesystem

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Inntekter frå oppdrag	28 752	35 088	36 030
02	Salsinntekter o.a.	9 544	10 775	11 064
	Sum kap. 3230	38 296	45 863	47 094

Post 01 gjeld oppdragsverksemd som Statped utfører for kommunar, fylkeskommunar, høgskular, universitet og andre.

Post 02 gjeld sal av læremiddel, sal av elevprodukt, sal frå kantine, utleige av lokale, inntekter

frå tilpassing av hjelpemiddel og inntekter frå kurs.

Departementet foreslår å føre inntektsløyvingane vidare på same nivå som i 2020.

Programkategori 07.30 Barnehagar

Utgifter under programkategori 07.30 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
231	Barnehagar	954 370	807 777	704 280	-12,8
	Sum kategori 07.30	954 370	807 777	704 280	-12,8

Innleiing

Departementet ønsker eit mangfaldig barnehage-tilbod og vil legge til rette for at alle barn får høve til å gå i barnehage. Gode sosiale ferdigheiter og forståing av egne og andre sine grenser er viktig kompetanse som barnehagen kan gi barna. Språk er nøkkelen til like moglegheiter vidare i utdanninga og deltakinga i samfunnet. Læring må skje gjennom leik, og den einskilde barnehagen må stå fritt til å legge til rette for eit stimulerande miljø som støttar opp om barnas lyst til å leike, utforske, lære og meistre.

Departementet har fastsett følgande overordna mål for barnehagane:

- Alle har eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø.
- Barn som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt.
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.
- Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet.

Barnehagane er i hovudsak finansierte gjennom dei frie midlane til kommunane, det vil seie rammetilskotet og skatteinntektene. I tillegg kjem foreldrebetalinga, som utgjer om lag 15 pst. av finansieringa. Barnehageeigaren har det overordna ansvaret for at barnehagen blir driven i samsvar med gjeldande lover og regelverk, jf. barnehagelova § 7. Kommunen som barnehagemyndigheit skal gi rettleiing og sjå til at barnehagane blir drivne i samsvar med regelverket, jf. barnehagelova § 8. Fylkesmannen kan føre tilsyn med

kommunen som barnehagemyndigheit og med einskildbarnehagar i særskilde tilfelle.

For statistikk og informasjon om ressursbruken i barnehagesektoren, sjå del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren. Sjå også omtale i del I, kap. 3 Oppfølging av oppmødingsvedtak.

Hovudprioriteringar for 2021

Departementet foreslår å bruke 430 mill. kroner i 2021 til tiltak for å fremje kvaliteten og kompetansen i barnehagane. Om lag 200 mill. kroner av dette vil gå til den regionale ordninga for kompetansetiltak. I tillegg foreslår departementet å løyve 50 mill. kroner over programkategori 07.20 som del av eit kompetanseløft i spesialpedagogikk og inkluderande praksis, sjå meir omtale under kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa.

Departementet foreslår å vidareføre det nasjonale minstekravet til foreldrebetaling, som inneber at ingen skal betale meir enn 6 pst. av samla skattbar inntekt for ein barnehageplass. Maksimalprisen vil vere 3 230 kroner per måned frå 1. januar 2021, slik at alle familiar med inntekt under 592 167 kroner vil ha rett til reduksjon i foreldrebetalinga.

Departementet foreslår å vidareføre ordninga med 20 timar gratis kjernetid i barnehage per veke for barn i alderen 2–5 år i familiar med låg inntekt. Inntektsgrensa for ordninga vil vere 583 650 kroner frå 1. august 2021.

I samsvar med Granavolden-plattformen vil regjeringa gi rett til barnehageplass for barn i mottak. Som eit ledd i dette arbeidet foreslår regjeringa for 2021 å løyve 8,3 mill. kroner i heilårseffekt for å dekke heiltidsplass for 1-, 2- og 3-åringar i asylmottak.

Regjeringa foreslår å løyve 10 mill. kroner i heilårseffekt i 2021 til kommunane som følge av fleire myndigheitsoppgåver ved innføringa av lovreglar om psykososialt barnehagemiljø og internkontroll i barnehagane.

Det nasjonale økonomiske tilsynet med private barnehagar er under etablering, og departementet foreslår å styrke løyvinga slik at det totalt blir løyvd 20 mill. kroner til dette i 2021.

Regjeringa foreslår å avvikle lån til private barnehagar frå Husbanken frå 2021, sjå kap. 2412 Husbanken post 90 Nye lån under Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Alle har eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø

Utviklingstrekk og utfordringar

Ein del barnehagar har lågare kvalitet enn forventta

Den nordiske barnehagemodellen kombinerer omsorg, leik og læring i eit pedagogisk heile og har eit godt omdømme internasjonalt. Den noverande forskrifta om rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen tok til å gjelde 1. august 2017. Rammeplanen legg vekt på at barnehagen skal bidra til at barna får ein god barndom prega av trivsel, vennskap og leik, samtidig som personalet skal fremje læring. Foreldreundersøkingar viser at barnehagane får godt skotsmål frå dei fleste foreldra, men eit lite mindretal er ikkje nøgde med tilbudet.

Forskinga viser at det framleis er store forskjellar mellom barnehagar når det gjeld kvaliteten på tilbudet. Det viser mellom anna undersøkingar som Gode barnehager i Norge (GoBaN), Språk og læringsstudien (SOL), Stavangerprosjektet, Agderprosjektet og rapporten *Inkluderende fellesskap for barn og unge* frå Nordahl-gruppa. Låg kvalitet på tilbudet i barnehagen går særleg ut over dei barna som har størst behov for støtte.

Rapporten frå ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging frå 2018 (Nordahl-rapporten) viste at barn som har behov for særleg tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp, ikkje blir oppdaga tidleg nok og dermed ikkje får nødvendig hjelp og støtte. Den støtta som blir gitt, er i ein del tilfelle ikkje god nok.

Ikkje alle barn trivst godt i barnehagen

Barnehagen skal førebygge, stoppe og følge opp utestenging, mobbing og uheldige samspelmønstre. Forskinga tyder på at 8–12 pst. av barnehagebarna opplever gjenteken utestenging frå leik

eller mobbing i form av plaging eller erting. Barn med utviklingsvanskar er særleg utsette, og utestenging og mobbing kan forsterke vanskaner. Med god tilrettelegging og støtte kan alle barn bli inkluderte i leiken og oppleve eit trygt og godt barnehagemiljø, men resultatane frå det store forskingsprosjektet GoBaN synleggjer store kvalitetskilnader i barnehagesektoren. I mange barnehagar er kvaliteten urovekkjande låg, og barnehagane sviktar særleg i å støtte dei minste barna i samspel og leik. Ekspertgruppa som evaluerte barnehagelærarrolla, peikar på mangel på medvit og systematikk i det pedagogiske arbeidet i norske barnehagar.

Strategiar og tiltak

Barnehagane skal få støtte til det faglege arbeidet sitt

Forskrift om rammeplan for innhaldet i og oppgåvene til barnehagen er eit viktig styringsgrunnlag som skal sikre høg kvalitet og at barna får det tilbodet dei har rett på. Utdanningsdirektoratet har ansvaret for å støtte barnehagane i å utvikle praksisen sin i samsvar med rammeplanen, og det er utvikla rettleiings- og støttemateriell som barnehagane fritt kan bruke.

Utdanningsdirektoratet har starta evalueringa av korleis rammeplanen blir praktisert. Forskingsinstituttet NORCE skal gjennomføre evalueringa i perioden 2018–23, og programmet har ei total kostnadsramme på 20 mill. kroner. Evalueringa skal ta for seg korleis planen blir fortolka, operasjonalisert og erfart av aktørar på ulike nivå i sektoren. Kunnskapen skal bidra til å gi eit grunnlag for vidare politikktutforming. Dei første delrapportane kjem hausten 2020.

I behandlinga av Prop. 117 S (2019–2020) *Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2020* blei det løyvd 5 mill. kroner til eit pilotprosjekt for rettleiing av barnehageeigarar, jf. Innst. 360 S (2019–2020). Departementet foreslår å løyve 5 mill. kroner i 2021 til å vidareføre dette tiltaket.

Nye lovreglar skal gi eit betre psykososialt barnehagemiljø

I juni 2020 blei det gjort endringar i barnehagelova for at barn i barnehage skal få eit betre psykososialt barnehagemiljø. Lovføresegnene inneber at alle barnehagar skal arbeide systematisk for eit trygt og godt barnehagemiljø som fremjar helse, trivsel og læring for alle barn, og som skal førebygge tilfelle der barn ikkje opplever at dei har dette. Barnehagane skal ha nulltoleranse mot

mobbing, utestenging, trakassering, diskriminering, vald og andre typar krenkingar. Vidare er det innført ei aktivitetsplikt som viser kva barnehagen skal gjere for å fange opp og følge opp barn som ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Det blir no stilt krav om at barnehagen skal ha internkontroll for å sikre at mellom anna krava til barnehagemiljø blir oppfylte.

Barnets beste skal vere eit grunnleggande omsyn i alle handlingar og avgjerder som gjeld barn i barnehagen. Sjå også omtale av oppmødingsvedtak nr. 792, 7. juni 2016, stortingssesjonen 2015–2016 i del I, kap. 3 Oppfølging av oppmødingsvedtak.

I behandlinga av Prop. 117 S (2019–2020) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2020* blei det løyvd 5 mill. kroner til kommuneramma som følge av auken i myndighetsoppgåver for kommunane ved innføringa av lovreglar om psykososialt barnehagemiljø og internkontroll i barnehagane, jf. Innst. 360 S (2019–2020). Regjeringa foreslår å løyve 10 mill. kroner til kommunane i 2021 i heilårseffekt.

Barn som har behov for det, får hjelp tidleg, slik at alle får utvikla potensialet sitt

Utviklingstrekk og utfordringar

Tilbodet til barn under opplæringspliktig alder med behov for særskild tilrettelegging er for dårleg

Barnehagen er ein frivillig del av utdanningsløpet og ein viktig arena for arbeidet med tidleg innsats og inkluderande fellesskap. Barn under opplæringspliktig alder med særleg behov for spesialpedagogisk hjelp har rett til slik hjelp etter § 19 a i barnehagelova. Retten gjeld uavhengig av om barnet går i barnehage eller ikkje. Kommunen skal oppfylle retten, og den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) er sakkunnig instans som vurderer behovet. I 2019 fekk 3,3 pst. av barn i barnehage spesialpedagogisk hjelp. I snitt har barna vedtak om 560 årstimar med spesialpedagogisk hjelp, anten med pedagog eller med assistent. Kommunane innvilgar nokre fleire vedtakstimar til pedagogar enn til assistentar. For meir statistikk, sjå kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren.

Rapporten frå ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging frå 2018 (Nordahl-rapporten) og NOU 2019: 3 *Nye sjansar – bedre læring. Kjønnforskjeller i skoleprestasjoner og utdanningsløp* (Stoltenberg-utvalet) peika på fleire svakheiter og utfordringar ved dagens system. Tilbodet til barn med behov for særskild tilrettelegging er for varierande og i fleire tilfelle

mangelfullt. Gutar kjem systematisk dårlegare ut i utdanningssystemet enn jentene. Rapportane er delvis følgde opp i Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO*, som blei lagd fram hausten 2019. Sjå omtale nedanfor under Strategiar og tiltak og også i programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Barnehagen har ei utfordring i å gi minoritetsspråklege barn eit godt norskspråkleg grunnlag før skulestart

I 2019 gjekk 84 pst. av alle minoritetsspråklege barn i alderen 1–5 år i barnehage, mot 94 pst. av andre barn. For dei eldste barna er det mindre forskjell, 95 pst. av minoritetsspråklege 5-åringar gjekk i barnehage, mot 98 pst. av andre 5-åringar. Forskjellen er større dess yngre barna er, men dei siste åra har ein større del av dei yngste minoritetsspråklege barna begynt i barnehage. Delta-kinga til 1-åringane har gått opp frå 40 pst. i 2015 til 53 pst. i 2019. For meir statistikk, sjå del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren.

I strategien *Integrering gjennom kunnskap* for perioden 2019–22 peikar departementet på utfordringa ved at ein del minoritetsspråklege barn ikkje kan godt nok norsk når dei startar på skulen. Rapportar frå områdesatsinga i Oslo viser at barnehagestyrarar meiner at ein del minoritetsspråklege barn går for kort tid i barnehagen til å lære norsk som andrespråk bra til skulestart. I 2019 blei det gjort vedtak om særskild norskopplæring i skulen for 45 pst. av dei barna som starta på 1. trinn i bydelane i Groruddalen, bydel Gamle Oslo og bydel Søndre Nordstrand.

Utsette barn treng ein barnehage som samarbeider godt med andre offentlege tenester

Barnehagen står i ei særstilling til tidleg å oppdage barn som er utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Alle tilsette har plikt til å melde frå til barnevernet om bekymring for eit barn. Talet på melde saker frå barnehagen til barnevernet har lege stabilt i dei siste åra på rundt 12 000 saker, noko som utgjer 18 pst. av alle meldingar for barn i alderen 1–5 år.

Ei kartlegging gjord av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet i samband med stenginga av barnehagar og skular under covid-19-pandemien i mars 2020 viste at nesten fire av ti barnevernstenester fekk færre meldingar enn vanleg. Berre 16 pst. av barnevernstenestene sa at dei greidde å halde oppe tiltak til barn som får hjelpetiltak.

Strategiar og tiltak

Tiltak for å støtte barn med behov for særskild tilrettelegging

Departementet la hausten 2019 fram Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Målet med meldinga er å styrke arbeidet med tidleg innsats og å legge til rette for eit godt tilpassa og inkluderande tilbod for alle barn og unge – uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn og kognitive og fysiske skilnader. Regjeringa foreslår i oppfølginga av meldinga å auke løyvinga med 25 mill. kroner til totalt 50 mill. kroner i 2021 som del av eit kompetanseløft i spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Regjeringa foreslår også endringar i ei rekke særlover for å gi betre samordna tenester til barn og unge med behov for langvarige og samansette helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester. Dette omfattar felles reglar for individuell plan og innføring av rett til barnekoordinator for familiar som har behov for dette. Sjå meir i programkategori 07.20 Grunnopplæringa og omtale av løyvingforslag under kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa, post 21 Særskilde driftsutgifter. Det skal også opprettast eit senter for forskning på spesialpedagogikk og inkludering. Noregs forskingsråd vil lyse ut senteret, med oppstart i 2021. Sjå meir omtale under kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag.

Tiltak for å støtte minoritetsspråklege barn i barnehage

Tidleg innsats i utdanningsløpet for barn og unge med innvandrarbakgrunn er eit av satsingsområda i regjeringas integreringsstrategi, *Integrering gjennom kunnskap*, for perioden 2019–22. Det er eit mål å gi barn og unge med innvandrarbakgrunn gode norskkunnskapar, grunnleggande ferdigheiter og fagleg kompetanse gjennom likeverdige utdanningsløp frå barnehage til og med vidaregåande opplæring. For meir omtale sjå programkategori 07.90 Integrering og mangfald.

Alle barnehagar som har minoritetsspråklege barn, skal i samsvar med rammeplanen støtte barna i å bruke morsmålet sitt, samtidig som barnehagen aktivt skal fremje og utvikle barnas norskspråklege kompetanse. Det øyremerkte tilskotet over kap. 231, post 63 skal støtte opp om tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn.

Regjeringa vidarefører områdesatsingane i utsette byområde, jf. omtale i Prop. 1 S (2020–

2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Delprogrammet *Oppvekst og utdanning* i områdesatsingane i Oslo omfattar tiltak på barnehageområdet, særleg tiltak for betre støtte til den norskspråklege utviklinga til minoritetsspråklege barn.

Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å utvikle eit verktøy for kartlegging av norskkunnskapane til barn under skulepliktig alder. Utdanningsdirektoratet lyste ut oppdraget, men ingen leverte tilbod. Kunnskapsdepartementet er i dialog med direktoratet om vidare prosess. I tillegg vil Helsedirektoratet og Utdanningsdirektoratet få i oppdrag å utvikle eit gratis, kvalitetssikra verktøy for generell språkkartlegging med rettleingsmateriell.

Tiltak for betre tverrfagleg samarbeid til beste for utsette barn

I oppfølginga av Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017–2021)* leier Barne- og likestillingsdepartementet eit arbeid for å utarbeide ein felles nasjonal kompetansestrategi om vald og overgrep. Det er allereie utvikla fleire digitale verktøy som barnehagane kan bruke for å heve kompetansen til dei tilsette, som «Snakke sammen» og «Jeg vet».

I behandlinga av Prop. 117 S (2019–2020) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2020* blei det løyvd 5 mill. kroner til Stine Sofie barnehagepakke, jf. Innst. 360 S (2019–2020). Midlane skal gå til eit kursopplegg utarbeidd i samarbeid mellom Private barnehagers landsforbund (PBL) og Stine Sofie Stiftelse. Målet er at dei tilsette i barnehagane skal bli betre i stand til å identifisere når eit barn er utsett for vald eller overgrep, og handle på bakgrunn av den kunnskapen.

Utsette barn og unge og familieane deira har ofte behov for hjelp frå fleire offentlege tenester, og det er derfor viktig å få til god samordning av tiltak. Kunnskapsdepartementet leier 0–24-samarbeidet som har som mål å styrke oppfølginga av utsette barn og unge i alderen 0–24 år, jf. omtale i programkategori 07.20 og under kap. 226, post 64.

Kunnskapsdepartementet deltar i områdesatsingane i Groruddalen for perioden 2017–26 og områdesatsingane i Oslo sør og indre Oslo aust for perioden 2018–26, jf. kap. 226, post 21, programkategori 07.90 Integrering og mangfald og Prop. 1 S (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Regjeringa legg etter planen fram ein strategi for barn i låginntektsfamiliar hausten 2020, jf.

meir omtale i programkategori 07.20 Grunnopplæringa og Prop. 1 S (2020–2021) for Barne- og familiedepartementet.

Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse

Utviklingstrekk og utfordringar

Skjerpinga av pedagognorma har ført til fleire barnehagelærarar, men det er framleis ei utfordring å oppfylle norma

Departementet har fastsett ei skjerpa pedagognorm i forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar som inneber at barnehagen skal ha minst éin pedagogisk leiar per 7 barn under 3 år og éin pedagogisk leiar per 14 barn over 3 år. Den skjerpa pedagognorma tok til å gjelde frå 1. august 2018.

Per desember 2019 var den skjerpa pedagognorma oppfylt i 64 pst. av alle ordinære barnehagar. Det manglar litt over 3 100 årsverk for å oppfylle pedagognorma i alle barnehagar utan bruk av dispensasjon. Dette er ein reduksjon frå 2018, då mangla det 4 200 årsverk. Dette viser at sjølv om skjerpinga av norma har vore ei utfordring for barnehagane, så har det skjedd ei stor betring på berre eitt år. Departementet forventar at fleire barnehagar vil oppfylle norma i åra som kjem. For meir statistikk, sjå del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren.

Barnehagane kan søke om mellombels dispensasjon frå pedagognorma for inntil eitt år om gongen dersom særlege omsyn tilseier det, jf. forskrifta om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehagar § 2. Eit slikt særleg omsyn kan vere om oppfyllinga av den skjerpa pedagognorma er kritisk for den vidare drifta.

Utfordringar ved nokre delar av barnehagelærarutdanninga

Frå 2013–2017 følgde følgegruppa for barnehagelærarutdanninga (BLU) implementeringa av BLU. Sluttrapporten viser at det har vore ei positiv utvikling, mellom anna når det gjeld relevansen til utdanninga og profesjonsinnrettinga. Samtidig viser rapporten til fleire vedvarande utfordringar, til dømes kva plass og rolle pedagogikken har i BLU, og korleis innføringa av tverrfaglege kunnskapsområde har fungert.

I 2017 nemnde Kunnskapsdepartementet opp ei ekspertgruppe for barnehagelærarrolla. Ekspertgruppa skulle mellom anna sjå på samanhengen mellom utdanninga og utøvinga av profes-

sjonen og gi råd om korleis profesjonen og utdanninga kan vidareutviklast. Rapporten til ekspertgruppa frå 2018 støttar opp under dei utfordringane sluttrapporten til følgegruppa frå 2017 peikar på. Ekspertgruppa meiner også at barnehagelærarutdanninga må styrkast i både akademisk og praktisk retning.

Framleis ei utfordring at ein del av grunnbemanninga manglar barnehagefagleg kompetanse

Gjennom innføringa av ei bemanningsnorm i 2018, som 94 pst. av barnehagane oppfylte i 2019, har barnehagane fått færre barn per vaksen og dermed høve til å gi betre omsorg til det einskilde barnet.

Grunnbemanninga i barnehagen består av pedagogiske leiarar, andre pedagogar, fagarbeidarar med fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget og assistentar, og om lag 40 pst. av alle dei tilsette er utan barnehagefagleg kompetanse. For meir statistikk, sjå del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren.

Kompetansen til personalet er avgjerande for kvaliteten på tilbodet, og det er ei utfordring at det framleis er ein stor del av dei tilsette som manglar barnehagefagleg kompetanse. Forskinga er tydeleg på at det pedagogiske arbeidet har innverknad på kvaliteten på barnehagetilbodet.

Strategiar og tiltak

Tiltak for å rekruttere fleire barnehagelærarar

Kompetansestrategien for barnehagen skal støtte opp om arbeidet med både rekruttering og kompetanseutvikling, jf. *Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018–2022*.

Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (ABLU) er eit viktig tiltak for å rekruttere fleire barnehagelærarar ved at fagarbeidarar og erfarne assistentar kan ta barnehagelærarutdanninga på deltid parallelt med jobb i barnehagen. Deltakarundersøkingar gir positiv støtte til ABLU.

Personar med anna pedagogisk utdanning kan få tilbod om tilleggstudanning i barnehagepedagogikk (TIB) for å bli godkjende som barnehagelærarar.

Ein del av kompetansemidlane på barnehageområdet går til såkalla tilretteleggingsmidlar for lokal prioritering. Fylkesmannen tildeler midlane til barnehageeigarar for å legge til rette for at dei tilsette i barnehagane kan delta på kompetansehevingstiltak. Mange av eigarane prioriterer midlar til ABLU. Eigarane kan også få tilretteleggings-

midlar for deltakarar på TIB og for vidareutdanningstilbod til barnehagelærarar som Utdanningsdirektoratet har sett i gang.

Regjeringa ønsker at alle nyutdanna nyttilsette barnehagelærarar skal få god støtte og rettleiing, slik at dei blir trygge, får nytta kompetansen sin og blir verande i yrket. I samarbeid med organisasjonar for barnehage, skule og høgare utdanning følger departementet opp dei nasjonale rammene for rettleiing av nyutdanna nyttilsette lærarar i barnehagen og skulen. Sluttrapporten for evalueringa til Rambøll om dette er venta tidleg i 2021. Sjå også omtale under kap. 226, post 21, 22 og 61 og kap. 260, post 50.

Tiltak for å styrke kvaliteten på barnehagelærarutdanninga

Kunnskapsdepartementet vil følge opp arbeidet med å styrke kvaliteten i barnehagelærarutdanninga og sjå anbefalingane i rapportane frå følgegruppa for BLU i samanheng med tilrådingane i rapporten frå ekspertgruppa for barnehagelærarrolla. I Tett på-meldinga er eitt av forslaga å setje ned ei ekstern gruppe som skal foreslå konkrete endringar i rammeplanen for BLU. Denne gruppa startar arbeidet hausten 2020.

I behandlinga av Prop. 117 S (2019–2020) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2020* blei det løyvd 5 mill. kroner for å auke forskingskompetansen i barnehagelærarutdanningsmiljøa. Midlane er tildelte Noregs forskingsråd. Departementet foreslår å vidareføre dette tiltaket som del av tildelinga til forskingsprogrammet FINNUT over kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag, post 21 Særskilde driftsutgifter.

Strategien *Lærerutdanning 2025: nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærerutdanningene* gir retning for arbeidet med å utvikle kvalitet i alle lærarutdanningane. Styrking av samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonane og barnehagane er ein del av oppfølginga. Eit hovudgrep i strategien er partnerskap mellom lærarutdanningane og barnehage- og skuleeigarar for å etablere lærarutdanningsbarnehagar og lærarutdanningsskular. I 2020 auka tildelinga til universitet og høgskular til partnerskapsamarbeid for å styrke praksis i lærarutdanningane, og ordninga blei utvida til å omfatte barnehagelærarutdanninga. Sjå omtale under kap. 275, post 21.

Tiltak for å styrke kompetansen i heile personalgruppa

Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å setje i gang ein treårig pilot for ekstern rettleiing av bar-

nehageeigarar i utvalde fylke. Målet med rettleiinga er å styrke kvalitetsutviklinga i barnehagane som deltek og få kunnskap om korleis eit eventuelt fast tilbod om dette kan innrettast. Departementet foreslår å løyve 5 mill. kroner i 2021 til å vidareføre tiltaket.

Kompetansestrategien for barnehagen skal støtte opp under arbeidet med både rekruttering og kompetanseutvikling, jf. *Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018–2022*. Dei tilsette i barnehagen har ulike kompetansebehov, og tiltaka er retta mot alle grupper tilsette.

I løpet av strategiperioden skal Utdanningsdirektoratet utarbeide nasjonale rammer for barnehagefagleg grunnkompetanse. På oppdrag frå direktoratet har OsloMet levert eit kunnskapsgrunnlag om barnehagefagleg grunnkompetanse som utgangspunkt for dette arbeidet.

Gjennom den regionale ordninga for kompetanseutvikling, som er omtala i strategien, skal dei statlege kompetansemidlane nyttast på ein måte som er betre tilpassa dei lokale behova. Kompetansemidlane skal i hovudsak nyttast til barnehagebasert kompetanseutvikling der heile personalet saman arbeider med å utvikle den pedagogiske praksisen i den einskilde barnehagen. Det kan bli aktuelt å tildele ekstra midlar til tilskotsordninga til lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæring hausten 2021 dersom det er handlingsrom til det. For meir informasjon om midlane, sjå omtale under kap. 231, post 21.

Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet

Utviklingstrekk og utfordringar

Hindringar for bruk av barnehage

Barn med innvandrarbakgrunn og/eller som kjem frå familiar med låg inntekt, går i mindre grad i barnehage enn andre barn, jf. omtale i del III, kap. 7 Nøkkeltal for barnehagesektoren. Regjeringa har gitt barnehagepolitikken ein tydelegare sosial profil gjennom fleire tiltak for å fjerne økonomiske hindringar for at barn får gå i barnehage. Det er ei utfordring at mange familiar i målgruppa ikkje bruker desse ordningane. Tidlegare rapportar har vist at hindera kan vere av både økonomisk, kulturell, ideologisk og praktisk art, eller ein kombinasjon av desse.

Barn i familiar som søker asyl, har ikkje rett til barnehageplass. Regjeringa ser på bruk av barnehage for barn i asylmottak som eit viktig tiltak i

det målretta arbeidet mot fattigdom, for ein effektiv integreringspolitikk og for å førebygge utanfor-skap, jf. regjeringsplattforma.

Regelverket for private barnehagar er ikkje tilpassa utviklinga i sektoren

Reguleringa av private barnehagar har vore tilpassa ein periode då utbygginga av barnehagesektoren hadde høg prioritet, dette for å sikre alle barn rett til barnehageplass. Departementet har utarbeidd eit omfattande kunnskapsgrunnlag for å gjere regelverket meir tilpassa dagens situasjon. Rapportane viser at utviklinga i barnehagesektoren har gitt nokre utfordringar som dagens regelverk ikkje tek høgde for:

- Det har vore oppkjøp av små barnehagar.
- Det er ei utvikling mot store barnehagekonsern.
- Rekneskapskrava er utdaterte.
- Det er krevjande for kommunane å føre tilsyn.
- Det er vanskeleg for nye små barnehagar å etablere seg.

Strategiar og tiltak

Foreldrebetaling – moderasjonsordningar og andre tiltak for å redusere hindringar for bruken av barnehage

Departementet foreslår at maksimalprisen for eit ordinært heiltidstilbod i 2021 blir fastsett til 3 230 kroner per måned og 35 530 kroner per år frå 1. januar 2021, jf. forslag til vedtak VI nr. 1.

Departementet foreslår å vidareføre det nasjonale minstekravet til redusert foreldrebetaling som gjer at ingen familiar må betale meir enn 6 pst. av samla skattbar inntekt for ein barnehageplass, med maksimalprisen som ei øvre grense. Det betyr at alle husstandar med ei samla skattbar inntekt på under 592 167 kroner vil ha rett til reduksjon i foreldrebetalinga frå 1. januar 2021.

Departementet foreslår å vidareføre den nasjonale ordninga med gratis kjernetid 20 timar per veke for barn i alderen 2–5 år frå familiar med låg inntekt slik at inntektsgrensa blir sett til 583 650 kroner frå 1. august 2021, jf. forslag til vedtak VI nr. 2.

Departementet gjorde endringar i forskrifta om foreldrebetaling i barnehage våren 2020 slik at kommunane kan hente opplysningar om familieinntekta direkte frå skattemyndigheitene. Dermed er det blitt enklare for foreldre med låg inntekt å få tilgang til moderasjonsordningane. I tillegg er risikoen redusert for at barna skal falle ut av ordningar dei har rett til.

Rammetilskotet til kommunane blei styrkt med 10 mill. kroner i 2016 til informasjons- og rekrutteringsarbeid på barnehagefeltet for å auke barnehagedeltakinga blant barn frå familiar med låg inntekt og barn med innvandrarbakgrunn. Departementet oppretta i 2018 eit øyremerkt tilskot for aktivt informasjons- og rekrutteringsarbeid overfor familiar med innvandrarbakgrunn, jf. kap. 231, post 66. Utdanningsdirektoratet har på nettsidene sine samla råd som kan hjelpe kommunar i arbeidet med å rekruttere minoritetsspråklege barn til barnehagen. Her er det mellom anna informasjon om gratis kjernetid og moderasjonsordningar og erfaringar frå fleire kommunar om korleis dei driv rekrutteringsarbeid. I tillegg finst det eit faktaark på fleire språk om barnehage, gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling.

Utviding av høvet til å få gå i barnehage for barn i asylmottak

Barn i asylmottak har ikkje rett til barnehageplass, men det er lagt økonomisk til rette for at dei kan få eit tilbod. 4- og 5-åringar har hatt høve til heiltidsplass sidan 2011, og 2- og 3-åringane fekk høve til heiltidsplass i 2020. 1-åringane fekk høve til gratis kjernetid i 2019 og heiltidsplass i samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett 2020, jf. Innst. 360 S (2019–2020) og Prop. 117 S (2019–2020) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2020*.

Departementet foreslår å flytte midlar frå Kunnskapsdepartementet til Justis- og beredskapsdepartementet for å finansiere heilårseffekten av heiltidsplass i barnehage for 1-, 2- og 3-åringar i asylmottak, jf. kap. 231, post 21 nedanfor og Prop. 1 S (2020–2021) for Justis- og beredskapsdepartementet. Finansieringa for heiltidsplass i barnehage for alle barn i asylmottak i alderen 1–5 år er dermed på plass. Departementet vil vurdere korleis dei identiske tiltaka 2:57 og 11:188 i regjeringsplattforma om å gi rett til barnehageplass for alle barn i mottak, skal følgast opp.

Tiltak for betre tilpassing av regelverket for private barnehagar

I arbeidet med å tilpasse regelverket for dei private barnehagane betre til dagens situasjon hadde departementet ei rekke forslag til endringar i barnehagelova på høyring våren 2019. Endringar som gjeld økonomisk tilsyn og pensjonstilskot er omtalte nedanfor. Når det gjeld endringar i andre delar av finansieringssystemet, krav til organiseringa av barnehagen, rekneskapskrav og melde-

plikt til kommunen ved sal av private barnehagar, har departementet fått mange gode høyringsinnspel og ønsker derfor å vurdere forslaga nærmare. Departementet vil kome tilbake til Stortinget med forslag til endringar i regelverket på desse områda.

For omtale av oppmodingsvedtak om regelverk og finansiering av private barnehagar, sjå vedtak nr. 51, 22. november 2018, nr. 461, 13. februar 2018 og nr. 802 og 805, 31. mai 2018, stortingssesjonen 2017–2018 i del I, kap. 3 Oppfølging av oppmodingsvedtak.

Nytt nasjonalt økonomisk tilsyn for private barnehagar

Departementet har følgd opp forslaga om å innføre eit nasjonalt økonomisk tilsyn og ei tydeleggjering av krava til bruken av offentlege tilskot og foreldrebetaling i Prop. 96 L (2019–2020) *Endringer i folkehøgskoleloven, barnehageloven og voksenopplæringsloven m.m. (samleproposisjon)*, jf. Innst. 302 L (2019–2020). Stortinget har vedteke at det skal opprettast eit nasjonalt tilsyn for økonomiske forhold overfor private barnehagar, og at dette ansvaret leggst til Utdanningsdirektoratet. Direktoratet vil få ansvar for å føre kontroll og tilsyn med at offentlege tilskot og foreldrebetaling blir nytta i tråd med krava og tilhøyrande reguleringar. Det vil samtidig blir innført tilhøyrande reguleringar som sikrar direktoratet nødvendig dokumentasjon i samband med tilsyn, og reguleringar om kva for reaksjonar direktoratet kan bruke.

Departementet vil gjere ei nærare vurdering av tidspunktet for overføring av ansvaret for å føre tilsyn med økonomiske forhold i private barnehagar. Inntil regelendringane trer i kraft, er det kommunane som har ansvaret for å føre økonomisk tilsyn. Det blei sett av 10 mill. kroner til å starte arbeidet med eit nasjonalt tilsyn i 2020, jf. Prop. 1 S (2019–2020). Departementet foreslår å auke løyvinga til 20 mill. kroner i 2021, slik at arbeidet med å etablere eit økonomisk tilsyn kan trappast opp. Departementet anslår at det nasjonale tilsynet i oppstarten bør ha om lag 20 årsverk. Departementet vil følge med på ressursbehovet til den nye tilsynsmyndigheita i åra framover.

Ansvarsfordelingane inneber at kommunen framleis vil vere tilsynsmyndigheit for andre reguleringar enn det økonomiske tilsynet i barnehagelova og forskrifter. Kvalitet og innhald i barnehagetilbodet er ei oppgåve som krev innsikt i lokale forhold og prioriteringar. Slike tilsyn vil i større grad

basere seg på stadlege tilsyn og kjennskap til den aktuelle barnehagen det blir ført tilsyn med. Tilsyn av kvalitet og innhald kan derfor best utførast av den ein skilde kommunen. Når ansvaret for økonomitilsynet blir flytta til nasjonalt nivå, vil kommunen få betre høve til å prioritere tilsyn med andre forhold enn økonomi.

Endringar i pensjonstilskot til private barnehagar

Tilskotet til pensjon i private barnehagar er i dag på 13 pst. av lønnsutgiftene i dei kommunale barnehagane. Dette overstig dei faktiske pensjonsutgiftene i mange private barnehagar. Departementet meiner at private barnehagar ikkje bør få meir i tilskot til pensjon enn det dei faktisk bruker på pensjon til dei tilsette. Departementet sende derfor i april 2019 eit forslag på høyring om å setje ned pensjonspåslaget. Departementet tok ikkje stilling til det nye nivået for pensjonspåslaget. Departementet har merka seg at fleirtalet av høyringsinstansane meiner at pensjonstilskotet bør justerast ned, slik at det i større grad heng saman med pensjonsutgiftene i private barnehagar. Departementet foreslår at tilskotet til pensjon i private barnehagar blir redusert frå 13 pst. til 11 pst. frå 1. januar 2021. Forslaget om å justere ned pensjonstilskotet var på offentleg høyring våren 2019 som ein del av høyringsnotatet om forslag til endringar i barnehagelova.

Departementet foreslår vidare å utvide dagens søknadsordning for private barnehagar med høge pensjonsutgifter. Dette inneber at barnehagar som inngjekk pensjonsavtale før 1. januar 2019, etter søknad har krav på å få dekt pensjonsutgiftene sine med kommunens pensjonsutgifter som øvre grense.

For å gi barnehagar med mindre økonomisk handlingsrom noko betre tid til å tilpasse seg inntektsbortfallet, foreslår departementet at det blir oppretta ei ny overgangsordning for einskildståande barnehagar. Overgangsordningane inneber at pensjonspåslaget for barnehagar som ikkje tilhøyrer ei kjede, blir justert gradvis ned fram til 2023. Departementet foreslår at pensjonspåslaget for einskildståande barnehagar held fram på 13 pst. i 2021, og blir justert ned til 12 pst. i 2022. Departementet foreslår at overgangsordningane blir oppheva frå 2023, og at einskildståande barnehagar frå da får same pensjonspåslag som andre private barnehagar: 11 pst.

Til saman inneber endringane i pensjonstilskot til private barnehagar ein reduksjon i rammetilskotet til kommunane på 215 mill. kroner i 2021.

Kap. 231 Barnehagar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	451 246	464 683	470 156
51	Forsking, <i>kan nyttast under post 21</i>	8 500		
60	Tilskot til bemanningsnorm i barnehage	258 231	111 210	
63	Tilskot til tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage	149 809	144 549	144 549
66	Tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritetsspråklege barn	20 558	17 342	17 342
70	Tilskot til symjing i barnehagane	66 026	69 993	72 233
	Sum kap. 0231	954 370	807 777	704 280

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Midlane på posten skal medverke til å heve kvaliteten på barnehagetilbodet, i både kommunale og private barnehagar. Midlane finansierer ei rekke kompetansetiltak for alle grupper tilsette. Vidare blir midlane nytta til andre kvalitetstiltak, tilretteleggingsmidlar til barnehageeigarar som har tilsette som deltek på studietilbod, auka kunnskapsgrunnlag om barnehagen og forvaltning av ulike tiltak.

Mål for 2021

Å auke kvaliteten på barnehagetilbodet og få meir kunnskap om barnehagen.

Resultat i 2019

Samla blei det nytta 451,2 mill. kroner over posten i 2019. Av dette gjekk 351,2 mill. kroner til kompetansetiltak for tilsette i barnehagane for å følge opp kompetansestrategien *Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018–2022*.

Oppfølging av kompetansestrategien

Departementet legg til grunn at kompetansetiltak for alle grupper tilsette medverkar til høgare kvalitet på barnehagetilbodet, og at tiltaka er viktige verkemiddel i arbeidet med å utvikle praksisen i barnehagen i samsvar med rammeplanen. Tabell 4.17 gir ei oversikt over dei ulike kompetansetiltaka som er del av kompetansestrategien.

Tabell 4.17 Fordeling av midlar til oppfølging av kompetansestrategien for barnehagar i 2019

		(i mill. kr)	
Type kompetansetiltak	Tal på deltakarar	Beløp	
Den regionale ordninga for kompetanseutvikling		171,1	
Vidareutdanning for barnehagelærarar, tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk og rettleiarutdanning for praksislærarar, inkludert tilretteleggingsmidlar	800	80,4	
Arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning (ABLU) – fire kull som går over fire skuleår – midlar til studieplassar	592	42,5	
Leiarutdanning for barnehagestyrarar	300	30,4	
Fagskuleutdanning i oppvekstfag – tre kull som går over to skuleår	350	23,0	
Rettleiing av nyutdanna nytilsette lærarar. Tiltaket er samordna med skule – sjå omtale under kap. 226, post 21		3,8	
Sum		351,2	

Den regionale ordninga for kompetanseutvikling

I 2019 blei det tildelt 171,1 mill. kroner til den regionale ordninga for kompetanseutvikling som fylkesmannsembeta har ansvaret for å administrere.

Om lag 70 pst. av midlane blei nytta til barnehagebaserte kompetansetiltak, noko som har gjort at om lag halvparten av alle barnehagane i Noreg har gjennomført barnehagebaserte kompetansetiltak i 2019. Dei fleste tiltaka har vore innanfor to av dei fire satsingsområda i kompetansestrategien: Barnehagen som pedagogisk verksemd og Eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning.

Dei resterande 30 pst. av midlane blei nytta til andre tiltak etter behov, som fagbrev gjennom praksiskandidatordninga (96 deltakarar i fire

fylke), barnehagefagleg grunnkompetanse for assistentar utan kompetanse og erfaring frå barnehage, slik at dei får eit minimum av kunnskap om barns utvikling og behov (tre fylke), og tilretteleggingsmidlar for lokal prioritering (1 273 deltakarar).

Alle fylkesmenn har prioritert tiltaket tilretteleggingsmidlar og i hovudsak tildelt midlar til barnehageeigarar med deltakarar på ABLU og andre deltidsutdanningar for å bli barnehagelærar.

Andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehagetilbodet

I 2019 blei det nytta 100 mill. kroner på posten til andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehagetilbodet.

Tabell 4.18 Fordeling av midlar til andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehagetilbodet i 2019

		(i mill. kr)	
Type tiltak	Kort om tiltaket	Beløp	
Tildeling til Noregs forskingsråd	10 mill. kroner gjekk til drifta av dei to sentera for barnehagerelevant forskning: BARNkunne – Senter for barnehagekunnskap ved Høgskulen på Vestlandet og FILIORUM ved Universitetet i Stavanger.	17,2	
Implementering av rammeplan for barnehagane	Hovuddelen av midlane blei nytta til utvikling av praksis i barnehagen i samsvar med rammeplanane.	12,9	

Tabell 4.18 Fordeling av midlar til andre tiltak for å auke kvaliteten på barnehagetilbodet i 2019

		(i mill. kr)
Type tiltak	Kort om tiltaket	Beløp
<i>Språkløyper – nasjonal strategi for språk, lesing og skriving (2016–2019)</i>	2019 var siste år for denne strategien. Det blei òg løyvd midlar til dette tiltaket over kap. 226, post 21.	11,0
Inkluderande barnehage- og skulemiljø	Midlane blei nytta til ulike tilbod om kompetanseutvikling, mellom anna læringsmiljøprosjektet.	9,9
Rekruttering av barn til barnehage i utsette byområde	Midlane blei tildelt Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger og Drammen kommune. Kommunane vurderte verkemiddel og tiltak, og midlane skulle nyttast til arbeid med rekruttering og informasjon for å auke deltaking i barnehage for barn i utsette byområde.	9,0
Tilsyns- og klageordningar hos fylkesmannen	Fylkesmannen kan føre tilsyn med barnehagar i særlege tilfelle, jf. Innst. 344 L (2015–2016), og er klageinstans, jf. Innst. 338 L (2015–2016).	8,0
Realfagsstrategien <i>Tett på realfag</i>	2019 var siste år for denne strategien. Det blei òg løyvd midlar til dette tiltaket over kap. 226, post 21.	5,4
Kvensk barnehagetilbod – oppfølging av planen for vidare innsats for kvensk språk i perioden 2017–21	Midlane har i stor grad gått til prosjekt knytte til Kainun institutti – Kvensk institutt, som lenge har jobba med tiltak for å styrke kvensk språk. Prosjekta har i stor grad handla om språkstimulering for barn i barnehagar, støtte til foreldre for at dei skal kunne hjelpe barna sine i tospråkleg utvikling, å auke kunnskapen blant barnehagelærarar som jobbar med kvensk språk i barnehagar i Nord-Noreg, og skape nettverk mellom desse. Det er òg gitt midlar til kommunar som har tiltak i eigne barnehagar for å løfte fram kvensk språk og kultur.	0,8
Anna	Midlar til mellom anna statistikk, rapportar, analyse og forskning for å følge med på og betre kvaliteten i barnehagesektoren, forvaltning av tiltak hos fylkesmannen, Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet.	25,8
Sum		100,0

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 470,2 mill. kroner på posten til ulike tiltak for kvalitetsutvikling i barnehagesektoren og innhenting av kunnskap.

Departementet foreslår å løyve til saman om lag 200 mill. kroner til regional ordning for kompetanseutvikling. Ordninga blei vidareutvikla i 2018 som ein del av oppfølginga av strategien *Kompetanse for fremtidens barnehage. Revidert strategi for kompetanse og rekruttering 2018–2022*.

Departementet foreslår å løyve om lag 200 mill. kroner til andre tiltak for å følge opp kompetansestrategien.

Departementet foreslår å styrke det nasjonale økonomiske tilsynet med private barnehagar, slik at det totalt er 20 mill. kroner i 2021 til å halde fram oppbygginga av den nye eininga for tilsyn i Molde.

Departementet foreslår å vidareføre 10,3 mill. kroner til arbeidet mot mobbing og for eit godt barnehagemiljø. Departementet foreslår å vidareføre 9 mill. kroner til fylkesmannen som klageinstans, og til at fylkesmannen kan føre tilsyn med barnehagar i særlege tilfelle.

Departementet foreslår å løyve 5 mill. kroner til vidareføring av eit treårig pilotprosjekt for rettleiing av barnehageeigarar.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på 0,8 mill. kroner til kvenske barnehagetilbod.

Dei andre midlane på posten skal nyttast til ulike tiltak i samsvar med målet for posten. Utdanningsdirektoratet får fullmakt til å vurdere disponeringa av midlane på posten i samråd med departementet, innanfor den ramma som er foreslått over, og i samsvar med tiltaka i kompetansestrategien og andre prioriterte område. Departementet vil ved behov omdisponere midlar mellom dei ulike satsingane på posten.

I løyvingforslaget er det teke omsyn til fleire flyttingar frå posten:

- Departementet foreslår å flytte 8,3 mill. kroner frå posten til kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 60 Tilskot til vertskommunar for asylmottak under Justis- og beredskapsdepartementet. Dette skal finansiere heiltidsplass i barnehage for 1-åringar i asylmottak og heilårseffekten av heiltidsplass i barnehage for 2- og 3-åringar i asylmottak.
- Departementet foreslår å flytte 10 mill. kroner frå posten til kap. 571 Rammetilskot til kommunar, post 60 Innbyggartilskot under Kommunal- og moderniseringsdepartementet, for å dekke heilårseffekten av auka kostnader i samband med innføringa av lovreglar om psyko-

socialt barnehagemiljø og internkontroll i barnehagane.

Post 51 Forsking

I statsbudsjettet for 2020 blei løyvinga over denne posten rammeoverført til kap. 201 Analyse og kunnskapsgrunnlag, post 21 Særskilde driftsutgifter. Dette blei gjort for å samle det meste av løyvinga til Forskingrådet program FINNUT på éin post. Sjå kap. 201, post 21 for mål og budsjettforslag for 2021.

Resultat i 2019

Heile løyvinga på posten gjekk uavkorta til Noregs forskingsråd, som deler ut midlane innanfor forskingsprogrammet FINNUT (2014–2023). Programmet omfattar forskning på og innovasjon i utdanningssektoren, frå barnehage og skule til høgare utdanning og vaksenopplæring. Forskinga bidreg til meir og betre kunnskap om barnehagen, til nytte for både sektoren og statleg utdanningsadministrasjon. FINNUT inneheld ei rekke verkemiddel, og i tillegg til forskingsprosjekt inkluderer tiltaka innovasjonsprosjekt i offentleg sektor og støtte til unge forskarar. Dei to nasjonale forskningssentera for barnehageforskning, BARNkunne og FILIORUM, er også del av porteføljen til FINNUT. Programmet finansierer forskning på mellom anna barns språklege utvikling, digital kompetanse, minoritetsspråklege barn, barnehageleiing og pedagogiske prosessar, inkludert leikbasert læring.

Post 60 Tilskot til bemanningsnorm i barnehage

Tilskotet var ei treårig ordning som blei oppretta i 2018 som eit resultat av budsjettavtalen i samband med behandlinga av revidert nasjonalbudsjett for 2018, jf. Innst. 400 S (2017–2018) og Prop. 85 S (2017–2018) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2018*.

Målet med ordninga var å støtte små barnehagar som hadde problem med å oppfylle den nye bemanningsnorma som tok til å gjelde 1. august 2018. 2020 er det siste året for ordninga.

Resultat i 2019

Tal for 2019 viser at 94 pst. av alle barnehagar i landet oppfyller bemanningsnorma, ein auke frå 75 pst. i 2018. I snitt er bemanningstettleiken blitt betra frå 5,8 til 5,7 barn per tilsett.

Stortinget løyvde 262,8 mill. kroner til ordninga. Av dette gjekk 41 mill. kroner til små kommunale barnehagar og 217 mill. kroner til små private barnehagar. Totalt fekk 454 barnehagar i 86 kommunar tilskot, av desse var 92 barnehagar kommunale og 362 private.

Tal frå desember 2019 viser at dei fleste barnehagane som fekk tilskot i 2019, har fått færre barn per tilsett samanlikna med 2018. Tilskotet har bidrege til at over 90 pst. av dei 454 barnehagane som fekk tilskot, oppfylte bemanningsnorma i 2019.

Post 63 Tilskot til tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage

Utdanningsdirektoratet tildeler tilskotet til kommunar som oppfyller følgande to kriterium: at minst 10 pst. av barnehagebarna i kommunen er definerte som minoritetsspråklege, og at dette må utgjere minst 50 barn. Definisjonen omfattar barn med ein annan språk- eller kulturbakgrunn enn norsk, samisk, svensk, dansk og engelsk. Kommunane står fritt til å bruke midlane slik det passar best lokalt for å nå målet.

Mål for 2021

Målet med tilskotsordninga er å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage.

Resultat i 2019

Ordninga blei lagd om frå 1. januar 2017 slik at berre dei kommunane som har størst utfordringar, får tilskot. I 2019 omfatta dette 139 kommunar, mot 141 kommunar i 2018, og 87 pst. av alle minoritetsspråklege barn i barnehage – det same som i 2018. Kommunane har ikkje rapporteringsplikt for bruken av tilskotet.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 144,5 mill. kroner på posten i 2021.

Post 66 Tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritetsspråklege barn

Tilskotsordninga blei oppretta i 2018. Midlane skal gå til aktivt informasjons- og rekrutteringsarbeid i kommunar som har særlege utfordringar med å få minoritetsspråklege barn til å starte i barnehagen. Dei kommunane som får midlar, står

fritt til å bruke midlane slik det passar best lokalt for å nå målet. Kommunar med 80 eller fleire minoritetsspråklege barn som ikkje gjekk i barnehage, får tilbod om å søke om tilskot.

Mål for 2021

Målet med tilskotsordninga er at fleire minoritetsspråklege barn skal få gå i barnehage.

Resultat i 2019

24 kommunar i 12 ulike fylke oppfylte kriteriet for tilskotet, og av desse var det 21 kommunar som søkte. Dei fekk innvilga tilskot for totalt 6 894 barn som ikkje gjekk i barnehage. Satsen per barn blei dermed 2 982 kroner. I 2018 fekk 17 kommunar tilskot for 5 392 barn.

Kommunane står fritt til å bruke midlane slik det passar best lokalt for å nå målet, mellom anna til open barnehage, som er rekna som ein god rekrutteringsarena. Det er vanskeleg å seie om barnehagebruken for minoritetsspråklege barn har auka som følge av tilskotet, mellom anna fordi kommunane kan bruke midlane på mange ulike måtar, men òg fordi det er mange faktorar som spelar saman når foreldre vel om barnet skal gå i barnehage.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 17,3 mill. kroner på posten i 2021.

Post 70 Tilskot til symjing i barnehagane

Tilskotsordninga blei oppretta i 2015, blir forvalta av fylkesmennene og skal medverke til at kommunar, frivillige organisasjonar og barnehagar kan gjennomføre tiltak for å nå målet. Det første året var det berre 37 kommunar som fekk tilskot, men løyvinga har blitt auka, slik at heile landet no blir omfatta.

Mål for 2021

Det overordna målet med ordninga er at barnehagebarn i alderen 4–6 år skal bli trygge i vatnet, slik at dei får eit godt grunnlag for å lære å symje.

Resultat i 2019

Av ei løyving på 68,2 mill. kroner i 2019 blei 66 mill. kroner nytta til ordninga, og det blei tildelt midlar i alle fylke. Tilskotet gjorde at 36 500 barn

fekk tilbod om symjeopplæring i barnehagetida, mot 32 000 barn i 2018. Mindreforbruket på 2,2 mill. kroner kjem av at fylkesmennene ikkje fekk søknader om meir enn 66 mill. kroner totalt.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 72,2 mill. kroner på posten i 2021.

Programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning

Utgifter under programkategori 07.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
240	Fagskular	765 360	825 342	1 069 994	29,6
241	Felles tiltak for fagskular	28 509	30 893	31 723	2,7
242	Noregs grønne fagskule – Vea		31 570	31 656	0,3
	Sum kategori 07.40	793 869	887 805	1 133 373	27,7

Inntekter under programkategori 07.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
3242	Noregs grønne fagskule – Vea		6 146	6 316	2,8
	Sum kategori 07.40		6 146	6 316	2,8

Innleiing

Noreg vil trenge fleire dyktige fagfolk i tida framover. Med fleksible og tilgjengelege utdanningar bidreg fagskulane til at arbeidslivet får nødvendig kompetanse. Regjeringa vil at fleire skal ta høgare yrkesfagleg utdanning, i kombinasjon med arbeid eller på heiltid. Regjeringa gjennomfører derfor den største satsinga nokon gong for å auke kapasiteten ved fagskulane.

Regjeringa har dei siste åra i tillegg prioritert tiltak for å auke kvaliteten ved utdanningane og å utvikle nye utdanningstilbod. Regjeringa har òg fått på plass ei statleg tilskotsordning for driftsmidlar til fagskulane og ny fagskulelov med forskrift.

Fagskulane er viktige i kompetansereforma Lære heile livet. Stadig meir digitalisering, automatisering og nye krav til kompetanse må møtast med betre og fleire moglegheiter til vidareutdanning. Høgare yrkesfagleg utdanning skal vere fleksibel, yrkesretta og tilpassa ny teknologi, nye

trenderar og behov i arbeidslivet. Regjeringa vil halde fram med å satse på kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning og gjere fagskulane endå betre rusta til å svare raskt på etterspurnaden i arbeidslivet. Det langsiktige målet er å bygge opp ein sektor med fleire solide fagskular som har sterke fagmiljø, som kan svare raskt på nye kompetansebehov, og som kan vere ein viktig bidragsytar for å tette kompetansegapet i arbeidslivet.

Mange av dei som er ramma av konsekvensane av covid-19-pandemien gjennom permitteringar og arbeidsløyse, er i målgruppa for høgare yrkesfagleg utdanning. Det er derfor viktig at fagskulane kan bidra til å dekke behova for omstilling i arbeidslivet, jf. omtale i kap. 11 om konsekvensar av covid-19-pandemien i kunnskapssektoren.

Kunnskapsdepartementet har fastsett desse overordna måla for programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning:

- Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet.

- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse.

Hovudprioriteringar for 2021

Departementet foreslår å løyve 178,6 mill. kroner for å vidareføre og trappe opp 1 600 studieplassar som Stortinget har løyvd midlar til i statsbudsjettet for 2020 og i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte over programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Departementet foreslår å løyve 37,8 mill. kroner til om lag 500 nye studieplassar ved Industriefagskolen i 2021. Inkludert utgifter til utdanningsstøtte er samla utgift for desse studieplassane om lag 50 mill. kroner i 2021.

Samla foreslår departementet 1,1 mrd. kroner til høgare yrkesfagleg utdanning i 2021.

Mål: Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet

Utviklingstrekk og utfordringar

Samfunnet treng fagskulekandidatar

Arbeidslivet har behov for meir fagutdanna arbeidskraft. Rapporten frå Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) frå 2019 om arbeidsgivarane sine forventningar til og erfaringar med nyutdanna frå universitet, høgskular og fagskular, viser at over halvparten av verksemdene i undersøkinga svarer at dei har behov for fagskulekandidatar. Ifølgje denne arbeidsgivarundersøkinga er verksemdene som rekrutterer fagskulekandidatar, fornøgde med kandidatane.

Utdanningstilboda ved fagskulane er ofte korte og fleksible, noko som gjer dei tilgjengelege for mange. Fylkeskommunane har ei viktig rolle i å kartlegge lokale, regionale og nasjonale kompetansebehov og legge dette til grunn for dimensjoneringa av fagskuletilboda. Arbeidslivet generelt, og særleg bransjane som tek imot fagskulekandidatane, er òg med på å utvikle utdanningstilboda i den retninga samfunnet treng.

Talet på fagskulestudentar har auka i dei siste åra, og frå 2018 til 2019 er auken på nesten 10 pst. Hausten 2019 var det 18 300 studentar ved fagskulane, ifølgje Database for fagskulestatistikk (DBHF) ved Norsk senter for forskingsdata (NSD). Det er nesten dobbelt så mange deltidsstudentar som heiltidsstudentar i høgare yrkesfagleg utdanning, og nær halvparten av studentane er 30 år eller eldre.

Med tildelinga av midlar til 1 600 nye studieplassar i 2020 har regjeringa gjennomført den største kapasitetsauken i høgare yrkesfagleg utdanning nokon gong. Til grunn for auken i talet på nye studieplassar er mellom anna ei kartlegging i fylkeskommunane av kapasiteten i fagskulesektoren våren 2020.

Det er behov for fleksible og tilgjengelege fagskuletilbod

Stadig raskare teknologiske endringar stiller krav til kontinuerlege endringar i utdanningstilboda for å vere relevante for studentar og arbeidsliv. Dette gjeld spesielt høgare yrkesfagleg utdanning, som skal vere fleksibel og yrkesretta.

Tilstandsrapporten for høgare yrkesfagleg utdanning 2020, utarbeidd av Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku), viser at det er god geografisk spreiding av fagskuletilbod, stor grad av nettbasert undervisning, og ein stor del av utdanningstilboda er på deltid. Hausten 2019 var nesten 30 pst. av utdanningstilboda nettbaserte, inkludert nettbaserte tilbod med samlingar. Innanfor helsefag, pedagogiske fag og primærnæringsfag er det så å seie berre deltidsutdanningar. Med tilskotsordninga for fleksible vidareutdanningar og treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling blir det fleire fleksible og relevante utdanningstilbod tilpassa behova i arbeidslivet, jf. omtale i programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring.

2020 er det første året Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning gjennomfører eit samordna opptak for fagskulane. Alle offentlege fagskular er med, medan det er valfritt for dei private fagskulane å delta. 25 offentlege fagskular og fem private fagskular deltok i opptaket i 2020. Unit tok imot søknader frå over 9 300 søkarar i 2020, og det var god søking til mange studium. Utlysing av studieplassar i Samordna opptak bidreg til å gjere høgare yrkesfagleg utdanning meir synleg for utdanningssøkarar fordi utdanningane er i same portal som opptaket til høgare utdanning.

Høgare yrkesfagleg utdanning gir studentane relevant kompetanse

Det er mange faktorar som påverkar kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning, som innhaldet i utdanningstilboda og utforminga og tilrettelegginga av utdanningstilboda. Samspelet med arbeids- og næringsliv, kompetansen til dei tilsette

og læringsmiljøet til studentane verkar òg inn på utdanningskvaliteten. Ein rask auke i talet på studentar i høgare yrkesfagleg utdanning kan føre til utfordringar for fagskulane med å halde på og vidareutvikle kvaliteten på utdanningstilboda.

Mange fagskular har få studentar og er derfor sårbare for endringar i søkartal og med omsyn til fagleg styrke ved fagmiljøa. Talet på fagskular har dei siste åra gått ned, noko som i hovudsak kjem av samanslåingar og oppkjøp. I 2019 var det i gjennomsnitt 228 studentar per fagskule, mot 201 studentar per fagskule året før. Færre og større fagskular er i tråd med det politiske målet om ein fagskulesektor med meir solide institusjonar.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har NIFU gjennomført ei spørjeundersøking med personar som fullførte høgare yrkesfagleg utdanning i 2017 eller 2018. Fagskulekandidatundersøkinga utgitt i 2020 viser mellom anna at fagskulestudentar i stor grad er i jobb under utdanninga, og at dei fleste held fram i same bransje etter utdanninga. Helsefagkandidatane får i mindre grad ny stilling eller meir ansvar etter utdanninga enn kandidatar med teknisk utdanning. For kreative fag er høgare yrkesfagleg utdanning ofte grunnlag for vidare utdanning.

Studiebarometeret for fagskulestudentar 2020, utarbeidd av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT), viser at fagskulestudentane er fornøgde med kvaliteten på utdanninga. 82 pst. av studentane meiner at dei får kompetanse som er viktig i arbeidslivet, og om lag to tredelar seier at utdanninga dei tek, gir kompetanse som gjer at dei kan gå rett ut i arbeidslivet. Over ein tredel av studentane meiner at det ikkje blir lagt godt til rette for å knyte kontaktar i arbeidslivet.

Studiebarometeret viser at fagskulestudentane i hovudsak er fornøgde med korleis fagskulane har handtert covid-19-pandemien. 25 pst. av studentane meiner likevel at covid-19-pandemien har påverka kvardagen deira på ein måte som gjer at det er vanskeleg å halde fram utdanninga. Dette gjeld særleg campusstudentane og i noko mindre grad studentar ved nett- og samlingsbaserte studium. 49 pst. av campusstudentane opplever at dei har fått eit læringsutbytte som er dårlegare enn det ville vore utan covid-19-pandemien.

Strategiar og tiltak

Regjeringa held fram med å prioritere tiltak for å styrke høgare yrkesfagleg utdanning. Satsingane omtala nedanfor følger opp Utdanningsløftet 2020, Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen –*

Lære hele livet og Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskoleutdanning*.

Auka kapasitet i høgare yrkesfagleg utdanning

For å få fleire fagfolk med relevant og god utdanning tilpassa behovet i arbeidslivet held regjeringa fram satsinga på auka kapasitet ved fagskulane.

Stortinget vedtok midlar til totalt 1 600 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning i statsbudsjettet for 2020 og i samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2020, jf. Innst. 12 S (2019–20) og Innst. 360 S (2019–20). I behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2020 hadde utdannings- og forskingskomiteen følgjande merknad:

Flertallet viser til Stortingets anmodningsvedtak i kompetansereformen hvor det bes om at det opprettes inntil 1 000 nye studieplasser innen høyere yrkesfaglig utdanning fra høsten 2020, i tillegg til de 1 000 regjeringen varslet tidligere i vår. På grunn av søkertall, kapasitet og tidsaspektet er det utfordrende å nå hele denne målsettingen allerede i høst, og flertallet legger derfor inn 500 ekstra studieplasser til høyere yrkesfaglig utdanning fra høsten 2020. Flertallet forutsetter at regjeringen følger opp Stortingets vedtak om nye studieplasser i statsbudsjettet for 2021, gitt at det er søknader fra fagskoler som oppfyller intensjonen i Stortingets anmodningsvedtak. Studieplassene skal prioriteres til fagskoletilbud som det er behov for i arbeidslivet, og flertallet legger til grunn at økning i fagskoleplasser vurderes i samsvar med antall søkere og kapasitet i fagskolesektoren.

I statsbudsjettet for 2021 foreslår departementet å vidareføre og trappe opp løyvinga til studieplassane oppretta i 2020. I tillegg foreslår regjeringa midlar til om lag 500 nye studieplassar frå våren 2021. Studieplassane skal gå til tilbod ved Industriefagskolen.

Regjeringas satsing på auka kapasitet i høgare yrkesfagleg utdanning i 2020 og 2021 inneber ein auke på totalt 2 100 nye studieplassar. Det gir ein auke i det statlege driftstilskotet til høgare yrkesfagleg utdanning på 45 pst. frå 2019 til finansieringa av dei nye studieplassane er fullt opptrappa i 2024.

Ein auke i kapasiteten utover denne satsinga bør etter regjeringas vurdering vente til det er meir informasjon om både etterspurnad etter høgare yrkesfagleg utdanning og om fagskulesektoren er i stand til å bygge ut tilboda så raskt som Stortinget legg opp til i oppmodingsvedtak nr. 700,

15. juni 2020, jf. omtale av vedtaket i del 1. Det vil i løpet av hausten 2020 komme informasjon om korleis kapasitetsauken i år har blitt utnytta i fagskulesektoren.

Tiltak for å utvikle nye fagskuletilbod

Dei som vel høgare yrkesfagleg utdanning, skal oppnå verdifull kompetanse som arbeidslivet har behov for. Fagskulane kan i samarbeid med verksemder søke Kompetanse Noreg om tilskot til utvikling av fleksible vidareutdanningstilbod. Dei kan òg, i samarbeid med verksemder, inngå i treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling. Desse to tiltaka er del av Kompetanseprogrammet, som inngår i kompetansereforma Lære heile livet. For 2021 foreslår regjeringa å vidareføre tilskotsordninga for fleksible vidareutdanningstilbod og utvidinga av treparts bransjeprogram, jf. omtale under programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring.

Stadig fleire fagskular får akkrediterte fagområde, og så langt har åtte fagskular akkreditering for til saman elleve fagområde. Ei fagområdeakkreditering gir fagskulen høve til sjølv å opprette nye utdanningar og gjere endringar i eksisterande utdanningar, og slik kan ein fagskule raskare omsittle utdanningstilbodet ut frå behov i arbeidslivet. NOKUT innfører ein ny og forenkla prosess for akkreditering av fagskuletilbod hausten 2020. Den nye modellen har kortare behandlingstid og gjeld for fagskular som har minst éi akkreditering av eit fagskuletilbod frå før.

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring eit forslag om endringar i lov om høgare yrkesfagleg utdanning. Eit av forslaga er å fjerne kravet til minstelengd for høgare yrkesfagleg utdanning. Forslaget er ei oppfølging av *NOU 2019:12 Lærerkraftig utvikling – Livslang læring for omstilling og konkurranse* og Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereforma – Lære heile livet*. Det blir òg foreslått endringar som gjeld presisering av kunnskapsgrunnlaget for høgare yrkesfagleg utdanning, opptak til kunstfaglege utdanningar, reglane om politiattest og bruk av falske dokument.

Tiltak for å betre kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning

Det er viktig at satsinga på auka kapasitet i fagskulane ikkje går ut over kvaliteten på utdanningstilbodet. Regjeringa foreslår å vidareføre tilskotsordninga for utviklingsmidlar til fagskulane. Med utviklingsmidlane kan fagskulane utvikle nye utdanningstilbod, kjøpe nytt utstyr, bruke digital

teknologi for læring og tilby digital kompetanseheving av tilsette. Vidare foreslår departementet å vidareføre midlane til ulike tiltak som skal gjere fagskulesektoren meir synleg og tilgjengeleg og bidra til å auke kunnskapen om sektoren.

I stortingsmeldinga om kompetansereforma er det varsla at regjeringa vil legge fram ein strategi for høgare yrkesfagleg utdanning i 2021. I strategien skal regjeringa gjere opp status for tiltaka som er sette i gang dei siste åra på fagskulefeltet, og peike ut ei retning for utvikling av sektoren.

Departementet har i 2020 sett i gang ei evaluering av innføringa og verknaden av tiltaka i fagskulemeldinga. Dette er ei oppfølging av vedtak i Stortinget i samband med behandlinga av fagskulemeldinga, jf. oppmodingsvedtak nr. 643, 2. mai 2017 i del I. Evalueringa vil inngå i kunnskapsgrunnlaget for vidare politikktutforming på feltet.

Departementet vil ha ein gjennomgang av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR). NOKUT har i 2020 fått i oppdrag å utgreie moglegheita for parallelle sett med læringsutbyttebeskriving med sikte på mogleg endra innplassering av høgare yrkesfagleg utdanning i kvalifikasjonsrammeverket.

Mål: Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse

Utviklingstrekk og utfordringar

Det er behov for fagskulelærarar med høg kompetanse

Det er vesentleg for kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning at det blir stilt høge krav til kompetansen til undervisningspersonalet, jf. Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskuleutdanning* og NOU 2014: 14 *Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg*.

OsloMet – storbyuniversitetet kartla i 2018 den faglege og pedagogiske kompetansen til fagskulelærarar. Kartlegginga viser mellom anna at fire av ti lærarar underviser eller rettleier i nettbaserte eller delvis nettbaserte utdanningar, medan berre éin av ti har nettpedagogisk utdanning. I rapporten med kartlegginga blir det derfor anbefalt å satse meir på digital kompetanseheving for lærarane i fagskulesektoren.

Strategiar og tiltak

Tiltak for å betre kompetansen til fagskulelærarane

Frå og med 2017 har Stortinget løyvd midlar til prosjekt som skal utvikle høgare yrkesfagleg utdanning, og midlane har mellom anna finansiert

kompetansetiltak ved fagskular. I 2020 har ti prosjekt fått midlar for å bidra til digital kompetanseheving for tilsette. Departementet foreslår å vidareføre digital kompetanseheving for tilsette som ei av fleire prioriteringar for fordeling av utviklingsmidlar i 2021.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har OsloMet – storbyuniversitetet i 2019 starta eit pedagogisk utdanningsopplegg for fagskulelærarar. Første kull med 18 studentar blei uteksaminert våren 2020.

Kap. 240 Fagskular

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
60	Driftstilskot til fagskular	725 350	782 138	1 025 451
61	Utviklingsmidlar til fagskular	40 010	43 204	44 543
Sum kap. 0240		765 360	825 342	1 069 994

Post 60 Driftstilskot til fagskular

Direktoratet for internasjonisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) forvaltar ordninga for driftstilskot til fagskular. Diku fordeler løyvinga til fylkeskommunane, som tildeler tilskot til fylkeskommunale og private fagskular i eige fylke. Driftstilskotet til fagskular inneheld eit grunntilskot og eit resultatbasert tilskot. Det resultatbaserte tilskotet blir berekna ut frå oppnådde studiepoeng ved fagskulane.

Tilskotsordninga inkluderer tilskot til fagskular som òg før 2018 fekk tilskot over budsjettet til Kunnskapsdepartementet. Desse fagskulane er i ei særstilling, mellom anna fordi dei fleste er små og har eit nasjonalt nedslagsfelt. I behandlinga av statsbudsjettet for 2020 vedtok Stortinget at fylkeskommunane ikkje kan omprioritere grunntilskotet og det resultatbaserte tilskotet som er knytte til desse fagskulane, men må overføre tilskota til dei respektive fagskulane, jf. Innst. 12 S (2019–2020).

Kunnskapsdepartementet vil saman med Helse- og omsorgsdepartementet utarbeide kandidatmåltal for å dimensjonere høgare yrkesfagleg utdanning innanfor helsefag. Kandidatmåltal er eit minstekrav til talet på uteksaminerte kandidatar innanfor utvalde utdanningar. Kunnskapsdepartementet meiner datagrunnlaget for gjennomføring og fråfall innanfor høgare yrkesfagleg utdanning enno ikkje er godt nok til å fastsetje kandidatmåltal.

Evalueringa av tiltaka frå fagskulemeldinga vil innehalde ein gjennomgang av finansieringssystemet for fagskulane, jf. oppmodingsvedtak nr. 643, 2. mai 2017 i del I.

Mål for 2021

Følgande mål gjeld for høgare yrkesfagleg utdanning som er omfatta av løyvinga over kap. 240, post 60:

- høg kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning
- yrkesretta høgare yrkesfagleg utdanning
- god tilgang til høgare yrkesfagleg utdanning
- effektiv og solid fagskulesektor

Resultat i 2019

Fylkeskommunane fekk til saman 725,4 mill. kroner til drift av fagskular i 2019, og av dette var 137,4 mill. kroner resultatbaserte midlar på bakgrunn av oppnådde studiepoeng ved fagskulane. 48 fagskular fekk driftstilskot over posten i 2019, og rapporteringa som følger, gjeld desse fagskulane.

Den samla studiepoengproduksjonen ved fagskulane med tilskot over posten held fram med å auke, og frå 2018 til 2019 var auken på 4,5 pst.

Omfanget av deltidstilbod kan vise om det i utdanningstilboda blir lagt til rette for kompetanseheving samtidig som ein er i arbeid. Hausten 2019 var 74 pst. av studentane deltidsstudentar, ein auke frå 71 pst. i 2018. Denne utviklinga heng godt saman med korleis dei nye studieplassane frå 2018 blei fordelte. Ein stor del av studieplassane gjekk til helsefag, der alle tilboda var på deltid.

Nærmare 60 pst. av fagskulestudentane som følger utdanningstilbod finansierte over posten, fekk stadbasert undervisning i 2019. Om lag 30 pst. av studentane hadde nettbasert undervisning med samling, og om lag 10 pst. av studentane hadde nettbasert undervisning utan samling. Dei

nettbaserte tilboda utan samling er i hovudsak forankra i Oslo og Akershus, medan dei nettbaserte tilboda med samling er fordelte over heile landet.

Det er store variasjonar i storleiken på fagskulane, frå den minste fagskulen med ni studentar, til den største fagskulen med 1 200 studentar. Mange fagskular er små. Dei 20 minste fagskulane hadde samla under 870 studentar i 2019. Ni fagskular hadde over 500 studentar i 2019, noko som er to fagskular meir enn året før.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve om lag 1 mrd. kroner på posten. Løyvinga skal gå til drift av høgare yrkesfagleg utdanning. Det resultatbaserte tilskotet utgjør 155,7 mill. kroner og er rekna ut på grunnlag av studiepoeng som er oppnådde ved fagskulane i 2019. Det er ein auke på 5,3 mill. kroner frå 2020.

Stortinget vedtok midlar til 100 nye studie-plassar i høgare yrkesfagleg utdanning i statsbudsjettet for 2020 og 1 500 nye studie-plassar i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020. Regjeringa foreslår å løyve 178,6 mill. kroner for å vidareføre og trappe opp løyvinga til desse studie-plassane i 2021. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte over programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Regjeringa foreslår å løyve 37,8 mill. kroner over posten til om lag 500 nye studie-plassar i høgare yrkesfagleg utdanning i 2021. Midlane skal gå til eittårige studie-plassar ved Industrifagskolen med opstart våren 2021. Inkludert utgifter til utdanningsstøtte er samla utgift for desse studie-plassane om lag 50 mill. kroner i 2021. Midlane er lagde inn med heilårseffekt i 2021. Det skal vere ein dialog med relevante aktørar frå industrien om korleis studie-plassane skal fordelast.

I statsbudsjettet for 2020 blei det i berekninga av det resultatbaserte tilskotet til fagskulane inkludert tre statlege fagskular. For å rette denne feilen foreslår departementet ein reduksjon på 2,6 mill. kroner på posten i 2021.

Post 61 Utviklingsmidlar til fagskular

Fagskular kan søke om tilskot til tiltak og prosjekt som skal auke kvaliteten i fagskulane, vidareutvi-

kle dagens utdanningstilbod og utvikle nye utdanningstilbod. Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) forvaltar tilskotsordninga.

Mål for 2021

Høg kvalitet i utdanningstilboda og godt samsvar mellom utdanningstilboda og den kompetansen arbeidslivet etterspør.

Resultat i 2019

2019 var det tredje året midlar til kvalitetsutvikling blei lyste ut til fagskulane. Det var stor interesse for ordninga. Diku fekk 78 søknader om totalt 90 mill. kroner, og 40 prosjekt ved 22 fagskular fekk tildelt til saman 40 mill. kroner.

- Midlane blei tildelte prosjekt som bidreg til
- utvikling av nye utdanningar i samarbeid med lokalt og regionalt arbeidsliv
 - utvikling av digitale læremiddel
 - bruk av digital teknologi for læring

I tillegg gjekk midlane til eingongsinvesteringar i utstyr og infrastruktur for å auke kvaliteten i utdanningane.

Midlane blei tildelte offentlege og private fagskular over heile landet. Mange fagområde er representerte blant prosjekta som fekk støtte, som maritime fag, helsefag, el-fag, bygg- og anleggsgfag og luftfartsgfag.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 44,5 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår at prosjekt som fell inn under desse områda, blir prioriterte i fordelinga av utviklingsmidlar i 2021:

- digital kompetanseheving for tilsette for å møte behov for omstilling i arbeidslivet
- bruk av digital teknologi for læring
- utvikling av nye utdanningar i samarbeid med lokalt og regionalt arbeidsliv
- eingongsinvesteringar i utstyr og infrastruktur

Kap. 241 Felles tiltak for fagskular

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	28 509	30 893	31 723
	Sum kap. 0241	28 509	30 893	31 723

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Posten omfattar midlar til prosjekt for fagskulesektoren som mellom anna følger opp forslag i Meld. St. 9 (2016–2017) *Fagfolk for fremtiden – Fagskuleutdanning*, jf. Innst. 254 S (2016–2017).

Mål for 2021

God kunnskap om fagskulesektoren, høg kvalitet i høgare yrkesfagleg utdanning og ein tilgjengeleg og synleg fagskulesektor.

Resultat i 2019

Departementet tildelte totalt 28,5 mill. kroner over posten i 2019. Tabell 4.19 viser tiltaka som er sette i gang med midlane for å bidra til å nå måla for posten.

Tabell 4.19 Resultatrapportering 2019, kap. 241, post 21

(i 1000 kr)

Mottakar	Tiltak	Tildelte midlar
Diku	Forvaltning og tildeling av søknadsbaserte midlar til overgangen mellom fagskular og universitet og høyskular	7 500
Unit	Utvikling av eit samordna opptak til høgare yrkesfagleg utdanning, inkludert ein informasjonskampanje	6 438
Diku	Evaluering av tiltaka i fagskulemeldinga	3 000
Diku	Administrering av fagskuleoppgåver	2 200
Diku	Sekretariatsoppgåver for Nasjonalt fagskoleråd	2 000
NOKUT	Gjennomføring av <i>Studiebarometeret for fagskulestudentar</i>	1 500
Unit	Arbeid i Nasjonal klagenemnd for høgare yrkesfagleg utdanning	1 300
OsloMet	Utvikling og etablering av eit studietilbod for å auke den pedagogiske kompetansen til fagskulelærarar	1 176
Diku	Tildeling av utdanningskvalitetsprisen for høgare yrkesfagleg utdanning	1 000
Universell	Kartlegging og tilrettelegging for fagskulestudentar med nedsett funksjonsevne	1 000
Diku	Arbeid i Nasjonalt fagskoleråd med oppgradering av nasjonale fagplanar	800
NSD	Arbeid for å betre kvaliteten på data i Database for fagskulestatistikk (DBH-F)	500
SSB	Arbeid med statistikk for fagskular	95

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 31,7 mill. kroner på posten. Midlane vil mellom anna gå til

- Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning for å gjennomføre og drifte det samordna opptaket for høgare yrkesfagleg utdanning og for vidare utvikling av det samordna opptakssystemet
- Universell for å arbeide med inkludering og tilrettelegging i fagskulane

- Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) for å gjennomføre *Studiebarometeret for fagskulestudentar*
- Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) for å arbeide med tiltak som skal utvikle kvaliteten i høgare yrkesfagleg utdanning, mellom anna utdanningskvalitetsprisen for høgare yrkesfagleg utdanning

Kap. 242 Noregs grønne fagskule – Vea

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2021
		2019	Saldert budsjett 2020	
01	Driftsutgifter		30 299	30 349
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		1 271	1 307
	Sum kap. 0242		31 570	31 656

Frå 2020 inneheld programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning løyvinga til drift av Noregs grønne fagskule – Vea. Mål og forslag til løyving til Vea for 2021 er omtala nedanfor. Sjå kap. 229 i programkategori 07.20 Grunnopplæringa for resultat i 2019.

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på kap. 242 går til drift av Noregs grønne fagskule – Vea. Fagskulen har studentar fordelte på blomsterdekoratør-, gartner- og anleggsgartnerfaglege studieprogram. Vea er akkreditert for grønne design- og miljøfag.

Sjølv om Vea er ein fagskule, skal skulen òg gi tilbod på vidaregåande nivå for elevar frå ulike fylke når fylkeskommunen betaler for det, jf. kap.

3242, post 61. Skulen gir i tillegg tilbod om vaksenopplæring på vidaregåande nivå.

Mål for 2021

Noregs grønne fagskule – Vea skal arbeide etter følgande mål:

- gi relevant høgare yrkesfagleg utdanning med god kvalitet
- auke studenttalet
- heve kompetansen blant dei tilsette

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 30,3 mill. kroner på post 01 og 1,3 mill. kroner på post 45.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3242, post 02 og 61, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3242 Noregs grønne fagskule – Vea

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
02	Salsinntekter o.a.		4 878	5 009
61	Refusjon frå fylkeskommunar		1 268	1 307
	Sum kap. 3242		6 146	6 316

Departementet foreslår å løyve 5 mill. kroner på post 02 og 1,3 mill. kroner på post 61.

Post 02 gjeld inntekter frå mellom anna semesteravgift, sal frå kantine, hybelutleige og

kortare kurs. Post 61 gjeld betaling frå fylkeskommunar for kjøp av opplæringsplassar ved skulen.

Programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring

Utgifter under programkategori 07.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
251	22. juli-senteret	637	11 723	15 675	33,7
252	EUs utdannings- og ungdomsprogram	658 999			
253	Folkehøgskular	909 830	957 579	993 308	3,7
254	Studieforbund mv.	228 388	232 877	72 430	-68,9
255	Tilskot til freds- og menneskeretts-senter	106 342	108 451		-100,0
256	Kompetanse Noreg	69 660	113 183	128 169	13,2
257	Kompetanseprogrammet	176 181	172 134	376 134	118,5
258	Tiltak for livslang læring	222 183	233 376	159 940	-31,5
	Sum kategori 07.50	2 372 220	1 829 323	1 745 656	-4,6

Inntekter under programkategori 07.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
3256	Kompetanse Noreg	5 172	8 803	9 039	2,7
	Sum kategori 07.50	5 172	8 803	9 039	2,7

Innleiing

Kompetansenivået i Noreg er høgt. Grunnopplæringa legg fundamentet for det generelle kompetansenivået i befolkninga. Kompetansen blir utvikla vidare og spesialisert i fagutdanningar, i studium på høgskular og universitet og gjennom arbeidserfaring. Eit høgt kompetansenivå i befolkninga bidreg til brei deltaking, nyskaping, omstilling og vekst i norsk nærings- og arbeidsliv. Samstundes blir samfunnet stadig meir teknologisk avansert, og arbeidsmarknaden er prega av eit høgt kunnskapsnivå og stor global konkurranse. Med det aukar

krava til kompetanse og evne til omstilling, hos både arbeidstakarar og arbeidsgivarar.

Regjeringa gjennomfører kompetansereforma Lære heile livet. Reforma har to mål: Det første målet er at ingen skal gå ut på dato i arbeidslivet på grunn av manglande kompetanse. Alle skal få moglegheit til å fornye og supplere kompetansen, slik at fleire kan stå lenger i arbeid. Det andre målet er å tette gapet mellom kva arbeidslivet treng av kompetanse, og den kompetansen arbeidstakarane faktisk har. Våren 2020 la regjeringa fram ei stortingsmelding om kompetansereforma, Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereforma – Lære heile livet*.

Tiltaka i kompetansereforma er blitt endå meir aktuelle med den økonomiske krise som følge av covid-19-pandemien. Som ein del av Utdanningsløftet 2020 la regjeringa fram fleire krisepakkar med tiltak som mellom anna skal gi ledige og permitterte betre tilgang til utdanning og kompetanseutvikling, jf. omtale i hovudinnleiinga i del 1. Fleire av desse tiltaka er ein del av regjeringas kompetansereform.

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å samordne kompetansepolitikken, men dei kompetansepolitiske verkemidla går på tvers av departement, sektorar og forvaltningsnivå. Over programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring blir nokre av dei sentrale verkemidla i kompetansereforma finansierte.

Tilskot til folkehøgskulane, tilskot til studieforbund og drift av 22. juli-senteret blir òg finansierte over denne programkategorien.

Departementet har fastsett følgjande overordna mål for programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring:

- Fleire lærer heile livet, slik at dei kan stå lenger i arbeid.

Hovudprioriteringar for 2021

Departementet foreslår å auke løyvingane til kompetansereforma Lære heile livet med til saman om lag 900 mill. kroner.

Over programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring foreslår departementet å auke løyvingane til følgjande tiltak som inngår i kompetansereforma:

- 110 mill. kroner til treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling under Kompetanseprogrammet, av dei 20 mill. kroner til kompetanseløft for utsette industriklynger
- 15 mill. kroner til å utvide forsøket med modulstrukturert opplæring innanfor utvalde lærefag i fag- og yrkesopplæringa

Departementet foreslår å legge tilskotsordninga Kompetansepluss inn i Kompetanseprogrammet frå 2021. Det gir ei ramme til Kompetanseprogrammet på 376,1 mill. kroner i 2021.

Departementet foreslår òg midlar til tiltak som inngår i kompetansereforma under andre programkategoriar:

- 300 mill. kroner for at fleire permitterte og ledige kan fullføre vidaregåande opplæring. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte som er anslått til om lag 25 mill. kroner. Sjå omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

- 216,4 mill. kroner til om lag 500 nye studie-plassar i høgare yrkesfagleg utdanning og til ei vidareføring og opptrapping av løyvinga til 1 600 studie-plassar som blei oppretta i 2020. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte som er anslått til om lag 65 mill. kroner. Dei nye studie-plassane i 2021 skal gå til Industrifagskolen. Sjå omtale under programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning.
- 46 mill. kroner til auka bruk av ordninga Fagbrev på jobb, slik at fleire kan ta eit fagbrev i kombinasjon med arbeid. Sjå omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.
- 45,7 mill. kroner til å auke kapasiteten i fleksible utdanningar ved universitet og høgskular som arbeidslivet etterspør og som gjer det enklare for fleire i ulike livssituasjonar å få påfyll av kompetanse. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte. Midlane vil bli tildelte universitet og høgskular etter konkurranse gjennom Diku. Sjå omtale under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.
- 45,5 mill. kroner til tilbod om å ta eit fagbrev for personar som allereie har studie- eller yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring. I tillegg kjem utgifter til utdanningsstøtte. Sjå omtale under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Departementet foreslår å endre åtteårsregelen i Lånekassen slik at personar som tek utdanning på deltid, kan få støtte til å ta like mykje utdanning som studentar som studerer på heiltid. Tiltaket har ein utviklingskostnad på 2,6 mill. kroner i 2021. Sjå omtale under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Regjeringa foreslår å forlengje unntaket i regelverket for dagpengar fram til 1. juli 2021, slik at det blir mogleg for fleire permitterte og ledige som får dagpengar, å ta utdanning. Sjå omtale under budsjettet til Arbeids- og sosialdepartementet, kap. 2541 Dagpenger, post 70.

Mål: Fleire lærer heile livet, slik at dei kan stå lenger i arbeid

Utviklingstrekk og utfordringar

I april 2020 la regjeringa fram stortingsmeldinga om kompetansereforma, Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære heile livet*. Kompetansemeldinga skildrar utfordringar med å auke etterspurnaden etter kompetanse, gjere tilboda om kompetanseutvikling meir relevante og gjere koplinga mellom etterspurnad og tilbod betre.

Regjeringa sette våren 2017 ned Kompetansebehovsutvalet for å få ei fagleg vurdering av Noregs kompetansebehov. I februar 2020 la utvalet fram sin tredje rapport, NOU 2020: 2 *Fremtidige kompetansebehov III. Læring og kompetanse i alle ledd*. Utvalet trekker gjennom sitt treårige arbeid mellom anna fram følgjande utfordringar:

- Endringar i teknologi, klima og demografi fører til nye kompetansebehov.
- Mange arbeidstakarar deltek for lite i læringsaktivitetar.
- Det er behov for å auke arbeidslivsrelevansen i fleire utdanningar.
- Det er mangel på kvalifisert arbeidskraft i fleire næringer.

Endringar i teknologi, klima og demografi fører til nye kompetansebehov i arbeidslivet

Kompetansebehovsutvalet trekker fram tre hovudtrender som vil forme arbeidslivet og kompetansebehova framover: teknologiutviklinga, klimautfordringa og den demografiske utviklinga. I tillegg viser covid-19-pandemien i 2020 at Noreg òg må vere førebudd på uventa hendingar.

Robotisering og meir omfattande bruk av kunstig intelligens i arbeidslivet reduserer etterspurnaden etter nokre yrke og arbeidsoppgåver og endrar innhaldet i andre yrke. Beregningar viser at det er ein mindre del av jobbane i Noreg som vil bli automatiserte enn i mange andre land i OECD. Dette kan tenkast å henge saman med at det norske arbeidslivet allereie har automatisert bort mange jobbar, mellom anna på grunn av høge effektive minstelønningar og ein samanpressa lønnsstruktur.

Digitalisering i arbeidslivet aukar behovet for yrkes- og profesjonstilpassa digital kompetanse, hos både arbeidstakarar og arbeidsgivarar. Som ei følge av covid-19-pandemien våren 2020, har den norske befolkninga fått nye digitale erfaringar. Når samfunnet og arbeidslivet blir meir avhengige av digitale løysingar, blir det endå viktigare at alle har kompetansen som skal til for å meistre den nye digitale kvardagen.

Det grøne skiftet inneber at kompetansen til arbeidstakarane må tilpassast omstillinga til eit lågutsleppssamfunn. Dei som er utdanna til jobbane som forsvinn i omstillinga, må få tilgang til å utvikle kompetansen sin vidare. Omstillinga vil

omfatte endringar i produksjons- og forbruksmønstera våre. Samstundes er det utfordrande å føreseie kva type og kor mange jobbar som vil falle bort eller kome til med det grøne skiftet.

Kompetansebehovsutvalet viser til kva typar kompetanse som ulike ekspertar, næringer og interesseorganisasjonar meiner vil vere nødvendige for å nå lågutsleppsmåla. Desse er

- generiske ferdigheiter som sjølvrefleksjon, kritisk tenking og samfunnsmedvit
- fagarbeidar-, teknologi- og realfagskompetanse
- forvaltnings- og klimarisikokompetanse
- leiarkompetanse

For nærare omtale, sjå den tredje rapporten til Kompetansebehovsutvalet (NOU 2020: 2).


Framskrivingar som SSB publiserte hausten 2020, viser ein sterk vekst framover i befolkninga i byane og områda rundt, men fallande folketal i mange kommunar i distrikta. SSB ventar sterk aldring i distrikta som følge av ein auke i forventa levealder kombinert med fråflytting av unge personar.

Aldringa vil bli markant overalt, men aller sterkest i distrikta, og vil bety at fleire må stå lenger i arbeid. Då blir det endå viktigare at sysselsette kan halde ved like og utvikle kompetansen sin gjennom utdanning og opplæring. Aldringa legg òg større press på helsetenestene og bidreg til å auke mangelen på helsefagarbeidarar og sjukepleiarar. Det vil kunne fordre nye arbeidsformer i framtida.

Det må bli enklare å utvikle kompetanse og ta meir utdanning for arbeidstakarar og andre som treng det

Arbeidslivet er ein viktig arena for læring. I ei tid då krava til kompetanse og omstillingstakta i arbeidslivet blir høgare, må arbeidstakarar kunne bygge vidare på den kompetansen dei har.

Kompetansebehovsutvalet peikar på at for få sysselsette deltek i læringsaktivitetar. Tal frå *Lærevilkårsmonitoren* frå første kvartal 2020 viser at ikkje-sysselsette personar i større grad deltek i formell vidareutdanning enn sysselsette, og at kvinner deltek i vidareutdanning i større grad enn menn, jf. figur 4.4. I alt har deltakinga i formell vidareutdanning vore stabil dei siste fem åra, men gått noko ned sidan 2008.



Figur 4.4 Deltakarar i formell vidareutdanning etter kjønn og arbeidsstyrkestatus, del av personar i alderen 22–59 år

Kjelde: Lærevilkårsmonitoren, livslang læring, tabell 12864 i statistikkbanken frå SSB.

Det er særleg personar med lite utdanning og låg kompetanse, og nokre grupper innvandrarar og eldre arbeidstakarar, som ikkje deltek i kompetanseutvikling. Personar med låg utdanning og låg kompetanse er samstundes dei som er mest sårbare for å hamne utanfor arbeidslivet. Dette blir særleg synleg under den pågåande økonomiske krisa, der personar utan fullført vidaregåande opplæring utgjer ein stor del av dei ledige. Sjå omtale i kap. 11 Konsekvensar av covid-19-pandemien i kunnskapssektoren.

For mange kan finansiering av livsopphald medan ein tek vidareutdanning, vere vanskeleg. Etter regelverket slik det er i dag, har ein rett på lån og stipend i Lånekassen i inntil åtte år, uavhengig av om ein tek utdanning på heiltid eller deltid. Dette gjer terskelen høgare for å ta vidareutdanning for syssette personar og andre som treng lån og stipend i vidareutdanningsperioden.

Det er til vanleg avgrensa tilgang for permitterte og ledige til å ta utdanning medan dei får dagpengar. Livsopphaldsutvalet og Etter- og vidareutdanningsutvalet har foreslått å gjere endringar i regelverket for dagpengar, slik at dei som får dagpengar, kan få betre tilgang til utdanning. Som ein del av regjeringa sitt svar på den økonomiske krisa og aukande arbeidsløyse, blei det gjort eit mellombels unntak frå regelverket for dagpengar, slik at dei som var råka av krisa, kunne ta utdanning medan dei fekk dagpengar.

Det er behov for utdanningstilbod som er tilpassa og relevante for arbeidslivet

Dagens utdanningstilbod er ikkje godt nok tilpassa behova til dei som ønsker kompetanseutvikling, noko som særleg gjeld dei som er syssette. Tilbakemeldinga frå verksemdar, fylkeskommunar, utdanningsinstitusjonar og dei som tek vidareutdanning, er at arbeidslivet har behov for korte, relevante og fleksible utdanningstilbod som det er mogleg å kombinere med jobb.


Høgare yrkesfagleg utdanning skal vere fleksibel, yrkesretta og tilpassa ny teknologi, nye trendar og behov i arbeidslivet. Utdanningstilboda på fagskulane er tilgjengelege for personar i ulike livssituasjonar, mellom anna på grunn av tilgang på nettbasert undervisning og utdanningstilbod på deltid.

Kompetansebehovsutvalet peikar i sin tredje rapport på at arbeidslivsrelevansen i høgare utdanning er god, men at varierende kvalitet i praksis er ei utfordring. Samstundes peikar utvalet på at universitet og høgskular skal svare på meir langsiktige kompetansebehov enn det arbeidslivet til kvar tid etterspør. Akademiske evner som å gjere kritiske analysar og etiske vurderingar og bruke vitskaplege metodar vil vere kompetanse som er viktig og etterspurd i arbeidsmarknaden i framtida.

Det er behov for betre samsvar mellom kompetansen til den einssilde og kompetansebehova i arbeidslivet

Dei siste åra har vi sett eit stadig større sprik mellom kva kompetanse den einssilde har, og kva kompetanse arbeidslivet etterspør. Tal frå 2019 viser at verksemdar har behov for meir og rett kompetanse når det går godt på arbeidsmarknaden. Det er uvisst korleis den pågåande økonomiske krisa som følge av covid-19-pandemien vil påverke kompetansebehova i arbeidslivet.

Om lag 40 pst. av alle offentlege og private verksemdar i Noreg rapporterte i 2019 om udekte kompetansebehov i nokon eller stor grad. Tilsvarende del for medlemsverksemdene til NHO var 60 pst. Det er særleg dei store verksemdene som har udekte behov. Delen verksemdar som har udekte kompetansebehov er høgast i offentlig sektor, men stig mest i privat sektor. Sidan 2016 har delen verksemdar som rapporterer om store udekte kompetansebehov, meir enn dobla seg, jf. figur 4.5.



Figur 4.5 Verksemdar med udekte kompetansebehov 2016–19 i offentlig og privat sektor, del av verksemdar
Kjelde: Kompetanse Noregs verksemdbarometer for 2019.

Bedriftsundersøkinga til NAV våren 2020 finn at det særleg er mangel på kvalifisert arbeidskraft innanfor helse- og sosialtenester, eigeomsdrift, økonomisk og fagleg tenesteyting, og bygg og anlegg. Det er størst mangel på sjukepleiarar og helsefagarbeidarar, der det har vore stor mangel over fleire år. Delen verksemdar med alvorlege rekrutteringsproblem er størst innanfor helse- og sosialtenester, overnatting og servering, og IKT. Bedriftsundersøkinga blei avslutta 12. mars 2020. Dagen etter blei store deler av samfunnet stengt ned på grunn av covid-19-pandemien. Nokre av resultatane vil derfor ikkje vere representative for situasjonen på arbeidsmarknaden i dag.

For å betre koplinga mellom kompetansen til den einssilde og kompetansebehova i arbeidslivet er tilgangen på god informasjon og rettleiing viktig. Einskildpersonar og verksemdar må ha informasjon om kva som finst av kompetansetilbod og moglegheiter, og tilbydarane av kompetanseutvik-

ling må ha oversikt over kva behov arbeidslivet har. Per i dag finst det ikkje noka kjelde som gir slik oversiktleg informasjon, og det er avgrensa tilgang til karriereretleing.

Strategiar og tiltak

I kompetansemeldinga Lære heile livet legg regjeringa fram tiltak for å stimulere til kompetanseutvikling og for å auke kapasiteten i utdanningane mellom anna for dei som vil ta vidareutdanning. Tiltaka i kompetansereforma er blitt endå meir aktuelle med den pågåande økonomiske krisa.

Dette er nokre av tiltaka som inngår i kompetansereforma:

- Kompetanseprogrammet
- forsøk med modulstrukturert opplæring
- Fagbrev på jobb
- tilbod om å ta eit fagbrev for personar som alleie har studie- eller yrkeskompetanse

- tilbud til ledige og permitterte for at dei kan fullføre vidaregåande opplæring
- digital teneste for karriererettleiing
- studieplassar ved fagskulane
- fleksible utdanningstilbod ved universitet og høgskular lyste ut gjennom Diku
- meir fleksible ordningar for utdanningsstøtte i Lånekassen

2021 er siste året i den femårige strategiperioden til *Nasjonale kompetansepolitisk strategi*. Kompetansepolitisk råd har ansvaret for å følge opp strategien. Kompetansemeldinga varslar at strategien skal fornyast i samråd med medlemmane i rådet.

Regjeringa har utvikla strategien *Integrering gjennom kunnskap. Regjeringas integreringsstrategi 2019–2022*. Integreringsstrategien har som mål å få fleire innvandrarakar i arbeid gjennom betre kvalifisering og utdanning. Sjå omtale under programkategori 07.90 Integrering og mangfold.

Regjeringa vil legge fram ei stortingsmelding om arbeidslivsrelevans i høgare utdanning og ei stortingsmelding om styringspolitikk for statlege universitet og høgskular. Begge meldingane skal etter planen leggast fram våren 2021. Sjå omtale under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.

For å lykkast med regjeringa si satsing på kompetanse og legge til rette for at alle skal kunne lære heile livet, må det vere eit tett samarbeid mellom dei sentrale aktørane både nasjonalt, regionalt og lokalt. Arbeids- og sosialdepartementet og Kunnskapsdepartementet vil ta eit initiativ for eit endå betre samarbeid mellom aktørar som fylkeskommunane, tilbydarar av høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning, NAV og partane i arbeidslivet.

Det er behov for å styrke tilbodet til unge utan formell kompetanse og unge som treng arbeidserfaring. Regjeringa foreslår derfor ein auka innsats retta mot unge som står utanfor arbeid og utdanning. Forslag om å auke løyvinga til arbeidsmarknadstiltak og forslag om å vidareføre den mellombelse oppbemanninga ved NAV-kontorane, vil gi rom for å intensivere ungdomsinnsatsen i 2022, jf. omtale i Prop. 1 S (2020–2021) for Arbeids- og sosialdepartementet.

Kompetanseprogrammet

Kompetanseprogrammet samordnar og styrker sentrale verkemiddel i kompetansereforma. I 2020 hadde Kompetanseprogrammet tre programområde:

1. tilskot til fleksible vidareutdanningstilbod

2. treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling
3. utprøvingar av insentivordningar for livslang læring

I tillegg vil departementet inkludere Kompetansepluss som eit fjerde programområde i Kompetanseprogrammet i 2021.

Tilskot til fleksible vidareutdanningstilbod

Regjeringa foreslår å vidareføre fleksible vidareutdanningstilbod i 2021. Tilboda skal kunne gjennomførast i kombinasjon med tilnærma full jobb, for eksempel gjennom inndeling i modular, nettbasert opplæring og/eller samlingar.

Treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling

Regjeringa foreslår å vidareføre utvidinga av treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling i 2021. I samråd med partane i arbeidslivet, og som ein del av kompetansereforma og Utdanningsløftet 2020, utvida regjeringa ordninga med nye bransjar våren 2020, jf. Innst. 233 S (2019–2020) og Prop. 73 S (2019–2020). Målet var å treffe ledige og permitterte som var råka av den økonomiske krisa som følgde covid-19-pandemien. Bransjeprogram for industri- og byggenæringa blei utvida og følgjande nye bransjar blei tekne inn i ordninga:

- elektro-, automasjon-, fornybar- og kraftindustrien
- reiselivsnæringa
- detaljhandelen/faghandelen
- mat- og drikkevareindustrien
- anleggsbransjen
- frisørnæringa

Stortinget bad i tillegg regjeringa om å opprette bransjeprogram i to nye bransjar, jf. Innst. 370 S (2019–2020):

- olje-, gass- og leverandørindustrien
- maritim sektor

Det kjem truleg til å vere utfordringar med høg arbeidsløyse og omstilling for fleire av bransjane som blei lagde inn i ordninga våren 2020, også i 2021. Regjeringa foreslår derfor å vidareføre desse bransjeprogramma i 2021, i tillegg til programmet for olje-, gass- og leverandørindustrien som blei oppretta hausten 2020. Med budsjettforslaget for 2021 er det òg lagt til rette for å opprette eit bransjeprogram i maritim sektor. Innanfor ordninga foreslår regjeringa i tillegg å setje i gang

prosjekt som skal gi kompetanseløft for utsette industriklynger i 2021.

Utprøving av vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar

I 2021 skal eit forsøk med vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar starte opp. Forsøket skal gå over to år.

Kompetansepluss

Departementet foreslår at tilskotsordninga Kompetansepluss blir lagd inn i Kompetanseprogrammet frå 2021. Midlane skal framleis nyttast til målgruppa for ordninga, som er vaksne som treng opplæring i grunnleggande ferdigheiter slik at dei får styrkt moglegheitene sine for å delta i arbeids- og samfunnsliv.

Andre tiltak for å gjere det enklare å utvikle kompetanse og ta meir utdanning for arbeidstakarar og andre som treng det

Tilskot for at fleire permitterte og ledige kan fullføre vidaregåande opplæring

Regjeringa har som mål at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring. Som ein del av Utdanningsløftet 2020 vedtok Stortinget eit tilskot til fylkeskommunane for å gi vidaregåande opplæring til permitterte og ledige hausten 2020. Arbeidsløysa har gått ned sidan våren 2020, men er stadig på eit høgt nivå. Departementet foreslår derfor å vidareføre tilskotet i 2021. Sjå omtale av tiltaket under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Tilskot til auka bruk av ordninga Fagbrev på jobb

Som ein del av Utdanningsløftet 2020 fekk fylkeskommunane eit tilskot til ordninga Fagbrev på jobb slik at fleire kan ta eit fagbrev i kombinasjon med arbeid. Fylkeskommunane melder om stor etterspurnad etter opplæringa og at opplæringa treffer målgruppa på ein god måte. Departementet foreslår derfor å vidareføre tilskotet i 2021. Sjå omtale av tiltaket under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Tilbod om å ta eit fagbrev for personar som allereie har studie- eller yrkeskompetanse

Regjeringa har som mål å auke kompetansen i befolkninga ved at fleire gjennomfører vidaregåande opplæring og tek fagbrev. Departementet foreslår eit tilskot for å gi personar som allereie har studie- eller yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring, tilbod om å ta eit fagbrev. Sjå omtale av tiltaket under programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Betre tilpassa tidsramme for lån og stipend i Lånekassen

Regjeringa ønsker å gjere utdanningsstøtteordningane i Lånekassen meir fleksible, slik at personar som ønsker å utvikle kompetansen sin, har økonomi til å gjere det. Departementet foreslår derfor å endre åtteårsregelen for lån og stipend i Lånekassen, slik at personar som tek utdanning på deltid, kan få støtte til å ta like mykje utdanning som studentar som studerer på heiltid. Sjå omtale av tiltaket under programkategori 07.80 Utdanningsstøtte.

Forlenging av unntak i regelverket for dagpengar

Regjeringa ønsker å gjere det enklare å ta utdanning medan ein får dagpengar. Regjeringa foreslår derfor å forlenge unntaket i regelverket for dagpengar fram til 1. juli 2021. Unntaket blei innført 20. april 2020. Forlenginga av unntaket vil gjere det mogleg for fleire permitterte og ledige som får dagpengar, å ta utdanning. Sjå omtale under budsjettet til Arbeids- og sosialdepartementet, kap. 2541 Dagpengar, post 70.

Andre tiltak for å betre tilgangen til utdanningstilbod som er tilpassa og relevante for arbeidslivet

Studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning

Regjeringa ønsker at det skal bli mogleg for fleire å ta del i høgare yrkesfagleg utdanning. Fagskulane bidreg til å utdanne kandidatar med ein kompetanse som arbeidslivet etterspør. Som ein del av kompetansereforma og Utdanningsløftet 2020 foreslår departementet midlar til om lag 500 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning i 2021, i tillegg til ei vidareføring og opptrapping av løyvinga til 1 600 studieplassar som blei oppretta i 2020. Dei nye studieplassane i 2021 skal gå til Industrifagskolen. Sjå omtale under programkategori 07.40 Høgare yrkesfagleg utdanning.

Fleksible utdanningar ved universitet og høgskular

Som ein del av kompetansereforma og Utdanningsløftet 2020 foreslår departementet å auke kapasiteten i fleksible utdanningstilbod ved universitet og høgskular. Midlane vil bli tildelte etter konkurranse gjennom Diku. Målet med ordninga er fleksible utdanningstilbod som møter skiftande behov i arbeidslivet og som gjer det mogleg for fleire å få styrka sin kompetanse i ulike livssituasjonar. Sjå omtale under programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning.

*Tiltak for å betre samsvaret mellom kompetansen til den einskilde og kompetansebehova i arbeidslivet**Lovfesting av tilbod om karriererettleiing i alle fylka*

Regjeringa ønsker at det skal bli betre samsvar mellom kompetansen til den einskilde og kompetansebehova i arbeidslivet. Derfor er det viktig at unge og vaksne i alle livsfasar har eit likeverdig tilbod om karriererettleiing.

Tilskotet til fylkesvise partnerskapar for karriererettleiing blei overført til fylkeskommunane i 2020. Tilskotet har gått til etablering av karriere-

senter i fylka og til drift av desse. I samband med innlemminga av tilskotet har Stortinget vedteke at det i opplæringslova blir lovfesta ei plikt for fylkeskommunane til å tilby karriererettleiing for innbyggjarane. Tilbodet skal vere gratis og ope for innbyggjarane i fylkeskommunen, jf. Innst. 302 L (2019–2020). Fylkeskommunen er ein sentral aktør i kompetansepolitikken, og endringane reflekterer dette.

Karriereveiledning.no – digital teneste for karriererettleiing

Den digitale tenesta for karriererettleiing, Karriereveiledning.no, blei lansert hausten 2020 og skal supplere tilboda om karriererettleiing ved karrieresentera i fylka. Tenesta omfattar mellom anna ei teneste for e-retteiing der ein kan få profesjonell karriererettleiing via chat eller telefon. Med den økonomiske krisa og den store auken i talet på ledige og permitterte, vil tenesta kunne vere eit viktig bidrag til raskare omstilling for dei utan arbeid. Departementet foreslår å vidareføre tenesta med heilårseffekt i 2021.

Kap. 251 22. juli-senteret

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	637	11 723	15 675
	Sum kap. 0251	637	11 723	15 675

22. juli-senteret formidlar kunnskap om terrorangrepet i Regjeringskvartalet og på Utøya 22. juli 2011. Senteret skal gjennom utstillingar, undervisning og andre pedagogiske opplegg forvalte minnet om terrorangrepet og setje det inn i ein historisk og samtidig kontekst. Senteret skal legge til rette for diskusjon og refleksjon om 22. juli 2011 og tema som hat, vald og ekstremisme, nasjonalt og globalt. Målgruppa for senteret er skuleklassar frå ungdomsskuletrinna og oppover, lærarar og lærarstudentar og allmenta.

Post 01 Driftsutgifter

Mål for 2021

Måla for 22. juli-senteret for 2021 er:

- Elevar, lærarar og lærarstudentar lærer om og reflekterer over terrorangrepet 22. juli 2011 og tilgrensande tematikk.
- Læringsressursane til 22. juli-senteret er tilgjengelege for befolkninga i heile landet.
- 22. juli-senteret dokumenterer, bevarer og formidlar relevante perspektiv og gjenstandar knytt til terrorangrepet 22. juli 2011.

Resultat i 2019

22. juli-senteret blei frå 1. juli 2019 underlagt Kunnskapsdepartementet som eit sjølvstendig forvaltningsorgan. Senteret var tidlegare underlagt Tryggingss- og serviceorganisasjonen til departementa (DSS). Rapportering for tidlegare år finst under kap. 510, post 23 på budsjettet til Kommu-

nal- og moderniseringsdepartementet. Resultatrapporteringa gjeld derfor perioden 1. juli–31. desember 2019. Samla tildeling og fullmakter til 22. juli-senteret var i denne perioden på 21,8 mill. kroner. Det inkluderer prosjektet om mellombels etablering av senteret i Teatergata 10.

Hovudprioritet i 2019 har vore etableringa av 22. juli-senteret i mellombelse lokale, utvikling av ny utstilling, undervisning og formidling til elevar

og allmenta, i tillegg til arbeid med å etablere lokale til 22. juli-senteret for framtida.

Skuleverket er den viktigaste målgruppa til senteret. Senteret har utvikla pedagogiske verk-tøy og former for formidling for å kunne med-verke til formidlinga av terrorhandlingane. Talet på elevar som besøker senteret, har vore stigande sidan opninga, men den planlagde stenginga av senteret hausten 2019 resulterte i noko færre sku-lebesøk i 2019 enn året før, jf. tabell 4.20.

Tabell 4.20 Talet på besøkande ved 22. juli-senteret i perioden 2015–19

	2015	2016	2017	2018	2019
Elevar	1 905	5 220	7 014	11 646	9 636
Andre besøkande	50 813	31 261	25 762	30 331	31 432
Totalt	52 718	36 481	32 776	41 977	41 068

Kjelde: 22.-juli-senteret.

22. juli-senteret har i 2019 gjennomført seminar og foredrag for lærarstudentar, både i senteret og i læringsinstitusjonane. 526 lærarar og lærarstu-dentar deltok på ulike opplegg og arbeidsseminar i 2019. 12 opplegg blei haldne for lærarstudentar, i tillegg blei det gjennomført fem eksterne kurs for lærarstudentar og tre eksterne kurs for lærarar.

2019 var året med flest besøkande frå allmenta sidan opninga i 2015, og flest besøk totalt når ein tek med at senteret var stengt i ni veker, jf. tabell 4.20. I 2019 opna den nye utstillinga *Samtalen om 22. juli*. Utstillinga har som mål å utvide og inkludere fleire i den offentlege samtalen om 22. juli og opne for refleksjonar om årsakene, konsekvensane og livet etter terrorangrepet. Senteret har starta utviklinga av eit filmprosjekt der etter-

latne blir intervjuet om korleis det er å leve med konsekvensane av 22. juli i dag.

Allmenta har i 2019 òg hatt tilgang til kunnskap om 22. juli og tilgrensande tema gjennom nettsidene til senteret.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 15,7 mill. kroner på posten. I løyvinga inngår ein auke på 3,9 mill. kroner som mellom anna skal dekke utgifter som følge av at senteret ikkje lenger er ein del av DSS, og vidareutvikling av utstilling i mellombels lokale. Auken gir òg rom for å auke bemanninga og for å dekke einskilte kostnader knytte til tiårs-markeringa for terrorangrepet.

Kap. 252 EUs utdannings- og ungdomsprogram

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
70	Tilskot	658 999		
	Sum kap. 0252	658 999		

Post 70 Tilskot

I 2020 blei løyvinga til EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, Erasmus+,

flytta til kap. 288, post 74. Sjå der for budsjettfor-slag for 2021.

Resultat i 2019

Norsk deltaking i prosjekt gjennom EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, Erasmus+, gir norske skular, universitet, høgskular og andre aktørar tilgang til eit omfattande europeisk nettverk av samarbeidspartnarar av høg kvalitet og bidreg til internasjonal kompetanse og fagleg utvikling. Det er stor grad av samanfall mellom prioriteringane i Erasmus+ og norske prioriteringar, til dømes innovasjon i utdanningane, skuleutvikling og framifrå undervisning, og støtte til grunnleggande ferdigheiter.

Dei nasjonale kontora for Erasmus+, Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) administrerer dei midlane som Noreg får tildelt etter ein europeisk fordelingsnøkkel. Om lag 10 pst. av dei totale programmidlane blir delte ut etter konkurranse sentralt i EU. Sjå omtale av Diku under kap. 272, post 50 og omtale av Bufdir i Prop. 1 S (2020–2021) for Barne- og familiedepartementet.

Erasmus+ er attraktivt for både lærestadar og einskildpersonar. Gjennom programperioden frå 2014 til 2018 har nesten 4 500 prosjekt med norsk deltaking blitt innvilga. Norske partnarar deltek i europeiske prosjekt som totalt er tildelte meir enn 5 mrd. kroner. Sjølv om ikkje alle midlane går til norske aktørar direkte, syner tala at norske aktørar hentar heim større beløp enn Stortinget la til grunn for innbetalingar til Erasmus+-programmet for heile perioden 2014–20. Diku leverte hausten 2019 rapportar som syner at måla som er sette for perioden 2014–20, kjem til å bli nådde når det gjeld mobilitet i høgare utdanning, yrkesfag, grunnopplæring og vaksenopplæring. Uvissa knytt til covid-19-pandemien kan føre til endra måloppnåing mot slutten av noverande programperiode.

Europeiske universitet er eit nytt tiltak i Erasmus+ frå 2019. Formålet er å utvikle framifrå høgare utdanning i Europa og felles europeisk identitet og å styrke den rolla universiteta har i samfunnet. Universitetet i Stavanger, Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet og Noregs handelshøgskole har vunne fram i dei to første utlysingsrundane.

Kap. 253 Folkehøgskular

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
70	Tilskot til folkehøgskular	903 926	951 516	987 051
71	Tilskot til Folkehøgskolerådet	5 236	5 377	5 549
72	Tilskot til Nordiska folkhögskolan	668	686	708
Sum kap. 0253		909 830	957 579	993 308

Post 70 Tilskot til folkehøgskular

Folkehøgskular er eit skuleslag der den faglege, personlege og sosiale utviklinga til elevane står i sentrum. Det er 81 folkehøgskular spreidde over heile landet. Studietilboda er hovudsakleg eittårige, og elevane bur på internat på skulen. Folkehøgskulane har fagleg og pedagogisk fri-dom og fastset sitt eige verdigrunnlag. Kunnskapsdepartementet har ein dialog med Folkehøgskolerådet om å utvikle korleis ein jobbar med kvalitet og innhald ved tilboda i folkehøgskulane.

Folkehøgskulane heldt våren 2020 stengt frå midten av mars og ut semesteret på grunn av covid-19-pandemien. Elevane fekk fjernundervisning resten av semesteret.

I Prop. 114 S (2018–2019) varsla Kunnskapsdepartementet at regjeringa tok sikte på å fase ut tilskotet til kortkurs i folkehøgskulane frå 1. januar 2021, jf. oppmodingsvedtak nr. 62, 4. desember 2017 omtala i del I. Folkehøgskulane får ein tilsvarande auke i grunnløyvinga. Dei to pensjonistfolkehøgskulane, Stiftelsen Nestor Seniorutvikling og Nordnorsk Pensjonistskole, vil framleis kunne halde kortare kurs med rett til tilskot, med unntak av reisekurs utanfor Norden.

Departementet tek sikte på at tilskotet til kortkurs blir fasa ut ved at kortkurselevar gradvis blir tekne ut av tilskotsgrunnlaget frå 2021. Stortinget slutta seg våren 2020 til forslaget frå departementet om naudsynte endringar i folkehøgskulelova, slik at kortkurs ikkje lenger skal gi rett til statstil-

skot frå 1. januar 2021, jf. Prop. 96 L (2019–2020) og Innst. 302 L (2019–2020). Departementet sender forslag til endringar i forskrift til folkehøgskulelova på høyring hausten 2020. Der vil det mellom anna bli foreslått at det frå 2021 ikkje lenger vil vere høve til å nytte statstilskotet til kortkursverksemda.

Departementet har fått innspel frå Folkehøgskolerådet og folkehøgskulane om at avviklinga av tilskotet til kortkurs kan ha særlege negative konsekvensar for nokre få sårbare grupper. Departementet vil i dialog med Folkehøgskolerådet sjå nærare på dette.

Etter ein lang periode med få nye folkehøgskular, har det sidan 2013 blitt starta opp fire nye folkehøgskular. I statsbudsjettet for 2021 blir det lagt til rette for at ytterlegare to folkehøgskular kan starte opp frå hausten 2021. Opprettinga av nye folkehøgskular har vore med på å legge grunnlaget for at stadig fleire unge får høve til å gå eit år på folkehøgskule. Kvart år søker no ei rekke aktørar om å få starte opp nye skular, og mange har søkt fleire år på rad. Det er etter departemen-

tets vurdering behov for å sjå nærare på prosessen for godkjenning av nye skular, slik at det blir meir føreseieleg for dei som søker, og kva som skal til for å bli godkjend. Godkjenning vil framleis avhenge av at det er rom for nye skular i dei årlege statsbudsjetta.

Mål for 2021

Målet med tilskotet er å fremje allmenndanning og folkeopplysning.

Resultat i 2019

Tabell 4.21 viser utviklinga i talet på folkehøgskuleelevar frå 2016 til 2019. Det totale elevtalet ved folkehøgskulane har auka i dei siste åra til meir enn 8 000 årselevar. Det er i overkant av 10 pst. av eit årskull 19-åringar. Medan talet på langkurselevar i 2019 auka med 1,2 pst. frå året før, har talet på elevar på kortkurs gått nedover i dei seinare åra. I 2019 var nedgangen på 7,1 pst., og totalt i perioden 2016–19 var nedgangen på 23,7 pst.

Tabell 4.21 Elevtal i folkehøgskulane

	2016	2017	2018	2019
Elevar med langkurs (vår og haust) (16,5–33 veker)	14 554	14 905	15 068	15 250
Elevar med kortkurs (2–94 dagar)	15 901	15 572	13 002	12 136
Sum elevar	30 455	30 477	28 070	27 386
Årselevar langkurs	7 390	7 551	7 632	7 775
Årselevar kortkurs	606	610	526	497
Sum årselevar	7 996	8 161	8 158	8 272

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 987,1 mill. kroner på posten.

Folkehøgskolerådet har bede om at det ikkje skal gjerast vedtak om å starte opp nye folkehøgskular før dei folkehøgskulane som allereie har fått oppstartstilskot, er i drift. Midlane som departementet foreslår til nye folkehøgskular i budsjettet, er derfor berre til folkehøgskular som allereie har fått oppstartstilskot.

Sjøholt Folkehøgskole skulle etter planen starte opp hausten 2020, men har fått utsett oppstarten til hausten 2021. Skulen har som følge av dette ikkje motteke tilskot i 2020, og budsjettfor-

slaget for 2021 legg til rette for at skulen kan starte opp hausten 2021.

Stord folkehøgskule har fått oppstartstilskot i 2020. Departementet foreslår å løyve 5,1 mill. kroner for oppstart hausten 2021.

I samband med Stortinget si behandling av statsbudsjettet for 2019, blei det løyvd midlar til oppstartstilskot for Sjunghatten folkehøgskole, jf. Innst. 12 S (2018–2019). Oppstartstilskotet blei vidareført i statsbudsjettet for 2020. I behandlinga av statsbudsjettet for 2020 oppfordra utdannings- og forskingskomiteen regjeringa til å bidra til realisering av prosjektet, jf. Innst. 12 S (2019–2020).

Dei siste åra har det vore praksis at folkehøgskular som får oppstartstilskot, seinare blir god-

kjende for driftstilskot. Ifølge aktørane bak Sjunghatten folkehøgskole er det ikkje mogleg å handtere kapitalutgiftene for lokala til den nye folkehøgskulen innanfor eksisterande tilskotsmodell for folkehøgskular. Bakgrunnen er at Sjunghatten folkehøgskole etter planen skal halde til i nybygde lokale som er universelt utforma.

Departementet vurderer at planane om Sjunghatten folkehøgskole kan gi eit viktig bidrag for at fleire kan gå på folkehøgskule, uavhengig av føresetnadar. Aktørane bak Sjunghatten folkehøgskole har søkt departementet om eit investeringstilskot, men dagens tilskotsmodell gir ikkje rom for dette.

Normalt blir det berre gitt oppstartstilskot i eitt år. Departementet foreslår at Sjunghatten får vidareført oppstartstilskotet i 2021, men at det ikkje blir vidareført frå 2022. Departementet vil understreke at dersom Sjunghatten folkehøgskule kan drivast innanfor ramma av tilskotsordninga for folkehøgskular, vil prosjektet bli vurdert på lik linje med andre prosjekt som har fått oppstartstilskot.

Øyrekka folkehøgskole har søkt om godkjenning for oppstart frå hausten 2022. I samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2020 løyvde Stortinget 750 000 kroner til oppstartstilskot for Øyrekka folkehøgskole, jf. Innst. 360 S (2019–2020). Tilskotet blir utbetalt hausten 2020, og departementet legg til grunn at dette tilskotet også skal dekke eventuelle utgifter folkehøgskulen har til planlegging i 2021.

Post 71 Tilskot til Folkehøgskolerådet

Folkehøgskolerådet er ein interesseorganisasjon for folkehøgskulane. Rådet har eit fast sekretariat. Folkehøgskolerådet tek hand om fellesoppgåver for folkehøgskulane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet.

Mål for 2021

Folkehøgskolerådet skal fremje kunnskap om og utvikling av folkehøgskulane.

Kap. 254 Studieforbund mv.

Resultat i 2019

Det blei gitt eit tilskot på 5,2 mill. kroner til Folkehøgskolerådet i 2019. Rådet hadde fellesoppgåver for folkehøgskulane og koordineringsoppgåver for Utdanningsdirektoratet, mellom anna å gi innstilling til fordeling av husleigetilskotet til folkehøgskulane. Folkehøgskolerådet fremjar utvikling av folkehøgskulane mellom anna gjennom eit godt samarbeid med departementet og andre offentlege aktørar.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 5,5 mill. kroner på posten.

Post 72 Tilskot til Nordiska folkhögskolan

Nordiska folkhögskolan i Kungälv blei etablert i 1947 for å fremje demokratiske verdiar og styrke samholdet i Norden.

Mål for 2021

Tilskotet skal bidra til drift av nordisk folkehøgskuleverksemd.

Resultat i 2019

Det blei gitt eit tilskot på 668 000 kroner til skulen i 2019 for å støtte drifta av Nordiska folkhögskolan. Om lag 200 000 kroner har blitt nytta til å finansiere norske gjestelærarar i 2019.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 0,7 mill. kroner på posten.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
70	Tilskot til studieforbund	214 524	219 641	68 920
73	Tilskot til vaksenopplæringsorganisasjonar	13 864	13 236	3 510
	Sum kap. 0254	228 388	232 877	72 430

Tilskotet til studieforbund og frivillige organisasjonar legg til rette for at vaksne skal få tilgang til fleksibel og brukartilpassa opplæring også utanfor det formelle utdanningssystemet.

Post 70 Tilskot til studieforbund

Tilskotet bidreg til å finansiere opplæring i regi av frivillig sektor og skal redusere opplæringskostnadene for deltakarane. Kompetanse Noreg forvaltar tilskotsordninga. Opplæringa skjer i regi av 14 landsdekkande studieforbund og dei nær 500 medlemsorganisasjonane deira.

Ein mindre del av tilskotet kan nyttast til å refundere kostnader til opplæring i samisk språk som blir gjennomført av godkjende studieforbund eller nettskular, jf. forskrift til samelova om rett til opplæring i samisk.

I statsbudsjettet for 2020 varsla regjeringa at tilskotet til studieforbund blir delt mellom Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet frå 2021. Frå 2021 får Studieforbundet Folkeuniversitetet, Akademisk Studieforbund, Studieforbundet AOF Norge og Studieforbundet næring og samfunn tilskot over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, medan dei andre ti studieforbunda får tilskot over budsjettet til Kulturdepartementet. I samband med delinga av tilskotsordninga vil departementet gjere endringar i regelverket for ordninga. Tilskotsordninga skal bli evaluert innan fem år etter at endringane er sette i verk, for å identifisere eventuelle utilsikta konsekvensar av delinga.

Mål for 2021

Målet med tilskotet er at vaksne skal få tilgang til fleksibel og brukartilpassa opplæring også utanfor det formelle utdanningssystemet, jf. § 1 i lov om vaksenopplæring. Tilskotet skal bidra til å redusere utanforskap og fremje inkludering.

Tilskotet skal bidra til at studieforbunda kan drive opplæringsaktivitet i samsvar med eitt eller fleire av dei overordna måla for studieforbundsordninga, jf. vaksenopplæringslova § 4.

Resultat i 2019

14 studieforbund oppfylte krava for å få tilskot i 2019. Aktiviteten i studieforbunda har samla sett vore stabil sidan 2014, men det er store årlege variasjonar for einskilte forbund. Talet på kurstimar i studieforbunda har halde seg relativt stabilt dei siste åra, med 2016 og 2019 som toppår.

Av alle deltakarane i 2019 var 27 pst. i aldersgruppa 14–29 år, 27 pst. i aldersgruppa 30–49 år, og 45 pst. var 50 år eller eldre. Som i tidlegare år var det flest kvinner som deltok på kurs i regi av studieforbunda i 2019. Kurs innanfor estetiske fag og handverksfag er framleis mest populære. Musikens studieforbund rapporterte om flest studietimar (over 290 000 timar), dernest Studieforbundet Folkeuniversitetet og Studieforbundet Funkis.

Fleire studieforbund framhevar i årsmeldinga at dei når måla sine i opplæring retta mot særskilde målgrupper, til dømes tilbod til ufaglærte, innsette i fengsel og rusmisbrukarar, og integreringstiltak og norskopplæring for innvandrarar og flyktningar.

Tabell 4.22 Aktivitet og deltaking i studieforbunda 2014–19

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Deltakarar	509 724	507 909	504 898	522 458	478 548	485 173
Kurs	43 956	44 672	45 065	44 547	43 338	44 398
Kurstimar	1 384 796	1 390 852	1 419 864	1 398 638	1 389 842	1 401 245

Kjelde: Statistisk sentralbyrå (SSB)

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 68,9 mill. kroner på posten. I forslaget er det lagt til grunn ei rammeoverføring på 153 mill. kroner til kap. 315, post 73 under Kulturdepartementet i samband med flyttinga av ansvaret for tilskotet til ti av studieforbunda.

I samband med delinga av tilskotet til studieforbunda blir også tilskotet til Vaksenopplærings-

forbundet (VOFO) over kap. 254, post 73 delt. Dei fire studieforbunda som frå 2021 får tilskot over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, vil frå no av få eit eige tilskot til samarbeid. Tilskotet blir delt likt mellom dei fire studieforbunda, og samarbeidstilskotet inngår ikkje i grunntilskotet som kan nyttast til administrasjon. Studieforbunda kan sjølve bestemme om tilskotet skal nyttast til kontingent til VOFO eller til andre samarbeidsstruk-

turar. Som ei følge av dette, foreslår departementet å flytte 3,1 mill. kroner frå kap. 254, post 73 til post 70.

Post 73 Tilskot til vaksenopplæringsorganisasjonar

Fleksibel utdanning Norge (FuN) og Vaksenopplæringsforbundet (VOFO) er fellesorgana for dei offentleg godkjende nettskulane og studieforbunda. Tilskotsordninga skal bidra til drift av fellesorgan, slik at dei kan gjere nettskulane og studieforbunda betre i stand til å tilby vaksne fleksibel og brukartilpassa opplæring av høg kvalitet. Kompetanse Noreg forvaltar tilskotsordninga.

Departementet foreslår at tilskotet til studieforbund blir delt mellom Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet frå 2021, jf. omtale under kap. 254, post 70. Departementet foreslår at tilskotet til Vaksenopplæringsforbundet (VOFO) blir delt på same måte, slik at den delen av tilskotet som er knytt til studieforbunda som vil få tilskot over budsjettet til Kulturdepartementet, blir flytta til Kulturdepartementet. Den delen av tilskotet som er knytt til studieforbunda som vil få tilskot over budsjettet til Kunnskapsdepartementet, blir foreslått flytta til kap. 254, post 70, jf. omtale under denne posten.

Mål for 2021

FuN skal arbeide for meir kunnskap om og utvikling av vaksenopplæring som blir gitt gjennom medlemsorganisasjonane. Dette inkluderer felles-

oppgåver for organisasjonane som til dømes aktivitetsrapportering frå nettskular.

Resultat i 2019

VOFO er ein interesseorganisasjon for dei 14 godkjende studieforbunda og dei 497 medlemsorganisasjonane deira. I 2019 har VOFO arbeidd for å synleggjere studieforbunda som kompetanseaktørar i samfunns- og arbeidsliv. VOFO har stimulert til læring og kompetanseutvikling for studieforbunda og frivillige organisasjonar. I tillegg har VOFO utført ei rekke fellestenester som bidreg til samordning av kunnskap og ressursar for studieforbunda.

FuN har til saman 50 medlemmar på feltet fleksibel utdanning og digitale læringsformer. Medlemmane er godkjende nettskular, universitet, høgskular og andre verksemder. I 2019 har FuN saman med medlemmane bidrege til å auke kvaliteten på og stimulere til utvikling av fleksibel utdanning. FuN har i 2019 delteke i fleire nordiske og europeiske utviklingsprosjekt som gjeld fjernundervisning og fleksibel utdanning.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 3,5 mill. kroner på posten til tilskot til Flexibel utdanning Norge. Det blir foreslått å flytte 7,1 mill. kroner av tilskotet til VOFO på posten til kap. 315, post 73 på budsjettet til Kulturdepartementet. Vidare foreslår departementet at 3,1 mill. kroner av tilskotet til VOFO blir flytta til kap. 254, post 70.

Kap. 255 Tilskot til freds- og menneskerettssenter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
70	Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter	37 308		
71	Falstadsenteret	23 196		
72	Stiftelsen Arkivet	15 834		
73	Nansen Fredssenter	6 562		
74	Narviksenteret	8 539		
75	Det europeiske Wergelandsenteret	9 485	10 740	
76	Raftostiftelsen	5 418		
77	Tilskot til freds- og menneskerettssenter		97 711	
	Sum kap. 0255	106 342	108 451	

Kunnskapsdepartementet gir tilskot til sju freds- og menneskerettssenter. Freds- og menneskerettssentera er uavhengige stiftingar som arbeider med dokumentasjon av, forskning på og formidling av demokrati, fred og menneskerettar, fangehistorie og folkemord.

Tilskotet til seks av freds- og menneskerettssentera blei i statsbudsjettet for 2020 samla på kap. 255, post 77. Departementet foreslår å flytte forvaltninga av tilskotet til desse sentera frå Kompetanse Noreg til Utdanningsdirektoratet i 2021. Flyttinga verkar ikkje inn på nivået på tilskotet. Flyttinga inneber at løyvinga over kap. 255, post 77 i 2021 blir flytta til kap. 224, post 70. Mål for 2021 og budsjettforslag for 2021 for løyvinga er under kap. 224, post 70. Resultata for 2019 for sentera er omtala på dei postane midlane blei løyvde over for 2019.

Det europeiske Wergelandsenteret er forankra i ein samarbeidsavtale mellom Noreg og Europarådet og er direkte underlagt Kunnskapsdepartementet. Departementet foreslår å flytte løyvinga til senteret frå kap. 255, post 75 til kap. 224, post 71 i 2021. Mål for 2021 og budsjettforslag for 2021 for senteret er gitt på kap. 224, post 71. Resultata for 2019 for senteret er omtala på posten midlane blei løyvde over for 2019.

Post 70 Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter

Resultat i 2019

Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (HL-senteret) hadde 38 987 besøkande i 2019, ein nedgang på ca. 5 pst. frå 2018. Av desse var 7 510 elevar i grunnopplæringa, ein liten nedgang frå 2018.

Senteret leier samarbeidsprosjektet Demokratiske beredskap mot rasismen og antisemittismen (DEMBRA). HL-senteret har rettleidd 16 skular i 2019. I 2019 gav HL-senteret ut den andre publikasjonen i serien om DEMBRA. Totalt har 76 skular og 2 300 lærarar frå heile landet delteke i prosjektet.

HL-senteret avslutta i 2019 forskingsprosjektet *Flukt*, der dei har intervjuva flyktningar frå Irak og Syria om kva etnisk og religiøs identitet har å seie for flukt og tankar om retur.

HL-senteret publiserte i 2019 to studiar om muslimar som viser til ulike mekanismar som forklarar omfanget av fordømmar mot denne minoriteten.

Post 71 Falstadsenteret

Resultat i 2019

Falstadsenteret hadde 17 321 besøkande i 2019, ein auke på 22 pst. frå 2018. Av desse var 7 738 elevar i grunnopplæringa, ein auke på 17 pst. frå 2018.

Falstadsenterets undervisningsopplegg for 2019 har teke utgangspunkt i studieutstillinga *Forteljingar om flukt*. Utstillinga gir elevane eit innblikk i åtte flukthistorier som er relaterte til fangehistoria i Noreg, *Falstadsenteret* og den andre verdskrigen. Forteljingane inviterer til utforskning av einskildmenneske og konsekvensane av verdskrigen dei opplever, og korleis dette kan knytast til dagsaktuelle problemstillingar.

Falstadsenteret gjennomførte i 2019 det første reisande undervisningsopplegget for ungdomsskuleelevar.

Post 72 Stiftelsen Arkivet

Resultat i 2019

Stiftelsen Arkivet hadde 20 993 besøkande i 2019, ein liten auke frå 2018. Av desse var 5 798 elevar i grunnopplæringa, ein auke på 7,9 pst. frå 2018.

Stiftinga har i 2019 vidareført prosjektet *Flyktninger forteller*, som handlar om å synleggjere norske flyktningar og verne kulturarven deira gjennom forteljingar.

Stiftinga har ansvaret for det nasjonale krigsseglarregisteret, der 62 334 sjøfolk er registrerte.

I 2019 har stiftinga delteke i samarbeidsprosjektet *Plattform – Norsk institutt for forebygging av radikaliserings og voldelig ekstremisme*, med Agder politidistrikt, KS og alle kommunane i Agder.

Stiftinga var i 2019 involvert i programkonseptet *Her og nå*, i samarbeid med FN-sambandet og Raudekrossen. Målet med konseptet er å skape debatt og kunnskap om aktuelle saker og bygge eit godt samarbeid mellom organisasjonane. Konseptet har vore vellykka.

Post 73 Nansen Fredssenter

Resultat i 2019

Nansen Fredssenter hadde over 5 100 besøkande i 2019. Av desse var 1 130 elevar i grunnopplæring, ein auke på 11 pst. frå 2018.

Nansen Fredssenter har i 2019 lagt til rette for dialogmøte og prosessar som bidreg til å førebygge konflikt mellom barn og unge. Senteret har lagt til rette arenaer der elevar frå vidaregåande skular har snakka saman om tema som negativ

sosial kontroll og fordommar mot religionar, folkegrupper eller homofile.

Post 74 Narviksenteret

Resultat i 2019

I 2019 hadde Narviksenteret 36 119 besøkande, ein auke på 16 pst. frå 2018. Av desse var 7 104 elevar i grunnopplæringa, ein auke på 40 pst. frå 2018.

Narviksenteret har i 2019 arrangert pedagogisk opplegg for studentgrupper frå Krigsskulen, Forsvarshøgskolan og Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet. I tillegg har senteret gitt stønad til fleire studentar som arbeider med masteroppgåver. Senteret har som ambisjon å ha undervisningsopplegg og aktivitetar som når skular i heile landsdelen, og har i 2019 besøkt 36 skular i landsdelen.

Senteret har i 2019 utvikla ein gratis app for barn under tolv år som gjer det mogleg for barn å bli kjende med historiene til personar som har opplevd krig.

Post 75 Det europeiske Wergelandsenteret

Det europeiske Wergelandsenteret (EWC) samarbeider med Europarådet om opplæring i interkulturell forståing, menneskerettar og aktivt medborgarskap, jf. Innst. S. nr. 9 (2008–2009) og St.prp. nr. 86 (2007–2008) *Om samtykke til inngåelse av samarbeidsavtale av 16. september 2008 mellom Norge og Europarådet om Det europeiske ressurs-senteret for opplæring i interkulturell forståelse, menneskerettigheter og demokratisk medborgarskap.*

Resultat i 2019

10 496 lærarar, skuleleiarar og unge formidlarar har fått opplæring gjennom EWC-prosjekt i 2019, ein auke på 66 pst. frå 2018. 16 institusjonar for lærarutdanning og 40 universitet og høgskular deltok i prosjekt for å styrke kunnskap om demokrati og inkludering i institusjonane. EWC nådde meir enn 70 000 fagpersonar og studentar gjennom aktivitetane sine, noko som er 15 000 fleire enn i 2018. EWC var involvert i 16 prosjekt i 26 land, og det er fire fleire prosjekt enn i 2018.

Senteret har knytt til seg arbeidsgrupper som utviklar nye ressursar, involverer lærarar, lærarutdannarar og ekspertar. Nye modular og materiale blir prøvde ut på skulane. EWC organiserte seks internasjonale og nasjonale konferansar. Senteret har bidrege i policy-arbeid med nasjonale utdanningsstyresmakter i 13 land som samarbeidspart-

narar, med iverksetjing av prosjekt tilpassa tilrådingar frå Europarådet.

Læringstilbodet 22. juli og demokratisk statsborgarskap er eit samarbeid mellom Wergelandsenteret, 22. juli-senteret og Utøya AS. Lærarar og elevar frå ungdomsskular lærer å fremje demokratisk statsborgarskap og handle mot ekstremisme. 320 elevar frå 40 skular i Noreg deltok i 2019 og fungerte som formidlarar på skulane og i lokal-samfunna sine. EWC har i samband med ny læreplan også utvikla nye læringsressursar om terrorangrepa 22. juli 2011. Kunnskapsdepartementet bidro med 3 mill. kroner i prosjektmidlar for 22. juli og demokratisk statsborgarskap i 2019.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å flytte løyvinga på posten til kap. 224, post 71. Sjå der for mål og budsjettforslag for 2021.

Post 76 Raftostiftelsen

Resultat i 2019

Raftostiftelsen hadde 10 201 besøkande i 2019. Av desse var 6 090 elevar i grunnopplæringa, ein auke på 47 pst. frå 2018. Auken kjem av at stiftinga har jobba systematisk og målretta med å marknadsføre undervisninga mot skular og lærarar.

Stiftinga deler ut Raftoprisen. I 2019 blei prisen delt ut til syrisk-libanesiske Rouba Mhaissen, leiar av organisasjonen Sawa for Development and Aid (SDAID). Mhaissen fekk prisen for forsvaret sitt av menneskerettane til menneske på flukt. Organisasjonen Sawa arbeider med å forbetre livssituasjonen til syriske flyktningar, spesielt barn og kvinner i Libanon.

Stiftinga har i 2019 samarbeidd tett med Bergens Næringsråd for å etablere ei plattform om implementering av FN's retningslinjer for næringsliv og menneskerettar (UNGP).

Post 77 Tilskot til freds- og menneskerettssenter

Posten inneheld tilskot til desse freds- og menneskerettssentera:

- Senter for studier av Holocaust og livssynsminoriteter (Oslo)
- Falstadsenteret (Ekne i Trøndelag)
- Stiftelsen Arkivet (Kristiansand)
- Nansen Fredssenter (Lillehammer)
- Narviksenteret (Narvik)
- Raftostiftelsen (Bergen)

Resultata for 2019 er omtala på dei postane midlane til dei seks sentera blei løyvde over i 2019.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å flytte løyvinga på posten til kap. 224, post 70. Sjå der for mål og budsjettforslag for 2021.

Kap. 256 Kompetanse Noreg

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	66 371	104 369	119 118
21	Særskilde driftsutgifter	3 289	8 814	9 051
	Sum kap. 0256	69 660	113 183	128 169

Kompetanse Noreg er direktoratet for kompetansepolitikk. Oppgåva til Kompetanse Noreg er å jobbe for at det er godt samsvar mellom tilbod og etterspurnad etter utdanning og kompetanse, og for at befolkninga i Noreg kan sikre seg nødvendig kompetanse og kan lære heile livet.

Kompetanse Noreg har mellom anna eit nasjonalt systemansvar for karriererettleiing, ansvaret for å utvikle og koordinere rettleiingsfeltet i Noreg og ansvar for å forvalte tilskotsordningar som skal legge til rette for auka deltaking i livslang læring. Kompetanse Noreg har òg ansvar for innhaldet i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar, jf. omtale under programkategori 07.90 Integrering og mangfald.

Løyvingane over kap. 256 finansierer ordinære driftsoppgåver i Kompetanse Noreg. I tillegg kjem oppgåver som direktoratet har ansvar for, men som blir finansierte over andre budsjettkapittel, i hovudsak over kap. 258, post 21 og kap. 292 under programkategori 07.90 Integrering og mangfald. Kompetanse Noreg har ansvaret for å forvalte tilskotsordningar og tiltak under kap. 254, kap. 257 og kap. 258, og ordningar under budsjetta til Kulturdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Post 01 Driftsutgifter og post 21 Særskilde driftsutgifter

Mål for 2021

Det overordna målet for programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring er førande for arbeidet til Kompetanse Noreg:

- Fleire lærer heile livet, slik at dei kan stå lenger i arbeid.

Måla for verksemda til direktoratet er:

- Kompetansepolitikken er heilskapleg og samordna.
- Livslang læring er tilgjengeleg for alle uavhengig av kompetansenivå og behov.
- Nykomne innvandrarakar får læringstiltak som bidreg til auka deltaking i arbeids- og samfunnslivet.

Resultat i 2019

Kompetanse Noreg har i 2019 arbeidd for å styrke tilboda for livslang læring. Gjennom ulike tilbod og tilskot har direktoratet bidrege til at personar og verksemdar har fått bistand til å definere kompetansebehova sine, tilpasse opplæring og utdanningstiltak, og auke eller dokumentere kompetansen sin.

Kompetanse Noreg har halde fram med oppfølginga av *Nasjonal kompetansepolitisk strategi*, der kunnskapsgrunnlag og karriererettleiing står sentralt. Direktoratet har i 2019 utvikla og formidla kunnskap om vaksne si deltaking i opplæring, kompetansebehov og læring i arbeidslivet. I samband med utviklinga av karriereveiledning.no, ei nasjonal digital teneste for karriererettleiing, har direktoratet utarbeidd planar for opplæring av rettleiarane og kvalitetssikring av tenesta.

Direktoratet har bidrege til å betre tilboda om og kvaliteten i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar og for vaksne i grunnskulen. Kompetanse Noreg har mellom anna etablert ei ny stipendordning og fått på plass fire vidareutdanningstilbod ved universitet og høgskular for vidareutdanning av lærarakar i norsk som andrespråk.

Det er etablert eit nytt og meir målretta tildelingssystem i fylka for midlar til etterutdanning av lærarar som underviser vaksne. Frå 2019 er det fylkesmannen, i samarbeid med opplæringsstaden i fylket og lokale universitet og høyskular, som fordeler midlane til etterutdanning etter dokumenterte utfordringar på område definerte av Kompetanse Noreg.

Kompetanse Noreg har arbeidd med å utvikle og setje i verk fleksible vidareutdanningstilbod i digital kompetanse og treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling. Desse tiltaka er viktige delar i regjeringa si kompetansereform, Lære heile livet.

Ei rekke av dei større tiltaka som Kompetanse Noreg har arbeidd med i 2019, er finansierte over kap. 258, post 21 og kap. 292, post 21 og 22 og er omtalte under desse postane. Kompetanse Noreg forvaltar fleire tilskotsordningar, mellom anna tilskotet til studieforbund over kap. 254 og Kompetanseprogrammet over kap. 257.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 119,1 mill. kroner på post 01 og 9,1 mill. kroner på post 21. I forslaget inngår desse flyttingane til post 01:

- Departementet foreslår å flytte 3 mill. kroner frå kap. 258, post 21. Midlane skal nyttast til å finansiere delar av administrasjonen av Kompetanseprogrammet i Kompetanse Noreg.
- Departementet foreslår å flytte totalt 11,5 mill. kroner til posten frå kap. 220, post 01 og kap. 258, post 21. Midlane blir overførte som ei oppfølging av gjennomgangen av oppgåvene til Utdanningsdirektoratet og Kompetanse Noreg på områda vaksenlæring og kompetansemobilisering.

Departementet foreslår at løyvinga på kap. 256, post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3256, post 02, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3256 Kompetanse Noreg

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Inntekter frå oppdrag	2 911	8 425	8 651
02	Salsinntekter o.a.	2 261	378	388
	Sum kap. 3256	5 172	8 803	9 039

Inntektene på post 01 gjeld oppdragsverksemd for Kompetanse Noreg. Inntektene på post 02 gjeld salsinntekter og refusjonar.

Kap. 257 Kompetanseprogrammet

(i 1 000 kr)				
Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
21	Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70	5 455		
70	Tilskot, kan overførast	170 726	172 134	376 134
	Sum kap. 0257	176 181	172 134	376 134

Regjeringa oppretta i 2020 Kompetanseprogrammet, som samordnar sentrale verkemid-

del i kompetansereforma. Partane i arbeidslivet er naturlege og sentrale aktørar i vidareutviklinga av

programmet, saman med representantar frå utdanningsinstitusjonane. Kompetanse Noreg forvaltar programmet og fungerer som sekretariat.

Programmet kan bli utvida med tiltak etter behov. Kompetanseprogrammet vil i 2021 ha følgende programområde:

1. tilskot til fleksible vidareutdanningstilbod
2. treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling
3. utprøvingar av insentivordningar for livslang læring
4. Kompetansepluss

Departementet foreslår å legge ordninga Kompetansepluss inn i Kompetanseprogrammet frå 2021 som eit fjerde programområde. Samstundes foreslår departementet at løyvingane til Kompetanseprogrammet blir samla på ein post. Departementet foreslår derfor å flytte midlane til Kompetanseprogrammet frå kap. 258, post 21 til kap. 257, post 70. Resultatrapporteringane for tilskot til fleksible vidareutdanningstilbod og treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling for 2019 er gitt under kap. 258, post 21.

Tilskot til fleksible vidareutdanningstilbod

Fleksible vidareutdanningstilbod rettar seg mot verksemder og arbeidstakarar som treng meir kompetanse som følge av digitalisering og andre krav til omstilling i arbeidslivet. Utdanningstilbydarane skal utvikle tilboda i tett samarbeid med arbeidslivet, som kjenner utfordringane og kompetansebehova best. Tilboda skal kunne gjennomførast i kombinasjon med tilnærma full jobb, for eksempel gjennom inndeling i modular, nettbasert opplæring og/eller samlingar. Det er Kompetansepolitisk råd som gir råd om kva slags tilbod som skal prioriterast.

Treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling

Treparts bransjeprogram er eit samarbeid mellom staten og partane i arbeidslivet. Målet med bransjeprogrammet er at fleire skal delta på kurs og i vidareutdanning i dei bransjane som til kvar tid inngår i programmet. Permitterte og ledige kan òg delta i kompetanseutvikling innanfor bransjeprogramma. Ordninga skal bidra til at bransjane får tilgang til relevant kompetanseutvikling. Partane i arbeidslivet er representerte i programområdestyre for kvart bransjeprogram.

Utprøvingar av insentivordningar for livslang læring

Kompetanseprogrammet legg til rette for utprøvingar av ulike insentivordningar for å auke etterspurnaden etter livslang læring. I første omgang vil det bli prøvd ut eit vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar. Fagarbeidarar tek mindre del i kompetanseutvikling enn høgt utdanna. Samstundes tyder forskning på at effekten av ordningar for kompetanseutvikling er større for dei som ikkje har høgare utdanning, og at det er gunstig å målrette slike ordningar mot personar med fagutdanning.

Kompetansepluss

Kompetansepluss er ei tilskotsordning for opplæring i grunnleggande ferdigheiter i lesing/skriving, rekning, IKT, munnlege ferdigheiter og norsk eller samisk. Verksemder og frivillige organisasjonar kan søke om midlar gjennom ordninga.

Kompetansepluss består av ordningane Kompetansepluss arbeid, Kompetansepluss frivilligheit og prøveordninga med fagopplæring i Kompetansepluss. Kompetansepluss arbeid har som mål å nå små og mellomstore verksemder og ulike bransjar, særleg dei som sysselset arbeidskraft med låg utdanning og er konjunkturutsette. Opplæringa skal vere praksisnær og relevant for arbeids situasjonen til deltakarane. Gjennom Kompetansepluss frivilligheit kan fleire målgrupper ta del i opplæring i regi av frivillige organisasjonar. Målet er å gi vaksne som treng det, opplæring i grunnleggande ferdigheiter, slik at dei får styrkt moglegheitene sine for å delta i arbeids- og samfunns livet.

Løyvinga over kap. 257, post 21 for administrering og utvikling av Kompetansepluss blei i 2020 flytta til kap. 256, post 01. Resultatrapporteringa er gitt under posten som midlane blei løyvde over i 2019.

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70, og post 70 Tilskot, kan overførast

Frå 2020 er post 21 avvikla, og løyvinga er flytta til kap. 256, post 01.

Mål for 2021

- Fleire lærer heile livet, slik at dei kan stå lenger i arbeid.

Resultat i 2019

Kompetansepluss-ordninga omfatta i 2019 opplæring i grunnleggjande ferdigheiter, grunnleggjande norsk-/samiskopplæring og fagopplæring.

Om lag 13 000 vaksne fekk opplæring gjennom prosjekta i Kompetansepluss arbeid og Kompetansepluss frivilligheit i 2019. Talet på søkarar i Kompetansepluss arbeid er dobla dei siste fem åra. Sjå tabellane under for meir informasjon.

Tabell 4.23 Kompetansepluss arbeid 2012–19 (beløp i mill. kroner)

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Omsøkt beløp	190,6	182,7	186,2	200,7	293,8	311,2	304,1	324,8
Tildelt beløp	107,6	104,3	141,8	162	220,2	197,0	184,0	154,1
Talet på søknader	503	461	600	651	947	1 135	1 050	1 220
Talet på innvilga søknader	370	348	503	561	734	715	620	541
Talet på deltakarar	8 737	7 781	10 853	11 291	14 793	13 761	10 802 ¹	3 005 ¹

Tabellen omfattar søknader og tildelingar etter ordinær utlysing og særskilde satsingar. Det tildelte beløpet er for fleire av dei siste åra høgare enn løyvinga på posten. Det er finansiert med overføring frå løyvinga for tidlegare år.

¹ Deltakarregistrering ikkje slutført.

Kjelde: Kompetanse Noreg, Statistikkbanken

Tabell 4.24 Kompetansepluss frivilligheit 2017–19 (beløp i mill. kroner)

	2017	2018	2019
Omsøkt beløp	47,4	57,3	55,4
Tildelt beløp	24,9	12,4	11,2
Talet på søknader	146	193	188
Talet på innvilga søknader	79	38	45
Talet på deltakarar	2 768	1 143 ¹	297 ¹

¹ Deltakarregistrering ikkje slutført.

Kjelde: Kompetanse Noreg, Statistikkbanken

Tabell 4.25 Kompetansepluss 2019 (beløp i mill. kroner)

	Omsøkt beløp	Tildelt beløp	Talet på søknader	Talet på innvilga søknader
Kompetansepluss arbeid	324,8	154,1	1 220	541
Kompetansepluss frivilligheit	55,4	11,2	188	45
Prøveordning med fagopplæring	25,0	16,3	78	52
Totalt, Kompetansepluss	405,2	181,6	1 486	638

Kjelde: Kompetanse Noreg, Statistikkbanken

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 376,1 mill. kroner til Kompetanseprogrammet.

Departementet foreslår å samle løyvingane til Kompetanseprogrammet på ein post, og foreslår derfor å flytte midlane til Kompetanseprogrammet frå kap. 258, post 21 til kap. 257, post 70, tilsvarende 94 mill. kroner.

Departementet vil vidareføre fleksible vidareutdanningstilbod som del av Kompetanseprogrammet. Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) forvaltar også ei ordning for fleksible utdanningstilbod, sjå kap. 272, post 52.

Gjennom behandlinga av Prop. 73 S (2019–2020) og Prop. 127 S (2019–2020) blei treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling styrkt med 120 mill. kroner i 2020. Auken la til rette for å etablere seks nye bransjeprogram og å utvide bransjeprogrammet i industri- og byggenæringa i møte med den økonomiske krisa, jf. Innst. 233 S (2019–2020) og Innst. 360 S (2019–2020). Stortinget bad i tillegg regjeringa om å opprette bransjeprogram i

to nye bransjar: olje-, gass- og leverandørindustrien, og maritim sektor, jf. Innst. 370 S (2019–2020). Regjeringa meiner det er grunn til å tru at arbeidsløysa og utfordringane med omstilling vil halde fram inn i 2021 for fleire av desse bransjane. Regjeringa foreslår derfor 110 mill. kroner i 2021 for å vidareføre utvidinga av bransjeprogramma i 2021. Innanfor løyvinga til bransjeprogram foreslår regjeringa 20 mill. kroner til kompetanseløft for utsette industriklynger i 2021.

Kompetanseprogrammet legg òg til rette for utprøving av insentivordningar for livslang læring. I 2021 skal forsøket med eit vidareutdanningsstipend for fagarbeidarar starte opp. Forsøket skal gå over to år.

Kap. 258 Tiltak for livslang læring

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	187 658	233 376	159 940
60	Tilskot til karriererettleiing	34 525		
	Sum kap. 0258	222 183	233 376	159 940

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga finansierer tiltak innanfor kompetansepolitikken og vaksenlæring. Størstedelen av løyvinga blir tildelt Kompetanse Noreg.

Løyvinga på posten blir òg nytta til drift av tidsavgrensa arbeid i utval, departement og direktorat, og til tilskot til offentlege aktørar som blir involverte i kompetansepolitikken og vaksenlæring.

Vidare kan løyvinga finansiere fleire mindre tiltak innanfor området livslang læring.

Departementet foreslår å flytte midlane til Kompetanseprogrammet frå kap. 258, post 21 til kap. 257, post 70 i 2021. Sjø kap. 257, post 70 for budsjettforslag for 2021. Resultatrapporteringa for 2019 for Kompetanseprogrammet er gitt under kap. 258, post 21.

Mål for 2021

Fleire lærer heile livet, slik at dei kan stå lenger i arbeid.

Resultat i 2019

Rapporteringa nedanfor gjeld dei største tiltaka som det er tildelt midlar til over posten i 2019.

Treparts bransjeprogram for kompetanseutvikling

Satsinga på treparts bransjeprogram i helse- og omsorgstenestene i kommunal sektor og i industri- og byggenæringa blei ført vidare og styrkt i 2019. Det blei tildelt 7,7 mill. kroner til tre prosjekt og 1 mill. kroner til ei arbeidsgruppe i regi av KS i bransjeprogrammet i helse og omsorg. I bransjeprogrammet for industri og byggenæringa tildelte Kompetanse Noreg om lag 16 mill. kroner til sju prosjekt. Resultatet er mellom anna at det har blitt utvikla fleire fleksible utdanningstilbod som treffer arbeidslivets behov.

Utvikling av fleksible vidareutdanningstilbod

Satsinga på fleksible vidareutdanningstilbod blei vidareført og utvida i 2019. Det er gitt tilskot på til saman 55 mill. kroner fordelt på 19 ulike prosjekt. Prosjekta skal utvikle ei rekke vidareutdanningsstilbod innanfor høgare yrkesfagleg utdanning og

høgare utdanning, primært i område som digitalisering og teknologi. Tilboda rettar seg mot verksemder og arbeidstakarar som treng meir kompetanse som følge av digitalisering og andre krav til omstilling i arbeidslivet. Utdanningstilbydarane utviklar tilboda i tett samarbeid med arbeidslivet, som kjenner utfordringane og kompetansebehova best. Tilboda skal kunne gjennomførast i kombinasjon med tilnærma full jobb, til dømes gjennom inndeling i modular, nettbasert opplæring og/eller samlingar.

Nasjonal digital karriererettleiingsteneste og nasjonalt kvalitetsrammeverk

I 2019 har Utdanningsdirektoratet og Kompetanse Noreg halde fram samarbeidet om å utvikle ei nasjonal digital karriererettleiingsteneste, karriereveiledning.no. Tenesta skal bidra til å sikre eit likeverdig karriererettleiingstilbod til heile befolkninga, uavhengig av alder, bustad, utdanning eller tilknytning til arbeidsmarknaden. Tenesta blei lansert hausten 2020 og består av ein nettstad med informasjon, sjølvhjelpsverktøy og e-rettleiing.

E-rettleiingstenesta skal bygge på det nasjonale kvalitetsrammeverket for karriererettleiing. Rammeverket blir utvikla av Kompetanse Noreg og skal vere eit verktøy for karriererettleiarar og andre med ansvar for tenestene på tvers av sektorar.

Forsøk med modulstrukturert opplæring for vaksne

Det er sett i gang tre forsøk med modulstrukturert opplæring for vaksne. Målet med forsøka er ei fleksibel og meir effektiv opplæring for vaksne og at fleire vaksne tek grunnskuleopplæring og fag- eller sveinebrev.

Forsøket med modulstrukturert førebuande vaksenopplæring (FVO/opplæring på grunnskulenivå for vaksne) omfatta 43 opplæringsstader i 41 kommunar og ein fylkeskommune ved utgangen av 2019. Våren 2019 gjekk 859 kandidatar opp til avsluttande eksamen, og hausten 2019 blei den første hausteksamenen gjennomført med 29 kandidatar.

Opplæringa i modulstrukturert fag- og yrkesopplæring for vaksne starta i 2017 og går føre seg i åtte utvalde lærefag med om lag 230 deltakarar. Forsøka blei utvida til to nye programområde med fem nye lærefag i 2019 og vil halde fram til 2023.

Kombinasjonsforsøket gir vaksne mogleghet til å kombinere opplæring i førebuande vaksenopplæring med modulstrukturert fag- og yrkes-

opplæring. Fire fylkeskommunar (Nordland, Oppland, Oslo og Trøndelag) fekk innvilga kombinasjonsforsøk i 2019.

Kartleggingsverktøy og nettbasert opplæringstilbod i grunnleggande ferdigheiter

Kompetanse Noreg avslutta i 2019 oppdraget om å utvikle kartleggingsverktøy og e-læring i grunnleggande lesing, skriving, rekning og munnlege og digitale ferdigheiter. For kvar av dei fem grunnleggande ferdigheitene er det no ein test, eit sjølvvurderingsverktøy og ein e-læringsressurs. I tillegg har Kompetanse Noreg utvikla læringsspelet *Kompis*, der ein kan øve på alle dei grunnleggande ferdigheitene. Meir enn 12 000 unike brukarar var inne i e-læringskurset i rekning i den første kampanjeperioden, og over 22 000 unike brukarar spelte *Kompis* i den neste kampanjeperioden.

Alle ressursane er tilgjengelege for brukarar på mellom anna mobiltelefon og pc. Ressursane inngår òg i det pedagogiske opplegget for opplæring i grunnleggande ferdigheiter i arbeidslivet, ved opplæringsinstitusjonar og i regi av NAV.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 159,9 mill. kroner på posten. I forslaget inngår desse flyttingane av midlar til og frå posten:

- 94 mill. kroner til Kompetanseprogrammet blir flytta til kap. 257, post 70.
- 3 mill. kroner for å finansiere delar av administrasjonen av Kompetanseprogrammet i Kompetanse Noreg blir flytta til kap. 256, post 01.
- 4,2 mill. kroner blir flytta til kap. 256, post 01 for å lønne tilsette i faste stillingar knytte til oppgåver som frå 2020 er flytta frå Utdanningsdirektoratet til Kompetanse Noreg.
- 3,5 mill. kroner blir flytta frå kap. 226, post 21. Midlane går til tiltak for yrkesfag, inkludert Finn lærebedrift.
- 1 mill. kroner til Espeland Fangeleir blir flytta til kap. 226, post 21 fordi Utdanningsdirektoratet overtek forvaltninga av tilskotet frå Kompetanse Noreg.

Kompetansereforma Lære heile livet

Departementet foreslår ein auke på til saman om lag 900 mill. kroner til kompetansereforma i 2021, jf. omtale i kategoriinnleiinga.

Over kap. 258, post 21 foreslår departementet å finansiere følgende tiltak i kompetansereforma:

- 15 mill. kroner til å utvide forsøket med modulstrukturert opplæring innanfor utvalde lærefag i fag- og yrkesopplæringa. Dette er heilårseffekt av utvidinga i 2020, jf. Prop. 127 S (2019–2020).
- Vidareføring av den digitale tenesta for karriererettleiing, karriereveiledning.no, med 42 mill. kroner. I løyvinga er heilårseffekten av stillingane i tenesta som blei oppretta hausten 2020, inkludert.
- Departementet vil halde fram med å greie ut ei digital kompetanseplattform som skal gjere det enklare å finne fram til kompetansetilbod.

Tiltak som støtter kompetansereforma og andre tiltak

Innanfor løyvinga er det sett av midlar til den internasjonale undersøkinga PIAAC (Program for the International Assessment of Adult Competencies). Undersøkinga, som òg blir finansiert over kap. 226, post 21, skal auke kunnskapsgrunnlaget om vaksnes grunnleggande ferdigheiter.

Delar av løyvinga på kap. 258, post 21 vil bli nytta til å styrke kunnskapsgrunnlaget gjennom oppdragsforskning og utgreiingar. Kompetansebehovsutvalet blir òg finansiert over posten.

Departementet vil ved behov omdisponere midlar mellom tiltaka som blir finansierte av løyvinga på posten.

Post 60 Tilskot til karriererettleiing

I 2020 blei tilskotet på posten innlemma i rammetilskotet til fylkeskommunane, slik det blei varsla i Meld. St. 6 (2018–2019) *Oppgaver til nye regioner*, jf. Innst. 119 S (2018–2019).

Tilskot til etablering av fylkesvise partnerskapar for karriererettleiing blei oppretta i 2014. Målet med ordninga var at unge og vaksne i alle livsfasar får eit likeverdig tilbod om karriererettleiing.

I samband med innlemminga av tilskotet har Stortinget vedteke at det i opplæringslova blir lovfesta ei plikt for fylkeskommunane til å tilby karriererettleiing for innbyggjarane. Tilbodet skal vere gratis og ope for innbyggjarane i fylkeskommunen, jf. Innst. 302 L (2019–2020).

Resultat i 2019

2019 var siste året for ordninga med tilskot til dei fylkesvise partnerskapa for karriererettleiing, som frå 2020 er overført til rammetilskotet til fylkeskommunane. I 2019 etablerte Oslo sitt første karrieresenter. Dermed har alle fylke minst eitt karrieresenter, og etableringa sikrar vaksne i Oslo eit offentleg og gratis karriererettleiingstilbod. Rapporteringa frå karrieresentera for 2019 viser at 20 958 personar fekk individuell karriererettleiing ved eit karrieresenter. Det er ein auke på 7 pst. frå året før. I tillegg gjennomførte sentera til saman 1 062 grupperettleiingar og kurs. Rapporteringa viser at nær 80 pst. av dei som nyttar tilbodet om karriererettleiing, har vidaregåande opplæring eller lågare som høgaste fullførte utdanningsnivå.

Programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning

Utgifter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
260	Universitet og høgsular	37 218 102	38 585 513	40 748 905	5,6
270	Studentvelferd	658 809	822 442	926 887	12,7
271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga		174 831	175 030	0,1
272	Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning		601 000	676 869	12,6
273	Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning		164 495	213 265	29,6
274	Universitetssenteret på Svalbard		142 463	36 322	-74,5
275	Tiltak for høgare utdanning og forskning		284 421	429 539	51,0
280	Felles einingar	961 113			
281	Felles tiltak for universitet og høgsular	515 523			
284	Dei nasjonale forskingsetiske komiteane	19 508	19 303	19 392	0,5
285	Noregs forskingsråd	4 856 574	4 793 985	5 254 950	9,6
286	Regionale forskingsfond		189 119	194 982	3,1
287	Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt	485 685	218 120	223 974	2,7
288	Internasjonale samarbeidstiltak	2 895 864	3 496 001	3 762 017	7,6
289	Vitskaplege prisar		44 969	46 408	3,2
	Sum kategori 07.60	47 611 178	49 536 662	52 708 540	6,4

Inntekter under programkategori 07.60 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
3271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga		627	644	2,7
3275	Tiltak for høgare utdanning og forskning		10	10	0,0
3280	Felles einingar	8 801			
3288	Internasjonale samarbeidstiltak		6 236	14 582	133,8
	Sum kategori 07.60	8 801	6 873	15 236	121,7

Innleiing

Forskning og høgare utdanning er avgjerande for å bringe fram kunnskapen som trengst for ei ønskeleg samfunnsutvikling, og for å spreie oppdatert kunnskap til beste for samfunnet og den einskilde. Regjeringa sine overordna mål for forskning og høgare utdanning er omtala i Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*:

- styrkt konkurransekraft og innovasjonsevne
- møte store samfunnsutfordringar
- utvikle fagmiljø av framifrå kvalitet

Aktiviteten i høgare utdanning og forskning femnar òg på tvers av måla for Kunnskapsdepartementet, jf. kap. 1 Hovudinnleiinga. Av dei ti måla for politikkområda i kunnskapssektoren er følgande særleg relevante for programkategori 07.60:

- Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet.
- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø.
- Fleire har relevant digital kompetanse.
- Utdanninga og forskinga er drivkraft for innovasjon og grønt skifte.
- Fleire framifrå utdannings- og forskingsmiljø.

Hovudprioriteringar for 2021

Departementet foreslår 753,4 mill. kroner til utvida utdanningskapasitet ved universitet og høgskular. Av desse er 603,2 mill. kroner ei vidareføring og opptrapping av løyvinga til nye studie-plassar i samband med Utdanningsløftet 2020. Dette inneber at institusjonane kan halde fram med det auka opptaket med rundt 4 000 fleire studentar også i 2021. Resten av midlane er ei opp-

trapping av tidlegare tildelingar frå 2016 til 2020. Departementet foreslår i tillegg å auke tilskotet gjennom Diku til fleksible studietilbod med 45,7 mill. kroner.

Departementet foreslår 338,1 mill. kroner til vidareføring av dei 250 rekrutteringsstillingane som stipendiat eller postdoktor som blei oppretta i samband med Utdanningsløftet 2020.

Studentar som blei tekne opp til dei nye femårige grunnskulelærerutdanningane i 2017, vil starte på det femte året av utdanninga hausten 2021. Departementet foreslår å auke løyvinga med 89,1 mill. kroner til dei institusjonane som tilbyr grunnskulelærerutdanning.

Regjeringa held fram med å følge opp måla og dei langsiktige prioriteringane i Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*. Regjeringa foreslår 339 mill. kroner til oppfølging av dei tre opptrappingsplanane Teknologiløft, FoU for fornying og omstilling i næringslivet og Kvalitet i høgare utdanning.

Departementet foreslår å auke løyvinga til studentsamskipnadene med 20 mill. kroner for å styrke velferdstenestene til studentane.

Mål: Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet

Utviklingstrekk og utfordringar

Utdanning som utnyttar ressursane i befolkninga og dekker kompetansebehova i samfunnet

Samfunnet står framfor store utfordringar. Ei kompetent befolkning er ein føresetnad for ei vellykka omstilling. Studentane må bli utrusta med kompetanse som gjer dei i stand til å løyse utfordringane i arbeidslivet i dag – og til å skape arbeids-

livet for i morgon. Tilbodet må vere i pakt med både det studentane ønsker, og behova for å bemanne eit produktivt næringsliv og offentlege tenester som kan gi god velferd til alle. Høgare utdanning av høg kvalitet må vere tilgjengeleg både for dei som kjem rett frå vidaregåande skule, og for dei som treng utdanning i andre fasar av livet.

Covid-19-pandemien har ført til høgare arbeidsløyse og auka etterspurnad etter utdanning. Fleire vil måtte omskulere seg til eit anna yrke for å komme tilbake i arbeid, medan unge på veg ut i arbeidslivet står i fare for å møte stengde dører. Ei undersøking frå Arbeidsforskningsinstituttet (AFI) viser at over halvparten av dei permitterte arbeidstakarane meiner det er aktuelt med meir utdanning for å få ny jobb dersom dei mistar jobben som følge av pandemien.

Over 150 000 personar har våren 2020 søkt om studieplass ved universitet og høgskular via Samordna opptak. Det er om lag 12 000 fleire enn i 2019, noko som er den største auken i søkartala sidan 2009. Det er i tillegg ein stor auke av søkarar til opptaka som skjer lokalt ved institusjonane (opptak til mange toårige masterstudium, vidareutdanningar m.m.).

Det er derfor naudsynt med eit utvida tilbod av god høgare utdanning, både for å dekke dei behova for kompetanse som omstillingsutfordringa krev, og for å utnytte ressursane til dei særleg mange som no vender seg mot dei høgare lærestadane våre.

Studentane treng internasjonale impulsar

For å løfte kvaliteten i høgare utdanning og forskning er vi avhengige av kontakt og samarbeid med gode miljø i utlandet. Internasjonalt samarbeid og internasjonale perspektiv er òg naudsynt for å handtere globale samfunnsutfordringar knytt til dømes til klima, teknologi, demografi og demokrati. Internasjonalisering i utdanningane tek ulike formar. Det kan handle om eit internasjonalt fagmiljø, om eit pensum med internasjonale perspektiv, og om eit læringsmiljø som også omfattar utanlandske studentar.

Dei sterkaste internasjonale impulsane får studentane ved å studere i utlandet – anten ved å ta ein heil grad eller ved å reise på utveksling frå ein norsk lærestad. I Meld. St. 16 (2016–2017) *Kultur for kvalitet i høgere utdanning* slo regjeringa fast at det langsiktige målet er at halvparten av dei som tek ein grad i norsk høgare utdanning, skal ha hatt eit studieopphald i utlandet. Eit studieopphald i utlandet gir i tillegg til det faglege læringsutbyt-

tet studentane betre motivasjon og kan òg gi betre karriere- og lønnsutsikter. Utanlandserfaring er òg positivt for eigenskapar som samarbeidsevne, språkkunnskap, sjølvstende, kreativitet og kulturell bevisstheit.

Covid-19-pandemien har gjort at mange utvekslingsopphald i 2020 blei avbrotne eller avlyste, og har skapt usikkerheit for mange. Samstundes har den globale krisa understreka behovet for internasjonalt samarbeid. Det er derfor viktig at universiteta og høgskulane i størst mogleg grad legg til rette for at studentane skal kunne reise på utveksling i vårsemesteret 2021, innanfor gjeldande smittevernstiltak. Nokre institusjonar, som Universitetet i Bergen, har klart å sende studentar på utveksling til andre europeiske land i haustsemesteret 2020, eit døme på at det er mogleg i ein vanskeleg situasjon.

Styring for å oppnå nasjonale mål med ein mangfaldig og handlekraftig sektor

Styringspolitikken for universiteta og høgskulane må støtte opp under den faglege og langsiktige utviklinga til kvar institusjon og samstundes sørge for at dei samla sett møter forventningane frå samfunnet på ein god måte. Utvalet som i 2020 la fram eit forslag til ny universitets- og høgskulelov (Aune-utvalet), peika på at institusjonane har teke det ansvaret dei blei tiltenkte gjennom dei utvida fullmaktene dei fekk med Kvalitetsreforma, men at den samla styringa frå sentrale styresmakter gjennom ulike verkemiddel framleis er omfattande. Utvalet meiner at dette på sikt kan verke negativt inn på handlingsrommet universiteta og høgskulane har til å utvikle si eiga verksemd. Utvalet meiner vidare at styringssystemet har ført til at det har blitt mindre forskjellar mellom institusjonane og dermed mindre mangfald i sektoren.

Strategiar og tiltak

Utdanningsløftet 2020

Regjeringa vil gjennomføre eit utdanningsløft for å møte omstillingsbehovet og motverke skadeverknadene av den pågåande pandemien og den auka arbeidsløysa. Å heve kompetansen innanfor område som blir viktige framover, er ei god investering både for samfunnet og for dei som av ulike årsaker står utanfor arbeidsmarknaden. I samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020 løyvde Stortinget ein halv mrd. kroner til ein pakke av utdanningstiltak, kalla Utdanningsløftet 2020, sjå omtale under del III, kap. 11. For å utvide utdanningskapasiteten blei løyvingane til universitet og

høgskular auka med 196,2 mill. kroner, tilsvarende eit auka opptak av om lag 4 000 studentar. Det blei òg løyvd 109,2 mill. kroner for å styrke fagmiljøa og den forskingsbaserte undervisninga, som tilsvarende 250 nye rekrutteringsstillingar. I tillegg blei det løyvd eittårige midlar på 36,6 mill. kroner for raskt å kunne utvide tilgangen på fleksible utdanningstilbod gjennom den nye ordninga i Diku, sjå omtale under kap. 272, post 50.

I fordelinga av midlane til auka utdanningskapasitet har regjeringa teke omsyn både til kva område det er store behov for kompetanse i samfunnet på, og kvar institusjonane såg seg i stand til å auke tilbodet raskt. Tildelingane gjekk i hovudsak til fagområda helse- og sosialfag, lærarutdanning, matematikk og naturfag, teknologi og juridiske og økonomiske og administrative fag.

I budsjettet for 2021 foreslår regjeringa å vidareføre og trappe opp midlane frå Utdanningsløftet 2020 til auka utdanningskapasitet og rekrutteringsstillingar med høvesvis 603,2 og 338,1 mill. kroner. Regjeringa foreslår i tillegg å auke tilskottet gjennom Diku til fleksible studietilbod med 45,7 mill. kroner til 97,2 for 2021. For seinare budsjettår vil regjeringa vurdere behovet for å vidareføre den auka utdanningskapasiteten med utgangspunkt i utviklinga i arbeidsmarknaden. Regjeringa foreslår òg å vidareføre og trappe opp midlar til studieplassar som er vedtekne av Stortinget i budsjetta for 2016–20 med 150,2 mill. kroner.

Kompetansereforma

Regjeringa la i april fram Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*, sjå omtale i kategori 07.50 Kompetansopolitikk og livslang læring. Regjeringa har ei klar forventning til universiteta og høgskulane om at dei tilpassar utdanningstilboda sine i tråd med den kompetansen samfunnet har behov for no og framover i tid. Fleire må oppdatere kompetansen sin gjennom vidareutdanning enn dei som lærestadane når ut til i dag. Samtidig som universiteta og høgskulane skal ta hand om fleire unge som søker høgare utdanning for første gong, er det viktig at dei utviklar og gir tilbod om fleksible utdanningar retta mot dei som kjem tilbake til høgare utdanning undervegs i karrieren. Det må bli lettare å få tilgang til kunnskapen frå universitet og høgskular, også for personar som ikkje er registrerte studentar.

Stortingsmelding om arbeidslivsrelevans i høgare utdanning

Høgare utdanning skal bidra til å utvikle samfunnet, til å handtere store samfunnsutfordringar og til å gi arbeidslivet tilgang til kvalifisert arbeidskraft. Det er eit viktig mål for regjeringa å heve kvaliteten i høgare utdanning og å gjere utdanningane meir relevante for arbeidslivet. For å oppnå dette må lærestadane og arbeidslivet utvikle betre og meir gjensidig samarbeid om å identifisere kunnskapsbehov og å gi studentane relevant læring. Derfor vil regjeringa legge fram ei melding for Stortinget om arbeidslivsrelevans i høgare utdanning, etter planen våren 2021.

Stortingsmelding om internasjonal studentmobilitet

Regjeringa vil legge fram ei melding for Stortinget om internasjonal studentmobilitet i høgare utdanning hausten 2020. Målet for meldinga er å bidra til ei kulturendring i universitets- og høgskulesektoren. Internasjonal mobilitet skal bli ein integrert del av alle studieprogram. Dette vil bidra til å nå målet til regjeringa om at halvparten av dei som tek ein grad i norsk høgare utdanning, skal ha hatt eit studieopphald i utlandet. Meldinga vil gi tydelege forventningar til lærestadane om å legge til rette for at studentane skal ta eit studie- eller praksisopphald i utlandet.

Panorama-strategien

Regjeringa er oppteken av å styrke samarbeidet på kunnskapsfeltet med strategisk viktige land utanfor EU/EØS. *Panorama: strategi for høyere utdannings- og forskningssamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika (2016–2020)* legg til rette for eit meir koordinert og langsiktig samarbeid. Siktemålet er meir samarbeid av høg kvalitet på område av særleg interesse for Noreg. Ei av hovudprioriteringane i strategien er styrkt studentmobilitet, og regjeringa ønsker at fleire studentar vel å studere i strategilanda. Panorama-strategien blei evaluert i 2020 med positivt resultat. Eit av funna var at utdanningssamarbeid og studentmobilitet har blitt knytt tettare saman med forskningssamarbeid. Sidan det framleis er behov for langsiktig innsats, vil regjeringa legge fram ein revidert Panorama-strategi for perioden 2021–27 ved årsskiftet.

Oppfølging av NOU 2020: 3 Ny lov om universiteter og høyskoler

Regjeringa mottok i februar 2020 ei utgreiing med forslag til ny lov om universitet og høyskular (Aune-utvalet) og vil legge fram ein proposisjon med lovendringar våren 2021.

Stortingsmelding om styringspolitikken for statlege universitet og høyskular

Regjeringa vil legge fram ei melding for Stortinget som gjennomgår heilskapen i styringa og forankrar ein klar og føreseieleg styringspolitikk for statlege universitet og høyskular. Styringa skal balansere behova for politiske prioriteringar og nasjonal koordinering med behova for sjølvstendige og handlekraftige institusjonar. Formålet med meldinga er å forenkla og tydeleggjere styringa av universitets- og høyskulesektoren og gi betre samsvar mellom dei politiske måla og dei ulike styringsverkemidla. Meldinga vil bli lagd fram våren 2021.

Finansiering av femårig grunnskulelærerutdanning

Studentar tekne opp i dei nye femårige grunnskulelærerutdanningane i 2017 vil starte på det femte året av utdanninga hausten 2021 og fullføre utdanninga i 2022. Regjeringa foreslår 89,1 mill. kroner for å styrke finansieringa av grunnskulelærerutdanningane som følge av utvidinga til ei femårig utdanning.

Mål: Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø

Utviklingstrekk og utfordringar

Frå digital dugnad til ny normal

Stenginga av universitet og høyskular som følge av smitteverntiltaka i mars 2020 gjorde det naudsynt med ei rask og omfattande omlegging frå campusundervisning til nettundervisning. Vi har sett ei sterk dugnadsånd og omstillingsevne i akademia og opplevd eit stort digitalt kompetanseløft i undervisninga. Trass i denne innsatsen førte den ekstraordinære situasjonen til eit dårlegare læringsmiljø for mange. Men dei nyvunne erfaringane med digitale verktøy under krisa kan òg kome til nytte i ein ny normalsituasjon, der verktøya kan kome til sin rett ved å utvide og forbetre læringsmiljøet og tilgangen til utdanning, og ikkje berre vere ei reserveløysing. Teknologien kan gjere det mogleg å auke læringsutbyttet

gjennom nye og meir studentaktive undervisningsformer.

Ei stor utfordring då universitet og høyskular måtte legge om til digital undervisning under koronakrisa, var at det ikkje fanst eit godt system for å dele læringsressursar og god praksis. Vi treng gode tekniske løysingar og ein sterkare delingskultur for å ta dugnadsånda frå koronakrisa vidare. Ved å dele og gjenbruke digitale læringsressursar vil institusjonane kunne oppnå betre kvalitet i utdanninga og spare utgifter.

Behov for oppgraderte og tilpassa fysiske læringsmiljø

Fleire universitet og høyskular må utvikle og oppgradere dei fysiske omgivnadene ved lærestadane for å møte nye og endra behov i undervisning og forskning. I *Studiebarometeret* dei siste åra er lokale for undervisning og studiearbeid det studentane er minst nøgde med blant spørsmåla om læringsmiljø. Institusjonane melder om behov for rom som betre støttar opp under studentaktiv læring og digitalisering. Det er viktig at areala medverkar til moderne undervisnings- og forskingsformer, samarbeid mellom fagmiljø, auka læringsutbytte og eit godt psykososialt miljø. Dei må vere utforma slik at dei kan nyttast av flest mogleg.

Studentane treng rimelege og gode bustadar

For at studentane skal ha tid og overskot til å lære, treng dei bustadar dei kan ha råd til, og som gir rammer for ein god studentkvardag. Studentbustadar er av dei viktigaste av velferdstilboda til studentsamskipnadene. Auken i utdanningskapasiteten forsterkar behovet for å bygge fleire studentbustadar.

Strategiar og tiltak

Digitalt læringsmiljø

I samarbeid med sektoren vil Kunnskapsdepartementet i 2021 revidere digitaliseringsstrategien for universitets- og høyskulesektoren som blei lansert i 2017. Den nye strategien skal omfatte alle sider ved digitalisering i sektoren. Det gjeld mellom anna at studentane skal tileigne seg digital kompetanse som er relevant for det einskilde studieprogrammet, og at IKT blir brukt til aktiviserande og varierte lærings- og vurderingsformer som gir best mogleg læring. Strategiarbeidet vil òg vurdere erfaringane frå bruken av digitale undervisnings- og videotenester under koronakrisa. Kunnskapsdepartementet har gitt Unit i

oppdrag å lage eit utkast til ein ny strategi i samarbeid med universitets- og høgskulesektoren.

Kunnskapsdepartementet vil legge til rette for tryggare lagring og ein sterkare delingskultur for digitale læringsressursar i høgare utdanning. I 2020 fekk Unit ei tilleggsøyving for tiltak i møte med virusutbrotet, jf. Innst. 233 S (2019–2020) og Prop. 73 S (2019–2020). Unit har starta arbeidet med ei felles nasjonal løysing for lagring og deling av digitale læringsressursar, og Kunnskapsdepartementet foreslår å vidareføre finansieringa med 5,3 mill. kroner i 2021, slik at Unit kan fullføre arbeidet. Løysinga vil gjere det lettare for undervisarar og studentar å finne kvalitetssikra læringsressursar uavhengig av lærestad.

Bygg for undervisning og forskning

Universitet og høgskular treng omfattande areal og har avanserte teknologiske og andre behov som krev jamlege, større investeringar. I dei siste åra har dei største investeringsmidlane gått til nybygget for Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet og Veterinærinstituttet på Ås, som blir ferdigstilt hausten 2020. I 2019 blei det gitt klarsignal til å starte forprosjektering av Blått bygg i Bodø for Nord universitet. Forprosjektet er venta å vere ferdig i første halvår 2021, og regjeringa foreslår 15,5 mill. kroner til arbeidet i 2021. For 2021 foreslår regjeringa òg 110 mill. kroner for vidare arbeid med Vikingtidsmuseet og 1 387 mill. kroner for vidare bygging av det nye livsvitenskapsbygget, begge ved Universitetet i Oslo. Vidare foreslår regjeringa 159,7 mill. kroner til vidare forprosjektering for ny campus i Trondheim for Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU).

Regjeringa sette i 2018 i gang ein områdegjennomgang av bygg- og eigedomspolitikken i statleg sivil sektor. På bakgrunn av ei samla vurdering har regjeringa avgjort at dei største sjølvforvaltande institusjonane i universitets- og høgskulesektoren (NMBU, NTNU, UiO, UiB og UiT) framleis skal ha ansvar for å forvalte eigne bygg og eigedom. For Noregs idrettshøgskule skal det gjerast ei særskild vurdering av om bygningsmassen skal forvaltast av Statsbygg.

Studentbustadar

Regjeringa har dei siste åra gitt rom for å kunne bygge inntil 2 200 nye hybeleiningar årleg, og har til saman gitt tilsegn om tilskot til nesten 14 000 hybeleiningar i 2014–20. I perioden 2014–19 har det blitt ferdigstilt 9 841 innflyttingsklare studentbustadar. Den store auken i løyvingane gjer at stu-

dentsamskipnadene har færre nye prosjekt klare. For å få betre oversikt over behovet for nye tilskot har departementet gitt Husbanken i oppdrag å utarbeide ei årleg oversikt over planane til studentsamskipnadene for åra framover. Oversikta for 2020 viser at det ikkje er planlagt søknader for så mange som 2 200 hybeleiningar i 2021, og regjeringa foreslår derfor å redusere løyvinga til 1 650 hybeleiningar.

Mål: Fleire har relevant digital kompetanse

Utviklingstrekk og utfordringar

Mange sektorar har store behov for digital kompetanse

Digital kunnskap og kompetanse er svært viktig for å lykkast med omstilling av verksemder og sektorar. Tilgang på digital kompetanse er ein av dei viktigaste faktorane for at vi skal kunne digitalisere privat og offentleg sektor ytterlegare, betre produktiviteten og styrke konkurranseevna. Vi treng ei breidde av ulike kompetansar som inkluderer både grunnleggjande digital kunnskap i heile befolkninga og digital kompetanse som er relevant for dei ulike yrka, i tillegg til IKT-spesialistar. Endringane i arbeids- og samfunnsliv under koronautbrotet har understreka ytterlegare kor viktig det er at den rette kompetansen er tilgjengeleg.

NOU-ane frå Kompetansebehovsutvalet i 2019 og 2020 har peika på at det er stor mangel på IKT-spesialistar. Samstundes viser dei at arbeidsmarknaden for denne yrkesgruppa endrar seg raskt, og at det er store variasjonar mellom sektorar og regionar. Det har vore eit paradoks at nyutdanna IKT-spesialistar har vanskar med å få jobb, når det er så stor etterspurnad. Rapporten *Arbeidsmarkedet for IKT-kandidater med høgere utdanning* frå Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU-rapport 2020:15) viser at arbeidsløysa blant kandidatar med mastergrad i IKT frå 2019 var på 8 pst. eit halvt år etter eksamen. Samstundes er arbeidsløysa blant personar med mastergrad i IKT svært låg to til tre år etter eksamen. Rapporten viser at nyutdanna IKT-kandidatar har visse startvanskar på arbeidsmarknaden, og at mange av dei flytter til Oslo og sentrale delar av Viken.

Undervisarar i høgare utdanning treng utdanningsfagleg digital kompetanse

For at universitet og høgskular skal kunne løyse oppgåvene sine på ein god måte, er det ein føresetnad at dei tilsette har tilstrekkeleg utdannings-

fagleg digital kompetanse. Koronakrisa har vist at dei tilsette raskt lærte seg å bruke digitale verktøy for fjernundervisning, men det tek lengre tid å lære seg å bruke lærings- og vurderingsformer som fullt ut gjer nytte av teknologien. Også før koronakrisa ønskte fleire fagtilsette seg betre og meir praksisnær opplæring i fagspesifikk og pedagogisk bruk av teknologi og læringsplattformer for å kunne få til dette, jf. Diku-rapporten *Digital tilstand 2018: Perspektiver på digitalisering for læring i høgere utdanning*.

Strategiar og tiltak

Utdanningar som gir digital kompetanse

Regjeringa vil auke tilgangen på utdanning i IKT-relaterte fag og foreslår å vidareføre og trappe opp midlane til auka studiekapasitet som blei løyvde i samband med Utdanningsløftet 2020, jf. Revidert nasjonalbudsjett 2020. Av midlane foreslått for 2021 går 195,6 mill. kroner til utdanningar i matematikk og naturvitskap og teknologi, tilsvarende eit auka opptak av 1 400 studentar. For desse tildelingane har Kunnskapsdepartementet bede universiteta og høgskulane om å legge vekt på utdanningar i informatikk og IKT, og dei vel sjølve kva for enkeltutdanningar det er sterkast behov for innanfor desse føringane. I 2018 og 2019 tildelte Kompetanse Noreg 65 mill. kroner til fleksible vidareutdanningstilbod innanfor digitalisering og digital kompetanse, sjå resultatrapporteringa under kap. 258, post 21. Frå 2020 er ordninga vidareført som ein del av Kompetanseprogrammet, sjå budsjettforslag for 2021 under kap. 257, post 21. Digitalisering var òg eit prioritert område i Dikus tildeling i 2020 i ordninga for fleksible studietilbod i høgare utdanning. Kunnskapsdepartementet vidarefører og aukar denne ordninga, sjå kap. 272, post 52.

Utdanningsfagleg digital kompetanse

Kunnskapsdepartementet vil styrke arbeidet som universitet og høgskular gjer for at dei som underviser, skal oppnå god utdanningsfagleg digital kompetanse. Diku, Unit og NOKUT har saman foreslått tiltak for å få til eit løft i pedagogisk bruk av digitale verktøy i ein rapport til Kunnskapsdepartementet hausten 2019. Regjeringa foreslår å løyve 2,2 mill. kroner til Unit for at dei tre direktorata saman kan innhente meir kunnskap om effektane av digital teknologi for utdanning og legge til rette for at institusjonane kan dele erfaringar og heve den utdanningsfaglege digitale kompetansen til dei tilsette.

Mål: Utdanninga og forskinga er drivkraft for innovasjon og grønt skifte

Utviklingstrekk og utfordringar

Berekriftsutfordringa krev nye svar frå forskning og utdanning

Klimaendringane og miljøproblema er blant dei største utfordringane i vår tid og krev at vi finn nye svar på korleis vi kan dekke grunnleggjande behov som tilgang på mat, vatn og energi, god helse og tryggleik. Covid-19-pandemien understrekar behovet for globale løysingar, der internasjonalt samarbeid om forskning er naudsynt både for å unngå at smitte spreier seg, og for å utvikle behandlingsmåtar i etterkant. FNs berekriftsmål føreset at medlemslanda set i verk tiltak for ei meir berekraftig utvikling, der ein ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samheng. Forsking og utdanning er blant dei viktigaste verkemidla for å nå måla.

Land som har vore langt framme i utvikling, vidareutvikling og bruk av mogleggjerande teknologiar, har opplevd sterkare økonomisk vekst enn andre. Det er eit internasjonalt kappløp for å utvikle og kommersialisere mogleggjerande teknologiar. Ei satsing på grunnleggjande teknologiforskning er eit viktig bidrag for å henge med i utviklinga internasjonalt og realisere ambisjonen om fornying og omstilling i nærings- og samfunnslivet. Noreg har nokre få, men gode miljø som kan hevde seg i dette landskapet.

Omstillinga krev at utdanningane er påkopla arbeidslivet

Universitet og høgskular gir viktige bidrag til omstilling og innovasjon i alle delar av samfunnet. Det viktigaste bidraget skjer i form av dei nyutdanna kandidatane som er både rusta med solid fagleg kunnskap og i stand til å handtere eit arbeidsliv i stadig endring, med aukande digitalisering og krav om grøen verdiskaping. For at kandidatane skal bli betre budde på behova i arbeidslivet, er vi avhengige av at utdanningsinstitusjonane er i tettare dialog med relevante aktørar i arbeidslivet om rett dimensjonering av utdanningane og utvikling av studieprogram og læringsmåtar. I Meld. St. 30 (2019–2020) *En innovativ offentlig sektor: kultur, ledelse og kompetanse* legg regjeringa vekt på at kompetanse er ein nøkkel for å oppnå meir innovasjon i offentleg sektor, og at dette krev eit betre samspel mellom offentlege verksemder og universitets- og høgskulesektoren. Meldinga legg òg til grunn at ein i offentleg sektor må søke nye former for samarbeid for å fremje

innovasjon, og uttrykker ei forventning til dei høgare lærestadane om å ta initiativ til samarbeid om etter- og vidareutdanning.

Vi må hauste større nytte av den offentlege forskinga

Noreg har mykje solid offentleg finansierte forskning, men ein for liten del av forskinga frå universitets- og høgskulesektoren og instituttsektoren fører til nye forretningsidear og nye verksemder. Fleire utgreiingar har peikt på utfordringar i dagens ordningar for kommersialisering, og i arbeidsdelinga mellom styresmaktene, forskingsinstitusjonane og teknologioverføringskontora (TTO-ane). Utfordringane gjeld både kulturen for og prioriteringa av kommersialisering i fagmiljøa, styring og finansiering av kommersialiseringssjakt og mangel på tydelege mål for resultatane.

Europeisk forskings-, innovasjons- og utdannings-samarbeid

Internasjonalt samarbeid er heilt avgjerande for å nå dei overordna måla om utdanning og forskning av høg kvalitet, styrkt innovasjonsevne, betre velferd og ei berekraftig samfunnsutvikling. God norsk deltaking i EU-programma for forskning, innovasjon og utdanning gir Noreg tilgang på ny kunnskap, teknologi, nettverk, marknader, infrastruktur og kulturell kompetanse som er naudsynt i ein open verdsøkonomi. Deltakinga gir oss ein meireffekt som ikkje er mogleg å oppnå om Noreg vel å stå utanfor.

Regjeringa sette høge mål i strategien for forskings- og innovasjonssamarbeidet med EU. Ei evaluering utført av Samfunnsøkonomisk analyse viser at den norske deltakinga i dei to siste forskings- og innovasjonsprogramma har gitt god måloppnåing. Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) har evaluert Noregs deltaking i det europeiske utdanningssamarbeidet gjennom Erasmus+. Evalueringa viser at deltaking har styrkt kvaliteten, relevansen og attraktiviteten til det norske utdanningssystemet og auka kultur- og språkforståinga, toleransen og respekten for andre menneske. I Europa har Erasmus+ medverka til å handtere sosioøkonomiske endringar og til å støtte implementeringa av den europeiske politiske agendaen for vekst, arbeidsplassar, likskap og sosial inkludering.

Behov for meir open forskning

Open tilgang til forskingsresultat og -data er viktig for kunnskapsutvikling og deling av kunnskap både innanfor akademia og i samfunnet elles. Det er framleis eit stort problem at samfunnet ikkje har open tilgang til vitenskaplege artikkelar. Av dei ti største forskingsinstitusjonane i Noreg har åtte litt over halvparten av 2019-artiklane sine opne tilgjengelege, fordi dei er anten publiserte i opne tidskrift, frikjøpte frå lukka tidskrift eller tilgjengelege i opne arkiv. I tillegg kan ein forvente at fleire artikkelar som er deponerte i arkiv, blir tilgjengelege etter at sperrefristane går ut (mellom 6 og 24 månader etter publiseringa for mange tidskrift). Dei fleste forskingsdatasett er ikkje enkelt tilgjengelege og blir for lite gjenbrukne. Funna blir ikkje etterprøvde så godt og raskt som ønskeleg, og resultatane blir ikkje tekne i bruk i så stor grad som ein ønsker.

Strategiar og tiltak

Oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgare utdanning

Regjeringa fastsette dei forskingspolitiske prioriteringane sine i Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*. Mesteparten av den målretta finansieringa av forskning i næringslivet og forskning for grønt omstilling kjem frå andre departement, mellom anna departementa med sektoransvar for næringsliv, energi, miljø, landbruk, fisk, mat og transport. Sjå del III, kap. 5 for ei samla oversikt over korleis regjeringa vil følge opp langtidsplanen. Av nye tiltak over budsjettet til Kunnskapsdepartementet er følgjande særskilt relevante for at forskning og høgare utdanning skal bidra til innovasjon og grønt skifte:

- 62,5 mill. kroner til grunnleggjande teknologiforskning med vekt på IKT (sjå kap. 285, post 53)
- 30 mill. kroner til Dikus kvalitetsprogram for å styrke koplinga mellom utdanning og arbeidsliv, inkludert auka bruk av praksis og anna arbeidsrelevant undervisning (sjå kap. 272, post 52)
- 20 mill. kroner til å styrke verkemidla for kommersialisering av offentleg finansierte forskning (sjå kap. 285, post 53)

Kunnskapsdepartementet vil òg i samråd med andre departement setje i verk ei utgreiing av organiseringa av kommersialiseringssjakt og knytte til offentleg finansierte forskning. Utgreiinga vil mellom anna sjå på finansiering, organisering

og styring av teknologioverføringskontora og andre verkemiddel.

Norsk deltaking i EU-programma for utdanning, forskning og innovasjon

Deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon (Horisont 2020) og i EUs program for ungdom, utdanning og idrett (Erasmus+) er ein vesentleg del både av den høgare utdannings- og forskingspolitikken og av europapolitikken. Gjennom EØS-avtalen har Noreg delteke fullt ut i alle EUs utdanningsprogram og rammeprogram for forskning og innovasjon sidan 1994. Programperioden for dei inneverande programma går ut i 2020, og programma Horisont Europa og Erasmus+ vil starte opp med ny sjuårsperiode i 2021.

Regjeringa foreslår at Noreg sluttar seg til Horisont Europa og Erasmus+ frå 2021, men vil ta endeleg avgjerd om dette etter at EUs langtidsbudsjett er vedteke. Løyvingane er nærmare omtalte under kap. 288, post 73 og post 74. Norsk deltaking i programma føreset tilslutning frå Stortinget, og regjeringa vil ev. legge fram samtykkeproposisjonar om dette i 2021. Regjeringa vil vidare legge fram strategiar for deltakinga i begge programma.

Panorama-strategien

Panorama: strategi for høgere utdannings- og forskningsamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika (2016–2020) legg til rette for eit meir koordinert og langsiktig samarbeid med strategisk viktige land utanfor EU/EØS. Regjeringa vil legge fram ein revidert Panoramastrategi for perioden 2021–27 ved årsskiftet. I tråd med langtidsplanen for forskning og høgare utdanning og berekraftsmåla skal samarbeidet med strategilanda mellom anna bidra til meir innovasjon og til å løyse globale samfunnsutfordringar innanfor miljø og klima.

Strategi for ein heilskapleg instituttpolitikk

Kunnskapsdepartementet la i februar 2020 fram *Strategi for helhetlig instituttpolitikk*. Strategien gjeld for politikken overfor nesten 50 institutt som får grunnfinansiering eller driftsløyving frå i alt ti departement. Ambisjonen er at institutta skal utvikle kunnskapsgrunnlag for politikktutforming og bidra til berekraftig utvikling og omstilling gjennom forskning av høg kvalitet. Strategien skal sikre at instituttpolitikken er heilskapleg og over-

siktleg, og at dei ulike delane av politikken heng godt saman.

Strategien inneber at Forskringsrådet skal sørge for ei felles oppfølging av dei tolv institutta som er omfatta av strategien, men som ikkje mottek grunnfinansiering gjennom Forskringsrådet. Eit forslag frå Forskringsrådet om innretning av denne oppfølginga er til vurdering hos dei relevante departementa, og Kunnskapsdepartementet tek sikte på at oppfølginga kan starte før årsskiftet. Departementet endra i 2020 retningslinjene for statleg grunnfinansiering av forskingsinstitutt og forskingskonsern. Hovudendinga er at grunnløyvinga til institutt som inngår i eit forskingskonsern, blir utbetalt til og skal disponerast av morselskapet i konsernet.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Noregs forskingsråd gått gjennom den statlege grunnfinansieringsordninga for forskingsinstitutta. Forskringsrådet gav sine tilrådingar i ein rapport til departementet i juni 2020. I rapporten kjem dei med fleire forslag til endringar i finansieringsordninga. Departementet har sendt rapporten på høyring, og regjeringa vil ta stilling til tilrådingane frå Forskringsrådet og høyringssvara og handsame forslaga hausten 2020 og våren 2021.

Open tilgang til forskingsresultat

Krav om at næringslivet, forvaltninga og allmenta skal ha open tilgang til forskingsresultat, har auka i styrke verda over dei seinare åra. Frå og med 2021 vil deltakarane i initiativet Plan S krevje at alle fagfellevurderte vitskaplege artiklar som er resultat av forskning dei finansierer, skal vere fritt tilgjengelege på nettet frå publiseringstidspunktet, med ein open lisens. Dei store forlaga har svart med å tilby institusjonane å betale for open publisering av enkeltartiklar i tidsskrift som dei allereie betaler for å lese. For å stå sterkare i forhandlingane har Noreg gått saman med andre land gjennom alliansane Open Access 2020 og cOAlition S for å krevje at forskarar ikkje må tvingast til å gi frå seg retten til eksemplarframstilling eksklusivt til dei store internasjonale forlaga for å få publisert artiklane sine. Alliansane står også saman om eit krav om open tilgang utan ytterlegare prisauke.

I Noreg har samanslutningar av forskingsinstitusjonar inngått overgangsavtalar for open tilgang, såkalla publiser-og-les-avtalar, med dei største forlaga. Avtalane inneber at dei i ein periode betaler kombinert for å publisere artiklar ope og for lese-tilgang til tidsskrift som framleis er lukka. Målet er at ein skal gå over til berre å betale for open publisering, og at overgangsperioden blir så kort

som mogleg. At vilkåra i nye avtalar er opne og ikkje aukar totalkostnadene, er eit sentralt prinsipp i dei nasjonale måla og retningslinjene for open tilgang til vitenskaplege artiklar. Kunnskapsdepartementet meiner det er heilt vesentleg at forlaga ikkje bruker overgangen til open publisering til å heve prisane, og vil følge nøye med på om overgangsavtalane fungerer som tiltenkt.

Mål: Fleire framifrå utdannings- og forskingsmiljø

Utviklingstrekk og utfordringar

For få framifrå fagmiljø og varierende kvalitet i utdanningstilboda er vedvarande utfordringar i Noreg. Samstundes er kvaliteten i norsk høgare utdanning generelt god, og universiteta og høgskulane jobbar bra med utvikling av studiekvalitet. Norske studentar er stort sett godt nøgde med studia sine. Dikus *Tilstandsrapport for høgere utdanning 2020* viser at stadig fleire studentar fullfører gradane sine på normert tid. Det er likevel stort behov for å stimulere til meir utviklingsarbeid for å utvikle framifrå utdanningsmiljø og studietilbod og å spreie kunnskapen frå desse. Mykje av undervisninga gir ikkje godt nok læringsutbyte, og fullføringsgraden er framleis for låg.

Norske forskarar har i løpet av dei siste åra henta heim stadig meir midlar frå dei europeiske rammeprogramma. Ei evaluering frå Samfunnsøkonomisk analyse av norsk deltaking i Horisont 2020 konkluderer med at norsk deltaking har mykje å seie for auka kvalitet i norsk forskning. I lys av kor mykje Noreg investerer i forskning, har vi likevel framleis relativt få forskarar og forskingsmiljø på internasjonalt toppnivå. Særleg har det vore eit dårleg teikn at Noreg har hatt lite gjennomslag i Det europeiske forskingsrådet (ERC), ein internasjonal konkurransearena med høg vekt på vitenskapleg kvalitet og høg prestisje.

Høg gjennomsnittleg alder på norske doktorgradskandidatar, mange mellombels tilsette og uklare karriereveggar er vedvarande utfordringar for norsk forskning og høgare utdanning. Det er behov for meir målretta satsing på unge forskartalent, mellom anna for å bidra til å bygge og halde oppe forskingsmiljø av framifrå kvalitet.

Strategiar og tiltak

Dikus kvalitetsprogram

Innanfor opptrappingsplanen for kvalitet i høgare utdanning er løyvingane til kvalitetsprogramma i Diku trappa opp med til saman 130 mill. kroner frå 2018 til 2021. Løyvingane har mellom anna gått til

utlysingar for studentaktiv læring og senter for framifrå utdanning (SFU). SFU er ei nasjonal prestisjeordning for å stimulere til utvikling av fleire framifrå utdanningsmiljø. Sentera er viktige for å utforske, dokumentere og spreie gode metodar for undervisning. Ordninga blei oppretta i 2010, og frå 2020 er det tolv senter med SFU-status. Opptrappinga gjer det mogleg å utvikle vidare innovativ undervisning og stimulere til endå meir engasjement på institusjonane. Kvalitetsprogramma skal bidra til at arbeid med utdanning får høgare status. Målet er at studentane lærer meir, gjennomfører mest mogleg effektivt og møter relevante utdanningar som førebur dei på ein framtidig yrkeskarriere i ein stadig meir omskifteleg og internasjonal arbeidsmarknad.

Verkemidla for auka vitenskapleg kvalitet i Forskningsrådet

Dei fremste verkemidla i Forskningsrådet for auka vitenskapleg kvalitet er Fri prosjektstøtte (FRIPRO) og senter for framifrå forskning (SFF). Begge ordningane er fagleg og tematisk opne og medverkar til å gi dei beste forskarane og dei sterkaste forskingsmiljøa gode og langsiktige rammer for å drive forskning i det internasjonale toppsjiktet. Ei evaluering av kva effekt SFF-ordninga har på kvaliteten i norsk forskning, blei offentleggjort i mai 2020. Rapporten syner at SFF-ordninga har mykje å seie for auka kvalitet i norske forskingsmiljø. Forskarane som er knytte til SFF-sentera, har konkurrert til seg ein stor del av dei norske EU-midlane, og sentera har òg hatt mykje å seie for det strategiske arbeidet for å fremje vitenskapleg kvalitet ved vertsinstitusjonane. Evalueringskomiteen understrekar at å halde fram satsinga på SFF-ordninga er svært viktig for vidare utvikling av vitenskapleg kvalitet. Både FRIPRO og SFF-ordninga har blitt styrkte og vidareutvikla i dei siste åra, og regjeringa vidarefører satsinga på desse verkemidla.

Strategi for forskarrekuttering og attraktive karrierar i forskning og høgare utdanning

Regjeringa har starta arbeidet med ein strategi for forskarrekuttering og karriereveggar. Organiseringa av karrieresystemet i forskning og høgare utdanning har vakse fram over tid, og det er no naudsynt å ta eit meir overordna grep om den tidlege forskarkarrieren om vi skal vere betre rusta til å rekruttere, utvikle og halde på talenta. Strategien vil derfor ta for seg den første fasen av forskarkarrieren, med særleg vekt på doktorutdanninga, postdoktorstillinga og innstegsstillingane.

Kap. 260 Universitet og høgskular

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
50	Statlege universitet og høgskular	35 630 260	36 899 475	38 845 890
70	Private høgskular	1 587 842	1 686 038	1 903 015
	Sum kap. 0260	37 218 102	38 585 513	40 748 905

Post 50 Statlege universitet og høgskular og post 70 Private høgskular

Mål for 2021

Følgande mål gjeld for universitet og høgskular som får løyving frå Kunnskapsdepartementet over kap. 260:

- høg kvalitet i utdanning og forskning
- forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling
- god tilgang til utdanning
- effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssystem

Universitet og høgskular skal fastsetje sine egne mål og styringsparametrar i tråd med desse måla. I tillegg fastset Kunnskapsdepartementet styringsparametrar på område der institusjonane skal ha særleg merksemd på resultatutviklinga ut frå nasjonale omsyn.

Resultat i 2019

*Høg kvalitet i utdanning og forskning**Utdannings- og forskingsmiljø*

Resultata i studentundersøkinga *Studiebarometeret* til Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) for 2019 viser at studentane alt i alt er nøgde med studieprogramma dei deltek i. På ein skala frå 1 (i liten grad) til 5 (i stor grad) er gjennomsnittsskåren 4,1, som han har vore kvart år dei siste åra. Studentane er i stor grad også nøgde med undervisninga, læringsutbyttet, det sosiale og faglege miljøet, at det blir lagt til rette for medverknad gjennom studenttillitsvalde og liknande, og biblioteka. Dei er òg i stor grad nøgde med eksamenar og vurderingar, men mindre nøgde med kor klare kriteriar for vurdering er. Studentane er i mindre grad nøgde med tilbakemeldingar og rettleiing frå fagleg tilsette, spesielt med talet på tilbakemeldingar dei får. Studentane er

også mindre nøgde med den administrative organiseringa av studieprogramma, moglegheita til å gi innspel på innhald og opplegg i studieprogramma og oppfølging av desse, opplæringa i relevante digitale verktøy og lokala for læring. Alle desse resultatane frå *Studiebarometeret* har vore stabile dei siste åra.

Stadig fleire av studentane fullfører utdanninga innan den normerte tida. Av dei som starta på eit bachelorstudium i 2016 og eit toårig masterstudium i 2017, var det høvesvis 49 pst. og 55 pst. som hadde fullført i 2019. Prosentdelen fullførte på normert tid har auka kvart år, frå 38 pst. for bachelorkullet som starta i 2011 og 49 pst. for masterkullet som starta i 2014. Desse tala kjem frå Dikus tilstandsrapport for høgare utdanning frå 2020. Tala frå Statistisk sentralbyrå viser at delen som ikkje har nokon fullført grad etter åtte år, går vidare ned. 33 pst. av dei som var nye studentar i 2011 hadde ikkje fullført nokon grad i 2019. Talet var 34 pst. for studentane som starta i perioden 2008–10, og har gått ganske jamt ned frå 45 pst. for dei som starta i 2001.

På doktorgradsnivå har det vore nokolunde stabile tal for fullføring innan seks år. 66 pst. av kandidatane som blei tekne opp på eit doktorgradsprogram i 2013, hadde disputert innan 2019. Prosentdelen har vore rundt dette nivået dei siste ti åra, med årlege variasjonar på 1–2 prosentepoinnar.

Det europeiske forskingsrådet (ERC) løyver midlar til framifrå forskarar uavhengig av tema og fagfelt, og tildelingar herifrå er eit tydeleg kvalitetsteikn. Av ERC-stipenda utlyste i 2019 gjekk 14 til norske institusjonar. Det utgjør 1,5 pst. av totalen, og prosentdelen av stipenda som gjekk til Noreg, har berre vore høgare i 2018. Prosentdelen innvilga søknader i 2019 var lågare enn i Sverige og Danmark. Når det gjeld talet på ERC-stipend i høvet til talet på forskarar, ligg Noreg noko bak Sverige og Finland for 2017–19, men er mykje nærare enn for perioden 2014–16.

Internasjonalt samspel

Nesten 7 900 av dei uteksaminerte kandidatane i 2019 hadde hatt eit utvekslingsopphald på minst tre månader, og det er like store prosentdel som i 2018 på 16 pst. 7 400 studentar hadde utvekslingsopphald i løpet av 2019, 5 pst. fleire enn i 2018. Av desse drog 2 900 gjennom Erasmus+ordninga, 7 pst. fleire enn året før, og talet nærma seg dermed det nasjonale målet om 3 000 utreisande Erasmus+studentar innan 2020. Den prosentvise auken av utvekslingsstudentar var dermed større enn studentveksten generelt. Talet på innreisande utvekslingsstudentar gjekk ned med 2 pst. til 8 800. Om lag tre firedelar av desse kom gjennom Erasmus+programmet.

SSBs tal på internasjonale gradsstudentar i Noreg var om lag 12 300 i 2019, og det har vore relativt stabilt mellom 12 100 og 12 400 dei siste åra. Prosentdelen av doktorgradane tekne av personar med utanlandsk statsborgarskap gjekk ned med 2 prosenteningar til 40 pst. i 2019, etter å ha auka kvart år sidan det var 35 pst. i 2014.

Det internasjonale samarbeidet om forskingspublikasjonar held fram med å auke. Delen av dei vitenskaplege publikasjonane i Norsk vitenskapindeks (NVI) frå universitets- og høgskulesektoren med utanlandske medforfattarar nådde 50 pst. i 2019. Talet er likevel 3 prosenteningar lågare enn tilsvarende tal for forskingsinstitutta.

Den norske universitets- og høgskulesektoren har delteke meir i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont 2020, i den andre delen av programperioden (2014–20). I dei inn-gåtte kontraktane til no er 0,77 pst. av midlane blitt tildelte universitet og høgskular i Noreg. For utlysingane i 2014–16 var talet 0,60 pst., medan det var 0,95 pst. for 2017–19.

Bygg for undervisning og forskning

Universiteta og høgskulane er mellom dei største eigedomsaktørane i statleg sivil sektor og disponerte totalt om lag 3,5 mill. kvadratmeter i 2019. Om lag halvparten er areal som institusjonane sjølve forvaltar. Ein firedel av arealet i sektoren blir forvalta av Statsbygg, og ein firedel av areala blir leigd i den private marknaden. Ein så stor eigedomsmasse treng omfattande vedlikehald og jamlege oppgraderingar og investeringar.

Statlege byggeprosjekt blir finansierte etter ulike modellar. I ordinære byggeprosjekt løyver Stortinget midlar til investeringa særskilt over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I brukarfinansierte byggeprosjekt i

statens husleigeordning blir investeringa dekt av leigetakaren innanfor uendra rammeløyving gjennom auka husleige. Statsbygg er byggherre for desse prosjekta. I tillegg kan institusjonane gjennomføre prosjekt i eigen regi innanfor uendra rammeløyving.

Det har vore store investeringar i universitets- og høgskulebygg dei siste åra. Dei største prosjekta har vore nybygget for Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet og Veterinærinstituttet på Ås og Livsvitenskapbygget og Vikingtidsmuseet for Universitetet i Oslo. I 2019 blei det brukarfinansierte nybygg- og ombyggingsprosjektet for Universitetet i Sørøst-Noreg, Campus Ringerike ferdigstilt. Ei oversikt over prosjekt under bygging eller prosjektering står i vedlegg 3.

Institusjonar som forvaltar eigedommane sine sjølve, har òg sidan 2015 hatt høve til å søke Kunnskapsdepartementet om midlar til oppgraderingsprosjekt over kap. 260, post 50. Frå 2015 til 2020 har departementet tildelt 752 mill. kroner til ulike oppgraderingsprosjekt. I 2019 utvida departementet ordninga til å gjelde også institusjonar med lokale i statens husleigeordning.

Forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Innovasjon, verdiskaping og samspel med omverda

Om lag halvparten av studentane i Studiebarometeret til NOKUT for 2019 svarer over midten av skalaen på spørsmål om dei i liten eller stor grad får god informasjon om kva yrke eller bransjar som er relevante for dei, og korleis kompetansen deira kan brukast i arbeidslivet. I svara på desse spørsmåla er det store variasjonar mellom ulike studieretningar. Dei fleste av studentane med praksisstudium er nøgde med praksisperioden. Dei er mindre nøgde med korleis utdanningsinstitusjonen førebudde dei på praksisperioden.

Inntektene til bidrags- og oppdragsfinansierte aktivitet frå andre kjelder enn Noregs forskingsråd, regionale forskingsfond og Europakommisjonen (BOA-inntektene) var på 3,7 mrd. kroner i 2019. Det utgjorde 7,5 pst. av dei samla driftsinntektene, som er nesten ei prosentening høgare enn i 2017. I begge dei to siste åra gjekk dette talet opp, etter å ha gått ned ganske jamt frå eit nivå på 8,2 pst. i 2010. For dei statlege lærestadane var det ein auke i BOA-inntektene både i form av bidrags- og oppdragsinntekter og frå både offentlege og private kjelder. Om lag ein firedel av BOA-inntektene kjem i form av oppdrag, og om lag to tredelar er frå offentlege kjelder i Noreg.

Dei statlege lærestadane rapporterte om 167 patentsøknader i 2019. Talet har auka i dei to siste åra, men er lågare enn i perioden 2014–16, då det låg på rundt 190 i året. Også talet på 66 inngåtte lisensavtalar i 2019 var ein auke frå året før, men om lag halvparten av nivået i 2015–16.

Talet på vitenskaplege artiklar som verken er publiserte i opne tidsskrift eller deponerte i kunnskapsarkiv, går jamt nedover. Av dei vitenskaplege artiklane med forfattarar frå den norske universitet- og høgskulesektoren gjaldt dette 22 pst. i 2019, samanlikna med 62 pst. i 2013. Av publikasjonane i 2019 er halvparten opne tilgjengelege alle-reie no, medan den resterande delen på 28 pst. er deponerte i kunnskapsarkiv og vil kunne gjerast tilgjengelege etter sperrefristen abonnements-tidskrifta har sett for slik tilgjengeleggjering.

Lærar, helse- og omsorgsutdanningane

I 2019 blei det uteksaminert 8 055 kandidatar frå dei åtte lærarutdanningane retta mot barnehage eller skule, og talet har aldri før vore så høgt. Det er 9,5 pst. fleire enn i 2018, og opp 50 pst. frå 2008. Grunnskulelærarutdanninga for trinn 1–7 (GLU 1–7) hadde ein auke i kandidattala på 18 pst. Det er særleg stort behov for lærarar på desse trinna. Søkinga gjekk litt ned i 2019, men låg framleis på eit høgt nivå.

I 2019 blei det utdanna i underkant av 11 000 kandidatar frå helse- og sosialfagutdanningane. Fleire av desse utdanningane når måltalet for 2019 samanlikna med året før. Sjukepleiarutdanningane utdanna i overkant av 4 000 kandidatar i 2019, eit tal som har auka med 16 pst. sidan 2013. Prosentdelen mannlege søkarar til GLU 1–7, til barnehagelærarutdanningane og til sjukepleiarutdanningane har auka dei siste åra, men er framleis for låg.

Universitetsmusea

Fem universitet har eit særskilt nasjonalt ansvar for å drive museum med vitenskaplege samlingar og publikumsutstillingar. Det samla besøkstalet ved universitetsmusea deira var 1,9 mill. i 2019, som er det høgaste nokon gong. Også talet på undervisningsopplegg for skuleklassar og omvisingar auka frå året før og var på høvesvis 2 600 og 3 400 i 2019.

Musea i Bergen og Oslo har teke i bruk nye magasinareal, og delen av samlingane som er rekna som tilfredsstillande sikra mot trugsmål som tjuveri, brann og vasskade, held samla sett fram med å betre seg noko. Men det er stor varia-

sjon mellom musea, og for fleire av samlingane er under halvparten av magasinareala tilfredsstillande sikra. Ei vesentleg betre sikring vil krevje omfattande rehabilitering eller nybygg.

God tilgang til utdanning

Kapasitet og kompetanse

Aktiviteten ved universitet og høgskular innanfor både utdanning og forskning har auka år for år over lang tid. Hausten 2019 var det over 261 000 registrerte studentar som blei finansierte over Kunnskapsdepartementets budsjett, ein auke på nesten 3 000 frå året før. Det blei fullført over 48 000 gradsgivande utdanningar, ein auke på 1 000 frå året før. Denne auken likna den i 2018, men er lågare enn i føregåande år. Det blei teke fleire studiepoeng enn nokon gong, men auken i studiepoeng er lågare enn føregåande år, utanom 2018.

Talet på avlagde doktorgradar var høgare i 2019 enn nokon gong. Det blei avlagt 1 583 doktorgradar, som er 19 fleire enn i 2018.

Livslang læring og fleksibel utdanning

Talet på studentar på studietilbod utanfor campus har auka kvart år i lang tid. I 2019 var dette over 21 600 studentar, og det er ein auke på over 600 frå 2018. Fleire enn 15 000 av desse følgde nettbasert undervisning, medan resten var i desentraliserte tilbod, der undervisninga skjer utanfor dei ordinære studiestadane, til dømes ved studiesentera. Auken sidan 2010 har skjedd i gruppa med nettbasert undervisning (som gjerne òg inkluderer samlingar), og det har blitt færre studentar som følger desentralisert undervisning.

Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem

Effektiv drift og forvaltning

Universitet og statlege høgskular hadde 46,0 mrd. kroner i driftsinntekter i 2019. Løyvinga over kap. 260, post 50 utgjorde fire femdelar av dette, med 35,6 mrd. kroner.

Universiteta og dei statlege høgskulane hadde samla avsetningar på 2,5 mrd. kroner ved utgangen av 2019. Av desse var 1,6 mrd. kroner bundne til bestemte formål, for eksempel bygg- og utstyrsinvesteringar, medan 0,9 mrd. kroner var ubundne avsetningar. Frå 2018 til 2019 har institusjonane redusert dei samla avsetningane med 911 mill. kroner. Av dette er 221 mill. kroner ein reduksjon i dei ubundne avsetningane. Ved utgangen av 2019 utgjorde dei samla avsetningane 6,9 pst. av ram-

meløyvinga, men variasjonen mellom institusjonane er frå 1,8 til 23,5 pst., sjå tabellane i vedlegg 4.

Private høgskular fekk tilskot på 1,6 mrd. kroner over kap. 260, post 70 i 2019. Dei hadde driftsinntekter på i overkant av 3,7 mrd. kroner, ein auke på 5,2 pst. frå 2018. Det samla driftsresultatet for desse institusjonane var 103,4 mill. kroner i 2019, som er ein auke på 0,4 pst. i høve til 2018. På bakgrunn av rekneskapar frå 2019 vurderer departementet at fleirtalet av dei private institusjonane har god eller middels god økonomi. Nokre få private institusjonar har svak økonomi. Departementet vil følge med på utviklinga hos desse institusjonane.

Rekruttering, kompetanse og karriere

I 2019 blei det utført 24 860 årsverk i faglege stillingar og 9 400 årsverk i administrative stillingar ved universitet og høgskular. Dette var høvesvis 3,3 og 3,4 pst. fleire enn i 2018. Det var 2,6 faglege årsverk per administrative årsverk i 2019. Dette talet har vore mellom 2,4 og 2,6 sidan 2010.

32 pst. av årsverka i dosent- og professorstillingar var utførte av kvinner i 2019. Samla for stillingar som krev doktorgrad eller tilsvarande kompetanse, var talet 43 pst. Desse tala har auka med om lag 1 prosentening årleg over lang tid.

Prosentdelen årsverk i stillingar som krev doktorgrad eller tilsvarande kompetanse, har òg auka jamt i lang tid. I 2019 auka talet med 0,7 prosenteningar og var på 75 pst.

I 2019 var under 14 pst. av årsverka utførte av personar i mellombelse stillingar. Prosentdelen mellombelse stillingar har gått ned kvart år sidan 2011, då han var 18 pst. Det er fleire i mellombelse stillingar blant det faglege personalet enn i støttestillingar, og prosentdelen har gått ned i alle stillingsgrupper. Denne nedgangen er positiv, men omfanget av mellombelse stillingar er framleis for høgt.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve til saman 40,7 mrd. kroner på kapitlet. 38,8 mrd. kroner går til universitet og statlege høgskular over post 50, og 1,9 mrd. kroner går til private høgskular over post 70. Det er lagt til grunn ei prisjustering på 3,2 pst og ein reduksjon som følge av reforma for avbyråkratisering og effektivisering på 0,5 pst., som utgjer 192,9 mill. kroner over kap. 260, post 50 og 70 i 2020.

Det resultatbaserte finansieringssystemet

Kunnskapsdepartementet vil auke den resultatbaserte uttølinga av løyvinga med 188,7 mill. kroner som følge av betre resultat på indikatorane i finansieringssystemet. Auken er fordelt med 158,3 mill. kroner for universiteta og dei statlege høgskulane over post 50 og 30,4 mill. kroner til dei private høgskulane over post 70.

Studieplassar

Regjeringa foreslår å vidareføre midlar til studie-plassar som Stortinget har løyvd midlar til i budsjetta for 2016–20, og trappe midlane opp for opptak av nye kull. Det inneber ein auke i løyvinga med 659,5 mill. kroner over kap. 260, post 50 og 93,9 mill. kroner over post 70. Regjeringa si satsing på studie-plassar sidan 2014 inneber ein årleg auka opptakskapasitet på om lag 8 900 studentar. 4 000 av desse kom som følge av satsinga på meir kapasitet i høgare utdanning i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020 og Utdanningsløftet 2020. Denne utvida kapasiteten er knytt til dagens situasjon i arbeidsmarknaden med høg arbeidsløyse. Den samla studiekapasiteten vil etter kvart bli normalisert i tråd med konjunkturane. Regjeringa vil kome tilbake til dette i seinare budsjett, med utgangspunkt i utviklinga i arbeidsmarknaden.

Regjeringa har som mål at ein større del av norske legar over tid skal bli utdanna i Noreg. Medisinutdanninga skal inkludere desentraliserte studiemodellar som tek ein større del av helsetenesta i bruk. Hovudmodellen skal framleis vere ei integrert seksårig utdanning. Regjeringa skal vurdere kostnader og moglegheiter for ulike alternativ for utvida utdanningskapasitet i medisin, inkludert bruk av alternative studiemodellar.

Rekrutteringsstillingar

Stortinget vedtok i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2020 å løyve midlar til i alt 250 rekrutteringsstillingar ved universiteta og høgskulane. Formålet var å styrke fagmiljøa og sikre forskingsbasert utdanning i samband med den utvida utdanningskapasiteten på 4 000 nye studie-plassar. Kunnskapsdepartementet foreslår ein heilårseffekt av desse stillingane med 296,2 mill. kroner på kap. 260, post 50 og 41,9 mill. kroner på post 70.

Bygg for undervisning og forskning

Regjeringa foreslår 159,7 mill. kroner over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartemen-

tet til Statsbyggs arbeid med forprosjekt for ny campus i Trondheim for Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU). I tillegg fører Kunnskapsdepartementet vidare 10 mill. kroner til NTNU for arbeidet med prosjektet. Ein ny campus i nærleiken av den eksisterande bygningsmassen på Gløshaugen skal legge til rette for eit tverrfagleg og samlande universitet. Dei humanistiske og samfunnsvitenskaplege miljøa skal flyttast frå Dragvoll, og kunst-, arkitekt- og musikkutdanningane skal flyttast frå spreidde miljø i sentrum av byen. Ei samling av campus bidreg til betre kvalitet i utdanning, forskning, innovasjon, kunst og formidling.

Regjeringa foreslår 110 mill. kroner over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet til Vikingtidsmuseet ved Universitetet i Oslo. Midlane skal nyttast til å vidareføre bygge- og rehabiliteringsprosjektet med brukarutstyr. Prosjektet vil etter planen vere ferdig i fjerde kvarter 2025.

Nybygg for Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet og Veterinærinstituttet er under oppføring og blir ferdigstilt hausten 2020. Dette er eit omfattande og svært komplekst byggeprosjekt med høge krav til prosjektering og bygging av mellom anna laboratorium, areal til dyrehald, avansert medisinsk-teknisk utstyr og annan forskingsinfrastruktur. Det har vore utfordringar med framdrifta i prosjektet, undervurdert kompleksitet, og effektar av covid-19. Regjeringa foreslår å auke kostnadsramma til 8 350 mill. kroner.

Livsvitenskapbygget ved Universitetet i Oslo skal gi realfaga og livsvitenskap, og særleg medisinsk og helsefagleg forskning, gode rammevilkår i framtida. Bygget skal også legge til rette for breitt forskingssamarbeid med næringsaktørar som bioteknologiselskap og helseføretak. Det er utfordringar med mellom anna krevjande grunnforhold og effektar av covid-19 som gjer at prosjektet ikkje kan gjennomførast som planlagt. Regjeringa skal hausten 2020 ta stilling til vidare innretting for prosjektet.

Sjå vedlegg 3 Byggtabellar for universitet og høgskular for oversikt over dei byggeprosjekta i sektoren som Statsbygg har til prosjektering eller gjennomføring i 2020.

Eigedommane til Noregs handelshøgskole (NHH) blei i 2019 innlemma i statens husleigeordning, men for Hovedbygget skulle det ikkje betalast husleige før frå 2021, når rehabiliteringa av bygget er ferdig. Regjeringa foreslår ein auke på 43,6 mill. kroner til NHH, tilsvarende kapitalkostnadene i husleiga for Hovedbygget.

Kunnskapsdepartementet foreslår å flytte 155 mill. kroner til kap. 275, post 45. Dette er mid-

lar som statlege universitet og høgskular kan søke om til oppgradering av bygg. Sjå omtale av ordninga der. Forslaget inneber ein reduksjon for formålet på 11,2 mill. kroner.

Lærerutdanning

Studentar som blei tekne opp til dei nye femårige grunnskulelærerutdanningane i 2017, vil starte på det femte året av utdanninga hausten 2021 og fullføre utdanninga i 2022. På bakgrunn av behov i skulen for fleire lærarar vil departementet vidareføre eit nasjonalt kandidatmåltal for grunnskulelærerutdanningane på totalt 1 913 kandidatar. Departementet foreslår å auke løyvinga med 89,1 mill. kroner totalt til dei institusjonane som tilbyr grunnskulelærerutdanning, fordelt med 84,6 mill. kroner til universitet og statlege høgskular over kap. 260, post 50 og 4,5 mill. kroner til private høgskular over post 70.

Utdanningsdirektoratet har frå hausten 2020 hatt ansvar for å finansiere vidareutdanning i rettleiing av nyutdanna lærarar, og fekk overført midlar med halvårseffekt i statsbudsjettet for 2020. Departementet foreslår å flytte den resterande halvårseffekten på 8 mill. kroner frå kap. 260, post 50 til kap. 226, post 22.

Regelverk for avsetningar

Universiteta og høgskulane er nettobudsjetterte verksemder, som inneber at dei kan disponere løyvingar og alle eksterne inntekter til sitt formål og føre over alle ubrukne midlar til neste budsjettår (avsetningar). Nettobudsjettering er meint å gi institusjonane økonomisk handlingsrom som samsvarer med dei faglege fullmaktene deira og gjer dei i stand til å planlegge og disponere midlar i eit fleirårig perspektiv, til dømes for nybygg, utstyr og oppbygging av nye fagmiljø.

Kunnskapsdepartementet fekk i Dokument 1 (2019–2020) kritikk av Riksrevisjonen for manglande oppfølging av avsetningane i universitets- og høgskulesektoren og for å ikkje ha informert Stortinget godt nok. Riksrevisjonen tilrådde at departementet utarbeidde eit regelverk for avsetningar, og kontroll- og konstitusjonskomiteen støtta dette.

Kunnskapsdepartementet har fastsett eit regelverk for avsetningane til statlege universitet og høgskular som gjeld frå 2021. Reglementet skil mellom avsetningar til investeringar, inkludert avsetningar til vedlikehald av eigedom ved dei sjølvforvaltande institusjonane, og avsetningar til andre formål. For avsetningar til investeringar er det ikkje fastsett ei øvre grense, men institusjo-

nane må dokumentere dei konkrete planlagde investeringane med beløp og årstal. Det er fastsett ei øvre grense for avsetningar til andre formål på 5 pst. av årets løyving frå Kunnskapsdepartementet. Frå 2022 skal avsetningar utover dette bli førte tilbake til statskassa. Kunnskapsdepartementet kan i samråd med Finansdepartementet i særskilde tilfelle innvilge unntak.

Andre saker

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 4 mill. kroner for å styrke arbeidet med Termportalen ved Språksamlingane ved Universitetet i Bergen. Termportalen skal styrke norsk fagspråk, og gir fagfolk og innbyggjarar oversikt over norske fagtermar innanfor ulike fag.

Regjeringa foreslår å flytte det årlege tilskotet til VID vitenskapelige høgskole for Misjons- og diakonarkivet frå budsjettet til Kulturdepartementet til Kunnskapsdepartementet. Regjeringa foreslår derfor å flytte 3,2 mill. kroner frå Kulturdepartementet til kap. 260, post 70 for 2021.

Kunnskapsdepartementet foreslår ein reduksjon på 8,7 mill. kroner. Midlane har tidlegare vore disponert av departementet til eittårige tildeingar, og inneber ikkje ein reduksjon i dei ordinære rammeløyvingane til universiteta og høgskulane.

Departementet foreslår ein reduksjon på 1,9 mill. kroner, som blir brukte til å auke løyvinga til Statens innkjøpssenter over budsjettet til Finansdepartementet.

Kap. 270 Studentvelferd

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
74	Tilskot til velferdsarbeid mv.			123 380
75	Tilskot til bygging av studentbustadar, <i>kan overførast</i>	658 809	822 442	803 507
	Sum kap. 0270	658 809	822 442	926 887

Post 74 Tilskot til velferdsarbeid mv.

Posten omfattar tilskot til det generelle velferdsarbeidet til studentsamskipnadene og tilskot til landsomfattande interesseorganisasjonar for studentar.

Mål for 2021

God studentvelferd og studentorganisasjonar som er dyktige til å fremje studentane sine interesser.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 123,4 mill. kroner på posten. Det inkluderer ei flytting av løyvinga til velferdsarbeid og studentorganisasjonar frå kap. 272, post 50 og inneber vidare ein auke på 20 mill. kroner for å styrke velferdstenestene til studentsamskipnadene.

Departementet foreslår følgande tilskot til landsomfattande studentorganisasjonar:

- Association of Norwegian Students Abroad: 10,1 mill. kroner
- Norsk studentorganisasjon: 4,1 mill. kroner
- Organisasjon for norske fagskolestudenter: 2,3 mill. kroner
- International Students' Union of Norway: 1,8 mill. kroner
- Stipendiatororganisasjonene i Norge: 260 000 kroner

Post 75 Tilskot til bygging av studentbustadar, kan overførast

Posten omfattar midlar til studentsamskipnadene, og i særskilde tilfelle studentbustadstiftingar, for kjøp, ombygging, oppføring og rehabilitering av studentbustadar. Studentbustadane skal vere eit supplement til den private bustadmarknaden. Husbanken forvaltar tilskota for Kunnskapsdepartementet.

Mål for 2021

Rimelege og tilgjengelege bustadar for studentar.

Resultat i 2019

I 2019 gav Kunnskapsdepartementet tilsegn om tilskot til 1 448 hybeleiningar. Alle tilsegnene gjekk til bygging av nye studentbustadar. Ved utgangen av 2019 var 2 667 hybeleiningar under bygging, og 725 nye hybeleiningar var ferdige i løpet av 2019 og kunne takast i bruk.

For heile landet var dekningsgraden på studentbustadar på 17,4 pst. i 2019, ifølge tal frå Database for statistikk om høgare utdanning. Dekningsgraden varierer mellom studiestadane. For eksempel er dekningsgraden i Oslo og Akershus på 16 pst., medan han på Ås er 31 pst. Det er ikkje eit mål å ha like stor dekningsgrad alle stadar, sidan behovet vil variere mellom anna avhengig av tilbodet på den private leigemarknaden.

Bygging av studentbustadar gir rimelege bustadar for studentar. Ei undersøking frå NOKUT (NOKUT-rapport 3/2020) viser at leigepriane i den private leigemarknaden er mykje høgare enn for studentbustadar. Prisen i gjennomsnitt for hybel, parleilegheit og familieleigheit er høvesvis 65, 21 og 42 pst. over prisen for tilsvarende studentbustadar.

Budsjettforslag for 2021

Regjeringa foreslår ei løyving på 803,5 mill. kroner i 2021 som skal dekke forventa utbetaling til både gamle og nye tilsegner. Midlane blir normalt betalte ut over tre år. Kostnadsramma og tilskotssatsen blir justerte med forventa prisvekst. Løyvinga gir rom for tilsegner om tilskot til 1 650 hybeleiningar i 2021. Det er ein nedgang på 550 hybeleiningar frå året før. Årsaka til nedgangen er at samskipnadene dei siste åra har søkt om færre

tilsegner enn tidlegare år. Tilsegnene for inntil 20 av hybeleiningane vil bli brukte i ei prøveordning for studentbustadar samlokaliserte med omsorgsbustadar/sjukeheimar.

I 2018 fekk Kunnskapsdepartementet forslag om endringar for ei betre og meir effektiv bygging av studentbustadar frå ei arbeidsgruppe som departementet hadde sett ned for å vurdere tilskotsordninga. Departementet vil gjere nokre få endringar i ordninga på bakgrunn av rapporten.

- Tomtekostnader: For studentsamskipnader i dei store byane har departementet gjennom fleire år gjort unntak frå hovudregelen om at tomtekostnadene skal inngå i kostnadsramma. Departementet vil gjere ordninga meir fleksibel ved at tomtekostnader generelt heilt eller delvis kan haldast utanfor kostnadsramma.
- Tilbakebetaling av tilskot: Departementet kan i dag krevje tilskotet tilbakebetalt dersom føresetnadene ikkje blir overhaldne, som når bustadane blir avhenda til andre formål. For at tilskotet skal få maksimal effekt og bidra til redusert husleige, må forpliktinga bli redusert over tid. Departementet vil endre ordninga slik at tilskotet må betalast tilbake fullt ut i inntil 15 år etter tilskotet, og deretter vil forpliktinga gradvis bli redusert frå halvparten av beløpet til heile forpliktinga er ettergitt etter 30 år.
- Årleg rapportering av tilsegn som ikkje blir realisert: Studentsamskipnadene må setje i gang nye prosjekt innan fire år frå dei får tilsegn om tilskot. For å raskare kunne trekke tilbake tilsegner som ikkje vil bli brukte, vil departementet krevje ei årleg rapportering av tilsegner som studentsamskipnadene ser at dei ikkje vil realisere innan fristen.

Departementet foreslår ei tilsegnfullmakt på 743 mill. kroner knytt til posten, jf. forslag til vedtak III nr. 1.

Kap. 271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter		174 821	175 020
21	Særskilde driftsutgifter		10	10
	Sum kap. 0271		174 831	175 030

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar driftsutgifter for Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT), som er eit fagleg uavhengig statleg forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet. NOKUT har ansvar for akkreditering og tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning og fagskuleutdanning og for godkjenning av utanlandsk utdanning. Sjå kap. 280, post 01 for resultatrapportering for 2019.

Mål for 2021

- Alle utdanningar ved universitet, høgskular og fagskular tilfredsstillar nasjonale kvalitetskrav, og flest mogleg held eit høgt internasjonalt nivå.
- Universitet, høgskular, fagskular og student-samskipnader forstår og følger regelverket.
- Sektoren og samfunnet er godt informerte om kvaliteten ved universitet, høgskular og fagskular.
- Utanlandsk utdanning og kompetanse kan effektivt takast i bruk i Noreg.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 175 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3271, post 02. Sjå forslag til vedtak II nr. 1.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Posten omfattar utgifter til oppgåver der NOKUT får midlar frå eksterne kjelder. Sjå kap. 280, post 21 for resultatrapportering for 2019. Utgifter ut over løyvinga på kap. 271, post 21 føreset meirinntekt på kap. 3271, post 01.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 10 000 kroner, som kan overskridast mot tilsvarende meirinntekt på kap. 3271, post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 2.

Kap. 3271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Inntekter frå oppdrag		10	10
02	Salsinntekter o.a.		617	634
	Sum kap. 3271		627	644

Løyvingane gjeld inntekter NOKUT får frå prosjektverksemd, kurs og konferansar.

Kap. 272 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
50	Verksemdskostnader		601 000	157 515
51	Tiltak for internasjonalisering			236 400
52	Tiltak for høgare utdanning			282 954
	Sum kap. 0272		601 000	676 869

Post 50 Verksemdskostnader

Posten omfattar midlar til Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku), som er eit forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet. Diku har ansvar for å fremje utvikling av kvaliteten i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning og for å styrke internasjonalt samarbeid og utveksling i heile utdanningsløpet. For 2021 omfattar løyvingforslaget over post 50 berre midlar til verksemda i Diku, medan midlar som Diku tildeler til andre, er skilde ut under egne postar.

I tillegg til midlane under kap. 272 forvaltar Diku òg midlar frå Europakommisjonen gjennom Erasmus+programmet (jf. kap. 288, post 74), driftstilskot og utviklingsmidlar til fagskular (sjå kap. 240 og kap. 241, post 21), tilskot til studentvelferd (sjå kap. 270, post 74) og nokre andre tiltak under kap. 275, post 21. Diku forvaltar òg midlar frå Utanriksdepartementet og Nordisk ministerråd.

Sjå kap. 280, post 50 for resultatrapportering for 2019.

Mål for 2021

- Diku bidreg til at måla for tiltaka dei forvaltar, blir nådde i størst mogleg grad.
- Diku gir eit godt kunnskapsgrunnlag til å utvikle politikk, leiing og undervisning.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 157,5 mill. kroner på posten. Departementet foreslår å overføre 103,4 mill. kroner til kap. 270, post 74, 139,4 mill. kroner til nytt kap. 272, post 51 og 203,2 mill. kroner til nytt kap. 272, post 52.

Post 51 Tiltak for internasjonalisering

Kunnskapsdepartementet foreslår å opprette ein ny post 51 og å flytte midlar for Dikus program og tiltak for internasjonalisering frå kap. 272, post 50 og kap. 288, post 21 hit.

Mål for 2021

- Deltakinga til norske opplæringsaktørar i internasjonalt samarbeid bidreg til å oppfylle kvalitetsmål i grunnopplæringa.
- Norske elevar og studentar tek del i eit internasjonalt læringsmiljø.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 236,4 mill. kroner på posten.

Løyvinga går til programma som Diku forvaltar for internasjonalisering i utdanning. Fleire av programma har tidlegare vore finansierte av løyvingar under kap. 288, post 21. Dette gjeld mellom anna Partnerskapsprogram for globalt akademisk samarbeid (NORPART), som støttar langsiktig akademisk samarbeid og gjensidig studentutveksling mellom høgare utdanningsinstitusjonar i Noreg og utviklingsland, og programmet UTFORSK, eit av tiltaka som følger opp Panorama-strategien.

Departementet foreslår ein auke på 10 mill. kroner til UTFORSK.

Vidare omfattar posten løyvingar som tidlegare har vore gitt under kap. 272, post 50. Det gjeld tiltak for internasjonalisering i høgare utdanning, inkludert Fulbright-programmet for utveksling med USA, og tilskot til internasjonalt samarbeid og utveksling på andre utdanningsnivå, mellom anna med Tyskland og Frankrike. Løyvinga finansierer òg ordninga Norgeskunnskap i utlandet, som støttar undervisning i norsk språk og kultur i utlandet, og Noregs forpliktingar etter den nordiske avtalen om gjensidig tilgang til høgare utdanning.

Post 52 Tiltak for høgare utdanning

Kunnskapsdepartementet foreslår å opprette ein ny post 52 gjennom å flytte midlar frå Dikus program og tiltak for kvalitet i høgare utdanning frå kap. 272, post 50.

Mål for 2021

Dei uteksaminerte kandidatane frå høgare utdanning er høgt kompetente og dekker kompetansebehova i arbeidslivet og samfunnet.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 283 mill. kroner på posten.

- Løyvinga er overført frå kap. 272, post 50 og går til ulike program retta mot høgare utdanning:
- senter for framifrå utdanning
 - fleksible utdanningstilbod
 - ulike program og tiltak for utvikling av praksisstudiar og auka arbeidslivsrelevans i utdanningane
 - program for kunstnarleg utviklingsarbeid

- program for studentaktiv læring
- digitalisering for læring i høgare utdanning
- tilskot til nye lærebøker i høgare utdanning på norsk og samisk (Lærebokutvalet)

Diku fekk i 2019 i oppdrag frå Kunnskapsdepartementet å lyse ut midlar som skulle gå til fleksible og tilgjengelege studietilbod. For nærare omtale av ordninga, sjå resultatrapporteringa under kap. 280, post 50. Departementet foreslår å auke tilskotet gjennom Diku til fleksible studietilbod med 45,7 mill. kroner til 97,2 mill. kroner for 2021.

Departementet foreslår ein auke på 30 mill. kroner for å styrke koplinga mellom utdanning og arbeidsliv, inkludert auka bruk av praksis og anna arbeidsrelevant undervisning.

Tilgang på oppdaterte norskspråklege læremiddel er ein viktig føresetnad for å utvikle og halde oppe eit godt norsk fagspråk. Departementet foreslår å styrke lærebokordninga for høgare utdanning med 4,1 mill. kroner til ei samla løyving på 10 mill. kroner.

Løyvinga inkluderer eit tilskot på 2,9 mill. kroner til International Council for Open and Distance Education (ICDE).

Kap. 273 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
50	Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning		164 495	213 265
	Sum kap. 0273		164 495	213 265

Post 50 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning

Posten omfattar løyvinga til Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning, som er eit forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet. Unit har ansvar for nasjonal samordning og forvaltning på IKT-området i høgare utdanning og forskning. Sjå kap. 280, post 51 for resultatrapportering for 2019.

Mål for 2021

- Digitale tenester til universitets- og høgskulesektoren er godt samordna og styrte.
- God tilgang til fellestenester som er innovative og effektive og har høg kvalitet for høgare utdannings- og forskingssektoren.
- Styrkt informasjonstryggleik og personvern innanfor høgare utdanning og forskning.
- Meir open forskning.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 213,3 mill. kroner på posten.

I forslaget inngår ein auke på 20 mill. kroner for å styrke Units fellestenester til universitet og høgskular og arbeidet med å følge opp digitaliseringsstrategien for universitets- og høgskulesektoren. I tillegg foreslår departementet å vidareføre 5 mill. kroner som opphavleg var foreslått som ei eingongsløyving for 2020.

Unit har vore tildelt til saman 21,4 mill. kroner i samband med dei reviderte nasjonalbudsjetta for 2019 og 2020 for å utvikle eit nasjonalt kunnskapsarkiv for deponering av vitenskaplege publikasjonar og forskingsdata. Departementet foreslår ei eittårig løyving på 10 mill. kroner for 2021 for siste fase av utviklinga. Frå 2022 vil kunnskapsarkivet bli brukarfinansiert av dei som deponerer forskingsresultat.

Departementet vil legge til rette for tryggare lagring og ein sterkare delingskultur for digitale læringsressursar i høgare utdanning. Unit har starta arbeidet med ei felles nasjonal løysing for lagring og deling av digitale læringsressursar, og departementet foreslår å vidareføre finansieringa med 5,3 mill. kroner i 2021, slik at Unit kan fullføre arbeidet.

Departementet vil styrke arbeidet som universitet og høgskular gjer for at dei som underviser, skal oppnå god utdanningsfagleg digital kompetanse. Unit har saman med Diku og NOKUT fore-

slått tiltak for å få til eit løft i pedagogisk bruk av digitale verktøy. Departementet foreslår å løyve 2,2 mill. kroner til Unit for at dei tre direktorata saman kan innhente meir kunnskap om effektane av digital teknologi for utdanning og legge til rette for at institusjonane kan dele sine erfaringar og heve den utdanningsfaglege digitale kompetansen til dei tilsette.

Unit administrerer støtteordninga for opne norskspråklege tidsskrift innanfor humaniora og

samfunnsvitskap. For å samle alle midlane til formålet på éin post foreslår departementet å flytte 5,2 mill. kroner frå kap. 285, post 52. Departementet foreslår også å auke løyvinga med 1 mill. kroner, til eit samla beløp på 10,7 mill. kroner.

Departementet foreslår å flytte 0,8 mill. kroner til Unit frå Helse- og omsorgsdepartementets kap. 732, post 78. Unit skal mellom anna kvalitetssikre og følge opp helseføretaka si rapportering på kliniske behandlingsstudiar.

Kap. 274 Universitetscenteret på Svalbard

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
70	Tilskot til Universitetscenteret på Svalbard		142 463	36 322
	Sum kap. 0274		142 463	36 322

Post 70 Tilskot til Universitetscenteret på Svalbard

Posten omfattar tilskot til Universitetscenteret på Svalbard AS (UNIS). Sjå kap. 280, post 71 for resultatrapportering for 2019.

Mål for 2021

Høg kvalitet i utdanning og forskning knytt til Svalbards plassering i eit høgarktisk område.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 36,3 mill. kroner på posten. Statsbygg vil i 2021 ta over bustadane som UNIS eig på Svalbard. Det vil skje ved eit direkte kjøp og sal til marknadspris mellom UNIS og Statsbygg. Ut frå marknadsverdi er det berekna at UNIS, etter nedbetaling av gjeld og skatt, vil få eit overskot på 110,7 mill. kroner som følge av salet. Statsbygg vil få tilført midlar til kjøp, sjå omtale under kap. 2445, post 24 i Prop. 1 S (2020–2021) for Kommunal- og regionaldepartementet. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga til UNIS i 2021 med 110,7 mill. kroner. Løyvinga vil bli justert opp tilsvarande igjen i 2022.

Kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forskning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i>		176 603	177 135
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>		9 514	155 000
70	Tilskot, <i>kan nyttast under post 21</i>		98 304	97 404
	Sum kap. 0275		284 421	429 539

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70

Løyvinga til ulike tiltak og prosjekt innanfor høgare utdanning og forskning kan nyttast under kap. 275, post 21 når midlane er til statlege aktørar, og under kap. 275, post 70 for tilskot til ikkje-statlege aktørar. I budsjettet for 2020 blei midlane flytta frå kap. 281, post 01 og kap. 287, post 21 og 53. Sjå postane som midlane er flytta frå, for resultatrapportering for 2019.

Delar av løyvinga kan nyttast til lønn og andre utgifter for tilsette i Kunnskapsdepartementet.

Mål for 2021

Høg kvalitet og samordning innanfor høgare utdanning og forskning.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 177,1 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga til Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) for å spreie forskingsbasert informasjon om internasjonale tilhøve, særleg til barn og unge, med 5,3 mill. kroner.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på 17,5 mill. kroner til Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning til program for informasjonstryggleik i universitets- og høgskulesektoren.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på 2 mill. kroner til eit prøveprosjekt for betre tilgang til studielitteratur for studentar med funksjonsnedsetjingar som gir lesevanskar. Prosjektet blir gjennomført av Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek og Høgskolen i Innlandet.

I 2020 blei tildelinga til universitet og høgskular til partnarskapssamarbeid for å styrke praksis i lærarutdanningane auka med 23,3 mill. kroner til 65,8 mill. kroner, slik at barnehagelærarutdanninga og dei andre lærarutdanningane blei inkluderte i satsinga, sjå omtale under programkategori 07.30 Barnehagar. Samstundes fekk Diku 15 mill. kroner til å lyse ut prosjektmidlar for å styrke kvaliteten i praksis. Departementet foreslår å vidareføre desse tildelingane.

Departementet har i 2020 fastsett ny forskrift om rammeplan for femårig lærarutdanning i praktiske og estetiske fag. Nokre institusjonar treng å styrke kompetansen sin i desse faga for å kunne tilby utdanninga og i 2019 og 2020 blei det sett av 2,5 mill. kroner til å utvikle og deretter gradvis

setje i verk utdanninga frå 2021. Midlane i 2019 blei overførte til 2020 og fordelte til institusjonar som planlegg å setje i gang utdanninga. Departementet foreslår å vidareføre tildelinga i 2021.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på 38,5 mill. kroner for å styrke dei maritime profesjonsutdanningane og fagskuleutdanningane. Departementet vil i hovudsak tildele midlane til MARKOM-2020-prosjektet, som dermed får forlengd prosjektperioden med eitt år. Frå 2022 vil løyvinga bli forvalta av Direktoratet for internasjonalsisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Satsinga på maritim kompetanse gjennom Diku vil ha særleg merksemd mot endra kompetansebehov som følge av digitalisering og grøn skipsfart. Regjeringa vil legge fram ei stortingsmelding om den maritime politikken hausten 2020.

Departementet foreslår å vidareføre løyvinga på 5,3 mill. kroner til arbeidet for å utvikle nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningane.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 0,95 mill. kroner over kap. 275, post 21 mot ein tilsvarende auke under kap. 200, post 01. Dette er midlar knytt til faste lønsutgifter til ein stilling innanfor lærarutdanning. Sjå òg omtale under kap. 200, post 01.

I statsbudsjettet for 2020, jf. Prop. 1 S (2019–2020) og Innst. 7 S (2019–2020), blei det rammeoverført i overkant av 3 mill. kroner frå Kunnskapsdepartementet til Utanriksdepartementets budsjett til arbeid med Det internasjonale havpanelet i 2020. Midlane var eingongsutgifter i 2020 og Utanriksdepartementet foreslår å føre midlane tilbake til Kunnskapsdepartementet i 2021.

I tillegg foreslår departementet midlar over kap. 275, post 21 til mellom anna geologiprogrammet GoNorth, kompletterande utdanning primært for flyktningar, den europeiske studentundersøkinga Eurostudent VII, arbeidet med forskingsprisar og andre mindre tiltak.

Departementet foreslår vidare ein reduksjon på 6,4 mill. kroner for å frigjere midlar til andre formål.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar midlar til investeringar i utstyr og vedlikehald i universitets- og høgskulesektoren. Departementet foreslår at posten frå 2021 vil omfatte midlar til ordninga for oppgradering og tilpassing av universitets- og høgskulebygg, som tidlegare har vore løyvde under kap. 260, post 50. Sjå kap. 281, post 45 for resultatrapportering for 2019.

Mål for 2021

Oppgraderte bygg som fremjar moderne undervisnings- og forskingsformer, aukar læringsutbyttet og betrar det psykososiale miljøet.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 155 mill. kroner på posten.

Kunnskapsdepartementet foreslår å erstatte den tidlegare løyvinga for utstyr og vedlikehald med løyvinga til oppgraderingsordninga for universitets- og høgskulebygg. Departementet foreslår derfor å redusere posten med 9,5 mill. kroner, og å flytte 155 mill. kroner frå kap. 260, post 50.

Post 70 Tilskot, kan nyttast under post 21

I statsbudsjettet for 2020 blei midlane flytta frå kap. 281, post 70 og 78 og kap. 287, post 71. Sjø postane som midlane er flytta frå, for resultatrapportering for 2019.

Mål for 2021

Høg kvalitet og samordning innanfor høgare utdanning og forskning.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 97,4 mill. kroner på posten:

- Senter for grunnforskning (CAS) for den generelle verksemda: 23,1 mill. kroner
- Senter for grunnforskning (CAS) for vidareutvikling av Young CAS Fellow: 1,8 mill. kroner

- Universitets- og høgskolerådet for den generelle verksemda: 22,5 mill. kroner
- Universitets- og høgskolerådet for arbeidet i Nasjonalt råd for lærarutdanning med retningslinjer for lærarutdanningane: 2 mill. kroner
- Norsk senter for forskingsdata AS (NSD) for Database for statistikk om høgare utdanning: 18 mill. kroner
- Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA): 9,9 mill. kroner
- Høgskolesenteret i Kristiansund AS: 8,7 mill. kroner
- Private høgskular for partnerskapssamarbeid for å styrke praksis i lærarutdanningane, sjå omtale under kap. 275 post 21 (NLA Høgskolen, MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn, Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning, Bar-ratt Due musikk-institutt): 5,7 mill. kroner
- Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab (DKNVS): 3,4 mill. kroner
- Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) for Kandidatundersøkinga: 2,8 mill. kroner
- Akademiet for yngre forskere: 2,3 mill. kroner
- International Agency for Research on Cancer (IARC): 1,5 mill. kroner
- Lister Kompetanse AS: 1 mill. kroner
- Nord-Troms studiesenter: 1 mill. kroner
- Forskningsinstituttens fellesarena (FFA): 0,6 mill. kroner
- Centre International de Mathématiques Pures et Appliquées (CIMPA): 0,3 mill. kroner

Departementet foreslår ein reduksjon på 2,6 mill. kroner for å frigjere midlar til andre formål.

Kap. 3275 Tiltak for høgare utdanning og forskning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Inntekter frå oppdrag		10	10
	Sum kap. 3275		10	10

Kap. 280 Felles einingar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	168 447		
21	Særskilde driftsutgifter	8 413		
50	Direktoratet for internasjonalisering og kvalitets- utvikling i høgare utdanning	472 344		
51	Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning	175 722		
71	Tilskot til Universitetssenteret på Svalbard	136 187		
	Sum kap. 0280	961 113		

Post 01 Driftsutgifter

Sjå kap. 271, post 01 for mål og budsjettforslag for 2021.

Resultat i 2019

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) sette i 2019 i verk ei ny ordning for tilsyna med det systematiske kvalitetsarbeidet til universiteta og høgskulane. Nyordninga følger ny metodikk og dei nye krava i studiekvalitetsforskrifta frå 2016 og studietilsynsforskrifta frå 2017. I dei ni gjennomførte tilsyna hadde institusjonane etablert effektive og tilfredsstillande ordningar for systematisk kontroll av eigne studietilbod. Talet på søknader om akkreditering av studietilbod i høgare utdanning har halde fram med å gå ned, til 12 i 2019.

Når det gjeld høgare yrkesfagleg utdanning, har det vore ein auke i talet på fagskular med fagområdeakkreditering, som gir dei høve til sjølve å akkreditere nye utdanningar. Det vil bidra til at fagskulesektoren kan respondere raskare på behov for kompetanse i arbeidslivet. Talet på 71 søknader om akkreditering av fagskuleutdanningar er på nivå med dei tidlegare åra, og færre av søknadsbehandlingane har vore forseinka. NOKUT har òg prøvd ut ein enklare og raskare akkrediteringsprosess med godt resultat, og den planlegg dei å ta i bruk for alle nye søknader.

Kunnskap om tilstanden i sektoren har vore godt formidla, mellom anna gjennom tematiske

prosjekt, analysar og ulike arrangement som viser både kvalitetsutfordringar og fagmiljø som gjer det bra. Tilbakemeldingar tyder på at studiebarometera og andre undersøkingar blir brukte til å utvikle utdanningskvaliteten ved universitet, høgskular og fagskular.

NOKUT har vidareført arbeidet med å digitalisere og effektivisere søknads- og saksbehandlingsprosessane. Effektiviseringa blei forseinka på grunn av tekniske problem med saksbehandlingsystemet våren 2019, men køen av søknader om godkjenning av utanlandsk høgare utdanning blei teken unna i løpet av året. Det ligg no til rette for kortare saksbehandlingstid i 2020.

Det var færre søknader om generell godkjenning av utanlandsk høgare utdanning i 2019 enn i åra før. Det hang mellom anna saman med at NOKUT for nokre land har utvikla såkalla automatiske godkjenningar av kvalifikasjonar frå høgare utdanning, det vil seie nedlastbare erklæringar om at den aktuelle utdanninga automatisk er godkjend i Noreg.

NOKUT har gjort ein god jobb med å følge opp det europeiske kvalifikasjonspasset, i regi av Europarådet, og har også medverka aktivt i oppstarten av UNESCOs kvalifikasjonspass. NOKUT har i tillegg gitt viktige bidrag i arbeidet fram mot UNESCOs vedtak om ein ny global konvensjon for godkjenning av høgare utdanning.

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Sjå kap. 271, post 21 for budsjettforslag for 2021.

Resultat i 2019

Det blei i 2019 ført ei meirutgift på 8,4 mill. kroner på posten, som blir dekt av meirinntekta på kap. 3280, post 01, jf. meirinntektsfullmakta.

Post 50 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning

Sjå kap. 272, post 50 for mål og budsjettforslag for 2021.

Resultat i 2019

Dikus kvalitetsprogram er ei samlenemning på program som er innretta mot kvalitet i høgare utdanning, der Diku lyser ut og tildeler midlar etter fagfelle vurdering av søknadene. I tråd med opptrappingsplanen for utdanningskvalitet i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning for 2019–2028 blei løyvingane til programma auka i 2019. Ordninga med senter for framifrå utdanning (SFU) blei styrkt med 25 mill. kroner i 2019, og Diku gjennomførte den fjerde utlysinga i programmet sidan 2011. 22 utdanningsmiljø søkte, og fire fekk status som senter for framifrå utdanning. Ordninga har fått ei viktig rolle for utviklinga av utdanningskvalitet i Noreg.

Dei første tildelingane i Program for studentaktiv læring kom i 2019, og tolv prosjekt innanfor ulike fagområde fekk til saman 53 mill. kroner til å utvikle nyskapande undervisnings- og vurderingsformer. Tilbakemeldingane frå både søkarar og ekspertane som vurderte søknadene, var gode, og programmet blei vidareført med ei ny utlysing for tildeling i 2020.

Programmet Digitalisering for læring i høgare utdanning hadde ei ramme på 12,5 mill. kroner til fordeling i 2019, og det får stadig fleire søknader. Det er ein trend i søknadene at institusjonane er blitt meir pedagogisk motiverte og bruker teknologi for å utvikle undervisninga til å gi betre læring.

Dei siste åra har det vore stadig fleire stipendatar med støtte frå Program for kunstnarleg utviklingsarbeid eller som er tekne opp til doktorgradsprogram for graden ph.d. i kunstnarleg utviklingsarbeid. Den kunstnarlege utdanninga på doktorgradsnivå er relativt ny, og det er svakheiter ved kulturen og systema for dokumentasjon og offentleggjing av resultata. I 2019 etablerte Diku Nasjonal forskarskule i kunstnarleg utviklingsarbeid for å gi eit fellesfagleg opplæringsstilbod som kan inngå i ph.d.-programma.

Forskerskulen gir innføring og øving i formidling, metode, teori og etikk knytt til kunstnarleg utviklingsarbeid.

I 2019 oppretta regjeringa ei ny ordning gjennom Diku for tilskot til fleksible studietilbod for å auke tilgangen på relevante utdanningar for personar som ikkje kan flytte for å studere ved ein sentral campus. Diku lyste ut til saman 90 mill. kroner innanfor ordninga i 2019, som universitet og høgskular kunne søke om for utvikling og drift av studietilbod. Tilbod retta mot berekraftig omstilling og miljøvennleg næringsutvikling, teknologi og helse var prioriterte. Det kom inn søknader for til saman 177 mill. kroner. Ordninga blei styrkt med 36,6 mill. kroner i samband med revidert nasjonalbudsjett 2020, og av til saman 60 kvalifiserte søknader blei 38 innvilga.

Diku tok i 2019 over forvaltninga av tilskot til velferdsarbeidet ved studentsamskipnadene. Gjennom å gi rimeleg tilgang til tenester som barnehage, kantine, bokhandel, treningstilbod og kulturaktivitetar spelar desse ei viktig rolle for studiekvardagen. Diku forvalta òg tilskot til nasjonale studentorganisasjonar som fremjar interessene til studentane gjennom mellom anna deltaking i styre og råd og i offentlege høyringar og debattar.

Diku er nasjonalt kontor for utdannings-, opplærings- og idrettsfeltet i Erasmus+, som er EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett. Om lag halvparten av tilskotsmidlane som Diku tildelte etter konkurranse i 2019, kom frå programmet. Auken i mobilitetstala heldt fram, og departementet er nøgd med måloppnåinga.

Diku har arbeidd godt med å styrke utdanningssamarbeidet med prioriterte land. I 2019 har Diku mellom anna bidrege med kunnskapsgrunnlag til evalueringa av Panorama-strategien. Dei har òg hatt ein gjennomgang av resultata i dei to største verkemidla for samarbeid med Panoramalanda, UTFORSK og INTPART. På bakgrunn av kunnskapen om resultata i programma har Diku sett i gang eit arbeid med utvikling av UTFORSK og andre verkemiddel retta mot satsingslanda utanfor Europa.

Dei nordiske landa har ein avtale om å gi innbyggjarane sine gjensidig tilgang til høgare utdanning, med ein fastsett kompensasjon mellom landa, som i Noreg blir handsama av Diku. I studieåret 2018–19 studerte 2 948 norske studentar i dei nordiske avtalelanda, og 388 studentar frå dei nordiske avtalelanda studerte i Noreg. Dette er høvesvis 79 og 805 færre enn året før. Tala omfattar berre ordinære studentar, ikkje utveksling.

Post 51 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning

Sjå kap. 273, post 50 for mål og budsjettforslag for 2021.

Resultat i 2019

Unit har gjennom 2019 levert sikre og stabile tenester for høgare utdanning og forskning. Unit har i samarbeid med institusjonane utarbeidd ein handlingsplan for å følge opp den nasjonale digitaliseringsstrategien for universitets- og høgskulesektoren for 2017–21. Unit har gjort eit grundig sekretariatsarbeid for Digitaliseringsstyret for høgare utdanning og forskning som har medverka til gode avgjerdsprosessar. Dei har òg etablert ein finansieringsmodell der institusjonane bidreg med finansiering til felles investeringar som Digitaliseringsstyret tilrår.

På oppdrag frå departementet utarbeidde Unit, Diku og NOKUT i 2019 ein rapport med felles forslag til tiltak om pedagogisk bruk av digitale verkøy i utdanninga. Departementet har bede dei tre direktorata om å følge opp tiltak i rapporten, mellom anna å kartlegge vellykka prosjekt som har teke i bruk ny teknologi for undervisning og læring, og å vurdere måtar å spreie god praksis på. På oppdrag frå departementet har Unit levert ei utgreiing om nasjonale løysingar for tilgang til læringsressursar på tvers av utdanningsinstitusjonar. Utvikling av ei slik løysing vil gjere det lettare for undervisarar og studentar å finne og bruke kvalitetssikra læringsressursar uavhengig av lærestaden deira. Unit har òg delteke i andre utgreiingsarbeid og samarbeidsforum, mellom anna i ei utgreiing om deling av data om kunnskapssektoren.

På bakgrunn av forhandlingane med dei store forlaga om open forskning, blei det i 2019 inngått publisering-og-les-avtalar med Wiley, Elsevier, Springer Nature og Taylor & Francis, dei fire største

utgivarane av forskingslitteratur. Det betyr at norske forskingsresultat kan publiserast ope i over 7 400 tidsskrift.

Rapporteringa til Norsk vitenskapsindeks er gjennomført i tråd med planar, og Unit har lagt til rette for god rapportering av kliniske behandlingsstudiar i helseføretaka.

Unit har gjennomført det samordna opptaket til høgare utdanning etter planen, og førebudd det første samordna opptaket for fagskulane i 2020. Unit har lagt til rette for ein effektiv og heilskapleg studieadministrasjon ved institusjonane.

I 2019 blei det inngått ein avtale mellom fire av universiteta (NTNU, UiB, UiO og UiT) og Direktoratet for økonomistyring (DFØ) om utvikling av ei ny felles løysing for lønn og økonomi. Unit representerer dei andre statlege universiteta og høgskulane i dette samarbeidet. Det meste av universitets- og høgskulesektoren vil med dette få levert tenester frå DFØ, noko som inneber eit stort bidrag til fellesløysingar i sektoren.

Post 71 Tilskot til Universitetssenteret på Svalbard

Sjå kap. 274, post 70 for mål og budsjettforslag for 2021.

Resultat i 2019

UNIS tilbyr høgare utdanning og driv forskning av høg kvalitet i arktisk biologi, geologi, geofysikk og teknologi. I 2019 hadde dei fleire kvalifiserte søkarar enn året før og utvida studietilbodet med åtte nye emne på bachelor-, master- og ph.d.-nivå. 743 studentar hadde eit opphald ved senteret og stod for til saman 213 studentårsverk, som er ein nedgang frå 218 studentårsverk i 2018. 50 pst. av studentane kom frå studieprogram ved norske universitet, og resten frå utanlandske institusjonar. UNIS auka i 2019 prosjektporteføljen og fekk finansiering til fleire store forskingsprosjekt. Dei medverka òg i 161 forskingspublikasjonar.

Kap. 3280 Felles einingar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Inntekter frå oppdrag	8 413		
02	Salsinntekter o.a.	388		
	Sum kap. 3280	8 801		

Løyvingane gjeld inntekter NOKUT får frå prosjektverksemd, kurs og konferansar. Sjå kap. 3271 for budsjettforslag for 2021.

Kap. 281 Felles tiltak for universitet og høgskular

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	216 007		
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	9 300		
50	Tilskot til Noregs forskingsråd	229 107		
70	Andre overføringar, <i>kan nyttast under post 01</i>	40 788		
78	Tilskot til Universitets- og høgskolerådet	20 321		
	Sum kap. 0281	515 523		

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 70

Sjå kap. 275, post 21 for mål og budsjettforslag for 2021.

Resultat i 2019

Kunnskapsdepartementet tildelte i 2019 totalt 216 mill. kroner over kap. 281, post 01.

I 2019 starta Unit eit program for informasjonstryggleik i universitets- og høgskulesektoren med ei tildeling frå Kunnskapsdepartementet på 17,5 mill. kroner. Unit utarbeider årleg ei risikovurdering og ein handteringsplan for informasjonstryggleik og personvern i universitets- og høgskulesektoren som styrker styringsgrunnlaget for departementet. Dei har òg utarbeidd retningslinjer som klargjer minstekrava til informasjonstryggleik og personvern som departementet stiller til dei underliggende verksemdene sine i høgare utdanning og forskning. I samarbeid med fagmiljøa i sektoren har Unit arbeidd med eit felles analysesenter for cybertryggleik for forskning og høgare utdanning, som er planlagt etablert i 2021.

Kunnskapsdepartementet tildelte 20 mill. kroner i 2019 i samband med ei treårig satsing på digitalisering i lærarutdanningane for 2018–20. Fem institusjonar som tilbyr grunnskulelærarutdanning, har fått midlar i perioden. Satsinga vil bli evaluert i 2021.

Satsinga på partnerskap mellom lærarutdanningane og lærarutdanningsskular blei vidareført med 44,5 mill. kroner. Alle institusjonane som tilbyr grunnskulelærarutdanning, har inngått avtaler om partnerskap. Den nasjonale ekspertgruppa for å følge utviklinga av den femårige grunnskulelærarutdanninga leverte sin sluttrapport i mai 2020. Gruppa meiner at dei nye masterutdanningane er ambisiøse og fagleg lovande, også sett i eit internasjonalt perspektiv. Dei understrekar samstundes at det vil krevje mykje oppfølging og ressursar frå alle aktørar for å nå potensialet som ligg i dei nye utdanningane. Forkurs i matematikk for opptak til grunnskulelærar- og lektorutdanning blei arrangert for siste gong i 2019, med 179 som bestod. Til saman har 649 kvalifisert seg for opptak til lærarutdanning i dei fire åra kurset har blitt arrangert. I samband med Revidert nasjonalbudsjett 2019 blei det løyvd 10 mill. kroner til andre nasjonale tiltak for å rekruttere til lærarutdanning.

Kunnskapsdepartementet tildelte 38,5 mill. kroner til MARKOM2020, som er eit samarbeidsprosjekt for maritim kompetanse. Prosjektet har styrkt kvaliteten og samarbeidet i maritim fagskuleutdanning og høgare utdanning, rekruttering, forskarutdanning og samarbeid med næringsliv på feltet.

Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitetet har i 2018 og 2019 oppgradert forskingsfartøyet Helmer Hanssen. Drifta av fartøyet er avgjerande for forskning og undervisning i nordområda og eit sentralt bidrag til prioriteringa Hav i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning.

NOKUT har frå 2016 fått auka driftsmidlar for å utforme og etablere godkjenningsordningar for utanlandsk fagskuleutdanning og utanlandsk fag- og yrkesopplæring. Den nye godkjenningsordninga for utanlandsk fagskuleutdanning opna 1. januar 2019, og bidreg til at fleire kan komme seg inn på den norske arbeidsmarknaden.

Kunnskapsdepartementet tildelte midlar til OsloMet – storbyuniversitetet og Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet for å utvikle kompletterande utdanning primært for flykningar som har høgare utdanning frå heimlandet, slik at dei skal kunne bruke kompetansen sin til å kome raskt ut i arbeidslivet. Det er auka søking til utdanningane, men det er framleis viktig å arbeide for betre rekruttering, særleg til ingeniørutdanningane, og få på plass gode praksisplassar.

Sidan 2017 har Kunnskapsdepartementet arbeidd med å utvikle nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfagutdanningane. Retningslinjene blir utarbeidde av programgrupper som departementet nemner opp med representantar frå lærestadane, tenestene dei utdannar kandidatar til, og studentane. Arbeidet er delt opp i tre fasar, og retningslinjene for dei åtte første grunnutdanningane blei fastsette i 2019. Dei gjeld frå hausten 2020 og erstattar dei tidlegare rammeplanane for desse utdanningane. Retningslinjer for ti grunnutdanningar i andre fase blei òg utvikla i 2019.

Kunnskapsdepartementet tildelte Universitets- og høgskolerådet 2 mill. kroner. I 2019 har desse midlane bidrege til samarbeid med relevante aktørar, erfaringsdeling og konferansar for å styrke kompetansen til fagpersonalet i det langsiktige arbeidet med IKT-tryggleik og praksis i ingeniørutdanning.

Departementet tildelte midlar til fleire evalueringar og utgreiingsoppdrag som har bidrege til eit betre grunnlag for å nå måla for posten.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Sjå kap. 275, post 45 for mål og budsjettforslag for 2021.

Resultat i 2019

Det blei løyvd 9,3 mill. kroner over posten i 2019 som gjekk til prosjektet Saving Oseberg II ved Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo og ny miljøstasjon på Noregs idrettshøgskole. Museet hadde i 2019 stor aktivitet i prosjektet, mellom anna med materialanalysar, testing av konserveringsmetodar og overvaking av Ose-

bergskipet. Miljøstasjonen ved høgskulen er etter planen ferdig i 2020.

Post 50 Tilskot til Noregs forskingsråd

Løyvinga blei flytta i budsjettet for 2020 til kap. 285, post 52 og 53 og til kap. 201, post 21.

Resultat i 2019

Kunnskapsdepartementet tildelte midlar over kap. 281, post 50 til desse ordningane og programma i Noregs forskingsråd:

- nærings-ph.d. og offentlig sektor-ph.d.
- tiltak for grunnskulelærerutdanning
- Forskingsbasert nyskaping (FORNY2020)
- Forskingskompetanse for utvalde profesjonsutdanningar (PROFESJON)
- Forskingsbasert innovasjon i regionane (FORREGION)
- Forskarskolane i arkeologi og biosystematikk ved universitetsmusea (UNI-MUSEER)
- Gode og effektive helse-, omsorgs- og velferds-tenester (HELSEVEL)
- Forsking og innovasjon i utdanningssektoren (FINNUT)

Ordningane for nærings-ph.d. og offentlig sektor-ph.d. medverkar til å styrke samarbeidet mellom forskingsinstitusjonar og bedrifter og mellom forskingsinstitusjonar og offentlig sektor. Nærings-ph.d.-ordninga har bidrege med over 400 ph.d.-kandidatar i næringslivet, noko som er viktig for å auke kapasiteten til å bruke forskning i utviklinga av verksemdene. I 2018 var 75 pst. av verksemdene små og mellomstore bedrifter. Porteføljen av offentlig sektor-ph.d.-kandidatar frå 2014 til i dag dekkjer no eit breitt spekter av tema- og sektorområde, med 142 prosjekt. Interesse og søkartala for begge ordningane held fram med å vekse.

Resultata av Forskingsrådets verkemiddel for auka kommersiell bruk av offentlig finansierte forskingsresultat i Noreg (FORNY) viser òg i hovudsak ei god utvikling i dei seinaste åra. Kunnskapsdepartementet finansierer ein liten del av programmet. Den samla verdien av aksjeporteføljen til teknologioverføringskontora (TTO-ane) var ved utgangen av 2018 på 768 mill. kroner, opp frå 711 mill. kroner i 2017 og 689 mill. kroner i 2016. Samtidig går inntekter frå kommersialisering (aksjesal) noko ned. Dette indikerer at selskapa i aukande grad tiltrekker seg kapital, og at TTO-ane samtidig sel seg ut.

Programmet PROFESJON har bidrege til å styrke det forskingsbaserte grunnlaget i utdan-

ningar som helse og velferd, økonomi og administrasjon, lærar og ingeniør. Dette er fag som institusjonane tidlegare i mindre grad har søkt om midlar til og fått tilslag på gjennom Noregs forskingsråd. Det er i dag 12 aktive prosjekt som har fått støtte gjennom programmet.

FORREGION skal bidra til at fleire bedrifter bruker FoU i arbeidet med innovasjon. Det er 15 mobiliseringsprosjekt fordelt over heile landet. Kunnskapsdepartementet vurderer resultatane frå programmet som gode.

Post 70 Andre overføringer, kan nyttast under post 01

Sjå kap. 275, post 70 for mål og budsjettforslag for 2021.

Resultat i 2019

Kunnskapsdepartementet utbetalte til saman 40,8 mill. kroner over kap. 281, post 70:

- Norsk senter for forskingsdata for Database for statistikk om høgare utdanning (DBH): 20,2 mill. kroner
- Høgskolesenteret i Kristiansund: 8,5 mill. kroner
- Universitets- og høgskolerådet for arbeidet i Nasjonalt råd for lærarutdanning med retningslinjer for lærarutdanningane: 4 mill. kroner
- Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning for Kandidatundersøkinga: 2,7 mill. kroner
- NLA Høgskolen for finansiering av forkurs i matematikk for opptak til lærarutdanning og arbeidet med partnerskapar i grunnskulelærarutdanninga: 2,4 mill. kroner
- Universitets- og høgskolerådet for å styrke arbeidet med IKT-tryggleik og praksis i ingeniørutdanninga: 2 mill. kroner

- Association of Norwegian Students Abroad (ANSA) for å styrke arbeidet med informasjon om studium i Tyskland: 1 mill. kroner

Høgskolesenteret i Kristiansund la til rette for studietilbod gitt av Høgskolen i Molde og for første gong også av Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning.

Universitets- og høgskolerådet har fastsett nasjonale retningslinjer for alle dei åtte lærarutdanningane og held fram arbeidet med å utvikle retningslinjene vidare. Arbeidet skjer i nært samspel med yrkesfeltet. Kvart år blir det arrangert ein nasjonal konferanse om retningslinjearbeidet for alle lærarutdanningane.

DBH og Kandidatundersøkinga gir eit viktig informasjonsgrunnlag om høgare utdanning som er til hjelp for både styresmakter og lærestadar i arbeidet med å heve kvaliteten i sektoren.

Post 78 Tilskot til Universitets- og høgskolerådet

Sjå kap. 275, post 70 for mål og budsjettforslag for 2021.

Resultat i 2019

Universitets- og høgskolerådet (UHR) samordnar universitet og høgskular. I 2019 har UHR bidrege med innspel til pågåande arbeid i Kunnskapsdepartementet om stortingsmeldingar og med innspel og høyringsfråsegner mellom anna om ny lov for universitet og høgskular, kommersialisering av forskingsresultat, publiseringssindikatoren i lys av Plan S, kjønnsforskjellar i skulen (Stoltenbergutvalet) og til handlingsplanen for digitalisering i høgare utdanning til Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning.

Kap. 284 Dei nasjonale forskningsetiske komiteane

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	19 508	19 303	19 392
	Sum kap. 0284	19 508	19 303	19 392

Post 01 Driftsutgifter

Dei nasjonale forskningsetiske komiteane (FEK) er eit forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet. Løyvinga dekkjer arbeidet i administrasjonen, Granskingsutvalet og dei tre nasjonale forskningsetiske komiteane for høvesvis medisin og helsefag, samfunnsvitenskap og humaniora, og naturvitenskap og teknologi. Oppgåvene er fastsette i forskningsetikklova, som også slår fast at komiteane og utvala er fagleg uavhengige organ.

Mål for 2021

Det overordna samfunns målet med FEK er etisk god og ansvarleg forskning. Måla med verksemda er

- at forskarar og forskingsinstitusjonar fremjar etisk god og ansvarleg forskning
- at andre aktørar tek omsyn til forskningsetikk i arbeidet sitt
- at samfunnet har tillit til forskning

Resultat i 2019

FEK stod i 2019 bak ei rekke aktivitetar som gjer forskingsinstitusjonane betre i stand til å fremje god og ansvarleg forskning. FEK har gjort ferdig fleire retningslinjer og utgitt rettleiarar om forskningsetisk arbeid, rådgivande fråsegner og fleire publikasjonar av ulik art. Det har òg vore arrangert fleire konferansar, møte og foredrag retta mot ulike målgrupper som blir godt tekne imot av deltakarane. I opplæringsaktivitetar og rådgivingsverksemda er det lagt vekt på å ruste forskingsinstitusjonane til å vareta det forskningsetiske ansvaret sitt. FEK tek imot fleire førespurnader frå andre enn forskingsmiljø, noko som kan tyde på auka medvit om forskningsetiske normer i samfunnet generelt.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 19,4 mill. kroner på posten.

Kap. 285 Noregs forskingsråd

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
52	Langsiktig, grunnleggande forskning	1 699 644	1 810 078	1 768 581
53	Sektoroverskridande og strategiske satsingar	1 634 642	1 408 881	1 895 400
54	Forskningsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse	751 245	791 409	790 086
55	Verksemdskostnader	771 043	783 617	800 883
	Sum kap. 0285	4 856 574	4 793 985	5 254 950

Noregs forskingsråd er ein sentral aktør i det norske forskings- og innovasjonssystemet og eit viktig verkemiddel for å nå dei forskingspolitiske måla til regjeringa. Sjå post 55 for omtale av mål.

I tråd med sektorprinsippet for norsk forskning, som inneber at kvart departement har ansvar for å finansiere forskning innanfor sine ansvarsområde, bidreg løyvingar frå mange departement til å nå dei måla regjeringa har sett for forskingspolitikken. Ei oversikt over dei største tildelingane til Forskningsrådet frå andre departement i 2020 og 2021 er presentert i del III, kap. 5.

Kunnskapsdepartementet har ansvaret for etatsstyringa av Forskningsrådet og for at rådet når

dei måla som er sette for verksemda. Eit felles styringssystem for Forskningsrådet samordnar styringssignala frå departementa til Forskningsrådet.

I tillegg til midlane over kap. 285 får Forskningsrådet løyvingar over følgjande andre kapittel og postar på Kunnskapsdepartementets budsjett:

- kap. 201, post 21 (utdanningsforskning og forskning på forskings- og innovasjonspolitik)k)
- kap. 226, post 71 (tilskot til vitensenter)
- kap. 287, post 57 (grunnløyving til dei samfunnsvitenskaplege institutta)
- kap. 288, post 21 (oppfølging av internasjonalt samarbeid)
- kap. 291, post 50 (forskning på velferd, arbeidsliv og migrasjon)

Sjå dei respektive postane for nærare omtale av desse løyvingane.

Nokre av løyvingane til Forskingsrådet er øyremerkte tilskot til institusjonane i tabell 4.26.

Tabell 4.26 Øyremerkte tilskot gjennom Noregs forskingsråd

Organisasjon	(i 1 000 kr)	
	Kap.post	Forslag 2021
Sars internasjonale senter for marin molekylærbiologi ved Universitetet i Bergen	285.52	19 500
Simula AS	285.52	78 180
NSD – Norsk senter for forskingsdata AS	285.54	13 660
Uninett Sigma2 AS ¹	285.54	50 000

¹ Løyvinga til Uninett Sigma 2 er ei snittløyving for den komande avtaleperioden.

Post 52 Langsiktig, grunnleggande forskning

Kunnskapsdepartementet har eit særskilt ansvar for å finansiere forskning som ikkje er øyremerkt særskilde tema eller formål. Løyvinga over kap. 285, post 52 skal finansiere langsiktig, grunnleggande forskning, bidra til å betre den vitskaplege kvaliteten i forskingsmiljø eller på einskilde forskingsområde og bidra til å utvikle fagmiljø av framifrå kvalitet.

Løyvinga finansierer mellom anna Fri prosjektstøtte (FRIPRO), ordninga med senter for framifrå forskning (SFF), løyvingar til grunnforskningsprogram og strategisk institusjonsstøtte.

Mål for 2021

Langsiktig, grunnleggande forskning av høg kvalitet, uavhengig av fagområde.

Resultat i 2019

Løyvinga har blitt brukt til å støtte forskning av topp vitskapleg kvalitet, uavhengig av fag og tema. Stor konkurranse om midlane sikrar høg kvalitet. Sjølv om det har vore stor realvekst i løyvingane til langsiktig grunnleggande forskning i dei siste åra, har ikkje dette redusert konkurransen om midlar.

Dei målretta verkemidla for auka vitskapleg kvalitet, slik som FRIPRO og SFF, har blitt styrkte og vidareutvikla i dei siste åra.

FRIPRO har bidrege til å gi dei beste forskarane i alle fag gode høve til å drive framifrå forskning og utvikle forskarkarrieren sin. Ein analyse som er utført av Norsk regnesentral, viser at

forskarar som får støtte frå FRIPRO, gjennomgåande publiserer meir, og at artiklane deira blir meir siterte enn artiklar frå forskarar som har søkt FRIPRO og ikkje fått støtte. Det er positivt at porteføljeomlegginga i Forskingsrådet har ført til tildeling til fleire søknader av høg kvalitet. Gjennom vidare arbeid med omlegging frå program til breiare porteføljar arbeider Forskingsrådet for at fleire prosjektsøknader som oppnår toppkarakter, blir innvilga.

SFF-ordninga bidreg til at dei beste forskingsmiljøa får betre og meir føreseielege rammer. Ordninga blei evaluert våren 2020, og komiteen konkluderer med at ho bidreg mykje til å auke vitskapleg kvalitet i norsk forskning. Vitskaplege publikasjonar frå sentera blir mykje siterte, forskarar som er knytte til sentera, lykkast òg på andre konkurransearenaer, og dei skaffar seg supplerande ekstern finansiering frå Forskingsrådet, EU eller andre kjelder. Evalueringskomiteen tilrår at ordninga blir vidareført som ein open arena, for at ein framleis kan sikre utvikling og føreseielege rammer for framifrå forskingsmiljø.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 1 768,6 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår å flytte 5,2 mill. kroner til kap. 273, post 50 for å samle midlane til støtteordninga for opne norskspråklege tidsskrift innanfor humaniora og samfunnsvitskap. Sjå omtale under kap. 273, post 50.

Regjeringa foreslår å avvikle gåveforsterkingsordninga og foreslår som følge av dette å redusere løyvinga på posten med 30 mill. kroner.

Post 53 Sektoroverskridande og strategiske satsingar

I rapporten frå områdegjennomgangen av Forskingsrådet blei det foreslått å reindyrke denne posten som ein finansieringsmekanisme som skal vareta endringsbehov, sektoroverskridande område og lange tidsperspektiv i forskningssystemet. Regjeringa har konkludert med at løyvinga på denne posten skal fordelast i tråd med følgande prinsipp:

- bidra til oppfølging av regjeringas forskingspolitiske prioriteringar i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning
- gi fleksibilitet til å gjennomføre langsiktige endringar i forskningssystemet. Midlar på posten kan til dømes verke saman med satsingar frå andre departement i ein startfase. Posten skal verke mobiliserande, ikkje kompenserte
- støtte og bygge opp forskning av høg vitenskapleg kvalitet og forskning med høg relevans

Mål for 2021

Sektoroverskridande forskning av høg kvalitet og forskning med høg relevans som bidreg til å følge opp prioriteringane i langtidsplanen og til å gjennomføre langsiktige endringar i forskningssystemet.

Resultat i 2019

Kunnskapsdepartementets koordinerte rolle i forskingspolitikken og ansvaret for forskningssystemet inneber at departementet bidreg med finansiering i ein stor del av Forskingsrådets program- og aktivitetsportefølje og dekkjer eit breitt spekter av tema.

Midlane på posten skal sørge for ei god oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, med tiltak mellom anna innanfor klima, miljø og miljøvennleg energi, hav, teknologiar, samfunnstryggleik og samhøyr, og betre og meir effektive offentlege tenester.

Midlane bidreg til å bygge opp forskingskapasitet på viktige område og støtte opp om sektoroverskridande forskning av høg kvalitet.

Forskingsrådet har eit mål om å auke humaniora sin del av rådets samla løyvingar til 5 pst. innan 2021. Det er lagt godt til rette for dette innanfor dei sektoroverskridande satsingane. For å kunne nå dette ambisiøse målet er Forskingsrådet i tillegg avhengig av gode søknader frå humanioramiljøa.

Løyvinga på posten finansierer òg stimuleringsordningar som skal bidra til å auke norsk del-

taking i Horisont 2020. I perioden 2015–18 prioriterte regjeringa slike tiltak med ein auke på 400 mill. kroner gjennom langtidsplanen, og som følge av strategien for forskings- og innovasjonssamarbeid med EU. Midlane er disponerte til ei rekke ulike tiltak, i hovudsak i Forskingsrådet, men òg i Innovasjon Noreg. Technopolis har evaluert dei to største ordningane, PES2020 og STIM-EU, og påvist at dei har effekt. I 2019 og 2020 blei det innført ei prøveordning med differensierte støttesatsar til forskingsinstitutta med låg prosentdel grunnfinansiering for å auke deira deltaking. Det er grunn til å tru at opptrappinga og innrettinga av stimuleringsordningane har spela ei viktig rolle for at vi ser auka norsk deltaking i Horisont 2020 til over 2 pst. av dei konkurranseutsette midla.

Andre sentrale satsingar som har fått finansiering over denne posten, er senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) og forskingssenter for miljøvennleg energi (FME). SFI-ane bidreg til å fremje utvikling av næringsretta forskingsmiljø som ligg i den internasjonale forskingsfronten. Sentera legg godt til rette for eit nært samarbeid mellom bedrifter og forskingsgrupper. Dette gir auka næringsrelevant kompetanse i FoU-miljøa og auka FoU-kompetanse i næringslivet.

Størsteparten av dei konkurranseutsette midlane til polarforskning blir òg finansiert over denne posten. Satsinga bidreg til å styrke Noregs rolle som polarforskningsnasjon, der Noreg er femte største nasjon målt i talet på vitenskaplege artiklar. Polarforskninga gir viktige bidrag til dei langsiktige prioriteringane i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, med særskilt vekt på klima, miljø og miljøvennleg energi og samfunnstryggleik.

Den siste innovasjonsundersøkinga frå OECD og EU har peikt på at forskning frå norske forskingsinstitusjonar har resultert i lite patentering og nyskaping og låg ekstern næringslivsfinansiering. Menons rapport *Insentiver for kommersialisering av forskning* og Kapitaltilgangsutvalets rapport frå 2019 peikar òg på denne trenden, og foreslår tiltak. Nærings- og fiskeridepartementet og Kunnskapsdepartementet har gjennom 2019 og 2020 sett på korleis det er mogleg å styrke kommersialisering av offentleg finansiert forskning, og vil samarbeide med andre relevante departement i det vidare arbeidet. TTO-anes rolle, insentiv og verkemiddel som støtter opp om kommersialiseringsaktivitetar (herunder FORNY), er sentrale element. Departementa og Forskingsrådet er i dialog om utviklinga av verkemidla på dette området, mellom anna gjeld dette utviklinga av FORNY. Målet er å auke kommersialiseringa av offentleg finansiert forskning.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 1 895,4 mill. kroner på posten.

Departementet foreslår å auke løyvinga til grunnleggande teknologiforskning med vekt på IKT med 62,5 mill. kroner. Tiltaket er ei oppfølging av opptrappingsplanen Teknologiløft i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning.

Departementet foreslår å løyve 20 mill. kroner til å styrke verkemidla for kommersialisering av forskning. Departementet foreslår vidare at 10,1 mill. kroner av løyvinga skal nyttast til heilårseffekten av dei 22 nærings-ph.d.-stillingane som Stortinget løyvde midlar til i 2020. Tiltaka følger opp opptrappingsplanen FoU for fornying og omsjilling i næringslivet i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning. Noregs forskingsråd skal i 2021 vidareføre prosessen med utviklinga av mellom anna FORNY-programmet, i samsvar med signala frå Nærings- og fiskeridepartementet og Kunnskapsdepartementet. Målet er auka kommersialisering frå forskning, og auka verdiskaping.

Departementet foreslår at 8,2 mill. kroner av løyvinga skal nyttast til heilårseffekten av fjorårets løyving til doktorgradsutdanning i IKT-tryggleik og kryptologi for personar som kan få tryggingssklarering, helst gjennom ordningane for nærings-ph.d. og offentleg sektor-ph.d.

Departementet foreslår å trekke ut 10 mill. kroner som ein eittårig reduksjon i 2021 for å redusere avsetningane på posten. Den eittårige reduksjonen i løyvinga skal ikkje føre til redusert aktivitet, og midlane vil bli førte tilbake til posten i 2022. Midlane skal nyttast til å utvikle eit nasjonalt kunnskapsarkiv. Sjå omtale under kap. 273, post 50.

400 mill. kroner av auken på posten skriv seg frå at den eittårige reduksjonen i løyvingane frå 2020 er ført tilbake.

Post 54 Forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse

Mål for 2021

Relevant og oppdatert forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse som understøttar forskning av høg kvalitet for eit innovativt og berekraftig samfunn.

Resultat i 2019

Oppdatert vitenskapleg utstyr og forskingsinfrastruktur er avgjerande for å utvikle forskings- og utdanningsmiljø av høg kvalitet. Gjennom den

nasjonale ordninga for forskingsinfrastruktur har Forskringsrådet til saman tildelt om lag 6 mrd. kroner sidan ordninga starta i 2009. I 2019 skreiv Forskringsrådet kontrakt om i alt 16 nye infrastrukturprosjekt. Prosjekta hadde ei samla ramme på om lag 1 mrd. kroner.

Prosjekta som blir finansierte gjennom infrastrukturordninga, skal ha brei nasjonal interesse. Infrastrukturane skal finnast éin eller nokre få stadar i landet og gjerast tilgjengelege for relevante forskingsmiljø og næringar. Infrastrukturane skal kunne nyttast til forskning av høg internasjonal kvalitet. Av prosjekta som har fått støtte dei seinare åra, er det fleire døme på dette. Eit eksempel er forskingsinfrastrukturen som ligg til grunn for den norske jordsystemmodellen, som koplar saman data om atmosfære, hav, land, havis, biogeokjemi og anna for å estimere klima under ei lang rekke tilhøve. Jordsystemmodellen blir nytta av nesten 50 nasjonale og internasjonale forskingsprosjekt og leverer mellom anna klimascenario til FNs internasjonale klimapanel.

Finansiering av norsk deltaking i internasjonale forskingsinfrastrukturar bidreg til å utvikle nye relasjonar, nettverk og internasjonalt forskningssamarbeid som aukar den norske deltakinga i søknader til EUs rammeprogram. Forskringsrådet har i 2019 representert Noreg i 18 internasjonale forskingsinfrastrukturar.

Det er aukande behov for reknekraft for å behandle data som blir nytta i forskning. Gjennom forskingsinfrastrukturordninga finansierer Forskringsrådet elektronisk infrastruktur som mellom anna tungreknemaskinar. I 2019 vedtok Forskringsrådet ei monaleg oppgradering av infrastruktur for tungrekning og datalagring ved Uninett Sigma2. Betre tilgang til forskingsdata gir auka kvalitet i forskinga og legg til rette for meir tverrfagleg forskning.

Kunnskapsdepartementet vurderer at måloppnåinga for løyvinga er god.

Budsjettforslag for 2021

Midlane på posten skal gå til å finansiere Forskringsrådets ordning Nasjonal satsing på infrastruktur. I tillegg skal løyvinga finansiere følgjande særskilde formål:

- norsk bidrag til dei internasjonale infrastrukturprosjekta CESSDA ERIC, Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System og European Spallation Source
- basisløyvingane til Norsk senter for forskingsdata og Uninett Sigma2 AS

Departementet foreslår å løyve 790 mill. kroner på posten.

Post 55 Verksemdskostnader

Løyvinga omfattar midlar til drift av Forskingsrådet, det vil seie alle løyvingar som ikkje går til FoU. Utgifter til utlysning av forskingsmidlar, evaluering av søknader, utvikling av porteføljeplanar og så vidare blir i hovudsak finansierte over denne posten. Det same gjeld utgifter til Forskingsrådets arbeid med rådgiving, møteplassfunksjon og særskild tenesteyting for alle departementa som løyver forskingsmidlar gjennom Forskingsrådet. Nasjonale fag-, tema- og institusjons-evalueringar blir finansierte gjennom FoU-løyvingane frå det einskilde departementet.

Mål for 2021

Regjeringa har sett fem mål for verksemda til Forskingsrådet. Måla er

- auka vitskapleg kvalitet
- auka verdiskaping i næringslivet
- å møte store samfunnsutfordringar
- eit velfungerande forskingssystem
- god rådgiving

Løyvingane på posten skal sikre at Forskingsrådet når dei fem måla som er sette for rådet.

Resultat i 2019

Forskingsrådet forvalta i 2019 nær 10,5 mrd. kroner frå departementa og tok imot rundt 6000 søknader om prosjektmidlar. Løyvinga på posten skal mellom anna dekke vurdering av forskingssøknadene av internasjonale fagfellar og oppfølging av forskingsprosjekta. Dette bidreg til å sikre at forskingsprosjekta som blir finansierte, har høg kvalitet. Brei involvering av aktørar og samfunnsinteresser sikrar at verkemidla til Forskingsrådet fungerer for brukarane, og at det blir finansiert forskning på problemstillingar der samfunnet har behov for kunnskap, og som er i tråd med forskingspolitiske prioriteringar. Det er høg vitskapleg kvalitet i prosjekta som Forskingsrådet finansierer, og støtta til næringslivet utløyser forskingsbasert innovasjon og gir auka verdiskaping.

Forskingsrådets arbeid med forskingsinfrastruktur, internasjonalisering av forskning, og mobilisering og kvalifisering av norske aktørar til deltaking i Horisont 2020, bidreg til at Noreg har eit godt fungerande forskingssystem. Forskingsrådet har eit omfattande apparat for nasjonale kon-

taktpersonar som driv mobilisering til Horisont 2020 – EUs rammeprogram for forskning og innovasjon. Dette apparatet har vore viktig for å auke den norske deltakinga i Horisont 2020.

Forskingsrådet har i 2019 effektivisert arbeidsprosessane og sett i verk tiltak for å forenkle og automatisere prosessar for å redusere kostnader og tidsbruk. Det har mellom anna omfatta omstrukturering av styresystem, søknadssystem, intern omorganisering og IT-systemutvikling. Porteføljestyling som verktøy for å velje og prioritere mellom prosjekt skal sikre at dei beste prosjekta får finansiering. Forskingsrådet har òg arbeidd systematisk med å betre rådgivinga som er retta mot departementa, slik at forskingspolitikken kan utøvast på eit godt og kunnskapsbasert grunnlag. Forskingsrådet gjer òg eit omfattande arbeid med sikte på å utvikle forskingspolitikk og spreie forskingsresultat, og med formidling og kommunikasjon.

Forskingsrådets rekneskapsmessige avsetningar var på om lag 3,1 mrd. kroner i 2019. Det er eit høgt nivå på avsetningane. Porteføljestyling, samordna utlysingsplanar og langtidbudsjettering er sentrale tiltak for å redusere avsetningane i Forskingsrådet over tid. Det er òg viktig at departementa styrer meir overordna for å unngå oppbygging av avsetningar i Forskingsrådet.

Kunnskapsdepartementet vil likevel understreke at det er naturleg at Noregs forskingsråd overfører nokre midlar frå eitt budsjettår til eitt anna. Den viktigaste oppgåva til rådet er å fordele forskingsmidlar til forskingsprosjekt etter nasjonal konkurranse og slik sørge for kvalitet og relevans i den forskinga som blir finansiert. Å setje i gang nye prioriteringar og forskingssatsingar krev god planlegging og stiller strenge krav til kvalitetssikring og oppfølging, noko som tek tid. Det kan òg vere forseinkingar i forskingsmiljøa som gjer at midlane ikkje blir tildelte frå Forskingsrådet. I til dømes store infrastrukturprosjekt tek det tid frå kontraktane er inngåtte, til midlane blir betalte ut, fordi kostbart vitskapleg utstyr må bestillast gjennom eigne anbodskonkurransar. Forskingsrådet har fått tildelt meir midlar i 2020 som følge av pandemien. Desse midlane vil i hovudsak bli utbetalte i seinare år, og det er derfor venta at avsetningane vil stige framover.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 800,9 mill. kroner på posten.

I samband med at Noregs forskingsråd har vore sekretariat for strategiproessane *Prosess21*

og BarnUnge21, har midlar til denne verksemda tidlegare vore mellombels rammeoverført frå dei ansvarlege departementa. Departementet foreslår å føre tilbake 1,3 mill. kroner til Nærings- og fiskeridepartementet og 0,9 mill. kroner til Barne- og

familiedepartementet i 2021. Departementet foreslår òg å føre tilbake 1,5 mill. kroner til Nærings- og fiskeridepartementet for lønnsmidlar for ei stilling som mellombels var flytta til Noregs forskingsråd.

Kap. 286 Regionale forskingsfond

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
60	Regionale forskingsfond, tilskot til forskning		189 119	194 982
	Sum kap. 0286		189 119	194 982

Post 60 Regionale forskingsfond, tilskot til forskning

Dei regionale forskingsfonda skal styrke forskningsevna i regionane gjennom tilskot til forskning og innovasjon og gjennom mobilisering til auka FoU-innsats.

Sjå kap. 287, post 60 for resultatrapportering for 2019.

Mål for 2021

Dei regionale forskingsfonda skal styrke forskning for regional innovasjon og utvikling gjennom å

medverke til at bedrifter og offentlege verksemdar oppnår auka kompetanse, innovasjonsevne og verdiskaping. Fonda skal vidare mobilisere bedrifter og offentlege verksemdar til å delta i nasjonal og internasjonal forskning.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 195 mill. kroner på posten.

Tabell 4.27 Fordeling av midlane til regionale forskingsfond i 2021

		(i 1 000 kr)
Fylkeskommune		Beløp
Agder		14 345
Innlandet		15 230
Møre og Romsdal		13 765
Nordland		18 308
Oslo		19 676
Rogaland		16 728
Troms og Finnmark		18 337
Trøndelag		16 574
Vestfold og Telemark		15 893
Vestland		18 890
Viken		27 236
Totalt		194 982

Kap. 287 Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 71</i>	7 242		
53	NUPI	2 510		
56	Holbergprisen	16 803		
57	Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt	217 444	218 120	223 974
60	Regionale forskingsfond, tilskot til forskning	183 255		
71	Tilskot til andre private institusjonar	48 648		
73	Niels Henrik Abels matematikkpris	9 783		
	Sum kap. 0287	485 685	218 120	223 974

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 71

Løyvinga på posten blei flytta til kap. 275, post 21 i statsbudsjettet for 2020.

Resultat i 2019

I 2019 blei det gjennomført fleire utgreiingar og analysar som grunnlag for utviklinga av forskingspolitikken. På oppdrag frå departementet gjennomførte Samfunnsøkonomisk analyse ei evaluering av Noregs deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon (sjå kap. 288, post 73). Departementet tildelte vidare 1,3 mill. kroner til Unit for utgreiingar knytte til open forskning, og 1 mill. kroner til Forskningsrådet for å styrke arbeidet med statistikk og indikatorar om det norske forskings- og innovasjonssystemet (Indikatorrapporten). Løyvinga finansierte òg arrangement i samband med dei vitskaplege prisane til regjeringa, som bidrog til å auke merksemda kring forskning.

Post 53 NUPI

Sjå kap. 275, post 21 for budsjettforslag for 2021.

Resultat i 2019

Nettstaden og nyhendebrevet *Hvor hender det?* er den viktigaste kanalen til NUPI for å nå ut til ung-

dom med informasjon om internasjonal politikk, og er retta mot elevar i vidaregåande skule. Interessa for nyhendebrevet auka i 2019. I tillegg vitja over 20 skuleklassar NUPI.

NUPI har òg arrangert ei stor mengde seminar og konferansar, og mange av dei blir òg filma og direktestrøymde, og det var ein liten auke i visningane i 2019. Forskarane ved NUPI har vore mykje nytta som kjelder og kommentatorar i norske og utanlandske medium.

Post 56 Holbergprisen

Sjå kap. 289, post 51 for mål og budsjettforslag for 2021.

Resultat i 2019

I 2019 fekk professor Paul Gilroy ved King's College London Holbergprisen for forskinga si innanfor kulturvitskap, kritisk raseteori, litteraturvitskap og tilknytte fagfelt. Prisen er på 6 mill. kroner. I samband med Holbergprisen blir òg Nils Klim-prisen delt ut. Nils Klim-prisen er ein pris som skal gå til framifrå yngre nordiske forskarar innanfor dei same fagfelte som Holbergprisen. I 2019 gjekk prisen til førsteamanuensis Finnur Dellsén ved Islands universitet for forskning innanfor sannkjenningsteori og vitskapsfilosofi. Prisen er på 500 000 kroner.

I tillegg til å dekke prisbeløpet til vinnarane blir løyvinga nytta til ulike arrangement i samband

med priskomitearbeidet og prisutdelinga og til aktivitetar som skal auke interessa for fagfelte blant barn og unge og i samfunnet elles. Holbergprisen i skulen er ein nasjonal forskarkonkurranse for elevar i vidaregåande skule. Kvart år deltek 20 skular med rundt 850 elevar frå heile landet. I 2019 var det elevar ved Oslo by steinerskole som vann Holbergprisen i skulen.

Post 57 Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt

Dei samfunnsvitskaplege forskingsinstitutta driv i hovudsak forskning på felte arbeidsliv, energi og miljø, globale utviklingsutfordringar, helse, migrasjon, offentleg økonomi, regional utvikling, sosialpolitikk, utanriks- og tryggingpolitikk, utdanning og innovasjon, og velferd. Alle institutta har ein tverrfagleg profil.

Mål for 2021

Målet med løyvinga er at Noreg skal ha ein sterk samfunnsvitskapleg instituttsektor som tilbyr

næringsliv og offentleg sektor relevant kompetanse og forskningstenester av høg internasjonal kvalitet.

Resultat i 2019

Forskingsinstituttet Norut gjekk i 2019 inn i NORCE. Driftsinntektene til dei 18 samfunnsvitskaplege institutta var i 2019 på om lag 1,5 mrd. kroner, nær 100 mill. kroner høgare enn i kvart av dei tre føregåande åra. Nasjonale bidragsinntekter var den største inntektskjelda. Den statlege grunnløyvinga utgjorde i gjennomsnitt 15 pst. for desse institutta. I dei samfunnsvitskaplege institutta blei det utført 754 forskarårsverk i 2019, og kvinner stod for halvparten av årsverka. Dei utanrikspolitiske institutta og Institutt for samfunnsforskning hadde høgast publisering per forskarårsverk i 2019, medan dei regionale institutta kom svakast ut.

Tabell 4.28 Basisløyvinga til dei samfunnsvitskaplege institutta

	(i 1 000 kr)	
	Basisløyving 2019	Pst. endring 2017–19
Chr. Michelsens Institutt (CMI)	18,0	14
FAFO	22,6	17
Fridtjof Nansens Institutt (FNI)	8,5	5
Frischsenteret	3,3	26
Institutt for fredsforskning (PRIO)	21,2	18
Institutt for samfunnsforskning (ISF)	12,5	13
Møreforskning	7,1	22
NORCE ¹	32,9	18
Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU)	16,6	15
Nordlandsforskning	5,1	8
NTNU Samfunnsforskning	12,5	25
Norsk utenrikspolitisk institutt (NUPI)	17,0	7
NORSUS Norsk institutt for bærekraftsforskning ²	5,1	24
Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF)	7,9	6
SINTEF AS, samfunnsvitskapleg del	20,4	29
Telemarksforskning	6,2	29
Trøndelag Forskning og Utvikling	3,6	14
Vestlandsforskning	4,8	16
Totalsum	225,3	

¹ Agderforskning, IRIS og UNI Research gjekk inn i NORCE i 2018 og Norut i 2019. Tala for NORCE omfattar dei tidlegare institutta.

² Østfoldforskning skifta 8. juni 2020 namn til Norsk institutt for bærekraftsforskning (NORSUS).

Kjelde: Noregs forskingsråd

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 224 mill. kroner på posten. I tillegg kjem grunnløyvinga til Chr. Michelsens Institutt på 19,1 mill. kroner. Denne løyvinga blir gitt over kap. 161, post 71 på budsjettet til Utanriksdepartementet. 5 mill. kroner av løyvinga på posten gjeld Norsk senter for berekraftig klimatilpassing (Nordapt) i Sogndal.

10 pst. av grunnløyvinga til dei samfunnsvitskaplege institutta skal fordelast mellom institutta etter oppnådde resultat på dei indikatorane som er fastsette i retningslinjene for grunn-

løyving til forskingsinstitutt og forskingskonsern.

Forskingsrådet har anbefalt at Kunnskapsdepartementet tek Trøndelag Forskning og Utvikling (TFoU) ut av ordninga med statleg grunnløyving frå 2019. Grunnen er at instituttet ikkje tilfredsstillar krava for å få løyving. Departementet har sidan våren 2019 vore i kontakt og hatt dialog med TFoU for å finne ei løysing slik at instituttet framleis skal kunne ta imot grunnløyving. For å styrke den faglege verksemda ved instituttet arbeider TFoU derfor med å fusjonere med ein annan forskingsinstitusjon. Dersom arbeidet fører fram til fusjon innan fristen departementet har sett

til 1. januar 2021, vil grunnløyvinga for 2020 kunne utbetalast. Departementet foreslår i så fall at eit beløp tilsvarende grunnløyvinga til TFoU for 2020 kan takast inn i det samanslåtte instituttet i 2021.

Institutta skal nytte grunnløyvinga til langsiktig kunnskaps- og kompetansebygging. Løyvinga skal vidare stimulere den vitenskaplege kvaliteten til institutta, brukarrelevans, internasjonalisering og samarbeid. Innanfor desse rammene avgjer institutta sjølve bruken av basisløyvinga.

Post 60 Regionale forskingsfond, tilskot til forskning

Tilskotsmidlane til dei regionale forskingsfonda (RFF) har sidan fondsordninga blei oppretta i 2009, vore fordelte på sju forskingsfond. Som ein del av regionreforma fekk kvar fylkeskommune i 2020 sitt eige forskingsfond, og dei gjer sjølve vedtak om utlysingar og tildelingar av midlar til forskingsprosjekt.

Sjå kap. 286, post 60 for mål og budsjettforslag for 2021.

Resultat i 2019

Dei regionale fonda tildelte 81 mill. kroner til bedriftsprosjekt i 2019. Om lag 20 mill. kroner gjekk til kvalifiseringsprosjekt, og 55 mill. kroner gjekk til prosjekt i offentleg sektor. Næringslivet var med nær 60 pst. også i 2019 største mottakar av fondsmidlane. RFF Hovudstaden tildelte til dømes nesten alle midlane sine til prosjekt i det offentlege, medan RFF Midt-Noreg ikkje tildelte midlar til prosjekt i offentleg sektor. Forklaringa er at FoU-behov og FoU-prioriteringane varierer mellom fondsregionane, og tildelingane speglar dette. Den aller største delen av midlane frå fonda gjekk i 2018 til dei tematiske områda miljø, klima og fornybar energi. Prosjekt finansierte med midlar frå forskingsfonda stod for 80 vitenskaplege publiseringar i 2019 og for 382 ferdige eller forbe- tra produkt, prosessar eller tenester.

Post 71 Tilskot til andre private institusjonar

Løyvinga blei i hovudsak flytta til kap. 275, post 70 i statsbudsjettet for 2020. Midlane til Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA) til arrangement i samband med Kavliprisen blei flytta til nytt kap. 289, post 72. Sjå desse postane for budsjettforslag 2021.

Resultat i 2019

Tilskot har blitt gitt til:

- Senter for grunnforskning (CAS): 21,7 mill. kroner
- Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA): 20,3 mill. kroner
- Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab (DKNVS): 3,2 mill. kroner
- Akademiet for yngre forskere: 2,2 mill. kroner
- Egede Instituttet: 0,4 mill. kroner
- Forskningsinstituttene fellesarena (FFA): 0,6 mill. kroner
- Centre International de Mathématiques Pures et Appliquées (CIMPA): 0,3 mill. kroner

Rapporteringa for 2019 viser at alle institusjonane har halde fram med den faglege verksemda på ein tilfredsstillande måte.

Tilskotet til DNVA i 2019 omfatta òg midlar til arrangement i samband med Kavliprisen. Kavliprisen er eit samarbeid mellom DNVA, Kavli Foundation og Kunnskapsdepartementet. Kavliprisen blir delt ut annakvart år for framifrå vitenskapleg arbeid innanfor fagfelte astrofysikk, nanovitskap og nevrovitskap. I 2019 blei ikkje prisen delt ut, men det blei gjennomført fleire internasjonale arrangement for å auke merksemda om prisen og stimulere til internasjonalt samarbeid, mellom anna i samarbeid med Europakommisjonen og Det europeiske forskingsrådet.

Post 73 Niels Henrik Abels matematikkpris

Sjå kap. 289, post 71 for mål og budsjettforslag for 2021.

Resultat i 2019

I 2019 blei Abelprisen delt ut til Karen Keskulla Uhlenbeck, University of Texas, for hennar nybrottsarbeid innanfor geometriske partielle differensiallikningar, gaugeteori og integrerbare system, og for den store innverknaden arbeidet hennar har hatt på analyse, geometri og matematisk fysikk. Abelprisen blir delt ut årleg av Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA). Løyvinga dekkjer prisbeløpet på 7,5 mill. kroner og fleire arrangement i samband med prisutdelinga og priskomitearbeidet. Gjennom Abelprisen finansierer DNVA ei rekke tiltak som skal stimulere interessa for matematikk blant barn og unge. I 2019 nådde dei ei brei målgruppe frå grunnskule til vidaregåande skule og lærarar, gjennom støtte til mellom anna vitensenter og frivillige studentor-

ganisasjonar. I tillegg støtter DNVA Abelkonkurransen for elevar i vidaregåande skule, Unge Abel lagkonkurransen for ungdomstrinnet, og Holmboe-

prisen, som årleg blir delt ut til éin eller fleire matematikklærarar.

Kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
21	Særskilde driftsutgifter	122 106	141 073	49 436
72	Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	302 791	288 845	327 390
73	EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, <i>kan overførast</i>	2 446 318	2 390 128	2 529 593
74	EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett		646 902	827 055
75	UNESCO-kontingent	20 647	24 944	24 303
76	UNESCO-formål	4 002	4 109	4 240
	Sum kap. 0288	2 895 864	3 496 001	3 762 017

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga går til internasjonalt samarbeid for å heve kvaliteten nasjonalt innanfor ansvarsområda til departementet, inkludert bilateralt samarbeid med prioriterte land. Løyvinga dekkjer kontingenten til Senter for utdanningsforskning (CERI) under OECD. Mindre delar vil òg kunne nyttast til Noregs hus i Cité Internationale Universitaire de Paris (CIUP), prosjekt i regi av Europarådet og UNESCO og støtte til Tysk-norsk ungdomsforum.

Mål for 2021

Noreg deltek aktivt i internasjonalt samarbeid innanfor utdanning, forskning og integrering, og det er gode koplingar mellom forskning og høgare utdanning i arbeidet.

Resultat i 2019

Hovuddelen av løyvinga har i 2019 vore nytta til samarbeidsprogramma NORPART, UTFORSK og INTPART.

Norsk partnerskapsprogram for globalt akademisk samarbeid (NORPART) støttar akademisk samarbeid og gjensidig studentmobilitet mellom høgare utdanningsinstitusjonar i Noreg og utviklingsland i Søraust-Asia, Afrika og Latin-Amerika. NORPART bidreg til utvikling av nye kurs og stu-

dieprogram, og partnerinstitusjonane samarbeider om å heve kvaliteten på eksisterande studietilbod. Programmet har per 2019 gitt tilskot til 46 prosjekt. Prosjekta har så langt nådd om lag ein tredel av total planlagt studentmobilitet til Noreg for perioden 2017–21. Det er stor variasjon mellom prosjekta, og nokre har redusert måltala sine som følge av utfordringar med rekruttering og praktisk organisering.

UTFORSK og INTPART er hovudtiltaka for å følge opp regjeringas strategi *Panorama – strategi for høgere utdannings- og forskningsamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika (2016–2020)*.

UTFORSK bidreg i stor grad til auka studentmobilitet, både til og frå samarbeidslanda. Mobiliteten er i hovudsak av kortare varigheit og skjer ofte i samband med forskningsaktivitetar.

Prosjekta rapporterer om auka tverrfagleg samarbeid gjennom partnerskapsprosjekta, med ringverknader i form av auka samarbeid med fagmiljø i eigen institusjon og på tvers av institusjonar i Noreg. UTFORSK finansierte i 2019 totalt 89 pågåande prosjekt.

Ein rapport publisert av Diku og Forskningsrådet i 2019 syner at INTPART-prosjekta bidreg til å styrke norske fagmiljø gjennom større nettverk og kunnskapsbase, tilgang til forskingsinfrastruktur, auka studentrekruttering og auka kvalitet i studieprogram. I 2019 talde prosjektporteføljen 90

prosjekt, og det var særleg stor auke i talet på utreisande studentar til Kina og India.

Løyvinga til dei tre programma bidreg til at Noreg deltek aktivt i internasjonalt samarbeid innanfor utdanning, forskning og integrering, og at det er gode koplingar mellom forskning og høgare utdanning i arbeidet.

Ein del av løyvinga har i 2019 gått til Europarådets prosjekt The European Qualifications Passport for Refugees, UNESCO Qualifications Passport for Refugees and Vulnerable Migrants og UNESCOs arbeid med Global konvensjon for godkjenning av kvalifikasjonar innanfor høgare utdanning. Konvensjonen blei vedteken på UNESCOs generalkonferanse i november 2019 og bidreg til å styrke den globale rettstryggleiken for alle som tek høgare utdanning på tvers av geografiske regionar. Konvensjonen var mellom anna eit resultat av Kunnskapsdepartementets pådrivarrolle med dette arbeidet i UNESCO sidan 2011.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår ei samla løyving på posten på 49,4 mill. kroner for 2021.

Midlane på posten går mellom anna til oppfølging av Panorama-strategien, og ei satsing på verdsleiane fagmiljø på 19 mill. kroner til INT-PART blir vidareført.

Dessutan kan det bli gitt støtte til særskilde prosjekt i internasjonale organisasjonar, til dømes i UNESCO, OECD og Europarådet, som er særleg retta mot å nå Noregs mål for internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid, mellom anna bidrag til å oppnå FN's berekraftsmål nr. 4 om god utdanning til alle. I 2021 vil delar av løyvinga gå til UNESCO-prosjektet Qualifications Passport for Refugees and Vulnerable Migrants.

Kunnskapsdepartementet foreslår å samle verksemdskostnadene og tilskotsmidlane som Diku forvaltar gjennom programma NORPART og UTFORSK, til Dikus kapittel. Departementet foreslår derfor å flytte 8 mill. kroner frå kap. 288, post 21 til kap. 272, post 50 og 87 mill. kroner frå kap. 288, post 21 til nytt kap. 272, post 51.

Post 72 Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar

Løyvinga dekkjer norsk deltaking i Den europeiske organisasjonen for kjerneforskning (CERN), Det europeiske molekylærbiologiske laboratorium (EMBL), Den europeiske konferansen for molekylærbiologi (EMBC), Det europeiske synkrotronstråleanlegg (ESRF) og Den internasjonale kreftforskningsorganisasjonen (IARC).

Mål for 2021

Medlemskapen i internasjonale grunnforskningsorganisasjonar skal medverke til global kunnskapsutvikling og til å nå overordna forskingspolitiske mål om høg kvalitet og internasjonalisering.

Resultat i 2019

Alle dei internasjonale grunnforskningsorganisasjonane Noreg deltek i, medverkar til global kunnskapsutvikling og driv verdsleiane forskning innanfor fagfelte sine. Medlemskapen i organisasjonane gjer det mogleg for norske forskarar å delta på linje med forskarar frå andre medlemsland og å bidra til global kunnskapsutvikling og forskning av høg kvalitet. Til dømes deltek drygt 100 nordmenn i ALICE- og ATLAS-eksperimenta ved CERN. Forskarane får kjennskap til ny teknologi og tilgang til ei rekke infrastrukturtenester og held seg oppdaterte om og bidreg i forskingsfronten. Gjennom kurs og opplæring ved grunnforskningsorganisasjonane hentar norske forskarar heim kunnskap til nytte for det norske forskingsmiljøet. Medlemskap i desse organisasjonane bidreg òg til å utvikle det felleseuropeiske forskingsområdet. Noreg har delegatar som sit i dei styrande organa til organisasjonane. EMBL har på kort varsel teke på seg å koordinere forskingsdata frå heile verda om forskning på covid-19.

Budsjettforslag for 2021

Tabell 4.29 Norske kontingentbidrag til internasjonale grunnforskningsorganisasjonar i 2021

Organisasjon	Kontingent i lokal valuta		
	CHF	Euro	1 000 kr
CERN	27 014 250		271 855
EMBC		612 732	6 610
EMBL		2 534 510	27 342
ESRF		1 257 156	13 562
IARC		743 436	8 020
Sum			327 390

Departementet foreslår å løyve 327,4 mill. kroner på posten. Kontingentane for dei einskilde medlemslanda blir fastsette ut frå ein avtalefesta berekningsnøkkel der bruttonasjonalproduktet eller liknande er ein hovudfaktor. Kontingentkrava for 2021 er enno ikkje fastsette for alle organisasjonane. Budsjettforslaget for 2021 tek for dei fleste organisasjonane derfor utgangspunkt i dei kontingentane som blei vedtekne for 2020.

Post 73 EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, kan overførast

Løyvinga dekkjer etterbetalingar for Noregs deltaking i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, Horisont 2020 (2014–20), og i EUs tidlegare rammeprogram for forskning. Regjeringa foreslår at posten også skal dekke Noregs kontingent til deltaking i EUs neste rammeprogram, som startar opp i januar 2021, Horisont Europa (2021–27), og EUs tiltakspakke for gjenoppbygging etter covid-19-pandemien, «Next Generation EU» (2021–24). Rammeprogrammet har tre hovudområde: framifrå forskning, globale utfordringar og eit konkurransedyktig europeisk næringsliv, og eit innovativt Europa, i tillegg til ein tverrgåande del: breiare deltaking og styrking av Det europeiske forskingsområdet. Norsk deltaking i Horisont Europa føreset tilslutning frå Stortinget, og regjeringa vil ev. legge fram ein samtykkeproposisjon om dette i 2021.

Mål for 2021

Målet med løyvinga er høg kvalitet i norsk forskning og innovasjon, auka verdiskaping, betre vel-

ferd og berekraftig samfunnsutvikling, og utvikling av norsk forskning og innovasjon.

Resultat i 2019

Noregs deltaking i EUs rammeprogram blei evaluert i 2020 av Samfunnsøkonomisk analyse AS på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet. Resultata viser at deltakinga har medverka til å nå dei fire måla regjeringa sette i strategien for forskings- og innovasjonssamarbeidet med EU – ein auka kvalitet i norsk forskning og innovasjon, auka innovasjonsevne, verdiskaping og økonomisk vekst, betre velferd og berekraftig samfunnsutvikling, og utvikling av eigen forskings- og innovasjonssektor.

Noreg har hatt auka aktivitet i rammeprogramma. Noregs deltaking målt i prosentdel av konkurranseutsette midlar har auka frå 1,69 pst. i det sjuande rammeprogrammet til 2,26 pst. i Horisont 2020. Frå hausten 2017 og ut heile 2019 har delen lege over regjeringa sin ambisjon om to prosent.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 2,5 mrd. kroner på posten. Løyvingsbehovet for Noregs bidrag i 2021 er basert på Europakommisjonens forslag til langtidsbudsjett for programperioden 2021–27 og EUs tiltakspakke for gjenoppbygging etter covid-19-pandemien, «Next Generation EU» (NGEU), i perioden 2021–24. Det er anslått at NGEU vil koste Noreg om lag 360 mill. kroner årleg, og totalt 1,4 mrd. kroner. Eit betre grunnlag for å vurdere utbetalingane i 2021 vil ligge føre når EU har vedteke budsjettet sitt, og regjeringa vil ta ende-

leg avgjerd om deltaking etter at EUs langtidsbudsjet er vedteke. Sjå Prop. 1 S (2020–2021) for Utanriksdepartementet for omtale av deltakinga i EU-programma 2021–27. Sjølv om programperioden til Horisont 2020 blir avslutta i 2020, vil utbetalingane frå programma bli fasa ut over fleire år. Det betyr at Noreg må betale bidrag til Horisont 2020 samtidig med bidrag til Horisont Europa.

Deltakinga i rammeprogrammet gir tilgang på ny kunnskap, teknologi, nettverk, marknader og infrastruktur. God norsk deltaking i EUs ramme-program for forskning og innovasjon er ein sentral del av norsk forskingspolitikk, jf. Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028* og europapolitikk, jf. *Norge i Europa: Regjeringens strategi for samarbeidet med EU 2018–2021*.

Post 74 EUs utdannings-, opplærings-, ungdoms- og idrettsprogram

Løyvinga på posten dekkjer kontingenten for norsk deltaking i EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett, Erasmus+ (2014–20). Sjølv om programperioden for Erasmus+ er ferdig i 2020, vil det framleis vere kostnader i dei komande åra knytte til prosjekt som enno ikkje er avslutta. Frå 2021 foreslår regjeringa at posten òg skal dekke Noregs kontingent til deltaking i EUs neste programperiode for Erasmus+ (2021–27). Norsk deltaking i Erasmus+ føreset tilslutning frå Stortinget, og regjeringa vil ev. legge fram ein samtykkeproposisjon om dette i 2021. Sjå kap. 252, post 70 for resultatrapportering for 2019.

Mål for 2021

Målet med den norske deltakinga i Erasmus+ er å styrke kvaliteten, relevansen og attraktiviteten til det norske utdanningssystemet og kompetansen til den einskilde deltakaren.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 827 mill. kroner på posten. Løyvingsbehovet for Noregs bidrag i 2021 er basert på Europakommisjonens forslag til langtidsbudsjet for programperioden 2021–27. Eit betre grunnlag for å vurdere utbetalingane i 2021 vil ligge føre når EU har vedteke budsjettet sitt, og regjeringa vil ta endeleg avgjerd om deltaking etter at EUs langtidsbudsjet er vedteke. Sjå Prop. 1 S (2020–2021) for Utanriksdepartementet for omtale av deltakinga i EU-programma 2021–27.

Post 75 UNESCO-kontingent

Løyvinga dekkjer den norske kontingenten til UNESCO, FN's særorganisasjon for utdanning, vitenskap, kultur og kommunikasjon. UNESCO har i hovudoppgåve å medverke til fred og tryggleik ved å fremje internasjonalt samarbeid på fagområda til organisasjonen.

Mål for 2021

Norsk deltaking i UNESCO skal medverke til at UNESCO arbeider for ei god gjennomføring av og tek ei leiroll i koordineringa av FN's berekraftsmål 4 om utdanning. Deltakinga skal òg medverke til at UNESCO følger opp den globale konvensjonen for godkjenning av kvalifikasjonar i høgare utdanning, og at organisasjonen kan få eit betre kunnskapsgrunnlag for hav og klima, ikkje minst ved å ha ei leiande rolle i gjennomføringa av FN-tiåret for havforskning (2021–30). I tillegg skal UNESCO verne og styrke verdas kultur- og naturarv, styrke presse- og ytringsfridommen og arbeide for meir open tilgang til forskingsresultat. I dei styrande organa til UNESCO har Noreg som mål å styrke resultatrapporteringa, betre samarbeidet med andre relevante FN-organisasjonar og konsentrere innsatsen der organisasjonen har dei største fortrinna sine.

Resultat i 2019

Berekraftsmåla (SDG-ane) og Agenda 2030 er førande for arbeidet til UNESCO. UNESCO har hovudansvaret for SDG 4 – utdanningsmålet – i FN. UNESCO arbeider kontinuerleg med målet og deltok på High Level Political Forum on Sustainable Development i juli 2019.

UNESCO har gjort ein god jobb med *Global konvensjon for godkjenning av kvalifikasjonar innanfor høgare utdanning*, som blei vedteken på UNESCOs generalkonferanse i november 2019. Dette er det første globale normative dokumentet innanfor høgare utdanning frå UNESCO nokon gong.

Den internasjonale havforskningskomiteen har arbeidd med å fremje og førebu eit internasjonalt tiår for havforskning og å synleggjere samanhengen mellom tilstanden til hava og klimaendringar og kva havet har å seie for dei andre berekraftsmåla. Noreg er medlem av Verdsarvkomiteen og ei aktiv og tydeleg stemme for å verne om og fremje verdas kultur- og naturarv. Noreg følger opp UNESCOs arbeid og mandat for presse- og ytringsfridom. Saman med dei andre nordiske

landa arbeider Noreg kontinuerleg med å gjere UNESCO meir effektivt og resultatorientert, og med å få innført eit meir kjønnsnøytralt språk og meir straumlinjeforma vedtaksstrukturar i organisasjonen.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 24,3 mill. kroner til medlemskontingenten i UNESCO i 2020.

Post 76 UNESCO-formål

Løyvinga på posten går til tilskotsordninga til UNESCO-formål, som blir forvalta av Den norske UNESCO-kommisjonen. UNESCO-kommisjonen er eit rådgivande organ for norske myndigheiter og fungerer som eit bindeledd mellom myndighetene og fagmiljø på ansvarsområda til UNESCO. Drifta av UNESCO-kommisjonen blir finansiert over kap. 200, post 21.

Mål for 2021

Tilskotsordninga skal styrke arbeidet og ansvarsområda til UNESCO, gjere UNESCO meir kjend i Noreg og understøtte dei vedtekne satsingsområda til Den norske UNESCO-kommisjonen.

Resultat i 2019

I 2019 fekk 23 ulike prosjekt støtte frå tilskotsordninga. Prosjekta låg innanfor satsingsområda til Den norske UNESCO-kommisjonen: presse- og ytringsfridom, berekraftig utvikling, immateriell kulturarv, verdsarv og dokumentarv, og demokratiutvikling. Prosjekta er spreidde ut i Noreg, og ordninga har dermed medverka til å gjere ansvarsområda til UNESCO meir kjende i fleire delar av landet. Ein del av løyvinga gjekk i 2019 til å sikre vidare støtte til UNESCOs skulenettverk, Associated School Program Network (ASPnet). ASPnet er eit globalt nettverk av meir enn 11 500 utdanningsinstitusjonar i 180 land som arbeider for å fremje verdiane og måla til UNESCO, mellom anna delmål 4.7 i Agenda 2030 om utdanning for å fremje berekraftig utvikling. I 2019 var det 38 medlemsskular i Noreg, opp frå 36 året før. FN-sambandet er nasjonal koordinator for ASPnet i Noreg.

Budsjettforslag for 2021

Kunnskapsdepartementet foreslår å løyve 4,2 mill. kroner på posten i 2021. Dette inkluderer ei særskild løyving på 700 000 kroner til UNESCOs skulenettverk ASPnet.

Kap. 3288 Internasjonale samarbeidstiltak

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter		6 236	14 582
	Sum kap. 3288		6 236	14 582

Løyvinga på post 04 gjeld refusjon av utgifter til UNESCO-kontingenten, som etter statistikkdirek-

tiva til OECD blir definerte som offentleg utviklingshjelp.

Kap. 289 Vitskaplege prisar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
51	Holbergprisen		17 341	17 896
71	Abelprisen		16 288	16 809
72	Kavliprisen		11 340	11 703
	Sum kap. 0289		44 969	46 408

Regjeringas internasjonale forskingsprisar blir delte ut for å anerkjenne framifrå vitskapleg arbeid og auke merksemda kring forskning i samfunnet.

Post 51 Holbergprisen

Sjå kap. 287, post 56 for resultatrapportering for 2019.

Mål for 2021

Formålet med Holbergprisen er å verdsetje banebrytande forskning innanfor humaniora, samfunnsvitskap, jus og teologi. Prisen skal skape merksemd i samfunnet om fagfelte og føre til interesse for dei blant barn og unge.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 17,9 mill. kroner på posten.

Post 71 Abelprisen

Sjå kap. 287, post 73 for resultatrapportering for 2019.

Mål for 2021

Formålet med Abelprisen er å verdsetje banebrytande forskning innanfor matematikk. Prisen skal skape merksemd i samfunnet og føre til interesse for matematikk blant barn og unge.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 16,8 mill. kroner på posten.

Post 72 Kavliprisen

Midlane til Kavliprisen blei tidlegare løyvde over kap. 287, post 71, som ein del av tilskotet til Det Norske Videnskaps-Akademi (DNVA). Sjå denne posten for resultatrapportering for 2019.

Mål for 2021

Formålet med Kavliprisen er å anerkjenne banebrytande forskning innanfor astrofysikk, nanovitskap og nevrovitskap. Prisen skal skape merksemd i samfunnet om fagfelte og føre til internasjonalt samarbeid mellom forskarar.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 11,7 mill. kroner på posten.

Programkategori 07.80 Utdanningsstøtte

Utgifter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
2410	Statens lånekasse for utdanning	43 052 550	45 284 627	46 799 545	3,3
	Sum kategori 07.80	43 052 550	45 284 627	46 799 545	3,3

Inntekter under programkategori 07.80 fordelt på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
5310	Statens lånekasse for utdanning	18 336 861	17 997 930	18 458 621	2,6
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning	4 481 163	5 120 420	2 509 820	-51,0
	Sum kategori 07.80	22 818 024	23 118 350	20 968 441	-9,3

Innleiing

Utdanningsstøtteordninga er ei velferdsordning som skal medverke til at alle har eit godt grunnlag for livsopphald under utdanninga, uavhengig av kvar dei bur, alder, kjønn, funksjonsevne og sosiale og økonomiske tilhøve. Utdanningsstøtta skal òg legge til rette for at elevar og studentar kan arbeide effektivt og med gode resultat. Slik får samfunnet og arbeidslivet tilgang på kompetanse.

Departementet har sett følgande overordna mål for programkategori 07.80 Utdanningsstøtte:

- Alle har god tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet.
- Fleire er i arbeid og deltek i samfunnslivet.

Hovudprioriteringar for 2021

Med Utdanningsløftet 2020 har regjeringa auka kapasiteten i utdanningssystemet, både i vidaregåande opplæring, i høgare yrkesfagleg utdanning og i høgare utdanning, jf. omtale under del I, kap.

1.2. Dette gir auka utgifter til lån og stipend gjennom Lånekassen.

Utdanningsstøtteordninga er eit viktig verkemiddel for å nå måla i kompetansereforma, jf. Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet*. Regjeringa vil i 2021 halde fram arbeidet med å gjere Lånekassen betre tilpassa kundar som tek vidareutdanning. Departementet foreslår å løyve 12 mill. kroner til utvikling av saksbehandlingssystemet i Lånekassen i 2021, slik at systemet er betre tilpassa dei nye fleksible utdanningsstøtteordningane.

Ein har i dag rett på lån og stipend i inntil åtte år, uavhengig av om ein tek utdanning på heiltid eller deltid. Dette gjer terskelen høgare for personar som treng lån og stipend til vidareutdanning. Departementet foreslår å gå over til ei studiepoengbasert tidsramme, slik at lån og stipend kan takast ut fleksibelt over lengre tid enn åtte år om ein studerer på deltid. Tiltaket har ein utviklingskostnad på 2,6 mill. kroner i 2021.

Departementet foreslår at privatistar ikkje lenger skal ha rett til stipend for å ta opp fag i vidare-

gåande opplæring som dei allereie har bestått. Tiltaket kan bidra til at nokre kjem raskare i gang med høgare utdanning og ut i arbeidslivet enn dei elles ville gjort. Endringa gir ei anslått innsparing på 13,3 mill. kroner i 2021, som er ein halvårseffekt.

I dag har elevar i vidaregåande opplæring og studentar i høgare utdanning rett til lån og stipend til reiser utanfor Norden. Av satsen per region blir 35 pst. gitt som stipend og resten som lån. Departementet foreslår at stipenddelen for eit studieår blir redusert til 17,5 pst. Endringa gir ei anslått innsparing på 16,5 mill. kroner i 2021, som er ein halvårseffekt.

Mål: Alle har god tilgang til relevante tilbud av høg kvalitet og fleire er i arbeid og deltek i samfunnslivet

Utviklingstrekk og utfordringar

I takt med auken i talet på studentar på universitet, høgskular og fagskular har det blitt fleire som får lån og stipend til utdanning gjennom Lånekassen. Medan 346 000 elevar og studentar fekk utdanningsstøtte i studieåret 2009–10, var det 418 000 som fekk utdanningsstøtte i 2019–20, jf. omtale under kap. 2410. Lånekassen har no om lag 1,1 mill. kundar, nær 20 pst. av befolkninga. For mange elevar er Lånekassen det første sjølvstendige møtet med offentleg sektor, og Lånekassen har gjennom fleire år arbeidd for å utvikle enkle og brukarvennlege tenester for alle kundegrupper. Hovuddelen av søknadene blir behandla digitalt, noko som mellom anna skal sikre at kundane får den utdanningsstøtta dei har rett på, til rett tid. Utdanningsstøtteordninga fungerer godt for dei fleste elevar og studentar i ordinær utdanning, og Noreg har i internasjonal samanheng svært gode ordningar for støtte til studiar utanfor landet.

Lånekassen er ei viktig finansieringskjelde til livsopphald

Tal frå SSB frå 2018 viser at åtte av ti bortebuande studentar nyttar utdanningsstøtteordninga gjennom Lånekassen. Lån og stipend utgjer om lag ein tredel av inntekta til bortebuande studentar. Inntekt frå betalt arbeid aukar med alderen til studentane. For dei studentane som er yngre enn 22 år, er lån og stipend den viktigaste inntektskjelda. Som følge av covid-19-pandemien har kvardagen blitt meir usikker for mange studentar og elevar. Utdanningsstøtte frå Lånekassen er derfor no ei ekstra viktig inntektskjelde.

Mange studentar arbeider ved sida av studia

Utdanningsstøtteordninga er innretta slik at ho kan kombinerast med noko arbeid i tillegg til heiltidsstudium. Tal frå SSB for 2019 viser at 53 pst. av studentane arbeider gjennom heile semesteret. Ytterlegare 19 pst. arbeider av og til, og berre 28 pst. har ikkje betalt arbeid ved sida av studiane. Norske studentar som arbeider gjennom heile semesteret, har ei median arbeidsinntekt på 10 000 kroner i månaden. Arbeidsinntekta er dermed ei relativt stor inntektskjelde for fleire studentar. Med auken i talet på arbeidsledige og permitterte som følge av covid-19-pandemien, har mange studentar mista arbeidsinntekter.

Finansiering av utdanning kan vere vanskeleg for vaksne

Meld. St. 14 (2019–2020) *Kompetansereformen – Lære hele livet* viser til at tap av inntekt i ein vidareutdanningsperiode, og eventuelt høge studieavgifter på ein del av studia, kan føre til at fleire ikkje har råd til å vidareutdanne seg. Særleg for personar som ønsker å omstille seg ut av den jobben dei har, kan det vere vanskeleg å finansiere utdanning som gir eit nytt yrke.

Behovet for å ta vidareutdanning og for å kombinere og veksle mellom arbeid og utdanning vil bli større framover. Kvar fjerde student i Noreg er 30 år eller eldre, og ein tredel av studentane bur saman med partner og/eller barn, ifølge tal frå SSB frå 2018. Ordningane frå Lånekassen har i stor grad vore tilpassa unge heiltidsstudentar, og i mindre grad vore tilpassa behova til sysselsette med bustadlån og forsørggaransvar. Maksimalt årsbeløp for heiltidsstudentar i høgare utdanning og fagskule er rundt ein firedel av medianinntekta for heiltidstilsette, ifølge NOU 2019: 12 *Lærekraftig utvikling*.

Strategiar og tiltak

Elleve månader med studiestøtte

Regjeringa ønsker å legge til rette for at studentane skal kunne gjennomføre studia på normert tid. Då er mellom anna nivået på utdanningsstøtta viktig. Frå studieåret 2013–14 til studieåret 2019–20 har basislånet, med mogleg omgjerung til stipend, auka med 11 pst. utover prisveksten i same periode. Auken heng i stor grad saman med opptrappinga til elleve månader med lån og stipend. Heiltidsstudentar i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning fekk i studieåret 2019–20 eit basislån på 121 220 kroner. Dette er

14 600 kroner meir enn nivået ville ha vore utan satsingane som har blitt gjennomførte sidan 2014-budsjettet.

Tiltak for å møte covid-19-pandemien

Utdanningsstøtteordninga og gunstige reglar for tilbakebetaling av utdanningslån er blitt endå meir aktuelle med den økonomiske krisa som følge av covid-19-pandemien. I 2020 la regjeringa fram fleire krisepakkar med mellombelse tiltak for studantar, jf. omtale i del III, kap. 11 Konsekvensar av covid-19-pandemien.

Meir fleksible ordningar

I NOU 2019: 12 *Lærekraftig utvikling* peikar eit ekspertutval på utdanningsstøtteordninga gjennom Lånkassen som eit instrument for å auke etterspurnaden etter samfunnsøkonomisk lønnsam vidareutdanning. Livsopphaldsutvalet har i NOU 2018: 13 *Voksne i grunnskole- og videregående opplæring* også peika på utdanningsstøtteordninga som ein reiskap for å bygge opp kompetansen blant vaksne med låg utdanning.

I 2020-budsjettet blei det vedteke fleire endringar i utdanningsstøtteordninga som vil gi større fleksibilitet og betre vilkår for vaksne som har behov og motivasjon for å ta meir utdanning.

Utdanningsstøtteordninga blei mellom anna opna for dei som tek utdanning med mindre enn 50 pst. studiebelastning, og det blei innført tilleggslån til personar over 30 år og høgare aldersgrenser for når lån kan bli redusert. Lånkassen arbeider no med å tilpasse saksbehandlingssystemet til dei kundegruppene som har behov for meir fleksible ordningar.

Eit av måla med kompetansereforma er å få fleire enkeltpersonar til å investere i kompetanseutvikling. Departementet vil endre berekninga av tidsramma for lån og stipend slik at utdanningsstøtta kan takast ut fleksibelt over lengre tid enn åtte år om ein studerer på deltid. Ein overgang til studiepoengbasert tidsramme inneber at alle vil ha rett til å få lån og stipend til å ta ei viss mengd studiepoeng. Endringa vil gjere det enklare å kombinere deltidsutdanning med deltidsarbeid, ved at ein til dømes kan ta opp lån for å finansiere vidareutdanning.

Dei som ved innføring av endringa enno ikkje har brukt opp ramma på åtte år etter dagens regelverk, blir behandla etter den nye ordninga frå og med studieåret 2021–22. Studentane kan maksimalt bruke 30 studiepoeng av ramma i løpet av eit semester. Dei studentane som tek meir enn 30 studiepoeng, vil dermed ikkje på eit seinare tidspunkt få mindre studiestøtte enn dei som har normal studieprogresjon.

Kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	405 369	414 877	398 943
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01</i>			12 000
50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	7 234 618	7 343 311	7 815 409
70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	3 418 977	3 552 532	3 669 245
71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	707 776	725 460	578 232
72	Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i>	1 142 335	1 339 845	602 555
73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	861 408	787 385	956 359
74	Tap på utlån	387 105	392 500	415 500
90	Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i>	28 894 962	30 728 717	32 351 302
	Sum kap. 2410	43 052 550	45 284 627	46 799 545

Post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, kan overføres, kan nyttast under post 01

Kunnskapsdepartementet fastset reglane for utdanningsstøtteordningane, men det er Lånekassen som forvaltar dei.

Mål for 2021

Kunnskapsdepartementet har sett følgande mål for Lånekassen:

- Like moglegheiter til utdanning gjennom finansiering av kompetansebehova til den einskilde og samfunnet
- Ein enklare kvardag for alle i utdanning og alle med utdanningslån

Resultat i 2019

Lånekassen hadde 1 133 000 kundar i 2019 og fekk 859 000 søknader om utdanningsstøtte, betalingsutsetjing, sletting av renter og sletting av lån. Til saman blei det delt ut 31,8 mrd. kroner i stipend og lån, og låneporteføljen var 194,6 mrd. kroner ved utgangen av 2019. Talet på kundar med betalingsproblem heldt fram med å minke i 2019, og talet på kundar med oppsagde lån er redusert med om lag 900 samanlikna med 2018.

Lånekassen har medverka til å utvikle utdanningsstøtteordningane gjennom innspel til Kunnskapsdepartementet. Lånekassen leverte i 2019 ei større utgreiing med forslag til korleis støtte til lån og stipend i større grad kan tilpassast behova til vaksne som treng grunnleggande kompetanse eller vidareutdanning. Utgreiinga held fram i 2020.

Kunnskapsdepartementet har sett konkrete krav til resultat for målet om at Lånekassen skal tilby kundane brukarvennlege, raske og korrekte tenester. Talet på saker som blir behandla heilt utan manuell saksbehandling, heldt fram med å stige i 2019. Lånekassen har langt på veg nådd dei fleste av resultatkrava for behandling av søknader, men resultatata er litt lågare enn året før. Behandlingstida for ein del av sakene som blir behandla manuelt, var for lang. Lånekassen sette i 2019 i verk ulike tiltak for å redusere behandlingstida for manuelle saker.

Lånekassen ligg langt framme når det gjeld digitalisering. Som den første offentlege verksemda i Noreg flyttar Lånekassen alle IT-systema til skyløysingar. Arbeidet med å etablere skyløysingar starta i 2019 og blei fullført våren 2020. Bruk av sky skal bidra til større tryggleik, tilgang til nye

tenester, betre utviklingsprosessar og auka moglegheiter for å skalere systema etter behov, til dømes i samband med høysesongen for søknader om utdanningsstøtte.

Styret i Lånekassen vedtok hausten 2019 ein ny strategi for verksemda. Strategien bygger mellom anna på ein analyse av kva for hovudtrendar som vil påverke Lånekassen fram mot 2025. Ein viktig trend er at kompetansebehovet i samfunnet vil endre seg i åra framover. Lånekassen må derfor vere budd på å få nye kundegrupper som har andre behov og forventningar enn kundane i dag. Den nye strategien gir tydeleg retning for arbeidet til Lånekassen i strategiperioden.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 398,9 mill. kroner på post 01 og 12 mill. kroner på post 45.

For 2020 er det løyvd 15 mill. kroner på post 01 til å dekke delar av kostnadene i samband med at Lånekassen flyttar inn i nye lokale på fire ulike stadar. Desse midlane er trekte ut av løyvinga for 2021. I tillegg foreslår departementet å redusere løyvinga med 5,7 mill. kroner for eittårige midlar til IKT-utvikling m.m. i 2020-budsjettet som skal utfasast.

Departementet foreslår å auke løyvinga på post 01 med 3 mill. kroner for å dekke utgiftene til nødvendig IKT-utvikling knytt til endringar som det er gjort nærare greie for under kap. 2410, post 50–90, kap. 5310 og kap. 5617. Hovuddelen av dette gjeld endringa i tidsramma for lån og stipend.

Departementet foreslår å løyve 12 mill. kroner på post 45 til utvikling av saksbehandlingssystemet i Lånekassen for at det skal bli meir tilpassa fleksible ordningar for vaksne. Kostnadene ved første gjennomføringsfase er anslått til 18,7 mill. kroner, og av dette kan Lånekassen dekke 6,7 mill. kroner innanfor gjeldande løyving. I ein overgangsperiode vil forvaltningskostnadene auke litt som følge av at Lånekassen må forvalte eit større system. På sikt vil endringa av systemet kunne gi reduserte forvaltningskostnader.

Kap. 2410, post 50–90, kap. 5310 og kap. 5617

Løyvingane på desse kapitla og postane dekker dei ulike delane av utdanningsstøtteordninga til Lånekassen. Endringar i ordningane gjennom Lånekassen har som regel effekt på fleire budsjettpostar under kap. 2410, kap. 5310 og kap. 5617. Budsjettet for utdanningsstøtte blir derfor

omtala samla. I tillegg blir dei einskilde postane omtala kvar for seg.

Mål for 2021

Departementet har sett følgande mål for programkategori 07.80 Utdanningsstøtte:

- Alle har god tilgang til relevante tilbud av høg kvalitet.
- Fleire er i arbeid og deltek i samfunnslivet.

Resultat i 2019

Med 1 133 000 kundar i 2019 hadde Lånekassen 2 pst. fleire kundar enn i 2018. Av desse held 63 pst.

på å betale tilbake lånet, medan 37 pst. var mottakarar av lån og stipend.

Den samla tildelinga av utdanningsstøtte var for undervisningsåret 2019–20 på 34,3 mrd. kroner. Av dette blei 4,5 mrd. kroner betalte ut som stipend, sjå tabell 4.32 for fordeling på dei ulike stipendformene. Resten blei betalt ut som lån.

I kalenderåret 2019 blei 4,1 mrd. kroner betalte ut som stipend. I tillegg blei 7,1 mrd. kroner gjorde om frå lån til stipend under konverteringsordninga. Dei samla stipendutgiftene i 2019 blei dermed 11,2 mrd. kroner.

I tabellane under er det gitt ei oversikt over utviklingstrekk i hovudtala for mottakarar av lån og stipend og tilbakebetalarar i Lånekassen.

Tabell 4.30 Hovudtal for tildeling til elevar i vidaregåande opplæring med ungdomsrett

	2016–17	2017–18	2018–19	2019–20
Tal på elevar/lærlingar i vidaregåande opplæring ¹	239 287	239 630	241 955	241 810
Tal på elevar/lærlingar med ungdomsrett	213 872	213 493	213 193	213 770
Tal på mottakarar av lån og stipend med ungdomsrett	163 310	163 410	164 293	163 551
Sum stipend (i mill. kroner)	1 913	1 970	2 082	2 136
Gjennomsnittsstipend (i kroner)	11 713	12 084	12 701	13 095
Sum lån (i mill. kroner)	143	148	156	178
Gjennomsnittslån (i kroner)	24 098	24 442	25 823	26 245

¹ Talet er henta frå SSB og syner alle elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring.

Tabell 4.31 Hovudtal for tildeling til høgare utdanning m.m.

	2016–17	2017–18	2018–19	2019–20
Tal på studentar i høgare utdanning ¹	286 050	289 958	291 528	294 561
Tal på mottakarar av lån og stipend i høgare utdanning	195 896	197 838	198 291	199 493
Tal på andre mottakarar av lån og stipend ²	43 633	47 043	51 739	55 317
Sum lån inkl. omgjeringsslån (i mill. kroner)	23 925	25 588	26 776	29 614
Gjennomsnittslån (i kroner)	101 387	106 180	109 516	118 042 ³
Utbetalt konverteringsstipend ⁴ (i mill. kroner)	6 540	6 681	6 386 ⁵	1 479 ⁵
Sum andre stipend (i mill. kroner)	1 718	1 832	2 086	2 345

¹ Tal på studentar i høgare utdanning frå Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) og tal frå Lånekassen på studentar i utlandet.

² Tala gjeld studentar i fagskular, folkehøgskular, bibelskular, korte yrkesretta utdanningar og vaksne elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring utan ungdomsrett.

³ Auka gjennomsnittslån kjem i hovudsak av ekstralånet for vår 2020 og opptrappinga til 11 månader med studiestøtte.

⁴ Utbetalt stipend etter at behovsprøving mot inntekt og formue er gjennomført. Status per august 2020.

⁵ Omgjering frå lån til stipend skjer samtidig som behovsprøvinga mot inntekt og formue blir gjennomført. Behovsprøvinga for 2019 er i hovudsak gjennomført, og ein stor del av konverteringsstipendet for dette året er derfor utbetalt. For 2020 er det enno ikkje utbetalt konverteringsstipend.

Tabell 4.32 Fordeling av ulike stipendformer i dei to siste undervisningsåra

	Tal på stipend		Stipend i mill. kroner	
	2018–19	2019–20	2018–19	2019–20
Inntektsavhengig stipend ¹	16 924	16 281	431	428
Bortebuarstipend ²	25 874	25 123	1 028	1 019
Utstyrsstipend	159 342	158 657	264	269
Flyktningstipend ³	10 318	12 392	787	1 006
Stipend til skulepengar i utlandet	15 082	14 357	453	442
Tilleggsstipend til skulepengar i utlandet	2 014	1 807	94	95
Valutajustering (netto) av stipend og tilleggsstipend til skulepengar i utlandet	10 288	13 129	9	10
Stipend til skulepengar ved utanlandske eller internasjonale vidaregåande skular	817	824	61	63
Språkstipend	460	455	10	10
Tilleggsstipend til tilrettelagd utdanning i Frankrike og Tyskland	52	40	1	1
Reisestipend, Noreg og Norden	8 709	8 293	17	16
Reisestipend, utanfor Norden	23 124	22 278	71	67
Sjukkestipend ⁴	889	765	29	26
Foreldrestipend ⁴	2 772	2 629	195	187
Barnestipend ^{3, 5}	23 131	24 648	463	527
Stipend til søkarar med nedsett funksjonsevne eller funksjonshemming ³	7 454	8 331	260	316
Totalt	307 250	310 009	4 173	4 482

¹ Tidlegare kalla grunnstipend.

² Tidlegare kalla bustipend

³ Stipendet blir i ettertid behovsprøvd mot inntekt og formue. Ein del av det som opphavleg blei tildelt som stipend, vil derfor på eit seinare tidspunkt kunne bli gjort om til lån.

⁴ Omgjering av lån til stipend ved sjukdom og fødsel skjer i ettertid. Det betyr at det ikkje ligg føre endelege tal for desse tiltaka ved utløpet av undervisningsåret. For undervisningsåret 2018–19 blei det endelege resultatet for omgjering ved sjukdom 73,1 mill. kroner og for omgjering ved fødsel 239,7 mill. kroner.

⁵ Tidlegare kalla forsørgarstipend.

Tabell 4.33 Hovudtal for lån og renter i dei siste fire åra

	(i 1 000 kr)			
	2016	2017	2018	2019
Tal på tilbakebetalende låntakarar ¹	653 842	672 865	695 194	718 675
Renteberande lån	115 186	122 215	130 388	138 988
Betalte renter	2 484	2 627	2 725	2 955
Avdrag	7 759	8 260	8 690	9 164
Ettergivne lån og renter	596	574	691	861
Rentestøtte	847	1 050	1 074	1 142
Uteståande lån	162 340	172 003	182 173	192 770
Uteståande renter	1 620	1 672	1 690	1 799

¹ Ikkje oppgitt i 1 000 kroner

Tildeling av lån og stipend

Opptrapping til elleve månader med studiestøtte

Regjeringa la i Prop. 122 S (2015–2016) fram ein plan for gradvis innføring i fire trinn av ein ekstra månad med utdanningsstøtte til heiltidsstudentar ved universitet, høgskular og fagskular. I samsvar med planen blei ordninga trappa ytterlegare opp våren 2019. Aktuelle søkarar fekk utbetalt basislån for tre veker meir enn i studieåret 2015–16. For våren 2019 kunne om lag 172 200 studentar få utbetalt 2 706 kroner meir i basislån enn det dei kunne få våren 2018.

Omgjering av lån til utdanningsstipend på grunnlag av fullført grad

For å gi studentar i høgare utdanning sterkare insentiv til å oppnå gradar blei ordninga for omgjering av lån til utdanningsstipend endra frå og med haustsemesteret 2019. Inntil 25 pst. av basislånet blir no gjort om til stipend på grunnlag av oppnådde studiepoeng og inntil 15 pst. på grunnlag av oppnådd grad. Endringa blei gjort berre for dei som tek høgare utdanning, og dei første omgjeringsane av lån til stipend på bakgrunn av grad blei gjort våren 2020. Hausten 2019 blei også regelverket om refusjon av innbetalt lån som kunne ha vore omgjort til stipend, endra. Endringa skal sikre at alle, også dei som vel å betale tilbake heile studielånet kort tid etter at dei er ferdige med utdanninga, vil få omgjort lån til stipend.

Vaksne i vidaregåande opplæring

Hausten 2019 blei regelverket endra slik at vaksne i vidaregåande opplæring ikkje får redusert støtte frå Lånekassen når dei har fritak frå kroppsoving. I 2019–20 har det vore ein større del elevar med studiebelastning på 75 og 100 pst. enn det var i tidlegare år. Auken tyder på at regelendringa har hatt effekt. Kravet til undervisningsopplegg for vaksne i vidaregåande opplæring er òg endra frå og med hausten 2019. Kravet om seks timar undervisning per veke dersom opplæringa blir tilbydd som klasseromsundervisning, er fjerna. Om lag 500 søkarar har nytt godt av regelendringa.

Studiestøtte til buss- og lastebilsjåførutdanning

Frå hausten 2019 blei utdanningsstøtteordninga til bussjåførutdanning utvida til også å omfatte lastebilsjåførutdanning. Samstundes blei det gitt høve til at elevane kunne låne 40 000 kroner utover den ordinære grensa for skulepengelån. I 2019–20 har om lag 1 100 elevar fått støtte til buss- og lastebilsjåførutdanning samla sett, medan det i 2018–19 var om lag 600 elevar som fekk støtte.

Justering i definisjonen av heimebuar/bortebuar

Definisjonen av heimebuar/bortebuar blei justert frå og med hausten 2019. Skiljet blei definert tydelegare, slik at ein unngår tilfelle der studentar i god tru oppgir ein annan bustatus enn dei har etter regelverket. Det er ikkje mogleg å talfeste kor mange fleire søkarar som har fått godkjent bortebuarstatus på grunn av denne rege-

lendinga, men endringa har gjort regelverket enklare både for søkarar og for Lånekassen.

Tilbakebetaling av utdanningslån

Fleire lærarar med kompetanse i kvensk språk

For å rekruttere fleire lærarar med kompetanse i kvensk språk blei det frå 2019–20 innført ei ordning med sletting av studiegjeld for låntakarar som har teke minst 60 studiepoeng i kvensk, som ein del av eller i tillegg til ei lærarutdanning. Ordninga inneber at inntil 50 000 kroner av gjelda kan bli sletta for dei som fyller vilkåra. I 2019 var det ingen som fekk sletta gjeld som følge av utdanning i kvensk språk.

Alle søkarar som tek deltidsutdanning, får rentebelasta tidlegare gjeld

Frå 2019 får alle deltidsstudentar rekna renter av eventuell gjeld frå tidlegare utdanning, sjølv om deltidsutdanninga er rekna for å vere eit framhald av den tidlegare fulltidsutdanninga. Endringa blei gjort for å likebehandle alle deltidsstudentar. Talet på kundar i deltidsutdanning som samstundes har gjeld frå tidlegare utdanning, hadde ved utløpet av 2019 auka med om lag 2 000.

Endring i vilkåra for å få sletta renter på grunnlag av fødsel/adopsjon og omsorgsarbeid

Frå 2018 blei retten til å få sletta renter ved fødsel/adopsjon stramma inn, og retten til å få sletta renter ved omsorg for barn under ti år avvikla. Resultata av endringane kjem først no, sidan renter først kan slettast når inntekta frå skattefastsettjninga ligg føre. I 2018 fekk 2 040 personar sletta renter som følge av fødsel/adopsjon, og i 2019 var talet redusert med 600 personar. I 2018 fekk 2 700 personar sletta renter som følge av omsorg for barn under ti år, og i 2019 var talet redusert med 1 500 personar. Det er rimeleg å tru at nedgangen i talet på personar som får sletta renter i hovudsak kjem av regelendringane som kom i 2018.

Budsjettforslag for 2021

Ettersom ein del av undervisningsåret 2021–22 ligg utanfor budsjettåret 2021, er det behov for to tilsegningsfullmakter. Sjå forslag til vedtak III nr. 3 og 4.

Hovudgrunnlaget for forslaget til løyvingane på kap. 2410, post 50–90, kap. 5310 og kap. 5617 er dette

- oppdaterte overslag over talet på mottakarar av lån og stipend i ulike kategoriar, og nye overslag over gjennomsnittleg tildeling innanfor kvar einskild kategori. Som følge av covid-19-pandemien er anslaget for talet på studentar som tek gradsutdanning i utlandet for studieåret 2020–21, redusert.
- prisvekstjustering på 2,3 pst. av alle utdanningsstøttesatsar for studieåret 2021–22
- lønnsvekstjustering av alle inntekts- og formuegrenser som blir nytta i samband med behovsprøving av stipend og sletting av renter og gjeld
- renteprognose på 1 pst. (årleg effektiv rente ekskl. gebyr) for 2021 og oppdaterte overslag over storleiken på den rentefrie og den renteberande delen av utlånsporteføljen til Lånekassen i 2021. Den låge renteprognosen fører til mykje lågare anslag for rentestøtte og renteinntekter samanlikna med tidlegare år.
- berekna effektar av endringar som blei vedtekne i statsbudsjettet for 2020. Med Utdanningsløftet 2020 blei det oppretta 4 000 nye studieplassar i høgare utdanning og 1 600 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning, sjå nærare omtale under del I, kap. 1.2. Fleire studieplassar aukar behovet for lån og stipend.
- tiltak for at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring, jf. kap 225, post 69, gir auka utgifter til utdanningsstøtte.
- forslag til regelendringar og nye tiltak i 2021 som vil påverke løyvingsbehovet

Endringar frå statsbudsjettet 2020 og forslag til regelendringar er det gjort nærare greie for nedanfor. Nokre av desse inneber at driftsbudsjettet til Lånekassen må aukast. Sjå under kap. 2410, post 01 og 45 for oversikt over kva endringar som gir slikt behov.

Omgjering av lån til stipend etter privatisteksamen

I dag kan vaksne som avsluttar vidaregåande opplæring med privatisteksamen, få omgjering av lån til stipend ved bestått eksamen, sjølv om dei tidlegare har bestått det same faget som elev med ungdomsrett. Privatistordninga var opphavleg for vaksne utan vidaregåande opplæring, men har i aukande grad utvikla seg til ei ordning for personar som ønsker å forbetre karakterar i allereie beståtte fag. Departementet foreslår å fjerne moglegheita til å kunne få lån omgjort til stipend for dei som tek fag dei allereie har bestått. Tiltaket reduserer løyvingsbehovet med 13,6 mill. kroner for hausten 2021.

Redusert stipend til reiser

I 2018–19 fekk om lag 23 100 personar lån og stipend til reise til utdanning utanfor Norden. Blant desse fekk om lag 14 000 lån og stipend til eit heilt studieår. Departementet foreslår å redusere stipendsatsen til reiser frå 35 pst. til 17,5 pst. for eit studieår, resten blir gitt som lån. Elevar og studantar i utlandet vil framleis få det same totale utdanningsstøttebeløpet, men dei som tek ei utdanning som varer meir enn seks månader, vil få noko høgare gjeld. Dei som tek eit halvt studieår, mindre enn seks månader, vil framleis få 35 pst. stipend og 65 pst. lån. Tiltaket reduserer løyvingsbehovet med 16,6 mill. kroner for hausten 2021. I tillegg kjem auka utlån.

Verkeleg verdi

For å rekne seg til den verkelege verdien av utlånsporteføljen til Lånekassen er det laga ein modell som skil mellom kostnader som er knytte til dei utdanningspolitiske og sosiale tiltaka i utdan-

ningsstøtteordningane, og kostnader knytte til kredittrisiko. Lånekassen hadde ein portefølje av uteståande lån og renter på 194,6 mrd. kroner ved utgangen av 2019. Den verkelege verdien av porteføljen er lågare enn den bokførte porteføljen. Dette kjem av både dei ulike utdanningspolitiske og sosiale ordningane som er knytte til utdanningsstøtteordningane i Lånekassen, og forventa tap som kjem av at kundane ikkje oppfyller betalingspliktene sine.

Tabell 4.34 syner kva for element det er justert for når ein har rekna ut verkeleg verdi av porteføljen. Det er lagt til grunn at låna i gjennomsnitt er rentefrie i noko under tre år. På grunnlag av modellen og ein føresetnad om ei rente på 2,5 pst. er den verkelege verdien av porteføljen ved utgangen av 2019 rekna ut til 170,5 mrd. kroner. Differansen mellom bokført verdi og berekna verkeleg verdi er 24 mrd. kroner. Den verkelege verdien er berekna til 87,6 pst. av dei samla fordringane per 31. desember 2019. På grunn av justeringar i modellen avviker verkeleg verdi per 31. desember 2018 noka frå Prop. 1 S (2019–2020).

Tabell 4.34 Verkeleg verdi av utlånsporteføljen til Lånekassen

	Verdi i mill. kroner per 31. desember 2018	Verdi i mill. kroner per 31. desember 2019
<i>Opphavleg låneportefølje</i>		
– tilbakebetalarar	132 535	141 340
– studantar	51 328	53 228
<i>Sum opphavleg låneportefølje</i>	<i>183 862</i>	<i>194 569</i>
– omgjering til stipend	9 620	10 030
Portefølje etter omgjering til stipend	174 242	184 539
Neddiskontert portefølje	133 536	141 427
Neddiskontert renteinntekter	41 147	43 579
Neddiskontert portefølje inkl. renteinntekter	174 683	185 006
<i>Justeringar</i>		
– rentestøtte studantar	2 130	2 207
– sletting av renter tilbakebetalarar	1 629	1 726
– ettergitt gjeld	5 831	6 176
<i>Sum justeringar</i>	<i>9 591</i>	<i>10 108</i>
<i>Justert låneportefølje</i>	<i>165 092</i>	<i>174 898</i>
– nedskrivning lån og renter	4 181	4 428
– over-/underkurs	90	57
<i>Verdi</i>	<i>161 001</i>	<i>170 527</i>

Ved å legge til grunn dei same føresetnadene som ved berekning av verkeleg verdi av porteføljen, kan ein berekne noverdien av nye utlån i Lånekassen. Tabell 4.35 syner at staten kan forvente å få tilbake om lag 65 øre for kvar ny krone som blir

lånt ut frå Lånekassen. Dette er ein liten auke samanlikna med året før, og kjem i hovudsak av innføringa av gradspremiering. Berekninga gjeld alle nye utlån i Lånekassen og skil ikkje mellom dei ulike gruppene av lån og låntakarar.

Tabell 4.35 Noverdien av 1 krone i nytt utlån i Lånekassen

	Verdi i kroner per 31. desember 2018	Verdi i kroner per 31. desember 2019
<i>Opphavleg låneportefølje</i>		
– tilbakebetalarar	0,000	0,000
– studentar	1,000	1,000
<i>Justeringar</i>		
– forventa omgjerung til stipend	0,273	0,257
Portefølje etter omgjerung til stipend	0,727	0,743
Neddiskontert låneportefølje etter omgjerung	0,552	0,564
Renteinntekter	0,172	0,175
<i>Justeringar</i>		
– rentestøtte studentar	0,037	0,038
– sletting av renter tilbakebetalarar	0,007	0,007
– ettergitt gjeld	0,024	0,025
<i>Sum justeringar</i>	<i>0,068</i>	<i>0,070</i>
<i>Justert låneportefølje</i>	<i>0,655</i>	<i>0,669</i>
Nedskrivning lån og renter	0,017	0,018
<i>Verdi</i>	<i>0,638</i>	<i>0,652</i>

Post 50 Avsetning til utdanningsstipend, overslagsløyving

Inntil 40 pst. av basislånet til studentar i høgare utdanning m.m. kan bli konvertert frå lån til stipend. Løyvinga på post 50 dekker avsetning til eit fond (konverteringsfondet) som Lånekassen trekker midlar frå etter kvart som lån blir gjorde om til stipend.

Det er budsjettert med at det vil bli gitt 10,2 mrd. kroner i omgjeringslån i 2021. Heile dette beløpet kan potensielt bli gjort om til utdanningsstipend. Særleg tre faktorar bidreg til at det likevel ikkje er behov for å setje av eit så høgt beløp i konverteringsfondet. Før det første blir utdanningsstipendet behovsprøvd mot inntekt og formue, og derfor vil ein del av det som kunne blitt gjort om til stipend, likevel ikkje bli omgjort. For det andre vil ein del av den utdanninga det blir

gitt støtte til, ikkje bli bestått og derfor ikkje gi rett til omgjerung. Og for det tredje vil ein del av den høgare utdanninga det blir gitt støtte til, ikkje føre fram til ein avlagd grad og dermed ikkje gi rett til omgjerung på grunnlag av oppnådd grad. Samla er det estimert at desse tre faktorane reduserer avsetningsbehovet med 23,1 pst., og forslaget til løyving på posten utgjer 76,9 pst. av anslaget for nye omgjeringslån i 2021.

Post 70 Utdanningsstipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld inntektsavhengig stipend, utstyrsstipend, og bortebruarstipend til elevar og lærlingar i vanleg vidaregåande opplæring, stipend til søkarar i høgare utdanning m.m. med nedsett funksjonsevne eller funksjonshemming,

og flyktningstipend, foreldrestipend, sjukestipend og barnestipend for alle grupper.

Post 71 Andre stipend, overslagsløyving

Løyvinga på posten gjeld ulike stipend til dekking av reiseutgifter og skulepengar i innland og utland. Ho gjeld òg stipend til språkkurs og eit tilleggsstipend til spesielt tilrettelagd ingeniør- og økonomiutdanning i Frankrike og Tyskland.

Post 72 Rentestøtte, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekker kostnaden ved at utdanningslån er rentefrie i utdanningstida, og er eit uttrykk for kor mykje staten subsidierer låne-

delen av støtteordningane med. Løyvingsbehovet på posten varierer med rentenivået.

Post 73 Avskrivningar, overslagsløyving

Avskrivningane på posten omfattar mellom anna avskrivning på grunn av sjukdom og død. Vidare er det eigne ordningar for avskrivning for visse lærarutdanningar og for personar som er busette og arbeider i Finnmark og utvalde kommunar i andre fylke. I tillegg blir restgjeld automatisk avskriven når gjelda er under det som er sett som minimumsbeløpet for innkrevjing.

Oversikta under viser dei elementa som utgjer post 73 Avskrivningar:

Tabell 4.36 Avskrivningselement i Lånekassen

Element	(i 1 000 kr)		
	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
Avskrivning ved sjukdom	483 563	435 672	618 160
Avskrivning ved død	64 635	69 006	64 635
Automatisk avskrivning	521	477	521
Avskrivning for lærarutdanning	28 881	28 235	29 569
Avskrivning Finnmarksordninga	129 556	122 912	134 782
Avskrivning kvoteordninga	40 600	11 590	12 241
Sletting av renter	113 653	119 492	96 451
Sum	861 408	787 385	956 359

Av samla avskrivning på 956,4 mill. kroner er det berekna at 802,2 mill. kroner vil vere avskrivning av det opphavlege utdanningslånet til kunden. Dei resterande avskrivningane fordeler seg på 47,7 mill. kroner frå renter i 2021 og 106,5 mill. kroner frå renter frå tidlegare år.

Post 74 Tap på utlån

Løyvinga på posten dekker avskrivning av grovt eller vedvarande misleghaldne utdanningslån. Låna blir avskrivne i rekneskapane som tap i Lånekassen når dei blir overførte permanent til Statens innkrevjingssentral (SI).

Oversikta nedanfor viser dei hovudelementa som utgjer post 74 Tap på utlån:

Tabell 4.37 Tapselement i Lånekassen

	(i 1 000 kr)		
	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
SI-permanent	328 645	320 000	355 000
Lån etter gjeldsordning	55 871	65 000	5 000
Andre forhold	2 589	7 500	55 500
Sum	387 105	392 500	415 500

Tap på hovudstolen er berekna til å vere 290,9 mill. kroner, medan tap på renter frå tildlegare periodar er 109,7 mill. kroner i 2021. Årets renter på taps-/kostnadsfordringane er berekna til å vere 15 mill. kroner i 2021.

Kundar som ikkje har betalt etter tredje varsel om betaling, får lånet førebels overført til SI. Der- som arbeidet til SI fører fram og kunden kjem å jour med betalingar, blir saka ført tilbake til Låne- kassen. Lånekassen eig kravet, men SI handterer gjeldsordningssaker i denne perioden. Det er først når lånet blir permanent overført til SI, nor- malt når gjelda har vore oppsagd i tre år, at kravet i rekneskapsamheng blir overført til SI.

Frå 1996 til og med 2019 har om lag 69 000 kundar fått gjelda permanent overført til SI, med eit samla beløp på 8,3 mrd. kroner. Av dette er det fram til i dag kravd inn 4,5 mrd. kroner. Inn- krevjingsresultatet i 2019 for permanent overførte

utdanningslån var på 241 mill. kroner, som er same beløp som i 2018. I 2021 er innkrevjingsre- sultatet berekna til å bli 230 mill. kroner. Det blei overført lån permanent frå Lånekassen til SI på 329 mill. kroner i 2019, mot 274 mill. kroner i 2018. Overføringa til SI i 2021 er berekna til 355 mill. kroner.

Post 90 Auka lån og rentegjeld, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekker samla nye utlån frå Lånekassen i 2021 og berekna renter i løpet av året som ikkje er betalte ved utgangen av året.

Nye utlån til kundar og omgjeringsar av stipend til lån er berekna til å utgjere 31,9 mrd. kroner, medan nettoutlån til ubetalte renter er berekna til 460 mill. kroner. Den samla løyvinga på posten blir då 32,4 mrd. kroner i 2021.

Kap. 5310 Statens lånekasse for utdanning

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
03	Diverse inntekter	500		
04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter	35 505	13 000	13 000
29	Termingebyr	6 515	7 835	3 077
89	Purregebyr	105 704	112 335	103 570
90	Redusert lån og rentegjeld	11 120 762	11 653 207	12 365 062
93	Omgjering av utdanningslån til stipend	7 067 875	6 211 553	5 973 912
	Sum kap. 5310	18 336 861	17 997 930	18 458 621

Kapitlet gjeld inntekter til Lånekassen, i hovudsak innbetalningar frå kundane, innbetaling frå konverteringsfondet og ulike refusjonar.

Post 04 gjeld ettergiving av utdanningslån for kvotestudentar frå utviklingsland som flyttar til heimlandet og buset seg der varig. Visse innanlandske kostnader kan etter statistikkdirektivet i OECD bli definerte som offentleg utviklingshjelp.

Post 29 gjeld gebyr for rekning ved terminfall. Kunder som nyttar eFaktura eller AvtaleGiro, blir ikkje belasta med rekningsgebyr.

Post 89 gjeld gebyr på 280 kroner ved første purring og 490 kroner ved andre purring (varsel om oppseiing).

Post 90 gjeld innbetalte avdrag og betalte berekna renter frå tidlegare år. Avskrivne og betalte renter er splitta opp i avskrivne og betalte

renter i inneverande og tidlegare budsjettperiodar.

Tilbakebetaling av hovudstolen er berekna til 10,3 mrd. kroner i 2021. Tilbakebetaling av rentegjeld frå tidlegare periodar er berekna til 583,3 mill. kroner i 2021. Tilbakebetaling frå taps-/kostnadsløyvingar utgjer 1,4 mrd. kroner og omfattar både hovudstol og berekna renter frå tidlegare periodar, spesifisert på kap. 2410, post 73 og 74.

Post 93 omfattar innbetaling frå konverteringsfondet til Lånekassen basert på konvertering av lån til stipend. Sjå omtale under kap. 2410, post 50.

Verksemder med mellomvære med statskassa vil ha eit unntak frå kontantprinsippet, jf. forslag til vedtak VII.

Kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2021
		2019	Saldert budsjett 2020	
80	Renter	4 481 163	5 120 420	2 509 820
	Sum kap. 5617	4 481 163	5 120 420	2 509 820

Løyvinga på posten gjeld renter til staten for alle utlån til Lånekassens kunder. Dette gjeld renter som er belasta kunder i tilbakebetalingsfasen, og renter som er løyvde på tilskotspostar til å dekke kostnadene til staten på lån som er rentefrie under utdanninga (rentestøtta), og på lån som er avskrivne.

Rentestøtta er berekna til 686 mill. kroner, medan opptente og innbetalte renter frå kundane er berekna til 1,3 mrd. kroner i 2021. Anslaget for opptente ikkje-betalte renter frå kundane er 460,4 mill. kroner, medan anslaget for årets renter frå taps-/kostnadsløyvingar er 62,7 mill. kroner i 2021.

Programkategori 07.90 Integrering og mangfold

Utgifter under programkategori 07.90 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
290	Integrerings- og mangfalds- direktoratet	272 562	292 960	304 983	4,1
291	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara	11 754 678	9 768 290	7 644 283	-21,7
292	Opplæring i norsk og samfunns- kunnskap for vaksne innvandrara	1 530 445	1 346 538	1 175 971	-12,7
Sum kategori 07.90		13 557 685	11 407 788	9 125 237	-20,0

Inntekter under programkategori 07.90 fordelte på kapittel

					(i 1 000 kr)
Kap.	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Pst. endr. 20/21
3290	Integrerings- og mangfalds- direktoratet	53			
3291	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrara	4 903	11 223	11 582	3,2
3292	Opplæring i norsk og samfunns- kunnskap for vaksne innvandrara	19 615	28 055	21 151	-24,6
Sum kategori 07.90		24 571	39 278	32 733	-16,7

Innleiing

Hovudmålet for integreringspolitikken er at fleire innvandrara er i arbeid og deltek i samfunnslivet. Utdanning og kompetanse gir den einskilde innvandraren moglegheiter til å delta i samfunnet og fridom til å velje eit godt liv. Departementet har eit særleg ansvar for å utforme og gjennomføre politikk for busetjing og kvalifisering for nykomne flyktningar og innvandrara, for å auke deltakinga deira i samfunnet og for å drive integreringspolitikken framover. Alle sektorar har samstundes eit sjølvstendig ansvar for å sikre at politikk og tiltak

inkluderer heile befolkninga, også innvandrara og barna deira. Kunnskapsdepartementet har eit overordna ansvar for å samordne regjeringas integreringspolitikk på tvers av ulike sektorar. Politikken for barnehage og skule, utdanningspolitikk, arbeidsmarknadspolitikk, bustader, tenester som barnevern og helse, kulturpolitikk, arbeid mot rasisme og diskriminering og førebygging av valdeleg ekstremisme er nokre av felta som har stor innverknad på integreringspolitikken.

Mykje går bra med integreringa, og innvandrara i Noreg har høg sysselsetjing samanlikna med innvandrara i andre OECD-land. Dette gjeld både

kvinner og menn. Samstundes har innvandrarak med fluktbakgrunn mykje lågare sysselsetjingsgrad enn resten av befolkninga og andre innvandrarak. Ei viktig årsak til dette er at mange flyktningar manglar utdanning og kvalifikasjonar som det er behov for i den norske arbeidsmarknaden. Manglande formell utdanning, svake norskkunnskapar og kort ansiennitet i arbeidslivet er særleg eit problem når det blir ein trongare arbeidsmarknad som følge av covid-19-pandemien. I tillegg til arbeid og kvalifisering er auka deltaking i små og store fellesskap og retten til å leve eit fritt liv sentrale mål for integreringspolitikken. Dei integreringspolitiske måla er nedfelte i strategien som regjeringa la fram i 2018, *Integrering gjennom kunnskap*. Strategien inneheld ei rekke tiltak som skal bidra til å nå dei integreringspolitiske måla, og som er førande for regjeringa i 2021 og ut 2022.

Stortinget behandla 5. mai 2020 Riksrevisjonens undersøking av myndigheitene sitt arbeid med å integrere flyktningar og innvandrarak gjennom kvalifisering til arbeid, jf. Dokument 3:4 (2019–2020). Riksrevisjonens hovudtilråding er at Justis- og beredskapsdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Arbeids- og sosialdepartementet i fellesskap går gjennom det samla verkemiddelapparatet og vurderer korleis tiltak og samarbeid mellom etatar og kommunar kan betrast med sikte på å styrke arbeidet med å integrere innvandrarak gjennom kvalifisering og arbeid. Det er sett ned ei interdepartemental arbeidsgruppe for å gjere ein slik gjennomgang av verkemiddelapparatet, og gruppa vil våren 2021 kome med vurderingar og råd om tiltak og samarbeid. Kunnskapsdepartementet leier gruppa, der også Arbeids- og sosialdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Kommunal- og moderniseringsdepartementet og underlagde direktorat deltek.

Hovudprioriteringar for 2021

Regjeringa jobbar med å følge opp integreringsstrategien gjennom å reformere kvalifiseringstilbodet for flyktningar og innvandrarak, gjennomgå busetjingsordninga og styrke sivilsamfunnet si rolle. Eit sentralt element i reforma er forslag til ny *lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid* (integreringslova), jf. Innst. 389 L (2019–2020) og Prop. 89 L (2019–2020). Lova er den største endringa i integreringspolitikken sidan innføringa av introduksjonsprogrammet for flyktningar i 2003. Lova skal bidra til at dei som kjem til Noreg og får opphald her, får nytta kunnskapane og evnene sine og delta i arbeids- og samfunnslivet. Satsing på utdanning, kvalifisering og

kompetanse står sentralt i lova, som samla skal bidra til at fleire innvandrarak, og særleg flyktningar, raskt blir integrerte i det norske samfunnet, får ei varig tilknytning til arbeidslivet og blir økonomisk sjølvstendige. Ein tek sikte på at lova vil tre i kraft frå 1. januar 2021.

Departementet foreslår ei styrking på 25 mill. kroner til ein norskinnsats i samarbeid med frivillig sektor. Vidare foreslår departementet å omdisponere 57 mill. kroner til ulike tiltak på integreringsfeltet. Midlane skal mellom anna nyttast til tiltak som gir fleire flyktningar og innvandrarak utdanning og kvalifisering. Tiltaka er nærare omtala i boks 4.2 og under postomtalen. Departementet foreslår òg å vidareføre løyvinga til tiltak i samband med covid-19-pandemien i 2021. Tiltaka som blir vidareførte gjeld styrkt kvalifisering av innvandrarak til arbeid og utdanning. For omtale av departementets tiltak for å avhjelpe konsekvensane av covid-19-pandemien i 2020, sjå omtale under kap. 11 Konsekvensar av covid-19-pandemien i kunnskapssektoren i del III.

Mål: Fleire er i arbeid og deltek i arbeidslivet

Utviklingstrekk og utfordringar

Kvalifisering og busetjing

Framleis for få asylsøkarar får tidleg kvalifisering i mottak

Det blei i 2018 obligatorisk for kommunar med asylmottak å tilby norskopplæring for asylsøkarar i mottak (175 timar) og opplæring i norsk kultur og norske verdiar (50 timar). Asylsøkarane i mottak fekk også plikt til å delta i opplæringa. Av asylsøkarar som hadde plikt til norskopplæring i 2019, hadde 69 pst. delteke i opplæringa innan utgangen av året (44 pst. i 2018).

40 pst. av asylsøkarane i målgruppa deltok i opplæringa i norsk kultur og norske verdiar i løpet av 2019 (29 pst. i 2018). Innføringa av plikt til opplæring ser ut til å ha medverka til at fleire deltek. Det er likevel fleire praktiske utfordringar som hindrar høgare deltaking. Vertskommunar for mottak framhevar mangel på føreseieleg mottaksdrift, flytting av bebuarar mellom mottak og mange ulike språkgrupper som nokre av utfordringane.

Busetjinga går raskt, men må bli meir treffsikker

Nykomne flyktningar blir som hovudregel busette med offentleg hjelp etter avtale mellom staten og kommunane. Personar som skal busetjast er overføringsflyktningar og personar som har fått opp-

Boks 4.2 Forslag til tiltak 2021

- 25 mill. kroner til norskinnsats for å gjere tilbodet om frivillig norsktrening betre kjent, for å rekruttere fleire frivillige norsktrenarar og til utvikling av eit fleksibelt tilbod om norsktrening som eit supplement til tilbodet i kommunane.
- 15 mill. kroner til arbeidet med fridom frå negativ sosial kontroll. Midlane skal styrke og utvide minoritetsrådgivarordninga, styrke arbeidet med utvikling av informasjonstiltak og kunnskapsformidling for dei særskilde hjelpe-tilboda og styrke Bufdirs kompetanseteam.
- 11,2 mill. kroner til å etablere fleire tilbod for offentlege kvalifiseringsordningar for tolkar, til å etablere eit nytt digitalt verktøy for meir effektiv organisering av tolketenestene og til ei rettleiingsteneste for offentlege tolkebrukarar.
- 15 mill. kroner til auka mangfald i arbeidslivet. Midlane skal dekke etablering av ei ny tilskotsordning for tiltak til auka etnisk mangfald i verksemd, ei rettleiingsteneste knytt til arbeidsgivarar og ein informasjonskampanje knytt til lansering av dei nemnde tiltaka.
- 10,2 mill. kroner for at fylkeskommunane skal kunne tilby karriereretleing til deltakarar som kjem inn i introduksjonsprogrammet frå 2021. Regjeringa foreslår ei samla løyving på 15,4 mill. kroner i 2021.
- 0,55 mill. kroner til kompetansekartlegging i mottak før busetjing.
- 1,13 mill. kroner til tolkeutdanningstilbodet på Vestlandet. Regjeringa foreslår ei samla løyving på 2,8 mill. kroner i 2021.
- 3,1 mill. kroner til auka timeomfang i faget samfunnskunnskap for deltakarar som har rett og plikt til opplæring.
- 1 mill. kroner til oppstart av minne- og kunnskapscenter i regi av Stiftelsen 10. august og deira formidlingsarbeid knytt til terror og hat mot muslimar.
- 0,3 mill. kroner til Senter for norsk utvandring og innvandring i Drammen.
- 25 mill. kroner til Jobbsjansen. Dette er ei vidareføring av styrking av tilbodet til innvandrarkvinner utanfor arbeidslivet som følge av covid-19-pandemien.
- 15,4 mill. kroner til vidareføring av karriereretleing for deltakarar i introduksjonsprogrammet under introduksjonslova, jf. *mellombels lov om tilpassingar i introduksjonslova for å avhjelpe konsekvensar av utbrotet av covid-19*.
- 8,3 mill. kroner til å dekke heilårseffekten av heiltidsplass i barnehage for 1-, 2- og 3-åringar i asylmottak.
- 38,5 mill. kroner til å styrke nasjonal tilskotsordning for å inkludere barn og unge. Av desse vil 2 mill. kroner gå til administrasjon av ordninga i Bufdir (Barne- og familiedepartementet).
- 120 mill. kroner til å forlenge forsøket med fritidskortordningar for barn frå 6 til fylte 18 år og utvide det til fleire kommunar (Barne- og familiedepartementet).
- 61,5 mill. kroner til å styrke saksbehandling av statsborgarskapsaker, kor 25 mill. kroner til UDI og 36,5 mill. kroner til Politidirektoratet (Justis- og beredskapsdepartementet).
- 12,2 mill. kroner til vidareføring av eingangsløysing for utlendingar med lang opphaldstid i Noreg (Justis- og beredskapsdepartementet).
- 8 mill. kroner til ei ny tilskotsordning i arbeidet mot rasisme, diskriminering og hatefulle ytringar frå 2021 (Kulturdepartementet).

haldsløyve på bakgrunn av søknad om asyl. Statens målsetjing er at busetjinga skal skje raskt, og at ho skal vere treffsikker. Treffsikker busetjing inneber mellom anna at nykomne skal busetjast i kommunar med relevant tilbod om kvalifisering, utdanning, arbeid og anna tenestetilbod.

Sidan 2018 har busetjingsbehovet vore stabilt på om lag 5 000 personar årleg. Busetjinga går raskt, og dei aller fleste vert busette innan seks

månader frå vedtak om opphald. I 2019 var det fleire vedtekne busetjingsplassar i kommunane enn det var flyktningar å busetje. Ei utfordring er at busetjingsbehovet kan endre seg raskt, i begge retningar, og det er derfor viktig med beredskap for opp- og nedbygging av busetjingskapasiteten i kommunane. Sjølv om busetjingsarbeidet går raskt for dei fleste, var det innan utgangen av 2019 om lag 25 personar med ei ventetid på meir enn

tolv måneder. Dette var i hovudsak personar med svært tunge oppfølgingsbehov. Fleire kommunar seier nei til busetjing av denne gruppa, mellom anna fordi dei meiner det er ei manglande dekning av dei ekstraordinære utgiftene utover dei fem åra etter busetjing som integreringstilskottsordninga dekker.

Ei anna utfordring med busetjingsarbeidet er at det ikkje er treffsikkert nok for å oppnå ei meir stabil deltaking i arbeidslivet. Tidleg kompetansekartlegging og karriererettleiing i mottak skal føre til meir treffsikkert kvalifiserings- og karriereval for den einskilde, og til at kommunane raskt skal kunne tilby tiltak som er tilpassa den einskilde. 52 pst. av målgruppa, som er bebuarar som høgst sannsynleg får opphald, eller som har fått innvilga opphald, hadde gjennomført kompetansekartlegging i 2019. Ei av årsakene til den låge prosentdelen er at kompetansekartlegging ikkje er obligatorisk for målgruppa.

Det er òg eit utviklingstrekk at låge inkomstar av asylsøkarar dei siste åra, i tillegg til vedtak i Stortinget om å auke kvota for overføringsflyktningar til 3 000 personar, gjer at overføringsflyktningane utgjorde nesten 60 pst. av dei busette i 2019. Overføringsflyktningane vert busette direkte i kommunen og har ikkje vore i Noreg i tida før busetjinga. Dei mottek derfor ikkje kvalifiserings tiltak i mottak. Oppfølgingsarbeidet i kommunane kan derfor vere større ved busetjing av overføringsflyktningar samanlikna med mottaksbebuarar.

Behov for meir formell kvalifisering

Mangel på kompetanse som arbeidslivet etter spør, er ei viktig årsak til låg deltaking i arbeidslivet. Regjeringa har som mål at fleire skal få formell kompetanse innanfor ramma av introduksjonsprogrammet. Det har vore ei positiv utvikling på området, men det er framleis behov for meir formell kvalifisering. Målgruppa for programmet er nykomne flyktningar og deira familiesameinte som har behov for grunnleggande kvalifisering. Målet er at minst 70 pst. av deltakarane i introduksjonsprogrammet skal vere i arbeid eller utdanning året etter avslutta program. Tal frå SSB syner at 63 pst. av dei som avslutta introduksjonsprogram i 2018, var i arbeid eller utdanning eitt år etter avslutta program. Det er skilnader i resultatata når det gjeld kjønn: talet for menn var 72 pst. og for kvinner 48 pst. Desse tala har vore stabile dei seinare åra.

På grunn av færre asylsøkarar, og dermed færre busetjingar, er det no nedgang i talet på deltakarar i introduksjonsprogrammet. Talet er likevel framleis høgt. I 2019 var det i underkant av 21 000 deltakarar i programmet. Dei tek del i programmet i den kommunen dei er busette i. Det er stor variasjon mellom kommunane i innhaldet i introduksjonsprogrammet, og i mange kommunar er ikkje kvaliteten på tilbodet god nok. Desse variasjonane er ei utfordring, fordi busetjingsstad har stor innverknad på kva slags tilbod den einskilde får.

Opplæringa i norsk og samfunnskunnskap må styrkast

33 846 innvandrarar deltok i opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne i 2019. Talet omfattar både flyktningar og deira familiesameinte, familiesameinte til norske og nordiske borgarar og arbeidsinnvandrarar frå land utanfor EU/EØS. Ferdigheiter i norsk er viktig for tilgang til arbeid og utdanning, men også for deltaking i samfunnet. Det er eit faktum at mange ikkje meistarar norsk i tilstrekkeleg grad til å kunne delta fullt ut i arbeids- og samfunnslivet. Det er store variasjonar mellom kommunar når det gjeld kor raskt ein startar med opplæring, grad av individuell tilrettelegging, omfanget av opplæringa og resultatata på norskprøvar. Mangelen på tilrettelegging av opplæringa gjeld spesielt for deltakarar med lite eller inga utdanning. Mangelen på tilrettelegging gjeld likevel alle målgrupper, til dømes deltakarar med høgare utdanning frå før som har føresetnader for norskopplæring med rask progresjon. For mange deltakarar oppnår ikkje tilstrekkelege norskkunnskapar til å kome i utdanning og få ei varig tilknytning til arbeidslivet.

Negativ sosial kontroll og æresrelatert vald er alvorlege hinder for deltaking i samfunnet

Negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangs-ekteskap og kjønnslemlesting er alle alvorlege samfunnsproblem som det må kjempast mot. Dette kan vere barrierar mot at nykomne flyktningar og innvandrarar skal få ta aktivt del i samfunnet og få moglegheit til å leve eit fritt liv. Det kan gjelde mellom anna retten til å ta sjølvstendige val om utdanning, arbeid og ektefelle. Fleire nyttar dei særskilde tilboda om hjelp. Dei som søker hjelp, er så vel nykomne innvandrarar som ungdommar som er fødte og har vakse opp i Noreg.

Mangfaldet i befolkninga lite nytta som ressurs i arbeidslivet

Innvandrarar kjem til Noreg med kompetanse og ressursar. I tillegg opparbeider dei kompetanse i Noreg. Innvandrarar har lågare sysselsetjingsgrad, lågare jobbtryggleik og høgare arbeidsløyse samanlikna med resten av befolkninga. Dette kjem av, mellom anna, følgande mekanismar. For det første manglar ein del innvandrarar formell kompetanse som er etterspurd i Noreg. For det andre kan diskriminering gjere det vanskelegare for innvandrarar å kome inn i arbeidslivet og delta på linje med andre. Diskriminering ved tilsetjing førekjem både i privat og i offentleg sektor. Innvandrarar er oftare overkvalifiserte for stillinga dei har, samanlikna med resten av befolkninga. Manglande medvit om etnisk mangfald som ein ressurs i arbeidslivet kan påverke integreringa av innvandrarbefolkninga i samfunnet generelt og bidra til utanforskap og dårleg utnytting av samfunnets samla ressursar og kompetanse.

For liten bruk av sivilsamfunnet i integreringsarbeid

Sivilsamfunnet, frivillige organisasjonar og frivillig innsats er sentralt på integreringsfeltet. Sivilsamfunnet verkar som brubyggar mellom styresmakter og befolkningsgrupper og mellom grupper i befolkninga. Dei frivillige organisasjonane spelar ei viktig rolle i integreringsprosesser ved mellom anna å gi informasjon og norsktrening til nye innbyggjarar, tilby kulturaktivitetar, rekruttere barn til idretten, bidra til dialog og vere talerøyr for ulike grupper og behov. Dei gjer det mogleg for folk å delta, samtidig som dei bidreg til å løyse viktige samfunnsoppgåver. Slikt bygger tillit og tilhøyrslø. Generelt deltek innvandrarar som gruppe i mindre grad i organisasjonslivet enn resten av befolkninga. Samtidig er det store variasjonar etter butid, inntekt og utdanning også her. Fleire kommunar melder at det er behov for, og viktig med, felles møteplassar på tvers av befolkningsgrupper. Det er òg eit mål at fleire innvandrarar deltek i organisasjonslivet, og at fleire innvandrarorganisasjonar blir brukte for å auke deltakinga i arbeids- og samfunnslivet. Frivillig arbeid og innsats er ein ressurs, med potensial til å få og ta ein større plass i nasjonalt og lokalt integreringsarbeid.

For liten bruk av kvalifiserte tolkar

God kommunikasjon via tolk er ofte viktig for at nye innbyggjarar skal få informasjon om pliktene

og rettane sine, og for å sikre eit likeverdig offentleg tenestetilbod. For å sikre effektivitet i saksbehandling skal offentleg sektor bruke kvalifiserte tolkar. I 2018 blei 58 pst. av tolkeoppdraga utførte av tolkar utan dokumenterte kvalifikasjonar, i 2019 auka talet til 62 pst. av tolkeoppdraga. Den høge bruken av ufaglærte tolkar er ei utfordring både for rettstryggleiken, for tilliten til det offentlege og for profesjonaliseringa av tolkesektoren.

I 2019 sende departementet eit forslag til *lov om offentlege organs ansvar for bruk av tolk mv. (tolkelova)* ut på offentleg høyring. Departementet foreslo mellom anna å lovfeste eit krav om at offentlege organ skal bruke kvalifiserte tolkar, krav om teieplikt og habilitet og heimel for å innhente politiattest for tolkar som tek oppdrag for mellom anna domstolane og kriminalomsorga.

Utfordringar i levekår i utsette byområde

Ein del område i større byar har særskilde utfordringar med dårlege levekår. Desse områda har òg ein høg prosentdel innbyggjarar med innvandrarbakgrunn. Levekårsproblem i område med mange innvandrarar skaper dårlege føresetnader for deltaking. Mange levekårsproblem heng saman med manglande sysselsetjing. Det er naudsynt å rette særleg innsats mot den einskilde og buområde som er sterkt belasta med slike utfordringar. For nærare omtale sjå programkategori 07.20 og Prop. 1 S (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Statsborgarskap kan i større grad nyttast som integreringsfremjande verktøy

Det norske samfunnet har dei siste 50 åra blitt forandra frå å vere eit av Europas mest homogene samfunn til å bli eit samfunn med innvandrargrupper frå alle verdsdelane. Talet på utanlandske statsborgarar som er innvilga norsk statsborgarskap, har stige kraftig i løpet av 40 år. Det er særleg flyktningar frå Asia og Afrika som skiftar statsborgarskap, medan europeiske arbeidsinnvandrarar held på statsborgarskapet frå heimlandet, jf. SSB analyse frå 2019, *Ønsket om å bli norsk statsborger sterkest hos flyktningene*.

Norsk statsborgarskap er viktig som ramme for fellesskap. Ei undersøking som er gjennomført i forskingsprosjektet GOVCIT (2019) viser at fleirtalet av både innvandrarane sjølve, etterkommarar av innvandrarar og majoritetsbefolkninga i dei skandinaviske landa, synest det er riktig å stille krav til nye samfunnsmedlemmer som ønsker å bli statsborgarar. Vilkår for norsk statsborgarskap

bør nyttast betre som eit integreringsfremjande verktøy, og vilkåra for statsborgarskap må sjåast i samanheng med resten av reformarbeidet på integreringsfeltet. Det har mellom anna vore for få insentiv til å motivere alle innvandrarak som ønsker å bli norske statsborgarak, til å lære seg norsk på eit nivå som gjer at dei kan delta fullt ut i norsk arbeids- og samfunnsliv.

Etter avviklinga av prinsippet om eitt statsborgarskap i statsborgarlova 1. januar 2020 har fleire søkt om norsk statsborgarskap enn venta. I prognosen for 2020 og 2021 er det samla forventa 60 000 fleire søknader om norsk statsborgarskap i perioden 2020–22 som følge av lovendinga. I tillegg ventar departementet at fleire vil søke om norsk statsborgarskap i forkant av behandlinga av forslaget om styrkt krav om ferdigheiter i norsk munnleg. Dette var tilfellet då kravet om norsk munnleg blei innført i 2017.

Våren 2019 blei det sett i verk eit tidsavgrensa identitetsavklaringsprogram for irakiske statsborgarak. Identitetsavklaringsprogrammet bidreg både til at norske myndigheiter får ei betre oversikt over den riktige identiteten til irakiske borgarak som er busett i Noreg og at dei som deltek får moglegheit til å bli norske statsborgarak. Hausten 2020 var det avklart at 570 personar fyller vilkåra for deltaking i programmet, medan 71 saker framleis er til vurdering. Av dei som deltok i piloten for programmet har 159 personar fått innvilga norsk statsborgarskap. Det er enno ikkje fatta vedtak i nokre av sakene som er omfatta av det ordinære programmet. Sakene er prioriterte, men arbeidet er omfattande. Rundt 100 av dei som deltek i programmet har fått verifisert identiteten sin, men på grunn av pandemien blir det ikkje gjort nye verifiseringar. Det er usikkert når programmet vil bli slutført.

Auka behov for meir brukarretta digitalisering

I dag er det ofte slik at brukarane av offentlege digitale tenester må ha kontakt med fleire tenester frå ulike aktørar. Det er stor variasjon når det gjeld i kva grad offentlege verksemder ser tenester i samanheng og har sett seg inn i behova til brukarane. Til dømes har flyktningar ei brukarreise frå mottak til arbeidsliv som er særskild for denne gruppa. Det blir registrert data om desse personane i ulike system. Dette gjeld til dømes både kompetansen dei har med seg, og kva dei oppnår gjennom introduksjonsprogrammet. Det er naudsynt å sjå nærare på kva slags behov denne gruppa har når det gjeld informasjon og informasjonsutveksling med det offentlege tenes-

teapparatet. I tillegg er det behov for betre samhandling mellom offentlege etatar når det gjeld bruk av registrerte data. Noreg er blant dei fremste landa i verda når det gjeld tilgang til og bruk av IKT i befolkninga, men det er framleis store grupper som ikkje deltek digitalt. Innvandrarak frå land i Afrika og Asia utgjer ein vesentleg del av denne gruppa. Å sørge for at deltakarane i introduksjonsprogrammet utviklar tilstrekkeleg digital kompetanse til å kunne delta i arbeids- og samfunnsliv, er ei utfordring og sentralt for å førebygge utanforskap.

Strategiar og tiltak

Kvalifisering og busetjing

Tiltak for effektiv kvalifisering i mottaksperioden

Det er ein fordel at den einskilde bebuaren i mottak kjem tidleg i gang med kvalifisering. I den nye integreringslova blir plikta til å delta i opplæring i norsk for asylsøkarar som er i målgruppa, vidareført. Opplæringa i norsk kultur og norske verdiar er i ny integreringslov foreslått innlemma i opplæringa i samfunnskunnskap. Tema frå opplæringa i norsk kultur og norske verdiar, som til dømes tema som kvinners rettar, likestilling, LHBTI-rettar og religionsfridom, vil inngå i den nye opplæringa i samfunnskunnskap. Dette inneber også eit auka timeomfang i faget samfunnskunnskap for deltakarar som har rett og plikt til opplæring. Departementet foreslår derfor å løyve 3,1 mill. kroner til dette over kap. 292, post 60. For nærare omtale sjå postomtalen.

Vertskommunar for mottak kan tilby standardiserte element frå introduksjonsprogrammet og integreringsfremjande tiltak til personar som bur i mottak, og som har fått eit opphaldsløyve som medfører at dei er i målgruppa for introduksjonsprogrammet.

Særlege integreringsmottak blei oppretta i 2016, med mellom anna fulltidsprogram for bebuarak. Ved utgangen av 2019 var det tre integreringsmottak. Dagens modell med integreringsmottak blir vidareført. Talet på integreringsmottak vil framleis vere avhengig av kor mange asylsøklarar det er i målgruppa.

Tiltak for meir treffsikker busetjing

Treffsikker busetjing inneber mellom anna at nykomne skal busetjast i kommunar med eit relevant tilbod om kvalifisering, utdanning, arbeid og anna tenestetilbod.

Oppmodingskriteria for busetjing, som blir fastsette av Kunnskapsdepartementet, bidreg til at busetjing skjer over heile landet, i kommunar som har gode resultat i integreringsarbeidet og som har beredskap for opp- og nedbygging av kapasiteten. Vidare er mellom anna arbeidsmarknaden og utdanningstilbodet i regionen, og kommunens kapasitet til å busetje flyktningar med store funksjonsnedsetjingar, blant kriteria som blir nytta når ein vurderer kva for kommunar som skal oppmodast til å busetje flyktningar. Det er IMDi som har ansvaret for å oppmode kommunane om å busetje ei viss mengd personar. Frå og med 2020 er fylkeskommunane ein ny aktør i busetjingsarbeidet. Fylkeskommunane skal vurdere og tilrå kor mange flyktningar som bør busetjast i den einskilde kommunen i fylket. Fylkeskommunen skal ta utgangspunkt i oppmodingstal frå Nasjonalt utval for busetjing, og tilrådinga skal vere basert på nasjonale føringar som oppmodingskriteria. I oppmodinga skal IMDi legge stor vekt på tilrådinga frå fylkeskommunen.

Eit viktig tiltak blir å legge til rette for eit godt samarbeid mellom IMDi, KS, fylkeskommunane, kommunane og andre relevante aktørar, slik at busetjinga blir endå meir treffsikker i åra som kjem. Departementet vil gjennomgå og forbetre busetjingsordninga, jf. integreringsstrategien.

Når det gjeld overføringsflyktningar, så presiserer dei nye retningslinjene for arbeidet med overføringsflyktningar, jf. rundskriv G-15/2020, at IMDi skal gi innspel om utsiktene til integrering og kapasitet i kommunane til å gi eigna tilbod. IMDi skal kartlegge busetjingsførebuande informasjon om flyktningane før innkomst til Noreg, og busetje flyktningar som vert overførte i tråd med ordninga for busetjing. IMDi skal sørge for at flyktningar og kommunar får relevant informasjon før flyktningane er busette.

Eit anna viktig tiltak er gode digitale system for busetjingsarbeidet. Det er allereie utvikla system som har bidrege til reduksjon i ventetida frå vedtak om opphald til busetjing. Det er i 2019 lansert digitale verktøy for betre kompetansekartlegging i mottak og av overføringsflyktningar på uttakskommisjon. I 2020 tek ein i bruk system som kartlegg både tilretteleggingsbehova til overføringsflyktningar ved busetjing og kompetansen til den einskilde. Det kan bidra til betre kopling mellom den kompetansen flyktingen har med seg og arbeidsmarknaden i regionen.

I forslag til ny integreringslov foreslår regjeringa å innføre krav om at alle innvandrarakar med rett og plikt til introduksjonsprogram får kompetansekartlegging før busetjing. IMDi skal kart-

legge overføringsflyktingane. Vertskommunen for mottak skal kartlegge personar som bur i mottak, og som har fått eit opphaldsløyve som gjer at dei er i målgruppa for introduksjonsprogram. Departementet foreslår 0,55 mill. kroner til å etablere ei eiga tilskotsordning som går til vertskommunane sitt arbeid med kompetansekartlegging frå 2021, jf. omtale under kap. 292, post 61. Tidleg kompetansekartlegging skal òg føre til meir treffsikkert kvalifiserings- og karriereval for den einskilde og til at kommunane raskt skal kunne tilby tiltak som er tilpassa den einskilde.

God og målretta kvalifisering

Ny integreringslov stiller tydelegare krav til den einskilde flyktingen og til kommunane som har ansvaret for å gi nykomne flyktningar den opplæringa i norsk og den utdanninga eller kvalifiseringa dei treng.

Sentralt i lova er lovfesting av kompetansekartlegging og karriererettleiing i forkant av introduksjonsprogrammet, meir bruk av formell kvalifisering og utdanning i programmet, obligatoriske kurs i livsmeistring for alle og foreldrerettleiing for deltakarar som har eller får barn, lovfesting av differensiert programtid og innføring av slutt mål. Programmet skal kunne vare frå tre månader til fire år. Programtida vil variere ut frå kva slags utdanning og kompetanse ein har med seg, og kva som er slutt mål for programmet for den einskilde. For deltakarar som har som slutt mål å fullføre vidaregåande opplæring, og dersom det er realistisk at dei kan nå dette målet, kan programmet utvidast til inntil fire år. Slutt målet for ungdom under 25 år som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, skal som hovudregel vere å fullføre vidaregåande opplæring. IMDi og Kompetanse Noreg har utarbeidd standardiserte element til bruk i programmet. Dei skal innehalde lett tilgjengelege minstekrav og standard for kvalitet, faglege tilrådingar og verktøy for at det skal bli enklare for kommunane å planlegge, utforme og gjennomføre individuelt tilpassa introduksjonsprogram av god kvalitet.

Departementet foreslår å løyve 10,2 mill. kroner til å dekke heilårseffekten for at fylkeskommunane skal kunne tilby karriererettleiing til deltakarar som kjem inn i introduksjonsprogrammet under forslag til ny integreringslov frå 2021. Departementet foreslår ei samla løyving på 15,4 mill. kroner i 2021.

Vidare foreslår departementet å løyve 15,4 mill. kroner til vidareføring av karriererettleiing for deltakarar i introduksjonsprogrammet

under introduksjonslova, jf. *mellombels lov om tilpassingar i introduksjonslova for å avhjelpe konsekvensar av utbrotet av covid-19*.

Ordninga Jobbsjansen har som formål å auke sysselsetjinga blant heimeverande kvinner med innvandrarbakgrunn som står langt frå arbeidsmarknaden, og som har behov for grunnleggande kvalifisering. Ordninga skal ha eit særskilt fokus på tidleg utplassering av deltakarar på ordinær arbeidsplass med tett oppfølging. Ordninga blei styrkt i 2020 med 25 mill. kroner som følge av covid-19-pandemien, jf. Innst. 360 S (2019–2020). Departementet foreslår å vidareføre denne løyvinga i 2021.

Tiltak for styrkt norskopplæring

Det er viktig å meistre norsk for å få tilknytning og deltaking i arbeid og utdanning og i samfunnslivet. Dagens krav om opplæring i eit visst omfang timar blir derfor foreslått erstatta i ny integreringslov med eit krav om at deltakaren skal nå eit minimumsnivå i norsk. Dette nivået skal reflektere nivået deltakaren bør ha for å kome i utdanning eller få varig tilknytning til arbeidslivet på sikt. Vidare blir det foreslått å innføre kompetansekrav for lærarar som underviser i norsk etter integreringslova, som er meint å medverke til høgare kvalitet i norskopplæringa. Det er òg under utarbeiding ein ny læreplan som mellom anna skal følge opp endringane i den ny integreringslova. Etter planen skal eit forslag sendast på høyring hausten 2020, og ny læreplan tre i kraft til skuleåret 2021–22.

Det er nødvendig med eit supplement til det kommunale norskopplæringstilbodet. Departementet foreslår å løyve 25 mill. kroner til å sette i gang ein norskinnsats i 2021 med to tiltak som skal verke som eit supplement til den lovfesta norskopplæringa. Tiltaka vil både styrke eksisterande tilbod om frivillig norsktrening og medverke til å etablere nye tilbod. Målet er å gi fleire med svake norskkunnskapar tilbod om frivillig norsktrening og andre tiltak som kan medverke til å heve norskkunnskapane. Målgruppa for norskinnsatsen er vaksne innvandrarakar med behov for å lære meir norsk, uavhengig av butid i Noreg og innvandringsårsak. Sjå kap. 291, post 71 for ytterlegare omtale.

Styrkt arbeid for fridom frå negativ sosial kontroll og æresrelatert vald

Regjeringa kan vise til ei omfattande satsing mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønns-

lemlesting, mellom anna gjennom handlingsplanen *Retten til å bestemme over eget liv* (2017–2020) med 28 tiltak. I regjeringas integreringsstrategi er «retten til å leve eit fritt liv» eitt av fire innsatsområde. Innsatsen blir utvikla vidare i ein ny handlingsplan, *Frihet fra negativ sosial kontroll og æresrelatert vold* (2021–2024), som skal leggest fram våren 2021. Det vil mellom anna vere større merksemd på behova for hjelp blant nykomne flyktningar og innvandrarakar for å starte førebygging tidlegare. Regjeringa vil òg vidareføre styrkinga av kompetansen hos tilsette i hjelpetenestene og rette meir merksemd mot transnasjonale utfordringar, under dette oppfølging av barn og unge med ufrivillige utanlandsopphald.

Støtta til frivillige organisasjonar for å førebygge negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting, og for å endre haldningar og praksis, blir vidareført. I ny integreringslov foreslår regjeringa at foreldrerettleiing blir obligatorisk for deltakarar som har barn. FAFO-studien *Migrasjon, foreldreskap og sosial kontroll* (2019) gjer greie for korleis einskilde innvandrargrupper opplever uro og usikkerheit i møte med ein framand oppdragarkultur. Informasjon om rettleiing i foreldrerolla skal medverke til å skape trygge foreldre. Vidare foreslår regjeringa at *livsmeistring* blir eit obligatorisk element i ny integreringslov, og temaområdet migrasjon, helse og mangfald vil inkludere informasjon om negativ sosial kontroll og æresrelatert vald.

Regjeringa held fram satsinga på fridom frå negativ sosial kontroll i 2021 og foreslår 15 mill. kroner til å styrke eksisterande tiltak og til å etablere nye tiltak. Midlane skal mellom anna gå til å styrke minoritetsråd-givarordninga og til eit forsøk med minoritetsråd-givarar på utvalde ungdoms- og barneskular i Oslo.

Betre bruk av kompetansen til innvandrarakar og større mangfald i arbeidslivet

Det er nødvendig med særskilde tiltak som kan sikre god bruk av kompetansen til innvandrarakar, og å redusere diskriminerande mekanismar ved rekruttering i arbeidslivet. I integreringsstrategien til regjeringa er eit av hovudgrepa å stimulere arbeidsgivarar til meir medvit om mangfald som ressurs. Derfor er ei av prioriteringane for 2021 å fremje medvit om gevinstane ved større etnisk mangfald i arbeidslivet. Mangfaldsprisen – statens utmerking for framifrå bruk av kompetansen til innvandrarakar i arbeidslivet – skal vidareførast i 2021. Departementet foreslår å løyve 15 mill. kroner til å styrke arbeidet med mangfald i

arbeidslivet. Midlane skal mellom anna nyttast til å etablere ei ny tilskotsordning for tiltak til auka etnisk mangfald i verksemdar. I tillegg foreslår departementet å lage ei informasjons- og rettleiingsteneste retta mot arbeidsgivarar, bransjeorganisasjonar og andre aktørar i næringslivet. Formålet med desse forslaga er at kunnskapen om nytten og gevinstane av mangfald i norske verksemdar skal auke. Positive haldningar til etnisk mangfald og førebygging av diskriminering i arbeidslivet vil kunne medverke til at fleire arbeidsgivarar tilset innvandrarar og bruker kompetansen deira riktig.

Må sikre meir bruk og samarbeid med sivilsamfunn og frivillige organisasjonar

Aktørar i sivilsamfunnet og frivillige organisasjonar er sentrale i integreringsarbeidet. På integreringsfeltet arbeider sivilsamfunn og frivillige organisasjonar med ei rekke ulike tema, som utvikling av utsette byområde, arbeid mot negativ sosial kontroll, informasjonsarbeid og norsktrening. Regjeringa arbeider med ein strategi for auka bruk av sivilsamfunnet og frivilligheita i nasjonalt og lokalt integreringsarbeid, og vil legge til rette for meir samarbeid med og mellom frivillige organisasjonar.

Departementet gir tilskot til frivillige organisasjonar gjennom fleire ulike ordningar som blir forvalta av IMDi. Tilskotet medverkar til auka deltaking i samfunnslivet og til å styrke rolla til frivillige organisasjonar i integreringsarbeidet, lokalt og nasjonalt. Regjeringa vil òg halde fram med den årlege nasjonale integreringskonferansen for å styrke dialogen med innvandrarar. Vidare foreslår departementet ei styrking av frivillig arbeid med til saman 25 mill. kroner til ein norskinnsats, jf. omtale under Norskinnsats – Tilskot til frivillig norsktrening og utprøving av klippekortordning og kap. 291, post 71.

Auka bruk av kvalifisert tolk

Departementet følger opp høyringa og arbeidet med ein ny tolkelov. IMDi er nasjonal fagmyndighet for tolking i offentleg sektor, med ansvar for mellom anna Nasjonalt tolkeregister. Dette registeret er styrkt og det skal jobbast vidare med å rekruttere fleire kvalifiserte tolkar til registeret. Departementet foreslår å løyve 11,2 mill. kroner til ei styrking for auka bruk av kvalifisert tolk i 2021. Midlane skal nyttast til å etablere fleire tilbod til kvalifisering av tolkar, å gjere det nasjonale tolkeregisteret kjent og å auke kompetansen til dei som bestiller tolkar. Tiltaka skal sikre at

offentlege tolkebrukarar etterlever tolkelova, og å medverke til auka bruk av kvalifisert tolk i offentleg sektor. Vidare foreslår departementet 1,1 mill. kroner til vidareføring av tolkeutdanning på Vestlandet. Til saman foreslår departementet å løyve 2,8 mill. kroner til dette tiltaket.

Betre føresetnader for integrering gjennom innsats i utsette byområde

I einskilde område i dei største byane i Noreg er det utfordringar i levekår som kan gi grobotn for utanforskap, uro og manglande tryggleik. Desse områda har òg ein høg prosentdel innbyggjarar med innvandrarbakgrunn. Regjeringa har sett ned eit utval som innan utgangen av 2020 vil levere ei offentlig utgreiing om levekårs- og integreringsutfordringar i byområde og i område rundt dei store byane i landet. Utvalet skal mellom anna kome med forslag til tiltak som kan fremje gode oppvekst- og levekår og gode føresetnader for integrering. Regjeringa har gjennom såkalla område-satsingar allereie styrkt innsatsen i utsette område med tiltak retta inn mot auka sysselsetjing, betre folkehelse, auka deltaking, inkluderande bumiljø og kriminalitetsførebyggjande arbeid. I 2021 blir arbeidet med å betre levekåra i utsette byområde vidareført, jf. omtale under kap. 226, post 21 og i Prop. 1 S (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Styrkt krav om ferdigheiter i norsk munnleg for rett til norsk statsborgarskap

Regjeringa ønsker at norsk statsborgarskap skal henge høgt. Det er til gunst for alle dersom tildeiling av statsborgarskap også er innretta slik at det er integreringsfremjande. Dette er mellom anna årsaka til at regjeringa har foreslått for Stortinget å heve kravet til ferdigheiter i norsk munnleg for statsborgarskap frå nivå A2 til B1. Gode norskferdigheiter er nøkkelen til integrering og viktig både for tilgangen til arbeid, for ei stabil tilknytning til arbeidslivet og for mobilitet på arbeidsmarknaden. Norskferdigheiter er også viktig for deltaking på andre samfunnsområde. Departementet vil fastsetje eit nytt unntak for personar som ikkje innfrir språkkravet på grunn av personlege føresetnader som dei ikkje sjølv rår over, eller av helsemessige årsaker.

Stortinget har våren 2020 vedteke ein lovheimel for å gi forskrift om bruk av heilautomatiserte avgjerder i statsborgarsaker, og forskrifta blei fastsett av departementet i april 2020. Dei største gevinstane ved automatisering er knytte til betre

ressursutnytting i forvaltninga. For brukaren vil automatisering over tid gi kortare saksbehandlingstid og redusert tidsbruk knytt til søknadsprosessen.

I prognosen for 2020 og 2021 er det ein stor auke i søknader om statsborgarskap. Dette heng saman med at prinsippet om eitt statsborgarskap blei avvikla frå 1.1.2020, jf. Prop. 111 L (2017–2018). Samla er det forventta 60 000 fleire søknader om norsk statsborgarskap i perioden 2020–22 som følge av endringa. Den reduserte saksinngangen til UDI i 2020 gjer at UDI vil ha færre ubehandla saker totalt sett ved inngangen til 2021 og vil derfor auke innsatsen på søknader om statsborgarskap. For å hindre at saksbehandlingstida blir altfor lang foreslår regjeringa å auke løyvinga til politiet og UDI med til saman 61,5 mill. kroner i 2021 for å auke kapasiteten til å handtere sakene, jf. omtale i Prop. 1 S (2020–2021) for Justis- og beredskapsdepartementet. UDI vil ta i bruk heilautomatiserte avgjersler i dei enkle sakene.

Utvikling av samanhengande tenester for brukaren

I regjeringa sin digitaliseringsstrategi for offentlig sektor er Kunnskapsdepartementet ansvarleg for utviklinga av Ny i Noreg. Utvikling av samanhengande tenester for flyktningar og innvandrarakar vil prege digitaliseringsarbeidet på integreringsfeltet i åra som kjem.

Digital kompetanse er ein føresetnad for å klare seg i arbeids-, utdannings- og samfunnslivet i Noreg i dag. Derfor vil opplæring i digitale ferdigheiter vere ein del av dei standardiserte elementa i introduksjonsprogrammet. Dette skal vere med på å sikre mellom anna grunnleggande digital kompetanse.

Vidare er utviklingsarbeidet innanfor digitalisering på integreringsfeltet prega av å produsere gode og sikre tenester til dei som bruker IMDi saksbehandlingssystem, til dømes kommunane. Dei nye og forbetra løysingane skal gi ei meir brukarvennleg, effektiv og sikker forvaltning i IMDi og for andre aktørar i integreringsarbeidet, mellom anna kommunane.

Kap. 290 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Driftsutgifter	272 562	292 960	304 983
	Sum kap. 0290	272 562	292 960	304 983

Post 01 Driftsutgifter

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) er eit sterkt fagdirektorat og utøvande organ for integreringspolitikken, ein premissleverandør for utviklinga av feltet, og samarbeider mellom anna med sektormyndigheiter, kommunane og fylkeskommunane.

Mål for 2021

Mål som er omtala i innleiinga til programkategori 07.90, er førande for arbeidet til direktoratet. Følgjande mål vil vere sentrale for direktoratet i 2021:

- IMDi sørger for god iverksetjing og samordning av integreringspolitikken.
- IMDi varetek og utviklar rolla si som fagdirektorat for integrering.

- IMDi skal vere pådrivar for å sikre eit heilskapleg integreringsarbeid.

Resultat i 2019

Introduksjonsordninga er det viktigaste verkemiddelet for å kvalifisere nykomne flyktningar til arbeid og til å forsørge seg sjølve. IMDi har i 2019 arbeidd for å gjere kvalifiseringstilboda til nykomne innvandrarakar meir effektive og målretta. Kommunane har fått tilbod om rettleiing, og IMDi har i 2019 arbeidd målretta med å sikre samordning på kommunalt, regionalt og nasjonalt nivå.

I 2019 blei Mangfaldsprisen innført som ein del av integreringsstrategien til regjeringa. Prisen skal stimulere arbeidsgivarar til auka medvit om mangfald som ressurs.

IMDi held fram arbeidet med å førebygge negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og

kjønnslemlesting. I 2019 arbeidde IMDi særskilt med å styrke minoritetsrådgivarordninga og spreie informasjon gjennom nettsida NORA og fagverkstad om tematikken for programrådgivarar i kommunane.

I 2019 blei det busett om lag 4 800 flyktningar i norske kommunar. Gjennomsnittleg ventetid frå vedtak til busetjing var 3,3 månader. IMDi har samarbeidd med KS og andre sentrale aktørar om busetjingsarbeidet.

Direktoratet har følgd opp Stortingets vedtak om at fylkeskommunane frå 2020 får overført dei regionale integreringsoppgåvene som IMDi har hatt ansvaret for. I den samanheng blei det i 2019 avgjort å avvikle IMDis regionkontor i Kristiansand, Gjøvik, Trondheim og Bergen, og bygge opp eit nasjonalt kontor i Narvik.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 3,7 mill. kroner til arbeidet med rettleiing og opplæring for offentlege tolkebrukarar. Av desse skal 0,5 mill. kroner skal nyttast til ei digitaliseringsteneste for å betre tilgangen på kvalifiserte tolkar, og 3,2 mill. kroner skal nyttast til å gjere IMDi betre til å handtere førespurnader som gjeld tolkelova, og til rettleiing av offentlege tolkebrukarar om bruk av tolk.

Departementet foreslår å vidareføre og styrke minoritetsrådgivarordninga med 10 mill. kroner. Midlane skal styrke og utvide dagens minoritetsrådgivarordning ytterlegare, og i tillegg gå til eit forsøk med minoritetsrådgivarar på utvalde ungdoms- og barneskular i Oslo.

Departementet foreslår å løyve 5 mill. kroner til ei rettleiingsteneste retta mot arbeidsgivarar, bransjeorganisasjonar og andre aktørar i næringslivet. Av desse skal 2 mill. kroner nyttast til ein informasjonsskampanje om den nemnde rettleiingstenesta og informasjon om ei ny tilskotsordning. Tilskotsordninga er nærare omtala under kap. 291, post 73.

Departementet foreslår 0,8 mill. kroner til ei eingongsløysing for utlendingar med lang opphaldstid i Noreg. For nærare omtale sjå Prop. 1 S (2020–2021) for Justis- og beredskapsdepartementet.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 11 mill. kroner som følge av overføring av oppgåver frå IMDi til fylkeskommunane i 2020.

Departementet foreslår å løyve 305 mill. kroner på posten. Departementet foreslår at løyvinga på post 01 kan overskridast mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3290, post 01, jf. forslag til vedtak II nr. 1.

Kap. 3290 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Diverse inntekter	53		
	Sum kap. 3290	53		

Kap. 291 Busetjing av flyktingar og tiltak for innvandrarar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	52 525	65 512	70 070
45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	49 948	53 530	55 029
50	Noregs forskingsråd	7 021	7 210	7 404
60	Integreringstilskot, <i>kan overførast</i>	8 934 473	7 545 633	6 035 134
61	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindre- årige flyktingar, <i>overslagsløyving</i>	2 291 482	1 714 150	1 022 285
62	Kommunale innvandrartiltak	260 597	225 011	250 006
70	Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging	2 224	2 284	2 357
71	Tilskot til integreringsarbeid i regi av sivilsamfunn og frivillige organisasjonar	135 573	125 443	153 748
72	Statsautorisasjonsordninga for tolkar m.a.	6 235	8 103	16 992
73	Tilskot	14 600	21 414	31 258
	Sum kap. 0291	11 754 678	9 768 290	7 644 283

Post 21 Særskilde driftsutgifter

Løyvinga skal nyttast til evalueringar, forskings- og utgreiingsprosjekt, informasjon og rettleiing, og kunnskapsoppsummeringar for å utvikle og formidle kunnskap om integrering og mangfald. Løyvinga dekker også ulike rammeavtaler og forskingsprogram med integreringsfaglege tema, i tillegg til Berekningsutvalets kartlegging av utgifter kommunane har til busetjing og integrering.

Mål for 2021

Sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for utvikling av integreringspolitikken.

Resultat for 2019

Midlane har medverka til å auke kunnskapen om integrering blant styresmakter og aktørar med ansvar for integreringspolitikk og i befolkninga. Ein stor del av midlane er nytta til prosjekt som inngår i rammeavtalen med Statistisk sentralbyrå (SSB) om å utvikle og halde ved like statistikk og analysar som er relevante for innvandrings- og integreringspolitikken. Midlane på posten har òg

gått til forskingsprogram om sivilsamfunnet og frivillig sektor og til rammeavtalar med Norsk kompetansesenter for vald og traumatisk stress (NKVTS) og Velferdsforskningsinstituttet NOVA. Utgifter til Berekningsutvalet, som kartlegg utgiftene kommunane har til busetjing og integrering av flyktingar og familiemedlemmar, blei òg dekte av løyvinga.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 2 mill. kroner til utvikling av informasjonstiltak som skal nyttast i arbeidet med fridom frå negativ sosial kontroll.

For å sikre korrekt postbruk foreslår departementet å flytte 0,8 mill. kroner frå kap. 291, post 73 til posten.

Departementet foreslår å løyve 70,1 mill. kroner på posten.

Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten skal nyttast til å utvikle gode digitale verktøy som skal forenkle arbeidet med busetjing, kvalifisering og tilskotsforvaltning.

Mål for 2021

Gode og trygge digitale verktøy til gjennomføring av integreringspolitikken.

Resultat i 2019

I 2019 har IMDi gjort ferdig to større utviklingsprosjekt innanfor digitalisering.

Det eine prosjektet leverte ei ny og sikker løysing til bruk på kommisjonsreiser for uttak av overføringsflyktningar og nye datauttrekk og rapportar som bidreg til raskare og enklare tilgang til eit breitt datagrunnlag i IMDis database. Det andre prosjektet leverte ei ny overføringsteneste mellom Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) og dei kommunale fagsystema som kommunane nyttar når dei registrerer data i NIR.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 55 mill. kroner på posten.

Post 50 Noregs forskingsråd

Løyvinga på posten skal nyttast til programmet Velferd, arbeidsliv og migrasjon (VAM) under Noregs forskingsråd.

Mål for 2021

Sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for utvikling av integreringspolitikken.

Resultat i 2019

Eit stort forskingsprogram om velferd, arbeidsliv og migrasjon (VAM) har fått fram forskning av høg kvalitet og solide forskingsmiljø som blir nytta i utviklinga av integreringspolitikken. Tema som

blir forska på innanfor programmet, er mellom anna aktivt medborgarskap, tillit og oppslutning om institusjonane i velferdssamfunnet.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 7,4 mill. kroner på posten.

Post 60 Integreringstilskot, kan overførast

Kommunane får integreringstilskot ved busetjing av personar som får opphald som overføringsflyktningar eller på bakgrunn av søknad om asyl, og familiesameinte med desse. Tilskotsordninga skal òg medverke til å busetje eldre og personar med alvorlege kjende funksjonshemmingar og/eller åtferdsvanskar. Kommunane skal gjennomføre eit målretta busetjings- og integreringsarbeid, slik at flyktningane kan forsørge seg sjølve og ta del i samfunnet. Tilskotet skal gi ei rimeleg dekning av dei gjennomsnittlege meirutgiftene kommunane har til arbeidet i busetjingsåret og dei fire neste åra.

Mål for 2021

Målet med tilskotet er rask og treffsikker busetjing, sikring av god kvalitet i kvalifiserings- og integreringstilbodet, og overgang til arbeid og/eller vidare utdanning.

Resultat i 2019

Rapporten for 2019 frå berekningsutvalet som årleg kartlegg dei gjennomsnittlege utgiftene kommunane har til busetjing og integrering av flyktningar og personar med opphald på humanitært grunnlag, viser at dekningsgraden for integreringstilskotet var 101,7 pst. i 2019, mot 99,6 pst. i 2018.

Tabell 4.38 Nøkkeltal for busetjing 2017–juni 2020

År	2017	2018	2019	Per 30. juni 2020
Busette totalt ¹	11 078	4 903	4 822	816
Busette einslege mindreårige	759	194	137	21
– av desse IMDi	486	159	94	17
– av desse Bufetat	273	35	43	4
Busette i barnefamiljar ²	6 170	3 541	3 793	532
– av desse busette barn	3 420	2 013	2 162	286
Busette andre vaksne ³	4 096	1 141	883	261
Gjennomsnittleg ventetid frå vedtak til busetjing (månader)				
– totalt ¹	5,0	4,9	3,3	3,9
– einslege mindreårige	2,8	3,8	3,2	3,4
– barnefamiljar ²	4,9	4,9	3,2	3,8
– andre vaksne ³	5,5	4,9	3,8	4,2

¹ Totaltala inneheld busette personar med skjerma identitet.

² Inkluderer vaksne i familiar med barn under 18 år og barn i familiar.

³ Inkluderer alle vaksne som ikkje er ein del av barnefamiljar.

Oppfølging og kontroll

Kommunane skal ikkje legge fram særskild rekneskap for integreringstilskotet. Berekningsutvalet kartlegg dei utgiftene kommunane har til busetjing og integrering. Gjennom denne kartlegginga blir det gitt eit oversyn som viser om det er rimeleg samsvar mellom tilskotet og utgiftene til kommunane. Kartlegginga inkluderer mellom anna utgifter til integreringstiltak som introduksjons-

program/introduksjonsstønad, barne- og ungdomsverntenester, sysselsetjingstiltak, yrkeskvalifisering og arbeidstrening, kommunale helse-tenester, sosialkontor/sosialtenester, barnehagar og integreringstiltak i grunnskulen.

Budsjettforslag for 2021

Alle kommunar får tilskot etter same satsstruktur og nivå. Satsane er viste i tabell 4.39.

Tabell 4.39 Satsar for integreringstilskot

Busetjingsår	2017	2018	2019	2020	(i kr) 2021
År 1 (einslege vaksne)	235 000	237 000	237 000	241 000	241 000
År 1 (andre vaksne)	185 000	187 000	190 500	194 300	194 300
År 1 (einslege mindreårige)	185 000	187 000	187 000	187 000	187 000
År 1 (barn)	185 000	187 000	190 500	194 300	194 300
År 2	230 000	239 000	242 000	246 000	249 000
År 3	167 000	171 000	172 000	174 000	177 300
År 4	84 000	85 500	85 500	86 000	88 000

Tabell 4.39 Satsar for integreringstilskot

Busetjingsår	(i kr)				
	2017	2018	2019	2020	2021
År 5	70 500	71 600	71 600	72 000	72 000
Sum (einslege vaksne)	786 500	804 100	808 100	819 000	827 300
Sum (andre vaksne)	736 500	754 100	761 600	772 300	780 600
Sum (einslege mindre- årige)	736 500	754 100	758 100	765 000	773 300
Sum (barn)	736 500	754 100	761 600	772 300	780 600

Ved busetjing av barn i barnehagealderen (0–5 år) får kommunane eit eingongstilskot til særskild tilrettelegging for barn av nykomne innvandrarakar, til dømes tospråklege assistentar. Satsen blir foreslått til 27 100 kroner i 2021.

Ved busetjing av personar som har fylt 60 år, får kommunen eit ekstra eingongstilskot. Satsen for 2021 er foreslått til 176 000 kroner.

Ved busetjing av personar med alvorlege kjende funksjonsnedsetjingar og/eller åtferdsvanskar kan kommunane få ekstra tilskot på grunnlag av dokumenterte behov. Ordninga har to delar. Personar kan utløyse anten tilskot 1 eller tilskot 2. Departementet foreslår å setje satsen for tilskot 1 til 196 400 kroner og satsen for tilskot 2 til 1 430 000 kroner. Tilskot 1 er eit eingongstilskot, medan tilskot 2 kan utbetalast i inntil 5 år. Einslege mindreårige kan utløyse tilskotet til og med det året dei fyller 20 år, sjølv om perioden for integreringstilskot er ferdig. Tilskot til ressurskrevjande tenester, jf. Prop. 1 S (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet, går òg til ressurskrevjande flyktningar. Innslagspunktet for 2021 er på 1 430 000 kroner, som svarer til tilskot 2 i den ovannemnde ordninga.

Departementet foreslår å redusere posten med 100,1 mill. kroner. Av desse midlane foreslår departementet å overføre 10,2 mill. kroner til kap. 572, post 60 og dermed innlemme dei i rammetilskotet til fylkeskommunane. Desse midlane er knytte til karriererettleiingstilbodet fylkeskommunane gir til deltakarar som kjem inn i introduksjonsprogrammet frå 1. januar 2021. Sjå også nærare omtale i Prop. 1 S (2020–2021) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet. I tillegg foreslår departementet å overføre 2 mill. kroner til kap. 858, post 01 for å styrke arbeidet med fridom

frå negativ sosial kontroll. For nærare omtale, sjå Prop. 1 S (2020–2021) for Barne- og familiedepartementet. Dei resterande midlane nyttast til andre tiltak på integreringsfeltet og til tiltak på departementets budsjett.

Departementet foreslår også å vidareføre løyvinga på kap. 572, post 60 til karriererettleiing for deltakarar som kjem inn i introduksjonsprogrammet innan 31. desember 2020, med 15,4 mill. kroner, jf. Innst. 360 S (2019–2020) og mellombels lov om tilpassingar i introduksjonslova for å avhjelpe konsekvensar av utbrot av covid-19.

Vidare foreslår departementet å nytte 6,8 mill. kroner til ei eingongsløysing for utlendingar med lang opphaldstid i Noreg. For nærare omtale sjå Prop. 1 S (2020–2021) for Justis- og beredskapsdepartementet.

Resten av reduksjonen på posten, samanlikna med saldert budsjett 2020 kjem av endra samansetning og talet på personar i målgruppa for tilskotet og endringar i tilskotssatsane.

Departementet foreslår å løyve 6 035,1 mill. kroner på posten.

Post 61 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, overslagsløyving

Kommunane får eit særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige. Det blir utbetalt ein høgare sats til og med det året barnet fyller 16 år, og ein lågare sats frå og med det året ungdommen fyller 17 år. Tilskotet blir differensiert ut frå den månaden barnet blir busett i og det blir utbetalt til og med det året den einslege mindreårige fyller 20 år.

Mål for 2021

Einslege mindreårige skal busetjast så raskt som mogleg i gode bu- og omsorgstilbod tilpassa den einskilde ungdom og lokale forhold.

Resultat i 2019

Rapporten for 2019 frå berekningsutvalet som kartlegg utgifter kommunane har til busetjing og integrering av einslege mindreårige flyktningar, viser ein dekningsgrad for integreringstilskotet og det særskilde tilskotet ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar på til saman 110 pst., mot 112,5 pst. i 2018. Ventetida for einslege mindreårige er låg, og kommunane har god kapasitet til å busetje dei som er i målgruppa. Busetjingsresultata for einslege mindreårige, utover det som er nemnt over, er skissert i tabell 4.38.

Oppfølging og kontroll

Kommunane skal ikkje legge fram rekneskap for det særskilde tilskotet ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar. Berekningsutvalet kart-

Resultat i 2019

Det blei nytta følgande på dei ulike ordningane:

Tabell 4.40 Fordeling av midlar til kommunale innvandrartiltak i 2019

	(mill. kroner)
	Rekneskap 2019
Jobbsjansen del A, kvalifiseringsprosjekt for heimeverande innvandrarkvinner, og Jobbsjansen del B, meir grunnskuleopplæring til innvandrarungdom	150,3
Områdesatsing	26,7
Utvikling av kommunale integreringstiltak	52,4
Nasjonale bu- og støttetilbod for unge over 18 år som er utsette for tvangsekteskap eller æresrelatert vald	15,6
Kvalifiseringstiltak i integreringsmottak	9,4
Etableraropplæring for innvandrarar	6,4

Jobbsjansen del A og B

I 2019 gjekk 74,8 pst. av deltakarane som avslutta Jobbsjansen del A, kvalifiseringsprosjekt for kvinner med innvandrarakgrunn, over i arbeid eller

legg utgiftene kommunane har til busetjing og integrering. Gjennom denne kartlegginga blir det gitt eit oversyn over om det er rimeleg samsvar mellom tilskotet og utgiftene til kommunane.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å redusere posten med 65,5 mill. kroner. Resten av reduksjonen på posten, samanlikna med saldert budsjett 2020, kjem av endra samansetning og antal personar i målgruppa for tilskotet. Satsane for særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige i 2021 blir foreslått til 1 147 300 kroner til og med det året barnet fyller 16 år, og 728 000 kroner frå og med det året ungdom fyller 17 år.

Departementet foreslår å løyve 1 022,3 mill. kroner på posten.

Post 62 Kommunale innvandrartiltak

Mål for 2021

Styrke og vidareutvikle arbeidet i kommunane med integrering av flyktningar og innvandrarar i arbeids- og samfunnslivet.

utdanning etter avslutta program. Resultatkravet for 2019 var 70 pst.

Resultatkravet for Jobbsjansen del B i 2019 var at talet på innvandrarungdom som har fullført ekstra år med grunnskuleopplæring, skal doblast

frå 2017 til 2019. Resultatkravet er innfridd, sidan talet på deltakarar i ordninga hadde auka frå 481 i 2017 til 1201 i 2019.

Områdesatsingar

Regjeringa har gjennom områdesatsingar styrkt innsatsen i utsette byområde, mellom anna med mål om å gi gode føresetnader for integrering gjennom ulike tiltak for betre levekår. Desse satsingane handlar mellom anna om tiltak for å betre nærmiljøet, sikre gode oppvekstvilkår, førebygge kriminalitet, gi tilbod om vidaregåande opplæring, og auka sysselsetjing. I 2019 blei særleg forhold som auka tverrsektoriell kompetanse og større nettverk trekt fram av dei statlege samarbeidspartnarane.

Utvikling av kommunale integreringstiltak

Midlane blei nytta til ei rekke lovande og nyskapande prosjekt i kommunane. Prosjekta testar mellom anna ut ulike modellar for å gi nykomne innvandrarakar meir formell kompetanse. Det blei til saman gjennomført 49 prosjekt i 2019. I tillegg har IMDi og Kompetanse Noreg arrangert samlingar for rettleiing av kommunar som har resultert i utvikling av klynger, nettverk og samhandlingsarenaer.

Det nasjonale bu- og støttetilbodet for personar over 18 år som er utsette for tvangsekteskap og/eller æresrelatert vald

Løyvinga finansierer 22 plassar i fem ulike kommunar. I 2019 blei det i tillegg oppretta to mellombelse plassar for å få tilstrekkeleg kapasitet i tilbodet. I 2019 fekk 30 personar tildelt plass i dette tilbodet. Gjennomsnittleg belegg for butilbodet i 2019 var på 80 pst. Det er i 2019 lagt vekt på tryggleik for bebuarar og samarbeid mellom aktørar gjennom fagsamlingar for tilsette i bu- og støttetilboda. Desse aktørane er mellom anna politiet og Kompetanseteamet mot tvangsekteskap, kjønnslemlesting og negativ sosial kontroll. Erfaring frå studiar viser at mange får det betre når dei flyttar inn i butilbodet. Dei blir fri frå valden, får ta eigne val om livet sitt og bygger nye nettverk og relasjonar.

Kvalifiseringstiltak i integreringsmottak

I 2019 blei ytterlegare eit av fire integreringsmottak lagde ned mellom anna på grunn av at det kom færre asylsøkarar. I integreringsmottaka har bebua-

rar fått tilbod om fulltidsprogram. Dei 357 flyktningane som blei busette frå integreringsmottak i 2019, blei i gjennomsnitt busette raskare enn flyktningar frå ordinære mottak. I tillegg kjem dei raskare i gang med introduksjonsprogram enn andre flyktningar.

Etableraropplæring for innvandrarakar

Tre fylkeskommunar fekk tilskot i 2019. Midlane har mellom anna finansiert prosjekt med aktivitetar som gir grunnleggjande informasjon om etablering av verksemd for nykomne innvandrarakar og spissa rettleiing frå ulike fagmiljø. IMDi har òg arrangert orienteringsmøte og konferansar i samarbeid med to fylkeskommunar.

Budsjettforslag for 2021

Områdesatsingar

Områdesatsingar er eit verkemiddel for å betre miljø, butilhøve og levekår i eit geografisk avgrensa område. Departementet foreslår å løyve 36,7 mill. kroner til områdesatsingar over kap. 291, post 62. Av desse går 1 mill. kroner til Strømsø i Drammen, 17,9 mill. kroner til Oslo indre aust, 15 mill. kroner til Oslo sør og 2,8 mill. kroner til Groruddalen. I tillegg kjem eit løyvingsforslag på 10 mill. kroner til Groruddalen og 0,5 mill. kroner til Oslo sør over kap. 226, post 21.

Departementet foreslår å løyve til saman 47,2 mill. kroner til områdesatsingar i 2021, jf. programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Jobbsjansen

Hovudmålet med Jobbsjansen er å auke sysselsetjinga blant kvinner med innvandrarakgrunn som står langt frå arbeidsmarknaden, og som har behov for grunnleggjande kvalifisering. Jobbsjansen skal, gjennom individuelt tilpassa program, gi styrka kvalifikasjonar for varig tilknytning til arbeidslivet og økonomisk sjølvstende. Ordninga blei styrkt i 2020 med 25 mill. kroner i samband med covid-19-pandemien, jf. Innst. 360 S (2019–2020). Departementet foreslår å vidareføre styrkinga i 2021 og løyve til saman 110,3 mill. kroner i 2021.

Utvikling av kommunale integreringstiltak

Departementet foreslår at kommunane i 2021 kan søke om prosjektmidlar til seks område:

- lengre kvalifiseringsløp (år 4) etter gjennomført 3-årig introduksjonsprogram (i 2021 vil eit

fjerde år med lengre kvalifiseringsløp bli endra til berre å gjelde forsøk med utdanningsretta tiltak. Dette blir gjort slik at tilskotsordninga understøttar ei sentral målsetting med ny integreringslov)

- modellar for arbeidsretta kvalifisering i samarbeid med sosiale entreprenørar
- arbeidsmåtar i norsk
- standardelement i introduksjonsprogrammet
- innovative løysingar i introduksjonsordninga og opplæringa i norsk og samfunnskunnskap som medverkar til overgang til arbeid og/eller utdanning etter avslutta løp
- utvikling av tiltak som gir psykisk støtte

Innsatsen vil halde fram å vere målretta mot modellar av nasjonal interesse. Departementet foreslår å løyve 58,4 mill. kroner til utvikling av kommunale integreringstiltak i 2021.

Det nasjonale bu- og støttetilbodet for personar over 18 år som er utsette for tvangsekteskap og/eller æresrelatert vald

Departementet foreslår å løyve 19,6 mill. kroner til det nasjonale bu- og støttetilbodet for personar

over 18 år som er utsette for negativ sosial kontroll, æresrelatert vald og tvangsekteskap.

Kvalifiseringstiltak i integreringsmottak

Tilskotet skal medverke til at bebuarar i integreringsmottak får tilbod om eit program på fulltid tilpassa behovet deira for grunnleggande kvalifisering. Departementet foreslår å løyve 10 mill. kroner til kvalifiseringstiltak i integreringsmottak i 2021.

Tilskotsordning for fag- og yrkesopplæring

For at fleire vaksne innvandrarar skal få formell kompetanse, treng dei tilrettelagd opplæring. Tilskotsordninga skal dekke meirutgiftene for tilrettelagd opplæring i fag- og yrkesopplæringa for målgruppa. Departementet foreslår å løyve 15 mill. kroner til tilskotsordning for fag- og yrkesopplæring i 2021.

Fordeling av midlar på posten

Departementet foreslår å løyve 250 mill. kroner på posten, med følgande fordeling:

Tabell 4.41 Fordeling av midlar til kommunale innvandrartiltak i 2021

	i mill. kr
Områdesatsing	36,7
Jobbsjansen	110,3
Utvikling av kommunale integreringstiltak	58,4
Det nasjonale bu- og støttetilbodet for personar over 18 år som er utsette for tvangsekteskap og/eller æresrelatert vald	19,6
Kvalifiseringstiltak i integreringsmottak	10
Tilskotsordning for fag- og yrkesopplæring	15

Post 70 Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging

Midlane på posten skal nyttast til det samla arbeidet KS gjer på flyktningfeltet.

Mål for 2021

Målet med tilskotet er å sikre kunnskapsgrunnlag og samarbeidet mellom staten og KS om busetjing og kvalifisering av flyktningar.

Resultat i 2019

Midlane blei nytta til Kommunesektorens organisasjon (KS) si oppfølging av tilskotsordningar, deltaking i Berekningsutvalet og i Nasjonalt utval for busetjing. KS tek òg del i dei fylkesvise møta for å vurdere oppmoding om busetjing i den einskilde kommunen. Dei har òg vore i referansegruppa for ulike FoU-prosjekt i regi av IMDi. I tillegg blei midlane nytta til samarbeid med IMDi og UDI, jf. samarbeidsavtalen om busetjing av flyktningar i kommunane og om etablering og nedlegging av asylmottak.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 2,4 mill. kroner på posten.

Post 71 Tilskot til integreringsarbeid i regi av sivilsamfunn og frivillige organisasjonar

Tilskotsposten består av to tilskotsordningar, støtte til integreringsarbeid i regi av frivillig verksemd og tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet.

IMDi og 20 utvalde kommunar med mange innbyggjarar med innvandrarbakgrunn forvaltar tilskotsordninga integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar.

Tilskotet til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet skal medverke til betre kunnskap om integrering i befolkninga og til å auke deltaking

og representasjon blant innvandrarak og barna deira på ulike samfunnsarenaer. Tilskotsmottakane er organisasjonar som er namngitt i Kunnskapsdepartementets årlege budsjettproposisjon.

Mål for 2021

Måla med tilskotet er å auke arbeids- og samfunnsdeltakinga blant innvandrarak og barna deira, gjennom støtte til integreringsarbeid i regi av sivilsamfunn og frivillig verksemd. Løyvinga skal òg sikre rammevilkår for nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet.

Resultat i 2019

Det blei nytta følgande på dei to ordningane i 2019:

Tabell 4.42 Fordeling av tilskot til integreringsarbeid i regi av sivilsamfunn og frivillige organisasjonar i 2019

	i mill. kr
Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar	87,6
Tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet	48

Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar

IMDi har i 2019 delt forvaltninga av tilskotsordninga med 20 utvalde kommunar. Ordninga har resultert i at IMDi har rettleidd kommunane på fleire målområde enn før, og lagt til rette for erfaringsdeling knytt til forvaltninga av tilskotsordninga. Den nye innrettinga av tilskotsordninga frå 2019 har også ført til at kommunane i større grad har samarbeidd med lokal frivillig sektor, og at dei tildelte midlane i større grad enn før bidreg til betre moglegheiter for deltaking i innvandrarbefolkninga. Tilskotsordninga har støtta fleire tiltak. Det er mellom anna gitt støtte til tilbod om norsk-trening til andre målgrupper enn flyktningar, inkludert grupper som ikkje har rett til gratis norskopplæring, til tiltak som førebygger negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlesting gjennom haldningsendring, og til tiltak og aktivitetar som bidreg til at innvandrarak og barna deira i større grad deltek på møteplassar og aktivitetar i regi av frivillige organisasjonar i lokalsamfunna.

Tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet

I 2019 fekk 16 organisasjonar tildelt midlar frå denne ordninga. Desse har bidrege med kunnskap og kompetanse i kontakt med offentlege instansar, næringslivet og internasjonale organisasjonar. Dei bidreg også i forarbeidet med nye strategiar og med å gjennomføre ulike handlingsplanar på feltet. Organisasjonane har i 2019 mellom anna medverka med førstehandserfaring og tilbagemeldingar frå innvandrarbefolkninga for å medverke til den offentlege debatten.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 153,7 mill. kroner på posten, med følgande fordeling:

- 20 mill. kroner til ei utprøving av klippekortordning for ekstra norskoppføring
- 96,2 mill. kroner til tilskotsordning for integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar. Av desse midlane er 5 mill. kroner øyremerkte til frivillig norsk-trening, jf. omtale under Norskinnstas – Tilskot til frivillig norsk-trening og utprøving av klippekortordning
- 37,5 mill. kroner til nasjonale ressursmiljø

I løyvingforslaget inngår ei flytting av 0,7 mill. kroner til kap. 291, post 73.

Norskinnsats – Tilskot til frivillig norsktrening og utprøving av klippekortordning

Departementet foreslår 25 mill. kroner i 2021 til ein norskinnsats med to tiltak som skal verke som eit supplement til dagens tilbod. Det første tiltaket er ei styrking på 5 mill. kroner av tilskotsordninga til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar. Desse midlane vil bli øyremerkte til frivillig norsktrening. Midlane skal gi større kapasitet, styrke eksisterande tilbod om frivillig norsktrening og medverke til å etablere nye tilbod. Det andre tiltaket er å sette i verk ei utprøving av ei ordning der målgruppa for norskinnsatsen kan få tildelt eit visst tal timar norskopplæring. Departementet foreslår å løyve 20 mill. kroner til ordninga. Ordninga vil bli omtala som «klippekortordning» og forvalta av IMDi. Det er lagt opp til at frivillige organisasjonar og arbeidsgivarar vil rekruttere deltakarar til ordninga, og at opplæringa kan kjøpast frå godkjende private tilbydarar. Målet med ordninga, som vil bli evaluert etter noko tid, er å få deltakarane opp på nivå B1 eller

høgare. Målgruppa for ordninga er dei som anten ikkje er på B1-nivå etter fullført norskopplæring, eller som ikkje i dag har rett til opplæring, til dømes innvandrarar frå EØS-land. For å kunne nyttiggjere seg av tilbodet er det derfor ein føresetnad at deltakarane fell utanfor ordningane i introduksjonslova og ny integreringslov eller har brukt rettane som følger av desse lovene.

Tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar

Departementet foreslår å auke løyvinga med 5 mill. kroner til tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar. Midlane skal nyttast til frivillig norsktrening jf. omtale over.

Tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet

Departementet foreslår ei fordeling i tråd med tabell 4.43. Frå 2021 foreslår departementet å innlemme Bydelsmødre i ordninga med nasjonale ressursmiljø.

Utbetaling av tilskot føreset at organisasjonane følger kriterium for tildeling av midlar i retningslinjene for tilskotsordninga i gjeldande budsjettår.

Tabell 4.43 Tilskot til nasjonale ressursmiljø på integreringsfeltet

Organisasjon	Tilskot 2019	Tilskot 2020	(i 1 000 kr)
			Forslag til tilskot 2021
Antirasistisk Senter (ARS)	5 075	6 075	6 075
Innvandrernes landsorganisasjon (INLO)	600	600	0
Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA)	9 265	1 265	1 265
Minotenk – minoritetspolitisk tenketank	4 000	4 000	4 000
MiRA Ressurssenter for kvinner med minoritetsbakgrunn	3 650	3 650	4 150
Multikulturelt Initiativ og Ressursnettverk	500	500	500
Norsk organisasjon for asylsøkere (NOAS)	2 630	2 630	3 130
Organisasjon Mot Offentlig Diskriminering (OMOD)	2 040	2 040	2 040
Selvhjelp for innvandrere og flyktninger (SEIF)	5 350	5 350	5 350
LIM – Likestilling, integrering, mangfold	2 000	2 000	2 000
Utrop	1 000	1 500	1 500
Caritas Norge	2 000	3 000	3 000
Samora	1 500	1 500	1 500
Just Unity	360	0	0
Stiftelsen Fargespill	2 000	2 000	2 000
Født fri	6 000	6 000	0
Bydelsmødre	0	0	1 000
Sum	47 970	42 110	37 510

Post 72 Statsautorisasjonsordninga for tolkar m.a.

Løyvinga skal finansiere den faglege og administrative gjennomføringa av autorisasjonsprøva for tolkar og anna utdanning og kvalifisering av tolkar.

Mål for 2021

Fleire kvalifiserte tolkar i offentleg sektor.

Resultat i 2019

IMDi er nasjonalt fagdirektorat for tolking i offentleg sektor. Som ein del av arbeidet med å sikre kvalifiserte tolkar til bruk av offentlege myndigheter, driftar IMDi Nasjonalt tolkeregister, der kvalifiserte tolkar kan registrerast. Tolkane blir

kvalifisert på ulike måtar, gjennom ulike prøver og utdanningsordningar.

I 2019 har 26 nye tolkar blitt utdanna i sju ulike språk, medan 13 personar fekk løyve som statsautorisert tolk i språka engelsk, italiensk, oromo, slovakisk, tsjekkisk og ungarsk. Totalt er det 308 statsautoriserte tolkar, og 84 pst. av desse er registrerte i Nasjonalt tolkeregister. Det var 390 personar som tok tospråktesten i 2019, på 27 språk. Av desse greidde 44 pst. testen, ein nedgang frå 48 pst. i 2018. 118 personar tok kurs i tolkens ansvarsområde (TAO) og er med det kvalifiserte til å bli oppførte i Nasjonalt tolkeregister i lågaste kvalifikasjonskategori. Bachelorstudiet ved OsloMet fekk 61 studentar i fire språk, 33 av studentane hadde ikkje teke grunnetidlegare.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 7,5 mill. kroner til å gi fleire tilbod om å delta i offentlege kvalifiseringsordningar for tolkar, jf. ny tolkelov som etter planen vil bli lagd fram for Stortinget våren 2021. Midlane vil mellom anna bli nytta til om lag ei dobling av kapasiteten på tospråkstesten. Vidare skal løyvinga styrke tolkeutdanninga ved OsloMet, til grunnemnet på 30 studiepoeng og bachelorgraden. I tillegg skal midlane nyttast til å auke kapasiteten ved statsautorisasjonsordninga.

I budsjettet for 2020 blei det vedteke 1,7 mill. kroner til å opprette eit utdanningstilbod for tolkar i Bergen. Departementet foreslår å løyve ytterlegare 1,1 mill. kroner til dette utdanningstilbodet og løyve totalt 2,8 mill. kroner (heilårseffekt) i 2021.

Departementet foreslår å løyve 17 mill. kroner på posten.

Post 73 Tilskot

Løyvinga blir nytta til tilskot til deltaking i nasjonale og internasjonale kunnskapsforum, til arbeid mot negativ sosial kontroll og til einskilde namngitte tilskot.

Mål for 2021

Auke arbeids- og samfunnsdeltakinga blant innvandrarakar.

Resultat i 2019*Tilskot til mentor- og traineeordningar*

Det blei i 2019 nytta 9,7 mill. kroner til mentor- og traineeordningar for personar med innvandrarakgrunn. IMDi mottok 39 søknadar med et samla søknadsbeløp på i underkant av 22,5 mill. kroner. IMDi har fordelt løyvinga til 21 av dei innkomne søknadene.

Kunnskapsforum

I 2019 blei det nytta 0,2 mill. kroner til deltaking i kunnskapsforumet Konsortium for forskning på terrorisme og internasjonal kriminalitet. Det blei nytta 0,5 mill. kroner til Transatlantic Council on Migration. Deltaking i foruma har gitt tilgang til ny forskning, seminar og nettverk til nytte i politikkutviklinga på integreringsfeltet.

Tilskot til TV2 Skole

Det blei nytta 2,5 mill. kroner til TV 2 Skole i 2019. Løyvinga blei nytta til å utvikle eit norskopplæringsinnhald frå TV 2 Skole, Integreringspakka – eit integreringsverktøy for flyktingar og nykomne innvandrarakar i Noreg. Ressursane ligg lett tilgjengelege på nettstaden *intronorsk.no*.

Tilskot til mentorordning for personar utsette for negativ sosial kontroll, æresrelatert vald og tvangs-ekteskap

I 2019 nytta Bufdir 1,2 mill. kroner i øyremerkte tilskot til Røde Kors' prosjekt «Mentorfamilie» og Oslo krisesenters nettverk for utsette, «Saman».

Mentorfamilieprosjektet starta opp sommaren 2019. Ni familiar er lærte opp, og seks unge har fått tildelt mentorfamiliar. Dei blir følgde opp kvar månad av ein koordinator, som melder at det har skjedd store forandringar hos deltakarane i form av styrkt sjølvkjensle, meistring og livsglede.

Ved utgangen av 2019 var det 97 deltakarar i nettverket «Saman». Deltakarane bestemmer kva for aktivitetar som skal tilbydast, og kan velje kor mange dei vil delta på. «Saman» erfarer at deltakarane styrker den sosiale kompetansen sin og danar gode vennskap. Fleire møtest også utanfor bukollektivets regi.

Til topps

IMDi nytta 0,5 mill. kroner til arrangementet Til topps i 2019.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår ei samla løyving på 2,2 mill. kroner på posten til arbeidet med fridom frå negativ sosial kontroll og tiltak 14 og 23 i gjeldande handlingsplan. Av desse midlane foreslår departementet å bruke 1 mill. kroner til å sikre kunnskapsdeling gjennom dei regionale nettverksmøta arrangerte ved Regionalt ressursenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsføbygging (RVTS), der IMDi er samarbeidspartnar. Midlane skal også nyttast til å ta i bruk metodar som er utvikla av RVTS-ane der ressurspersonar deltek.

Departementet foreslår å nytte 1 mill. kroner til oppstartsstøtte til Stiftelsen 10. august og deira formidlingsarbeid knytt til terror og hat mot muslimar. Tiltaket må sjåast i samanheng med regjeringas handlingsplan mot diskriminering av og hat mot muslimar.

Departementet foreslår å løyve 0,3 mill. kroner i oppstartsstøtte til Senter for norsk utvandring og innvandring i Drammen. Senterets formål er å kaste lys over erfaringane nordmenn og innvandrarar har med migrasjon. Det statlege tilskotet føreset at senteret skaffar seg fullfinansiering frå andre kjelder.

Vidare foreslår departementet å løyve

- 2,7 mill. kroner til mentorordninga mot negativ sosial kontroll. Av desse midlane går 2 mill. kroner til Røde Kors for drift av ei mentorfamilieordning, og 0,7 mill. kroner går til Oslo Kri-sesenter for drift av mentornettverket Saman
- 1 mill. kroner til Peace Painting
- 1 mill. kroner til SOS barnebyer-prosjektet Saman
- 1,3 mill. kroner til prosjektet Søster til søster
- 8 mill. kroner til Språkopplæringsprogrammet KIA Velferd
- 2,5 mill. kroner til TV 2 Skole
- 0,5 mill. kroner til Transatlantic Council on Migration
- 0,2 mill. kroner til Konsortium for forskning på terrorisme og internasjonal kriminalitet
- 0,5 mill. kroner til arrangementet Til topps

Tilskotsordning for tiltak med auka etnisk mangfald i verksemder

Departementet foreslår å løyve 10 mill. kroner til etablering av ein tilskotsordning for tiltak til større etnisk mangfald i verksemder. Tilskotsordninga skal bidra til auka rekruttering av innvandrar i verksemder, betre bruk av kompetansen til innvandrarar og tiltak som stimulerer arbeidsgivarar til

større medvit om mangfald som ressurs. Tilskotsordninga blir foreslått som ei prøveordning som skal evaluerast, og den skal sjåast i samanheng med ei rettleiingsteneste og informasjonskampanje som er under utvikling. For nærare omtale sjå under kap. 290, post 01.

Den primære målgruppa for ordninga er arbeidsgivarar. Det finst i dag ulike tilskotsordningar som kan nyttast til å stimulere arbeidsgivarar til å rekruttere personar som står utanfor arbeidslivet. Desse ordningane er i hovudsak innretta mot enkeltpersonar med behov for tilrettelegging. Ordninga som no blir foreslått, vil rette seg mot verksemder og deira arbeid for å styrke etnisk mangfald og rekruttering av innvandrarar. Partane i arbeidslivet skal inviterast til å gi innspel til arbeidet med utviklinga av kriterium for ordninga. Dette vil bidra til ei målretta og treffsikker utforming og implementering av tilskotsordninga for å oppnå større effekt og god måloppnåing. Departementet vil utarbeide retningslinjer med nærare informasjon om kriterium for tildeling av midlane. IMDi skal administrere tilskotordninga.

Departementet foreslår å redusere posten med 1,8 mill. kroner. Bakgrunnen er at det i statsbudsjettet for 2020 blei varsla om ei gradvis nedtrapping av løyvinga til Norsk senter for fleirkulturell verdiskaping for å sikre ei smidig overføring av ressursar og oppgåver. Løyvinga var ein del av tilskotsordninga for regionale etablerarsenter for innvandrarar, som blei overført frå IMDi til fylkeskommunen i 2020.

Departementet foreslår å løyve 31,3 mill. kroner på posten.

Kap. 3291 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
04	Tilskot til integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar, ODA-godkjende utgifter	4 903	11 223	11 582
	Sum kap. 3291	4 903	11 223	11 582

Post 04 Tilskot til integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar, ODA-godkjende utgifter

Ein del innanlandske utgifter til mottak av asylsøkarar og flyktningar i Noreg kunne tidlegare, i samsvar med dåverande statistikkdirektiv frå OECD/DAC (Development Assistance Commit-

tee), godkjennast som offisiell utviklingshjelp. I tråd med nytt klargjeringsdokument frå OECD/DAC kan nokre midlar til integreringstiltak i asylmottak under kap. 291, post 71 frå 2019 førast som ODA-godkjende utgifter. Departementet foreslår at 11,6 mill. kroner av utgiftene i samband med integreringstiltak i asylmottak blir rapporterte inn som utviklingshjelp.

Kap. 292 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	60 373	80 268	82 423
22	Prøvar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	38 244	31 420	32 494
60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	1 431 828	1 234 850	1 060 508
61	Kompetansekartlegging i mottak før busetting			546
	Sum kap. 0292	1 530 445	1 346 538	1 175 971

Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga skal gå til å utvikle kompetanse, metodar og læringsressursar for den obligatoriske opplæringa i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Løyvinga skal også dekke lønns- og driftsutgifter i Kompetanse Noreg. Vidare skal løyvinga mellom anna nyttast til etter- og vidareutdanning for lærarar i norsk og samfunnskunnskap og til karriererettleiing i integreringsmottak.

Mål for 2021

God kvalitet i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar i heile landet.

Resultat i 2019

Midlane har blitt nytta til å auke kompetansen til lærarar som underviser i norsk som andrespråk. Kompetanse Noreg fekk i 2019 på plass ei stipendordning for vidareutdanning retta mot lærarar som underviser vaksne innvandrarar i norsk som andrespråk. Til saman 136 lærarar frå 60 kommunar søkte om stipend til vidareutdanning i norsk som andrespråk. Det blei parallelt tildelt tilskot til fire vidareutdanningstilbod à 30 poeng i faget

norsk som andrespråk i universitets- og høgskulesektoren for desse lærarane.

Kompetanse Noreg etablerte også eit nytt og meir målretta tildelingssystem for midlar til etterutdanning av lærarar. Det er no fylkesmannen i samarbeid med opplæringsstadane i fylket og lokalt UH (universitet og høgskular) som fordeler etterutdanningsmidlane etter dokumenterte utfordringar på område definerte av Kompetanse Noreg. I tillegg har nye kull tospråklege lærarar i samfunnskunnskap fått etterutdanning.

Vidare er arbeidet med karriererettleiing for bebuarar i mottak vidareført i 2019.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 82,4 mill. kroner på posten.

Post 22 Prøvar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

Løyvinga skal gå til å dekke Kompetanse Noregs utgifter til å informere om prøvar, utvikle og halde ved like prøvar i norsk og samfunnskunnskap, til å gjennomføre prøvane og til sensur og tilbakemelding til opplæringsstadane om resultatata. Arbeidet inkluderer også statsborgarprøven.

Mål for 2021

God kvalitet og kapasitet i prøvegjennomføringa. Formålet med prøvane er å gi vaksne innvandrarrar moglegheit til å vise og dokumentere ferdigheiter i norsk språk og kunnskap om det norske samfunnet.

Resultat i 2019

I 2019 tok 25 362 kandidatar til saman 76 357 delprøvar i norsk. I tillegg til norskprøvene på nivå A1 til B2, som hadde fire avviklingar i 2019, er det utvikla ein prøve på eit høgare nivå, C1, som blir tilboden første gong hausten 2020. Prøven kan takast av kandidatar på høgare akademisk nivå i norsk som har behov for å dokumentere ferdigheitene sine. Tilrettelegginga med fire prøvar i 2019 har gjort tilbodet til sluttbrukarane meir fleksibelt.

Det blei gjennomført 16 032 prøvar i samfunnskunnskap med om lag 14 350 kandidatar. 84 pst. greidde prøven – same resultat som i 2018. 65,7 pst. av prøvane er tekne på norsk. Dette er ein auke på 9,3 prosenteningar samanlikna med 2018. Auken i talet som er gjennomført på norsk, har truleg samanheng med kravet om bestått prøve i samfunnskunnskap på norsk ved søknad om statsborgarskap, som blei innført i 2017.

I tillegg tok 6 244 kandidatar om lag 7 350 statsborgarprøvar i 2019. Av desse greidde 81 pst. prøven – ei prosentening høgare enn i 2018.

Prøveavviklinga har ført til at innvandrarrar har fått sjansen til å dokumentere ferdigheitene sine i norsk og kunnskapane om det norske samfunnet. Kompetanse Noreg bidreg til å legge til rette for dette gjennom å lage prøvar av høg kvalitet. Dette er naudsynt for vidare kvalifisering og sjansar til å delta i arbeids- og samfunnslivet. Direktoratet har i 2019 halde fram å prioritere kontinuerleg informasjonsformidling om prøvar i norsk og samfunnskunnskap, både til prøvestadane og til kandidatane.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 32,5 mill. kroner på posten.

Post 60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarrar

Løyvinga dekkjer tilskot til opplæring i norsk, norsk kultur og norske verdiar for asylsøkarar i mottak. Vertskommunar for asylmottak skal sørge

for opplæring til bebuarar i mottak, medan buse-tjingskommunen skal sørge for opplæring etter busetjinga.

Løyvinga dekkjer også tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova. Dette tilskotet er delt inn i høg og låg sats. Ein høg sats for personar frå Afrika, Asia, Oseania (unntatt Australia og New Zealand), Aust-Europa, Sør-Amerika og Mellom-Amerika og ein låg sats for personar frå Vest-Europa, Nord-Amerika, Australia og New Zealand.

Mål for 2021

Målet med tilskotet til opplæring i norsk, norsk kultur og norske verdiar for asylsøkarar i mottak er å gi ein basiskunnskap i norsk, slik at asylsøkarar kan kommunisere på enkel norsk i mottak og i lokalmiljøet. Opplæringa skal også gi tidleg kjennskap til norske lover, reglar, verdiar, omgangsførmer og kultur i vid forstand.

Målet med tilskotet til opplæring i norsk og samfunnskunnskap er at kommunane gir opplæring til vaksne innvandrarrar med plikt og/eller rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, slik at dei lærer tilstrekkeleg norsk til å kunne fungere i arbeids- og samfunnslivet.

Tilskotet skal stimulere til effektivitet, gjennomstrøyming og resultat i opplæringa.

Resultat i 2019

Norskopplæring for asylsøkarar i mottak

I 2019 fekk 808 av 1 684 moglege deltakarar norskopplæring i mottak, 48 pst. av målgruppa. Dette er ein auke frå 2018.

Opplæring i norsk kultur og norske verdiar

I 2019 gav totalt 22 kommunar tilbod om opplæring i norsk kultur og norske verdiar, inkludert vertskommunar for integreringsmottak. Totalt deltok 474 personar i opplæringa, og det er 40 pst. av målgruppa. Dette er fleire enn i 2018 då det var 29 pst. som deltok. Auken kan ha samanheng med at det blei obligatorisk å gi tilbod om både opplæring i norsk for asylsøkarar og opplæring i norsk kultur og norske verdiar.

Opplæring i norsk og samfunnskunnskap

Tal frå IMDi syner at det i 2019 var 34 028 deltakarar i opplæring i norsk og samfunnskunnskap i totalt 418 kommunar. Dette var færre enn i 2018 då det var 40 615 deltakarar. For meir informasjon

om avsluttande prøvar i norsk og samfunnskunnskap, sjå omtale under kap. 292, post 22.

Oppfølging og kontroll

Kommunane skal ikkje legge fram særskild rekneskap for tilskotet til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak. Berekningsutvalet kartlegg dei utgiftene kommunane har til busetjing og integrering. Gjennom denne kartlegginga blir det gitt eit oversyn over om det er eit rimeleg samsvar mellom tilskotet og utgiftene til kommunane. For nærare informasjon om kva utgifter som inngår i kartlegginga, sjå Berekningsutvalets rapport for 2019.

Budsjettforslag for 2021

Tilskot i opplæring i norsk for asylsøkarar i mottak

Tilskot blir utbetalt til vertskommunar for mottak for asylsøkarar som er i målgruppa for norskopplæring. Asylsøkarar skal få inntil 175 timar norskopplæring.

Asylsøkarar i målgruppa for opplæring i norsk har plikt til å delta i opplæringa, og kommunen skal sørge for at opplæringa blir gitt så snart som mogleg etter at asylsøkarar i målgruppa er registrerte i mottak i kommunen. Satsen for tilskot til opplæring i norsk for asylsøkarar i mottak er 14 700 kroner i 2021.

Tabell 4.44 Satsar for persontilskot

Tilskotsår	2019		2020		2021	
	Låg sats	Høg sats	Låg sats	Høg sats	Låg sats	Høg sats
År 1	13 900	32 300	14 300	33 500	14 800	34 800
År 2	25 000	64 500	25 800	66 600	26 700	69 100
År 3	15 600	45 000	16 100	46 500	16 600	47 900
Sum	54 500	141 800	56 200	146 600	58 100	151 800

(i kr.)

Opplæringa i norsk kultur og norske verdiar er i ny integreringslov foreslått innlemma i opplæringa i samfunnskunnskap med verknad frå 1. august 2021, som er planlagt tidspunkt for iverksetting av ny læreplan i norsk og samfunnskunnskap.

Departementets forslag inneber at opplæringa i samfunnskunnskap blir delt inn i tre modular, og samla blir det maksimalt gitt 75 timar opplæring.

Opplæringa i norsk kultur og norske verdiar er i ny integreringslov foreslått innlemma i opplæringa i samfunnskunnskap, jf. omtale nedanfor under Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap – integreringslova.

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap – integreringslova

Kommunane får tilskot for kvar person i målgruppa som har rett og plikt eller rett til opplæring etter ny integreringslov, såkalla persontilskot. Tilskotet har to satsar. Ein for personar frå Afrika, Oseania (utanom Australia og New Zealand), Aust-Europa, Sør- og Mellom-Amerika, og ein for personar frå Vest-Europa, Nord-Amerika, Australia og New Zealand. Bakgrunnen er at personar som har eit morsmål som ligg nærare norsk, og meistarar det latinske alfabetet, vil lære norsk raskare enn andre.

For å betre dei økonomiske rammevilkåra for små og mellomstore kommunar mottek kommunar med 1–3 personar i målgruppa eit grunntilskot på 204 700 kroner. Kommunar med 4–150 personar mottek eit grunntilskot på 610 000 kroner. Kor mange personar som er registrerte i målgruppa i Nasjonalt introduksjonsregister per 15. januar, vil ligge til grunn for endeleg fastsetjing av satsane og utbetaling til kommunane i 2021.

Forslaget gir deltakarar med rett og plikt 75 timar opplæring – som startar anten i mottak eller etter busetjing. Deltakarar som berre har plikt til opplæring, vil framleis ha plikt til opplæring i 50 timar i samfunnskunnskap. Departementet foreslår å løyve 3,1 mill. kroner til utvida timeomfang i faget samfunnskunnskap for gruppa som har rett og plikt til opplæring.

Departementet foreslår 0,7 mill. kroner til ei eingongsløysing for utlendingar med lang opphaldstid i Noreg. For nærare omtale sjå Prop. 1 S (2020–2021) for Justis- og beredskapsdepartementet.

Resten av reduksjonen på posten, samanlikna med saldert budsjett 2020, kjem av endra samansetning og talet på personar i målgruppa for tilskotet og endringar i tilskotssatsane.

Departementet foreslår å løyve 1 060,5 mill. kroner på posten.

Post 61 Kompetansekartlegging i mottak før busetjing

Løyvinga dekkjer tilskot til vertskommunane si kompetansekartlegging av personar med opphaldsløyve i mottak før busetjing.

Mål for 2021

Målet med tilskotet er at fleire skal bli busette i ein kommune med relevant tilbod om utdanning eller arbeid, og til at introduksjonsprogrammet blir meir tilpassa behova til den einskilde.

Budsjettforslag for 2021

Departementet foreslår å løyve 0,5 mill. kroner til å etablere ei tilskotsordning til kompetansekartlegging av personar med opphaldsløyve i mottak. Desse personane er i målgruppa for introduksjonsprogrammet. I forslag til ny integreringslov foreslår departementet at den einskilde har rett og plikt til å gjennomføre kompetansekartlegginga. Kartlegginga skal mellom anna omfatte informasjon om utdanning, arbeid, språkferdigheiter og annan relevant informasjon.

Tilskotsordninga skal bidra til å sikre at så mange som mogleg som deltek i introduksjonsprogrammet, skal vere kartlagde i forkant av oppstart i program. Vertskommunane for mottak bør sørge for at kompetansekartlegginga blir gjennomført i samband med dei andre delane av det busetjingsførebuande arbeidet.

Det er berekna ein tilskotssats på 682 kroner per person for kompetansekartlegginga i 2021. Departementet vil utarbeide retningslinjer med nærare informasjon om kriterium for tildeling av midlane. Ordninga vil bli forvalta av IMDi.

Kap. 3292 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2019	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
01	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter	19 615	28 055	21 151
	Sum kap. 3292	19 615	28 055	21 151

Post 01 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter

Ein del innanlandske utgifter i samband med mottak av asylsøkarar og flyktingar i Noreg kan, i samsvar med statistikkdirektiv til OECD/DAC,

godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Departementet foreslår at 21,2 mill. kroner av utgiftene til opplæring i norsk og kultur- og samfunnskunnskap for asylsøkarar blir rapporterte inn som utviklingshjelp.

Del III
Omtale av særlege tema

5 Oppfølging av langtidsplanen for forskning og høgare utdanning

Innleiing

Regjeringa har høge ambisjonar for det norske kunnskapssamfunnet og satsar målretta på forskning og høgare utdanning. Det viktigaste verktøyet for å sørge for langsiktige og føreseielege satsingar på området er langtidsplanen for forskning og høgare utdanning.

Det er viktig å sørge for samsvar mellom nasjonale prioriteringar og internasjonale satsingar. Noreg har eit utstrekt internasjonalt samarbeid innanfor forskning og høgare utdanning, jf. *Strategi for forsknings- og innovasjonssamarbeidet med EU: Horisont 2020 og ERA og Panorama – strategi for høgere utdannings- og forskningssamarbeid med Brasil, India, Japan, Kina, Russland og Sør-Afrika (2016–2020)*.

Oppfølging av Langtidsplan for forskning og høgare utdanning 2019–2028

Hausten 2018 la regjeringa fram Meld. St. 4 (2018–2019) *Langtidsplan for forskning og høgere utdanning 2019–2028*. Langtidsplanen inneheld tre overordna mål:

- styrkt konkurransekraft og innovasjonsevne
- møte store samfunnsutfordringar
- utvikle fagmiljø av framifrå kvalitet

Planen inneheld også fem langsiktige prioriteringar:

- hav
- klima, miljø og miljøvennleg energi
- fornying i offentleg sektor og betre offentlege tenester

- mogleggjerande og industrielle teknologiar
- samfunnstryggleik og samhøyr i ei globalisert verd


Regjeringa vil prioritere å rette ressursinnsatsen mot dei tre overordna måla og dei langsiktige prioriteringane i langtidsplanen. Innanfor ramma av mål og prioriteringar vil regjeringa særleg prioritere å trappe opp innsatsen på tre viktige område i perioden 2019–22:

- 800 mill. kroner for å løfte kompetanse, utdanning i og forskning på teknologi, med særskild vekt på IKT
- 450 mill. kroner for å legge til rette for auka FoU for fornying og omstilling i næringslivet
- 250 mill. kroner for å bidra til høg kvalitet i norsk høgare utdanning

Desse tre opptrappingsplanane støttar opp under grunnleggande innsatsfaktorar for å lykkast med det grøne skiftet, auke verdiskapinga og omstille næringslivet og offentleg sektor. I perioden 2019–20 blei opptrappingsplanane følgde opp med 791 mill. kroner.

Regjeringa legg fram ei forskningssatsing med ein tydeleg grøn profil, med vekt på omstilling og utvikling av nye, berekraftige arbeidsplassar, og foreslår å auke løyvingane med 959 mill. kroner i 2021 for å følge opp dei overordna måla og dei langsiktige prioriteringane i den reviderte langtidsplanen. Av dette gjeld 339 mill. kroner oppfølging av dei tre opptrappingsplanane, jf. figur 5.1. Satsingane er omtala under.

Opptappingsplanane



Figur 5.1 Vekst til opptappingsplanane i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, 2019–21

Teknologiløft

Netto auke til teknologiløft er på 97 mill. kroner. Innanfor denne opptappingsplanen foreslår regjeringa følgande tiltak:

Hav

Regjeringa foreslår å auke løyvingane med 13 mill. kroner til «CoastWatch – kystovervaking og forståing av kystøkologien» over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet. CoastWatch er eit samarbeid mellom ei rekke norske forskingsinstitusjonar, og observasjonane skal inngå i hav- og kystmodellane som gir varsel om mellom anna forureining og algeoppblomstring.

Klima, miljø og miljøvennleg energi

Regjeringa foreslår å styrke FoU for auka verdiskaping, reduksjon av klimagassutslepp og omstilling med 50 mill. kroner over budsjettet til Olje- og energidepartementet.

Mogleggjerande og industrielle teknologiar

Regjeringa foreslår å auke løyvingane med 62,5 mill. kroner til grunnleggande teknologiforskning med vekt på IKT over budsjettet til Kunnskapsdepartementet.

Samfunnstryggleik og samhøyr i ei globalisert verd

Regjeringa foreslår å auke løyvingane med 20 mill. kroner til klimatilpassa og berekraftige matsystem over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet.

FoU for fornying og omstilling i næringslivet

I statsbudsjettet for 2021 foreslår regjeringa å auke løyvingane til opptappingsplanen for FoU for fornying og omstilling i næringslivet med totalt 195 mill. kroner fordelt på ei rekke satsingar.

Hav

Regjeringa foreslår å auke løyvingane med 15 mill. kroner til forskning på blå økonomi over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet.

Klima, miljø og miljøvennleg energi

Regjeringa foreslår å auke løyvingane med 50 mill. kroner til forskning og innovasjon for grøn omstilling over budsjettet til Klima- og miljødepartementet.

Styrkt konkurransekraft og innovasjon

Regjeringa foreslår å styrke løyvingane til innovasjonsprosjekt i næringslivet over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet.

Regjeringa foreslår å auke løyvingane med 50 mill. kroner til å styrke basisløyvinga til dei teknisk-industrielle institutta over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet. Vidare foreslår regjeringa å auke løyvingane med 20 mill. kroner til kommersialisering av forskning over budsjettet til Kunnskapsdepartementet.


Kvalitet i høgare utdanning

I statsbudsjettet for 2021 foreslår regjeringa å auke løyvingane med 7,5 mill. kroner til digital teknologi for undervisning, 30 mill. kroner til

arbeidsrelevans og digitalisering og 10 mill. kroner til UTFORSK-programmet, alt over budsjettet til Kunnskapsdepartementet.

Måla og dei langsiktige prioriteringane

Opptappingsplanane er i stor grad knytte til måla og dei langsiktige prioriteringane i planen, finansierte over budsjetta til ei rekke departement. Forslaga til satsingar for å følge opp dei langsiktige prioriteringane utanom opptappingsplanane er omtala under.



Figur 5.2 Vekst til oppfølging av måla, opptappingsplanane og dei langsiktige prioriteringane i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, 2021.

Klima, miljø og miljøvennleg energi

Regjeringa foreslår å auke basisløyvinga til miljøinstitutta med 10 mill. kroner over budsjettet til Klima- og miljødepartementet.

Fornyng i offentleg sektor og betre offentlege tenester

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til Pilot Helse med 20 mill. kroner og å løyve 10 mill. kroner til forskning på kvinners helse og kjønnspektivet over budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet.

Regjeringa foreslår òg å løyve 10 mill. kroner til ei satsing på forskingsstøtta innovasjon og digitalisering av arbeids- og velferdstenestene over budsjettet til Arbeids- og sosialdepartementet.

Vidare foreslår regjeringa å løyve 261 mill. kroner til studieplassar innanfor mellom anna helse og omsorg og lærarutdanning. Midlane til studieplassane blei løyvd i samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2020 og er foreslått vidareførte i 2021.

Mogleggjerande og industrielle teknologiar

Regjeringa foreslår å løyve 196 mill. kroner til studieplassar innanfor matematisk-naturvitenskaplege fag med vekt på informatikk og teknologiske fag med vekt på IKT. Midlane til studieplassane blei løyvd i samband med behandlinga av Revidert nasjonalbudsjett 2020 og er foreslått vidareførte i 2021.

Bygg

I den reviderte langtidsplanen for forskning og høgare utdanning er eit eige kapittel vigd regjeringa si plan for utvikling, forvaltning og prioritering av universitets- og høgskulebygg. Bygg, utstyr og annan infrastruktur er grunnleggjande innsatsfaktorar for å nå dei overordna måla i politikken for forskning og høgare utdanning. I 2021 foreslår regjeringa å bruke 2,5 mrd. kroner på ordinære byggeprosjekt finansierte over statsbudsjettet, mellom anna vidareføring av Livsvitkapsbygget og Vikingtidsmuseet ved Universitetet i Oslo. Regjeringa foreslår òg å løyve midlar til vidare prosjektering av campus NTNU og auka kostnadsramme til campus Ås. I tillegg kjem ei rekke brukarfinansierte prosjekt ved institusjonane. Vidare foreslår regjeringa å vidareføre ordninga for oppgradering av undervisings- og forskingsareal, som i 2021 utgjer 155 mill. kroner.

Noregs forskingsråd

Noregs forskingsråd spelar ei sentral rolle i det norske forskings- og innovasjonssystemet. Rådet har ei omfattande verksemd når det gjeld finansiering, rådgiving og møteplassfunksjon. Kunnskapsdepartementet har etatsstyringsansvaret for Forskingsrådet og ansvaret for at rådet når dei måla som er sette for heile verksemda. For nærare omtale av rådets verksemd og styringssystemet for Forskingsrådet, sjå programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning, kap. 285 Noregs forskingsråd.

Noregs forskingsråd får løyvingar frå alle departementa. Tildelingane frå departementa omfattar både generelle faglege tildelingar, institutt-tildelingar og særskilde midlar til einskilde program eller aktivitetar. Tabellen nedanfor viser ei oversikt over løyvingsforslag for dei største bidragsytarane i statsbudsjettet for 2021.

Tabell 5.1 Foreslåtte løyvingar til Noregs forskingsråd frå dei største bidragsytarane

		(i 1000 kr)	
Kap. post	Departement	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021
285.52–54	Kunnskapsdepartementet	4 010 368	4 454 067
285.55	Kunnskapsdepartementet	783 617	800 883
920.50/51	Nærings- og fiskeridepartementet	2 089 400	2 106 920
1830.50	Olje- og energidepartementet	760 000	735 530
1137.50/51	Landbruks- og matdepartementet	429 576	427 533
1410.51	Klima- og miljødepartementet	334 753	384 738
780.50	Helse- og omsorgsdepartementet	252 167	130 419
1301.50	Samferdselsdepartementet	144 900	134 400
601.50	Arbeids- og sosialdepartementet	171 205	119 000
Totalt		8 975 986	9 293 490

Regjeringa foreslår å redusere løyvingane til Forskingsrådet eittårig på fleire av departementas budsjett i 2021 for å redusere avsetningane i Forskingsrådet. Den eittårige reduksjonen i løyvingane skal ikkje føre til redusert aktivitet, og Forskingsrådet skal fortsette å lyse ut midlar som om løyvingane ikkje var reduserte. Forskingsrådet kan i 2021 legge opp til aktivitet med utgangspunkt i at desse midlane vil bli tilbakeførte i 2022.

FoU-innsatsen i statsbudsjettet og utviklinga i FoU-innsatsen*Forskning og utvikling i statsbudsjettet for 2021*

Hovudprioriteringane på forskingsområdet i statsbudsjettet for 2021 følger opp prioriteringane i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning.

Med bakgrunn i statsbudsjettanalysen for 2020 frå Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) viser eit førebels overslag frå Kunnskapsdepartementet at dei

samla løyvingane til forskning og utvikling i budsjettforslaget til regjeringa for 2021 er på om lag 40,9 mrd. kroner. Det utgjer 1,1 pst. av overslaget for bruttonasjonalprodukt (BNP) i 2021. Dette er ein nominell auke på om lag 2 mrd. kroner frå saldert budsjett 2020. Dersom ein inkluderer Skattefunn-ordninga, blir den offentlege FoU-innsatsen på om lag 45,2 mrd. kroner i 2021. Inkludert provenyeffekten av Skattefunn utgjer FoU-innsatsen

1,22 pst. av overslaget for BNP i 2021. Tabellen nedanfor viser løyvingane til FoU over statsbudsjettet fordelte på departement og kor stor del av totalbudsjettet i kvart departement som er foreslått løyvd til forskning. Overføringer til folketrygda, Statens pensjonsfond utland og brutto låne- og avdragstransaksjonar er haldne utanfor. Tala er usikre, og NIFU vil legge fram endeleg tal for FoU-løyvingane sommaren 2021.

Tabell 5.2 Overslag over løyvingane til FoU over statsbudsjettet

Departement	(i mill. kr)				
	Saldert budsjett 2020	Forslag 2021	Nominell endring 2020–21	Reell endring 2020–21	Prosentdel av totalt budsjett
Arbeids- og sosialdepartementet	364	327	-37	-48	0,8
Barne- og familiedepartementet	189	198	9	3	0,6
Finansdepartementet	154	167	13	8	0,1
Forsvarsdepartementet	1 300	1 338	38	-2	2,1
Helse- og omsorgsdepartementet	5 173	5 374	201	41	2,7
Justis- og beredskapsdepartementet	140	140	0	-5	0,3
Klima- og miljødepartementet	1 127	1 207	80	45	7,1
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	1 452	1 363	-89	-134	0,7
Kulturdepartementet	274	287	13	4	1,2
Kunnskapsdepartementet	20 263	21 634	1 371	740	27,5
Landbruks- og matdepartementet	872	866	-6	-33	4,1
Nærings- og fiskeridepartementet	4 035	4 481	446	320	31,3
Olje- og energidepartementet	907	975	68	40	3,6
Samferdselsdepartementet	363	348	-15	-26	0,4
Statsbankane	574	657	83	65	3,6
Utanriksdepartementet	1 654	1 522	-132	-184	3,4
Totalt	38 841	40 883	2 042	833	3,8

Veksten i budsjettet til Kunnskapsdepartementet skriv seg i hovudsak frå tilbakeføringa av den eittårige reduksjonen i Forskningsrådet frå 2020, auka løyvingar til EUs rammeprogram for forskning og innovasjon og satsingar innanfor langtidsplanen for forskning og høgare utdanning.

Veksten i budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet skriv seg frå satsingar innanfor langtidsplanen for forskning og høgare utdanning, midlar til grøn plattform og midlar til norsk deltaking i EUs romprogram.

Nedgangen i løyvingane til Utanriksdepartementet skriv seg i hovudsak frå ein eittårig reduksjon i Forskningsrådet for å tilpasse bistandsbudsjettet til redusert ramme i 2021.

Nedgangen i løyvingane til Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv seg i hovudsak frå ein eittårig reduksjon i Forskningsrådet og reduserte løyvingar til brukarutstyrsprosjekt.

Utvikling i dei offentlege løyvingane til FoU i statsbudsjettet

Målet i langtidsplanen om å auke offentlege løyvingar til 1 pst. av BNP blei nådd allereie i 2016. I


Granavolden-plattformen stadfestar regjeringa at ho vil auke den offentlege forskingsinnsatsen ut over 1 pst. av BNP i ein omstillingsfase og særleg prioritere mogleggjerande teknologiar og forskning som bidreg til auka verdiskaping.

Tabell 5.3 Overslag over løyvingane til FoU i statsbudsjettet i perioden 2006–21

År	Totalt, løpande prisar. mill. kroner	Vekst, mill. kroner	Prosentvis vekst, løpande prisar	Prosentvis vekst, faste prisar	Prosentdel av totalt statsbudsjett	Prosentdel av BNP	Prosentdel av BNP, inkl. Skattefunn
2006	16 374	2 091	14,6	7,8	3,71	0,74	0,79
2007	18 091	1 717	10,5	2,5	3,86	0,77	0,81
2008	19 357	1 266	7,0	2,3	3,77	0,74	0,78
2009	21 204	1 847	9,5	4,6	3,71	0,87	0,92
2010	22 976	1 772	8,4	4,4	3,84	0,89	0,93
2011	23 551	575	2,5	-1,7	3,72	0,84	0,89
2012	24 489	938	4,0	0,2	3,73	0,83	0,87
2013	26 375	1 886	7,7	4,3	3,79	0,86	0,91
2014	28 311	1 936	7,3	4,7	3,87	0,90	0,97
2015	30 769	2 458	8,7	5,9	3,93	0,99	1,08
2016	32 979	2 210	7,2	4,9	4,03	1,06	1,18
2017	35 848	2 869	8,7	6,7	4,26	1,09	1,21
2018	36 612	764	2,1	-1,3	4,28	1,04	1,15
2019	38 026	1 414	3,9	0,3	4,22	1,07	1,19
2020	38 841	815	2,1	-0,9	4,11	1,14	1,26
2021	40 883	2 042	5,3	2,1	3,84	1,10	1,22

Figur 5.3 samanliknar tal frå FoU-statistikken og tal frå NIFUs statsbudsjettanalyse. Sidan statsbudsjettanalysen tek utgangspunkt i formålet med løyvingane, kan han bli produsert tidlegare enn FoU-statistikken. FoU-løyvingane i 2020 har NIFU talfesta til 38,8 mrd. kroner. Det er 1,14 pst. av prognosen for BNP for 2020. Anslaget er betyde-

leg høgare enn tidlegare berekna, som følge av at covid-19-pandemien trekker ned BNP-anslaget for 2020. I tillegg kjem støtta til FoU gjennom Skattefunn-ordninga, berekna til 4,3 mrd. kroner i 2020. FoU-løyvingane i statsbudsjettet er viste i faste prisar i det grå feltet i figur 5.3. Den heiltrekte linja i figuren viser FoU-løyvingane i pst. av BNP.



Figur 5.3 Utvikling i FoU-løyvingar i statsbudsjettet og offentleg finansierte FoU-utgifter (1-prosentmålet)


Kjelder: NIFU/SSB (FoU-statistikk) og NIFU (statsbudsjettanalyse)

Dei samla FoU-investeringane i Noreg

Nivået på FoU-investeringar målte som prosentdel av BNP er ein indikator på graden av kunnskapsintensitet i økonomien. Regjeringa har sett som mål i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning at den totale utførte FoU-innsatsen i Noreg skal utgjere 3 pst. av BNP innan 2030. I 2016 utgjorde dei totale FoU-utgiftene for første gong over 2 pst. av BNP.

Dei samla FoU-investeringane i Noreg har hatt tilnærma kontinuerleg vekst gjennom dei siste 50 åra. Som del av BNP har FoU-utgiftene lege rela-

tivt stabilt på rundt 1,5 pst. sidan 1990-talet. Det var ein god auke i prosentdelen i perioden 2014–17. Auken kjem dels av sterk vekst i løyvingane til FoU i statsbudsjettet, dels av redusert BNP-vekst som følge av nedgangen i oljeprisen i 2015. Dei samla FoU-utgiftene i Noreg i 2018 var på 72,8 mrd. kroner. Det inneber ein realvekst på 1,7 pst. frå 2017, som er ein noko lågare vekst enn dei siste åra. Den gjennomsnittlege realveksten per år frå 2005 til 2017 er på 3,0 pst. I høve til fastlands-BNP var nivået på FoU-utgiftene i 2018 på 2,12 pst.



Figur 5.4 Utvikling i FoU-utgifter, BNP og FoU-intensitet (3-prosentmålet)

Kjelde: NIFU og SSB

FoU-statistikken er basert på oppgaver fra dei sektorane som faktisk utførte FoU i Noreg. Neste samla statistikkopdatering kjem i oktober 2020.

6 Nøkkeltal for grunnopplæringa

Innleiing

Kapittelet gir informasjon om utviklinga i talet på elevar, lærlingar og lærarar og i ressursbruken i grunnopplæringa. Kapittelet inneheld statistikk på integreringsfeltet som i tidlegare års budsjettproposisjonar låg i kapittelet «Mål for integrering». Kommunane og fylkeskommunane er ansvarlege for drifta av høvesvis grunnskulen og vidaregåande opplæring. Grunnskulen og den vidaregåande opplæringa blir i hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane og fyl-

keskommunane. Både i kommunane og i fylkeskommunane er opplæring ein stor og viktig sektor. Samla brutto driftsutgifter til grunnskuleopplæring var i 2019 på 89,7 mrd. kroner. Tilsvarende var samla brutto driftsutgifter til vidaregåande opplæring i 2019 på 39,7 mrd. kroner. Talet på elevar, lærlingar og lærarar er avgjerande for ressursbruken i skulen.

Ressursbruken i grunnopplæringa i Noreg har vore relativt stabil i dei siste åra når det gjeld både totale ressursar og ressursar per elev.

Elevar og lærlingar i grunnopplæringa

Tabell 6.1 Talet på elevar i ordinære grunnskular, frå skuleåret 2013–14 til 2019–20

Skuleår	Barnetrinnet (1.–7. trinn)	Ungdomstrinnet (8.–10. trinn)	Totalt
2013–14	425 917	189 368	615 327
2014–15	430 864	188 132	618 996
2015–16	438 387	185 368	623 755
2016–17	444 638	184 637	629 275
2017–18	447 355	185 674	633 029
2018–19	448 655	187 695	636 350
2019–20	446 218	190 032	636 250

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Tabell 6.1 viser at talet på elevar i grunnskulen auka kvart år fram mot skuleåret 2018–19, men at det var ein liten nedgang i elevtalet frå 2018–19 til 2019–20. 98 pst. av 16-åringane som avslutta grunnskulen våren 2019, var i vidaregåande opp-

læring 1. oktober same år. Av elevane som begynte på 1. trinn i vidaregåande opplæring hausten 2019, var det om lag like mange som begynte på eit yrkesfagleg program som på eit studieførebuande program.

Tabell 6.2 Fordeling på utdanningsprogram i vidaregåande opplæring, frå skuleåret 2013–14 til 2019–20

Skuleår	Elevar på studieførebuande program	Elevar på yrkesfag	Lærlingar, elevar i fagopplæring i skule og lærekandidatar	I alt
2013–14	115 520	74 172	39 768	229 460
2014–15	117 129	72 344	40 982	230 455
2015–16	118 013	72 026	42 021	232 060
2016–17	121 409	69 644	42 777	233 830
2017–18	123 095	66 562	44 637	234 294
2018–19	121 390	67 092	46 316	234 798
2019–20	119 141	67 854	48 281	235 276

Kjelde: Skoleporten (Utdanningsdirektoratet)

Det har vore ein jamn auke i talet på elevar, lærlingar og lærekandidatar totalt i vidaregåande opplæring. Det har vore ein auke i talet på elevar på yrkesfag det siste skuleåret, parallelt med ein nedgang i elevtalet på studieførebuande program.

Per 1. oktober 2019 var det registrert 45 323 lærlingar og 1 860 lærekandidatar. Dette er om lag 2 000 fleire lærlingar enn på same tidspunkt i 2018, medan det er om lag like mange lærekandidatar. Hausten 2019 søkte totalt 28 617 elevar om læreplass. Det er nokre hundre mindre enn året før, men på grunn av endringar i berekninga av statistikken er tala ikkje heilt samanliknbare. Det er flest søkarar til læreplassar i helse- og oppvekstfag, bygg- og anleggsteknikk, teknikk og industriell produksjon, og elektrofag.

Lærarårsverk

Årsverk til undervisningspersonale blir rekna ut på bakgrunn av registrerte timar per skuleår. I 2019–2020 er det berekna talet på årsverk til undervisning og andre oppgåver i grunnskulen 61 425, noko som er ein auke på i underkant av 1 100 årsverk frå året før.

Tabell 6.3 Berekna årsverk til undervisning og andre oppgåver i grunnskulen, frå skuleåret 2013–14 til 2019–20

Skuleår	Berekna årsverk til undervisning og andre oppgåver, sum årsverk	Av dette andre oppgåver	Assistent-årsverk
2013–14	57 614	6 979	8 234
2014–15	57 331	6 518	8 167
2015–16	57 612	6 407	8 417
2016–17	58 421	6 480	8 868
2017–18	59 357	6 459	9 389
2018–19	60 372	6 430	9 849
2019–20	61 425	6 415	10 002

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Tabell 6.4 Utvikling i talet på lærarårsverk i vidaregåande opplæring, frå skuleåret 2015–16 til 2019–20

Skuleår	Lærarårsverk i vidaregåande opplæring, avtalte årsverk
2015–16	22 464
2016–17	22 389
2017–18	22 273
2018–19	22 334
2019–20	22 402

Kjelde: Statistikkbanken (SSB)

Gruppestorleik

Indikatoren «berekna gjennomsnittleg gruppestorleik» kjem fram ved å sjå på forholdet mellom elevtimar og lærartimar. Med elevtimar meiner ein totale ordinære timar til undervisning som elevane får kvart år. Lærartimar er summen av alle timane lærarane gir undervisning per år. Indikatoren gruppestorleik gir uttrykk for kor mange elevar ein lærar har i gjennomsnitt per undervisningstime. Gruppestorleik bør sjåast som ein indikasjon, og ikkje som eit absolutt mål.

Gruppestorleik 1 omfattar timar til spesialundervisning og særskild norskopplæring for språklege minoritetar (i alle offentlege og private grunnskular unnateke specialsksular og utanlandssksular). Sidan desse timane blir inkluderte, kan det føre til at gruppestorleiken verkar lågare enn det nokre elevar og lærarar opplever i kvardagen.

Gruppestorleik 2 er ein annan måte å rekne ut gruppestorleik på. Her er timar til spesialundervisning og til særskild norskopplæring for språklege minoritetar tekne ut av både lærartimar og elevtimar i berekninga. Denne indikatoren er ikkje i same grad som gruppestorleik 1 eigna til å måle endringar i ressursinnsats over tid, fordi

endringar knytte til spesialundervisning og særskild norskopplæring vil kunne påverke indikatoren. Gruppestorleik 2 gir eit bilde av ressursinnsatsen for dei elevane som ikkje får særskilde individretta styrkingstiltak.


Tabell 6.5 Gjennomsnittleg gruppestorleik på 1.–10. trinn, frå skuleåret 2013–14 til 2019–20

Skuleår	Gruppestorleik 1 (1.–10. trinn)	Gruppestorleik 2 (1.–10. trinn)
2013–14	13,5	16,8
2014–15	13,5	16,8
2015–16	13,5	16,8
2016–17	13,5	16,8
2017–18	13,3	16,6
2018–19	13,1	16,3
2019–20	12,9	15,8

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Hausten 2018 blei det innført ei norm for lærartettleik på skulenivå for 1.–10. trinn. Skuleåret 2018–19 skulle gruppestorleik 2 maksimalt vere 16 på 1.–4. trinn og 21 på 5.–7. og 8.–10. trinn. Frå hausten 2019 blei norma skjerpa, og gruppestorleik 2 skal no maksimalt vere 15 på 1.–4. trinn og 20 på 5.–7. og 8.–10. trinn. Sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa for ei nærare omtale av lærarnorma.

Figur 6.1 viser utviklinga i gruppestorleik 2, som har blitt mindre etter innføringa av norma for lærartettleik. I skuleåret 2019–20 gjekk gruppestorleiken ned på alle hovudtrinna samanlikna med året før. Gruppestorleiken var 14,0 på 1.–4. trinn, 16,5 på 5.–7. trinn og 17,8 på 8.–10. trinn. Det vil seie at lærarnorma i gjennomsnitt var oppfylt på alle hovudtrinn skuleåret 2019–20.



Figur 6.1 Gjennomsnittleg gruppestorleik 2 på hovudtrinna i grunnskulen, frå skuleåret 2005–06 til 2019–20

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)


For vidaregåande opplæring er det vanskeleg å lage eit godt mål på forholdstalet mellom lærarar og elevar. Det finst ikkje eit godt nok talgrunnlag for å skilje mellom lærarar og elevar på ulike studieretningar, og dette er ein faktor som har stor innverknad på gruppestorleiken i vidaregåande opplæring.

Skulestruktur

I skuleåret 2019–20 var det 2 799 grunnskular i Noreg. Dette er ein nedgang på 31 skular frå sku-

leåret 2018–19. Av dei 2 799 skulane var 261 godkjende private grunnskular. 4,2 pst. av elevane i grunnskulen gjekk på ein privat grunnskule i skuleåret 2019–20.

Når det gjeld storleiken på grunnskulane i Noreg, varierer denne frå nokre få elevar til over 800 elevar på dei største skulane. Figuren nedanfor illustrerer fordelinga av små, mellomstore og store skular. Det har over tid vore ei utvikling i retning av fleire store skular og færre små skular.



Figur 6.2 Prosentdel grunnskular fordelte etter talet på elevar

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

6 pst. av elevane i grunnskulen gjekk på skular med færre enn 100 elevar, 34 pst. gjekk på skular som har mellom 100 og 299 elevar, og 60 pst. gjekk på skular med 300 eller fleire elevar i 2019. Sidan skuleåret 2002–03 har meir enn 50 pst. av elevane gått på store skular (fleire enn 300 elevar).

Tidlegare kartleggingar av skulenedleggingar har vist at den viktigaste årsaka til at skular blei lagde ned, var lågt elevtal. Andre viktige faktorar var kommuneøkonomi og problem med å rekruttere kvalifiserte lærarar. I dei fleste tilfella der kommuneøkonomi blei oppgitt som årsak, var dette i kombinasjon med få elevar.

Hausten 2019 var det 413 vidaregåande skular i landet. Av desse var 95 private. Talet på vidaregåande skular har falle noko i dei siste åra.

Skuleresultat

Nasjonale prøvar hausten 2019

Nasjonale prøvar skal måle ferdigheitene til elevane i lesing og rekning og i delar av engelskfaget. Resultatet skal gi skuleeigaren og skulen eit grunnlag for kvalitetsutvikling i opplæringa. Elevar på 5., 8. og 9. trinn deltek på nasjonale prøvar. Nasjonale prøvar er inndelte i tre nivå på 5. trinn og fem nivå på 8. og 9. trinn.

Det er i snitt ingen store endringar i elevprestasjonane på 5. trinn, verken frå 2018 eller frå då målinga over tid starta i 2014 og 2016.

Skilnaden mellom gutar og jenter er størst i rekning på 5. trinn. Framleis er det fleire gutar som presterer på høgaste meistringsnivå i rekning, og fleire jenter på det lågaste meistringsnivået. I lesing og engelsk skil det lite mellom gutar og jenter. Tidlegare har jenter prestert noko betre enn gutar i lesing, men i 2019 var det i snitt ingen forskjell.

På 8. trinn er det i snitt heller ikkje vesentlege endringar sidan 2018. Det er likevel nokre færre elevar på dei lågaste meistringsnivåa no enn då målingane av utvikling over tid starta. Det er framleis fleire gutar enn jenter som presterer på dei høgaste meistringsnivåa i rekning, og skilnaden har auka noko. I lesing er det fleire jenter på dei høgaste meistringsnivåa, og prosentdelen jenter på desse nivåa har auka noko samanlikna med 2018. I engelsk presterer gutane noko betre enn jentene, men skilnadene er små.

Samanlikna med andre fylke har Oslo, på både barne- og ungdomstrinnet, ein større del elevar på dei høgaste meistringsnivåa og lågare del på dei lågaste nivåa. Det er ingen vesentlege endringar i prestasjonane til elevane på fylkesnivå eller for dei ti største kommunane.

Skulebidragsindikatorane

I desember 2019 publiserte Utdanningsdirektoratet skulebidragsindikatorar for vidaregåande skule. Tilsvarende tal for grunnskulen blei publiserte i april 2020. Kvar elev har med seg mange føresetnader som påverkar skuleresultata. Skule-

bidragsindikatorane set seg som mål å seie kor mykje skulen bidreg med i resultatata til elevane.

På vidaregåande kontrollerer skulebidragsindikatorane for karaktergjennomsnitt frå trinnet under, utdanningsprogram, trinn og kjønn. Resultata viser at det er forskjellar mellom skulane når det gjeld kor mykje dei bidreg med, særleg når det gjeld å få elevane til å bestå. Det blir berekna tre ulike indikatorar: karakterpoeng, årsbestått og deltaking. Analysen viser at det er større forskjellar mellom fylka når det gjeld å få elevane til å bestå, enn for dei andre indikatorane. Eit anna funn er at det er større forskjellar mellom fylka på yrkesfag enn på studieførebuande program. I grunnskulen er det noko variasjon i skulebidraget på kommune- og skulenivået, men dei fleste har likevel skulebidrag som ikkje er signifikant forskjellige frå landsgjennomsnittet. På 5.–7. trinn presterer elevane på seks av ti skular ikkje forskjellig frå landsgjennomsnittet, medan to av ti skular har elevar som presterer betre. På 8.–10. trinn presterer i elevane på sju av ti skular ikkje forskjellig frå landsgjennomsnittet, medan elevane på éin av ti skular presterer betre. Det er ikkje nødvendigvis samanheng mellom skulebidraga på tvers av trinna. Ein skule eller kommune kan gjere det godt på barneskuletrinna og mindre godt på ungdomsskulen.

Skulebidragsindikatorane er eit viktig supplement til eksisterande informasjon om kvalitetsforskjellar mellom fylke og skular. Dei gir ein indikasjon på kor mykje den einskilde skulen bidreg med, men dei gir ikkje nødvendigvis heile bildet.

Karakterar i grunnskulen våren 2020


På grunn av covid-19-pandemien blei det ikkje gjennomført eksamen i grunnskulen våren 2020. Grunnskulepoenga er derfor berre berekna på bakgrunn av standpunktkarakterar. Elevane som gjekk ut av grunnskulen våren 2020, har i snitt 43,2 grunnskulepoeng. Det har vore ein god auke på 1,2 poeng samanlikna med året før. Elevane får normalt svakare karakterar til eksamen enn standpunkt, så noko av auken kjem truleg av at eksa-

men ikkje blei gjennomført. Samtidig har standpunktkarakterane i dei fleste av fellesfaga auka samanlikna med tidlegare år. Jentene får i snitt høgare standpunktkarakterar enn gutane i dei fleste faga. Forskjellen er størst i mat og helse og kunst og handverk. Jentene får i snitt 0,7 karakterpoeng meir enn gutane i desse faga. I matematikk skil berre 0,2 karakterpoeng mellom gutar og jenter, medan det ikkje er nokon forskjell i kroppsøving. Forskjellane mellom gutar og jenter har i snitt blitt noko mindre sidan 2019.

Delen elevar utan grunnskulepoeng har auka noko, medan delen utan vurdering til standpunkt i ulike fag er tilnærma uendra sidan skuleåret 2018–19. Skuleåret 2019–20 var det rundt 3 800 av om lag 63 200 elevar på 10. trinn som mangla karakter i meir enn halvparten av faga, og som derfor ikkje får utrekna grunnskulepoeng. Dette utgjer 6 pst. av elevane. Årsakene til at elevar ikkje får karakterar, er samansette. Det kan til dømes vere elevar som har spesielle utfordringar, individuell opplæringsplan og derfor rett til fritak frå vurdering, manglar vurderingsgrunnlag på grunn av sjukdom eller anna fråvær, nyleg har kome til landet eller ikkje har delteke i ordinær undervisning i alle fag.

Bruk av ufaglært undervisningspersonale

Kompetansekrava for tilsetjing i grunnskulen tilseier at ein må ha lærarutdanning eller anna godkjend utdanning for å bli fast tilsett. Tal frå Utdanningsdirektoratet viser at 4,2 pst. av årsverka til undervisning ikkje oppfylte kompetansekrava for tilsetjing i 2019–20. Desse kan vere mellombels tilsette eller tilsette under føresetnad av at utdanning den tilsette har begynt på, blir fullført. Figur 6.3 viser utviklinga i delen av berekna årsverk til undervisning i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing. Talet auka frå 2014–15 til 2018–19. Noko av auken kan kome av meir vikarbruk som følge av den statlege satsinga på vidareutdanning av lærarar. Frå skuleåret 2018–19 til 2019–20 har det vore ein liten nedgang.




Figur 6.3 Del av årsverk i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

I 2019 hadde 4,6 pst. av lærarane i vidaregåande opplæring ei vidaregåande utdanning eller lågare, medan 5,4 pst. hadde universitets-/høgskuleutdanning på lågare nivå, men utan pedagogisk

utdanning. 4,7 pst. hadde universitets-/høgskuleutdanning på høgare nivå, utan pedagogisk utdanning.



Figur 6.4 Del av lærarar i grunnskulen som ikkje oppfyller kompetansekrava for undervisning som gjeld frå 2025

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)


I 2025 skal alle lærarar som underviser i norsk, matematikk og engelsk på 1.–7. trinn, ha minst 30 studiepoeng i undervisningsfaget. På 8.–10. trinn skal alle lærarar som underviser i norsk, matematikk og engelsk, ha minst 60 studiepoeng i under-

visningsfaget i 2025. I skuleåret 2019–20 er det framleis mange lærarar som ikkje oppfyller dette kompetansekravet, særleg i engelsk. I alle dei tre faga har det vore ein liten nedgang i delen av lærarar som ikkje oppfyller krava frå førre skuleår.

Tilsette med innvandrabakgrunn

Prosentdelen tilsette med innvandrabakgrunn er litt høgare for fylkeskommunale vidaregåande skular enn for dei kommunale grunnskulane. Norskfødde med innvandrarforeldre utgjer ein svært liten del. Prosentdelen med innvandrabakgrunn blant det mannlege undervisningspersonalet i kommunale grunnskular er litt høgare enn

han er blant dei kvinnelege. I fylkeskommunale vidaregåande skular er det omvendt, og prosentdelen med innvandrabakgrunn blant det kvinnelege undervisningspersonalet er høgare enn blant det mannlege. Det har vore ein svak auke i prosentdelen tilsette med innvandrabakgrunn i dei siste tre åra, både i kommunale grunnskular og i fylkeskommunale vidaregåande skular.




Figur 6.5 Delen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre blant undervisningspersonalet* i grunnskular og i vidaregåande skular, 2017–19 (pst.) Statistisk sentralbyrå

* Tala inkluderer både hovud- og biarbeidsforhold.

Av meir enn 21 000 studentar som utdanna seg til å bli lærar i skulen i 2019, hadde berre 8 pst. innvandrabakgrunn. Delen med innvandrabak-

grunn som går på slike utdanningar, har likevel auka litt dei siste tre åra. Dette gjeld både innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre.



Figur 6.6 Delen innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre blant studentar under utdanning for å bli lærar¹, 2017–19 (pst.)

¹ Allmenn-/grunnskulelærarakutdanning inkludert masterutdanning for grunnskulelærarak, fag- og yrkesfaglærarakutdanning, integrert masterutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå


Framtidig behov for lærarak

Berekningar som er gjorde av SSB gjennom modellen Lærarakmod, viser forventa behov for lærarak framover. Modellen tydar på ein arbeidsmarknad for lærarak med store ubalansar i framtida.

I 2040 er det berekna eit underskot på rundt 6 700 grunnskulelærarak på heile arbeidsmarknaden. Samtidig vil det vere eit stort overskot av dei andre læraraktypane i modellen, nesten 9 000 lærarak med praktisk-pedagogisk utdanning innanfor

allmennfag (PPU) og rundt 21 000 faglærarak og såkalla «andre lærarak».

Etter dagens regelverk kan faglærarak og lærarak med PPU berre arbeide i grunnskulen frå og med 5. trinn. For grunnskulen over 5. trinn kan dermed underskotet av grunnskulelærarak sannsynlegvis dekkast inn av overskotet av faglærarak og PPU-lærarak. Gitt underskot på grunnskulelærarak, men overskot av andre lærarak, er det usikkert korleis arbeidsmarknaden for lærarak vil sjå ut i dei neste åra. Befolkningsframskrivingane i modellen er også usikre.



Figur 6.7 SSBs overslag over tilbud og etterspurnad etter lærarar i framtida

Kjelde: Statistisk sentralbyrå (Lærermø, notat 2018/5)

Kommunal ressursbruk

Korrigerede brutto driftsutgifter viser dei utgiftene kommunane har til undervisning, inkludert drift av skulelokale og skyss. Korrigerede brutto driftsutgifter per elev i grunnskulen var 126 819 kroner i 2019. Dette er ein nominell auke på 4,6 pst. frå 2018. Den kommunale pris- og lønnsauken (deflatoren) var i 2018 på 3,1 pst. Det vil seie at det i snitt har vore ein liten realauke i utgifter per elev i grunnskulen. I vidaregåande opplæring var korrigerede brutto driftsutgifter per elev på studieførebuande program 143 115 kroner og på yrkesfaglege program 174 486 kroner.

I kommunesektoren var brutto driftsutgifter til grunnskule på 18,8 pst. av totale brutto driftsutgifter i 2019. Delen av utgifter til grunnskule har gått noko ned dei siste ti åra. Lønnsutgiftene er den klart største driftskostnaden både i grunnskulen og i vidaregåande opplæring. Det er store kommunale forskjellar i ressursbruk i skulen. I kommunar med spreidd busetnad er det fleire mindre skular for at reiseavstanden til elevane skal vere akseptabel. Mykje av variasjonen mellom kommunane når det gjeld kor mykje pengar dei bruker på skule, kan forklarast med ulike kostnadsstruktur. Frie inntekter i form av eigedomsskatt og kraftinntekter har òg ein tydeleg effekt på utgiftsnivået. Kommunar med høge inntekter bruker meir pengar på skule. Den resterande variasjonen mellom kommunar kan mellom anna kome av variasjonar i elevsamansettinga. Spesielt for små


kommunar kan elevar med behov for ekstrainsats vere utslagsgivande. Ulikskapar kan òg kome av ulike politisk prioritering mellom kommunar.

Noreg bruker mykje ressursar på utdanning samanlikna med andre land, viser tal frå OECD (*Education at a Glance 2019: OECD Indicators*). Dersom ein ser på utgiftene per elev, har Noreg blant dei høgaste utgiftene til grunnskulen og vidaregåande opplæring blant OECD-landa. Det er særleg det høge talet på lærarar per elev som forklarar den høge ressursbruken i Noreg.

Spesialundervisning

Elevar som ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet, har krav på spesialundervisning. Delen elevar med spesialundervisning i grunnskular og spesialskular har dei siste 10 åra stabilisert seg på om lag 8 pst. I skuleåret 2019–20 låg den delen som fekk spesialundervisning, på 7,7 pst. av alle elevar i grunnskulen mot 7,8 pst. året før. 68 pst. av alle elevar som får spesialundervisning, er gutar.

I løpet av barnetrinnet og utover på ungdomstrinnet aukar delen av elevar med spesialundervisning, som figuren under viser. I skuleåret 2019–20 hadde 3,6 pst. av elevane på 1. trinn einskildvedtak om spesialundervisning. På 10. trinn var delen av elevar med spesialundervisning 10,14 pst. 47 156 elevar fekk vedtak om spesialundervisning med undervisningspersonale.



Figur 6.8 Prosentdel av elevar med einskildvedtak av totalt tal på elevar, fordelt på årstrinn. Skuleåret 2019–20

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)


Elevar med innvandrarbakgrunn

Særskild norskopplæring

I opplæringslova § 2-8 (for grunnskulen) og § 3-12 (for vidaregåande opplæring) heiter det at elevar som har eit anna morsmål enn norsk og samisk, har rett på særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg ferdigheit i norsk til å følge den vanlege opplæringa i skulen. I skuleåret 2019–20 fekk 41 003 elevar i grunnskulen særskild norskopplæ-

ring, noko som er 1 630 færre enn året før. Dette utgjer 6,4 pst. av elevane. Om nødvendig har desse elevane òg rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. I skuleåret 2019–20 var det 2 097 elevar som fekk berre morsmålsopplæring, 7 324 elevar som fekk berre tospråkleg fagopplæring, og 859 elevar som fekk begge delar. Somalisk, arabisk og polsk var dei vanlegaste språka.

Resultat i grunnskulen



Figur 6.9 Grunnskulepoeng etter innvandringskategori og kjønn, 2017–19

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Det er små forskjellar mellom grunnskulepoenga til norskfødde med innvandrarforeldre og andre elevar. Berre 2,3 poeng skilde desse i 2019. Avstanden mellom innvandrarar (dei som sjølv har innvandra) og andre elevar er noko større. 5,2 poeng skilde desse i 2019. Det er vanskeleg å vurdere resultatene til innvandrarelevar. Mange av dei kan ikkje vurderast ut frå ordinære læreplanar, fordi dei treng tid til å tileigne seg eit nytt språk. 14 pst. av innvandrarelevane har ikkje fått berekna grunnskulepoeng i 2019.

Det er særleg dei med 0–2 års butid, 36 pst., som ikkje har fått berekna grunnskulepoeng. Til samanlikning har 11 pst. av dei med 3–4 års butid og 7 pst. av dei med 5–6 års butid ikkje fått berekna grunnskulepoeng.

Butida har stor innverknad på kor mange grunnskulepoeng innvandrarar har ved utgangen av 10. trinn. Det er først blant dei med meir enn 7–8 års butid at talet på grunnskulepoeng nærmar seg talet på grunnskulepoeng for norskfødde med innvandrarforeldre.

Jenter får i gjennomsnitt 4,6 grunnskulepoeng meir enn gutane. Norskfødde jenter med innvandrarforeldre får fleire grunnskulepoeng enn gutar utan innvandrarbakgrunn.


Det er ein større del av innvandrarane som er fritekne frå nasjonale prøvar, enn norskfødde med

innvandrarforeldre og andre elevar. På 8. trinn er 12 pst. av innvandrarane fritekne frå nasjonale prøvar i lesing. I engelsk og rekning er høvesvis 11 og 10 pst. fritekne. Det er små forskjellar mellom norskfødde med innvandrarforeldre og andre elevar i delen som er fritekne. 3–4 pst. av både norskfødde med innvandrarforeldre og andre elevar er fritekne i kvart enkelt av faga engelsk, lesing og rekning.

Prosentdelen elevar på dei to lågaste meistringsnivåa er høgare blant innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre enn blant andre elevar. Det er størst forskjellar i lesing og minst forskjellar i engelsk. Tala må tolkast i lys av at delen som er fritekne, er høgare for innvandrarar enn for norskfødde med innvandrarforeldre og andre.

I lesing gjer jentene det betre enn gutane. I rekning gjer gutane det betre enn jentene. Desse forskjellane gjer seg gjeldande både mellom gutar og jenter med innvandrarbakgrunn og mellom andre gutar og jenter. Det er små forskjellar mellom gutar og jenter i engelsk.

Butida har mykje å seie for meistringsnivået til elevane. Dei som har budd i Noreg i 7–8 år, er på nivået til dei norskfødde med innvandrarforeldre i lesing.



Figur 6.10 Delen elevar på dei to lågaste meistringsnivåa (1 og 2) i nasjonale prøvar i faga engelsk, lesing og rekning på 8. trinn, etter innvandringskategori, 2019 (pst.)


Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Gjennomføring av vidaregåande opplæring

Dei norskfødde jentene med innvandrarforeldre er ikkje så langt unna dei andre elevane når det gjeld å fullføre og bestå vidaregåande opplæring i løpet av fem/seks år.

61 pst. av innvandrarane som begynte i vidaregåande opplæring i skuleåret 2013–14 (2013-kul-


let), fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av fem/seks år. Delen har auka i dei siste åra, men er framleis betydeleg lågare enn delen norskfødde med innvandrarforeldre og andre. Kor lenge ein har budd i Noreg, har mykje å seie for fullføringsprosenten.



Figur 6.11 Delen som starta i vidaregåande opplæring i skuleåret 2011–12 (2011-kullet) til 2013–14 (2013-kullet), og som fullførte og bestod vidaregåande opplæring i løpet av fem (studieførebuande) / seks (yrkesfag) år, etter innvandringskategori og kjønn (pst.)

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Læreplassar og kontraktar




Figur 6.12 Delen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre med læreplass som første ønske som har fått godkjent lærekontrakt eller plass som lærekandidat, 2017–19.

Det har vore endringar i statistikken i 2019, noko som inneber at tal for 2019 ikkje er heilt samanliknbare med tal for tidlegare år
Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Av 19 500 søkarar (med ungdomsrett) med læreplass som førsteønske i skuleåret 2019–20, hadde

15 500 fått ein godkjend lærekontrakt per 31. desember 2019.

Delen som ikkje er i utdanning eller arbeid eller har gjennomført vidaregåande opplæring



Figur 6.13 Delen i alderen 16–25 år som verken er i utdanning eller arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring, etter innvandringskategori og kjønn, 2017–19 (pst.). Dei med ukjend utdanning er ikkje talde med
Kjelde: Statistisk sentralbyrå

I 2019 er 16 pst. av innvandrere i alderen 16–25 år verken i utdanning eller arbeid eller har fullført vidaregåande opplæring. Til samanlikning gjeld dette 8 pst. av norskfødde med innvandrarforeldre og 6 pst. av andre i same aldersgruppe.

Vaksne i grunnopplæringa

Vaksne som treng grunnskuleopplæring, har rett til slik opplæring dersom dei sjølve ønsker det, jf. opplæringslova § 4A-1. Talet på vaksne som får opplæring på grunnskulenivå, aukar. I skuleåret 2019–20 var det 13 965 vaksne som fekk grunnskuleopplæring. Det er ein auke på 368 i høve til året før. Av dei som fekk slik opplæring, var det 10 574 som fekk ordinær grunnskuleopplæring. 3 090 fekk opplæringa som spesialundervisning. Dette er litt færre enn i 2018–19. Det har vore ein jamn nedgang i delen vaksne i grunnopplæring som får spesialundervisning i dei siste åra.

Vaksne som ikkje har gjort bruk av retten til vidaregåande opplæring som ungdom, får rett til vidaregåande opplæring som vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. Opplæringa skal vere tilpassa behova og livssituasjonen til den einskilde. Vaksne som ønsker å gjennomføre vidaregåande opplæring, kan søke om ordinært inntak og konkurrere om plassane med søkarane med ungdomsrett, eller dei kan søke om individuelt opptak basert på realkompetanse. Med dette alternativet blir undervisninga ofte komprimert og/eller avkorta. Vaksne kan òg søke vidaregåande opplæring gjennom private tilbydarar av opplæring, til

dømes studieforbund, men det meste av opplæringa skjer i dei vidaregåande skulane. Dei fleste vaksne får opplæring gjennom vaksneopplærings-tilbod og er ikkje ein del av den generelle søkar- og elevstatistikken for vidaregåande opplæring.

Samla deltok 32 352 vaksne i vidaregåande opplæring i 2019. Dette er nesten 4 500 fleire enn året før.

Skulefritidsordninga

Kommunar må ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.–4. trinn og for barn med særskilde behov på 5.–7. trinn. I skuleåret 2019–20 gjekk 156 597 barn i skulefritidsordninga (SFO). 1 916 av desse var elevar på 5.–7. trinn. Delen barn på 1.–4. trinn som gjekk i SFO, var på 62 pst., ein auke frå 55 pst. i 2002. Tabell 6.6 viser at deltaking i SFO varierer mykje mellom dei ulike klassetrinna og er høgast blant dei yngste barna.

Kommunen kan krevje kostnadene til SFO dekte gjennom foreldrebetaling, og kommunen kunne til og med skuleåret 2019–20 sjølv velje om han ønsker å dekke kostnader for heile eller delar av tilbodet. Dette bidreg til at det er stor variasjon i foreldrebetaling i SFO mellom kommunar. Nokre kommunar valde å tilby inntektsgraderte satsar, friplassar og søskenmoderasjon i SFO. Frå hausten 2020 blir det innført ei nasjonal ordning med redusert foreldrebetaling i SFO for barn frå låginntektsfamiliar på 1.–2. trinn og gratis SFO for barn med behov for særskilt tilrettelegging på 5.–7. trinn.

Tabell 6.6 Deltaking og foreldrebetaling i skulefritidsordninga (SFO)

Skuleår	2013–14	2014–15	2015–16	2016–17	2017–18	2018–19	2019–20
Tal på barn i SFO	157 370	158 139	159 633	160 994	160 571	158 318	156 597
Del av barna i SFO med fulltidsplass (20 timar) (pst.)	57	57	57	56	57	56	57
Dekningsgrad 1.–4. trinn (pst.)	63	63	62	62	62	61	62
Dekningsgrad 1. trinn (pst.)	80	80	80	81	82	82	82
Dekningsgrad 2. trinn (pst.)	76	75	75	74	76	76	76
Dekningsgrad 3. trinn (pst.)	62	61	60	59	58	59	59
Dekningsgrad 4. trinn (pst.)	35	34	33	32	31	30	31
Gjennomsnittleg månadleg foreldrebetaling for ein elev med fulltidsplass i SFO (i kroner)	2 191	2 256	2 335	2 408	2 420	2 470	2 501
Del av SFO-ar som tilbyr inntektsgraderte satsar (pst.)	14	14	14	20	19	25	27
Del av SFO-ar som tilbyr friplassar (pst.)	18	16	15	17	22	26	28
Del av SFO-ar som tilbyr søskenmoderasjon (pst.)	64	65	66	65	66	67	68

Kjelde: GSI (Utdanningsdirektoratet)

Leksehjelp

Alle elevar i grunnskulen har rett til åtte veketimar med gratis leksehjelp etter skuletid. Kommunane har ansvaret for tilbodet, og det kan organiserast slik det er mest formålstenleg ut frå lokale

tilhøve. Tilbodet skal vere gratis, omfatte alle og vere frivillig for kvar einskild elev. I skuleåret 2019–20 deltok 114 313 barn på 1.–10. trinn på leksehjelp. Dette utgjer 18,0 pst. av elevane, noko som er om lag det same som året før.

7 Nøkkeltal for barnehagesektoren

Innleiing

Kapittelet gir informasjon om utviklinga i talet på barn og tilsette og om ressursbruken i barnehagesektoren. Kapittelet inneheld statistikk på integreringsfeltet som i tidlegare års budsjettproposisjonar låg i kapittelet «mål for integrering». Barnehagane blir i all hovudsak finansierte gjennom dei frie inntektene til kommunane og foreldrebetalinga. Barnehagesektoren er eit av dei største

tenesteområda i kommunane. Samla brutto driftsutgifter til barnehagar i 2019 var 54,7 mrd. kroner og utgjorde 11 pst. av driftsutgiftene i kommunane. Talgrunnlaget i kapittelet er henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB), rapportering frå barnehagane (BASIL), KOSTRA (Kommune-Stat-Rapportering), Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) og ulike undersøkingar som er gjennomførte på oppdrag frå departementet.

Barn i barnehage

Tabell 7.1 Tal på barn i barnehage, dekningsgrad og gjennomsnittleg opphaldstid, 2014–19

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Tal på barn i barnehage	286 414	283 608	282 649	281 622	278 578	275 804
Dekningsgrad 1–5 år (pst.)	90,2	90,4	91,1	91,3	91,8	92,2
Dekningsgrad 0 år (pst.)	3,6	3,7	4,0	3,9	4,0	4,2
Dekningsgrad 1 år (pst.)	68,5	69,7	71,7	72,1	73,2	74,8
Dekningsgrad 2 år (pst.)	91,3	91,6	92,3	92,9	93,2	93,6
Dekningsgrad 3 år (pst.)	95,5	95,7	95,9	96,1	96,4	96,5
Dekningsgrad 4 år (pst.)	97,0	96,9	97,2	97,3	97,3	97,1
Dekningsgrad 5 år (pst.)	97,5	97,3	97,5	97,6	97,6	97,5
Gjennomsnittleg avtala opphaldstimar per veke	44,1	44,3	44,3	44,4	44,5	44,6
Del av barn med heiltidsplass (pst.)	93,3	94,3	94,9	95,5	96,1	96,6

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå, Kunnskapsdepartementet

Ved utgangen av 2019 gjekk 275 804 barn i ordinær barnehage eller familiebarnehage. Dette er ein nedgang i talet på barn i barnehage frå 2018 og kjem av ein nedgang i talet på barn i alderen 1–5 år i befolkninga. I tillegg hadde 116 opne barnehagar kapasitet til å ta imot om lag 3 350 barn i 2019. Barn under 3 år utgjorde 36 pst. av alle barn i barnehage.

I 2019 hadde 96,6 pst. av barna heiltidsplass i barnehagen, mot 69,6 pst. i 2005, det vil seie avtala opphaldstid på 41 timar i veka eller meir. Gjennomsnittleg avtala opphaldstid for barn i barnehage har i same periode auka frå 39 til 44,6 timar per veke. Dekningsgraden i 2019 for barn i alderen 1–5 år var 92,1 pst. mot 76,2 pst. i 2005. Dekningsgraden har vore stabil for dei eldre barna dei siste åra, og har auka for dei yngste barna.

Tabell 7.2 Tal på barn i barnehage etter eigarforhold, offentlig og privat, 2006–19


	2006	2010	2014	2019
Offentlege	127 252	147 180	147 726	138 822
– kommunale	122 783	146 051	147 493	138 122
– fylkeskommunale/statlege	4 469	1 129	233	700
Private	107 696	129 959	138 688	136 982
– kyrkjelyd/trussamfunn	8 267	7 723	7 579	6 724
– foreldreeigde	35 749	33 083	30 930	29 857
– kvinne- og familieforbund / sanitetsforeining	1 388	1 151	714	695
– bedrift	18 309	30 724	43 070	3 011
– pedagogisk/ideologisk org.	4 324	8 048	7 826	4 368
– einskildpersonar	20 103	18 183	15 120	8 643
– konsern/aksjeselskap	–	–	–	71 815
– stiftelse	–	–	–	9 167
– studentsamskipnad	–	–	2 221	2 702
– andre	19 556	31 047	31 228	–
I alt	234 948	277 139	286 414	275 804

Barn som går i opne barnehagar, er ikkje med i tabellen, medan barn i familiebarnehagar er inkluderte i tabellen. I 2019 gjekk 40 barn i offentlege familiebarnehagar, og 3 420 barn gjekk i private familiebarnehagar. Rapporteringa blei noko endra for private barnehagar i løpet av perioden. Mellom anna er dette forklaringa på den store nedgangen i talet på bedriftsbarnehagar frå 2014 til 2018 og auken i talet på konsern/aksjeselskap og stiftelse i 2018. Kategorien «kvinne- og familieforbund / sanitetsforeining» heitte før 2016 «husmorlag/sanitetsforeining».

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå

Minoritetsspråklege barn er definerte ved at både barnet og dei føresette til barnet har eit anna morsmål enn norsk, samisk, svensk, dansk eller engelsk. 84 pst. av minoritetsspråklege barn i alderen 1–5 år gjekk i barnehage i 2019. Prosentdelen av barn som går i barnehage, aukar med alderen til barna. For minoritetsspråklege barn er forskjellen mellom ulike aldersgrupper større enn for andre barn. For 3-, 4- og 5-åringar er delen

minoritetsspråklege barn som går i barnehage, nesten like høg som for andre barn, medan for 1–2-åringar er denne delen mykje lågare enn for andre barn, særleg for eittåringane. Minoritetsspråklege barn startar altså seinare i barnehage og har dermed i gjennomsnitt gått færre år i barnehage før dei begynner på skulen, sjølv om det store fleirtalet av minoritetsspråklege barn har gått i barnehage før skulestart.




Figur 7.1 Delen barn i barnehage blant minoritetspråklege barn og andre barn, 2017–19 (pst.)

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Talet på barn i barnehagar har gått ned sidan 2014. Hovudtyngda av reduksjonen i barnehageplassar har vore i offentlege barnehagar. I 2019 var det ein nedgang på 1 788 barn med plassar i offentlege barnehagar frå året før, og ein nedgang på 986 plassar i private barnehagar. I 2019 hadde halvparten av barna plass i ein offentleg barnehage og halvparten i ein privat barnehage. Ved

utgangen av 2019 var det 5 730 barnehagar i Noreg, inkludert familiebarnehagar og opne barnehagar. Av desse var 2 701 kommunale, 12 fylkeskommunale eller statlege og 3 029 private barnehagar. Frå 2008 har det vore ein stabil nedgang i talet på barnehagar, og frå 2018 til 2019 har det vore ein reduksjon på 50 private og 6 kommunale barnehagar.



Figur 7.2 Tal på barn i barnehage fordelt etter barnehagestorleik, 2008–19

Kjelde: Opne barnehagar er ikkje inkluderte i talet på barnehagar. Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå

Talet på barn i små barnehagar, definerte som 25 barn eller færre, har gått ned med 15 pst. frå 2015 til 2019, medan talet for barnehagar med 51–75 barn i har gått ned med 4 pst. i same tidsrom. Talet på barn i barnehagar med 26–50 barn og med 76 barn eller fleire har vore relativt stabilt i perioden.

Personalet i barnehagen

Tabell 7.3 Personalet i barnehagen, 2014–19

	2015	2016	2017	2018	2019
Tal på tilsette	93 974	93 952	94 540	95 819	96 744
Tal på årsverk	74 647	75 031	75 534	77 101	78 055
Årsverk i grunnbemanninga	62 442	62 614	62 706	64 134	64 844
Styrarar (årsverk)	4 846	4 803	4 822	4 783	4 786
Årsverk i grunnbemanninga med barnehagelærerutdanning eller pedagogisk utdanning som tilsvare utdanningskravet til pedagogisk leiar	–	24 173	24 683	26 266	27 294
– i pst. av grunnbemanninga	–	38,6	39,4	41,0	42,1
Årsverk i grunnbemanninga med fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar	–	12 735	12 496	12 897	13 561
– i pst. av grunnbemanninga	–	20,3	19,9	20,3	20,9
Personale som gir særskild språkstimulering til minoritetsspråklege barn (årsverk i parentes)	1 330 (384)	1 299 (388)	1 398 (405)	1 347 (399)	1 200 (358)
– del som har barnehagelærerutdanning	28,8	23,4	23,5	22,8	21,2
Personale som jobbar med barn/barnegrupper som krev ekstra ressursinnsats (årsverk i parentes)	6 239 (3 676)	6 728 (3 984)	7 415 (4 358)	7 698 (4 565)	8 315 (4 945)
– del som har barnehagelærerutdanning	35,3	30,1	29,7	28,3	28,5

Grunnbemanninga er dei tilsette i barnehagen som jobbar direkte med barna. Det er stillingskategoriane pedagogisk leiar og anna grunnbemanning som utgjer grunnbemanninga.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL), Statistisk sentralbyrå

Ved utgangen av 2019 var det om lag 97 000 tilsette som utførte i overkant av 78 000 årsverk i barnehagane. Skilnaden mellom talet på tilsette og talet på årsverk viser at det er mange tilsette som jobbar deltid i den einskilde barnehagen.

Det var 64 844 årsverk i grunnbemanninga i barnehagen i 2019, som vil seie at ein jobbar direkte med barna. Om lag 42 pst. av årsverka i grunnbemanninga har barnehagelærerutdanning, medan om lag 21 pst. av årsverka i grunnbemanninga har fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar. 1 200 tilsette, eller om lag 350 årsverk, arbeider

med å gi særskild språkstimulering til minoritetsspråklege barn. Om lag 8 300 tilsette, 4 950 årsverk, arbeider med barn/barnegrupper som krev ekstra ressursinnsats.

Den nye bemanningsnorma for barnehagen tok til å gjelde frå 1. august 2018. Norma inneber at barnehagen skal ha minst 1 tilsett per 3 barn under 3 år og 1 tilsett per 6 barn over 3 år. Frå same tidspunkt blei også pedagognorma i barnehagen skjerpa, slik at barnehagen skal ha minst 1 pedagogisk leiar per 7 barn under 3 år og 1 pedagogisk leiar per 14 barn over 3 år.

Per desember 2019 var grunnbemanninga i barnehagane på nasjonalt nivå i gjennomsnitt 5,7 barn per vaksen, dersom ein korrigerer for alder og opphaldstid. Ein vaksen er målt i årsverka til pedagogiske leiarar og assistentar. Det har vore ein sterk reduksjon i talet på barn per vaksen sidan bemanningsnorma blei innført.

64 pst. av barnehagane oppfylte den skjerpa pedagognorma utan bruk av dispensasjon per desember 2019, opp frå 53 pst. i 2018. Prosentde-

len pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet har auka etter skjerpinga av pedagognorma, men han har gått noko ned sidan 2018. Totalt manglar det 3 124 årsverk for å oppfylle pedagognorma i alle barnehagar utan bruk av dispensasjon. Per desember 2019 oppfylte 60 pst. av barnehagane både bemanningsnorma og pedagognorma utan bruk av dispensasjon. 2 pst. av barnehagane oppfylte ingen av normene.


Tabell 7.4 Bemanningstettleik og pedagogtettleik, 2016–19

	2016	2017	2018	2019
Tal på barn per årsverk i grunnbemanninga, korrigererte for alder og opphaldstid (bemanningstettleik)	6,0	6,0	5,8	5,7
Del av barnehagar som oppfyller bemanningsnorma (bemanningstettleik på 6,0 eller lågare)	–	56 pst.	75 pst.	94 pst.
Del av barnehagar som oppfyller den skjerpa pedagognorma utan dispensasjon ¹	–	24 pst.	53 pst.	64 pst.
Del av pedagogiske leiarar med dispensasjon frå utdanningskravet	5,7 pst.	4,9 pst.	10,2 pst.	8,7 pst.

¹ Den skjerpa pedagognorma tok til å gjelde frå 1. august 2018.
Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)

Det har lenge vore stor skilnad mellom barnehagane i dei målbare faktorane som utgjer ramma rundt barnehagekvardagen, som talet på barn per vaksen (bemanningstettleik) og den formelle kompetansen til personalet, jf. figur 7.3 og 7.4. Til dømes har dei 10 pst. barnehagane med flest barn per pedagogisk leiar med godkjend utdanning


nær dobbelt så mange barn per pedagogisk leiar som dei 10 pst. med høgast pedagogtettleik. Det har likevel vore ein sterk reduksjon i ulikskapen mellom barnehagar når det gjeld barn per årsverk i grunnbemanninga og barn per årsverk pedagogisk leiar med godkjend utdanning i perioden 2013–19.



Figur 7.3 Ulikskap mellom barnehagar, barn per årsverk i grunnbemanninga, 2013–19

Sterkaste 10 pst. svarte til 90. persentil, medan svakaste 10 pst. svarte til 10. persentil. Grunnbemanninga er pedagogiske leiarar og assistentar. Barn er korrigert for alder og opphaldstid.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)



Figur 7.4 Ulikskap mellom barnehagar, barn per årsverk pedagogisk leiar med godkjend utdanning, 2013–19

Sterkaste 10 pst. svarte til 90. persentil, medan svakaste 10 pst. svarte til 10. persentil. Grunnbemanninga er pedagogiske leiarar og assistentar. Barn er korrigert for alder og opphaldstid.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)

Av alle tilsette i grunnbemanninga i barnehagen i 2019 var 9,8 pst. menn, totalt om lag 7 100 personar. Grunnbemanninga omfattar dei tilsette i bar-

nehagen som jobbar direkte med barna. Frå 2015 til 2019 har delen menn i grunnbemanninga hatt ein liten auke.

Tabell 7.5 Menn i barnehagane, 2014–19

	(i pst.)					
	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Del menn av tilsette i grunnbemanninga	8,7	8,8	9,0	9,2	9,5	9,8
Del mannlege pedagogiske leiarar	7,4	7,5	8,0	8,5	8,9	9,3
Del menn av tilsette i anna grunnbemanning ¹	9,4	9,6	9,6	9,7	9,9	10,1

¹ Tidlegare år har anna grunnbemanning blitt omtala som assistentar.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (BASIL)


I 2019 omfatta opptaket på barnehagelærerutdanninga 3 094 studentar, ein auke frå 2 959 i 2018. Talet på ferdig uteksaminerte barnehagelærarar gjekk opp med 219 i same tidsrom. Delen menn i

opptaket har gått noko ned sidan 2018. Samtidig har det vore ein auke i delen uteksaminerte menn dei siste åra.

Tabell 7.6 Utdanning av barnehagelærarar ved statlege og private høgskular og universitet, 2013–19

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Opptak til barnehagelærerutdanning	2 859	2 851	3 062	3 106	3 000	2 959	3 094
– del menn (i pst.)	19,2	18,6	18,2	18,9	20,0	19,6	18,7
Uteksaminerte barnehagelærarar	2 080	1 862	2 081	1 909	1 966	2 030	2 249
– del menn (i pst.)	10,8	10,8	12,9	14,2	14,0	15,4	15,7

Kjelde: Database for statistikk om høgare utdanning (DBH)




Figur 7.5 Delen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre blant dei tilsette i barnehagane, 2017–19 (pst.)

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Tilsette med innvandrarbakgrunn utgjorde i 2019 om lag 16 pst. av personalet som arbeider direkte med barna i barnehagane, og dei aller fleste av desse har sjølv innvandra. Norskfødde med innvandrarforeldre utgjorde berre 1 pst. av dei til-

sette. Dei siste tre åra har delen tilsette med innvandrarbakgrunn auka noko, frå 15 pst. i 2017 til 16 pst. i 2019. Det kjem i hovudsak av ein auke i delen kvinner med innvandrarbakgrunn.



Figur 7.6 Delen innvandrarar og norskfødde med innvandrarforeldre blant studentane i barnehagelærerutdanninga, 2017–19 (pst.)

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Prosentdelen studentar med innvandrarbakgrunn i barnehagelærerutdanninga har auka dei siste tre åra. Av nesten 8 500 studentar i 2019 utgjorde dei med innvandrarbakgrunn 15 pst., høvesvis 12 pst. som sjølv har innvandra, og 4 pst. norskfødde med innvandrarforeldre. Prosentdelen med innvandrarbakgrunn i barnehagelærerutdanninga er noko større blant mannlege studentar.

Moderasjonsordningar i barnehagen

Dei to moderasjonsordningane i barnehagen for familiar med låg inntekt blei innførte i 2015. Nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling gjer at ingen familiar må betale meir enn 6 pst. av samla skattbar inntekt for ein barnehageplass, med maksprisen som ei øvre grense. Ordninga med gratis kjernetid gjer at barn frå familiar med inntekt under ei gitt grense har rett til 20 timar gratis opphald i barnehagen i veka. Denne ordninga gjaldt først for 4- og 5-åringar, men blei frå

2016 utvida til å gjelde 3-åringar, og i 2019 blei ordninga ytterlegare utvida til å gjelde for 2-åringar. Familiar med meir enn eitt barn i barnehage har også rett til søskenmoderasjon.

Frå 1. august 2020 har barn frå familiar med inntekt under 566 100 kroner rett til gratis kjernetid i barnehagen. Departementet anslår at rundt 45 000 barn hadde rett til gratis kjernetid i barnehage i 2019. Tal frå kommunane sitt rapporteringssystem viser at 33 991 barn fekk innvilga gratis kjernetid i barnehage i 2019.

I 2019 fekk totalt 43 310 barn lågare opphaldsbetaling på grunn av låg inntekt. Det er 1 392 fleire barn enn i 2018.

Dersom ein familie har meir enn eitt barn i barnehage i same kommune, har familien rett til reduksjon i foreldrebetalinga (søskenmoderasjon). Denne ordninga gjeld uavhengig av inntekt. Reduksjonen for det andre barnet er minimum 30 pst., og for det tredje barnet og oppover er det 50 pst. reduksjon. I 2019 fekk 48 594 barn søskenmoderasjon. Det er 2 517 fleire enn i 2018.

Tabell 7.7 Moderasjonsordningar i barnehagen, 2015–19

	(i kr.)				
	2015	2016	2017	2018	2019
Inntektsgrense for gratis kjernetid	405 000	428 000	450 000	533 500	548 500
Hushald som har fått reduksjon i foreldrebetaling på grunn av låg inntekt	–	25 881	28 902	33 459	35 261
Barn som har fått lågare opphaldsbetaling på grunn av låg inntekt	24 624	33 272	35 735	41 918	43 310
Barn med rett til lågare opphaldsbetaling på grunn av låg inntekt (overslag frå 2019)	52 730	53 700	54 023	55 187	56 000
Barn som har fått innvilga gratis kjernetid på grunn av låg inntekt	9 470	18 225	20 978	26 027	33 991
Barn med rett til gratis kjernetid på grunn av låg inntekt (overslag frå 2019)	–	26 819	27 954	33 327	45 000
Barn som får søskenmoderasjon	–	44 732	47 418	46 077	48 594

Kjelde: Kunnskapsdepartementet, Utdanningsdirektoratet, Statistisk sentralbyrå

Barn med behov for særskild tilrettelegging

Barn under opplæringspliktig alder som har eit særleg behov for spesialpedagogisk hjelp, har rett til slik hjelp etter § 19 a i barnehagelova. Retten gjeld uavhengig av om barnet går i barnehage eller ikkje. Barn med behov for særskild tilrettelegging er ei samansett gruppe. Mange av desse barna har nedsett funksjonsevne, som kan omfatte fysiske funksjonshemmingar, utviklings-

hemmingar, språk- og talevanskar, åtferdsvanskar og psykiske lidningar.

Delen barn i barnehage som får spesialpedagogisk hjelp etter § 19 a i barnehagelova, har auka jamt i dei siste åra. I 2019 fekk 3,3 pst. av barna i barnehage spesialpedagogisk hjelp. 70 pst. av barna som får spesialpedagogisk hjelp, er gutar. Den spesialpedagogiske hjelpa i barnehagen heng ofte saman med utfordringar med språkutvikling og åtferdsvanskar.

Tabell 7.8 Barn i barnehage som får spesialpedagogisk hjelp, 2013–19

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Tal	7 799	7 944	8 290	8 674	8 813	9 190
Del i pst.	2,7	2,8	2,9	3,1	3,2	3,3

Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Kostnader i og finansiering av barnehagar

Barnehagesektoren består av om lag halvparten kommunale og halvparten private barnehagar. Private barnehagar får driftstilskot per heiltids-

plass berekna ut frå gjennomsnittlege ordinære driftsutgifter i tilsvarende kommunale barnehagar. Delen barnehageutgifter av dei samla brutto driftsutgiftene til kommunane har vore stabil i dei seinare åra og var i 2019 på 54,7 mrd. kroner.

Tabell 7.9 Driftsutgifter til barnehage i kommunane, 2013–19

	2015	2016	2017	2018	2019
Brutto driftsutgifter til barnehage (mill. kroner) ¹	46 012	48 008	49 865	52 308	54 676
Del av brutto driftsutgifter til barnehage (pst.)	11,8	11,7	11,5	11,5	11,4
Korrigerte brutto driftsutgifter ² per barn ³ i kommunal barnehage (kroner)	181763	191 792	200 833	215 212	227 845

Løpande prisar.

¹ Brutto driftsutgifter er driftsutgifter til kommunens eigen tenesteproduksjon og kjøp av tenester frå andre.


² Korrigerte brutto driftsutgifter er driftsutgifter til kommunane sin eigen tenesteproduksjon.

³ Korrigert for alder og opphaldstid.

Kjelde: KOSTRA (Statistisk sentralbyrå)

Det har vore ein nominell auke i dei korrigerte brutto driftsutgiftene per barn i kommunal barnehage på om lag 6 pst. frå 2018 til 2019, og den reelle auken har vore på om lag 3 pst. Større personaltettleik og fleire tilsette med relevant utdanning kan medverke til å forklare realveksten i utgifter. Figur 7.7 viser spreinga mellom kommunar i korrigerte brutto driftsutgifter per barn i kommunale barnehagar. Den grå linja viser lands-

gjennomsnittet. Som figuren viser, er det stor forskjell mellom kommunane med lågast og høgast driftsutgifter per barn, men dei fleste kommunane ligg relativt nær landsgjennomsnittet. Forskjellane mellom kommunar kan til dømes kome av geografiske skilnader, ulikt økonomisk handlingsrom eller forskjellar i prioritering av barnehagar framfor andre tenestetilbod.



Figur 7.7 Ulikskap mellom kommunar, korrigerte driftsutgifter per barn i kommunale barnehagar, 2019

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Barnehagane er delvis finansierte gjennom foreldrebetaling, men dei er hovudsakleg finansierte av det offentlege. 87,1 pst. av drifta av dei kommu-

nale barnehagane var i 2019 finansierte av det offentlege. Det har vore ein liten auke sidan 2018.

Tabell 7.10 Finansiering av kommunale barnehagar, 2013–19

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Del av driftsmidler finansierte gjennom foreldrebetaling (i pst. av totale driftsmidler)	14,1	13,8	14,2	13,7	13,5	13,4	12,9
Del av driftsmidler finansierte av det offentlige (i pst. av totale driftsmidler)	85,8	86,2	85,7	86,3	86,4	86,6	87,1

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

8 Likestilling og arbeid mot diskriminering

Kunnskapsdepartementets arbeid med likestilling og mot diskriminering er eit systematisk og langsiktig haldningsarbeid som startar i barnehagen, blir ført vidare i skulen og må ligge til grunn i fagskulane, universiteta og høgskulane og i forskninga. Målet er at alle skal ha like moglegheiter uavhengig av kjønn, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, funksjonsevne, etnisk bakgrunn og religion.

Likestilling og diskriminering i skule og barnehage

Regjeringa la i desember 2019 fram Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Målet er barnehagar og skular som gir moglegheiter for alle barn og unge – uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn, kognitive og fysiske forskjellar. Det krev inkluderande fellesskap og tidleg innsats. For meir omtale av Tett på-meldinga, sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

I Granavolden-plattformen seier regjeringa at ho vil styrke rekrutteringa av menn til barnehagane, og at ho vil fremje ein strategi for å bidra til ein meir likestilt utdannings- og arbeidsmarknad. Det er særleg relevant å vurdere tiltak som vil auke rekrutteringa av menn til grunnskule- og barnehagelærarutdanningane. I tillegg er rekruttering av menn til utdanning innanfor helse- og omsorgssektoren relevant. Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet vil i samarbeid prioritere desse innsatsområda i arbeidet med ein jamnare kjønnsbalanse innanfor utdanningsløpa, jf. del I, kap. 3 og omtale av oppmodingsvedtak nr. 800 om rekruttering av menn til barnehagane.

Hausten 2020 starta innføringa av dei nye læreplanane innanfor fornyinga av Kunnskapsløftet, jf. nærare omtale i programkategori 07.20 Grunnopplæringa. Innanfor det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring er aktuelle tema verdival, mellommenneskelege relasjonar, seksualitet, å kunne setje grenser og respektere grensene til andre, og å kunne handtere tankar, kjensler og relasjonar. Konkrete læringsmål innanfor samfunnsfag er mellom anna at elevane skal drøfte kva likeverd og likestilling har å seie for eit demokrati, og

utvikle forslag til korleis ein kan motarbeide fordommar, rasisme og diskriminering.

Seksualitetsopplæringa er ein del av det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring. Seksualitet er tema i samfunnsfag, naturfag, kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE) og kroppsoving, med ulike innfallsvinklar. I samfunnsfag er til dømes seksuell orientering, grensesetjing og seksuelle overgrep sentralt. Naturfag fokuserer på reproduktiv helse, kroppen sine forandringar i puberteten og korleis puberteten kan påverke kjensler. Faget KRLE tek opp mellom anna seksual-etikk i ulike religionar, og i kroppsoving skal elevane reflektere over kroppsidentitet og sjølvbilete.

I 2018 la regjeringa fram *Et samfunn for alle. Regjeringens strategi for likestilling av mennesker med funksjonsnedsettelse for perioden 2020–2030*. Strategien kviler på fire pilarar:

- Utvikle både universelle løysingar og særskilde tiltak
- Jobbe for sjølvbestemming, medverking, deltaking og inkludering
- Betre samordning på alle nivå
- Fire innsatsområde: utdanning, arbeid, helse og omsorg og kultur og fritid

For å følge opp strategien la regjeringa i 2019 fram ein handlingsplan for likestilling av personar med funksjonsnedsetting. Handlingsplanen omfattar 85 tiltak frå åtte departement. Handlingsplanen følger opp FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) og tilrådingane CRPD-komiteen ga våren 2019. Handlingsplanen er dynamisk, og nye tiltak som fremja likestilling og deltaking, vil bli inkluderte i handlingsplanperioden.

Regjeringa la i mai 2020 fram eit forslag til ny språklov, jf. Prop. 108 L (2019–2020). Formålet med lova er å gi norsk språk lovfesta status og sterkare vern. Lova definerer også status for samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk. Det følger av forslaget til ny lov at formålet med lova også er å sikre at offentlege myndigheiter tek ansvar for å verne og fremje norsk teiknspråk. Lova slår fast at norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg, og at

det som språkleg og kulturelt uttrykk er likeverdige med norsk.

Det følger av opplæringslova at elevar som har teiknspråk som førstespråk, eller som etter sakkunnig vurdering har behov for slik opplæring, har rett til opplæring i og på teiknspråk. Opplæringslovutvalget foreslår i NOU 2019: 23 *Ny opplæringslov* å vidareføre retten til opplæring i og på norsk teiknspråk, med mellom anna større fleksibilitet i bruk av læreplanar utarbeidd for elevar med teiknspråk for dei som har rett til slik opplæring. Kunnskapsdepartementet vil på bakgrunn av NOU 2019: 23 sende forslag til ny opplæringslov på høyring våren 2021.

Det er opna for forsøk med norsk teiknspråk som valfag på ungdomstrinnet. Det er også løyvd midlar til utvikling av norsk teiknspråk som masterfag i grunnskulelærarutdanninga for trinn 1–7 og trinn 5–10 og til utvikling av eit emne i praktisk-pedagogisk utdanning i teiknspråkdiraktikk.

Likestilling og diskriminering i høgare utdanning

Kjønnspoeng

Søkarar til høgare utdanning kan få tilleggspoeng ved opptak til visse studium der det er sterk ubalanse mellom kjønna. Institusjonane kan berre søke om å bruke kjønnspoeng i ein avgrensa periode, og dei må gjere greie for at andre tiltak for betre kjønnsbalanse ikkje har gitt resultat. Universitets- og høgskulelovutvalet la i 2020 fram NOU 2020: 3 *Ny lov om universiteter og høyskoler*, der dei utalar at kjønnspoeng kan vere i strid med EØS-regelverket. Departementet vil i løpet av hausten 2020 sjå nærare på tilleggspoeng til det underrepresenterte kjønn i samband med den årlege revisjonen av opptaksforskrifta.

Menn får tilleggspoeng ved veterinær- og dyrepleiestudiet ved NMBU, i sjukepleie ved Lovisenberg diakonale høgskule og Universitetet i Agder, i barnevern ved OsloMet og i førstegongsvitnemålskvoten på psykologi (profesjon) ved NTNU og universiteta i Oslo og Bergen. Kvinner får tilleggspoeng ved bachelorstudium i fleire av teknologi- og ingeniørfaga, landbruksstudium ved Høgskolen i Innlandet, visse bachelorstudium i maritime fag og visse femårige integrerte masterprogram i teknologi- og ingeniørfag ved NTNU.

Departementet tok våren 2020 imot ei evaluering av regelverket for rangering av søkarar til universitet og høgskular, som er sendt på høyring. Regjeringa vil setje ned eit offentleg utval som skal sjå på systemet for opptak til høgare utdanning, som mellom anna vil kunne påverke bruk av kjønnspoeng.

Kvinner i høgare utdanning og forskning

32 pst. av årsverka i dosent- og professorstillingar var utførte av kvinner i 2019. Samla for stillingar som krev doktorgrad eller tilsvarende kompetanse, var talet 43 pst. Desse tala har auka med om lag 1 prosentening årleg over lang tid.

Likestillingssituasjonen innanfor kunnskaps- og integreringssektoren som følge av covid-19-pandemien

Koronakrisa har sett preg på heile samfunnet. Pandemien og tiltaka for å minimere smitte og halde opp aktivitet i næringslivet og samfunnet kan få ulike konsekvensar for ulike personar avhengig av kjønn, alder, etnisitet, religion og livssyn, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

Som offentleg myndigheit er departementa forplikta til å vurdere likestillingskonsekvensar i alt sitt arbeid, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 24 første ledd. Stortinget har i vedtak nr. 537 (2019–2020) bede regjeringa kartlegge effekten av covid-19-pandemien på likestillingsfeltet og kome tilbake til Stortinget med resultat og funn. Kunnskapsdepartementet vil i det følgjande gi ei overordna oversikt over likestillingsmessige konsekvensar av covid-19-pandemien så langt i 2020 innanfor kunnskaps- og integreringssektoren.

Nyhetsartiklar i mellom anna det vitenskaplege tidsskriftet *Nature* og på nettstaden *Inside Higher Ed* stiller spørsmålet om tiltaka mot covid-19 har ramma kvinnelege akademikarar ekstra hardt.^{1,2} Artikkelen i *Nature* viser til førebelse resultat frå fleire studiar i USA, Canada og Storbritannia som har funnet teikn til at covid-19-pandemien fører til kjønnsforskjellar. Kvinnelege forskarar har sendt inn færre artiklar til vitenskaplege tidsskrift i denne perioden enn under normale omstende, medan dette ikkje er tilfelle for menn. Færre kvinner er involvert i nye forskingsprosjekt som er satt i gang etter at pandemien starta. *Nature*-artikkelen blei publisert allereie 28. mai, og nedgangen hadde ikkje vore stor, men nokre av studia fann at han var særleg merkbar blant yngre kvinnelege forskarar. Ei mogleg forklaring på kjønnsforskjellane som artikkelen gir, er at kvinnelege forskarar i større grad enn deira menn bruker tid på å passe

¹ Are women publishing less during the pandemic? Here's what the data say. Nyhetsartikkel i *Nature*, mai 2020, vol. 581, side 365–366.

² No Room of One's Own. *Inside Higher Ed.*, april 2020.

eigne barn. Artikkelen hos Inside Higher Ed viser mykje av det same.

I Noreg har mellom anna mellombels tilsette i stipendiat- og postdoktorstillingar måtte sjonglera eget arbeid med heimeskule og barnehage. Det har påverka framdrifta i deira kvalifiseringsarbeid. Med heimel i tilsettingsforskrifta har desse tilsette høve til å få forlenga tilsettinga. Regjeringa har bidratt med 40 mill. kroner ekstra for å sikre at stipendiatar og postdoktorar i sluttfasen av prosjekt finansiert av EU og andre private aktørar også kan få forlenging.

Stenginga av norske skular 12. mars hadde også konsekvensar for likestilling i hushalda. FAFO gjorde ei undersøking³ i april 2020 som viste at kvinner tok større ansvar enn menn for å følge opp barn med skulearbeid heime, også der begge foreldra jobba heimanfrå.

Ein studie gjennomført av NOVA blant ungdom i Oslo, viser at det dels er forskjellar mellom kjønna på korleis gutar og jenter opplevde og handterte covid-19-pandemien. Ifølge undersøkinga opplevde jenter i større grad enn gutane personleg modning og vekst under pandemien. Når det gjeld vurderinga av korleis skuleundervisninga fungerte, er det ikkje så store skilnader mellom jenter og gutar.

Departementet vil levere ei fullstendig likestillingsutgreiing i tråd med likestillings- og diskrimineringslova § 24 andre ledd i Prop. 1 S for 2022. Departementet vil der gi ei oversikt over aktivitetane i 2020.

Arbeid mot rasisme, antisemittisme og hatytringar

Integreringspolitikken medverkar til å auke likestillinga mellom innvandrarak og majoritetsbefolkninga og bygge ned barrierar for deltaking på like vilkår.

Rammeplanen for barnehagen seier mellom anna at barnehagen skal motverke diskriminering, fordommar, stereotypiar og rasisme. Barnehagen skal medverke til at kulturelt mangfald blir til glede for heile barngruppa. Barnehagen skal synleggjere eit mangfald av familieformer og sørge for at alle barn får spegla familien sin i barnehagen.

Demokratisk beredskap mot rasisme og antisemittisme og udemokratiske haldningar (Dembra) er eit kurstilbod som gir kompetanseutvik-

ling for lærarstudentar, lærarar, skuleleiarar og andre tilsette i skulen. Fram til 2020 dekte Dembra ungdomsskule og vidaregåande skule. Frå og med 2020 er også barnetrinnet inkludert i satsinga med 3 mill. kroner årleg. I 2020 er det løyvd 2 mill. kroner til vidareføring av forskingsbaserte pedagogiske ressursar om gruppebaserte fordommar (Dembra LU). Desse læringsressursane skal brukast i lærarutdanningane, i etterutdanningane og til skulebasert kompetanseheving. Læringsressursane som blir utvikla, skal dekke områda hatefulle ytringar, antisemittisme, rasisme, diskriminering av minoritetar og udemokratiske haldningar. Dembra er eit varig tiltak som engasjerer dei nasjonale freds- og menneskerettssentera i arbeidet. Det er no etablert regionale knutepunkt for Dembra-arbeidet over heile landet, jf. dembra.no for meir informasjon om tilbodet. I 2021 vil Dembra-materiell på nordsamisk vere ferdigstilt. Sjå omtale av forslag til løyving til Dembra for 2021 under kap. 226, post 21.

22. juli-senteret spelar òg ei viktig rolle i arbeidet mot hat, vald og ekstremisme. Senteret formidlar kunnskap om terrorangrepet i Regjeringskvartalet og på Utøya 22. juli 2011 og om oppfølginga i tida etter. Sjå omtale under kap. 251, post 01.

Regjeringa lanserte ein handlingsplan mot diskriminering av og hat mot muslimar i september 2020. Eit tiltak i handlingsplanen er at arbeidet mot rasisme og diskriminering, og for mangfald i lokalsamfunn, skal vektleggast gjennom tilskot til lokale innvandrarakorganisasjonar og frivillig verksemd i lokalsamfunn. Eit anna tiltak er at det skal iverksettast forskingsoppdrag om samanhengar mellom opplevd diskriminering mot muslimar, deira deltaking på ulike samfunnsarenaer og opplevd tilhøyrslø.

Handlingsplan mot antisemittisme 2016–2020 går ut ved årsskiftet 2020–21. Regjeringa skal etter planen lansere ein revidert handlingsplan mot antisemittisme i 2021.

Likestilling i Kunnskapsdepartementet

Etter likestillings- og diskrimineringslova § 26 er alle arbeidsgivarar pålagde å arbeide aktivt og målretta for å fremje likestilling og hindre diskriminering (aktivitets- og meldeplikta).

Kunnskapsdepartementet skal i Prop. 1 S gjere greie for tilstanden. Aktivitets- og meldeplikta gjeld òg for verksemdar og institusjonar under Kunnskapsdepartementet. For rapporteringa frå kvar einskild verksemd blir det vist til årsrapportane til verksemdene.

³ Nergaard, Kristine. Undersøkelse om hjemmekontor og bruk av digitale løsninger. FAFO, april 2020. Kvinner, unge og innvandrarak var meir utsette for å miste jobben enn befolkninga elles.

Tabell 8.1 Tilstandsrapport om kjønnsbalanse og lønn i Kunnskapsdepartementet

	År	Kjønn		Totalt (N)	Kvinnerns lønn i pst. av menns
		Menn (pst.)	Kvinner (pst.)		
<i>Toppleiing, ikkje omfatta av Hovudtariffavtalen i staten</i>					
Departementsråd, ekspedisjonssjef, kommunikasjonssjef	2019	55,6	44,4	9	91,7
	2018	55,6	44,4	9	90,8
Tilsette i Kunnskapsdepartementet omfatta av Hovudtariffavtalen i staten, totalt	2019	33,9	66,1	327	94,5
	2018	33,7	66,3	326	91,6
<i>Mellomleiarar</i>					
Avdelingsdirektør, direktør (2018)	2019	52,8	47,2	36	99,5
	2018	57,5	42,5	40	101,9
<i>Saksbehandling</i>					
Fagdirektør, underdirektør, spesialrådgivar, prosjektleiar	2019	29,6	70,4	27	90,4
	2018	41,7	58,3	24	100,7
Seniorrådgivar	2019	32,7	67,3	196	98,4
	2018	30,6	69,4	196	99,4
Rådgivar	2019	32,6	67,4	46	101,5
	2018	37,8	62,2	45	101,1
Førstekonsulent	2019	50,0	50,0	8	106,4
	2018	0,0	100,0	7	–
<i>Administrativt personale</i>					
Seniorrådgivar, konsulent (2019)	2019	7,1	92,9	14	145,4
	2018	0,0	100,0	14	–

Kjelde: Uttrekk frå SAP per 31. desember 2018 og per 31. desember 2019

Tabell 8.1 gir ei oversikt over kjønnsbalansen i Kunnskapsdepartementet totalt og for dei ulike stillingskategoriane i departementet. Det er fleire kvinner enn menn blant dei tilsette i Kunnskapsdepartementet, høvesvis 66 pst. og 34 pst. Desse tala har vore stabile dei siste åra.

I gjennomsnitt tente kvinner 94 pst. av det menn tente i Kunnskapsdepartementet i 2019,

som er ei forbetring frå 92 pst. i 2018. Det er berre i stillingskategoriane rådgivarar, førstekonsulentar og administrativt personale at kvinner tener meir enn menn, i dei andre stillingskategoriane tener menn i gjennomsnitt meir enn kvinner.

I 2019 var det 3 lærlingar i Kunnskapsdepartementet, og alle dei var kvinner.

Planlagde og iverksette tiltak innanfor diskrimineringsgrunnlag kjøn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonshemming, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk

Som arbeidsgivar er Kunnskapsdepartementet pliktig til å arbeide for å betre kjønnslikestillinga og for større mangfald på arbeidsplassen. Det er personalpolitiske mål for Kunnskapsdepartementet å oppnå ei balansert alders- og kjønnsaman- setjing, å rekruttere personar med innvandrarbakgrunn og å legge til rette for personar med nedsett funksjonsevne og høl i CV-en. Departementet skal arbeide systematisk med å gjennomføre inkluderingsdugnaden til regjeringa.

Kunnskapsdepartementet bruker ulike verk- tøy i rekrutteringsprosessar for å sikre likebe- handling av søkarar uavhengig av kjøn, etnisk bakgrunn og funksjonsevne. I tillegg arbeider

departementet aktivt for at talet på nytilsette med innvandrarbakgrunn, nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en skal auke. Personal- og leiarhandboka gjer greie for at minst éin av kandidatane med inn- vandrarbakgrunn, nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en skal kallast inn til intervju dersom dei er kvalifiserte for stillinga. Departementet bruker positiv særbehandling og kan tilsetje kandidatar frå desse kategoriane på det vilkåret at dei er til- nærma like godt kvalifiserte som den best kvalifi- serte søkaren. Desse rutineane aukar sjansane for at kandidatar med innvandrarbakgrunn og kandi- datar med nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en blir tilsette. Svært få kandidatar kryssar av for nedsett funksjonsevne, og departementet har førebels ikkje tilsett nokon frå denne gruppa. Kunnskapsdepartementet deltek elles i trai- neeprogrammet i staten for personar med nedsett funksjonsevne og høgare utdanning.

Likestilling i verksemder under Kunnskapsdepartementet

Tabell 8.2 Delen menn og kvinner i ordinære forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet (2019)

Verksemd	Tilsette	Del menn (pst.)	Del kvinner (pst.)	Kvinneres lønn i pst. av menns
Utdanningsdirektoratet	358	38,0	62,0	96,1
Dei samiske vidaregåande skulane, Karasjok og Kautokeino	116	33,6	66,4	100,9
Sørsamisk kunnskapspark (tidlegare Sameskulen for Midt-Noreg)	20	25,0	75,0	84,8
Statleg spesialpedagogisk støttesystem (Statped)	722	23,3	76,7	100,5
Noregs grønne fagskule – Veia	36	33,3	66,7	98,5
Sekretariatet for Foreldreutvalet for grunnopplæringa og Foreldreutvalet for barnehagane	11	18,2	81,8	116,3
Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT)	144	31,3	68,7	92,1
Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI)	75	48,0	52,0	87,8
Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling (Diku)	129	29,5	70,5	89,5
Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning (Unit)	199	54,8	45,2	95,7
Statens lånekasse for utdanning	323	43,0	57,0	97,4
Dei nasjonale forskingsetiske komiteane (FEK)	12	25,0	75,0	75,9
Kompetanse Noreg	153	23,5	76,5	98,5
Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)	226	37,2	62,8	93,1
22. juli-senteret	10	20,0	80,0	99,3

Kjelde: Tabell 1B Tilsette etter departementsområde inkludert etatar. Talmaterialet baserer seg på lønnsopplysningar som blir innhenta frå a-ordninga. Talmaterialet frå a-ordninga blei overført frå SSB til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, som utarbeider talgrunnlag/statistikkrapportar for tilsette i staten (tariffområdet) 1. oktober 2019. Medarbeidarar med leiarlønn, leiarlønnsavtale, timelønnte, honorarlønnte er ikkje med.

I 12 av 15 forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet tener menn meir enn kvinner. Forskjellen er størst hos Dei nasjonale forskingse-

tiske komiteane (FEK) (76 pst.), Sørsamisk kunnskapspark (85 pst.), NUPI (88 pst.) og Diku (89 pst.)

9 Oppfølging av FNs berekraftsmål 4

FN si generalforsamling vedtok 25. september 2015 resolusjonen *Transforming our world: The 2030 Agenda for Sustainable Development*. Alle FN sine medlemsland er forplikta til å følge opp dei 17 berekraftsmåla i agendaen. I Noreg har Kunnskapsdepartementet eit koordineringsansvar for berekraftsmål 4:

«Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle.»

Målet har 7 delmål og 3 gjennomføringsmål som dekker alle utdanningsnivå. Noreg var i 2020 kome langt i å nå dei fleste delmåla under berekraftsmål 4 samanlikna med andre land innanfor og utanfor Organisation for Economic Cooperation and Development (OECD). Noreg var òg nærare å nå utdanningsmålet i 2019 enn i 2017 ifølge OECD-rapporten *Measuring Distance to the SDG Targets*. Likevel er det framleis utfordringar – også i Noreg.

Regjeringa vil i den nasjonale oppfølginga legge særleg vekt på tidleg innsats i barnehage og grunnopplæring og å betre gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Ungdom som ikkje er i arbeid eller går på skule, vil få særskild merksemd. Det er også ei utfordring at for få fullfører høgare utdanning.

Kunnskapsdepartementet vil samarbeide med Utanriksdepartementet om Noreg si oppfølging av berekraftsmål 4 i internasjonale organisasjonar. Som ein del av oppfølginga kan det nemnast at UNESCO i 2019 vedtok global konvensjon for godkjenning av høgare utdanning, som Noreg har vore ein sentral pådrivar for. Konvensjonen vil vere eit viktig verkemiddel for tilrettelegging mot auka mobilitet av studentar og arbeidssøkande på tvers av kontinent.

Nedanfor følger ein kort gjennomgang av status og viktige tiltak i nasjonal oppfølging av dei ulike delmåla og gjennomføringsmåla under berekraftsmål 4.

Delmål 4.1

«Innan 2030 sikre at alle jenter og gutar fullfører gratis og likeverdig grunnskule og vidaregåande opplæring av høg kvalitet som kan gi dei relevant og reelt læringsutbyte.»

Så å seie 100 pst. av alle barn i Noreg fullfører 10-årig obligatorisk grunnskule, og 98 pst. gjekk direkte til vidaregåande opplæring i 2019.

Resultata frå undersøkinga Programme for International Student Assessment (PISA) frå 2018, der om lag 6 000 norske elevar deltok, viser at dei norske elevane i snitt har ein tilbakegang i lesing og naturfag samanlikna med PISA 2015. Matematikkresultata er uendra. Norske elevar ligg framleis på eller over OECD-snittet i alle dei tre fagområda. For første gong presterer norske jenter signifikant betre enn gutane i alle dei tre fagområda. Det er særleg for lesing at kjønnsforskjellane er store. Fleire elevar enn tidlegare seier at dei ikkje bruker tid på å lese i fritida. Samtidig aukar tida dei bruker på å lese på skjerm. Det er ein større del enn i PISA 2009 som seier at dei ikkje les i det heile, eller at dei berre les dersom dei må. I Noreg er det mindre samanheng mellom heimebakgrunnen til elevane og skuleprestasjonane enn i dei fleste andre land, og det er også liten variasjon mellom skulane samanlikna med andre land. Dette tyder på at norsk skule i stor grad greier å gi eit likeverdig skuletilbod til elevar med ulik bakgrunn. Dei norske elevane seier at dei opplever betre arbeidsro i norsktimane i 2018 samanlikna med PISA 2009. Rapporten viser ein positiv samanheng mellom arbeidsro og prestasjonar i lesing.

Regjeringa har teke fleire initiativ for å løyse fråfallsproblematikken. Frå hausten 2019 blei det mogleg å gå rett frå det første året på studieførebuande program til det andre året på yrkesfaglege utdanningsprogram. Regjeringa har styrkt tidleg innsats i skulen med fleire lærarar, rett til intensiv opplæring for dei som heng etter, og tryggare overgang frå barnehage til skule. Regjeringa innfører ny tilbudsstruktur i fag- og yrkesopplæringa frå og med skuleåret 2020–21. Fleire elevar skal få

spesialisering frå dei startar i vidaregåande opplæring. Læreplanane er blitt endra slik at dei er meir relevante og gir betre moglegheit for fordjuping. Frå skuleåret 2016–17 blei det innført ei fráværsgrense i vidaregåande skule. Målet var å motivere elevane til jamn innsats og hindre ugrunna frávær. Sidan grensa blei innført, har fráværet på skulen gått ned med 27 pst. Nedgangen gjeld alle elevgruppene. Gruppene som hadde høgst frávær frå før, er dei som har den største reduksjonen. Sjølv om fleire elevar møter i skulen, er det for tidleg å slå fast om denne utviklinga også har bidratt til auka gjennomføring.

Delmål 4.2

«Innan 2030 sikre alle jenter og gutar tilgang til god og tidleg omsorg og førskule, slik at dei er førebudde på å begynne i grunnskulen.»

I 2019 gjekk 92,2 pst. av 1–5-åringane i barnehage mot 91,8 i 2018. I 2019 gjekk 97,5 pst. av 5-åringane i barnehage mot 97,6 pst. i 2018.

Ei nasjonal moderasjonsordning sikrar at ingen familiar skal betale meir enn 6 pst. av inntekta si for ein barnehageplass, avgrensa av ein nasjonalt fastsett maksimalpris for foreldrebetaling. I tillegg får barn i alderen 2–5 år frå låginntektsfamiliar 20 timar gratis barnehagetilbod per veke, og inntektsgrensa var frå 1. august 2020 på 566 100 kroner.

Sjå programkategori 07.30 Barnehagar for nærare omtale.

Delmål 4.3

«Innan 2030 sikre kvinner og menn lik tilgang til god teknisk og yrkesfagleg opplæring og høgare utdanning, medrekna universitetsutdanning, til ein overkomeleg pris.»

60 pst. av både menn og kvinner i aldersgruppa 25–64 år deltok i 2017 i formell utdanning eller ikkje-formell opplæring. Det er høvesvis 1 og 2 prosentpoeng lågare enn i 2012 for menn og kvinner. 35,8 pst. av 19–24-åringane var i høgare utdanning i 2019, og det er 0,5 prosentpoeng høgare enn i 2018. Delen kvinner i same aldersgruppe som var studentar i 2019, var 43,5 pst., og delen menn var 28,5 pst. i 2019. Kvinner utgjorde 59,8 pst. av alle studentane i høgare utdanning i 2019. Prosentdelen menn har hatt ein svak auke dei siste 10 åra. Over 40 pst. av fagskulestudentane følger utdanningstilbod innanfor tekniske fag. I 2019 var meir enn 90 pst. av studentane i tekniske

fag menn, medan nær 90 pst. av studentane i helsefaga var kvinner.

Høgare utdanning er gratis, og det finst gode økonomiske støtteordningar. Innanfor høgare yrkesfagleg utdanning er utdanninga til over 70 pst. av studentane delvis eller fullstendig finansiert med offentlege midlar. Seks av ti fagskulestudentar følger deltidsutdanningar, noko som gjer det enklare å stå i jobb under utdanninga.

Delmål 4.4

«Innan 2030 oppnå ein stor auke i talet på unge og vaksne med kompetanse, mellom anna i tekniske fag og yrkesfag, som er relevant for sysselsetjing, anstendig arbeid og entreprenørskap.»

For å oppnå ein stor auke i talet på unge og vaksne i Noreg med kompetanse som er relevant for sysselsetjing, er det avgjerande at fleire gjennomfører utdanninga. Ei av hovudutfordringane er å styrke gjennomføringa i vidaregåande opplæring. Til forskjell frå studieførebuande utdanningsprogram, har yrkesfag lengre normert tid enn tre år. Frå 2020 er det derfor gjort ei endring i statistikken. Det vanlegaste for yrkesfag er fire års normert tid, to år i skule og to år i lære. Nokre programområde har ei varigheit på fire og eit halv år, i visse tilfelle også fem år. Endringa tek omsyn til dette og gir dermed ein mindre disfavour i statistikken for yrkesfag enn det har vore fram til no. Gjennomføringa for elevane som starta i 2013, viser at 78,1 pst. fullførte med studiekompetanse (innan fem år) eller yrkeskompetanse (innan seks år). Dette er ein liten auke samanlikna med 2012-elevkullet. Det er framleis stor forskjell mellom kjønna når det gjeld delen som har fullført etter 5 eller 6 år. Eit av måla i den politiske plattformen til regjeringa frå januar 2019 er at innan 2030 skal 9 av 10 elevar som tek til på vidaregåande opplæring, fullføre og bestå.

Den økonomiske krisa som følge av covid-19-pandemien råkar særleg personar utan vidaregåande opplæring. Det er derfor ei hovudprioritering for regjeringa å få fleire til å fullføre vidaregåande opplæring. Våren 2020 blei det løyvd nær 850 mill. kroner til tiltak som mellom anna skal gjere det mogleg for fleire å fullføre vidaregåande opplæring og gi fleire læreplassar. Regjeringa vil halde fram denne satsinga i 2021. For nærare omtale sjå kapittel 11.

Regjeringa vil i løpet av våren 2021 legge fram ei stortingsmelding om vidaregåande opplæring. Det har vore få endringar i vidaregåande opplæring sidan Reform 94, trass i at samfunnet har

endra seg mykje. Målet er at vidaregåande opplæring skal gi alle eit godt grunnlag for å ta del arbeids- og samfunnslivet gjennom vidare utdanning og arbeid, og til å lære heile livet.

Delmål 4.5

«Innan 2030 avskaffe kjønnsforskjellar i utdanning og opplæring og sikre lik tilgang til alle nivå innanfor utdanning og yrkesfagleg opplæring for sårbare personar, deriblant personar med nedsett funksjonsevne, urfolk og barn i utsette situasjonar.»

Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO* blei lagd fram i november 2019. I meldinga følger regjeringa opp ein del forslag frå rapporten til ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskild tilrettelegging frå 2018 (Nordahl-rapporten). I meldinga følger regjeringa også opp nokre forslag frå NOU 2019: 3 *Nye sjansar – bedre læring. Kjønnsforskjellar i skoleprestasjoner og utdanningsløp* der Stoltenberg-utvalet har ei rekke forslag til tiltak mot uheldige kjønnsforskjellar i barnehagen og grunnopplæringa. Stortinget slutta seg til forslaga i meldinga våren 2020, jf. Innst. 188 S (2019–2020), og departementet er i gang med oppfølginga. For meir omtale, sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Opplærings- og utdanningssektoren er underlagd krava om universell utforming av IKT i likestillings- og diskrimineringslova. Det betyr mellom anna at skulane må ha universelt utforma nettsider, digitale læringsplattformer og digitale læremiddel innan 2021. For alle nye nettløysingar gjeld plikta allereie frå 2019.

Samane er Noregs urfolk, og Kunnskapsdepartementet har fleire tilskotsordningar som skal bidra til å utvikle samisk identitet, språk og kultur. Over kap. 222 Statlege skular og fjernundervisningstenester post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald blir det løyvd midlar til drift av Sørsamisk kunnskapspark i Hattfjelldal, Samisk vidaregåande skule i Karasjok og Samisk vidaregåande skule og reindriftsskule i Kautokeino. Midlane skal medverke til å utvikle samisk identitet, språk og kultur. Over kap. 225 Tiltak i grunnopplæringa post 63 Tilskot til samisk i grunnopplæringa blir det løyvd midlar som skal bidra med finansiering til kommunar, fylkeskommunar og frittstående skular som tilbyr samisk opplæring i samsvar med § 6-2 og § 6-3 i opplæringslova. Tilskotet skal òg bidra til at lærarar får vidareutdanning i samiske språk.

Stenginga av skulane delar av våren 2020 på grunn av covid-19-pandemien hadde særleg negative konsekvensar for sårbare barn og unge. Det blei løyvd 400 mill. kroner til oppfølging av sårbare barn og unge, jf. Prop. 117 S (2019–2020) *Tilleggbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2020*. Av dette blei 170 mill. kroner løyvde over kap. 226 Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa post 21 Særskilde driftsutgifter for å sikre at sårbare elevar skulle kunne ta igjen tapt fagleg progresjon.

Delmål 4.6

«Innan 2030 sikre at all ungdom og ein stor del vaksne, både kvinner og menn, lærer å lese, skrive og rekne.»

Den førre Programme for the International Assessment of Adult Competencies (PIAAC 2011–2012) viser at befolkninga i Noreg mellom 25 og 64 år hadde god kompetanse samanlikna med i andre land. Dei eldste (55–64 år) og yngste (16–24 år) deltakarane i PIAAC hadde lågare ferdigheiter i lesing og talforståing enn gjennomsnittet av befolkninga. Dei yngste hadde dessutan lågare ferdigheiter enn det internasjonale gjennomsnittet for same aldersgruppe. Regjeringa gjennomfører kompetansereforma *Lære heile livet* for at ingen skal gå ut på dato i arbeidslivet, og for at fleire skal kunne stå lenger i arbeid. Sjø omtale av tiltaka i kompetansereforma under programkategori 07.50 Kompetansepolitikk og livslang læring.

Delmål 4.7

«Innan 2030 sikre at alle elevar og studentar tileignar seg den kompetansen som er nødvendig for å fremje berekraftig utvikling, mellom anna gjennom utdanning for berekraftig utvikling og livsstil, menneskerettar, likestilling, fremje fred og ikkjevald, globalt borgarskap og verdsetjing av kulturelt mangfald og kulturen sitt bidrag til berekraftig utvikling.»

Frå hausten 2020 starta innføringa av nye læreplanar for grunnopplæringa innanfor Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 (LK2020). Det er 1.–9. trinn i grunnskulen og 1. trinn i vidaregåande opplæring som får nye læreplanar først. Det tverrgående temaet berekraftig utvikling gjeld følgende:

«Berekraftig utvikling som tverrfagleg tema i skulen skal legge til rette for at elevane kan forstå grunnleggjande dilemma og utviklingstrekk i

samfunnet og korleis dei kan handterast. Berekraftig utvikling handlar om å verne om livet på jorda og ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydeleggje moglegheitene framtidige generasjonar har til å dekkje sine behov. Ei berekraftig utvikling byggjer på forståinga av samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. Levesettet og ressursbruken til menneska har konsekvensar lokalt, regionalt og globalt.

Gjennom arbeid med temaet skal elevane utvikle kompetanse som gjer dei i stand til å ta ansvarlege val og handle etisk og miljøbevisst. Elevane skal få forståing for at handlingane og vala til den enkelte betyr noko. Temaet rommar problemstillingar knytt til miljø og klima, fattigdom og fordeling av ressursar, konflikstar, helse, likestilling, demografi og utdanning. Elevane skal lære om samanhengen mellom dei ulike aspekta ved berekraftig utvikling.

Teknologi har betydeleg innverknad på menneske, miljø og samfunn. Teknologisk kompetanse og kunnskap om samanhengen mellom teknologi og dei sosiale, økonomiske og miljømessige sidene ved berekraftig utvikling står derfor sentralt i dette temaet. Teknologiu utvikling kan bidra til å løyse problem, men kan òg skape nye. Kunnskap om teknologi inneber ei forståing av kva for dilemma som kan oppstå ved bruk av teknologi, og korleis desse kan handterast.»

Gjennomføringsmål 4 a

«Etablere og oppgradere utdanningstilbod som varetek omsynet til barn, personar med nedsett funksjonsevne og kjønnsforskjellar, og sikrar trygge, ikkjevaldelege, inkluderande og effektive læringsomgivnader for alle.»

Prinsippet om nulltoleranse for mobbing er nedfelt i opplæringslova. Frå hausten 2018 fekk alle fylka eigne mobbeombod. I Elevundersøkinga for skuleåret 2019–20 svarte 6 pst. av elevane at dei blir mobba to til tre gongar i månaden eller oftare, ein liten reduksjon frå 6,1 pst. året før. Det er det lågaste talet som har blitt målt sidan starten i 2007.

Dei nye reglane for skulemiljø som tok til å gjelde 1. august 2017, inkluderte ei ny handhevsordning som gir elevar og foreldre høve til enkelt å melde saker til fylkesmannen. I 2019 blei det meldt inn 1 585 slike mobbesaker. I fire av fem saker der fylkesmannen tok stilling til om aktivitetsplikta var oppfylt eller broten, fekk elevane medhald. Omfanget av saker og kompleksitet

i sakene gjer at saksbehandlingstida kan bli lang.

Ordninga med mobbeomboda blei evaluert våren 2020. Rapporten viser at skuleeigarane og barnehagesektoren er nøgde. Det same gjeld føresette og elevar som har vore i kontakt med omboda. Dei opplever å møte forståing og å få god informasjon og gode råd. Mobbeomboda er plasserte i fylkeskommunen, noko som kan medverke til ulik praktisering av mandatet. Dei manglar ein organisasjon som kan sørge for lik praksis, og mange av omboda opplever rolla si som midt mellom skulen og fylkesmannen.

For meir omtale av tiltak mot mobbing og for eit trygt og godt læringsmiljø, sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa.

Gjennomføringsmål 4 b

«Innan 2020 oppnå ein vesentleg auke, på verdsbasis, i talet på stipend som er tilgjengelege for studentar frå utviklingsland, særleg dei minst utvikla landa, små utviklingsøystatar og afrikanske land, for å gi dei tilgang til høgare utdanning, mellom anna yrkesfagleg opplæring og program for informasjons- og kommunikasjonsteknologi, teknikk, ingeniørfag og vitenskap, i utvikla land og i andre utviklingsland.»

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) har ansvaret for å administrere ordninga Partnerskapsprogram for globalt akademisk samarbeid (NORPART). NORPART støttar samarbeid mellom norske institusjonar og institusjonar i sør, og studentmobilitet skal vere eit element i programmet. Det overordna målet med programmet er å styrke kvaliteten i høgare utdanning i Noreg og dei 39 landa i Afrika, Asia og Latin-Amerika som er ein del av ordninga gjennom utdanningssamarbeid og gjensidig studentmobilitet. I 2019 er NORPART blitt styrkt til 40,3 mill. kroner. Som ledd i styrkinga av NORPART kjem regjeringa til å gjere endringar i programmet slik at det innanfor visse rammer kan dekke heil grad i Noreg for studentar frå sør. Programmet er finansiert av Kunnskapsdepartementet og Utanriksdepartementet. Sjø programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning for nærare omtale.

Gjennomføringsmål 4 c

«Innan 2030 oppnå ein vesentleg auke i talet på kvalifiserte lærarar, mellom anna gjennom internasjonalt samarbeid om lærarutdanning i

utviklingsland, særleg i dei minst utvikla landa og i små utviklingsøystatar.»

Tall frå Grunnskolen Informasjonssystem (GSI) viser at 4,2 pst. av årsverka til undervisning ikkje oppfyllte kompetansekrava for tilsetjing i skuleåret 2019–20. For nærare omtale av mellom anna framtidig behov for lærarar, sjå kap. 6 Nøkkeltal for grunnopplæringa. Statistikk frå SSB (2019-tal) viser at det i vidaregåande skule er rundt 24 pst. som ikkje har ei lærarutdanning, medan 11 pst. har anna pedagogisk utdanning. 5 pst. av alle lærarane har ikkje fullført studium på universitets- og høgskulenivå. Merk at tala for grunnskulen og vidaregåande skule bygger på ulike kjelder og derfor ikkje bør samanstillast.

Regjeringa har sett inn ei rekke tiltak for å gjere både lærarutdanningane og læraryrket meir attraktive. Strategien *Lærarutdanning 2025 – nasjonal strategi for kvalitet og samarbeid i lærarutdanningene* kom i 2017, same år som regjeringa

løfta grunnskulelærarutdanningane til masternivå. Frå 2019 gjeld kravet om mastergrad for opptak til praktisk-pedagogisk utdanning. Ved å stramme inn karakterkrava for opptak til lærarutdanningane ønsker regjeringa å rekruttere fagleg sterkare studentar med betre gjennomførings- evne. Det er sett av midlar til samarbeid om praksis av høg kvalitet og til kompetanseheving og forskning på lærarutdanning. Det blir satsa tungt på vidareutdanning, rettleiingsordningar og karrierevegar for lærarar. Regjeringa har òg gitt pengar til internasjonalisering i grunnskulelærarutdanningane. Diku forvaltar desse midlane gjennom Norwegian Partnership Programme for International Teacher Education (NOTED)-programmet, som gir støtte til utdanningssamarbeid og studentutveksling mellom lærarutdanningsinstitusjonar i Noreg og i utlandet. Sjå programkategori 07.20 Grunnopplæringa og programkategori 07.60 Høgare utdanning og forskning for nærare omtale.

10 Fornye, forenkle og forbedre

Kunnskapsdepartementet jobbar kontinuerleg med tiltak som vil forenkla, modernisere og betre gjennomføringskrafta i sektoren. I dette kapittelet presenterer vi dei mest sentrale tiltaka som er planlagde eller starta opp allereie. I tillegg er det mykje kontinuerleg arbeid og småskalatiltak i departementet og i sektoren som del av utviklinga av den ordinære verksemda.

Enklare og betre brukartenester

I kunnskapssektoren blir det tilbode eit breitt utval tenester for ein stor del av befolkninga. Mange av dei underliggende verksemdene til Kunnskapsdepartementet har i dei siste åra arbeidd for å forenkla tenestene og få ei meir effektiv saksbehandling.

I 2019 har Utdanningsdirektoratet og Kompetanse Noreg halde fram samarbeidet om å utvikle ei nasjonal digital karriererettleiingsteneste på utdanning.no. Tenesta skal bidra til å sikre eit likeverdig karriererettleiingstilbod til heile befolkninga, uavhengig av alder, bustad, utdanning eller tilknytning til arbeidsmarknaden. Tenesta vil bestå av ein nettstad med informasjon, sjølvhjelpsverktøy og e-retteiing og blir lansert hausten 2020. For nærare omtale sjå kap. 258.

I dei siste åra er Feide innført som nasjonal fellesløyising for sikker pålogging i grunnopplæringa. Ved utgangen av 2019 var Feides påloggings-teneste tilgjengeleg for 99,9 pst. av elevane i offentlege skular, med 180 mill. påloggingar. Feide blir levert av Uninett, som samarbeider med Utdanningsdirektoratet og Unit om forvaltninga av tenesta.

Utdanningsdirektoratet er i gang med innkjøp av eit nytt digitalt system for gjennomføring av prøvar og eksamenar. Systemet skal gi elevane og eksamenskandidatane ei intuitiv og brukarvennleg teneste der elevane og kandidatane kan få vist kompetansen sin på fleire måtar enn i dag. Løysinga skal bidra til at alle prøvar og eksamenar kan utviklast og gjennomførast i ei ny, felles digital løysing. Sjå meir omtale under kap. 226, post 45.

Lånekassen jobbar kontinuerleg med modernisering av søknadsbehandling og elektroniske

arbeidsflater for å forenkla systema. Talet på saker som berre blir behandla av maskinar, heldt fram med å stige i 2019. Lånekassen har langt på veg nådd dei fleste av resultatkrava for behandling av søknader, men resultatata er litt lågare enn året før. Behandlingstida for ein del av sakene som skal behandlast manuelt, var for lang. Dette kjem i hovudsak av at Lånekassen i 2019 starta med eit etterslep av saker frå 2018. Lånekassen sette i 2019 i verk ulike tiltak for å redusere behandlingstida for manuelle saker.

Fornyng, forenkling og forbedring på integreringsfeltet

I regjeringas digitaliseringsstrategi for offentlig sektor er *Ny i Noreg* vald ut som 1 av 7 livshendingar der det skal utviklast samanhengande tenester med brukaren i sentrum. Utvikling av samanhengande tenester for flyktningar og innvandrarakar skal gi ei meir brukarvennleg, effektiv og sikker forvaltning både for brukarane, for IMDi og for andre aktørar i integreringsarbeidet, mellom anna kommunane.

Den nye integreringslova er ein del av ei større integreringsreform. Eit mål med den nye lova er at fleire skal få formell kompetanse innanfor ramma av introduksjonsprogrammet som også skal bli meir differensiert, slik at deltakarane får eit program med innhald og varigheit som er tilpassa deira bakgrunn og mål.

Det blir òg utvikla standardiserte element til bruk i programmet, slik at det skal bli enklare for kommunane å tilby differensierte program av god kvalitet til alle typar deltakarar. Norskopplæringa skal styrkast, og dagens krav om å gjennomføre ei viss mengd timar norskopplæring blir foreslått erstatta med eit krav om at den einskilde skal oppnå eit visst nivå i norsk. I den nye lova blir det foreslått å innføre eit krav til forsvarlegheit. Kravet inneber at opplæringa og tenestane som kommunane gir etter lova skal vere forsvarlege, noko som skal sikre kvaliteten i tenestetilbodet.

Stortinget behandla 5. mai 2020 Riksrevisjonens undersøking av arbeidet styresmaktene gjer med å integrere flyktningar og innvandrarakar gjennom kvalifisering til arbeid, Dokument 3:4 (2019–

2020). Riksrevisjonens hovud anbefaling er at Justis- og beredskapsdepartementet (JD), Kunnskapsdepartementet (KD) og Arbeids- og sosialdepartementet (ASD) i fellesskap går gjennom det samla verkemiddelapparatet og vurderer korleis tiltak og samarbeid mellom etatar og kommunar kan betrast for å styrke arbeidet med å integrere innvandrarak gjennom kvalifisering og arbeid. KD leier ei interdepartemental arbeidsgruppe som går gjennom verkemiddelapparatet.

I samband med Stortingets behandling av Prop. 127 S (2019–2020) blei det løyvd 10 mill. kroner i 2020 til ei tilskotsordning for nettbasert norskopplæring. Tiltaket skal medverke til betre kvalitet i opplæringa og betre norskferdigheiter for deltakarar. Det gir større tilgjengelegheit til norskopplæringa og er viktig ved stor arbeidsløyse blant innvandrarak.

Deling av læringsressursar, forskning og data

I Granavolden-plattformen slår regjeringa fast at ho vil stimulere til utvikling av digitale læringsressursar og meir fleksible undervisningsopplegg. På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har Unit levert ei utgreiing om nasjonale løysingar for tilgang til læringsressursar på tvers av utdanningsinstitusjonar. Stenginga av universitet og høgskular som følge av smitteverntiltaka i mars 2020 gjorde det naudsynt med ei rask og omfattande omlegging frå campusundervisning til nettundervisning. Ei stor utfordring ved omlegginga til digital undervisning var at det ikkje fanst eit godt system for å dele læringsressursar og god praksis. Koronakrisa har òg aktualisert arbeidslivets behov for tilgang til læringsinnhald.

Kunnskapsdepartementet har derfor tildelt midlar i statsbudsjettet for 2020 til Unit for å

utvikle ei felles nasjonal løysing for lagring og deling av digitale læringsressursar. Departementet foreslår å vidareføre finansieringa i 2021, slik at Unit kan fullføre arbeidet. Løysinga vil gjere det lettare for undervisarar og studentar å finne kvalitetssikra læringsressursar uavhengig av lærestaden deira. Ved å dele og gjenbruke digitale læringsressursar vil institusjonane kunne oppnå betre kvalitet i utdanninga og spare utgifter. Løysinga skal òg bidra til å gjere innhald ope tilgjengeleg for arbeidslivet og andre aktørar utanfor universitets- og høgskulesektoren.

Unit leverte i 2020 ein rapport om framtidig deling av data om utdanning, forskning og integrering. Målet er å gjere data om kunnskapssektoren meir opne og tilgjengelege. Meir bruk av data gir eit betre avgjerdsgrunnlag, som igjen kan auke kvaliteten på tenestene og gi ei betre fordeling av ressursane. Departementet foreslår å løyve 10 mill. kroner til Unit i 2021 til eit forprosjekt som skal konkretisere tilrådingane i rapporten.

Regjeringa ønsker at alle skal ha fri tilgang til resultat av forskning. Eit viktig internasjonalt tiltak er Plan S og den internasjonale samanslutninga cOAlition S som støttar dette initiativet. Plan S blei lansert i september 2018 og har som mål å gjere all offentleg finansiert forskning ope tilgjengeleg. Deltakarane i samanslutninga, deriblant Noregs forskingsråd, vil frå og med 2021 krevje at alle fagfellevurderte vitenskaplege artikkelar som er resultat av forskning dei finansierer, skal vere fritt tilgjengelege på nettet frå publiseringstidspunktet, med ein open lisens. Grunnen er at dei ønsker at innovasjonspotensialet som ligg i forskingsresultata, skal kunne utnyttast i størst mogleg grad, også i kommersielle samanhengar.

11 Konsekvensar av covid-19-pandemien i kunnskapssektoren

11.1 Bakgrunn

Økonomisk krise og uviss utvikling

Norsk økonomi blei ramma av eit alvorleg tilbakeslag som følge av covid-19-pandemien. I Meld. St. 1 (2020–2021) *Nasjonalbudsjettet 2021* blir det gjort greie for utviklinga i norsk økonomi og konsekvensane av pandemien. Sjå også Hovudinnleiinga for ein omtale av den generelle utviklinga i kunnskapssektoren i 2020.

Covid-19-pandemien skapte ei økonomisk krise med rekordhøg arbeidsløyse i Noreg. Mange av dei ledige er komne raskt tilbake i arbeid etter at tiltaka for smittevern blei lempa på. Ein reknar likevel med at arbeidsløysa i lang tid framover vil ligge på eit høgare nivå enn ho var før krisa.

Ein analyse av 260 000 arbeidslause i slutten av mars 2020 publisert av SSB, Frischsenteret og NAV, viser at personar med låg inntekt, lite utdanning og i familiar med låg inntekt var i fleirtal av dei utan arbeid. Kvinner, unge og innvandrarakar var meir utsette for å miste jobben enn befolkninga elles. Ein firedel av dei ledige hadde ikkje fullført vidaregåande opplæring. Statistikken over heilt ledige som var registrerte hos NAV i mai 2020, viser at arbeidsløysa var klart høgast blant dei unge.

Stenging av barnehagar og utdanningsinstitusjonar

På grunn av covid-19-pandemien blei alle barnehagar og utdanningsinstitusjonar stengde frå og med 13. mars 2020. Barn og unge med behov for samansette tenester eller som kommunen på andre måtar meinte var sårbare, skulle likevel kunne gå i barnehage, skule og i skulefritidsordninga (SFO). Vidare hadde barn og unge med foreldre i kritiske samfunnsfunksjonar moglegheit til å få gå i barnehage, skule og på SFO i stengingsperioden.

Barnehagane blei opna igjen frå 20. april. Ein nasjonal smittevernrettleiar for barnehage blei første gang publisert 15. april. Innføringa av smitteverntiltaka i rettleiaren innebar at mange av bar-

nehagane mellom anna måtte ha mindre grupper og kortare opningstid.

I perioden frå og med 13. mars til 13. april blei foreldrebetaling for barnehagane og SFO stoppa. Dette gjaldt også for barn som fekk eit tilbod i stengingsperioden. Frå 14. april måtte dei som fekk eit tilbod, betale for plassen. Etter at barnehage- og SFO-tilbodet tok til igjen for alle, gjaldt ordinære reglar om foreldrebetaling.

Grunnskuletrinna 1.–4. og SFO for 1.–4. trinn blei opna igjen 27. april. Vidaregåande skule opna 27. april for elevar på Vg3 med yrkesfagleg løp i skule og yrkesfagelevar på Vg2. Frå 11. mai opna alle trinn. Nasjonale smittevernrettleiarar for skulen blei publiserte 20. april. Smitteverntiltaka innebar at dei fleste skulane mellom anna måtte ha mindre grupper enn vanleg.

I mai blei rettleiarene for barnehagar og skular oppdaterte med ein trafikklysmoell med tiltak på grønt, gult og raudt nivå. Her gjekk det fram kva smitteverntiltak som skal følgast i ulike smittesituasjonar. Det skulle gjere rettleiarene meir eigna til å gjelde over tid og dermed bidra til at situasjonen var meir føreseieleg for brukarane. Helsemyndighetene vurderte at smittesituasjonen tilsa tiltak på gult nivå.

Alle eleveksamemar i vidaregåande opplæring våren 2020 blei avlyste, slik at fylkeskommunane kunne konsentrere seg om å arrangere privatisteksamen, og for at skulane kunne konsentrere seg om å gi eit godt grunnlag for å setje standpunktarakterar. Departementet avgjorde også at fag- og sveineprøvar våren 2020 skulle gjennomførast i den grad det var praktisk mogleg. Det blei også publisert ein rettleiar om smittevern for privatisteksamen med råd og føringar til fylkeskommunar som gjennomførte eksamen for privatistar våren 2020.

Ved barnehage- og skulestart hausten 2020 skulle alle barnehagane og skulane følge smittevernrettleiarene som er laga for barnehagane og skulane. Det innebar at alle barnehagar og skular skulle planlegge smitteverntiltaka sine ut frå gult tiltaksnivå. Dei skulle i tillegg vere førebudde på raskt å kunne trappe opp til eit raudt tiltaksnivå om det skulle bli naudsynt. Regjeringa har inn-

trykk av at trafikkllysmodellen er godt motteken i barnehagesektoren og grunnopplæringssektoren, sjølv om det er einiskilde utfordringar.

På grunn av covid-19-pandemien er det mange lærlingar som er blitt permitterte. Det er stor usikkerheit om konsekvensane for lærlingar og talet på læreplassar på sikt på grunn av covid-19-pandemien.

Stenginga av barnehagar og skular hadde særleg negative konsekvensar for sårbare barn og unge. Minoritetsspråklege barn deltok i mindre grad i barnehagen og skulen kort tid etter gjenopninga, og mange elevar med vedtak om spesialundervisning eller særskild språkopplæring fekk ikkje det tilbodet dei normalt skulle hatt. Kunnskapsdepartementet vil halde fram med å hente inn data om konsekvensane stenginga hadde for barn, elevar og tilsette i opplæringsystemet.

Stenging av høgare utdanning

Som følge av at høgare utdanning blei stengd 12. mars, fekk heller ikkje mange tilsette ved institusjonane tilgang til arbeidsplassen. Mange institusjonar praktiserte smittevernreglane strengt. Fleire forskingsprosjekt blei sette på vent, eksternt finansierte prosjekt blei skalerte ned, og mange stipendiatar og postdoktorar blei forseinka.

Høgare utdanning heldt fram i stor skala digitalt. For at studentane skulle få gjennomført utdanningane sine utan forseinkingar så langt det var forsvarleg, fastsette departementet ei mellombels forskrift 19. mars som gjorde det mogleg for universitet og høgskular å gjere unntak frå forskrifter om rammeplanar. Institusjonane kunne dermed gjere nødvendige og forsvarlege tilpassingar for å sikre studieprogresjon i utdanningar med mykje praksis i helse- og velferdstenestene og i skulen.

Fagskular, høgskular og universitet blei opna delvis og gradvis i fleire omgangar frå 27. april. I starten blei studentar og tilsette i rekrutteringsstillingar som var avhengige av fysisk tilgang for å gjennomføre utdanning våren 2020, prioriterte. Deretter blei det opna for alle studentar som måtte ha fysisk tilgang for å halde fram med studieprogresjonen. Frå 15. juni blei institusjonane opna heilt for studentar, såframt dei samtidig følgde råd og anbefalingar om smittevern. Fagskular, universitet og høgskular er sjølve ansvarlege for å ha smittevernrettileiarar for eigen institusjon. I haustsemesteret 2020 har det vore prioritert å gi fysisk tilgang til dei nye studentane.

Overgang til digital undervisning

Covid-19-pandemien og fysisk stenging av grunnskular, vidaregåande skular, fagskular, universitet og høgskular delar av våren 2020 gjorde det nødvendig med ei rask og omfattande omlegging til nettundervisning. Svært mange tok i bruk verktøy som videokonferanse, nettpratløysingar og digitale læremiddel i undervisninga. Mange skular og institusjonar utvikla eit godt tilbod for elevar og studentar med til dels nye digitale verktøy. Situasjonen avdekte samtidig at ikkje alle kommunar og institusjonar var like godt rusta når det gjeld infrastruktur, utstyr og kompetanse.

Stenginga av sektoren synleggjorde både moglegheiter og utfordringar for grunnopplæringa i bruk av digitale løysingar. Dei ekstra løyvingane våren 2020 til digital undervisning vil samla gi grunnopplæringa eit digitalt løft. Dei nyvunne erfaringane med digitale verktøy under krisa kan òg kome til nytte i ein ny normalsituasjon, der verktøya kan kome til sin rett ved å utvide og forbetre læringsmiljøet og tilgangen til utdanning.

Ei stor utfordring då opplæringsinstitusjonane måtte legge om til digital undervisning under covid-19-pandemien, var at det ikkje fanst eit godt system for å dele læringsressursar og god praksis. Vi treng gode tekniske løysingar og ein sterkare delingskultur for å ta dugnadsanda frå krisa vidare. Ved å dele og gjenbruke digitale læringsressursar vil institusjonane kunne oppnå betre kvalitet i utdanninga og spare utgifter. Naudsynt infrastruktur for å få dette til i universitets- og høgskulesektoren er no under utvikling i regi av Unit. Det var òg heilt naudsynt med ekstra midlar til Unit for å styrke kapasitet og sikkerheit i IKT-løysingane i kunnskapssektoren. Unit og Uninett sette i verk ei rekke tiltak for å sikre og utvide kapasiteten i digitale undervisnings- og videotenester. Trass i den store trafikkkauken var dei digitale tenestene gjennomgåande tilgjengelege.

Den økonomiske krisa har ført til auka etterspurnad etter utdanning

Historia viser at færre avsluttar utdanning, og at etterspurnaden etter utdanning aukar under økonomiske kriser.

Behovet for utdanning vil bli større på kort sikt under den noverande krisa, men òg på lengre sikt dersom arbeidsløysa held seg på om lag same nivå som no. *Arbeidslivsbarometeret* frå april 2020 viser at arbeidstakarar som var permitterte som følge av covid-19-pandemien, hadde svekt tru på ei framtid i noverande jobb. Over halvparten av dei

spurde svarte at det ville vere aktuelt å ta meir utdanning for å få ein ny jobb dersom dei skulle miste jobben. Dei svarte òg at det ville vere meir aktuelt å ta meir utdanning enn å ta ein dårlegare lønt jobb eller å flytte på seg.

Om lag ein tredel av dei permitterte vil ha behov for vidaregåande opplæring, medan om lag halvparten vil ha behov for utdanning på fagskule- eller lågare høgskule- og universitetsnivå. Utdanningar på masternivå vil bli meir ettertrakta dersom fleire høgt utdanna blir arbeidsledige. Fleire av dei som er ferdige med ein universitets- eller høgskulegrad, vil halde fram med utdanning medan dei søker jobb.

Auken i talet på søkarar til høgare utdanning gjennom Samordna opptak var på om lag 12 000 personar frå 2019 til 2020. Det var ein tilsvarende stor auke i søkinga til dei lokale opptaka (mellom anna til masterstudium og vidareutdanningar). Studentar som elles ville studert i utlandet, kan auke etterspurnaden etter studieplassar ytterlegare. Konkurransen om studieplassane har gjort det endå vanskelegare for søkarar å kome inn på populære utdanningar, som utdanningar i helsefag.

Utbrotet av covid-19 har fått særlege konsekvensar for flyktningar og innvandrarar

Innvandrarar med kort butid og lite formell kompetanse er særleg utsette for å falle ut av arbeidslivet som følge av covid-19-pandemien. Det har òg ført til forseinkingar i oppstart og gjennomføring av ulike kvalifiseringstilbod for flyktningar og innvandrarar. Nokre grupper frå einskile land er overrepresenterte blant dei smitta. Det blir mellom anna forklart med manglande norskkunnskapar slik at informasjonen frå myndighetene ikkje har blitt tilstrekkeleg oppfatta, med butilhøve og tronge bustadar og med at mange jobbar i yrke som er særleg utsette for smitte.

Busetjinga av nykomne flyktningar har blitt forseinka i 2020, og ikkje alle busetjingsplassane i kommunane blir nytta som planlagt. Mellom anna kjem det færre overføringsflyktningar, og smitteverntiltaka til myndighetene skapar utfordringar for busetjingsarbeidet.

Det har vore naudsynt med målretta informasjon til ulike innvandrargrupper. Det gjeld både helseinformasjon og informasjon om sosiale og

økonomiske konsekvensar for den einskilde. Tilskot til frivillige organisasjonar har blitt auka for å nå fram med informasjon. Tilskota går til mellom anna informasjonsformidling på ei rekke språk, digital undervisning og leksehjelp.

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) har fått ei styrkt koordineringsrolle i covid-19-situasjonen. IMDi skal medverke til betre samhandling mellom aktuelle direktorat som Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet og Arbeids- og velferdsdirektoratet når det gjeld tiltak og informasjon retta mot innvandrarbefolkninga.

Covid-19 pandemien har ført til forseinking i oppstart og gjennomføring av ulike kvalifiserings-tilbod for innvandrarar. Dette gjeld særleg deltakarar i introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Mange har fått redusert tilbod om opplæring og redusert moglegheit til å gjennomføre prøver i norsk og samfunnskunnskap. Utbrotet har ført til høgare arbeidsløyse, og det vil kunne vere utfordrande for mange deltakarar med låg formell kompetanse og lite yrkeserfaring å kome i jobb i tida framover.

11.2 Tiltak for å møte covid-19-krisa i 2020

For å møte utfordringane i samfunnet som følge av covid-19-pandemien blei det våren 2020 sett i verk ei rekke tiltak. I tillegg er det foreslått nokre tiltak hausten 2020.

Utdanningsløftet 2020

Den økonomiske krisa som følgde av covid-19-pandemien, førte til stor arbeidsløyse og mange permitteringar. Mange av utfordringane i kunnskapssektoren og arbeidslivet som Noreg står overfor, blei endå tydelegare. Vi treng eit utdanningssystem som kan tilby utdanning til dei som ønsker det, og utdanninga må vere tilgjengeleg for folk i ulike livssituasjonar. Regjeringa lanserte derfor Utdanningsløftet 2020, ei storstilt satsing for å utvide kapasiteten i vidaregåande opplæring, ved fagskular, høgskular og universitet og på kompetansetiltak. Stortinget har for 2020 løyvd til saman 1,6 mrd. kroner til tiltaka i Utdanningsløftet 2020.

Tabell 11.1 Tiltak i Utdanningsløftet 2020

Tiltak	(i mill. kr) Beløp
Kompetansepluss fagopplæring ¹	20
Midlar gjennom Diku til studietilbod ved universitet og høgskular for permitterte arbeidstakarar ¹	20
Auka nettbasert opplæring på alle utdanningsnivå gjennom Diku og Kompetanse Noreg ^{1,2}	100
1 500 nye studieplassar i høgare yrkesfagleg utdanning ²	55,1
4 000 nye studieplassar i høgare utdanning ²	196,2
250 nye rekrutteringsstillingar ved universitet og høgskular i samband med auka studiekapasitet ²	109,2
Særskild finansiering for medisin- og andre helseutdanningar, mellom anna til auka undervisningsressursar, tilpassing av læringsareal og klinisk undervisning ²	40
Fleksible utdanningstilbod gjennom Diku ²	36,6
Treparts bransjeprogram for bransjar som er særleg hardt ramma av krisa. Bransjeprogrammet for industri- og byggenæringa blei utvida, og nye bransjar blei tekne inn i ordninga. Innanfor ordninga blei det i tillegg foreslått midlar til kompetanseløft for Kongsberg-klynga ^{1,3,4}	120
Tilskot til fylkeskommunane slik at dei kan gi ledige og permitterte utan vidaregåande opplæring moglegheit til å oppnå studie- eller yrkeskompetanse ³	300
Tilskot til fylkeskommunane for at personar som er ferdig med vidaregåande opplæring våren 2020, men som ikkje har oppnådd studie- eller yrkeskompetanse, kan få eit tilbod ³	150
Tilskot til fylkeskommunane til tiltak retta mot lærlingar som er eller står i fare for å bli permitterte eller miste læreplassen, og slik at fleire får ein læreplass ³	175
Ein ekstraordinær auke i lærlingtilskotet ³	170
Tilskot til fylkeskommunane for at fleire kan ta del i ordninga Fagbrev på jobb ³	46
Forsøk med modulstrukturert opplæring innanfor utvalde lærefag i fag- og yrkesopplæringa ³	7,5
Utviklingsmidlar til fagskular ⁴	10

¹ Innst. 233 S (2019–2020) og Prop. 73 S (2019–2020)

² Innst. 360 S (2019–2020) og Prop. 117 S (2019–2020)

³ Innst. 360 S (2019–2020) og Prop. 127 S (2019–2020)

⁴ Prop. 142 S (2019–2020)

Auka utgifter til utdanningsstøtte som følge av utvida utdanningskapasitet kjem i tillegg.

Tiltak for barnehagar og skular

Torsdag 12. mars blei alle barnehagar, grunnskular og vidaregåande skular stengde. Covid-19-krisa hadde stor innverknad på sektoren, og dei

lokale utfordringane med å vareta barn og unge var store og varierte. Regjeringa sette i gang ei rekke tiltak for at kommunane kunne gi barn og unge eit tilbod medan institusjonane var stengde.

Tabell 11.2 Tiltak for barnehagar og skular

Tiltak	(i mill. kr) Beløp
Kompensasjon til kommunane for bortfall av inntekter frå foreldrebetaling i barnehage og SFO ¹	1 000
Tilskot til frittstående skular med SFO for å refundere foreldrebetaling i SFO ^{1,2}	15
Tiltak for å betre den digitale undervisninga ²	80
Innkjøp av digitale læremiddel ²	60
Tiltak for å ta igjen tapt progresjon på skulen ²	170
Kompensasjon til folkehøgskulane for bortfall av elevbetaling som følge av stengde skular våren 2020 ²	65
Skjønnsmidlar til smittevern i det kommunale tenestetilbodet, under dette barnehage og skule ³	400

¹ Innst. 233 S (2019–2020) og Prop. 73 S (2019–2020)

² Innst. 360 S (2019–2020) og Prop. 117 S (2019–2020)

³ Innst. 360 S (2019–2020) og Prop. 127 S (2019–2020)

I tillegg til tiltaka i tabell 11.2 blei kommuneøkonomien styrkt gjennom budsjettproposisjonane som Stortinget behandla våren 2020. Gjennom det generelle opplegget til kommunane tok regjeringa omsyn til det totale inntektsbortfallet frå foreldrebetaling i barnehage og SFO. Vidare er det sett

ned ei gruppe med deltakarar frå fleire departement og KS som skal sjå på konsekvensane covid-19-utbrotet har og har hatt for kommunesektoren, då særleg med tanke på meirutgifter og mindreinntekter.

Tiltak på utdanningsstøttefeltet
Mange studentar har mista arbeidsinntekt etter utbrotet av covid-19-pandemien. Ein del studentar

og elevar har også avslutta studiar eller praksis i utlandet. Fleire tiltak blei derfor sette i gang våren 2020.

Tabell 11.3 Tiltak på utdanningsstøttefeltet

Tiltak	(i mill. kr) Beløp
Utvida søknadsfrist for lån og stipend våren 2020 frå 15. mars til 15. april, slik at tilgangen til utdanningsstøtte blei betre ^{1,3}	30,3
Ekstralån til studentar og andre med nedgang i inntekt som følge av covid-19-pandemien ^{1,3}	38,2 (i tillegg auka utlån: 3,1 mrd. kroner)
Forskot på lån og stipend for våren 2020 blei utbetalt i april for månadene mai og juni ¹	14,3
Omgjering av ekstralån til stipend for studentar og andre med nedgang i inntekt som følge av covid-19-pandemien ^{2,3}	1 000
Oppheva inntektsgrense for avkorta stipend for studentar som bidreg til å avlaste helse- og omsorgssektoren under pandemien (til og med 31. august) ³	25
Tiltaket er foreslått vidareført ut 2020 ⁴	16,7

¹ Innst. 216 S (2019–2020) og Prop. 67 S (2019–2020)

² Innst. 233 S (2019–2020) og Prop. 73 S (2019–2020)

³ Innst. 360 S (2019–2020) og Prop. 117 S (2019–2020)

⁴ Prop. 142 S (2019–2020)

I tillegg til tiltaka i tabell 11.3 blei vilkår som krev at ein er fysisk til stades på studieplassen, oppheva, slik at studentar og elevar i utlandet fekk behalde lån og stipend. Alle elevar og studentar som hadde fått støtte som bortebruar, men som måtte flytte heim som følge av pandemien, blei rekna som bortebruarar våren 2020. Unntaka for elevar og studentar med opptak på institusjon i utlandet er forlengde ut hausten 2020, og utbetaling av lån og stipend til reiser går som normalt. I tillegg blei unntak frå tidsramma for talet på år som ein kan få lån og stipend innført for nokre studentar som var i sitt siste semester i utlandet våren 2020.

Vidare blei det innført mellombelse unntak frå krav om ikkje å ha lønt arbeid for dei som mottek stipend for søkarar med nedsett funksjonsevne, dersom dei tek arbeid i kritiske samfunnsfunksjo-

nar. For tilbakebetalarar blei det for 2020 gitt rom for ekstra utsetjing ved tilbakebetaling av utdanningslån.

Tiltak på integreringsfeltet

Det blei løyvd 456 mill. kroner til integreringstiltak som følge av covid-19-pandemien i 2020. Målet med tiltakspakken var å styrke moglegheitene for denne gruppa til å ta del i arbeidsmarknaden så fort som mogleg. Vidare ble det løyvd 26,6 mill. kroner til frivillige organisasjonar til informasjonstiltak retta mot innvandrarar.

IMDi fekk òg styrkt koordineringsansvaret sitt og bidrog til betre samhandling mellom aktuelle offentlege sektorar med tiltak og informasjon retta mot innvandrarar.

Tabell 11.4 Tiltak på integreringsfeltet

Tiltak	(i mill. kr) Beløp
Midlar til informasjonstiltak gjennom ei søkbar ordning som blir forvalta av Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) ¹	20
Løyving til seks landsdekkande organisasjonar: Røde Kors, Caritas, Norges Frivilligsentraler, Norske Kvinners Sanitetsforening, Kristent Interkulturelt Arbeid og Norsk Folkehjelp ¹	6,6
Auka bruk av utvida introduksjonsprogram for deltakarar som er i slutfasen av programmet ²	250
Karriererettleiing for deltakarar i introduksjonsprogrammet under introduksjonslova ²	10
Midlar til heimeverande kvinner med innvandrarbakgrunn som manglar grunnleggande kvalifisering (Jobbsjansen) ²	25
Vidareføring av tilskotsordning med formål å auke den nettbaserte norskopplæringa som følge av koronaviruset ²	10
Midlar for å utvide tida med opplæring i norsk og samfunnskunnskap i inntil seks månader for personar som avsluttar retten og plikta til opplæring i 2020 ²	161

¹ Innst. 360 S (2019–2020) og Prop. 117 S (2019–2020)² Innst. 360 S (2019–2020) og Prop. 127 S (2019–2020)

Tiltak for høgare utdanning og forskning

I høgare utdanning heldt institusjonane fram med å gi eit tilbod til studentane, men mykje forskings- og utviklingsaktivitet blei sett på vent som følge av krisa. Som følge av stenginga blei tilsette i rekrutteringsstillingar forseinka. Dei fleste stipendiatar og postdoktorar er finansierte over grunnbudsjettet til institusjonane og gjennom Forskingsrådet. Regjeringa forventar at forseinkingar blant desse blir dekte av institusjonane og Forskingsrådet. Ei mindre gruppe stipendiatar og postdoktorar har finansiering av stillingane sine frå næringsliv, EU eller andre private aktørar. For å sikre at også dei kan få dekt forseinkingar ga regjeringa eit ekstra

tilskot på 40 mill. kroner som skal gå til stipendiatar og postdoktorar med slik finansiering. Med utgangspunkt i Universitets- og høgskolerådet si kartlegging er dei 40 mill. kronene blitt fordelte til institusjonane basert på den einskilde institusjon sin prosentdel av det totale talet på tilsette (830 tilsette) med slik finansiering.

Samstundes blei forskning peika på som ein viktig del av løysinga for å få landet ut av krisa. Regjeringa foreslo derfor å satse på forskning og utvikling for det grønne skiftet og for å stimulere til aktivitet og sysselsetjing, spesielt retta mot område og prosjekt av relevans for næringslivet. Satsinga var fordelt på områda til fleire departement. Sjå tabell 11.6.

Tabell 11.5 Tiltak for høgare utdanning og forskning over Kunnskapsdepartementets budsjett

Tiltak	(i mill. kr) Beløp
Sikre drift av kritisk IKT-infrastruktur ved Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning ²	20
Stipendiatar og postdoktorar med finansiering frå EU og andre aktørar ³	40
Oppgradering og tilpassing av forskings- og undervisningsareal ³	100
Oppgradering av studentbustadar ³	250
Internasjonale partnerskap ³	20
Kommersialisering av forskning ³	20
Regionale forskingsfond ³	30
Forskingsprosjekt for det grønne skiftet ³	40
Covid-19-relevante forskingsprosjekt ³	30

¹ Innst. 216 S (2019–2020) og Prop. 67 S (2019–2020)

² Innst. 233 S (2019–2020) og Prop. 73 S (2019–2020)

³ Innst. 360 S (2019–2020) og Prop. 127 S (2019–2020)

I tillegg til tiltaka under har departementa omdisponert midlar og sett i gang prosjekt med bruk av avsetningane i Forskingsrådet, til dømes ei hasteutlysing om «Økonomiske og arbeidsmar-

kedsmessige konsekvenser av koronakrisen for norsk nærings- og arbeidsliv» i regi av Arbeids- og sosialdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet.

Tabell 11.6 Tiltak for høgare utdanning og forskning over budsjetta til andre departement

Tiltak	(i mill. kr) Beløp
Forskning og utvikling i petroleumssektoren over budsjettet til Olje- og energidepartementet ¹	130
Næringsretta forskning og utvikling for å halde oppe forskingsbasert omstilling og innovasjon over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet ¹	250
Grunnløyvingar til teknisk-industrielle og marine primærnæringsinstitutt over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet ³	260
Forskning på lågutsleppssamfunnet over budsjettet til Klima- og miljødepartementet ³	75
Forskning og utvikling på energiområdet over budsjettet til Olje- og energidepartementet ³	120
Marin forskning og utvikling av fiskefôr basert på norske råstoff over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet ³	20
Pilot Helse over budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet ³	40
Grunnløyving til NIBIO og Veterinærinstituttet over budsjettet til Landbruks- og matdepartementet ³	15
Grunnløyving til miljøinstitutta over budsjettet til Klima- og miljødepartementet ³	30
Oppgradering og vedlikehald av forskingsfartøy over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet ³	40
«Grøn plattform», ein konkurransearena for kommersialisering, innovasjon og pilotprosjekt innan grøne løysingar over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet. Satsinga inneber ei total satsing på 1 mrd. kroner over tre år ³	333
Forskning på grøn skipsfart over budsjettet til Nærings- og fiskeridepartementet ³	65
Forskning innan sirkulær økonomi over budsjettet til Klima- og miljødepartementet ³	40
Forskingssenter for miljøvennleg energi (FME) for vindkraft over budsjettet til Olje- og energidepartementet ³	15
Forskning og utvikling på forsvarsområdet over budsjettet til Forsvarsdepartementet ³	20
Desentraliserte studiar for tilsette i omsorgstenestene over budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet ³	20
Nasjonalt program for datainnsamling og forskingsbasert produksjon av kunnskap om covid-19 over budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet ³	11

¹ Innst. 216 S (2019–2020) og Prop. 67 S (2019–2020)

² Innst. 233 S (2019–2020) og Prop. 73 S (2019–2020)

³ Innst. 360 S (2019–2020) og Prop. 127 S (2019–2020)

Kunnskapsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2020–2021) om statsbudsjettet for år 2021 blir dei forslaga til vedtak førte opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Kunnskapsdepartementet blir i Prop. 1 S (2020–2021) statsbudsjettet for budsjettåret 2021 dei forslaga til vedtak som følger førte opp:

Kapitla 200–292 og 2410, 3200–3292, 5310 og 5617

I

Utgifter:

Kap.	Post		Kroner	Kroner
		Administrasjon		
200		Kunnskapsdepartementet		
	01	Driftsutgifter	394 257 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	17 160 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	3 096 000	414 513 000
201		Analyse og kunnskapsgrunnlag		
	21	Særskilde driftsutgifter	233 998 000	233 998 000
		Sum Administrasjon		648 511 000
		Grunnopplæringa		
220		Utdanningsdirektoratet		
	01	Driftsutgifter	356 265 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 70</i>	208 508 000	
	70	Tilskot til læremiddel o.a., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i>	72 807 000	637 580 000
221		Foreldreutvala for grunnopplæringa og barnehagane		
	01	Driftsutgifter	16 014 000	16 014 000
222		Statlege skular og fjernundervisningstenester		
	01	Driftsutgifter	143 126 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	2 019 000	145 145 000
224		Tilskot til freds- og menneskerettssenter		
	70	Freds- og menneskerettssenter	100 838 000	
	71	Det europeiske Wergelandsenteret	11 084 000	111 922 000
225		Tiltak i grunnopplæringa		
	01	Driftsutgifter	23 973 000	
	21	Særskilde driftsutgifter	112 556 000	
	60	Tilskot til landslinjer	243 207 000	
	63	Tilskot til samisk i grunnopplæringa, <i>kan overførast</i>	87 660 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	64	Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg	36 265 000	
	66	Tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme	15 480 000	
	67	Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk	9 185 000	
	68	Tilskot til opplæring i kriminalomsorga	302 816 000	
	69	Tiltak for fullføring av vidaregåande opplæring	691 500 000	
	74	Prosjekttilskot	6 739 000	
	75	Grunntilskot	95 337 000	1 624 718 000
226		Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa		
	21	Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	1 572 195 000	
	22	Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar	1 600 858 000	
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	35 826 000	
	61	Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna nytilsette lærarar	61 919 000	
	64	Programfinansiering av 0–24-samarbeidet	40 529 000	
	71	Tilskot til vitensenter	85 352 000	3 396 679 000
227		Tilskot til særskilde skular		
	63	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar	42 752 000	
	78	Tilskot	186 434 000	229 186 000
228		Tilskot til frittstående skular o.a.		
	70	Frittstående grunnskular, <i>overslagsløyving</i>	3 154 601 000	
	71	Frittstående vidaregåande skular, <i>overslagsløyving</i>	1 718 569 000	
	72	Diverse skular som gir yrkesretta opplæring, <i>overslagsløyving</i>	161 878 000	
	73	Frittstående grunnskular i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	128 845 000	
	74	Frittstående vidaregåande skular i utlandet, <i>overslagsløyving</i>	22 133 000	
	75	Frittstående skular for funksjonshemma elevar, <i>overslagsløyving</i>	365 466 000	
	76	Andre frittstående skular, <i>overslagsløyving</i>	42 046 000	
	77	Den tysk-norske skolen i Oslo, <i>overslagsløyving</i>	30 104 000	
	78	Kompletterande undervisning	24 772 000	
	79	Toppidrett	56 903 000	
	81	Elevutveksling til utlandet	2 190 000	
	82	Kapital- og husleigetilskot til friskular	83 337 000	
	84	Redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga	3 000 000	5 793 844 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
230	Statleg spesialpedagogisk støttesystem		
	01 Driftsutgifter	646 680 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	36 030 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	9 678 000	692 388 000
	Sum Grunnopplæringa		12 647 476 000
	Barnehagar		
231	Barnehagar		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	470 156 000	
	63 Tilskot til tiltak for å styrke den norskspråklege utviklinga for minoritetsspråklege barn i barnehage	144 549 000	
	66 Tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritets-språklege barn	17 342 000	
	70 Tilskot til symjing i barnehagane	72 233 000	704 280 000
	Sum Barnehagar		704 280 000
	Høgare yrkesfagleg utdanning		
240	Fagskular		
	60 Driftstilskot til fagskular	1 025 451 000	
	61 Utviklingsmidlar til fagskular	44 543 000	1 069 994 000
241	Felles tiltak for fagskular		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	31 723 000	31 723 000
242	Noregs grøne fagskule – Vea		
	01 Driftsutgifter	30 349 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	1 307 000	31 656 000
	Sum Høgare yrkesfagleg utdanning		1 133 373 000
	Kompetansepolitikk og livslang læring		
251	22. juli-senteret		
	01 Driftsutgifter	15 675 000	15 675 000
253	Folkehøgskular		
	70 Tilskot til folkehøgskular	987 051 000	
	71 Tilskot til Folkehøgskolerådet	5 549 000	
	72 Tilskot til Nordiska folkhögskolan	708 000	993 308 000
254	Studieforbund mv.		
	70 Tilskot til studieforbund	68 920 000	
	73 Tilskot til vaksenopplæringsorganisasjonar	3 510 000	72 430 000
256	Kompetanse Noreg		
	01 Driftsutgifter	119 118 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	9 051 000	128 169 000
257	Kompetanseprogrammet		
	70 Tilskot, <i>kan overførast</i>	376 134 000	376 134 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
258	Tiltak for livslang læring		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	159 940 000	159 940 000
	Sum Kompetansepolitikk og livslang læring		1 745 656 000
	Høgare utdanning og forskning		
260	Universitet og høgskular		
	50 Statlege universitet og høgskular	38 845 890 000	
	70 Private høgskular	1 903 015 000	40 748 905 000
270	Studentvelferd		
	74 Tilskot til velferdsarbeid mv.	123 380 000	
	75 Tilskot til bygging av studentbustadar, <i>kan overføres</i>	803 507 000	926 887 000
271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga		
	01 Driftsutgifter	175 020 000	
	21 Særskilde driftsutgifter	10 000	175 030 000
272	Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning		
	50 Verksemdskostnader	157 515 000	
	51 Tiltak for internasjonalisering	236 400 000	
	52 Tiltak for høgare utdanning	282 954 000	676 869 000
273	Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning		
	50 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning	213 265 000	213 265 000
274	Universitetssenteret på Svalbard		
	70 Tilskot til Universitetssenteret på Svalbard	36 322 000	36 322 000
275	Tiltak for høgare utdanning og forskning		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overføres, kan nyttast under post 70</i>	177 135 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overføres</i>	155 000 000	
	70 Tilskot, <i>kan nyttast under post 21</i>	97 404 000	429 539 000
284	Dei nasjonale forskingsetiske komiteane		
	01 Driftsutgifter	19 392 000	19 392 000
285	Noregs forskingsråd		
	52 Langsiktig, grunnleggande forskning	1 768 581 000	
	53 Sektoroverskridande og strategiske satsingar	1 895 400 000	
	54 Forskingsinfrastruktur av nasjonal, strategisk interesse	790 086 000	
	55 Verksemdskostnader	800 883 000	5 254 950 000
286	Regionale forskingsfond		
	60 Regionale forskingsfond, tilskot til forskning	194 982 000	194 982 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
287	Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt		
	57 Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt	223 974 000	223 974 000
288	Internasjonale samarbeidstiltak		
	21 Særskilde driftsutgifter	49 436 000	
	72 Internasjonale grunnforskningsorganisasjonar	327 390 000	
	73 EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, <i>kan overførast</i>	2 529 593 000	
	74 EUs program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett	827 055 000	
	75 UNESCO-kontingent	24 303 000	
	76 UNESCO-formål	4 240 000	3 762 017 000
289	Vitskaplege prisar		
	51 Holbergprisen	17 896 000	
	71 Abelprisen	16 809 000	
	72 Kavliprisen	11 703 000	46 408 000
	Sum Høgare utdanning og forskning		52 708 540 000
	Integrering og mangfald		
290	Integrerings- og mangfaldsdirektoratet		
	01 Driftsutgifter	304 983 000	304 983 000
291	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	70 070 000	
	45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	55 029 000	
	50 Noregs forskingsråd	7 404 000	
	60 Integreringstilskot, <i>kan overførast</i>	6 035 134 000	
	61 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege mindreårige flyktningar, <i>overslagsløyving</i>	1 022 285 000	
	62 Kommunale innvandrartiltak	250 006 000	
	70 Busetjingsordninga og integreringstilskot, oppfølging	2 357 000	
	71 Tilskot til integreringsarbeid i regi av sivilsamfunn og frivillige organisasjonar	153 748 000	
	72 Statsautorisasjonsordninga for tolkar m.a.	16 992 000	
	73 Tilskot	31 258 000	7 644 283 000
292	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar		
	21 Særskilde driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	82 423 000	
	22 Prøvar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	32 494 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner
	60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere	1 060 508 000
	61	Kompetansekartlegging i mottak før busetting	546 000
		Sum Integrering og mangfald	9 125 237 000
		Statsbankane	
2410		Statens lånekasse for utdanning	
	01	Driftsutgifter	398 943 000
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehold, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01</i>	12 000 000
	50	Avsetning til utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	7 815 409 000
	70	Utdanningsstipend, <i>overslagsløyving</i>	3 669 245 000
	71	Andre stipend, <i>overslagsløyving</i>	578 232 000
	72	Rentestøtte, <i>overslagsløyving</i>	602 555 000
	73	Avskrivningar, <i>overslagsløyving</i>	956 359 000
	74	Tap på utlån	415 500 000
	90	Auka lån og rentegjeld, <i>overslagsløyving</i>	32 351 302 000
		Sum Statsbankane	46 799 545 000
		Sum departementets utgifter	125 512 618 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Grunnopplæringa			
3220	Utdanningsdirektoratet		
	01 Inntekter frå oppdrag	13 977 000	13 977 000
3222	Statlege skular og fjernundervisningstenester		
	02 Salsinntekter o.a.	15 623 000	15 623 000
3225	Tiltak i grunnopplæringa		
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter	12 495 000	12 495 000
3230	Statleg spesialpedagogisk støttesystem		
	01 Inntekter frå oppdrag	36 030 000	
	02 Salsinntekter o.a.	11 064 000	47 094 000
	Sum Grunnopplæringa		89 189 000
Høgare yrkesfagleg utdanning			
3242	Noregs grønne fagskule – Veia		
	02 Salsinntekter o.a.	5 009 000	
	61 Refusjon frå fylkeskommunar	1 307 000	6 316 000
	Sum Høgare yrkesfagleg utdanning		6 316 000
Kompetansepolitikk og livslang læring			
3256	Kompetanse Noreg		
	01 Inntekter frå oppdrag	8 651 000	
	02 Salsinntekter o.a.	388 000	9 039 000
	Sum Kompetansepolitikk og livslang læring		9 039 000
Høgare utdanning og forskning			
3271	Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga		
	01 Inntekter frå oppdrag	10 000	
	02 Salsinntekter o.a.	634 000	644 000
3275	Tiltak for høgare utdanning og forskning		
	01 Inntekter frå oppdrag	10 000	10 000
3288	Internasjonale samarbeidstiltak		
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter	14 582 000	14 582 000
	Sum Høgare utdanning og forskning		15 236 000
Integrering og mangfald			
3291	Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar		
	04 Tilskot til integreringsprosjekt i asylmottak i regi av frivillige organisasjonar, ODA-godkjende utgifter	11 582 000	11 582 000
3292	Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar		
	01 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter	21 151 000	21 151 000
	Sum Integrering og mangfald		32 733 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Statsbankane			
5310	Statens lånekasse for utdanning		
	04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter	13 000 000	
	29 Termingebyr	3 077 000	
	89 Purregebyr	103 570 000	
	90 Redusert lån og rentegjeld	12 365 062 000	
	93 Omgjering av utdanningslån til stipend	5 973 912 000	18 458 621 000
5617	Renter frå Statens lånekasse for utdanning		
	80 Renter	2 509 820 000	2 509 820 000
	Sum Statsbankane		20 968 441 000
Sum departementets inntekter			21 120 954 000

Fullmakt til å overskride gitte løyvingar

II

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2021 kan

1.

overskride løyvinga på	mot tilsvarende meirinntekter under
Kap. 200, post 01	Kap. 3200, post 02
Kap. 220, post 01	Kap. 3220, post 02
Kap. 222, post 01	Kap. 3222, post 02
Kap. 230, post 01	Kap. 3230, post 02
Kap. 242, post 01	Kap. 3242, post 02 og 61
Kap. 256, post 01	Kap. 3256, post 02
Kap. 271, post 01	Kap. 3271, post 02
Kap. 290, post 01	Kap. 3290, post 01

Meirinntekt som gir grunnlag for overskriding, skal òg dekke meirverdiavgift knytt til overskridinga og påverkar derfor òg kap. 1633, post 01 for dei statlege forvaltningsorganane som inngår i nettoordninga for meirverdiavgift. Meirinntekter og eventuelle mindreinntekter skal takast med i berekninga av overføring av ubrukt løyving til neste år.

2. overskride løyvingane til oppdragsverksemd på 21-postane mot tilsvarende meirinntekter.

3. avhende fast eigedom, jf. Instruks om avhending av statleg eigedom mv., og nytte inntekter frå sal av eigedommar ved dei sjølvforvaltande universiteta til kjøp, vedlikehald og bygging av andre lokale til undervisnings- og forskingsformål ved den same verksemda.
4. gi Noregs forskingsråd fullmakt til å kjøpe og avhende eigedommar. Salsinntekter blir førte til eigedomsfondet til Noregs forskingsråd.

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

III

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2021 kan

1. gi tilsegn om tilskot ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
220		Utdanningsdirektoratet	
	70	Tilskot til læremiddel o.a.	60 mill. kroner
226		Kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa	
	21	Særskilde driftsutgifter	35 mill. kroner
	22	Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar	237 mill. kroner
270		Studentvelferd	
	75	Tilskot til bygging av studentbustadar	743 mill. kroner

2. gi tilsegn om å utbetale 20 pst. av tilskot til opplæring i kriminalomsorga over kap. 225 Tiltak i grunnsopplæringa, post 68 Tilskot til opplæring i kriminalomsorga påfølgande budsjettår, når endeleg rekneskap ligg føre.
3. gi tilsegn om å utbetale utdanningsstøtte for første halvår 2022 (andre halvdel av undervisningsåret 2021–2022) etter dei satsane som blir fastsette for andre halvår 2021 (første halvdel av undervisningsåret 2021–2022), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, post 70 Utdanningsstipend, 71 Andre stipend, 72 Rentestøtte og 90 Auka lån og rentegjeld, og kap. 5617 Renter frå Statens lånekasse for utdanning, post 80 Renter.
4. gi tilsegn om å gjere om lån til stipend første halvår 2022 (andre halvdel av undervisningsåret 2021–2022) etter dei satsane som blir fastsette for andre halvår 2021 (første halvdel av undervisningsåret 2021–2022), jf. kap. 2410 Statens lånekasse for utdanning, post 50 Avsetning til utdanningsstipend.

Andre fullmakter

IV

Gebyr for privatisteksamen

Stortinget samtykker i at privatistar som melder seg opp til eksamen, og kandidatar som melder seg opp til fag-/sveineprøvar etter opplæringslova § 3-5, skal betale eit gebyr per prøve. Gebyret skal betalast til fylkeskommunen. Privatistar som melder seg opp til eksamen, skal betale 1 186 kroner dersom privatisten ikkje har prøvd seg i faget tidlegare som privatist eller elev, og 2 373 kroner ved forbedringsprøvar. Kandidatar som melder seg opp til fag-/sveineprøvar etter opplæringslova § 3-5, skal betale 1 011 kroner per prøve dersom kandidaten ikkje har gått opp tidlegare, og 2 027 kroner ved seinare forsøk.

V

Fullmakt for universitet og høgskular til å delta i selskap

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2021 kan gi universitet og høgskular fullmakt til å:

1. opprette nye selskap og delta i selskap som er av fagleg interesse for verksemda.
2. bruke overskot av oppdragsverksemd til kapitalinnskot ved oppretting av nye selskap eller ved deltaking i selskap som er av fagleg interesse for verksemda.
3. bruke utbytte frå selskap som verksemda har kjøpt aksjar i eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskot.

4. bruke inntekt frå sal av aksjar i selskap som verksemda har erverva med overskot frå oppdragsverksemd eller etter fullmakt forvaltar, til drift av verksemda eller til kapitalinnskot.

VI

Foreldrebetaling i barnehage

Stortinget samtykker i at:

1. maksimalgrensa for foreldrebetaling for eit heildags ordinært barnehagetilbod blir fastsett til 3 230 kroner per måned og 35 530 kroner per år frå 1. januar 2021, jf. forskrift 16. desember 2005 nr. 1478 om foreldrebetaling i barnehagar § 1.
2. inntektsgrensa for fritak i foreldrebetalinga i barnehage for 20 timar blir sett til 583 650 kroner per år frå 1. august 2021, jf. forskrift 16. desember 2005 nr. 1478 om foreldrebetaling i barnehagar § 3.

VII

Fullmakt til postering mot mellomværet med statskassa

Stortinget samtykker i at Kunnskapsdepartementet i 2021 kan gi Statens lånekasse for utdanning fullmakt til å inntektsføre uteståande midlar mot Konverteringsfondet i same periode som konvertering av lån til stipend blir gjort, og mot Lånekassas mellomvære med statskassa. Mellomværet blir utlikna i påfølgande periode når oppgjeret blir overført frå Konverteringsfondet.

Andre vedtak

VIII

Oppheving av oppmodingsvedtak

Vedtak nr. 106, 7. desember 2017 blir oppheva.

Vedlegg 1**Tilsetjingsvilkår for leiarar i heileigde statlege føretak****DigForsk AS**

Selskapet har leigd inn dagleg leiar. Lønn i 2019 er kostnadsført med 746 580 kroner og 7 230 kroner i anna godtgjersle.

I4 Helse AS

Dagleg leiar fekk 334 616 kroner i lønn og 1 891 kroner i anna godtgjersle i 2019. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 17 049 kroner.

Mecatronics Innovation Lab AS

Dagleg leiar fekk 992 614 kroner i lønn og 17 632 kroner i anna godtgjersle i 2019. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 99 157 kroner.

NTNU Ocean Training AS

Dagleg leiar fekk 551 418 kroner i lønn og 4 392 kroner i anna godtgjersle i 2019. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 18 764 kroner.

NSD – Norsk senter for forskingsdata AS

Dagleg leiar fekk 1 226 144 kroner i lønn og 4 392 kroner i anna godtgjersle i 2019. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 23 668 kroner. Dagleg leiar har ikkje rett til bonus, overskotsdeling eller opsjonar, og heller ikkje særlege ytingar ved opphøyr av tilsetjingsforholdet.

NTNU Samfunnsforskning AS

Dagleg leiar fekk ei lønn på 1 107 416 kroner i 2019. Pensjonsutgifter blei dekte med 110 052 kroner. Dagleg leiar har ein avtale om særskilt vederlag ved opphøyr av tilsetjingsforholdet.

NTNU Technology Transfer AS

Dagleg leiar fekk 1 743 447 kroner i lønn og 13 659 kroner i andre godtgjersler i 2019. Selskapet har tenestepensjonsordning i tråd med lov om obligatorisk tenestepensjon.

Sem gjestegård AS

Dagleg leiar fekk 213 186 kroner i lønn og 127 342 kroner i andre godtgjersler i 2019. Selskapet har tenestepensjonsordning i tråd med lov om obligatorisk tenestepensjon.

Senter for økonomisk forskning AS

Selskapet har hatt to daglege leiarar i 2019. Desse har fått utbetalt godtgjersle på 441 564 kroner. Selskapet har tenestepensjonsordning i tråd med lov om obligatorisk tenestepensjon.

Simula Research Laboratory AS

Dagleg leiar fekk 2 737 896 kroner i lønn og 153 638 kroner i andre godtgjersler i 2019. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 173 963 kroner.

Unifond AS

Det er rekneskapsført 173 832 kroner i lønn til dagleg leiar i 2019. Selskapet har ei ytingsbasert pensjonsordning i Statens pensjonskasse, men har ikkje plikt til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Uninett AS

Dagleg leiar fekk 1 542 800 kroner i lønn og 26 740 kroner i andre godtgjersler. Selskapet har innskotsplanar for pensjonar i tråd med regelverket. Innskotsplanane omfattar alle tilsette.

Unirand AS

Det er rekneskapsført 252 248 kroner i lønn til dagleg leiar i 2019 fram til 31. august 2019 og 41 668 kroner frå 1. september 2019. Pensjonsutgifter til dagleg leiar er kostnadsført med 55 444 kroner.

Universitetssenteret på Svalbard AS

Det er totalt kostnadsført 1 366 862 kroner i lønn og godtgjersle til dagleg leiar. Arbeidsgivardelen av pensjon for dagleg leiar er ført med 166 971 kroner.

Andre

Følgande heileigde selskap har ingen lønte tilsette som dagleg leiar: DnF Productions AS, Universitetet i Bergen Eiendom AS, Nord innovasjon AS og Vangslund AS.

Vedlegg 2**Tildeling til universitet og høgskular**

Tabell 2.1 Tildeling per universitet og høgskule i 2021

Institusjon	(i 1 000 kr) Beløp
<i>Statlege verksemdar</i>	
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	213 837
Høgskolen i Innlandet	1 272 015
Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk	290 083
Høgskulen i Volda	410 673
Høgskolen i Østfold	766 042
Høgskulen på Vestlandet	2 174 978
Kunsthøgskolen i Oslo	380 219
Nord universitet	1 547 646
Noregs handelshøgskole	573 597
Noregs idrettshøgskole	221 494
Noregs miljø- og biovitskaplege universitet	1 445 244
Noregs musikkhøgskole	309 748
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet	7 325 880
OsloMet – storbyuniversitetet	2 716 515
Samisk høgskole	103 945
Universitetet i Agder	1 612 047
Universitetet i Bergen	3 947 157
Universitetet i Oslo	6 065 665
Universitetet i Stavanger	1 794 025
Universitetet i Sørøst-Noreg	2 067 338
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	3 607 742

Tabell 2.1 Tildeling per universitet og høyskule i 2021

Institusjon	(i 1 000 kr)
	Beløp
<i>Private verksemder</i>	
Ansgar høyskole for teologi, musikk og psykologi	29 097
Barratt Due musikk institutt – Høyskoleavdelingen og Unge talenter	27 271
Bergen Arkitekthøgskole	21 968
Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning	143 460
Fjellhaug Internasjonale Høgskole	15 249
Handelshøyskolen BI	392 688
Høgskulen for grøn utvikling	2 583
Høyskolen Kristiania	270 983
Høyskolen for dansekunst	2 110
Høyskolen for ledelse og teologi	16 943
Lovisenberg diakonale høyskole	124 949
MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn	114 621
NLA Høgskolen	281 904
Steinerhøyskolen	18 129
VID vitenskapelige høyskole	441 060

Vedlegg 3**Byggtabellar for universitet og høgskular**

Tabell 3.1 Ordinære prosjekt under bygging i 2020, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 530, post 31 og 33 og kap. 2445, post 31 og 33 og brukarutstyrsprosjekt over kap. 530, post 45

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner, prisnivå 1.7.2021	Bruttoareal (m ²)
Noregs miljø- og biovit- skaplege universitet	Nybygg på Ås for veterinærmiljøa ved NMBU og Veterinærinstituttet ¹	8 350	63 100 + 11 700 (Senter for husdyrforsøk ²)
Noregs miljø- og biovit- skaplege universitet	Midlar til utstyr og inventar for nybygg på Ås for veterinærmiljøa ved NMBU og Veterinærinstituttet	1 215	
Universitetet i Oslo	Livsvitskapsbygget	6 294	66 700 ³
Universitetet i Oslo	Midlar til utstyr og inventar Livsvitskapsbygget	1 285	
Universitetet i Oslo	Vikingtidsmuseum på Bygdøy, tilbygg og rehabilitering	2 173	13 100
Universitetet i Oslo	Midlar til utstyr og inventar Vikingtidsmuseum	274	

¹ Forslag til ny kostnadsramme.² Senter for husdyrforsøk blei ferdigstilt i 1. halvår 2015.³ Sjå omtale av prosjektet under kap. 260.Tabell 3.2 Brukarfinansierte prosjekt under bygging i 2020, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 2445, post 34¹

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner, prisnivå 1.7.2020	Bruttoareal (m ²)
Høgskulen i Volda	MedieVolda	220	3 885
Noregs handelshøgskole	Rehabilitering av hovudbygget, inkludert høgblokka	586	12 500
Noregs teknisk-naturvit- skaplege universitet	Nytt bygg for helse- og sosialvitenskap, Elgesetergate	609 (inkl. kunstnarisk utsmykking)	13 000

¹ Tabellen viser byggeprosjekt der institusjonane dekker investeringskostnaden innanfor egne budsjettammer, såkalla brukarfinansierte (tidlegare kurante) byggeprosjekt. Dette er prosjekt innanfor statens husleigeordning, og investeringskostnaden for prosjektet blir betalt tilbake gjennom husleige til Statsbygg.

Tabell 3.3 Ferdig prosjekterte byggeprosjekt¹

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner	Bruttoareal (m ²)
Universitetet i Stavanger	Nybygg og ombygging for Arkeologisk museum	394 ²	6 130
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	Nybygg for Tromsø museum	1 584 ³	19 700
Universitetet i Oslo	Nytt utstillingsveksthus for Naturhistorisk museum	807 ⁴	5 000

¹ Tabellen viser ferdig prosjekterte byggeprosjekt med kostnadsramme over 300 mill. kroner. Ferdig prosjektert betyr at mål, overordna rammer og kostnader for prosjektet er fastsette. Ei eventuell startløyving vil vere avhengig av dei årlege budsjettprosessane.

² Prisnivå 15.02.2020

³ Mellombels forslag til kostnadsramme. Kostnadsramma vil bli oppdatert når regulering er gjennomført og tomtekjøpet er avklart. Prisnivå 15.09.2019

⁴ Prisnivå 01.07.2019

Tabell 3.4 Byggeprosjekt med prosjekteringsløyve, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, kap. 530, post 30 og kap. 2445, post 30 og 32¹

Institusjon	Prosjekt	Kostnadsramme i mill. kroner	Bruttoareal (m ²)
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet	Campussamling NTNU i Trondheim	Ikkje fastsett	Ikkje fastsett
Nord universitet	Nybygg for Fakultet for biovitenskap og akvakultur (Blått bygg byggetrinn 6B)	Ikkje fastsett	9 680

¹ Tabellen viser både forslag frå regjeringa for 2021 og byggeprosjekt der Stortinget har vedteke ei løyving til vidare planlegging og prosjektering av bygget. Prosjekteringsmidlane er løyvde over kap. 530, post 30 for prosjekt utanfor statens husleigeordning, og kap. 2445, post 30 for prosjekt innanfor statens husleigeordning, og kurantprosjekt på over 100 mill. kroner under programmering eller prosjektering, kap. 2445, post 32.

Vedlegg 4**Standardiserte nøkkeltal for nettobudsjetterte verksemder
under Kunnskapsdepartementet**

Tabell 4.1 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Utgifter og inntekter etter art

	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Budsjett for 2020
	(i 1 000 kr)			
Utgifter				
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	54 171	62 804	67 015	86 450
Varer og tenester	69 042	90 607	83 225	125 875
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>123 213</i>	<i>153 411</i>	<i>150 240</i>	<i>212 325</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	855	3 212	4 124	3 505
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>855</i>	<i>3 212</i>	<i>4 124</i>	<i>3 505</i>
Overføringar frå verksemda				
Utbetalingar til andre statlege rekneskapar	730	2 402	2 512	0
Andre utbetalingar	315 811	458 515	1 458 791	1 747 251
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>316 541</i>	<i>460 917</i>	<i>1 461 303</i>	<i>1 747 251</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	1 860	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>1 860</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>440 610</i>	<i>617 540</i>	<i>1 617 527</i>	<i>1 963 081</i>

Tabell 4.1 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Budsjett for 2020
Inntekter				
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	986	1 847	502	982
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	3 112	4 381	3 868	3 868
Andre driftsinntekter	21 106	38 602	34 307	34 507
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>25 204</i>	<i>44 829</i>	<i>38 677</i>	<i>39 357</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar til drift	95 446	122 002	145 441	156 878
Innbetalningar frå fagdepartement til tilskot til andre	86 943	207 018	1 244 270	1 396 646
Innbetalningar frå andre departement til tilskot til andre	94 974	95 547	34 314	36 705
Andre innbetalningar	225 644	239 557	296 446	314 846
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>503 008</i>	<i>664 124</i>	<i>1 720 471</i>	<i>1 905 074</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalningar (t.d. innbetaling av rente)	7 763	2 210	0	0
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>7 763</i>	<i>2 210</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>535 974</i>	<i>711 164</i>	<i>1 759 148</i>	<i>1 944 431</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>95 364</i>	<i>93 623</i>	<i>141 621</i>	<i>-18 650</i>

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) blei oppretta 1. januar 2018 gjennom samanslåing av Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU), Noregsuniversitetet og Program for kunstnarleg utviklingsarbeid. Rekneskapstala for 2017 gjeld tidlegare SIU, som tidlegare gjekk inn som del av oppstillinga for universitet og høgskular.

Tabell 4.2 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku). Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Budsjett for 2020
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	100 904	120 192	137 385	172 493
Løyvingar frå andre departement	7 090	6 586	4 456	5 292
Tildelingar frå andre statlege forvaltningsorgan	1 000	-128	0	100
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	3 550	1 191	1 432	1 625
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>112 543</i>	<i>127 840</i>	<i>143 273</i>	<i>179 509</i>
Overføringar til verksemda				
Overføringar frå fagdepartement til tilskot til andre	47 199	207 018	1 244 270	1 396 646
Overføringar frå andre departement tilskot til andre	61 944	95 547	34 314	36 705
Overføringar frå andre verksemdar til tilskot til andre	2 598	239 557	296 446	312 251
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>111 741</i>	<i>542 122</i>	<i>1 575 030</i>	<i>1 745 601</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	-514	-2 763	-2 162	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	13 515	17 438	19 726	19 320
<i>Sum bidrag</i>	<i>13 002</i>	<i>14 675</i>	<i>17 564</i>	<i>19 320</i>
Oppdragsinntekter o.a.				
Oppdrag frå statlege verksemdar	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemdar	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	53	0	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	298 688	26 473	23 281	0
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>298 688</i>	<i>26 526</i>	<i>23 281</i>	<i>0</i>
Sum inntekter	535 974	711 164	1 759 148	1 944 431

Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) blei oppretta 1. januar 2018 gjennom samanslåing av Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU), Noregsuniversitetet og Program for kunstnarleg utviklingsarbeid. Rekneskapstala for 2017 og 2016 gjeld tidlegare SIU, som tidlegare gjekk inn som del av oppstillinga for universitet og høgskular.

Tabell 4.3 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Direktoratet for internasjonisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) i perioden 2017–19

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Endring frå 2018 til 2019
Kontantar og kontantekvivalentar				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	167 819	235 272	337 986	102 714
Behaldningar på andre bankkontoar	148 171	174 340	213 285	38 945
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>315 989</i>	<i>409 612</i>	<i>551 271</i>	<i>141 659</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	6 390	7 449	8 040	591
Skattetrekk og offentlege avgifter	6 147	7 866	8 445	579
Gjeld til leverandørar	3 900	5 474	16 833	11 359
Gjeld til oppdragsgivarar	-7 556	-5 713	-2 489	3 224
Gjeld knytt til tilskotsforvaltning m.m.	134 791	185 281	275 756	90 475
Anna gjeld / fordringar som forfell i neste budsjettår	152 323	188 937	211 084	22 147
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>295 995</i>	<i>389 294</i>	<i>517 670</i>	<i>128 376</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	417	338	162	-175
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt, finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	6 341	11 074	10 450	-624
Andre avsetningar til vedtekne ikkje starta formål	0	0	1 280	1280
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	567	105	159	54
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>7 325</i>	<i>11 517</i>	<i>12 052</i>	<i>535</i>

Tabell 4.3 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Direktoratet for internasjonalsisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) i perioden 2017–19

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Endring frå 2018 til 2019
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål	12 669	8 801	21 549	12 748
Fri verksemdskapital	0	0	0	0
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>12 669</i>	<i>8 801</i>	<i>21 549</i>	<i>12 748</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidler	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>315 989</i>	<i>409 612</i>	<i>551 271</i>	<i>141 659</i>

Direktoratet for internasjonalsisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku) blei oppretta 1. januar 2018 gjennom samanslåing av Senter for internasjonalsisering av utdanning (SIU), Noregsuniversitetet og Program for kunstnarleg utviklingsarbeid. Rekneskapstala for 2017 gjeld tidlegare SIU, som tidlegare gjekk inn som del av oppstillinga for universitet og høgskular.

Tabell 4.4 Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
Utgifter	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Budsjett 2020
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	524 701	504 053	552 566	475 367
Varer og tenester	275 254	253 118	249 682	348 233
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>799 955</i>	<i>757 171</i>	<i>802 248</i>	<i>823 600</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	16 952	44 822	40 538	0
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>16 952</i>	<i>44 822</i>	<i>40 538</i>	<i>0</i>
Overføringer frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	4 369 193	4 707 160	4 581 463	4 856 954
Andre utbetalningar	5 147 983	4 984 599	5 258 386	5 112 471
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>9 517 176</i>	<i>9 691 759</i>	<i>9 839 849</i>	<i>9 969 425</i>

Tabell 4.4 Noregs forskingsråd. Utgifter og inntekter etter art

(i 1 000 kr)				
Utgifter	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Budsjett 2020
Finansielle aktiviteter				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>10 334 083</i>	<i>10 493 752</i>	<i>10 682 635</i>	<i>10 793 025</i>
<hr/>				
Inntekter	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Budsjett 2020
Driftsinntekter				
Inntekter frå løyvingar	264 671	893 677	812 346	783 600
Inntekter frå sal av varer og tenester	0	1 882	1 674	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	7 576	0	0	0
Andre driftsinntekter	3 443	0	0	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>275 690</i>	<i>895 559</i>	<i>814 020</i>	<i>783 600</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsaktivitetar</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar	9 538 896	9 550 053	10 116 789	9 782 708
Andre innbetalingar	264 047	39 670	286 179	196 717
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>9 802 943</i>	<i>9 589 722</i>	<i>10 402 968</i>	<i>9 979 425</i>
Finansielle aktiviteter				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalingar (t.d. innbetaling av rente)	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>10 078 633</i>	<i>10 485 281</i>	<i>11 216 988</i>	<i>10 763 025</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>-255 450</i>	<i>-8 470</i>	<i>534 353</i>	<i>-30 000</i>

Tabell 4.5 Noregs forskingsråd. Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Budsjett for 2020
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar til drift frå fagdepartementet	444 814	654 111	827 729	783 600
Løyvingar til drift frå andre departement	0	80 313	19 976	0
Løyvingar til tilskot til forskning o.a. frå fagdepartementet	3 496 617	4 508 482	4 754 289	4 530 175
Løyvingar til forskning o.a. frå andre departement og andre	5 862 136	5 041 571	5 362 500	5 252 533
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>9 803 567</i>	<i>10 284 477</i>	<i>10 964 493</i>	<i>10 566 308</i>
Offentlege og private tilskot og overføringar				
Tilskot frå andre statlege verksemder	0	9 336	11 310	10 000
Tilskot frå internasjonale organisasjonar	0	38 468	12 293	0
Tilskot frå kommunar og fylkeskommunar	0	207	204	0
Tilskot frå organisasjonar og stiftingar	0	-529	236	0
Tilskot frå næringsliv og private	264 047	-9 688	262 137	186 717
<i>Sum offentlege og private tilskot</i>	<i>264 047</i>	<i>37 793</i>	<i>286 179</i>	<i>196 717</i>
Oppdragsinntekter o.a.				
Oppdrag frå statlege verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	0	0	0	0
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Andre inntekter				
Andre inntekter og tidsavgrensingar	11 019	163 011	-33 685	0
<i>Sum andre inntekter</i>	<i>11 019</i>	<i>163 011</i>	<i>-33 685</i>	<i>0</i>
Sum inntekter	10 078 633	10 485 282	11 216 988	10 763 025

Løyvingar til finansiering av statsoppdraget og offentlege og private tilskot og overføringar er korrigererte.

Tabell 4.6 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskingsråd i perioden 2017–19

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Endring frå 2018 til 2019
Kontantar og kontantekvivalentar				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	4 918 402	4 887 513	5 426 628	539 115
Behaldningar på andre bankkontoar	34 862	63 455	58 693	–4 763
Andre kontantbeholdningar	42 568	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>4 995 832</i>	<i>4 950 968</i>	<i>5 485 321</i>	<i>534 353</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	41 216	41 338	41 744	406
Skattetrekk og offentlege avgifter	8 692	39 945	40 571	626
Gjeld til leverandørar	77 830	41 121	46 452	5 332
Gjeld til oppdragsgivarar	0	–129 016	–99 263	29 753
Anna gjeld / fordringar som forfell i neste budsjettår	41 166	33 619	30 059	–3 559
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>168 904</i>	<i>27 006</i>	<i>59 564</i>	<i>32 558</i>
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål	102 115	68 690	33 331	–35 358
Fri verksemdskapital	0	0	0	0
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>102 115</i>	<i>68 690</i>	<i>33 331</i>	<i>–35 358</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktig forplikting knytt til anleggs- midlar	–65 431	0	0	0
Anna langsiktig forplikting	0	319	319	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>–65 431</i>	<i>319</i>	<i>319</i>	<i>0</i>
<i>Sum nettogjeld og forpliktingar – drift</i>	<i>205 588</i>	<i>96 015</i>	<i>93 214</i>	<i>–2 801</i>

Tabell 4.6 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Noregs forskingsråd i perioden 2017–19

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Endring frå 2018 til 2019
Forskningsforpliktingar				
Forskningsforpliktingar underhandsaming	3 005 194	3 007 147	3 140 067	132 920
Prosjektgjeld for starta/gjennomføre forskingsprosjekt	1 785 050	1 847 806	2 252 039	404 233
<i>Sum forskningsforpliktingar</i>	<i>4 790 244</i>	<i>4 854 953</i>	<i>5 392 107</i>	<i>537 154</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>4 995 832</i>	<i>4 950 968</i>	<i>5 485 321</i>	<i>534 353</i>

Noregs forskingsråd skil seg frå andre nettobudsjetterte verksemdar ved at ei hovudoppgåve er å fordele mottekne forskingsløyvingar vidare til andre. I tillegg til dei ordinære avsetningane for å dekke ulike rettslege forpliktingar vil Noregs forskingsråds gjeldsside vere prega av avsetningar til starta forskingsprogram som ikkje er fullførte på dagen for balansen, men der Forskningsrådet har forplakta seg til utbetalingar etter framdrifta i prosjekta. Vidare omfattar avsetningane midlar som Forskningsrådet har motteke, men der handsaminga av søknadene ikkje er avslutta og midlane enno ikkje fordelte til dei forskingsutførande institusjonane. Malen for balanseoppstillinga er derfor noko tilpassa for bruk i Forskningsrådet.

Årsaka til at posten langsiktig gjeld er negativ, er av teknisk art. Det kjem av at anleggsmidlane til Forskningsrådet har vore verdsette høgare enn dei tilsvarende gjeldspostane.

Eigedomsfondet var til og med 2017 inkludert i balanseoppstillinga til Forskningsrådet, men er frå 2018 skilt ut i ein eigen rekneskap. Sum egedelar frå fondet var i 2017 51,1 mill. kroner. Av det utgjorde bankinnskot 36,4 mill. kroner.

Tabell 4.7 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
Utgifter	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Budsjett 2020
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	46 162	48 246	51 242	52 000
Varer og tenester	33 746	42 646	41 769	41 500
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>79 908</i>	<i>90 893</i>	<i>93 011</i>	<i>93 500</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	522	1 021	965	900
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>522</i>	<i>1 021</i>	<i>965</i>	<i>900</i>
Overføringar frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	20 906	17 231	19 776	17 500
Andre utbetalningar	0	0	0	0
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>20 906</i>	<i>17 231</i>	<i>19 776</i>	<i>17 500</i>

Tabell 4.7 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Utgifter og inntekter etter art

(i 1 000 kr)				
Utgifter	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Budsjett 2020
Finansielle aktiviteter				
Kjøp av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle utgifter	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>101 336</i>	<i>109 145</i>	<i>113 752</i>	<i>111 900</i>
Inntekter				
Inntekter	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Budsjett 2020
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	0	0	0	0
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	0	0	0	0
Refusjonar	1 145	982	1 764	1 500
Andre driftsinntekter	5	0	2	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>1 150</i>	<i>982</i>	<i>1 766</i>	<i>1 500</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	0	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar til drift	110 368	109 797	134 215	111 552
Innbetalningar frå fagdepartement til tilskot til andre	0	0	0	0
Innbetalningar frå andre departement til tilskot til andre	0	0	0	0
Andre innbetalningar	0	0	0	0
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	<i>110 368</i>	<i>109 797</i>	<i>134 215</i>	<i>111 552</i>
Finansielle aktiviteter				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	0	0	0	0
Andre finansielle innbetalningar (t.d. innbetaling av rente)	0	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>111 517</i>	<i>110 779</i>	<i>135 981</i>	<i>113 052</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>10 182</i>	<i>1 634</i>	<i>22 229</i>	<i>1 152</i>

Tabell 4.8 Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI). Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Budsjett 2020
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	20 697	22 683	24 121	21 560
Løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
Tildelingar frå andre statlege forvaltningsorgan	43 605	40 386	40 629	45 000
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	32 547	34 997	26 401	34 000
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>96 848</i>	<i>98 066</i>	<i>91 151</i>	<i>100 560</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	0	0	0	0
Bidrag frå private	-502	1 201	1 497	1 200
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	754	0	16 411	3 500
<i>Sum bidrag</i>	<i>251</i>	<i>1 201</i>	<i>17 908</i>	<i>4 700</i>
Oppdragsinntekter o.a.				
Oppdrag frå statlege verksemder	1 056	1 670	2 064	2 000
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	0	0	0	0
Oppdrag frå private	1 583	872	960	1 152
Andre inntekter og tidsavgrensingar	11 778	8 970	23 898	4 640
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>14 418</i>	<i>11 512</i>	<i>26 921</i>	<i>7 792</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>111 517</i>	<i>110 779</i>	<i>135 981</i>	<i>113 052</i>

Tabell 4.9 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2017–19

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Endring 2018 til 2019
Kontantar og kontantekvivalentar				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	51 077	52 714	74 941	22 227
Behaldningar på andre bankkontoar	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	5	2	4	2
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>51 082</i>	<i>52 716</i>	<i>74 944</i>	<i>22 229</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	4 126	4 368	4 585	217
Skattetrekk og offentlege avgifter	3 994	4 802	5 037	235
Gjeld til leverandørar	1 020	2 418	933	-1 485
Gjeld til oppdragsgivarar	-1 773	-3 182	-2 565	617
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	3 209	2 313	18 004	15 691
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>10 575</i>	<i>10 719</i>	<i>25 994</i>	<i>15 275</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	5 607	9 428	2 001	-7 426
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	10 974	10 977	14 463	3 486
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje starta formål	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	12 010	0	0	0
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>28 591</i>	<i>20 405</i>	<i>16 464</i>	<i>-3 941</i>

Tabell 4.9 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI) i perioden 2017–19

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Endring 2018 til 2019
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål	6 504	16 136	26 959	10 823
Fri verksemdskapital	5 412	5 457	5 528	71
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>11 916</i>	<i>21 592</i>	<i>32 487</i>	<i>10 894</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar	0	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	0	0
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>51 082</i>	<i>52 716</i>	<i>74 944</i>	<i>22 229</i>

Tabell 4.10 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
Utgifter	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Budsjett 2020
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	–	149 095	179 311	193 586
Varer og tenester	–	340 145	479 810	413 093
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>–</i>	<i>489 240</i>	<i>659 121</i>	<i>606 679</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	–	1 653	2 653	3 815
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>–</i>	<i>1 653</i>	<i>2 653</i>	<i>3 815</i>
Overføringar frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	–	0	0	0
Andre utbetalningar	–	0	71 593	67 500
<i>Sum overføringar frå verksemda</i>	<i>–</i>	<i>0</i>	<i>71 593</i>	<i>67 500</i>

Tabell 4.10 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
Utgifter	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Budsjett 2020
Finansielle aktiviteter				
Kjøp av aksjar og partar	–	0	0	0
Andre finansielle utgifter	–	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	–	0	0	0
<i>Sum utgifter</i>	–	490 893	733 367	677 994
<hr/>				
Inntekter	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Budsjett 2020
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	–	374 254	519 465	468 338
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	–	0	0	0
Refusjonar	–	0	3 913	0
Andre driftsinntekter	–	23 813	4 591	0
<i>Sum driftsinntekter</i>	–	398 067	527 269	468 338
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	–	0	0	0
<i>Sum investeringsinntekter</i>	–	0	0	0
Overføringar til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar til drift	–	140 736	218 919	191 062
Innbetalningar frå fagdepartement til tilskot til andre	–	0	0	0
Innbetalningar frå andre departement til tilskot til andre	–	0	0	0
Andre innbetalningar	–	0	0	0
<i>Sum overføringar til verksemda</i>	–	140 736	218 919	191 062
Finansielle aktiviteter				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	–	0	0	0
Andre finansielle innbetalningar (t.d. innbetaling av rente)	–	0	0	0
<i>Sum finansielle aktiviteter</i>	–	0	0	0
<i>Sum inntekter</i>	–	538 803	746 888	659 400
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	–	47 910	13 521	–18 594

Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning blei oppretta 1. januar 2018 gjennom samanslåing av BIBSYS, CERES og delar av Uninett AS.

Tabell 4.11 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning. Inntekter etter inntektskjelde

(i 1 000 kr)				
Inntektstype	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Budsjett for 2020
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	–	133 649	138 760	123 209
Løyvingar frå andre departement	–	0	0	0
Tildelingar frå andre statlege forvaltningsorgan	–	-6 082	1 472	0
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	–	963	5 417	2 116
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	–	<i>128 530</i>	<i>145 649</i>	<i>125 325</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	–	0	0	0
Bidrag frå private	–	0	0	0
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	–	3 876	-2 506	0
<i>Sum bidrag</i>	–	<i>3 876</i>	<i>-2 506</i>	<i>0</i>
Oppdragsinntekter o.a.				
Oppdrag frå statlege verksemder	–	0	0	0
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	–	0	0	0
Oppdrag frå private	–	0	0	0
Andre inntekter og tidsavgrensingar	–	406 397	603 745	534 075
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	–	<i>406 397</i>	<i>603 745</i>	<i>534 075</i>
<i>Sum inntekter</i>	–	<i>538 803</i>	<i>746 888</i>	<i>659 400</i>

Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning blei oppretta 1. januar 2018 gjennom samanslåing av BIBSYS, CERES og delar av Uninett AS.

Tabell 4.12 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning i perioden 2017–19

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 01.01.2018	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Endring frå 2018 til 2019
Kontantar og kontantekvivalentar				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	0	47 910	61 431	13 521
Behaldningar på andre bankkontoar	0	0	0	0
Andre kontantbeholdningar	0	0	0	0
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>0</i>	<i>47 910</i>	<i>61 431</i>	<i>13 521</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	10 029	12 909	14 790	1 881
Skattetrekk og offentlege avgifter	1 979	11 980	12 815	835
Gjeld til leverandørar	-1 471	28 912	41 519	12 607
Gjeld til oppdragsgivarar	0	-5 269	-3 111	2 158
Gjeld knytt til tilskotsforvaltning m.m.	0	0	2 007	2 007
Anna gjeld / fordringar som forfell i neste budsjettår	-21 394	-450	15 918	16 368
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>-10 857</i>	<i>48 082</i>	<i>83 938</i>	<i>35 856</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	0	0	0	0
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	0	0	0	0
Andre avsetningar til vedtekne ikkje starta formål	0	0	0	0
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	0	0	0	0
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

Tabell 4.12 Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar ved Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning i perioden 2017–19

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 01.01.2018	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Endring frå 2018 til 2019
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje spesifiserte formål	11 418	5	-13 744	-13 749
Fri verksemdskapital	0	-177	-5 769	-5 592
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>11 418</i>	<i>-172</i>	<i>-19 513</i>	<i>-19 341</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar	-561	0	0	0
Anna langsiktig gjeld	0	0	-2 994	-2 994
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>-561</i>	<i>0</i>	<i>-2 994</i>	<i>-2 994</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>0</i>	<i>47 910</i>	<i>61 431</i>	<i>13 521</i>

Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning blei oppretta 1. januar 2018 gjennom samanslåing av BIBSYS, CERES og delar av Uninett AS.

Årsaka til at posten langsiktig gjeld er negativ, er av teknisk art. Det kjem av at anleggsmidlane til Unit i 2017 og 2019 er verdsette høgare enn dei tilsvarande gjeldspostane.

Tabell 4.13 Universitet og høyskular. Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
Utgifter	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Budsjett 2020
Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	27 203 915	28 616 635	30 670 834	32 016 738
Varer og tenester	13 949 184	13 876 885	14 839 664	15 286 322
<i>Sum driftsutgifter</i>	<i>41 153 099</i>	<i>42 493 520</i>	<i>45 510 498</i>	<i>47 303 059</i>
Investeringsutgifter				
Investeringar, større utstyrskjøp og vedlikehald	2 395 616	2 890 685	2 893 784	2 355 392
<i>Sum utgifter til større utstyrskjøp og vedlikehald</i>	<i>2 395 616</i>	<i>2 890 685</i>	<i>2 893 784</i>	<i>2 355 392</i>
Overføringer frå verksemda				
Utbetalningar til andre statlege rekneskapar	294 961	318 950	328 713	370 000
Andre utbetalningar	288 191	265 541	316 610	260 000
<i>Sum overføringer frå verksemda</i>	<i>583 153</i>	<i>584 491</i>	<i>645 323</i>	<i>630 000</i>
Finansielle aktivitetar				
Kjøp av aksjar og partar	10 257	46 464	3 038	0
Andre finansielle utgifter	1 877	1 687	3 055	2 194
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>12 133</i>	<i>48 151</i>	<i>6 093</i>	<i>2 194</i>
<i>Sum utgifter</i>	<i>44 144 001</i>	<i>46 016 848</i>	<i>49 055 697</i>	<i>50 290 645</i>

Tabell 4.13 Universitet og høyskular. Utgifter og inntekter etter art

	(i 1 000 kr)			
Inntekter	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Budsjett 2020
Driftsinntekter				
Inntekter frå sal av varer og tenester	2 724 545	2 654 053	3 270 180	2 553 696
Inntekter frå avgifter, gebyr og lisensar	15 188	16 014	15 865	16 000
Refusjonar	206 337	231 288	228 417	225 000
Andre driftsinntekter	2 735 466	2 203 671	1 948 996	1 861 498
<i>Sum driftsinntekter</i>	<i>5 681 535</i>	<i>5 105 026</i>	<i>5 463 459</i>	<i>4 656 194</i>
Inntekter frå investeringar				
Sal av varige driftsmidlar	33 324	67 080	206 046	90
<i>Sum investeringsinntekter</i>	<i>33 324</i>	<i>67 080</i>	<i>206 046</i>	<i>90</i>
Overføringer til verksemda				
Inntekter frå statlege løyvingar til drift	40 011 321	41 348 032	42 971 473	44 453 067
Innbetalningar frå fagdepartement til tilskot til andre	0	0	0	0
Innbetalningar frå andre departement til tilskot til andre	0	0	0	0
Andre innbetalningar	5	4	0	0
<i>Sum overføringer til verksemda</i>	<i>40 011 326</i>	<i>41 348 036</i>	<i>42 971 473</i>	<i>44 453 067</i>
Finansielle aktivitetar				
Innbetaling ved sal av aksjar og partar	8 948	5 644	1 880	0
Andre finansielle innbetalningar (t.d. innbetaling av rente)	11 698	1 779	4 823	2 036
<i>Sum finansielle aktivitetar</i>	<i>20 646</i>	<i>7 424</i>	<i>6 704</i>	<i>2 036</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>45 746 831</i>	<i>46 527 566</i>	<i>48 647 682</i>	<i>49 111 387</i>
<i>Netto endring i kontantbeholdning</i>	<i>1 602 830</i>	<i>510 719</i>	<i>-408 015</i>	<i>-1 179 258</i>

Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) var i 2017 inkludert i tabellverket for universitet og høyskular. 1. januar 2018 blei SIU slått saman med Noregsuniversitetet og Program for kunstnarleg utviklingsarbeid til Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku), som er presentert i egne tabellar. Samanlikningstala for 2017 for universitet og høyskular er ikkje justerte for dette.

Kommentar til tabellen: Driftsutgiftene har auka med om lag 7,1 pst. frå 2018 til 2019 og utgjer om lag 92,8 pst. av dei samla utgiftene i 2019, mot 92,3 pst. i 2018. Dei samla utgiftene har auka med 6,6 pst. frå 2018 til 2019. Overføringane til verksemdene har auka med 4,1 pst. frå 2018 til 2019, medan dei auka med 3,3 pst. frå 2017 til 2018. Det meste av overføringane er statlege løyvingar til verksemdene. Dei totale overføringane utgjer 88,5 pst. av dei samla inntektene. Det er noko lågare enn i 2018, då delen var 88,9 pst.

Tabell 4.14 Universitet og høyskular. Inntekter etter inntektskjelde

Inntektstype	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Budsjett 2020
Løyvingar til finansiering av statsoppdraget				
Løyvingar frå fagdepartementet	33 687 924	34 694 046	35 798 722	36 973 165
Løyvingar frå andre departement	343 019	284 189	150 885	129 328
Tildelingar frå andre statlege forvaltningsorgan	1 555 651	1 595 338	1 923 837	1 781 150
Tildelingar frå Noregs forskingsråd	3 333 723	3 470 626	3 296 325	3 824 089
<i>Sum løyvingar til statsoppdraget</i>	<i>38 920 317</i>	<i>40 044 199</i>	<i>41 169 768</i>	<i>42 707 732</i>
Offentlege og private bidrag				
Bidrag frå kommunar og fylkeskommunar	201 837	229 651	203 756	191 623
Bidrag frå private	640 992	682 112	712 117	726 412
Tildelingar frå internasjonale organisasjonar	562 518	699 297	843 598	726 432
<i>Sum bidrag</i>	<i>1 405 347</i>	<i>1 611 060</i>	<i>1 759 470</i>	<i>1 644 467</i>
Oppdragsinntekter o.a.				
Oppdrag frå statlege verksemder	579 587	539 916	638 667	370 212
Oppdrag frå kommunale og fylkeskommunale verksemder	104 247	128 899	143 632	101 154
Oppdrag frå private	450 776	413 851	456 619	299 368
Andre inntekter og tidsavgrensingar	4 286 556	3 789 640	4 479 526	3 988 454
<i>Sum oppdragsinntekter og tilsvarande</i>	<i>5 421 166</i>	<i>4 872 307</i>	<i>5 718 443</i>	<i>4 759 188</i>
<i>Sum inntekter</i>	<i>45 746 831</i>	<i>46 527 566</i>	<i>48 647 682</i>	<i>49 111 387</i>

Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) var i 2017 inkludert i tabellverket for universitet og høyskular. 1. januar 2018 blei SIU slått saman med Noregsuniversitetet og Program for kunstnarleg utviklingsarbeid til Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku), som er presentert i egne tabellar. Samanlikningstala for 2017 for universitet og høyskular er ikkje justerte for dette.

Kommentar til tabellen: Dei samla inntektene har auka med 4,6 pst. frå 2018 til 2019. Dette er høgare enn frå 2017 til 2018, då auken var på 1,7 pst. Løyvinga til statsoppdraget utgjer 84,6 pst. av inntektene i 2019. Dette er noko lågare enn i 2018, då delen var 86,1 pst. Løyvinga til statsoppdraget dekkjer 83,9 pst. av dei samla utgiftene i 2019, mot 87,0 pst. i 2018.

Tabell 4.15 Universitet og høyskular. Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høyskulesektoren i perioden 2017–19 (nettobalanse)

	(i 1 000 kr)			
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Endring frå 2018 til 2019
Kontantar og kontantekvivalentar				
Behaldningar på oppgjerskonto i Noregs Bank	12 442 505	12 954 402	12 445 593	-508 809
Behaldningar på andre bankkontoar	672 906	671 633	772 558	100 924
Andre kontantbeholdningar	580	674	543	-131
<i>Sum kontantar og kontantekvivalentar</i>	<i>13 115 991</i>	<i>13 626 710</i>	<i>13 218 694</i>	<i>-408 016</i>
Avsetningar til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår				
Feriepengar m.m.	2 277 014	2 386 735	2 532 083	145 348
Skattetrekk og offentlege avgifter	1 846 258	2 055 212	2 143 081	87 869
Gjeld til leverandørar	1 975 723	2 011 124	2 207 314	196 190
Gjeld til oppdragsgivarar	-630 286	-571 792	-456 008	115 784
Anna gjeld som forfell i neste budsjettår	572 781	957 221	794 675	-162 545
<i>Sum til dekning av påkomne kostnader som forfell i neste budsjettår</i>	<i>6 041 489</i>	<i>6 838 500</i>	<i>7 221 145</i>	<i>382 645</i>
Avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår				
Prosjekt finansierte av Noregs forskingsråd	266 676	393 173	111 588	-281 585
Større starta, fleirårige investeringsprosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	-497 600	621 199	474 854	-146 345
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av grunnløyvinga frå fagdepartementet	2 577 320	1 577 596	1 016 681	-560 916
Andre avsetningar til vedtekne, ikkje starta formål	1 220 450	890 275	436 979	-453 296
Konkrete starta, ikkje fullførte prosjekt finansierte av løyvingar frå andre departement	85 514	73 995	75 685	1 690
<i>Sum avsetningar til planlagde tiltak i framtidige budsjettår</i>	<i>3 652 360</i>	<i>3 556 238</i>	<i>2 115 786</i>	<i>-1 440 452</i>

Tabell 4.15 Universitet og høgsular. Samanhengen mellom kontantbeholdning, påkomne kostnader og avsetningar i universitets- og høgsulesektoren i perioden 2017–19 (nettobalanse)

(i 1 000 kr)				
Balansedag 31. desember	Rekneskap 31.12.2017	Rekneskap 31.12.2018	Rekneskap 31.12.2019	Endring frå 2018 til 2019
Andre avsetningar				
Avsetningar til andre formål / ikkje-spesifiserte formål	2 717 764	2 688 704	3 267 093	578 389
Fri verksemdskapital	616 184	630 737	691 842	61 105
<i>Sum andre avsetningar</i>	<i>3 333 948</i>	<i>3 319 441</i>	<i>3 958 934</i>	<i>639 493</i>
Langsiktig gjeld (netto)				
Langsiktige forpliktingar knytte til anleggsmidlar	0	0	1	1
Anna langsiktig gjeld	88 193	-87 470	-77 173	10 297
<i>Sum langsiktig gjeld</i>	<i>88 193</i>	<i>-87 470</i>	<i>-77 172</i>	<i>10 298</i>
<i>Sum netto gjeld og forpliktingar</i>	<i>13 115 991</i>	<i>13 626 710</i>	<i>13 218 694</i>	<i>-408 016</i>

Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) var i 2017 inkludert i tabellverket for universitet og høgsular. 1. januar 2018 blei SIU slått saman med Noregsuniversitetet og Program for kunstnarleg utviklingsarbeid til Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku), som er presentert i eigne tabellar. Samanlikningstala for 2017 er justerte for dette. Årsaka til at posten langsiktig gjeld er negativ, er av teknisk art. Det kjem av at anleggsmidlane til universitet og høgsular i 2018 og 2019 er verdsette høgare enn dei tilsvarande gjeldspostane.

Kommentar til tabellen: Kontantbeholdninga har gått ned med 3,0 pst. frå 2018 til 2019, mot ein auke på 3,9 pst. frå 2017 til 2018. Avsetningane som skal dekke påkomne kostnader til forfall neste budsjettår, har auka med 5,6 pst. Tilsvarande var det ein auke på 13,2 pst. frå 2017 til 2018. Avsetningane til planlagde tiltak i komande budsjettår har gått ned med 40,5 pst. frå 2018 til 2019.

Tabell 4.16 Universitet og høyskular. Balanse per 31. desember 2019

	(i 1 000 kr)		
	Rekneskap 31.12.17	Rekneskap 31.12.18	Rekneskap 31.12.19
Eigedelar			
A. Anleggsmidler			
I Immaterielle eigedelar	36 300	44 152	56 357
II Varige driftsmidler	34 586 824	34 693 478	37 161 492
III Finansielle anleggsmidler	267 427	399 849	384 768
<i>Sum anleggsmidler</i>	<i>34 890 551</i>	<i>35 137 480</i>	<i>37 602 618</i>
B. Omløpsmidlar			
I Behaldningar av varer og driftsmateriell	33 729	36 206	31 034
II Fordringar	1 965 972	1 781 421	2 074 682
III Bankinnskot, kontantar og liknande	13 431 980	13 626 710	13 218 694
<i>Sum omløpsmidlar</i>	<i>15 431 681</i>	<i>15 444 337</i>	<i>15 324 410</i>
<i>Sum eigedelar</i>	<i>50 322 232</i>	<i>50 581 817</i>	<i>52 927 028</i>
Statens kapital og gjeld			
C. Statens kapital			
I Verksemdskapital	883 610	943 116	999 436
II Avrekningar	3 814 097	3 391 261	2 480 331
III Utsett inntektsføring av løyving (nettobudsjetterte)	34 880 682	34 951 564	37 511 935
<i>Sum statens kapital</i>	<i>39 578 390</i>	<i>39 285 941</i>	<i>40 991 701</i>
D. Gjeld			
I Avsetning for langsiktige forpliktingar	38 193	0	0
II Anna langsiktig gjeld	50 000	0	0
III Kortsiktig gjeld	10 655 649	11 295 876	11 935 327
<i>Sum gjeld</i>	<i>10 743 842</i>	<i>11 295 876</i>	<i>11 935 327</i>
<i>Sum statens kapital og gjeld</i>	<i>50 322 232</i>	<i>50 581 817</i>	<i>52 927 028</i>


Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) var i 2017 inkludert i tabellverket for universitet og høyskular. 1. januar 2018 blei SIU slått saman med Noregsuniversitetet og Program for kunstnarleg utviklingsarbeid til Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku), som er presentert i egne tabellar. Samanlikningstala for 2017 for universitet og høyskular er ikkje justerte for dette.

Kommentar til tabellen: Balanseverdiane har auka med 4,6 pst. frå 2018 til 2019. Verdien av anleggsmidlane har auka med 7,0 pst. i høve til 2018, medan omløpsmidlane har gått ned med 0,8 pst. frå 2018 til 2019. Den kortsiktige gjelda har auka med 5,7 pst. frå 2018 til 2019. Avrekningane har gått ned med 26,9 pst. frå 2018 til 2019.

Tabell 4.17 Universitet og høgsular. Avsetningar 2017–19

	(i 1 000 kr)			
	Rekneskap 31.12.17	Rekneskap 31.12.18	Rekneskap 31.12.19	Del av løyving i 2019 i pst.
Nord universitet	254 956	259 427	164 300	11,7
Noregs miljø- og biovitskaplege universitet	161 335	145 168	135 399	10,1
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet	662 126	331 432	234 766	3,4
OsloMet – storbyuniversitetet	165 218	133 283	132 237	5,3
Universitetet i Agder	468 776	389 093	144 904	9,7
Universitetet i Bergen	209 220	262 555	313 581	8,6
Universitetet i Oslo	213 741	206 388	108 432	1,9
Universitetet i Stavanger	150 098	123 283	138 240	8,4
Universitetet i Sørøst-Noreg	202 227	220 285	154 147	8,1
Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet	461 883	457 054	121 501	3,6
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	21 826	18 111	4 418	2,4
Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk	40 126	49 079	46 210	18,8
Kunsthøgskolen i Oslo	21 789	14 011	18 187	5,1
Noregs handelshøgskole	42 686	81 090	112 767	23,5
Noregs idrettshøgskole	84 004	20 605	3 797	1,8
Noregs musikkhøgskole	59 407	46 918	39 961	13,8
Høgskolen i Innlandet	130 256	145 161	133 046	11,7
Høgskolen i Østfold	105 015	100 759	86 087	12,6
Høgskulen i Volda	75 131	86 610	74 122	20,0
Høgskulen på Vestlandet	258 660	282 595	295 704	14,7
Samisk høgskole	20 171	18 353	18 525	18,4
<i>Sum</i>	<i>3 808 648</i>	<i>3 391 261</i>	<i>2 480 331</i>	<i>6,9</i>

Kommentar til tabellen: Dei samla avsetningane i 2018 utgjorde 9,7 pst. av løyvinga. I 2019 var dei samla avsetningane 6,9 pst. av løyvinga.

Vedlegg 5**Underliggende verksemder o.a.**

Figur 5.1 Underliggende verksemder o.a. per 1. januar 2021

Einingar som er markerte med grå farge, er ikkje statlege forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.

Forklaringar og forkortingar:**Barnehage og grunnopplæring**

Foreldreutvala er førte opp samla i figuren, sidan dei har felles sekretariat og mottek eit felles tildelingsbrev.

- FUG: Foreldreutvalet for grunnopplæringa
- FUB: Foreldreutvalet for barnehagar
- Statped: Statleg spesialpedagogisk støttesystem
- Sørsamisk kunnskapspark
- Samiske videregående skular:
 - Samisk videregående skule og reindriftsskule i Kautokeino
 - Samisk videregående skule i Karasjok

Høgare utdanning og forskning

- FEK: Dei nasjonale forskningsetiske komiteane

- NOKUT: Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga
- Diku: Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning
- Unit: Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forskning
- NSD: NSD – Norsk senter for forskingsdata
- Simula: Simula Research Laboratory
- UNIS: Universitetsenteret på Svalbard

Kompetansepolitikk og integrering

- IMDi: Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Anna

- NUPI: Norsk utanrikspolitisk institutt
- Vea: Noregs grønne fagskule – Vea

Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: 07 Media AS – 10/2021

